



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

Innhold

| | | | | |
|---------------|--|-----|---|-----|
| Del I | Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet .. | 11 | Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea | 147 |
| 1 | Hovudinnleiing | 13 | <i>Programkategori 07.50</i> | |
| 2 | Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskaps- departementet | 20 | <i>Kompetansepolitikk og livslang læring</i> | 148 |
| 3 | Oppfølging av oppmodingsvedtak..... | 25 | Kap. 251 22. juli-senteret | 152 |
| Del II | Nærare om budsjettforslaget ... | 47 | Kap. 253 Folkehøgskular | 153 |
| 4 | Nærare om budsjettforslaget ... | 49 | Kap. 254 Studieforbund o.a. | 155 |
| | <i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i> | 49 | Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 156 |
| | Kap. 200 Kunnskapsdepartementet | 49 | Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 158 |
| | Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet | 52 | Kap. 257 Kompetanseprogrammet | 158 |
| | Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag ... | 53 | Kap. 258 Tiltak for livslang læring | 161 |
| | <i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i> | 56 | <i>Programkategori 07.60</i> | |
| | Kap. 220 Utdanningsdirektoratet | 73 | <i>Høgare utdanning og forskning</i> | 163 |
| | Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet | 77 | Kap. 260 Universitet og høgskular | 171 |
| | Kap. 221 Foreldreutvala for grunn- opplæringa og barnehagane | 77 | Kap. 270 Studentvelferd | 179 |
| | Kap. 222 Statlege skular og fjernunder- visningstenester | 78 | Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 182 |
| | Kap. 3222 Statlege skular og fjernunder- visningstenester | 79 | Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 183 |
| | Kap. 223 Diamanten skole | 79 | Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning | 184 |
| | Kap. 3223 Diamanten skole | 80 | Kap. 273 Kunnskapssektorens teneste- leverandør – Sikt | 187 |
| | Kap. 224 Tilskot til freds- og menneske- rettssenter | 80 | Kap. 274 Universitets-senteret på Svalbard . | 188 |
| | Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa | 82 | Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning | 189 |
| | Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa | 90 | Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning | 192 |
| | Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa | 91 | Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane | 193 |
| | Kap. 227 Tilskot til særskilde skular | 107 | Kap. 285 Noregs forskingsråd | 193 |
| | Kap. 228 Tilskot til private skular o.a. | 112 | Kap. 286 Regionale forskingsfond | 201 |
| | Kap. 229 22. juli-senteret | 119 | Kap. 287 Grunnløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt | 202 |
| | Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste | 120 | Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak ... | 204 |
| | Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk teneste | 122 | Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak ... | 208 |
| | <i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i> | 123 | Kap. 289 Vitskaplege prisar | 208 |
| | Kap. 231 Barnehagar | 133 | <i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i> | 210 |
| | <i>Programkategori 07.40</i> | | Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning .. | 214 |
| | <i>Høgare yrkesfagleg utdanning</i> | 139 | Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning .. | 225 |
| | Kap. 240 Fagskular | 143 | Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning | 226 |
| | Kap. 241 Felles tiltak for fagskular | 145 | Del III Omtale av særlege tema | 227 |
| | Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea | 146 | 5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet | 229 |

| | | | | | |
|-----------|--|-----|----------------------|---|-----|
| 6 | Nøkkeltal for grunnopplæringa | 235 | 13 | Finansieringssystemet for universitet og høgskular | 287 |
| 7 | Nøkkeltal for barnehagesektoren | 250 | Forslag | | 291 |
| 8 | Likestilling og arbeid mot diskriminering | 261 | Vedlegg | | |
| 9 | Oppfølging av FN's berekraftsmål | 269 | 1 | Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak | 301 |
| 10 | Fornye, forenkla og forbetre | 277 | 2 | Tildeling til universitet og høgskular | 302 |
| 11 | Samisk | 280 | 3 | Byggtabellar for universitet og høgskular | 304 |
| 12 | Konsekvensar av krigen i Ukraina | 285 | 4 | Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet .. | 306 |
| | | | 5 | Underliggende verksemder o.a. ... | 330 |

Tabelloversikt

| | | | | | |
|-------------|---|----|-------------|---|-----|
| Tabell 3.1 | Oppmodingsvedtak | 25 | Tabell 4.11 | Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle skal lykkast i opplæringa | 97 |
| Tabell 4.1 | Løyvingar på kap. 201, post 21 ... | 55 | Tabell 4.12 | Andre tiltak finansierte over løyvinga på kap. 226, post 21 | 101 |
| Tabell 4.2 | Tilskot til læremiddel 2020 og 2021 | 81 | Tabell 4.13 | Budsjettforslag for 2023, kap. 226, post 21 | 102 |
| Tabell 4.3 | Tilskot til freds- og menneskerettssenter | 84 | Tabell 4.14 | Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63 | 109 |
| Tabell 4.4 | Talet på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk | 84 | Tabell 4.15 | Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78 | 111 |
| Tabell 4.5 | Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram, gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype | 87 | Tabell 4.16 | Privatskular, tal på skular og elevar | 113 |
| Tabell 4.6 | Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75 | 90 | Tabell 4.17 | Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79 | 117 |
| Tabell 4.7 | Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2021 | 92 | Tabell 4.18 | Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2021 | 133 |
| Tabell 4.8 | Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande læringsmiljø | 92 | Tabell 4.19 | Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehage tilbodet i 2021 | 135 |
| Tabell 4.9 | Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle får utvikla potensialet sitt | 93 | Tabell 4.20 | Budsjettforslag for 2023, kap. 231, post 21 | 136 |
| Tabell 4.10 | Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om høg kompetanse | 94 | Tabell 4.21 | Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2017–21 | 152 |
| | | | Tabell 4.22 | Elevtal i folkehøgskulane 2018–21 | 153 |

| | | | | | |
|-------------|--|-----|-------------|--|-----|
| Tabell 4.23 | Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2016–21 | 155 | Tabell 6.3 | Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgaver i grunnskulen, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22 | 236 |
| Tabell 4.24 | Kompetansepluss arbeid 2013–21 | 160 | Tabell 6.4 | Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2021–22 | 237 |
| Tabell 4.25 | Kompetansepluss frivilligheit 2017–21 | 160 | Tabell 6.5 | Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn1, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22 | 237 |
| Tabell 4.26 | Prøveordning med fag opplæring i Kompetansepluss 2018–21 | 160 | Tabell 6.6 | Deltaking i skulefritidsordninga (SFO) | 249 |
| Tabell 4.27 | Indikatorar for aktiviteten ved universitet og høgsular. 2011–21 | 175 | Tabell 7.1 | Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2016–21 | 250 |
| Tabell 4.28 | Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd | 194 | Tabell 7.2 | Barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2017–21 | 251 |
| Tabell 4.29 | Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2023 .. | 202 | Tabell 7.3 | Opne barnehagar, offentlege og private, 2014–21 | 251 |
| Tabell 4.30 | Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta | 203 | Tabell 7.4 | Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2019–21 | 252 |
| Tabell 4.31 | Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2023 | 206 | Tabell 7.5 | Personalet i barnehagen, 2017–21 | 253 |
| Tabell 4.32 | Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett | 216 | Tabell 7.6 | Bemanningsstettleik og pedagogtettleik, 2018–21 | 254 |
| Tabell 4.33 | Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m. | 217 | Tabell 7.7 | Menn i barnehagane, 2016–21 .. | 255 |
| Tabell 4.34 | Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra | 218 | Tabell 7.8 | Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgsular og universitet, 2016–21 ... | 255 |
| Tabell 4.35 | Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra | 219 | Tabell 7.9 | Moderasjonsordningar i barnehagen, 2017–21 | 258 |
| Tabell 4.36 | Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen | 222 | Tabell 7.10 | Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2016–21 | 258 |
| Tabell 4.37 | Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen | 223 | Tabell 7.11 | Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2017–21 | 259 |
| Tabell 4.38 | Avskrivingsselement i Lånekassen | 224 | Tabell 7.12 | Finansiering av kommunale barnehagar, 2015–21 | 260 |
| Tabell 4.39 | Tapselement i Lånekassen | 224 | Tabell 8.1 | Prosentdelen tilsette på heiltid og deltid i verksemder i kunnskapssektoren i 2021 | 263 |
| Tabell 5.1 | Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet | 230 | Tabell 8.2 | Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet | 265 |
| Tabell 5.2 | Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2008–23 | 231 | Tabell 8.3 | Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2021 | 267 |
| Tabell 5.3 | Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane | 233 | Tabell 8.4 | Prosentdelen tilsette i verksemder i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2021 | 268 |
| Tabell 6.1 | Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22 | 235 | | | |
| Tabell 6.2 | Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22 | 236 | | | |

| | | | | | |
|------------------|--|-----|-------------|--|-----|
| Tabell 11.1 | Barn i barnehagar med samisk tilbud, fordelte etter type tilbud . | 281 | Tabell 4.5 | Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde | 312 |
| Tabell 11.2 | Barn i barnehagar med samisk tilbud, fordelte etter språk-bakgrunn | 281 | Tabell 4.6 | Samanhengen mellom kontant-beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2019–21 | 313 |
| Tabell 11.3 | Elevar med samisk språk i grunnskulen, 1.–10. trinn | 282 | Tabell 4.7 | Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art | 314 |
| Tabell 11.4 | Talet på elevar ved dei tre samiske tilboda i Hattfjelldal, Karasjok og Kautokeino | 283 | Tabell 4.8 | Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde | 316 |
| Tabell 11.5 | Kandidatar frå samisk- og urfolksstudium i 2020 og 2021 ... | 283 | Tabell 4.9 | Samanhengen mellom kontant-beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2019–21 | 317 |
| Vedlegg 2 | | | Tabell 4.10 | Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art | 318 |
| Tabell 2.1 | Tildeling per universitet og høyskule i 2023 | 302 | Tabell 4.11 | Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde | 320 |
| Vedlegg 3 | | | Tabell 4.12 | Samanhengen mellom kontant-beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2019–21 | 321 |
| Tabell 3.1 | Ordinære prosjekt under bygging i 2023, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45 .. | 304 | Tabell 4.13 | Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art | 322 |
| Tabell 3.2 | Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2023, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 34 | 304 | Tabell 4.14 | Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde ... | 324 |
| Tabell 3.3 | Ferdig prosjekterte byggeprosjekt | 305 | Tabell 4.15 | Universitet og høyskular. Samanhengen mellom kontant-beholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høyskulesektoren i perioden 2019–21 (nettobalanse) | 325 |
| Tabell 3.4 | Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32 | 305 | Tabell 4.16 | Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2021 | 326 |
| Vedlegg 4 | | | Tabell 4.17 | Universitet og høyskular. Avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og andre departement 2019–21 | 328 |
| Tabell 4.1 | Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art | 306 | Tabell 4.18 | Universitet og høyskular. Løyvingar og avsetningar berre frå Kunnskapsdepartementet i 2021. | 329 |
| Tabell 4.2 | Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde | 308 | | | |
| Tabell 4.3 | Samanhengen mellom kontant-beholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2019–21 | 309 | | | |
| Tabell 4.4 | Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art | 310 | | | |

Figuroversikt

| | | | | | |
|-----------|---|-----|------------------|---|-----|
| Figur 1.1 | Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2023 | 14 | Figur 6.10 | Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2013–14 (2013-kullet) til 2015–16 (2015-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn | 247 |
| Figur 4.1 | Fullføring i vidaregåande opplæring, antal år etter start. 2011-kullet | 70 | Figur 6.11 | Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2019–21 | 247 |
| Figur 4.2 | Sysselsetjingsstatus for fagutdanna første året etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2020 og 2021 | 71 | Figur 6.12 | Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2019–21 | 248 |
| Figur 4.3 | Utvikling i talet på fagskulestudentar, haust 2016–21 | 140 | Figur 7.1 | Talet på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–21 | 252 |
| Figur 5.1 | Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter | 232 | Figur 7.2 | Personalsamansetjing i kommunale og private barnehagar, 2021 (pst.) | 254 |
| Figur 5.2 | Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet | 232 | Figur 7.3 | Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2019–21 | 256 |
| Figur 6.1 | Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2007–08 til skuleåret 2021–22 | 238 | Figur 7.4 | Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelærarutdanninga, 2019–21 | 256 |
| Figur 6.2 | Prosentdel grunnskular fordelt etter talet på elevar | 239 | Figur 7.5 | Maksimalpris i barnehage, 2011–22 | 257 |
| Figur 6.3 | Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing | 241 | Figur 7.6 | Ulikskap mellom kommunar, korrigererte driftsutgifter per barn/elev i kommunale barnehagar, grunnskular og skulefritidsordninga, 2021 | 259 |
| Figur 6.4 | Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet i grunnskular og i vidaregåande skular, 2019–21 | 242 | Figur 7.7 | Driftsmarginar i private ordinære barnehagar, 2015–20 ... | 260 |
| Figur 6.5 | Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar, 2019–21 | 242 | | | |
| Figur 6.6 | SSBs overslag over tilbod og etterspurnad etter lærarak i framtida | 243 | | | |
| Figur 6.7 | Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt elevtal, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2021–22 | 244 | | | |
| Figur 6.8 | Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2019–21 | 245 | | | |
| Figur 6.9 | Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøvar i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2021 | 246 | | | |
| | | | Vedlegg 5 | | |
| | | | Figur 5.1 | Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2023 | 330 |



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 200–289 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3288, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 23. september 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

Kunnskap er vår viktigaste ressurs

Noreg skal vere eit leiande kunnskapssamfunn der menneske har like høve til å skape seg eit godt og meningsfylt liv. Utdanning og forskning skal spegle det samfunnet vi ønsker oss, styrke dei beste sidene og bidra til å svare på dei viktigaste utfordringane vi har framfor oss. Barnehagane og skulane har breie samfunnsmandat og tydelege verdigrunnlag. I barnehagen og skulen har barn og unge ein felles arena på tvers av sosiale og kulturelle skilnader. Kunnskap, kritisk refleksjon, kjeldekritikk, vitenskapleg metode og meningsbryting står sentralt i høgare utdanning og forskning. Kompetansepolitikken for livslang læring skal gi den einskilde og arbeidsmarknaden kompetanse til utvikling og omstilling. Utdanning, læring og forskning er viktig for demokratisk deltaking, kulturell utveksling og auka sjølvkjensle og identitet hos einskildmennesket. Eit godt utdanningstilbod er ein nøkkel til å ta heile landet i bruk, motverke sosial ulikskap og skape eit meir rettferdig samfunn. Det norske samfunnet skal vere kjenneteikna av små skilnader, høg grad av likestilling, regional utjamning, inkludering og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Mål, utfordringar og ambisjonar

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader

Dei tre hovudmåla skildrar samfunnsoppgåva til Kunnskapsdepartementet og blir utdjupa gjennom undermål og i tiltaka regjeringa går inn for under dei ulike budsjettkapitla i del II. Måla handlar om at alle får utnytta sine evner, og at samfunnet får den kompetansen som trengst for omstilling til det grønne skiftet, til utvikling av velferdssamfunnet, til utjamning av skilnader og til ivaretaking av demokratiet.

Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft

Utdanningsinstitusjonane er fellesarenaer for utvikling av kvar einskild i tråd med felles verdiar og demokratiske prinsipp. Deltaking i barnehage, skule, læreverksemdar, høgare utdanning og forskning legg grunnlag for sjølvstende, sosial utjamning, demokratisk forståing og deltaking i arbeids- og samfunnslivet. For å styrke velferdssamfunnet må vi ta i bruk kunnskapen, kreativiteten og skaparkrafta i befolkninga. Menneske som får utnytta evnene og ferdigheitene sine, får fri-dom til å realisere ønska og ambisjonane sine og kan leve eit godt liv.

Barnehagen utgjer første del av utdanninga og er avgjerande for sosial utjamning, inkludering og læring. Regjeringa vil at barnehagen skal bli ein fellesbarnehage på linje med fellesskulen, og at alle barn skal ha moglegheit til å ta del i det fellesskapet barnehagen gir. Barn som får støtte til å utvikle vennskap, har tryggleik og sosial kompetanse med seg resten av livet. Barn som blir oppmuntra til nysgjerrigheit, til å bruke språket og til stadig å lære og forstå noko nytt, har eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Gjennom lek og læring med andre barn utviklar barn verdiar som respekt og toleranse for ulike menneske. Kompetansen til dei tilsette er sentral for å sikre eit godt barnehagetilbod. Regjeringa vil styrke kompetansetiltak for tilsette i barnehagane og gi dei tillit til å bruke tid og fagkunnskap saman med barna. Regjeringa vil også gi kommunane betre demokratisk kontroll og styring over barnehagane og setje ein stoppar for utviklinga der kommersielle aktørar eig stadig fleire barnehagar. Fellesskapsmidlane våre skal gå til det beste for barna, ikkje til kommersialisering av velferda.


Fellesskulen er ein del av grunnmuren i den norske velferdsstaten og legg til rette for at alle barn skal få like moglegheiter uavhengig av sosial bakgrunn og kvar i landet dei bur. Det at alle møtest i dei same klasseromma og går gjennom den same opplæringa, har ein eigenverdi og er med på å bygge eit samfunn med høg tillit og små skilnader. Dei siste tiåra har elevgrunnlaget i norsk skule

endra seg med fleire minoritetsspråklege elevar og auka sosiale skilnader. Auka mangfald stiller krav til evna skulen har til å stimulere til gode relasjonar i inkluderande fellesskap. Regjeringa vil styrke den offentlege fellesskulen og har følgd opp Hurdalsplattforma med ei ny privatskulelov som avgrensar høvet til å få godkjent private skular. Regjeringa vil òg gi lokale folkevalde sterkare innverknad over godkjenning av private skular.

Skulen har både eit dannelsingsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. På skulen skal elevane utvikle kunnskap og ferdigheiter dei treng for å kunne leve eit godt liv, få utdanning og delta i arbeidsliv og samfunnsliv. Skulen skal òg bidra til å utvikle heile menneske som tenker kritisk og forstår seg sjølv, andre og samfunnet rundt. Kvar einskild skal få utvikle evnene sine, dei skal oppleve vennskap og fellesskap og moglegheit til medverknad, og dei skal lære å takle usemje. Grunnopplæringa skal bidra til at elevane utviklar verdiar og haldningar for resten av livet. Dei skal få arbeide praktisk og vere kreative, aktive og undrande. Regjeringa vil legge fram ei melding som ser på korleis vi kan bidra til å styrke motivasjon, meistring, læring og utvikling til elevane på 5.–10. trinn. Skulekvardagen skal bli meir variert, praktisk og utforskande.

Alle delar av samfunnet dreg nytte av kunnskap som er skapt og formidla gjennom høgare utdanning og forskning. Høgare utdanning og forskning er viktig for omstilling og velferd, økonomisk vekst og sosial utvikling for samfunnet og den einskilde. Kvaliteten i kunnskapssektoren og ei langsiktig satsing i breidda av ulike fag- og temaområde er avgjerande for å nå dei samla måla til regjeringa på tvers av alle departement og politikkområde. Tilbodet av høgare utdanning har vakse jamt over lang tid, og norske utdanningsinstitusjonar uteksamnerer stadig fleire kandidatar. I dag har meir enn 55 pst. av unge i alderen 25–34 år fullført ein grad ved ein høgare utdanningsinstitusjon. Denne prosentdelen har auka med 20 prosenteningar i løpet av 2000-talet. Kunnskapen som studentane tileignar seg gjennom utdanninga, skal bidra til at dei blir attraktive på arbeidsmarknaden, og at dei med rett kompetanse kan ta del i omstilling og utvikling av samfunnet. Høgare utdanning og deltaking i internasjonalt utdanningssamarbeid, til dømes gjennom EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, fremjar demokratiforståing blant unge menneske.

Regjeringa legg fram langsiktige mål og prioriteringar for politikken for forskning og høgare utdanning i den nye langtidsplanen for forskning og



Figur 1.1 Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2023

høgare utdanning (2023–2032). Forsking og utviklingsarbeid legg grunnlaget for å kunne løyse mange av samfunnsutfordringane Noreg og verda elles står overfor. Regjeringa legg til rette for at både næringslivet og offentleg sektor skal delta i forskning og innovasjon, og for å ta i bruk ny kunnskap og teknologi. Gjennom internasjonalt samarbeid får vi utvikla kunnskap og beredskap som vi treng for å fremje grøn og digital omstilling og skape eit berekraftig samfunn. Samarbeid med leiande internasjonale kunnskapsmiljø bidreg til å auke kvaliteten i norske fagmiljø, og studentmobilitet gir unge menneske viktig og relevant kompetanse for å løyse utfordringane verda står overfor. Internasjonalt kunnskapssamarbeid med strategisk viktige kunnskapsnasjonar utanfor EU/EØS-området er vareteke gjennom Panorama-strategien (2021–2027).

Open tilgang til forskingsresultat og data kan ha stor verdi for innovasjonsevna og verdiskapinga i landet. Det er ein sjølvstendig demokratisk verdi at kunnskapen blir gjord tilgjengeleg. Regjeringa arbeider for at offentleg finansiert forskning er tilgjengeleg for alle.

Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse

Noreg har høg sysselsetjing og ein produktiv og kompetent arbeidsstyrke. Arbeidsløysa er på det lågaste nivået sidan før finanskrisa i 2008, og delen sysselsette har auka markant. Frå andre kvartal i 2021 til andre kvartal i 2022 har det blitt nær 200 000 fleire jobbar, og auken var høgast for unge under 25 år. Tilgangen på ledige stillingar er rekordstor. Mange verksemder, i alle delar av landet, slit med å få tak i nok og riktig kompetanse, ifølge bedriftsundersøkinga til Nav for 2022. Yrka med størst mangel er sjukepleiar, tømrrar og IT-utviklar. I tillegg er det stor mangel på legar og fagarbeidarar med utdanning frå vidaregåande opplæring eller fagskule i bygg-, industri- og restaurantfag. Det er flest ledige stillingar i hovudstadsregionen, men verksemdene i Nord-Noreg og Møre og Romsdal har størst rekrutteringsutfordringar når ein tek omsyn til folketalet.

Helse- og omsorgssektoren manglar flest folk og står for ein femdel av det udekte kompetansebehovet. Mangelen på kvalifisert arbeidskraft er venta å bli ei større utfordring etter kvart som talet på innbyggjarar over 80 år aukar, særleg i distrikta. I Nord-Noreg jobbar allereie kvar fjerde arbeidstakar i helse- og omsorgssektoren, samstundes som levedyktige industrinæringar slit med å få tak i nok folk.

Utdanningssektoren skal tilføre arbeidsmarknaden kompetanse som gir brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Delen av befolkninga som er i arbeidsliv, blir redusert etter kvart som befolkninga blir eldre og ungdomskulla blir mindre. I åra framover kan mangel på nok og rett kompetanse bli ein flaskehals. Regjeringa ønsker betre planlegging og hardare prioritering i retning av dei utdanningar som er etterspurde frå studentane og arbeidslivet. Våren 2023 vil regjeringa legge fram ei stortingsmelding om kompetansebehova i arbeidslivet på kort og lang sikt. Meldinga skal gi eit grunnlag for tiltak for å dekke kompetansebehova framover og for at innbyggjarane skal få tilgang til utdanning i heile landet.

Det er positivt at ein stadig større del av ungdomskulla fullfører vidaregåande opplæring, og at det aldri har vore færre unge utan eller utanfor vidaregåande opplæring. Regjeringa vil at endå fleire skal fullføre og få ei reell kvalifisering for arbeid, læreplass eller vidare utdanning. Regjeringa vil at dimensjonering, innhald og moglegheter til å velje i vidaregåande opplæring i større grad skal spegle kompetansebehovet som finst i samfunnet. Utdanningane skal førebu dei unge til vidare utdanning og gi grunnlag for trygge karrierar i eit velorganisert arbeidsliv.

Fagskulane spelar ei viktig rolle i arbeidet med livslang læring og utbygging av utdanning i heile landet. Dei er viktige for å tette kompetansesgap i arbeidslivet gjennom kortare og arbeidslivsretta utdanningstilbod. Nærleiken mellom fagskular og arbeidsmarknaden gjer at dei raskt evnar å tilpasse utdanningstilbod til nye kompetansebehov. Arbeidslivet etterspør fleire fagskuleutdanna, særleg i privat sektor og innanfor tekniske fag. Regjeringa ønsker at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og at nye studieplassar skal fordelast på grunnlag av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov.

Det grøne skiftet endrar kompetansebehova i samfunnet. Meir enn halvparten av NHO-verksemdene melder at kompetansebehova deira blir påverka av klima- og miljøomsyn. Både høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning må bli lettare tilgjengelege for folk som allereie er i arbeid, og som treng å fornye ferdigheitene sine. Dette er nødvendig for å kunne gjere produksjonsendringane som vegen mot eit lågutslepps-samfunn krev. Korte og moduliserde utdanningar og desentraliserte studietilbod tilpassa folk i arbeid er viktige bidrag for å bygge rett kompetanse i alle delar av landet. Vi må bruke dei folka vi har betre og få fleire til å skaffe seg meir kom-

petanse. Då må vi ha tilbod der folk bur, som er tilpassa ein kvardag med jobb og barn.

Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader

Barnehagar, skular og SFO er viktige arenaer for å jamne ut sosiale skilnader. Gode og trygge barnehagar bidreg til å gi barn ein god oppvekst og utvikling gjennom lek og læring. Alle barn, uavhengig av føresetnader og kvar dei bur, skal ha tilgang til eit barnehagetilbod av høg og likeverdig kvalitet. Dei aller fleste barn går i barnehage, men for 1–2-åringar er prosentdelen mykje lågare for minoritetsspråklege barn. Økonomi skal ikkje vere til hinder for deltaking i barnehage. Regjeringa har redusert maksimalprisen for foreldrebetalinga i barnehagen og vil gå gjennom dei ulike moderasjonsordningane med mål om at barn frå alle sosiale lag skal ha lik moglegheit til å delta.

Forskning har gjennom fleire år vist at det er stor variasjon i kvaliteten på barnehagetilbodet, både mellom barnehagane og innanfor kvar barnehage. Det er òg stor regional skilnad i tilgangen på kvalifiserte barnehagelærarar. Samansetjinga av bemanninga varierer mellom private og kommunale barnehagar, med flest utan relevant utdanning i dei private. Regjeringa vil før jul 2022 legge fram ein strategi for kvalitet i barnehagesektoren for perioden fram mot 2030.

Det er viktig for fellesskapet at barn og unge med ulik bakgrunn lærer saman i skulen. Fellesskulen skal romme mangfaldet av elevar. Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal bli fanga opp tidlegare, slik at dei kan få den hjelpa og støtta dei har rett til. Skulen skal medverka til å utjamne sosiale skilnader slik at familieøkonomi og anna ikkje skal hindre elevar i å få ei god opplæring. Med fagfornyninga har mange av faga i skulen fått ei meir praktisk og utforskande tilnærming, og elevane skal få tilpassa opplæring, uavhengig av kva nivå dei er på. Også elevar med stort læringspotensial må få møte forventningar og utfordringar i skulen som svarar til det faglege nivået dei er på.

Barn av foreldre som har låg utdanning, låg inntekt eller sjukdom, eller som har innvandra til Noreg, har lågare sjanse til å gjennomføre og prestere godt i utdanningsløpet enn andre barn. Nokre bustadområde i storbyane har ei opphopping av levekårsutfordringar som blir spegla i skuleresultata til barna. Det er særskilt sterk samanheng mellom resultat i grunnskulen og fullføring av vidaregåande opplæring. Regjeringa vil setje ned ei ekspertgruppe som skal utarbeide eit kunnskapsgrunnlag og kome med tilrådingar om kor-

leis barnehagar, skular og SFO kan vere med på å jamne ut sosiale skilnader.

Mange barn og unge har kjent på einsemd og dårlegare psykisk helse under pandemien. Samstundes blei tilbodet til minoritetsspråklege barn og barn med særskilde behov redusert på grunn av bemanningsutfordringar i barnehagar og skular. Det er enno for tidleg å konkludere om korleis desse erfaringane vil påverke barn og unge på lengre sikt. Regjeringa sette inn målretta tiltak i 2022 for å hjelpe barn som var særleg hardt ramma av smitteverntiltaka. Koronakommisjonen avdekte at mange studentar slit med psykiske plager, og at tilgangen til psykososiale tenester er for dårleg. Det er godt dokumentert at mangel på samordning av offentlege tenester og tverrfagleg samarbeid kan føre til at barn og unge ikkje får hjelpa dei treng, når dei treng ho. Det er også stor skilnad i tilbodet mellom kommunane. Nye samarbeids- og samordningsreglar i velferdslovgivinga, som gjeld frå august 2022, skal styrke oppfølginga av sårbare barn og unge og familien deira.

Delen av befolkninga med høgare utdanning har auka i alle delar av landet, men det er monaleg fleire med høg utdanning i dei mest sentrale delane av landet. Samstundes har delen av befolkninga som ikkje har gjennomført utdanning utover grunnskule, halde seg stabil. I arbeidsmarknaden veks delen med høg utdanning, medan ein større del av dei med grunnskule som høgste utdanning står utanfor. Det blir stadig vanskelegare for dei utan vidaregåande opplæring å kome seg inn på arbeidsmarknaden. Det er viktig at både unge og vaksne fullfører vidaregåande opplæring og oppnår reell kvalifisering til læreplass, arbeid og vidare utdanning. Deltaking i arbeids- og samfunnsliv fremjar inkludering, motivasjon og meistring.

Regjeringa vil gjere utdanningstilbodet endå meir tilgjengeleg for folk i heile landet ved å løyve meir midlar til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod. Ikkje alle har moglegheit til å flytte til ein av dei faste studiestadene til fagskular, universitet og høgskular. Fleksible og desentrale tilbod spelar ei viktig rolle for kvalifisering og kompetanseheving for arbeidsledige og for dei som allereie er i arbeid. Studietilbodet kan innrettast mot det regionale arbeidslivets behov. *Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2022* viser at det er god geografisk spreining av fagskuletilbodet, som er fordelt på 160 studiestadar. Fagskulane har blitt gode på nettbasert undervisning.

Lånekassen fylte 75 år i 2022. Sidan etableringa har ho medverka til at høgare utdanning

har vore tilgjengeleg for alle samfunnslag. Lånekassen har fungert sosialt utjamnande og gitt fleire generasjonar større valfridom over eiga framtid. Utdanningsstøtta, i form av lån og stipend, er ei velferdsordning som skal sikre at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga. Om lag kvar femte nordmann har ein kunderelasjon til Lånekassen, anten dei mottek studielån eller betaler ned på studielånet, og meir enn 400 000 elevar, studentar og lærlingar mottek utdanningsstøtte kvart år. Regjeringa vil utvide utdanningsstøtteordningane slik at også kortare utdanningstilbod kan gi rett til lån, og vaksne i kort modulisert utdanning skal få tilgang til lån utan stipenddel.

Hovudprioriteringar for 2023

Barnehage og grunnskule

Regjeringa ønsker eit samfunn med mindre skilnader og betre moglegheiter for alle. Forskinga har vist at innsats retta mot barn i barnehagealder er særleg verksamt både for å utjamne skilnader her og no, men også for å førebygge større skilnader på sikt. Tidlegare innsats for å gi alle likare moglegheiter i utdanningsløpet bidrar til å redusere skilnadene i samfunnet. Regjeringa vil derfor bruke kompetansen og ressursane betre og meir målretta og rette særleg innsats mot barnehagen og dei tidlege skuleåra. Samla sett foreslår regjeringa å bruke 740 mill. kroner til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane, ein auke på 275 mill. kroner. Midlane skal mellom anna gå til fleire vidareutdanningsplassar og andre kompetansetiltak, midlar til å styrke kvaliteten i barnehagelærerutdanninga og auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område. Regjeringa foreslår òg å auke tilskotet til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetspråklege barn med 45 mill. kroner i 2023. Dette er ei viktig satsing for å gi barnehagane fleire kvalifiserte tilsette og moglegheit til raskare å nå målet om 50 pst. barnehagelærarar.

Regjeringa foreslår å redusere maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2023. Maksimalprisen hadde auka gjennom fleire år, og var i 2022 på 3 315 kroner per måned, men frå 1. august 2022 blei prisen sett ned til 3 050 kroner per måned, noko som tilsvarar nivået frå barnehageforliket. No foreslår regjeringa ein ytterlegare reduksjon. Regjeringa foreslår i tillegg å innføre gratis barnehage frå 1. august 2023 for tredje barn i familien som går i barnehage samstundes. Regjeringa foreslår også at alle 1–5 åringar i Finnmark og Nord-

Troms (tiltakssona) skal få gratis barnehage frå 1. august 2023. Frå hausten 2022 får alle elevar på 1. trinn tilbod om tolv timar gratis SFO per veke, og regjeringa vidarefører dette. Dette er ei historisk utviding av fellesskulen.

Regjeringa vil styrke den offentlege fellesskulen slik at vi får ein fellesskule som er så variert og god at alle elevar har moglegheit til å finne seg til rette. Det viktigaste for barn og unges læring, meistring og trivsel er at dei møter kvalifiserte lærarar som har tid til å sjå den enkelte eleven. Samla foreslår regjeringa å løyve 1,3 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar i skulen, noko som gir rom for å tilby vidareutdanning for om lag 6 000 lærarar hausten 2023. Regjeringa vil gjennomføre ei tillitsreform som skal gi innbyggjarane betre velferd og betre tenester gjennom å la dei tilsette få større moglegheit til å bruke profesjonen sin til å utøve oppgåvene. Kompetansen som finst i utdanningssektoren, er eit viktig grunnlag for tillitsbasert leiding og mindre detaljstyring. Regjeringa foreslår 10 mill. kroner til lokale pilotar og prosjekt i barnehagar og skular knytt til tillitsreforma.

Regjeringa vil bidra til betre leseferdigheiter slik at fleire barn og unge meistrer lange tekster og les fleire bøker. Regjeringa foreslår å styrke ordninga med tilskot til skulebibliotek til totalt 25 mill. kroner. Regjeringa foreslår at styrkinga særleg blir retta mot levekårsutsette område. Regjeringa foreslår å halde fram opptrappinga av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og foreslår ei løyving på 150 mill. kroner i 2023.

Regjeringa vil gjennomføre eit krafttak for samisk språk ved å auke løyvinga for tilskot til opplæring i samisk språk i grunnopplæringa med 17,5 mill. kroner. Berekningsreglane for tilskotsordningane for samisk språk er kompliserte og gir store skilnader i tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Satsinga er ei monaleg styrking av opplæring i samisk.

Ei styrking av den offentlege fellesskulen inneber òg at ressursinnsatsen må rettast mot den offentlege skulen. Einskilde private skular får særtilskot i tillegg til tilskot som følger av lova. Særtilskota bidreg til å komplisere finansieringssystemet for private skular, og det er ofte tilfeldig kva skular som mottek særtilskot. Regjeringa foreslår å redusere og avvikle nokre av desse særtilskota i 2023.

Vidaregåande opplæring

Norsk arbeids- og samfunnsliv treng fleire fagarbeidarar for å bygge den moderne velferdsstaten og ein industri i verdstoppen. For mange får ikkje

læreplass, og for få gjennomfører med fag- eller sveinebrev.

Tiltak for at fleire skal bli kvalifiserte til læreplass, arbeid og vidare utdanning er viktig for at fleire skal delta i arbeidslivet og for å redusere sosiale skilnader. Regjeringa foreslår derfor ein samla auke på om lag 330 mill. kroner til tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Dette inkluderer vidareføring og styrking av tilskotet til Fagbrev på jobb til 60 mill. kroner. Samla foreslår regjeringa nær 1 mrd. kroner til tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring over kap. 225, post 69. Budsjettforslaget omfattar ein reell auke på nær 80 mill. kroner for å auke tilskotet til fleire læreplassar og betre kvalifisering og formidling til læreplass.

Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov våren 2023, som mellom anna skal omfatte ein fullføringsrett og ein yrkesfagleg rekvalifiseringsrett. Budsjettforslaget legg til rette for fleire lovendingar som skal bidra til å auke fullføringa i vidaregåande opplæring. Samla foreslår regjeringa 61 mill. kroner til desse lovendingane, som er nærare omtalte under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Midlane blir lagde i rammetilskotet og gir kommunesektoren høve til å tilpasse seg dei varsla lovendingane før dei trer i kraft. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre tilskotet for at personar utan lovfesta rett til opplæring kan fullføre vidaregåande opplæring. Tilskotet legg til rette for ein fullføringsrett frå hausten 2024. Tilskotet for at fleire som har studie- og yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring kan ta eit fagbrev blir trappa opp i tråd med opplæringsløpa til målgruppa.

Regjeringa foreslår 57,3 mill. kroner til å auke bortevarstipendet med 660 kroner i månaden for elevar i vidaregåande opplæring for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg. I budsjettforslaget inngår òg 50,1 mill. kroner til å auke utstyrsstipendet, for å gi betre samsvar mellom stipendet og utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i vidaregåande opplæring.

Kompetansepolitikk og livslang læring

Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår 20 mill. kroner til 500 nye studieplassar til fagskulane i 2023. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte.

Regjeringa foreslår å styrke ordninga for slette av utdanningsgjeld i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms med 41,1 mill. kroner. Ordninga er eit viktig verkemiddel for å rekruttere personar

med kompetanse som regionen treng. Regjeringa vil styrke ordninga ved å auke maksimumsbeløpet og delen gjeld som kan slettast årleg.

Bransjeprogramma for kompetanseutvikling som blei oppretta i 2020 i møte med covid-19-pandemien, skal etter planen fasast ut i 2023. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga til Kompetanseprogrammet, der bransjeprogramma inngår, med 60 mill. kroner. Innanfor Kompetanseprogrammet foreslår regjeringa å redusere løyvinga til Kompetansepluss med 50 mill. kroner.

Høgare utdanning og forskning

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til universitet og høgskular med 543,1 mill. kroner til 42,8 mrd. kroner i 2023. Det er nominelt 1,4 mrd. kroner høgare enn i 2022 og 5,6 mrd. kroner høgare enn i 2019. Realveksten frå 2022 er 0,3 pst. og 2,2 pst. frå 2019.

Av auken er 329,2 mill. kroner opptrapping av midlar for studieplassar. Stortinget løyvde midlar til i budsjetta for 2019–22, og 207,8 mill. kroner er resultatbasert uttelling for auken på indikatorane i finansieringssystemet. Regjeringa foreslår òg midlar til 40 nye studieplassar i nukleære fag og 30 nye studieplassar i medisin.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei søknadsbaserte ordningane for studiesenter og desentralisert og fleksibel utdanning over heile landet gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse med 10 mill. kroner, til 199,6 mill. kroner.

Regjeringa foreslår 53,7 mill. kroner i 2023 for å utvikle ei ny teknisk plattform for Samordna opptak. Målet med prosjektet er å utvikle eit sikkert, påliteleg og framtidssretta system, slik at opptaket til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning kan gjennomførast også i komande år.

Gratisprinsippet i norsk høgare utdanning ligg fast, men Noreg er eitt av få land der òg alle internasjonale studentar får gratis utdanning. Regjeringa meiner at norske universitet og høgskular har så høg kvalitet i tilboda at dei kan rekruttere utanlandske studentar uavhengig av om tilbodet er gratis. Regjeringa foreslår at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Løyvinga er redusert med 74,4 mill. kroner som følge av ein forventa auke i inntektene frå studieavgifter.

Regjeringa foreslår å redusere stipenddelen i den ordinære skulepengestøtta ved utdanning utanfor Norden, til 40 pst. for alle studentar frå og med studieåret 2023–24. Tiltaket gir ei anslått inn-

sparing på 119,4 mill. kroner i 2023. Likviditeten til studentane som er i utdanning, blir ikkje endra med forslaget, men dei vil få noko høgare gjeld når dei er ferdige med utdanninga.

Regjeringa foreslår 1 450 mill. kroner til livsvit-skapsbygget og 525 mill. kroner til nytt vikingtids-museum, begge ved Universitetet i Oslo, og 259 mill. kroner til Blått bygg ved Nord universi-tet. Vidare foreslår regjeringa 73 mill. kroner til vidare prosjektering av NTNU Campussamling. Midlane blir i all hovudsak løyvde over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett.

Regjeringa foreslår at 25 mill. kroner av løy-vinga til Noregs forskingsråd skal nyttast til for-sking på kjernefysikk og kjernekjemi.

Regjeringa vil setje ramma for Retur-EU til 500 mill. kroner frå og med 2023 for å støtte opp om dei norske institutta si deltaking i EUs rammepro-gram for forskning og innovasjon, Horisont Europa.

Regjeringa foreslår tilsegner om tilskot til 1 650 nye studenthyblar i 2023 og vil samstundes heve den øvre kostnadsramma for å kunne få til-skot til å bygge studentbustadar til 1 450 000 kro-ner per hybeleining. Tilskotsatsane blir justerte med forventa prisvekst.

Regjeringa foreslår 141,5 mill. kroner til ei til-skotsordning for energitiltak i studentbustadar.

Andre saker

Kompensasjon i samband med innføring av ny premie-modell for statlege verksemdar frå 2022

Statens pensjonskasse (SPK) innførte frå og med 2022 ein ny hendingsbasert og verksemdsspesi-fikk premiemodell for statlege verksemdar. Omlegginga skulle vere om lag budsjettneøytral på innføringstidspunktet, ved at verksemdene dette gjeld fekk ein reduksjon eller ein auke i løyvinga i tråd med endra premie, samanlikna med kva som ville følgt av det gamle premiesystemet. Saka er omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet, side 28 og 29.

Utrekningar viser no at verksemdene samla er noko overkompenserte ved omlegginga. Pen-sjonsgrunnlaget per 1. januar 2022 vart ved ein feil ikkje oppjustert med lønnsveksten gjennom året for gammal premiemodell. Premieanslaga etter gammal modell skulle ha vore noko høgare, som inneber at kompensasjonen skulle ha vore noko

lågare. For Kunnskapsdepartementet utgjer dette 67,5 mill. kroner. Regjeringa vil som følge av dette redusere budsjettamma til departementet med same beløp frå 2023.

Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar

Pandemien har ført til endra jobbreisevanar. Sjølv om reiseaktiviteten er høgare no enn under pan-demien, vil nivået på reiseaktiviteten truleg vere varig redusert. I Saldert budsjett 2022 blei det lagt til grunn eit gevinstuttak på om lag 7 pst. av reise-utgiftene før pandemien. I revidert budsjett for 2022 blei gevinstuttaket auka til om lag 14 pst. i andre halvår 2022. Regjeringa foreslår å auke gevinstuttaket i 2023 til om lag 20 pst. av reiseut-giftene før pandemien. Det inneber eit auka gevin-stuttak under Kunnskapsdepartementet saman-likna med Saldert budsjett 2022 på om lag 213 mill. kroner.

Områdegjennomgang av namngitte tilskotsmottakarar

Tilskotsmidlar skal normalt lysast ut og fordelast på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium, slik at fleire kan søke om til-skot og alternative tilnærmingar for oppnåing av mål og samfunnseffektar kan bli vurderte opp mot kvarandre. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring har gjennomført ein område-gjennomgang av praksis for namngiving av til-skotsmottakarar i statsbudsjettet. Tilskot der mottakaren er namngitt i budsjettproposisjonen utgjer unntak frå fråsegna i økonomiregelverket. Slike unntak kan vere hensiktsmessige i einskilde tilfelle, til dømes dersom det gjeld vik-tige formål utan alternative tilbydarar, men nam-ngiving av mottakarar kan også føre til mindre effektiv måloppnåing fordi mottakaren blir unnteken frå konkurranse og prioritering. Regje-ninga har derfor starta eit arbeid med å redusere antal namngitte tilskotsmottakarar i statsbudsjet-tet. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) Gul bok for utfyl-lande omtale. Regjeringa foreslår som del av arbeidet å avvikle tre einskildståande tilskot på Kunnskapsdepartementets budsjett, legge inn fire i eksisterande ordningar, og foreslår å redu-sere tilskotet til einskilde mottakarar.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|-------------------------------------|--|-------------------|--------------------------|-------------------|-------------------|
| Administrasjon | | | | | |
| 200 | Kunnskapsdepartementet | 424 875 | 386 334 | 397 298 | 2,8 |
| 201 | Analyse og kunnskapsgrunnlag | 232 015 | 261 361 | 280 159 | 7,2 |
| | <i>Sum kategori 07.10</i> | <i>656 890</i> | <i>647 695</i> | <i>677 457</i> | <i>4,6</i> |
| Grunnopplæringa | | | | | |
| 220 | Utdanningsdirektoratet | 653 248 | 627 253 | 669 246 | 6,7 |
| 221 | Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane | 15 187 | 16 034 | 16 141 | 0,7 |
| 222 | Statlege skular og fjernunder- visningstenester | 155 422 | 153 000 | 129 353 | -15,5 |
| 223 | Diamanten skole | | | 27 473 | 100,0 |
| 224 | Tilskot til freds- og menneskeretts- senter | 114 322 | 122 132 | 125 662 | 2,9 |
| 225 | Tiltak i grunnopplæringa | 1 631 431 | 1 918 965 | 2 384 721 | 24,3 |
| 226 | Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa | 4 186 056 | 3 484 122 | 2 825 930 | -18,9 |
| 227 | Tilskot til særskilde skular | 229 789 | 230 986 | 222 277 | -3,8 |
| 228 | Tilskot til private skular o.a. | 6 197 458 | 5 908 747 | 6 471 436 | 9,5 |
| 229 | 22. juli-senteret | | | 52 667 | 100,0 |
| 230 | Statleg spesialpedagogisk teneste | 654 692 | 654 696 | 623 053 | -4,8 |
| | <i>Sum kategori 07.20</i> | <i>13 837 605</i> | <i>13 115 935</i> | <i>13 547 959</i> | <i>3,3</i> |
| Barnehagar | | | | | |
| 231 | Barnehagar | 694 238 | 765 963 | 1 089 563 | 42,2 |
| | <i>Sum kategori 07.30</i> | <i>694 238</i> | <i>765 963</i> | <i>1 089 563</i> | <i>42,2</i> |
| Høgare yrkesfagleg utdanning | | | | | |
| 240 | Fagskular | 1 041 973 | 1 181 527 | 1 249 623 | 5,8 |
| 241 | Felles tiltak for fagskular | 36 160 | 22 754 | 23 354 | 2,6 |
| 242 | Noregs grønne fagskule – Veia | 34 400 | 32 181 | 32 757 | 1,8 |
| | <i>Sum kategori 07.40</i> | <i>1 112 533</i> | <i>1 236 462</i> | <i>1 305 734</i> | <i>5,6</i> |

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|---|--------------------|--------------------------|--------------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| | Kompetansepolitikk og livslang læring | | | | |
| 251 | 22. juli-senteret | 15 538 | 27 695 | | -100,0 |
| 253 | Folkehøgskular | 993 308 | 1 045 730 | 1 066 257 | 2,0 |
| 254 | Studieforbund o.a. | 72 430 | 74 313 | 76 236 | 2,6 |
| 256 | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 132 774 | 364 659 | 441 943 | 21,2 |
| 257 | Kompetanseprogrammet | 333 542 | 313 123 | 208 695 | -33,4 |
| 258 | Tiltak for livslang læring | 254 465 | 148 424 | 129 317 | -12,9 |
| | <i>Sum kategori 07.50</i> | <i>1 802 057</i> | <i>1 973 944</i> | <i>1 922 448</i> | <i>-2,6</i> |
| | Høgare utdanning og forskning | | | | |
| 260 | Universitet og høgskular | 40 849 415 | 41 437 895 | 42 801 762 | 3,3 |
| 270 | Studentvelferd | 309 149 | 1 065 746 | 1 094 714 | 2,7 |
| 271 | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 178 311 | 166 569 | 119 342 | -28,4 |
| 272 | Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning | 268 754 | 711 893 | 605 775 | -14,9 |
| 273 | Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt | 223 101 | 179 008 | 182 910 | 2,2 |
| 274 | Universitetsenteret på Svalbard | 40 032 | 158 265 | 158 265 | 0,0 |
| 275 | Tiltak for høgare utdanning og forskning | 514 604 | 225 363 | 263 601 | 17,0 |
| 284 | Dei nasjonale forskingsetiske komiteane | 18 361 | 19 823 | 20 119 | 1,5 |
| 285 | Noregs forskingsråd | 5 141 414 | 5 141 824 | 5 229 094 | 1,7 |
| 286 | Regionale forskingsfond | 194 982 | 159 012 | 122 087 | -23,2 |
| 287 | Grunnløyving til samfunnsvitenskaplege forskingsinstitutt | 223 756 | 228 426 | 234 990 | 2,9 |
| 288 | Internasjonale samarbeidstiltak | 3 252 420 | 4 296 520 | 5 016 256 | 16,8 |
| 289 | Vitskaplege prisar | 44 969 | 46 138 | 46 047 | -0,2 |
| | <i>Sum kategori 07.60</i> | <i>51 259 268</i> | <i>53 836 482</i> | <i>55 894 962</i> | <i>3,8</i> |
| | Utdanningsstøtte | | | | |
| 2410 | Statens lånekasse for utdanning | 50 064 897 | 50 788 954 | 54 714 987 | 7,7 |
| | <i>Sum kategori 07.80</i> | <i>50 064 897</i> | <i>50 788 954</i> | <i>54 714 987</i> | <i>7,7</i> |
| | <i>Sum programområde 07</i> | <i>119 427 488</i> | <i>122 365 435</i> | <i>129 153 110</i> | <i>5,5</i> |
| | <i>Sum utgifter</i> | <i>119 427 488</i> | <i>122 365 435</i> | <i>129 153 110</i> | <i>5,5</i> |

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

| Post- gr. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|-----------|-----------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| 01–29 | Statens egne driftsutgifter | 7 297 000 | 7 302 903 | 7 073 612 | –3,1 |
| 30–49 | Nybygg, anlegg o.a. | 202 394 | 78 647 | 85 024 | 8,1 |
| 50–89 | Overføringer til andre | 77 042 385 | 80 029 017 | 84 586 288 | 5,7 |
| 90–99 | Utlån, statsgjeld o.a. | 34 885 709 | 34 954 868 | 37 413 186 | 7,0 |
| | Sum under departementet | 119 427 488 | 122 365 435 | 129 153 110 | 5,5 |

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| | Administrasjon | | | | |
| 3200 | Kunnskapsdepartementet | 680 | | | 0,0 |
| | <i>Sum kategori 07.10</i> | <i>680</i> | | | <i>0,0</i> |
| | Grunnopplæringa | | | | |
| 3220 | Utdanningsdirektoratet | 1 846 | 2 406 | 2 478 | 3,0 |
| 3222 | Statlege skular og fjernunder- visningstenester | 23 444 | 21 040 | 20 986 | –0,3 |
| 3223 | Diamanten skole | | | 685 | 100,0 |
| 3225 | Tiltak i grunnopplæringa | 6 130 | 11 201 | 76 128 | 579,7 |
| 3230 | Statleg spesialpedagogisk teneste | 31 978 | 32 295 | 33 264 | 3,0 |
| | <i>Sum kategori 07.20</i> | <i>63 398</i> | <i>66 942</i> | <i>133 541</i> | <i>99,5</i> |
| | Høgare yrkesfagleg utdanning | | | | |
| 3242 | Noregs grønne fagskule – Vea | 8 309 | 6 449 | 6 640 | 3,0 |
| | <i>Sum kategori 07.40</i> | <i>8 309</i> | <i>6 449</i> | <i>6 640</i> | <i>3,0</i> |
| | Kompetansepolitikk og livslang læring | | | | |
| 3256 | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 3 564 | 5 220 | 29 757 | 470,1 |
| | <i>Sum kategori 07.50</i> | <i>3 564</i> | <i>5 220</i> | <i>29 757</i> | <i>470,1</i> |
| | Høgare utdanning og forskning | | | | |
| 3271 | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 5 255 | 4 646 | 4 785 | 3,0 |
| 3275 | Tiltak for høgare utdanning og forskning | | 10 | 10 | 0,0 |

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|------|--|-------------------|--------------------------|-------------------|-------------------|
| 3288 | Internasjonale samarbeidstiltak | 17 367 | 17 441 | 16 414 | -5,9 |
| | <i>Sum kategori 07.60</i> | <i>22 622</i> | <i>22 097</i> | <i>21 209</i> | <i>-4,0</i> |
| | Utdanningsstøtte | | | | |
| 5310 | Statens lånekasse for utdanning | 19 217 916 | 20 191 769 | 21 421 541 | 6,1 |
| 5617 | Renter frå Statens lånekasse for utdanning | 3 260 505 | 4 795 128 | 9 714 332 | 102,6 |
| | <i>Sum kategori 07.80</i> | <i>22 478 421</i> | <i>24 986 897</i> | <i>31 135 873</i> | <i>24,6</i> |
| | <i>Sum programområde 07</i> | <i>22 576 994</i> | <i>25 087 605</i> | <i>31 327 020</i> | <i>24,9</i> |
| | <i>Sum inntekter</i> | <i>22 576 994</i> | <i>25 087 605</i> | <i>31 327 020</i> | <i>24,9</i> |

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

| Post- gr. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|-----------|--------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| 01–29 | Sal av varer og tenester | 118 421 | 106 828 | 197 706 | 85,1 |
| 50–89 | Overføringer frå andre | 3 331 251 | 4 889 382 | 9 793 266 | 100,3 |
| 90–99 | Tilbakebetalingar o.a. | 19 127 322 | 20 091 395 | 21 336 048 | 6,2 |
| | Sum under departementet | 22 576 994 | 25 087 605 | 31 327 020 | 24,9 |

Bruk av stikkordet «kan overføres»

Under Kunnskapsdepartementet blir stikkordet «kan overføres» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49

| | | | (i 1 000 kr) | |
|------|------|---|----------------------|-----------------|
| Kap. | Post | Nemning | Overført til 2022 | Forslag 2023 |
| 220 | 70 | Tilskot til læremiddel o.a. | 4 524 | 76 819 |
| 225 | 63 | Tilskot til samisk i grunnopplæringa | 3 120 | 115 074 |
| 225 | 65 | Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg | | 331 258 |
| 226 | 21 | Særskilde driftsutgifter | 126 201 | 1 075 393 |
| 231 | 21 | Særskilde driftsutgifter | 54 163 | 788 994 |
| 240 | 61 | Utviklingsmidlar til fagskular | 6 460 | 52 038 |
| 241 | 21 | Særskilde driftsutgifter | 27 099 | 23 354 |
| 257 | 70 | Tilskot | 424 933 | 201 253 |
| 258 | 21 | Særskilde driftsutgifter | 68 372 | 129 317 |
| 270 | 75 | Tilskot til bygging av studentbustadar | 494 738 | 871 368 |
| 272 | 51 | Tiltak for internasjonalisering | 145 539 | 96 547 |
| 272 | 52 | Tiltak for høgare utdanning | 276 500 | 263 228 |
| 272 | 71 | Tilskot til tiltak for internasjonalisering | | 125 868 |
| 272 | 72 | Tilskot til tiltak for høgare utdanning | | 120 132 |
| 275 | 21 | Særskilde driftsutgifter | 23 527 | 186 077 |

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kunnskapsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2021–2022 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 141 S (2021–2022) meinte ikkje var følgde opp ferdig (50 stk.).

I kolonnen lengst til høgre i tabell 3.1 er det ført opp om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no blir avslutta, eller om det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at departementet skal legge fram ei konkret sak for Stor-

tinget, vil normalt først bli avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa blir avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan til dømes gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle blir Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

| Sesjon | Vedtak nr. | Stikkord | Følgd opp (ja/nei) |
|-----------|-------------|--|--------------------|
| 2021–2022 | 35, pkt. 44 | Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage | Nei |
| 2021–2022 | 35, pkt. 45 | Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar | Nei |
| 2021–2022 | 35, pkt. 53 | Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen | Nei |
| 2021–2022 | 374 | Styrking av praktisk læring | Nei |
| 2021–2022 | 494 | Konsekvensar av covid-19-pandemien | Ja |
| 2021–2022 | 526 | Følge opp intensjonane om berekraft i læreplanane | Ja |
| 2021–2022 | 655 | Tilbod til ukrainske barn før registrering og/eller busetjing | Ja |
| 2020–2021 | 16 | Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning | Nei |
| 2020–2021 | 30 | Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell | Ja |
| 2020–2021 | 79 | Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar | Nei |
| 2020–2021 | 182 | Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov | Nei |
| 2020–2021 | 684 | Finansiering av studieopphald i utlandet | Ja |
| 2020–2021 | 685 | Auka studiemobilitet for studentar med tilretteleggingsbehov | Ja |
| 2020–2021 | 687 | Betre godkjeningsordningar for utanlandsk utdanning | Ja |
| 2020–2021 | 832 | Skuleskip i Nord-Noreg | Ja |
| 2020–2021 | 937 | Fråfall og forseinkingar i høgare utdanning | Ja |

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

| Sesjon | Vedtak nr. | Stikkord | Følgt opp (ja/nei) |
|-----------|------------|---|-----------------------|
| 2020–2021 | 941 | Opptrappingsplan for studieplassar i medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi | Nei |
| 2020–2021 | 942 | Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen | Nei |
| 2020–2021 | 943 | Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag | Ja |
| 2020–2021 | 944 | Kunnskap om fagskuleutdanning i rådgivingstenesta | Ja |
| 2020–2021 | 945 | Rekrutteringsstipend for yrkesfaglæruddanning | Ja |
| 2020–2021 | 946 | Hospiteringsordning for yrkesfaglærarar | Ja |
| 2020–2021 | 947 | Yrkesopplæringa tilpassa arbeidslivet | Ja |
| 2020–2021 | 948 | Prøveforsøk i yrkesfag etter Steigen-modellen | Ja |
| 2020–2021 | 949 | Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande | Ja |
| 2020–2021 | 950 | Auka utstyrsstipend | Ja |
| 2020–2021 | 971 | Tilgang til skulebygg for organisasjonar | Ja |
| 2020–2021 | 1016 | Eksamensoppgåver og skriftspråk | Ja |
| 2020–2021 | 1017 | Opplæringslova, barnehagelova og FN's barnekonvensjon | Nei |
| 2020–2021 | 1018 | Fjernundervisning og opplæringslova | Nei |
| 2020–2021 | 1069 | Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring | Nei |
| 2020–2021 | 1070 | Sluttkompetanse i vidaregåande skule | Nei |
| 2020–2021 | 1071 | Overgangskurs i vidaregåande opplæring | Nei |
| 2020–2021 | 1072 | Overgangstilbod i vidaregåande opplæring | Nei |
| 2020–2021 | 1073 | Vektlegge opplæringstilbod som fører til læreplass | Ja |
| 2020–2021 | 1074 | Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring | Nei |
| 2020–2021 | 1075 | Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring | Ja |
| 2020–2021 | 1076 | Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring | Nei |
| 2020–2021 | 1078 | Opplæringskontor og lærebedrifter | Nei |
| 2020–2021 | 1080 | Produksjonsskular | Ja |
| 2020–2021 | 1104 | Heilskaplege og koordinerte tenester | Ja |
| 2019–2020 | 697 | Kompetansefunn Digital | Ja |
| 2019–2020 | 698 | Rett til kompetanseheving i arbeidslivet | Nei |
| 2019–2020 | 699 | Finansieringssystem for universitet og høgskular | Nei |
| 2019–2020 | 700 | Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning | Nei |
| 2019–2020 | 701 | Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring | Nei |
| 2018–2019 | 51 | Finansieringssystemet og ideelle barnehagar | Nei |
| 2018–2019 | 197 | Fritak frå skulefag | Nei |
| 2017–2018 | 461 | Vilkår for private barnehagar | Nei |

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

| Sesjon | Vedtak nr. | Stikkord | Følgd opp (ja/nei) |
|-----------|------------|---|--------------------|
| 2017–2018 | 802 | Finansieringssystemet for private barnehagar | Nei |
| 2017–2018 | 887 | Rangering av søkarar til høgare utdanning | Nei |
| 2016–2017 | 67 | Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskulen | Nei |
| 2016–2017 | 642 | Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular | Nei |
| 2016–2017 | 643 | Evaluering av fagskulereforma | Nei |
| 2016–2017 | 900 | Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk | Nei |
| 2016–2017 | 901 | Rett til spesialundervisning av fagpersonar | Nei |
| 2016–2017 | 903 | Spesialundervisning og lærarkompetanse | Nei |
| 2015–2016 | 796 | Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren | Nei |

Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Vedtak frå 2021–2022-sesjonen

Vedtak nr. 35, pkt. 44 (2021–2022), 2. desember 2021: Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage

Stortinget ber regjeringen i forskrift og lovforslag innføre meldeplikt til kommunen når eiendomsrett til barnehage i kommunen blir overført til andre enn staten eller den fylkeskommune der eiendommen ligger, og utrede hvordan det kan innføres en forkjøpsrett for kommuner.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket om å innføre meldeplikt til kommunen blei våren 2022 følgt opp i Prop. 82 L (2021–2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldeplikt m.m.)*. I proposisjonen blei det foreslått krav om at private barnehagar skal melde frå til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved nedlegging, eigarskifte eller andre organisatoriske endringar. Stortinget behandla forslaget 31. mai 2022, jf. Innst. 403 L (2021–2022).

Departementet vil følge opp vedtaket om å greie ut ein forkjøpsrett for kommunane i samband med den varsla gjennomgangen av regelverket for styring og finansiering av private barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 35, pkt. 45 (2021–2022), 2. desember 2021: Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar

Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å gjeninnføre kommunenes rett til å føre tilsyn med private barnehager, herunder gi kommunene innsyn i alle økonomiske disposisjoner i barnehager i kommunen som mottar tilskudd.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med den varsla gjennomgangen av regelverket for styring og finansiering av private barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 35, pkt. 53 (2021–2022), 2. desember 2021: Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen

Stortinget ber regjeringen kartlegge hva som er de største utfordringene for praktisk opplæring både i de praktiske og estetiske fagene- og andre fag i skolen, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Kartleggingen må blant annet vurdere kompetanse, fysiske fasiliteter og utstyrssituasjonen, særlig i de praktiske og estetiske fagene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om ungdomstid og 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 374 (2021–2022), 1. februar 2022: Styrking av praktisk læring

Stortinget ber regjeringen i sitt varslede arbeid med en helhetlig ungdomsskolereform vektlegge endringer som skal bidra til å øke elevenes motivasjon, læring og trivsel og styrke den praktiske læringen, og videre at regjeringen inkluderer sektoren tett i arbeidet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:18 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Mathilde Tybring-Gjedde og Turid Kristensen*, jf. Innst. 129 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om ungdomstid og 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 494 (2021–2022), 26. april 2022: Konsekvensar av covid-19-pandemien

Stortinget ber regjeringen om å ha dialog med kommuner og fylkeskommuner om tiltak for å bøte på negative konsekvensar av pandemien for elever i norsk skole. I dialogen skal anbefalingene frå Parr-rapporten vektlegges.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:131 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik, Abid Raja, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes og Margret Hagerup*, jf. Innst. 252 S (2021–2022).

Regjeringa har hatt dialog med kommunesektoren om konsekvensane av covid-19-pandemien. Pandemien har slått ulikt ut, og kommunesektoren har til liks med Parr-rapporten peika på behovet for ulike tiltak ulike stadar. Regjeringa har derfor gitt kommunane og fylkeskommunane stort

handlingsrom til å utforme og målrette tiltak etter lokale behov framfor å setje inn nasjonale tiltak. Regjeringa har òg styrkt dei frie inntektene til kommunesektoren med 4,5 mrd. kroner i 2022, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 16 S (2021–2022). I revidert budsjett for 2022 løyvde Stortinget 75 mill. kroner til tiltak for å motverke negative konsekvensar av pandemien, jf. Innst. 450 S (2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022*. Midlane er fordelte til kommunar og fylkeskommunar som har hatt strenge smitteverntiltak over tid. Regjeringa jobbar òg for å styrke kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av pandemien for barn og unge, mellom anna gjennom fleire oppdrag til Utdanningsdirektoratet.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 526 (2021–2022), 3. mai 2022: Følge opp intensjonane om berekraft i læreplanane

Stortinget ber regjeringen følge opp at intensjonene i læreplanane om bærekraft, som sirkulærøkonomi og gjenbruk innen demontering og bygg blir fulgt opp i fag- og yrkesopplæringen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:131 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Liv Kari Eskeland, Kari-Anne Jønnes og Mathilde Tybring-Gjedde*, jf. Innst. 263 S (2021–2022).

I fagfornyinga er tre tverrfaglege tema valde ut fordi dei handlar om sentrale samfunnsutfordringar. Berekraftig utvikling er det eine. Dei to andre er folkehelse og livsmeistring og demokrati og medborgarskap. Dei tverrfaglege temaa blir spegla i læreplanane og arbeidd med ut frå premissane til dei einskilde faga. Læreplanane er innførte frå skuleåret 2020–21. Hausten 2022 vil dei nye Vg3-planane bli tekne i bruk. Regjeringa legg til grunn at læreplanar og intensjonane bak dei blir følgde. Det er òg mange lærefag som har viktig kompetanse innan gjenvinning og resirkulering. I mars 2022 blei byggmontasjefaget nytt lærefag. Faget handlar om å produsere nye bygningar og konstruksjonar og demontere konstruksjonar for ombruk i nye bygg.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 526 3. mai 2022 med dette er følgt opp.

Vedtak 655 (2021–2022), 3. juni 2022: Tilbod til ukrainske barn før registrering og/eller busetjing

Stortinget ber regjeringen anmode kommunene om å tilby og legge til rette for barnehage, skole og fritidsaktiviteter for ukrainske barn i påvente av registrering og/eller bosetting. Kommunene vil bli fullt ut kompensert for disse kostnadene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 107 L (2021–2022) *Midlertidige endringer i lovverket som følge av ankomst av fordrevne fra Ukraina*, jf. Innst. 352 L (2021–2022).

Det er i dag lagt til rette for at barn og unge skal ha eit tilbod om barnehage, skule og fritidsaktivitetar fram til dei er busette i ein kommune.

Det er ei rekke ordningar som kompenserer kommunane fram til asylsøkarane er busette. Kommunar som har asylmottak eller eit omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar, får eit vertskommunetilskot. Kommunar som inngår avtale med Utlendingsdirektoratet om mellombels alternativ mottaksplass får eit månadleg tilskot som skal dekke buutgifter og ytingar til livsopphald, og dessutan barnehageplass dersom kommunen tilbyr det. Det blir i tillegg også gitt tilskot til grunnskuleopplæring til barn og unge som søker opphald i Noreg.

Barn som oppheld seg i akuttinnkvarteringar og ordinære mottak, kan få tilbod om heildagsplass i barnehage etter søknad frå mottaka. Frå 2021 blir det gitt tilskot til heildagsplass i barnehage for alle barn i asylmottak frå eitt år og oppover. Tilskotet inkluderer foreldrebetaling og kostpenar. Om barn i asylmottak får tilbod om barnehageplass i den aktuelle kommunen, er avhengig av barnehagekapasiteten i kommunen eller moglegheita for raskt å oppskalere tilbodet. Kunnskapsdepartementet har ikkje inngåande kjennskap til barnehagekapasiteten i dei aktuelle kommunane.

Retten til grunnskuleopplæring skal oppfyllest så raskt som mogleg og seinast innan tre månader etter at barnet har kome til Noreg, jf. Prop 107 L (2021–2022). Fristen gjeld uavhengig av om barnet oppheld seg på asylmottak/omsorgssenter, er i alternativ mottaksplassering eller er busett.

Ved behandlinga av Prop. 78 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiske- ridepartementet, Finansdepartementet og Forsvarsdepartementet (økonomiske tiltak som følge av kri-*

gen i Ukraina) blei det løyvd 50 mill. kroner som eit mellombels tilskot til frivillige organisasjonar i samband med fordrivne personar frå krigen i Ukraina som er komne til Noreg. Tilskotet skal gå til frivillige organisasjonar som tilbyr aktivitetar for bebuarane i asylmottak og ved busetjing i kommunane. Regjeringa har i møter med KS informert om tilskotet og oppfordra til samarbeid mellom kommunane og dei frivillige organisasjonane i arbeidet med å legge til rette og gjennomføre fritidstilbodet. Mottaka har eit kontraktsfesta ansvar for å legge til rette for at frivillige organisasjonar kan gjennomføre slike aktivitetar og fritidstilbod for bebuarane i mottaka.

Utlendingsdirektoratet forvaltar ei tilskotsordning til aktivitetar for barn og unge i mottak. Aktivitetane som får tilskot, skal vere tilpassa alderen, behova og interessene til barna og bidra til at barna får ein meir meningsfull kvardag.

Samla sett meiner departementet at det er tiltak som gjeld barnehage, skule og fritidsaktivitetar for ukrainske barn i påvente av registrering og/eller busetjing for at dei skal få eit tilfredsstillande tilbod i tråd med oppmodingsvedtaket. Departementet vil følge med på utviklinga framover.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgd opp.

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 79 (2020–2021), 12. november 2020: Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar

Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:113 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hanne Dyveke Søttar, Kari Kjønnaas Kjos, Silje Hjemdal og Roy Steffensen om nødvendige regelendringer om politiattest for ansettelsesforhold i skoler og barnehager*, jf. Innst. 64 S (2020–2021).

Opplæringslovutvalet foreslo i NOU 2019: 3 *Ny opplæringslov* å utvide kva for straffbare forhold som skal kome fram på ein politiattest i skulen. Utvalet foreslo at ein del valdslovbrot som ikkje kjem fram i dag, fridomsrøving, tvang, kjønnslemlesting, brot på teieplikt og brot på avverjings-

plikta, skal vere omfatta. Utreiinga har vore på offentleg høyring, og departementet har følgd opp forslaget frå utvalet i forslag til ei ny opplæringslov som blei send på høyring 26. august 2021. Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023. Dersom det blir gjort endringar i reglane om politiattest på skuleområdet, vil departementet vurdere å gjere tilsvarende endringar i reglane om politiattest på barnehageområdet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 182, 3. desember 2020: Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov

Stortinget ber regjeringa utrede Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov, som er utarbeidet av ASVL (Arbeidssamvirkenes landsforening), og vurdere om dette kan gjøres til en nasjonal ordning, slik det anbefales i NIFU-rapport 18: 2018.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)*, jf. Innst. 2 S (2020–2021).

I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa om lag 460 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar, og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunane har ansvar for vidaregåande opplæring og er best til å vurdere kva for tiltak som er dei beste for å møte behova i dei ulike fylka. Østfold-modellen kan vere ein god modell for lærekandidatar med behov for tilrettelegging. Tilskotsmidlane til betre læreplassformidling og kvalifisering legg til rette for at fleire fylkeskommunar kan ta i bruk slike modellar.

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 832, 22. april 2021: Skuleskip i Nord-Noreg

Stortinget ber regjeringa utrede muligheten for å etablere et skoleskip i Nord-Norge.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere*

og smartere – morgendagens maritime næring, jf. Innst. 338 S (2020–2021).

Det er fylkeskommunane som har ansvar for vidaregåande opplæring, og som saman med dei vidaregåande skulane i fylket må vurdere om skuleskip er ein måte dei ønsker å organisere opplæringa på. Det er ikkje noko i vegen for slike løysingar så lenge rettane til elevane og anna regelverk blir ivareteke. Fylkeskommunane er finansierte for å gi tilbod til alle med rett til vidaregåande opplæring, og eventuell bruk av skip i opplæringa må derfor finansierast innanfor dei frie inntektene til fylkeskommunen.

Det blir gitt tilskot til landslinjer over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dersom eit tilbod oppfyller kriteriana for ordninga, kan ein fylkeskommune søke Utdanningsdirektoratet om å få tilbodet godkjent som landslinje. Landslinjetilbod blir finansierte med eit trekk i rammetilskota til fylkeskommunane.

I Noreg er det to private vidaregåande skular godkjende etter privatskulelova der elevar kan ta vidaregåande opplæring i maritime fag organisert på skuleskip. Dei to skulane mottok tilskot som private skular og får i tillegg eit fast tilskot som følge av dei ekstrautgiftene som skuledrift på skip fører med seg.

Regjeringa vil satse på den offentlege felleskulen, og Stortinget har vedteke endringar i privatskulelova, jf. Prop. 98 L (2021–2022) og Innst. 404 L (2021–2022). Det er ikkje lenger grunnlag for å få godkjenning som privatskule etter det som tidlegare var privatskulelova § 2-1 bokstav h (vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram) og bokstav i (særleg profil). Det er framleis mogleg å få godkjenning basert på andre grunnlag i privatskulelova. Departementet legg til grunn av vedtak nr. 832, 22. april 2021 med dette er følgd opp.

Vedtak nr. 942, 20. mai 2021: Styrke rådgivings- og rett-leiingstenesta i skulen

Stortinget ber regjeringa styrke rådgivnings- og veiledningstjenesten i skolen gjennom å legge til rette for en tverrfaglig rådgivertjeneste og samarbeid mellom skoleeier, ungdomsskole, rådgivertjenesten, den videregående skolen og arbeidslivet, og gjøre det enklere for yrkesgrupper med erfaring fra annet arbeidsliv å bli ansatt i skolen som rådgivere.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Repre-*

sentantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 943, 20. mai 2021: Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag

Stortinget ber regjeringen legge til rette for at det innføres krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag. Minstestandarden skal utvikles i samarbeid mellom skoler og næringsliv.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).*

Fylkeskommunane har ansvar for at dei vidaregåande skulane har tilgang til relevant utstyr, slik at undervisninga er i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Skulane og lærarane har stor grad av fridom i val av metode, og dei har lokalt handlingsrom innanfor læreplanen i korleis opplæringa blir organisert. Regjeringa vil gjennom tillitsreforma styrke det lokale handlingsrommet, og unngå unødvendige statlege krav og styring. Fylkeskommunar og skular kan, i tråd med det lokale handlingsrommet, utvikle lokale minstestandardar ved behov for å sikre tilstrekkelig utstyr i samarbeid med lokalt næringsliv.

Minstestandardar kan bli oppfatta som ein standard, slik at skular som elles ville hatt betre utstyr, legg seg på minstestandarden. Det er utfordrande å lage nasjonale minstestandardar som varetek at det er stor variasjon mellom fylkeskommunane i kva utdanningsprogram og programområde som er tilbydd. Til dømes kan behova for utstyr i same utdanningsprogram variere mellom ulike delar av landet, basert på det lokale næringslivet. Det vil òg vere krevjande å forvalte og halde ved like ein minstestandard som er oppdatert og relevant. Ulike tilnærmingar til korleis utstyret vert gjort tilgjengeleg for elevane, til dømes gjennom ulik grad av utstyrssamarbeid eller varierende samarbeid med næringslivet, er òg ein faktor som kan gjere det vanskeleg å lage ein nasjonal minstestandard.

Regjeringa gjennomfører eit forsøk med ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring som skal bidra til oppdatert og kvalitetssikra utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Målet er å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt, og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. Det skal forskast på forsøket, og ein rapport skal vere klar sommaren 2023. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området etter at rapporten er klar.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 943, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 944, 20. mai 2021: Kunnskap om fagskuleutdanning i rådgivingstenesta

Stortinget ber regjeringen ta initiativ til å øke kunnskapen om fagskuleutdanning i rådgivingstjenestene i skolen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).*

Departementet har gitt Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse i oppdrag å vurdere korleis kunnskapen om fagskulen kan aukast i rettleiingstenesta i skulen og for andre som driv karriererettleiing i vidaregåande opplæring.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 944, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 945, 20. mai 2021: Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærarutdanning

Stortinget ber regjeringen styrke ordningen med rekrutteringsstipend for personer utenfor skolesektoren som ønsker å ta en yrkesfaglærarutdanning for å jobbe i skolen.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping, jf. Innst. 414 S (2020–2021).*

Utdanningsdirektoratet administrerer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend til kvalifisering av tilsette som har undervisningsstilling, men som manglar godkjend lærarutdanning, og rekruttering av personar som enno ikkje er til-

sette i skulen. I 2022 godkjente direktoratet totalt 637 søknader om utdannings- og rekrutteringsstipend, og av desse var det 178 stipend til yrkesfaglærerutdanninga. Ifølge Utdanningsdirektoratet fekk alle skuleeigarar godkjent søknadene sine om den typen stipend som er omtalt i oppmodingsvedtaket. Departementet meiner at dette viser at dekningsgraden for stipendet er god, og at ordninga fungerer godt i dag. Departementet vurderer derfor situasjonen slik at det ikkje er behov for å styrke ordninga no. Departementet vil følge med på dekningsgraden og vurdere tiltak dersom det i framtida viser seg at det blir oversøking når det gjeld stipendet for yrkesfaglærerutdanninga.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 945, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 946, 20. mai 2021: Hospiteringsordning for yrkesfaglærarar

Stortinget ber regjeringen styrke hospiteringsordningen for yrkesfaglærere.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet foreslår 100 mill. kroner til Yrkesfaglærløftet i statsbudsjettet for 2023 over kap. 226, post 21. Midlane til Yrkesfaglærløftet går mellom anna til tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa. Innanfor ordninga skal fylkeskommunane prioritere og planlegge kompetanseutvikling ut frå behova til lærebedrifter og skular lokalt. I 2021 var hospiteringsordninga blant tiltaka som blei mykje brukt i ordninga. Departementet meiner at statlege bidrag til kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa bør bygge på behova lokalt. Med satsinga på Yrkesfaglærløftet er det lagt til rette for auka bruk av ordningar for kompetanseutvikling som hospiteringsordninga.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 946, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 947, 20. mai 2021: Yrkesopplæring tilpassa arbeidslivet

Stortinget ber regjeringen sørge for at det etableres en tettere kobling mellom avgivende skoler og lærebedrifter også gjennom lærlingtiden, slik at innholdet i yrkesopplæringen blir best mulig tilpasset arbeidslivets behov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Yrkesfagleg opplæring er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, skulane, verksemder og bedrifter. Det er viktig at alle partar bidreg i utarbeiding av læreplanar og tilbodsstruktur i tillegg til det løpande samarbeidet rundt elevane om kvalifisering og formidling til læreplass. Dette systemet er godt utvikla i dag. Fylkeskommunane har ansvaret for at yrkesfagelevane i Vg1 og Vg2 når kompetansemåla i læreplanane og blir kvalifiserte til læreplass, og lærebedriftene har ansvar for at lærlingen gjennom læretida når kompetansemåla i lærefaget i Vg3.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 947, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 948, 20. mai 2021: Prøveforsøk i yrkesfag etter Steigen-modellen

Stortinget ber regjeringen sørge for at det etableres prøveforsøk i yrkesfag etter Steigen-modellen i alle fylker.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Det er fylkeskommunane som har ansvar for å tilby tilpassa opplæring og val av ulike modellar for opplæringa. Opplæringslova og rammefinansiering av fylkeskommunane gir skuleeigarar fri-dom til å prøve ut ulike modellar tilpassa lokalt arbeidsliv og behova elevane og lærlingane har for opplæring, som til dømes Steigen-modellen. Det er også mogleg å søke om forsøk for å prøve modellar for opplæring som ikkje ligg innanfor lovverket.

Regjeringa gjennomfører ei kraftig satsing på yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa om lag 460 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Tilskotsmidlane til betre læreplassformidling og kvalifisering legg til rette for at fleire fylkeskommunar kan ta i bruk modellar som Steigen-modellen, der elevane blir utplasserte i bedrift frå første dag. Modellen er særleg relevant for spreiddbygde delar av landet.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 948, 20. mai 2021 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 949, 20. mai 2021: Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa tilrettelegge for at det utvikles en bransjestandard med et minimumsnivå for undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande skoler. Det er arbeidet med en bransjestandard for Teknisk og industriell produksjon (TIP). En slik standard kan følges opp med en samordning av innkjøp og vedlikehold av utstyret.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet viser til omtalen av oppfølginga av vedtak nr. 943, 20. mai 2021. Vurderingane som departementet har presentert i samband med det vedtaket, gjeld òg for vedtak nr. 949, 20. mai 2021.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 949, 20. mai med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 950, 20. mai 2021: Auka utstyrsstipend

Stortinget ber regjeringa øke utstyrsstipendet til de dyreste studieretningene på vidaregåande yrkesfag.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Regjeringa er oppteken av fag- og yrkesopplæringa og av at elevane har nødvendig utstyr for å ta del i opplæringa på ein god måte. Utstyrsstipendet

som elevane får frå Lånekassen, skal bidra til å dekke utgiftene elevar har til individuelt utstyr. For nokre utdanningsprogram har det ikkje vore godt nok samsvar mellom nivået på stipendet og utgiftene til elevane. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til utstyrsstipendet for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma med om lag 50 mill. kroner, jf. omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 950, 20. mai med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 971, 11. mai 2021: Tilgang til skulebygg for organisasjonar

Stortinget ber regjeringa igjen gå i dialog med KS og Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner med sikte på å sikre barne- og ungdomsorganisasjoner tilgang til skoler og andre offentlige bygninger lokalt og bidra til likebehandling ved utlån.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok 8: 193 S (2020–2021) *Representantforslag fra Freddy André Øvstegård, Nicholas Wilkinson, Karin Andersen, Eirik Faret Sakariassen, Kari Elisabeth Kaski og Lars Haltbrekken om å unngå en tapt generasjon for demokratiet, kulturen og idretten*, jf. Innst. 423 S (2020–2021).

Våren 2022 blei det utarbeidd eit felles brev frå KS, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU), Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet til kommunane og fylkeskommunane med oppfordring om å gi frivillige organisasjonar tilgang til kommunale lokale. Brevet blei sendt frå Kunnskapsdepartementet 24. mai 2022.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 1017, 27. mai 2021: Opplæringslova, barnehagelova og FN's barnekonvensjon

Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FN's barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttale seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barne-*

hagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.), jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld barnehagelova, meiner departementet at dei grunnleggande rettane i FNs barnekonvensjon og prinsippet om barnets beste er tekne vare på gjennom barnehagelova § 3 om barna sin rett til medverknad og omsynet til barnets beste. Føresegna er endra frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020). Det er no lovfesta at barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen og i saker som gjeld dei sjølve, og at det som er best for barnet, skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen. Dei grunnleggande rettane i barnekonvensjonen er òg omtalte fleire stadar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld opplæringslova, meiner departementet at dette blir følgt opp i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt på høyring 26. august 2021. I lovforslaget er det teke inn både ei føresegn om elevane sin rett til informasjon og til å uttale seg fritt og ei føresegn om eleven sitt beste. Regjeringa tek sikte på å legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1018, 20. mai 2021: Fjernundervisning og opplæringslova

Stortinget ber regjeringa komme tilbake med forslag om fjernundervisning i lovproposisjonen om ny opplæringslov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova, og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.), jf. Innst. 512 L (2020–2021).*

Forslag om fjernundervisning er innarbeidd i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt på høyring 26. august 2021. Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov med mellom anna forslag om fjernundervisning for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1069, 1. juni 2021: Rett til innføringsfag i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa gi elever i vidaregåande opplæring som trenger det, rett til innføringsfag. Språkopplæring i norsk skal vere integrert i dette tilbudet, og opplæringa skal integreres i elevens Vg1-løp.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1070, 1. juni 2021: Sluttkompetanse i vidaregåande skule

Stortinget ber regjeringa, i samarbeid med partane, konkretisere nærmere forbedringer av Vg3 i skule som gir elevene en sluttkompetanse som tilfredsstiller arbeidslivets krav og som har tillit i nærings- og arbeidslivet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med handlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil i samarbeid med partane betre tilbodet til dei som ikkje får læreplass, og følge opp vedtaket i forslag til forskrift til ny opplæringslov. Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring hausten 2021, og departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon for Stortinget våren 2023.

Regjeringa gjennomfører eit løft for yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa om lag 460 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane skal òg kunne brukast på å gi ei god opplæring til elevar som ikkje får læreplass, slik at dei kan fullføre med eit fag- eller sveinebrev som blir verdsett i arbeidslivet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1071, 1. juni 2021: Overgangskurs i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangskurs for elever med svakt språklig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1072, 1. juni 2021: Overgangstilbud i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangstilbud for elever med svakt faglig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1073, 1. juni 2021: Vektlegge opplærings-tilbud som fører til læreplass

Stortinget ber regjeringen legge bort forslaget om å utvide ordningen for fagbrev som elev utenfor arbeidslivet og lærlingordningen, og heller vektlegge opplæringstilbud som skal lede fram til læreplass og opplæring i arbeidslivet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet har lagt vekk forslaget om å innføre fagbrev som elev og vil jobbe vidare med at fleire søkarar skal få læreplass. I statsbudsjettet for 2023 foreslår departementet om lag 460 mill. kroner til å styrke arbeidet med å kvalifisere ele-

var til læreplass, formidle læreplassar og skaffe fleire læreplassar. Satsinga følger opp Samfunnskontakten for læreplassar (2022–2026), som har som mål at alle elevar som er formelt kvalifisert, skal få læreplass.

Departementet meiner at vedtak nr. 1073, 1. juni 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 1074, 1. juni 2021: Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag som sikrer at alle vidaregåande skoler med yrkesfag gir tilbud om praksisbrev eller tilsvarende tilbud for elever som har behov for mer tid og et tilrettelagt opplæringsløp ute i bedrift.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1075, 1. juni 2021: Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringen gi fylkeskommunene incitamentar til å utvide omfanget av ulike vekslingsmodellar som alternativ til hovedmodellen med 2 år i skole + 2 år i lærebedrift, slik at flere elever får mulighet til å veksle mellom opplæring i skole og bedrift gjennom hele opplæringsløpet.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Det er fylkeskommunane som har ansvar for å tilby tilpassa opplæring og val av ulike modellar for opplæringa. Opplæringslova og rammefinansieringa av fylkeskommunane gir skuleeigarar fri-dom til å velje modellar som er tilpassa det lokale arbeidslivet og behovet elevar og lærlingar har for opplæring. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa om lag 460 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar, og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69.

Departementet meiner at vedtak nr. 1075, 1. juni 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 1076, 1. juni 2021: Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa forsterke skolenes oppfølgingsansvar for eleven gjennom heile opplæringsløpet, også i den tiden eleven er lærling i en lærebedrift.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1078, 1. juni 2021: Opplæringskontor og lærebedrifter

Stortinget ber regjeringa videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i forslag til ny opplæringslov. Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring hausten 2021, og departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon for Stortinget våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 1080, 1. juni 2021: Produksjonsskular

Stortinget ber regjeringa legge til rette for etablering av flere produksjonsskular.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

I revidert budsjett for 2021 blei det løyvd 6 mill. kroner til produksjonsskular, jf. Innst. 600 S (2020–2021). Midlane gjekk til Vestland fylkeskommune. Tilskotet blei vidareført i statsbudsjettet for 2022. Tilskotet blir ikkje vidareført i 2023. Regjeringa gjennomfører ei kraftig satsing på

yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa om lag 460 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire lære plassar og bidra til kvalifisering og formidling til lære plassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Fylkeskommunane kan innanfor ramma av tilskotet mellom anna etablere tilbod som produksjonsskular.

Departementet meiner at vedtak nr. 1080, 1. juni 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 1104, 2. juni 2021: Heilskaplege og koordinerte tenester

Stortinget ber regjeringa utrede og fremme en sak for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre at barn som trenger det, gis en rett til helhetlige og koordinerte tjenester.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*, jf. Innst. 581 L (2020–2021).

Departementet har vurdert saka i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Regjeringa er oppteken av at barn og unge får dei tenestene dei treng, og at tenestene er godt koordinerte. 1. august 2022 tok ei rekke endringar i velferdstenestelovgivninga til å gjelde, jf. Innst. 581 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021). Endringane omfattar 14 lover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei plikt for kommunen til å samordne tenestetilbodet til den einskilde, og ein rett til barnekoordinator på visse vilkår. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Det er viktig at reglane legg til rette for godt samarbeid mellom tenestene. Samstundes er det viktig å arbeide med å skape ein god samarbeidskultur i tenestene, både i kommune, fylkeskommune og stat. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet arbeider med å gi god rettleiing om dei nye reglane til tenestene. Ein felles rettleiar om samarbeid på tvers av velferdstenestene blei publisert hausten 2022.

Regelendringane blir evaluerte av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). Evalueringa skal ha implementeringa av lovendringane som hovudformål. NTNU skal undersøke korleis sentrale aktørar tolkar og set i verk lovendringane. Vidare skal evalueringa fange opp endringar som følger av lovendringane, og om målsetjingane for endringane blir oppfylte. Evalueringa vil halde fram til våren 2027.

Regjeringa vil vente på funn frå evalueringa før ei eventuell utgreiing av behovet for ytterlegare lovendringar for å sikre at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 701, 15. juni 2020: Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde vaksne utan rett til vidaregåande opplæring.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Forslag til ny opplæringslov blei sendt på høyring 26. august 2021. I høyringa foreslo departementet at retten til vidaregåande opplæring blir utvida, og at retten til realkompetansevurdering blir utvida tilsvarende. I høyringa bad departementet om innspel til behov for ytterlegare utviding av retten til realkompetansevurdering. Departementet tek sikte på å fremje ein lovproposisjon om ny opplæringslov for Stortinget våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2018–2019-sesjonen

Vedtak nr. 51, 22. november 2018: Finansieringssystemet og ideelle barnehagar

Stortinget ber regjeringa gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehagar med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018)

Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med den varsla gjennomgangen av regelverket for styring og finansiering av private barnehagar, jf. òg vedtak nr. 802, 31. mai 2018 om modellar i finansieringssystemet som varetek eit mangfald av barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018: Fritak frå skulefag

Stortinget ber regjeringa sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Opplæringslovutvalet har levert NOU 2019: 23 *Forslag til ny opplæringslov*. NOU-en har vore på offentleg høyring, og departementet vil følge opp forslaget frå utvalet i forslag til ei ny opplæringslov som er sendt på høyring 26. august 2021. Departementet legg i høyringsnotatet til grunn at forslaget til reglar om fritak frå opplæringa, saman med reglane om elevens beste og elevens rett til å bli høyrd, svarar til intensjonen i oppmodingsvedtaket. Departementet tek sikte på å legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018: Vilkår for private barnehagar

Stortinget ber regjeringa vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene*

Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med den varsla gjennomgangen av regelverket for styring og finansiering av private barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018: Finansieringssystemet for private barnehagar

Stortinget ber regjeringen i sitt vidare arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med den varsla gjennomgangen av regelverket for styring og finansiering av private barnehagar, jf. òg vedtak nr. 51, 22. november 2018, om finansieringssystemet for private og kommunale barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 67, 22. november 2016: Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskolen

Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskolen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017).

Departementet viser til det førebelse overslaget som Stortinget blei orientert om i budsjettproposisjonen for 2019, for kva det vil koste dersom elevar på ungdomstrinnet skal få rett til opplæring på hovudmålet sitt og rett til å høyre til ei eiga målformgruppe slik som elevar på barnetrinnet.

Departementet sende forslag til ei ny opplæringslov på offentleg høyring 26. august 2021 og vurderer no innspel frå høyringa. Departementet tek sikte på å legge fram ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk

Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Oppmodingsvedtak nr. 900 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. Der blei det varsla at departementet ville vurdere korleis alle barnehagar og skular kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse.

Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å greie ut dette nærare og har levert eit svar på oppdraget. Denne utgreiinga inngår i kunnskapsgrunnlaget for moglege regelverksendringar som blir behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Departementet sende forslag til ny opplæringslov på høyring 26. august 2021. Forslaget bygger mellom anna på opplæringslovutvalets NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Departementet følger no opp høyringa. Forslaget i høyringa inneber at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), skal oppfylle krava for å bli tilsett i lærarstilling og krava til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Det skal likevel kunne gjerast unntak frå krava til kompetanse for å gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), men berre dersom det vil gi elevane betre opplæring. Dette gjeld både for krava til

å bli tilsett i lærarstilling og kravet til relevant kompetanse i undervisningsfag. Departementet foreslår at slike unntak berre kan gjerast for personar med ei universitets- eller høyskuleutdanning som gjer dei særleg eigna til å vareta behova til elevane. Unntaket opnar for at til dømes ein barnevernspedagog eller spesialpedagog som har relevant kompetanse, men som ikkje har lærarutdanning, kan ha ansvaret for å planlegge, gjennomføre og følge opp undervisninga når det er fagleg og konkret grunnlegg.

Departementet vurderer no innspel frå høyringa og tek sikte på å legge forslag til ny opplæringslov fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet viser til at det er sett i gang eit varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis som skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane har tilstrekkeleg kompetanse til å førebygge, fange opp og følge opp alle barn og elevar – inkludert elevar med behov for særskild tilrettelegging – slik at dei får eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod i barnehage og skule. I tillegg skal endringane i Statped bidra til meir likeverdige tenester frå Statped over heile landet når det gjeld barn og elevar med varige, omfattande eller særleg komplekse behov.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket nr. 901, 13. juni 2017: Rett til spesialundervisning av fagpersonar

Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget vil bli behandla i arbeidet med ny opplæringslov. Regjeringa tek sikte på å legge forslag til ny opplæringslov fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket nr. 903, 13. juni 2017: Spesialundervisning og lærarkompetanse

Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svar under oppmodingsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget vil bli behandla i arbeidet med ny opplæringslov. Regjeringa tek sikte på å legge forslag til ny opplæringslov fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2023.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtaket frå 2015–2016-sesjonen

Vedtaket nr. 796, 7. juni 2016: Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgd opp gjennom ei lovendring som tok til å gjelde 1. august 2018, jf. barnehagelova § 27.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*. Språkutvalet foreslo lovendringar og tiltak på ulike departements ansvarsområde. Som ein del av oppfølginga av rapporten har det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2021 hatt eit forslag til endringar i språkreglane i samelova på alminneleg høyring. Sametinget blir konsultert

om forslaget. Regjeringa tek sikte på å fremje ein lovproposisjon våren 2023.

Regjeringa har i tillegg bestemt at den neste stortingsmeldinga om samisk språk, kultur og samfunnsliv skal handle om rekruttering og kompetanse. Her vil regjeringa sjå nærare på barnehagar, grunnskuleopplæringa og høgare utdanning.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Vedtak frå 2020–2021-sesjonen

Vedtak nr. 16, 6. oktober 2020: Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning

Stortinget ber regjeringa om en gjennomgang av finansieringskategoriene i høyere utdanning, for å sikre at utdanninger som ingeniørfag, lærerutdanninger og andre utdanninger som er etterspurt i arbeidsmarkedet har riktig finansiering.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. stortinget ved opninga og melding om Noregs rikets tilstand og styring (trontaledebatten).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høgskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodingsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Utvalet tilrår å forenkla systemet for den resultatbaserte uttellinga og i staden legge større vekt på utviklingsavtalane i styringa. Det vil gi ei meir transparent styring som gir institusjonane større reelt handlingsrom og ansvar for budsjettdispenseringa. Utvalet meiner det er eit problem at finansieringskategoriane blir oppfatta som ei styring frå departementet av kostnadene i kvar utdanning. Det foreslår å redusere talet på kategoriar for å gjere det tydelegare at dei ikkje skal ha denne funksjonen, og at regjeringa følger opp oppmodingsvedtaket gjennom i større grad å gjere institusjonane ansvarlege for korleis dei fordeler løyvinga mellom utdanningane, mellom anna i styringsdialogen. Utvalet frårår at departementet i større grad gjennom finansieringskategoriane skal avgjere kva som er dei «riktige» kostnadene for bestemte utdanningar på tvers av institusjonane.

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2022 greie ut finansieringskategoriane vidare i dialog med sektoren, og vurdere om talet bør reduserast. Regjeringa vil vurdere heilskapen i finansieringssystemet, inkludert moglege endringar i kategoriane, før det blir gjort endringar i systemet. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 30, 13. oktober 2020: Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell

Stortinget ber regjeringen ta initiativ til en stipend- og/eller låneordning, for eksempel gjennom Statens lånekasse for utdanning, for å dekke nødvendige kurs og fagprøver for å oppnå autorisasjon for helsepersonell.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 89 L (2019–2020) *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)*, jf. Innst. 389 L (2019–2020).

Nødvendige kurs og fagprøvar for helsepersonell med yrkeskvalifikasjonar frå tredjeland skil seg ut frå den typen utdanning Lånekassen gir utdanningsstøtte til, ettersom dette er ei målgruppe som ikkje har rett til støtte i dag. Denne typen kurs/fagprøvar er òg for korte til å gi rett til utdanningsstøtte for andre studentar. Ei særskild ordning for denne gruppa helsepersonell vil vere kostbart for Lånekassen å administrere, og Kunnskapsdepartementets vurdering er at det ikkje er ei god løysing at dei tek ansvar for ei slik ordning. Oppmodingsvedtaket er sendt til ei tverrdepartemental arbeidsgruppe av representantar frå Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Arbeidsgruppa vil gjere samla vurderingar av fleire tiltak for helsepersonell frå tredjeland og skal ferdigstille arbeidet sitt hausten 2022. Rapporten skal då leggest fram for politisk leiing i Helse- og omsorgsdepartementet, som vil ha ansvar for å følge opp vedtaket.

Departementet meiner at vedtak nr. 30, 13. oktober 2020 er følgt opp.

Vedtak nr. 684, 25. februar 2021: Finansiering av studieopphald i utlandet

Stortinget ber regjeringen sikre gode finansieringsmekanismer for studieopphold i utlandet for å sikre lik tilgang uansett økonomisk bakgrunn – også til høyt rangerte læresteder.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høgere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Lånekassen har gode ordningar for finansiering av studieopphald i utlandet. Alle som studerer utanfor Norden, kan få eit basislån, og 40 pst. av lånet kan gjerast om til stipend. Dei som betaler skulepengar, kan få stipend og lån til dekning av dette, opp til eit maksimalt beløp. Lånekassen gir også utdanningsstøtte til reise til og frå utlandet. Nokre lærestadar i utlandet gir i tillegg rett til utvida stipend ved høge utgifter til skulepengar.

I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa å redusere stipenddelen i den ordinære skulepengestøtta ved utdanning utanfor Norden, til 40 pst. Med dette blir stipenddelen den same som for basislånet i Lånekassen. Likviditeten til studentane som er i utdanning, blir ikkje endra med forslaget, men dei vil få noko høgare gjeld etter at utdanninga er ferdig. Sjå nærare omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Departementet meiner at vedtak nr. 684, 25. februar 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 685, 25. februar 2021: Auka studiemobilitet for studentar med tilretteleggingsbehov

Stortinget ber regjeringa foreslå virksomme tiltak for økt studiemobilitet blant studenter med et tilretteleggingsbehov.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høgere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

For å få midlar til studentutveksling gjennom Erasmus+ må universiteta og høgskulane forplikte seg til å legge til rette for personar med spesielle behov eller nedsett funksjonsevne. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) kan ved behov gi ekstra midlar til tilrettelegging. Midlane skal dekke ekstrautgifter som ikkje blir dekte av hjelpemiddel/støtte som personen har krav på å ta med seg frå Noreg.

I 2021 blei den tidlegare pådrivareininga for universell utforming og tilrettelegging, Universell, og Nasjonalkontoret for Erasmus+ samla i det nye direktoratet, HK-dir. Samorganiseringa av dei to einingane har skapt eit fagleg sterkare miljø for internasjonal mobilitet for menneske med tilretteleggingsbehov. Departementet meiner det er lagt til rette for at studentar med behov for tilretteleg-

ging som ønsker å dra på utveksling, kan få betre oppfølging enn det dei har fått før.

Departementet meiner at vedtak nr. 685, 25. februar 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 687, 25. februar 2021: Betre godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning

Stortinget ber regjeringa videreutvikle enklere, raskere og mer forutsigbare godkjenningsordninger for utenlandsk utdanning og kompetanse.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høgere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Stortinget har vedteke lovendringar som inneber at NOKUT ikkje lenger skal ha ansvar for godkjenning av utanlandsk utdanning etter universitets- og høgskulelova, fagskulelova og opplæringslova, jf. Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)* og Innst. 287 L (2021–2022). Som gjort greie for i Prop. 74 L (2021–2022) tek departementet sikte på å delegere desse oppgåvene til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) frå 1. januar 2023. Departementet meiner det vil skape eit endå meir slagkraftig miljø for kunnskap, informasjon og godkjenning av utdanning og yrkeskvalifikasjonar frå utlandet. Det er ein fordel at ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning blir organisert saman med HK-dirs oppgåver i opptakssamanheng, der utdanning frå utlandet ofte blir vurdert. Behandlinga av Prop. 74 L (2021–2022) følger òg opp Prop. 111 L (2020–2021), jf. Innst. 517 L (2020–2021), der paragrafane om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning blei grundig reviderte så det no er heilt tydeleg at dette arbeidet må følge krava i Lisboakonvensjonen.

Vidareutviklinga av godkjenningsordningane blir følgde opp i den ordinære etatsstyringa og resultatrapporteringa, sjå kap. 271, post 01.

Departementet meiner at vedtak nr. 687, 25. februar 2021 er følgt opp.

Vedtak nr. 937, 20. mai 2021: Fråfall og forseinkingar i høgare utdanning

Stortinget ber regjeringa utrede tiltak for å forhindre fråfall og forsinkelser i studiene for studenter i høgere utdanning.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandling av Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*, jf. Innst. 425 S (2020–2021).

Prosentdelen studentar som gjennomfører utdanninga på normert tid, er ein styringsparameter for målet om høg kvalitet i utdanning og forskning. Forseinking i utdanning er kostbart både for den einskilde og for samfunnet, og både Kunnskapsdepartementet og universiteta og høgskulane jobbar for at utdanningane skal legge til rette for at studentane skal lykkast. Ein viktig faktor er å bruke og utvikle undervisnings- og vurderingsformer som aktiviserer studentane og som fremjar læring på ein god måte. Vidare står et godt læringsmiljø sentralt. Hovuddelen av departementets arbeid handlar om å skape ein utdanningssektor med høg kvalitet og gode tilbod for studentane der så mange studentar som råd gjennomfører studia.

Dette er eit arbeid som held på heile tida, og som vil halde fram, og departementet meiner at vedtak nr. 937, 20. mai 2021 gjennom dette er følgt opp.

Vedtak nr. 941, 20. mai 2021: Opptrappingsplan for studieplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

Stortinget ber regjeringen utarbeide en opptrappingsplan for studieplasser innenfor medisin, helsefag og psykologi. Planen skal både inneholde konkrete tiltak for opprettelse av tilstrekkelig med studieplasser ved utdanningsinstitusjonene, og tiltak som sikrer studentene praksisplass i helsesektoren. Planen bør inneholde tiltak som gjør det attraktivt for helsearbeidere å være i sektoren. Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til Stortinget med innledende tiltak for å sikre flere studieplasser innen medisin, helsefag og sykepleie.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga Dok. 8:281 S (2020–2021) *Representantforslag om opptrappingsplan for helseutdanningane fra stortingsrepresentantene Åshild Bruun-Gundersen, Bengt Rune Strifeldt, Morten Stordalen, Hanne Dyveke Støttar, Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Roy Steffensen*, jf. Innst. 419 S (2020–2021).

Regjeringa vil føre ein ambisiøs og offensiv kunnskapspolitik og bygge sterke profesjonsut-

danningar av høg kvalitet i heile landet. Derfor har regjeringa varsla i Hurdalsplattforma at ho vil trappe opp talet på nye studieplassar, med opptrappingsplanar for område med særleg stort kompetansebehov, som læreryrket, sjukepleie, realfag, IKT og medisin. I 2022 fekk Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) midlar til 15 fleire studieplassar i medisin, jf. Innst. 2 S (2021–2022) og Prop. 1 S (2021–2022). Regjeringa foreslår midlar til ytterlegare 30 nye studieplassar i medisin ved UiT frå 2023. Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til 300 fleire studieplassar i sjukepleiarutdanningane, og elleve statlege universitet og høgskular blei i tillegg bedne om å omprioritere for ytterlegare til saman 200 fleire plassar innanfor uendra rammeløyving, jf. Innst. 119 S (2021–2022) og Prop. 51 S (2021–2022).

Vidare oppfølging av dette oppmodningsvedtaket er under arbeid i samarbeid med relevante departement. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane.

Vedtak nr. 1016, 20. mai 2021: Eksamensoppgåver og skriftspråk

Stortinget ber regjeringen i den helhetlige gjennomgangen av universitets- og høyskoleloven komme tilbake med forslag om lovfesting av retten til å få eksamensoppgavene på det norske skriftspråk studentene ønsker.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 111 L (2020–2021) *Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteleven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (samleproposisjon)*, jf. Innst. 517 L (2020–2021).

Stortinget har vedteke ei plikt for universitet og høgskular å gi eksamen på det norske skriftspråket som studenten ønsker, jf. Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)* og Innst. 287 L (2021–2022). Lovendringa har berre konsekvensar for private lærestadar, sidan statlege lærestadar allereie har plikt til å gi eksamen på begge skriftspråka som hovudregel.

Departementet meiner vedtak nr. 1016, 20. mai 2021 er følgt opp.

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 697, 15. juni 2020: *Kompetansefunn Digital*

Stortinget ber regjeringa utrede en ny insentivordning, Kompetansefunn Digital for at små og mellomstore bedrifter skal investere i økt digital-/teknologikompetanse for sine ansatte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Kunnskapsdepartementet tildelte Oslo Economics eit oppdrag for å få oversikt over insentivordningar som liknar på Kompetansefunn Digital i andre land, og korleis desse ordningane verkar. Oslo Economics leverte i 2021 rapporten *Kunnskapsoppsummering som bakgrunn for vurdering av ordninga «Kompetansefunn Digital»* (OE-rapport 2021-58). Rapporten summerer opp forskning om effektar av 24 insentivordningar for livslang læring i 17 vestlege land, basert på om lag 60 artiklar og rapportar. Rundt halvparten av ordningane er effektevaluert.

Forskinga tyder på at det er betydelege variasjonar i kor vellykka insentivordningane er. Sjølv om mange ordningar fører til auka deltaking i opplæring, peikar ei overvekt av studiane i retning av at ordningane har låg eller ingen effekt på arbeidsmarknadsutfall. Nokre ordningar har positiv effekt på læringsmotivasjon. I den grad ein finn effektar på arbeidsmarknadsutfall, varierer dei for ulike grupper av tilsette og avheng i stor grad av utforminga av insentivordningane og sjølve opplæringa. Rapporten summerer opp erfaring med tre skattebaserte ordningar og gir ikkje grunnlag for å hevde at skatteordningar fungerer betre enn andre ordningar.

Regjeringa meiner det er tungtvegande tilleggsargument mot tiltak på skattesida: Dei kompliserer skattesystemet og bryt med hovudprinsippa i skattepolitikken om breie grunnlag og låge satsar. Ei ordning som er tematisk avgrensa til digital kompetanse, vil i tillegg ha betydelege administrative kostnader knytte til å ta stilling til kva for opplæringstilbod som blir dekte, og at vilkåra er oppfylte.

Konklusjonen til regjeringa er at det ikkje er gode nok argument for å innføre ei skattebasert insentivordning med formål om å stimulere verksemder til digital kompetanseutvikling for tilsette. Departementet meiner at vedtak nr. 697, 15. juni 2020 er følgt opp.

Vedtak nr. 698, 15. juni 2020: *Rett til kompetanseheving i arbeidslivet*

Stortinget ber regjeringa nedsette et partssammensatt utvalg for å utrede hvordan arbeidstakere kan opparbeide seg en rett til kompetanseheving gjennom arbeidslivet, og sikre at tillitsvalgte tas med i drøftinger om hvilken kompetanseutvikling virksomheten trenger.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Oppmodingsvedtaket er overført frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, og Kunnskapsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om saka.

Vedtak nr. 699, 15. juni 2020: *Finansieringssystem for universitet og høyskular*

Stortinget ber regjeringa senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken for statlige universiteter og høyskoler om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være

- *Relevant arbeid etter endt studium og arbeidslivsrelevans i studiet.*
- *Ulike opplegg for etter- og videreutdanning.*
- *Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør, og som kan tas i kombinasjon med jobb.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høyskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodingsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Utvalet tilrår å forenkle systemet for den resultatbaserte uttellinga og berre vidareføre indikatorane for gjennomførte studiepoeng og avlagde doktorgradar. Det foreslår samstundes å legge

større vekt på utviklingsavtalane i styringa. Det vil gi ei meir transparent styring som gir institusjonane større reelt handlingsrom og ansvar for budsjett disponeringa. Gjennom å fjerne kandidatindikatoren gjer ein det meir attraktivt for universitet og høgskular å tilby vidareutdanning og mindre og fleksible tilbod. Utvalet frårår tydeleg å innføre ein indikator for arbeidslivsrelevansen i tilboda eller sysselsetjingsgraden for uteksaminerte studantar, og høyringsfråsegnene støtta dette eintydig. I tillegg til dei generelle argumenta for å forenkle systemet bygde tilrådinga på at relevansen for arbeidslivet er svært vanskeleg å måle, mellom anna fordi det er knytt til generiske ferdigheiter, og særleg når det gjeld relevansen for arbeidslivet i framtida. Ein indikator basert på sysselsetjing vil vanskeleg ta høgde for konjunktursvingingar og regionale omsyn.

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2022 greie ut finansieringskategoriane vidare i dialog med sektoren, og vurdere om talet bør reduserast. Regjeringa vil vurdere heilskapen i finansieringssystemet, inkludert moglege endringar i kategoriane, før det blir gjort endringar i systemet. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020: Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Stortinget ber regjeringa opprette inntil 1 000 nye studieplasser innan høgere yrkesfagleg utdanning frå høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassene som regjeringa varslet i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det vidare utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplasser årlig over fem år.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Stortinget har i 2020 og 2021 løyvd midlar til totalt 2 100 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er den største kapasitetsveksten i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår derfor midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i 2023.

Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasitet i fagskulane. Fylkeskommunane søker Direktoratet for

høgare utdanning og kompetanse om midlar til nye studieplassar etter ein gjennomgang av kompetansebehov og kapasitet i fagskulane i eige fylke. Systemet bygger opp under fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør og at fagskulane skal tilby utdanningar som arbeidslivet etter spør. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treffer kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg. Nasjonale styresmakter kan legge føringar for fordelinga av studieplassar for å sikre at det blir teke omsyn til nasjonale behov.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget med vidare oppfølging av oppmodingsvedtaket i dei årlege statsbudsjetta.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018: Høgare utdanning

Stortinget ber regjeringa foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høgere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikkje gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskoleelever to tilleggspoeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggspoeng i systemet for opptak. Våren 2021 sette regjeringa ned eit offentleg utval (Opptaksutvalet) som skal sjå på heile systemet for opptak til høgare utdanning. Utvalet skal levere sin rapport i desember 2022. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017: Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular

Stortinget ber regjeringa i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for*

fremtiden. Fagskoleutdanning, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av evaluering av innføring og verknad av tiltaka i fagskulemeldinga, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Ein midtvegsrapport er levert departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Ein rapport om evaluering av finansieringssystemet for fagskular er levert departementet i 2022. Ein endeleg rapport skal vere klar i 2023 og ta omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017: Evaluering av fagskule-reforma

Stortinget ber regjeringa foreta en midtveiseevaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet har i 2020 sett i gang ei evaluering av innføringa og verknadene av tiltaka i fagskulemeldinga, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Evalueringa vil innehalde tre leveransar. Ein midtvegsrapport er levert departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Ein rapport om evaluering av finansieringssystemet for fagskular er levert departementet i 2022. Rapporten har vore på høyring. Ein endeleg rapport skal vere klar i 2023 og ta omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Del II
Nærare om budsjettforslaget

4 Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 200 | Kunnskapsdepartementet | 424 875 | 386 334 | 397 298 | 2,8 |
| 201 | Analyse og kunnskapsgrunnlag | 232 015 | 261 361 | 280 159 | 7,2 |
| | Sum kategori 07.10 | 656 890 | 647 695 | 677 457 | 4,6 |

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 3200 | Kunnskapsdepartementet | 680 | | | 0,0 |
| | Sum kategori 07.10 | 680 | | | 0,0 |

Kategorien omfattar løyvingar til drift av Kunnskapsdepartementet. Oppgåver og prioriteringar i Kunnskapsdepartementet følger av politikken og måla innanfor områda skule, barnehage, kompe-

tansepolitikk, forskning, høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og utdanningsstøtte. Dei ulike fagområda er nærare omtala under programkategoriane lenger bak i proposisjonen.

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|--|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | |
| 01 | Driftsutgifter | 402 512 | 366 664 | 382 130 | |
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 16 693 | 16 500 | 11 935 | |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 5 670 | 3 170 | 3 233 | |
| | Sum kap. 200 | 424 875 | 386 334 | 397 298 | |

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Mål for 2023

Dei faglege måla for departementet er omtala i dei aktuelle fagkapitla og i kap. 1 Hovudinnleiing. Følgande mål gjeld for arbeidet i Kunnskapsdepartementet. Departementet skal

- ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken
- sikre at kunnskapspolitikken blir sett i verk
- ha ein god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet
- legge til rette for at barnehagebarn, elevar, studantar og tilsette skal vere trygge ved utdanningsverksemdene der dei oppheld seg

Kunnskapsdepartementet har formulert eit sett med verdiar som er rettesnorer for arbeidet med å nå måla:

- profesjonalitet
- openheit
- gjennomføring

Resultat i 2021

Samanhengen mellom måla for departementet og resultatata i sektoren er avleia og indirekte. Det meste av innsatsen skjer i utdanningsinstitusjonar og forskingsinstitutt. Rolla departementet har, er å førebu avgjerder som Stortinget og regjeringa tek om overordna rammer, og å setje i verk dei tiltaka avgjerdene fastset.

Kunnskapsgrunnlaget om barnehage, utdanning og forskning er ganske godt. Mykje kunnskap

er tilgjengeleg i forskning og offentleg statistikk. I tillegg arbeider Kunnskapsdepartementet vedvarende med å legge til rette for utdanningsforskning, jf. omtale under kap. 201. Internasjonale undersøkingar kastar lys over kva vi oppnår i Noreg samanlikna med andre land. Gjennom kontakt med elev- og studentorganisasjonar og andre interessentar i sektoren får departementet viktig kunnskap om korleis målgruppene opplever politikken.

Underliggende verksemdar set i verk mange av tiltaka i sektoren. Departementet gjennomfører vedteken politikk gjennom å styre desse verksemdene. Nye oppgåver og behov i forvaltninga følger når omgivnadene, politikken og teknologien endrar seg. Oppgåveporteføljane til verksemdene er derfor heile tida i endring. Av og til er det grunn til å gjere ein samla gjennomgang av organiseringa. Departementet gjorde ein slik gjennomgang i 2021. Då vart oppgåvefordelinga mellom verksemdene meir samordna, og nokre av verksemdene vart slegne saman til større einingar. Oversikt over dei underliggende verksemdene til departementet går fram av vedlegg 5 Underliggende verksemdar o.a.

Særskilt om tryggleik og beredskap

Kunnskapsdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnstryggleik og beredskap innanfor heile departementets politikkområde. Menneskeliv og helse er den fremste verdien som aktørar i sektorane under Kunnskapsdepartementet må trygge. I tillegg forvaltar dei store mengder informasjon, mellom anna personopplysningar, forskingsdata, kunnskap om utvikling av teknologi, vitskapleg utstyr, vitskaplege og historiske

Boks 4.1 Proposisjonar og meldingar Kunnskapsdepartementet har lagt fram for Stortinget i 2021–22

- Prop. 9 L (2021–2022) *Endringer i midlertidige lover om tilpasninger i barnehageloven, opplæringsloven, friskoleloven, introduksjonsloven og integreringsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (forlengelse)*
- Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)*
- Prop. 82 L (2021–2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldeplikt m.m.)*
- Prop. 98 L (2021–2022) *Endringer i friskolelova (nytt navn på loven og oppheving av to godkjenningssgrunnlag)*
- Prop. 109 L (2021–2022) *Endringer i midlertidig lov om tilpasninger i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 (forlengelse)*

Dei faste budsjettproposisjonane er ikkje med i oversynet.

samlingar og historiske bygningar, som kan vere særleg utsette og må tryggast. Institusjonar i sektoren har også forvaltningsoppgåver som er viktige for samfunnstryggleiken, til dømes analysekapasitet innanfor naturfarar, helse, luft og vatn.

Sektorane under Kunnskapsdepartementet arbeider med tryggleik og beredskap innanfor ulike scenario som smittsame sjukdomar, digitale hendingar, utanlandsk etterretning, ulykker, vald og terror. Dei store menneskesamlingane på avgrensa område har tidlegare vore definerte som ein viktig faktor i arbeidet med tryggleik og beredskap i sektorane. Med sektorar som tel om lag 1,6 mill. personar har departementet og sektorane hatt eit stort ansvar under covid-19-pandemien, og i store delar av 2021 handla arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i sektorane under Kunnskapsdepartementet om korleis ulike funksjonar og tenester skulle driftast når ein samstundes måtte ta omsyn til smittevern. Departementet hadde krisestab gjennom det meste av 2021 og har i perioden behandla ei rekke praktiske, økonomiske og juridiske faglege problemstillingar og samstundes vore eit sentralt departement i den nasjonale handteringa av krisa. Informasjon og kommunikasjon til dei ulike målgruppene har vore sentralt i Kunnskapsdepartementets krisehandtering. For nærare omtale av handteringa av pandemien i sektoren, sjå kap. 11 i Prop. 1 S (2020–2021) og Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet.

Covid-19-pandemien har tydeleggjort at rask og sikker deling av data til analysar og statistikk vil styrke Noreg si evne til å handtere framtidige kriser. Regjeringa har derfor sett behov for eit betre system for å sikre kunnskap i kriser og har sett i gang eit arbeid på dette i form av ein kjernegruppe på departementsrådsnivå leia av Kunnskapsdepartementet.

I 2021 arbeidde Kunnskapsdepartementet med å oppdatere *Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor*, eit dokument som blei publisert i januar 2022. Styringsdokumentet er utarbeidd for å bidra til systematisk og god oppfølging av arbeidet med tryggleik og beredskap. I den nye versjonen søker departementet å gjere tydeleg kva som er krav og kva som er tilrådingar overfor ulike aktørar i sektoren. Dokumentet reflekterer no ei meir heilskapleg tilnærming mellom samfunnstryggleik og nasjonal tryggleik og har derfor endra namn.

Ein viktig føresetnad for arbeidet med samfunnstryggleik og handtering av uønskte hendingar er gode system og høg kompetanse hos verk-

senda, men òg hos den einskilde, om korleis ein bør handle. Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ulike dokument med krav, tilrådingar og rettleiingar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Sikresiden.no er ein nettapp som gir om lag 400 000 studentar og tilsette og 30 verksemder i universitets- og høgskulesektoren brukarvennleg informasjon og opplæring på feltet. I 2021 utvikla sikresiden.no tre nye kunnskapsspel for studentar, mellom anna eit spel som gav hjelp til handtering av studentlivet i koronasituasjonen. Sikresiden.no har òg jobba saman med Politiets tryggingsteneste (PST) om å lage informasjon om spionasje retta mot høgare utdanning og forskning.

I april 2021 organiserte Beredskapsrådet for kunnskapssektoren i samarbeid med Kunnskapsdepartementet og Nord universitet ein digital konferanse om mellom anna kontroll med kunnskapsoverføring og digital tryggleik.

Departementet har stor merksemd på risikoen for informasjonstryggleiks- og personvernendingar i høgare utdanning og forskning. Departementet gav i 2019 dåverande Unit ansvaret for den løpande sektorstyringa av informasjonstryggleik og personvern i denne sektoren. I 2020 var departementets styringsmodell for informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning ferdig innført. Ei årleg risiko- og tilstandsvurdering for universitets- og høgskulesektoren gir ei felles situasjonsforståing og eit grunnlag for Kunnskapsdepartementet til å fastsetje risikoreducerande tiltak for sektoren. Vurderinga bygger på ei årleg kartlegging av tryggleikstilstanden hos alle dei statlege verksemdene i universitets- og høgskulesektoren og gir konkret informasjon om styrkar og veikskapar hos den einskilde verksemda som så blir følgde opp av Kunnskapsdepartementet. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), som blei etablert 1. juli 2021, har vidareført arbeidet med styringsmodellen. Frå 2021 har Kunnskapsdepartementet i etatsstyringa gitt tilbakemeldingar om informasjonstryggleik og personvern til den einskilde statlege verksemda i universitets- og høgskulesektoren på grunnlag av risiko- og tilstandsvurderingane frå Unit og seinare HK-dir. I 2020 vart det nasjonale Rammeverk for handtering av IKT-tryggleikshendingar gjort gjeldande for dei underliggende verksemdene i høgare utdanning og forskning, og ei vurdering av dette for dei underliggende verksemdene i barnehagesektoren og grunnopplæringa vart sett i verk i 2021.

For å bidra til auka kunnskap og medvit om balansen mellom openheit og aktsemd i interna-

sjonalt samarbeid har Kunnskapsdepartementet mellom anna etablert Rundebord for akademisk samarbeid med Kina som ein fast møteplass for gjensidig informasjonsutveksling mellom styresmaktene og norske høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar.

Oppfølging av tryggingsslova

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingsslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å trygge dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebygge, avdekke og motverke sikkerheitsstruande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir trygga ved at departementa identifiserer grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar som er avgjerande viktige for GNF, vert underlagde tryggingsslova, og nødvendige sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar vert gjennomførte. For å vareta formålet med lova vil GNF-prosessen vere kontinuerleg. Kunnskapsdepartementet har identifisert følgande grunnleggande nasjonale funksjon i eigen sektor: «Kunnskapsdepartementets verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit» omfattar departementets rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggande verksemdar. Departementet arbeider framleis med å identifisere andre GNF i eigen sektor.

Tryggleik og beredskap innanfor integreringsfeltet låg under Kunnskapsdepartementet i 2021.

Resultat for integreringsfeltet er i Prop. 1 S (2022–2023) under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 382,1 mill. kroner på post 01. Forslaget inneber ein reduksjon på 1,2 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien. Vidare er løyvinga foreslått redusert med 0,5 mill. kroner for å dekke inn kostanden med e-postsynkronisering i departementet.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner på post 01 knytta til kapasiteten i departementet på sentrale område.

Løyvinga på posten er redusert med 0,6 mill. kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart rekna ut for mykje i kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. omtale i del I, kap. 1 Hovudinnleiing.

Departementet foreslår å flytte 5 mill. kroner frå post 21 til post 01, for å dekke auka kostnader i samband med sterk vekst i husleige- og straumutgifter.

Departementet foreslår å løyve 11,9 mill. kroner på post 21 og 3,2 mill. kroner på post 45.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 02 | Salsinntekter o.a. | 680 | | |
| | Sum kap. 3200 | 680 | | |

Resultat i 2021

Kunnskapsdepartementet har ikkje verksemd som vanlegvis gir inntekter, men det hender at det

kjem tilfeldige inntekter. Inntektene i 2021 skriv seg mellom anna frå vederlag for tilsette som har vore lånte ut til andre verksemdar, og frå sal av utrangert IKT-utstyr.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 232 015 | 261 361 | 280 159 |
| | Sum kap. 201 | 232 015 | 261 361 | 280 159 |

Utdanningsforskning

Noreg treng forskning av høg kvalitet om og for utdanningssektoren. Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjenning generelt, bidra til god praksis og høgare kvalitet i barnehagane, i skulane, i høgare utdanning og i kompetansepolitikken, og gi eit solid grunnlag for politikkutvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

FoU-statistikken frå NIFU viser at forskinga på barnehagen, grunnopplæringa, fagskulen, høgare utdanning og læring blant vaksne har auka i omfang dei siste åra. Den eksterne evalueringa av utdanningsforskninga i Noreg i 2018 viste at kvaliteten på og relevansen til forskinga er blitt betre, og fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram.

Departementet vil følge opp måla i *Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Forskning, kunnskapsmegling og bruk 2020–2024*. Mellom anna er det behov for å fremje metode- mangfald, styrke vitenskapleg kompetanse der forskningstradisjonane er svake, og stimulere både til samarbeid på tvers av forskingsdisiplinar og til brukarmedverknad i forskinga. Vidare trengst forskning som stimulerer til nærare samarbeid mellom lærarutdanningane og forskinga der og den forskinga som elles går føre seg i sektoren. Tverrfagleg forskning og samarbeid på tvers av fagdisiplinar og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt kan framleis styrkast, og det trengst meir forskning som tek for seg samansette problem i oppvekst- og utdanningssektoren. Det er òg behov for fleire kunnskapsoppsummeringar og betre tilgang til og deling av data som har relevans for utdanningssektoren. Departementet vil arbeide for at forskning i utdanningssektoren blir relevant, lett tilgjengeleg og forståeleg for brukarane.

Porteføljor og ordningar i Forskringsrådet, FoU-innsats i underliggende etatar, departementets egne utlysingar, og senterordningar er verke-

middel departementet tek i bruk for å følge opp dei langsiktige måla for utdanningsforskninga. Saman med grunnløyvingane til forskingsinstitusjonane skal dette bidra til kontinuitet og vidare oppbygging av forskinga som Kunnskapsdepartementet har sektoransvar for.

I strategien for utdanningsforskning blir nokre område med særskilde kunnskapsbehov framheva. Det trengst meir kunnskap om kva digitaliseringa inneber, til dømes om opplæring og undervising, læring hos barn, elevar og studentar, rolla til lærarane og forelesarane, og dessutan om oppvekstvilkåra for barn og unge. Det er òg eit behov for å styrke spesialpedagogikk som forskingsfelt. Det ligg føre lite forskning og statistikk om vaksne og deira opplæring i grunnskulen og vidaregåande skule. I høgare utdanning er det mellom anna behov for å styrke kunnskapsgrunnlaget om fagskular, overgongar, gjennomstrøyming og studentaktiv læring.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten finansierer aktivitetar som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om dei sektorane departementet har ansvaret for.

Mål for 2023

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken.

Resultat i 2021

Ein gjennomgang av Forskringsrådets aktivitetar retta mot utdanning og kompetanse i 2021 viser at Forskringsrådet har prosjekt innanfor nesten alle fagområde, men at det meste av den samla innsatsen går til fagmiljø i samfunnsvitenskap, der dei pedagogiske faga utgjør brorparten. Kvaliteten på søknadene til porteføljen for utdanning og kompetanse er høg, og det er fleire innovasjons- og samarbeidsprosjekt med forpliktande brukarmedverknad enn

tidlegare. Det har òg vore gjennomført ei særskild satsing for å bidra til å styrke kapasitet, kvalitet og kompetanse for forskning med effekt- og kontrollgrupper i utdanningssektoren.

Under halvdelen av prosjekta i porteføljen for utdanning og kompetanse omfattar internasjonalt prosjektsamarbeid, mest med Storbritannia og dei nordiske nabolanda. Like fullt er det teikn på auka internasjonalt engasjementet i utdanningsforskninga, både ved at forskarar har hatt suksess i det europeiske forskingsrådet (ERC), og at talet på prosjekt med samarbeid med utlandet har stige i 2021.

Forskning om barnehagesektoren, profesjonsutdanningane og høgare utdanning har auka. Det er flest prosjekt om grunnskule og høgare utdanning i porteføljen og færrest om læring for vaksne og vidaregåande opplæring.

Kunnskapsgrunnlaget for integreringsfeltet låg under Kunnskapsdepartementet i 2021. Resultat for integreringsfeltet er omtala i Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 280,1 mill. kroner på post 21.

Fagmiljøet for læringsanalyse (SLATE) ved Universitetet i Bergen skal styrke forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg. Midtvegsevalueringa skildrar eit unikt tverrfagleg forskingsmiljø og viser at senteret oppfyller måla i mandatet frå departementet. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga for senteret i 2023.

Kunnskapssenter for utdanning (KSU) blei flytta frå Forskingsrådet til Universitetet i Stavanger i 2019. Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga for senteret i 2023.

Statped skal ikkje lenger forske. I 2021 blei det derfor flytta 3 mill. kroner frå Statped til å opprette eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. I 2022 blei det totalt løyvd 6 mill. kroner til dette senteret. Departementet foreslår å flytte ytterlegare 1 mill. kroner, slik at det i 2023 totalt blir løyvd 7 mill. kroner til Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering (SpedAims). Senteret er eit samarbeid mellom universiteta i Oslo, Bergen, Stavanger og Agder og Nord universitet.

HK-dir har fått i oppdrag å starte eit program for betre deling av data om utdanning og forskning. Målet er ein infrastruktur for vidarebruk av data som gir rask, rimeleg og sikker tilgang. Data skal

kunne koplast på tvers av kjelder og innanfor og på tvers av verksemder og sektorar. Programmet starta opp i 2022, og oppdraget skal løysast i samarbeid med andre verksemder under Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til programmet Kunnskapssektorens datafellesskap (KUDAF) i 2023.

Centre for educational measurement (CEMO) ved UiO medverkar til nasjonal og internasjonal kompetanseutvikling innanfor pedagogiske målingar. Senteret har vore delfinansiert frå Kunnskapsdepartementet i 10 år, etter avtale. Den statlege delfinansieringa av senteret tek slutt i 2023, og departementet foreslår å løyve 8,1 mill. kroner til porteføljen for utdanning og kompetanse i Forskingsrådet. Departementet foreslår at desse midlane mellom anna blir nytta til å fremje forskning om og for utsette barn og unge, i tråd med *Barn og unge 21-strategien* som Barne- og familiedepartementet følger opp, og i tråd med regjeringas arbeid med sosial utjamning, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet og Prop. 1 S (2022–2023) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Departementet foreslår å løyve 1,2 mill. kroner til HK-dir for oppdraget med å vidareføre ADMOD-prosjektet i Statistisk sentralbyrå (SSB). Prosjektet framskriv langsiktige behov for og tilgang på kompetanse i Noreg. ADMOD er ei samfinansiering med Nærings- og fiskeridepartementet, med prosjektperiode 2021–24. Prosjektet er knytt til arbeidet i Kompetansebehovsutvalet (KBU).

Digitaliseringa har konsekvensar for utviklinga og læringa til barn og elevar, og det er behov for meir kunnskap om korleis digitaliseringa kan gå føre seg på best mogleg måte. Departementet tar sikte på å tildele 10 mill. kroner til Forskingsrådet til forskning på digitalisering i barnehagar og i grunnopplæringa. Satsinga vil bli tilpassa område i regjeringas komande strategi for digital kompetanse og infrastruktur som skal gjelde for barnehagar og grunnopplæringa. Deler av midlane oppførte til portefølje for utdanning og kompetanse i Noregs forskingsråd kan bli nytta av departementet til styrking av forskning på underforsa område innan utdanning.

Forskning og innovasjon er viktig for omstillinga av næringslivet og utviklinga av samfunnet. Satsinga FORINNPOL i Forskingsrådet finansierer tre senter som skal styrke kunnskapsgrunnlaget for forskings- og innovasjonspolitikken: R-Quest-senteret ved NIFU skal gi innsikt i korleis vi kan forstå og utvikle kvalitet i forskinga, medan OSIRIS-senteret ved UiO skal gi forståing av på

kva måte resultat og effektar av forskning oppstår. Senteret INTRANSIT ved UiO skal studere kva som kan fremje omstillinga til ein meir berekraftig

og smartare norsk økonomi. Departementet foreslår å løyve 13 mill. kroner til FORINNPOL-sentera i 2023.

Tabell 4.1 Løyvingar på kap. 201, post 21

| | (1 000 kr) |
|---|----------------|
| Midlar til portefølje for utdanning og kompetanse i Noregs forskingsråd. Porteføljen finansierer forskings- og innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren på alle nivå i utdanningsløpet | 201 900 |
| Program for framtidig deling av data om utdanning og forskning: Kunnskapssektorens datafelleskap (KUDAF) | 20 000 |
| Forskning om forskings- og innovasjonspolitikk (FORINNPOL) gjennom Noregs forskingsråd | 13 000 |
| Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger (KSU). Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa | 12 950 |
| Forskning på digitalisering i barnehagar og grunnopplæringa | 10 000 |
| Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering, SpedAims ved UiO | 7 000 |
| Fagmiljø for læringsanalyse (Center for the Science of Learning & Technology SLATE) ved Universitetet i Bergen | 6 050 |
| Nye analysar, forsøk og utgreiingar | 4 759 |
| Kunnskapsdepartementets statistikkavtalar med SSB, OECD og EU | 3 300 |
| ADMOD-prosjektet i SSB | 1 200 |
| Totalt | 280 159 |

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 220 | Utdanningsdirektoratet | 653 248 | 627 253 | 669 246 | 6,7 |
| 221 | Foreldreutvala for grunnpplæringa og barnehagane | 15 187 | 16 034 | 16 141 | 0,7 |
| 222 | Statlege skular og fjernundervisningstenester | 155 422 | 153 000 | 129 353 | -15,5 |
| 223 | Diamanten skole | | | 27 473 | 100,0 |
| 224 | Tilskot til freds- og menneskeretts-senter | 114 322 | 122 132 | 125 662 | 2,9 |
| 225 | Tiltak i grunnpplæringa | 1 631 431 | 1 918 965 | 2 384 721 | 24,3 |
| 226 | Kvalitetsutvikling i grunnpplæringa | 4 186 056 | 3 484 122 | 2 825 930 | -18,9 |
| 227 | Tilskot til særskilde skular | 229 789 | 230 986 | 222 277 | -3,8 |
| 228 | Tilskot til private skular o.a. | 6 197 458 | 5 908 747 | 6 471 436 | 9,5 |
| 229 | 22. juli-senteret | | | 52 667 | 100,0 |
| 230 | Statleg spesialpedagogisk teneste | 654 692 | 654 696 | 623 053 | -4,8 |
| Sum kategori 07.20 | | 13 837 605 | 13 115 935 | 13 547 959 | 3,3 |

Inntekter under programkategori 07.20 fordelt på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 3220 | Utdanningsdirektoratet | 1 846 | 2 406 | 2 478 | 3,0 |
| 3222 | Statlege skular og fjernundervisningstenester | 23 444 | 21 040 | 20 986 | -0,3 |
| 3223 | Diamanten skole | | | 685 | 100,0 |
| 3225 | Tiltak i grunnpplæringa | 6 130 | 11 201 | 76 128 | 579,7 |
| 3230 | Statleg spesialpedagogisk teneste | 31 978 | 32 295 | 33 264 | 3,0 |
| Sum kategori 07.20 | | 63 398 | 66 942 | 133 541 | 99,5 |

Innleiing

Det 18-årige utdanningsløpet for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring skal legge til rette for at alle barn og unge får like moglegheiter til å leve eit meningsfullt liv. Noreg har ein lang tradisjon i å gjere utdanning tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial bakgrunn, klasse og geografi. Fellesskulen er ein del av grunnmuren i den norske velferdsstaten. Det at alle møtest i dei same klasseromma og går gjennom det same opplæringsløpet er med på å bygge eit samfunn med høg tillit, små skilnader og stor omstillingsevne.

I Hurdalsplattforma peiker regjeringa på at auka avmakt, privatisering og sentralisering av tenester og auka ulikskap tærer på tillit, tryggleik og samhald. Dette stiller enda større krav til grunnopplæringa enn tidlegare, både på overordna nivå og for moglegheitene for den einskilde eleven. Regjeringa vil styrke fellesskulen og tilpasse grunnopplæringa til dagens utfordringar og moglegheiter.

Den norske grunnopplæringa skal vere blant dei som presterer best og er mest likeverdig i verda. Opplæringa skal bidra til eit berekraftig samfunn med små skilnader og høg tillit. Regjeringa vil prioritere ein sterk offentleg fellesskule framfor å privatisere skulen.

Utdanningsløpet skal gi større moglegheiter for den einskilde og mindre skilnader for samfunnet. Derfor vil regjeringa setje inn innsatsen på fem område:

Ein sterkare fellesskule

Noreg har lange tradisjonar med ein sterk offentleg skule. Ein fellesskule for alle sørger for at elevar med ulik bakgrunn og ulike interesser møtest og lærer saman. Regjeringa vil bygge vidare på denne tradisjonen. Regjeringa vil ha ein fellesskule som er så variert og god at alle elevar har moglegheit til å finne seg til rette. Den offentlege skulen skal møte det kompetansebehovet arbeidslivet har, og det behovet som kjem i åra framover.

Etter forslag frå regjeringa vedtok Stortinget våren 2022 ei ny privatskulelov. Lovendringane er ei oppfølging av Hurdalsplattforma og inneber at det ikkje lenger er høve til å få godkjent profilskular og private yrkesfagskular. Regjeringa greier og ut korleis lokale folkevalde kan få større innverknad på behandlinga av søknader om etablering av nye privatskular og utvidingar av eksisterande skular. Nokre private skular får særtilskot i

t tillegg til tilskot som følger av privatskulelova. Departementet foreslår i statsbudsjettet for 2023 å avvikle nokre av desse særtilskota.

Utjamning av sosiale skilnader

Alle barn og elevar skal ha likeverdige moglegheiter, uavhengig av familiebakgrunn. Barn av foreldre med låg utdanning og inntekt har mindre sjanse til å gjennomføre og prestere godt i utdanningsløpet enn andre barn. Forskinga har vist at innsats retta mot barn i barnehagealder er særleg verksamt både for å utjamne skilnader her og no, men også for å førebygge større skilnader på sikt. Regjeringa vil derfor bruke kompetansen og ressursane betre og meir målretta og rette særleg innsats mot barnehagen og dei tidlege skuleåra, der vi veit at innsatsen verkar best når målet er å utjamne sosiale skilnader. Regjeringa vil gjere barnehagen og skulefritidsordninga (SFO) meir tilgjengeleg gjennom lågare prisar. I tillegg vil regjeringa satse på kvalitet og kompetanse som gjer at barnehage, skule og SFO kan medverke til å utjamne dei sosiale skilnadene i samfunnet. Foreldreøkonomien skal ikkje vere avgjerande for val av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, og regjeringa vil derfor styrke utstyrsstipendet og bortebruarstipendet i vidaregåande opplæring.

Arbeidslinja skal ligge til grunn i arbeids- og velferdspolitikken, og fellesskapet skal stille meir opp med aktive tiltak for å få folk i arbeid. Fullført vidaregåande opplæring blir stadig viktigare for ei varig tilknytning til arbeidslivet. Ifølge SSB har 480 000 personar i alderen 25–59 år ikkje fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring. Regjeringa vil følge opp fullføringsreforma og sikre at vidaregåande opplæring kvalifiserer til læreplass, arbeid og vidare utdanning.

Tidlegare innsats

Tidlegast mogleg innsats er svært viktig i arbeidet med å redusere dei sosiale skilnadene i samfunnet og skape betre moglegheiter for alle. Regjeringa vil derfor auke innsatsen i småbarnsfasen, ein periode i livet som betyr mykje for barnas utvikling, ved å sjå kvalitetsutviklinga av barnehagane og skulefritidsordninga i samheng med tidleg innsats i skulen. Jo meir vi som samfunn har fått støtta småbarnsfamiliane i dei første åra, jo betre føresetnader vil barna ha seinare, både på skulen, i det vidare utdanningsløpet og i arbeidslivet.

Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging skal bli fanga opp tidlegare, slik at dei kan få den hjelpa og støtta som dei har rett til. Tidle-

gare innsats vil bidra til å førebygge at utfordringane og tilretteleggingsbehova for barn og unge vert endå større, og vil gi barn betre grunnlag for trivsel, utvikling og læring frå første stund. Dette vil kunne redusere behovet for å setje inn spesialundervisning seinare i utdanningsløpet, fordi fleire barn har fått hjelp tidlegare.

Tidlegare innsats krev eit sterkare lag rundt barna og elevane som har kompetanse til å oppdage ulike utfordringar og til å legge til rette for det pedagogiske tilbodet for alle barn og unge. Kompetansen til dei ulike yrkesgruppene i laget rundt barna og elevane må nyttast på best mogleg måte, slik at dette kan skje.

Ei opplæring som gir meistring og kvalifisering

Regjeringa vil at alle elevar skal få moglegheit til å utvikle seg, med eit meir variert, praktisk og kreativt pedagogisk tilbod. Regjeringa vil legge fram ei melding om korleis elevane sin motivasjon, meistring, læring og utvikling kan styrkast. Elevane på 5.–10. trinn skal oppleve ein meir praktisk og variert skule, og korleis vi vil vidareføre og styrke fagfornyninga og utløyse potensialet i dei nye læreplanane, vil inngå her.

Alle elevar og lærlingar i grunnopplæringa skal oppleve inkludering, trivsel, motivasjon og meistring, same kvar dei er i opplæringa. Det er viktig for fellesskapet at barn og unge med ulik bakgrunn lærer saman. Det er med på å bygge ned skilnader og bygge opp tilliten vi har til kvarandre. Alle elevar skal kunne gå på skule saman med barn frå nærmiljøet. Fellesskulen skal vareta mangfaldet av elevar og ha eit variert og tilpassa tilbod som gjer at alle kan utforske interessene sine og oppfylle potensialet sitt.

Den vidaregåande opplæringa skal gjere alle reelt kvalifiserte til læreplass, arbeid og vidare utdanning. Kompetansebehovet i landet skal ha meir å seie for dimensjonering, innhald og moglegheiter til å velje i vidaregåande opplæring. Opplæringa skal gjere elevane og lærlingane kvalifiserte gjennom gode fagkunnskapar, ferdigheiter og eit breitt grunnlag for vidare utdanning, arbeid og deltaking. Dette er viktig for å møte eit arbeidsliv i stadig raskare endring med nye behov for kompetanse.

Tillit og handlingsrom

Kompetansen til dei tilsette er den viktigaste ressursen for å sikre høg kvalitet på opplæringa. Kvalifiserte lærarar som har tid til å møte kvar einskild elev, er det viktigaste for elevanes

læring, trivsel og meistring. Regjeringa vil derfor investere meir i denne kompetansen, både gjennom kompetanseutvikling og gjennom tillit og handlingsrom. Regjeringa vil gjennomføre ei tillitsreform som skal gi innbyggjarane betre velferd og betre tenester gjennom å la dei tilsette få større moglegheit til å bruke profesjonen sin til å utøve oppgåvene. Den kompetansen som finst i utdanningssektoren, er eit viktig grunnlag for tillitsbasert leiging og mindre detaljstyring. Regjeringa vil bygge vidare på dette og bidra til å styrke profesjonane. Dei tilsette i barnehagar og skular må få meir tid til barna og elevane og til kjerneoppgåvene sine, og kompetansen deira må bli brukt betre. Regjeringa vil unngå unødvendig statlege føringar, reglar, standardar og liknande. Forsøk, utviklingsprosjekt og utprøvingar vil vere ein viktig del og ha særleg merksemd i arbeidet.

Forslaget til ny opplæringslov som regjeringa tek sikte på å legge fram våren 2023, vil innebere ein tydelegare lovttekst med klårare statlege føringar og forventningar. Dette vil bidra til tillitsreforma ved at lova blir enklare å forholde seg til. For meir omtale av tillitsreforma, sjå del III, kap. 10 Fornye, forenkle og forbetre.

Følgande overordna mål er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.20:

- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring
- Ein meir samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge
- Medarbeidarane i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet

Grunnopplæringa er i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale prioriteringar og behov. Dette gjeld midlar til både drift, investeringar og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa. Fylkeskommunane gir tilskot til lærebedriftene etter satsar som er fastsette av departementet.

Nedanfor følger hovudprioriteringane til regjeringa for 2023, deretter omtale av tiltak som gjeld følgene av covid-19-pandemien. Etter det kjem det

ein brei omtale av ulike tema innanfor grunnopplæringa, der både vurdering av tilstanden og forslag til tiltak for å møte utfordringane inngår. Samla sett viser omtalen korleis tiltak i sektoren skal medverke til å nå dei overordna måla til regjeringa.

For statistikk og meir informasjon om ressursbruken i grunnopplæringa, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Sjå òg relevant omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2023

Regjeringa prioriterer tiltak for at fleire skal delta i arbeidslivet. Det å kvalifisere folk til arbeid er viktig både for å dekke opp mangelen på arbeidskraft på kort sikt, og for å møte omstillingane Noreg står overfor på lengre sikt.

Fullført vidaregåande opplæring er viktig for den einskilde, det gir arbeidslivet tilgang på kompetanse, og det er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Alle som går inn i vidaregåande opplæring, skal bli kvalifiserte til læreplass, arbeid, utdanning og livslang læring. Regjeringa foreslår derfor ein auke på om lag 330 mill. kroner til tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Det inkluderer vidareføring og styrking av tilskotet til Fagbrev på jobb.

Samla foreslår regjeringa nær 1 mrd. kroner til tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring på kap. 225, post 69. Budsjettforslaget omfattar 458 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Det er ein reel auke på nær 80 mill. kroner i høve til 2022. Tilskotet til Fagbrev på jobb vart etablert i 2020, som svar på utfordringar i arbeidsmarknaden etter utbrotet av covid-19-pandemien. Fagbrev på jobb er ei effektiv ordning for at fleire skal ta eit fagbrev medan dei er i arbeid. Dermed vil dei stå tryggare i eit arbeidsmarknad i stadig endring. Regjeringa foreslår å vidareføre og styrke tilskotet til Fagbrev på jobb til 60 mill. kroner i 2023.

Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov våren 2023. Regjeringa foreslår 302 mill. kroner for at personar utan lovfesta rett til vidaregåande opplæring kan få studie- eller yrkeskompetanse, og 149 mill. kroner for at fleire som har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, skal få tilbod om å ta eit fagbrev. Budsjettforslaget legg til rette for at det kan bli innført ein fullføringsrett og ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering frå hausten 2024.

Budsjettforslaget legg òg til rette for andre lovendringar som skal bidra til å auke fullføringa i

vidaregåande opplæring. Midlane blir lagde i rammetilskotet og gir fylkeskommunane høve til å tilpasse seg dei varsla lovendringane før dei eventuelt tek til å gjelde. Det omfattar 8,5 mill. kroner til å utvide øvre aldersgrense for målgruppa for oppfølgingstenesta for personar utanfor utdanning og arbeid frå 21 til 25 år. Det blir vidare foreslått 22,5 mill. kroner for å legge til rette for tilgang til rådgiving for lærlingar og 12,5 mill. kroner som legg til rette for ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å sørge for rådgiving for vaksne i grunnopplæringa. I tillegg foreslår regjeringa 7,5 mill. kroner som skal legge til rette for ein rett til særskild norskopplæring for vaksne i grunnopplæringa og 10 mill. kroner til ei plikt for kommunane og fylkeskommunane til å gi ein trygg og god overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring.

Regjeringa foreslår å vidareføre lærlingtilskotet på nominelt same nivå som i 2022. Tiltaket gir ei innsparing på 105 mill. kroner, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir redusert tilsvarande. Dette gir rom for å prioritere andre tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa.

Regjeringa foreslår 57,3 mill. kroner til å auke bortevarstipendet for elevlar i vidaregåande opplæring for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg. I budsjettforslaget inngår òg 50,1 mill. kroner til å auke utstyrsstipendet, for å gi betre samsvar mellom stipendet og utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i vidaregåande opplæring. Tiltaka skal bidra til sosial utjamning og styrke fellesskolen. Forslaga om å auke stipenda for elevlar og lærlingar i vidaregåande opplæring er omtalte under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Regjeringa foreslår 10 mill. kroner til tillitsforma. Midlane skal mellom anna gå til lokale pilotar og prosjekt i barnehagar og skular.

Regjeringa foreslår å styrke ordninga med tilskot til skulebibliotek og lesestimulering med 7,5 mill. kroner til totalt 25 mill. kroner. Regjeringa foreslår at styrkinga særleg blir retta mot levekårsutsette område.

Regjeringa foreslår å fortsetje opptrappinga av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis og ei løyving på 150 mill. kroner i 2023.

I Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa både vil auke kvaliteten i SFO og senke foreldrebetalinga. Frå hausten 2022 får alle elevlar på 1. trinn tilbod om tolv timar gratis SFO per veke. Dette er ei historisk utviding av fellesskolen, og det er med på å gi familiar med barn på 1. trinn

over heile landet ei gjennomsnittleg årleg innsparring på om lag 20 000 kroner. Heilårsverknaden i 2023 er på om lag 1,4 mrd. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 10 mill. kroner i 2023 til auka kompetanse for tilsette i SFO.

Regjeringa vil gjennomføre eit krafttak for samisk språk ved å auke løyvinga for tilskot til opplæring i samisk språk i grunnopplæringa med 17,5 mill. kroner. Berekningsreglane for tilskotsordningane for samisk språk er kompliserte og gir store skilnader i tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Satsinga er ei monaleg styrking av opplæring i samisk.

Covid-19-pandemien

Covid-19-pandemien fekk store konsekvensar for grunnopplæringa. For å hindre smittespreiing vart det innført omfattande smitteverntiltak i form av trafikklysmoellen, nokre skulebygg måtte stenge i periodar, og nokre elevar hadde mykje digital heimeundervisning. Særleg i visse delar av landet hadde dei eldste elevane strenge tiltak over tid.

Fleire rapportar har peika på at elevar har opplevd mangel på fagleg og sosialt fellesskap, meir einsemd og dårlegare psykisk helse under pandemien. Vi veit òg at mange elevar med vedtak om spesialundervisning eller særskild språkopplæring har fått eit redusert tilbod i periodar med bemanningsutfordringar i skulane. Gjennom Utdanningsdirektoratet har departementet sett i gang fleire forskingsprosjekt for å få kunnskap om korleis pandemien har påverka barn og unge på lengre sikt. Vi veit at det har vore store geografiske skilnader i korleis pandemien har ramma, og at særleg Oslo-regionen og andre tettbygde område har hatt lange periodar med særstrenge tiltak. Samstundes tyder fleire undersøkingar på at mange barn og unge har takla pandemien bra, og resultat på nasjonale prøvar har vore stabile.

I saldert budsjett for 2022 blei det løyvd 216 mill. kroner til tiltak mot tapt fagleg og sosial læring. I tillegg vart det i behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2022 løyvd 75 mill. kroner for å motverke negative konsekvensar av covid-19-pandemien. Midlane gjekk til Oslo kommune og andre geografiske område som har hatt strenge smitteverntiltak over tid, og til målretta tiltak som skal hjelpe barn og elevar som har vore særleg hardt ramma av pandemien. Vi veit at pandemien har ramma ulikt, og det er derfor viktig for regjeringa at kommunar og fylkeskommunar har rom

til å utforme tiltak etter lokale behov. Styrking av kommuneøkonomien medverkar òg til å gi kommunane handlingsrom.

Det nye læreplanverket for fagfornyinga, læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 / læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 – Samisk (LK20/LK20S) blei teke i bruk frå hausten 2020. I 2020 var det stor semje mellom partane i skulen om ikkje å utsetje innføringa på grunn av pandemien, men Utdanningsdirektoratet og partane rapporterer om at den langvarige pandemisituasjonen har gjort innføringa utfordrande mange stadar. Det har mellom anna vore vanskeleg å førebu innføringa av dei nye læreplanane og å legge til rette for samarbeid på skulane. I pandemiåra utsette mange kommunar å kjøpe inn nye læremiddel til dei nye læreplanane, eller dei prioriterte å kjøpe inn digitale læremiddel. Den pågåande evalueringa av innføringa av ny rammeplan i SFO viser at pandemien òg har vore hemmande for arbeidet med den nye rammeplanen.

Regjeringa avlyste eksamen i grunnskulen og vidaregåande opplæring som skulle vore gjennomført våren 2022. Til grunn for avgjerda låg mellom anna tilrådinga frå Utdanningsdirektoratet, drøftingar med relevante organisasjonar i skulesektoren, fylkeskommunane og statsforvaltarar. Covid-19-pandemien har slått ulikt ut, noko som har ført til stor variasjon i opplæringa. Eksamenar for privatistar og nokre emne der eksamen er nødvendig for å bestå, vart gjennomførte. I 2023 vil eksamenar i grunnopplæringa bli avvikla som vanleg.

Ei anna følge av covid-19-pandemien er at dei vanlege reglane for fråvær i vidaregåande opplæring har blitt sette til side. Dei ordinære reglane for fråvær tok til å gjelde igjen frå skulestart hausten 2022.

Den mellombelse lova om tilpassingar i barnehagelova, opplæringslova og privatskulelova er av beredskapsomsyn vidareført ut 2022. I lova er det ei rekkje reglar om kva rettar som gjeld når skular er stengde eller har avgrensa drift, mellom anna om kven som uansett skal ha eit tilbod i barnehagen og skulen, reglar som gir rett til opplæring heime, og reglar om foreldrebetalinga i barnehagen og skulefritidsordninga.

Trivsel, læring og motivasjon

Dei fleste trivst på skulen, men det er fleire utfordringar i læringsmiljøet til elevane

Opplæringa skal danne heile mennesket og gi kvar og ein høve til å utvikle evnene sine. Barn og unge lever her og no, og skulen må anerkjenne eigenverdien i barndommen og ungdomstida.

Opplæringa skal òg gi eit godt utgangspunkt for deltaking i både yrkesfagleg og studieførebuande utdanning og i arbeids- og samfunnsliv.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova kap. 9 A. Gjennom *Elevundersøkelsen 2021* rapporterer elevane i all hovudsak at dei har eit godt læringsmiljø, men vi ser òg ei negativ utvikling. På 7. trinn var det ein nedgang på alle indeksane frå 2020 til 2021. Motivasjonen til elevane har i fleire år vore fallande gjennom grunnskulen og lågast på 10. trinn. For elevane på 7. trinn har det vore ein gradvis nedgang i trivsel og motivasjon frå 2016, og nedgangen held fram i 2021. Spørjeundersøkinga *Ungdata 2022* viser at den generelle trivselen i skulen er høg. Samstundes ser vi at den delen som seier dei trivst, har gått noko ned over tid. Vi ser òg at delen elevar som ofte gruar seg til å gå på skulen, har auka over tid. Når det gjeld dei yngste barna, har vi lite kunnskap om praksis i norske førsteklasserom. Det er òg lite kunnskap om overgangen frå barnehage til skule.

Elevundersøkelsen 2021 viser at 5,9 pst. av elevane som deltok i undersøkinga, opplever at dei blir mobba 2–3 gongar i månaden eller oftare. Det tilsvarende talet var 6,0 pst. i 2019 og 5,8 pst. i 2020. Sjølv om tala er stabile, er det framleis svært mange elevar som opplever at dei ikkje har det trygt og godt på skulen. Prosentdelen av elevar som opplever at dei blir mobba, er høgast på mellomtrinnet.

Ei rekke undersøkingar viser at en del barn og unge slit psykisk, noko covid-19-pandemien har vore med på å forsterke. Psykiske vanskar er ei av fleire viktige årsaker til at elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring.

Innsats for eit trygt og godt skulemiljø

Barn og unge skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Mobbing på skulen og andre arenaer skal førebyggast og takast raskt tak i. Regjeringa vil forsterke førebygginga av mobbing og læringsmiljøutfordringar, mellom anna ved å gjennomføre eit breitt kompetanseutviklingsprogram for tilsette i skulen. Det er fleire ulike nasjonale kompetanse tiltak som skal gi barnehagar, skular og eigarar støtte til å bygge trygge og gode miljø, og til å førebygge, avdekke og handtere mobbing. I tillegg vil regjeringa, i samarbeid med sentrale aktørar i sektoren, vurdere om ein kan vidareutvikle tilboda om kompetanseutvikling på dette området. I 2023 foreslår regjeringa mellom anna å styrke kurstilbodet Dembra ved Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret)

med 2 mill. kroner. Dembra – demokratisk beredskap mot rasisme og anitsemittisme og udemokratiske haldningar – gir kompetanseutvikling innanfor tema som skal gi ei motvekt mot fordomar, hatefulle ytringar og gruppefientlege haldningar, slik at elevane kan få reflektere over korleis til dømes gruppetenking påverkar korleis vi ser på oss sjølve og «dei andre» og korleis orda vi bruker kan påverke andre. Det å skape respekt for at menneske er ulike og lære elevane å løyse konflikstar på ein fredeleg måte, er ein viktig del av arbeidet skulen skal gjere for å skape trygge og gode skulemiljø og førebygge mobbing.

Departementet foreslår å setje av 1,5 mill. kroner til å auke kunnskapsgrunnlaget om elevanes trivsel i skulen, jf. mellom anna funn i *Ungdata 2022* og *Elevundersøkelsen 2021* om nedgang i trivsel og motivasjon.

Hausten 2017 kom det nye reglar for skulemiljø. Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ein ny og heilskapleg opplæringslov våren 2023. Regjeringa vil gå gjennom kapittel 9a i opplæringslova i dialog med partane i skule, slik at rettstryggleiken til både elevar og lærarar blir vareteken på ein betre måte.

Reglane for skulemiljø inkluderer handhevingsordninga, som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til statsforvaltaren dersom skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Statsforvaltarane opplever aukande saksmengd, noko som fører til lang saksbehandlingstid og dårlegare kapasitet hos statsforvaltarane. I handhevingsordninga var gjennomsnittleg saksbehandlingstid ved klager på manglande oppfylting av aktivitetsplikta, 54 dagar i 2018. Etter dette har saksbehandlingstida auka for kvart år. I 2021 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på 82 dagar. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til ordninga frå 40 til 45 mill. kroner.

Offentlege tenester utanfor skulen kan vere svært viktige for å betre den psykiske helsa til barn og unge. Vi treng ein skule som samarbeider godt med andre offentlege tenester, og som legg til rette for elevar med psykiske vanskar. Sjå meir omtale av tverrfagleg samarbeid lenger nede.

Ein god skulestart- evaluering av seksårsreforma og tiltak i SFO

OsloMet er i gang med ei evaluering av seksårsreforma, og ein første delrapport kjem i oktober 2022. Prosjektet til OsloMet tek utgangspunkt i ei heilskapleg tilnærming for å sjå på skulekvardagen til dei yngste elevane. Regjeringa er oppteken av at dei yngste elevane skal ha ein god skulestart og ein

god skulekvardag. Det er i dag for lite kunnskap om kva for pedagogiske praksisar som pregar dei første skuleåra. Regjeringa vil følge opp funn og vurdere eventuelle tiltak når evalueringa er ferdig.

Skulen skal legge til rette for at elevane får best mogleg utbyte av den ordinære opplæringa. Det skal vere skilnad på skulekvardagen til ein seksåring og til ein eldre elev. Dei nye læreplanane seier at leik, undring og utforsking skal ha ein tydeleg plass dei første skuleåra.

Ein god barnehage og eit godt SFO-tilbod er viktige føresetnader for at dei første skuleåra skal bli bra for dei yngste elevane. Auka kvalitet og deltaking i barnehage er omtalt i programkategori 07.30. Frå hausten 2022 får alle elevar på 1. trinn tilbod om tolv timar gratis SFO per veke. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 10 mill. kroner i 2023 til auka kompetanse for tilsette i SFO.

Kulturskulen skal nå ut til fleire barn og unge

Regjeringa vil arbeide for at alle barn og unge skal ha høve til å få undervisning på kulturskulen, men samstundes skal kommunane ha handlingsrom til å vareta sitt ansvar. I Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge* er det uttrykt eit ønske om at kommunen, som eigar av både skulane og kulturskulane, ser tilsetjingar i grunnskulen, SFO og kulturskulen i samanheng. Kulturskuletilsette utan lærarutdanning kan bli kvalifiserte for tilsetjing i kombinerte undervisningsstillingar ved å ta praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), og målgruppa for utdannings- og rekrutteringsstipendet til PPU er blitt utvida slik at skuleeigarar også kan søke om dette for kulturskulelærarar. Norsk kulturskoleråd får tilskot over kap. 225, post 75 for å drive ulike utviklingstiltak.

I skuleåret 2021–22 var det om lag 83 000 elevar i grunnskulealder i kulturskulen, det vil seie om lag 13 pst. av alle barn i denne aldersgruppa. I 2022 valde regjeringa å fornye og vidareføre *Fritidserklæringa*, ein intensjonsavtale mellom frivillige organisasjonar, regjeringa og KS. Kulturskulen kan reknast som ein organisert fritidsaktivitet og skal derfor vere ein del av samarbeidet. Kunnskapsdepartementet og Norsk kulturskoleråd underteikna som nye partar i erklæringsgruppa. Fritidserklæringa slår fast at alle barn skal ha rett til å delta jamleg i fritidsaktivitetar saman med andre.

Innføringa av 12 timar gratis SFO for elevar på 1. trinn vil gi fleire tilgang til SFO. Gjennom samarbeidet mellom SFO og kulturskulen vil kommunane også bidra til sosial utjamning i kven som får nytta kulturskuletilbodet.

Stort sett stabile læringsresultat, men nokre utviklingstrekk gir grunn til bekymring

Læringsresultata for norske elevar er jamt over stabile, men nokre utviklingstrekk gir likevel grunn til bekymring. Kunnskapsløftet som blei innført i 2006, skulle betre elevanes læringsresultat. Sjølv om fleire kull no har gjennomført heile grunnskuleopplæringa etter læreplanverket for Kunnskapsløftet er det lite som tyder på at læringsresultata på ungdomstrinnet er endra.

Dei internasjonale undersøkingane TIMSS og PIRLS viser gode resultat i lesing, matematikk og naturfag for norske elevar på 5. trinn. Dei norske 5.-klassingane oppnår til dømes sær gode resultat i matematikk og er blant dei som presterer best i matematikk i Europa. Over tid har det òg vore ein jamn framgang i leseresultata på 5. trinn, og 5.-trinnslevane presterer generelt på eit høgt internasjonalt nivå. Resultata på dei nasjonale prøvane på 5. og 8. trinn er stabile og viser ingen store endringar over tid. Samstundes tyder mellom anna PISA-resultata på at det er aukande kjønnskilnader, og at det blir fleire elevar som presterer svakt i skulen. Resultata frå TIMSS-2019 tyder òg på at elevane på ungdomstrinnet ikkje presterer på same høge internasjonale nivå som elevane på 5. trinn. Her ser vi tvert om eit fall i resultata frå 2015, særleg i naturfag.

Etter fleire år med betring i PISA-resultat viser resultata frå 2018 også ein tilbakegang i leseferdigheitene til elevane på 14 poeng samanlikna med 2015. Fleire gutar presterer på lågt nivå samanlikna med tidlegare. 26 pst. av gutane presterer på lågt nivå i lesing. Elevar som presterer på lågt nivå i lesing, vil kunne lese og forstå enkle tekstar, men har problem med tekst der innhaldet ikkje er kjent frå før, eller tekstar som er lange eller komplekse.

Når det gjeld nasjonale prøvar, er prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst skilnader i lesing og minst skilnader i engelsk. Tala må tolkast i lys av at prosentdelen som er fritekne, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre. Butida har mykje å seie for meistringsnivået til elevane. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde med innvandrarforeldre i lesing. Elevar med høgare utdanna foreldre gjer det betre på nasjonale prøvar enn elevar som har foreldre med mindre utdanning. Samanhengen mellom utdanninga til foreldra og resultata for elevane har vore stabil over tid. For meir statistikk

om læringsresultat, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Covid-19-pandemien har slått ulikt ut, noko som har ført til stor variasjon i opplæringa. Det er sett i gang fleire forskingsprosjekt for å få kunnskap om korleis pandemien har påverka barn og unge på lengre sikt. Samstundes tyder fleire undersøkingar på at mange barn og unge har takla pandemien bra, og resultat på nasjonale prøvar har vore stabile.

Styrking av skulebiblioteka skal medverke til betre leseferdigheiter

Gode leseferdigheiter er avgjerande for elevane, både her og no og for det livet dei skal leve i framtida. Vi veit frå undersøkingar at norske elevar fordjupar seg sjeldnare i lange tekster samanlikna med elevar frå nabolanda. Det er òg slik at halvparten av 15-åringane seier dei ikkje les på fritida. Forsking tydar på at det å vere positivt innstilt til å lese er viktig for leseforståinga. Vi veit òg at gode lesarar er kjenneteikna av å gode og hensiktsmessige lesestrategiar. Frå PISA-undersøkinga veit vi at elevanes bakgrunn har betydning for leseferdigheitene.

Regjeringa vil bidra til leselyst ved å styrke skulebiblioteka. I 2022 blei tilskotet til skulebibliotek auka til 17,5 mill. kroner, og i 2023 vil regjeringa auke tilskotet til 25 mill. kroner. Tilskotet skal saman med betre kommuneøkonomi medverke til at skulebiblioteka kan vere ein arena for leseglede for alle elevgrupper og i alle fag. Midlane skal vere med på å styrke arbeidet med lesestimulering og skape ein inkluderande arena som tek omsyn til dei ulike føresetnadene barn og unge har. Regjeringa ønsker å rette ein særleg innsats mot skulebibliotek i levekårsutsette område.

Nymelding om 5.–7. trinn og ungdomsskulen – betre læring og høgare motivasjon

Regjeringa vil legge fram ei melding som ser på utfordringar i skulekvardagen og relaterte tema for barn og unge på 5.–10. trinn. Trass i auka innsats dei siste tiåra, lukkast vi mellom anna ikkje med å heve resultat på ungdomstrinnet, vi ser større faglege skilnader mellom elevane og at fleire elevar presterer lågt fagleg. Vi ser òg at det har vore ei auke i delen elevar som rapporterer om psykiske vanskar, særleg blant jenter, og at det har vore ei negativ utvikling i motivasjonen til elevane og korleis dei opplever skulemiljøet.

Desse utfordringane handlar ikkje berre om forhold som ligg i skulen, men òg om større samfunnsutfordringar som skulen ikkje kan løyse aleine. Kvardagslivet til dei unge har endra seg mykje dei siste åra. Bruk av smarttelefonar, sosiale medium og andre former for teknologi er i mykje større grad ein del av kvardagen no enn for berre 10 år sida. Dette har òg konsekvensar for skulekvardagen. Meldinga skal derfor òg sjå nærare på korleis ulike samfunnsendingar dei siste åra påverkar elevane og skulekvardagen.

Elevar lærer ulikt og ein meir praktisk og variert opplæring kan bidra til å betre motivasjonen og læringa til elevane. I tillegg vil meir praktisk læring kunne førebu dei betre til både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Det nye læreplanverket som vart teke i bruk hausten 2020 legg stor vekt på det praktiske og utforskande i mange fag, men det er behov for å sjå på fleire moglege tiltak som kan bidra til å realisere potensialet i fagfornyninga og korleis innhaldet i skulen kan opplevast meir relevant for elevane.

Regjeringa ønsker brei involvering i arbeidet med meldinga og i utviklinga av tiltak, særleg av elevar og dei som jobbar i skulen. Kunnskapsdepartementet har mellom anna etablert eit elevpanel som skal følge arbeidet og gi innspel.

Oppfølging av fagfornyninga for å utvikle fellesskulen

Regjeringa vil realisere potensialet i fagfornyninga og vareta og utvikle ein fellesskule som er så variert og god at alle elevar har moglegheit til å finne seg til rette. Den nye overordna delen av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Dei nye læreplanane i fag skal gi elevane og lærarane meir tid til det viktigaste i faget, og elevane skal lære å bruke det dei har lært, i ulike samanhengar. Dei skal få tid til å gå i djupna, reflektere og tenke kritisk rundt det dei lærer. Dei nye læreplanane har òg eit meir framtidsretta og relevant innhald, og læreplanverket skal bidra til eit verdiløft i opplæringa. Med fagfornyninga har mange av faga fått ei meir praktisk og utforskande tilnærming, ikkje berre dei praktiske og estetiske faga, men også fag som naturfag og matematikk.

Undersøkingar viser at pandemien har påverka innføringa av fagfornyninga, og regjeringa ønsker å legge til rette for ei revitalisering av fagfornyninga ved å samarbeide med sentrale partar i skulesektoren og undersøke kva for støtte skulane treng i den vidare innføringa. Departementet

vil følge med på om intensjonane i fagfornyninga faktisk blir realisert.

Fagfornyninga blir evaluert i perioden 2020–25. Regjeringa vil justere fagfornyninga på bakgrunn av kunnskapen vi får frå evalueringa og andre kunnskapskjelder om kvaliteten i skulen. Evalueringa blir leia av eit programstyre som består av forskarar og representantar frå Utdanningsforbundet og KS. Programstyret skal sikre høg fagleg kvalitet i evalueringsprogrammet. Evalueringa er delt inn i fem prosjekt som undersøker ulike delar av fagfornyninga. Det handlar om prosessen med å utvikle læreplanane, kvaliteten på læreplanverket, korleis læreplanane blir tekne i bruk, og endringar i skulen som følge av fagfornyninga.

Motivasjon og meistring i vidaregåande opplæring

Når alle i eit ungdomskull skal gå gjennom vidaregåande opplæring, må også opplæringa vere tilrettelagd for alle. Regjeringa ønsker at alle skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifiserte til arbeidsliv og vidare utdanning. Ein relativt stor del av elevane i vidaregåande opplæring har utfordringar med psykisk helse. Andre elevar har mangelfulle norskkunnskapar eller manglar eit godt fagleg grunnlag frå grunnskulen. Vidaregåande opplæring skal gi gode fagkunnskapar, ferdigheiter og det breie grunnlaget elevane treng for vidare utdanning og arbeid. Med utvida rettar, som er foreslått i høyringsnotatet om ny opplæringslov, vil fleire kunne bruke den tida dei treng for å bli kvalifiserte og få betre støtte undervegs i opplæringa. I tillegg vil fleire personar som har gått ut av vidaregåande opplæring utan å fullføre, få ei ny moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Sjå nærare omtale under overskrifta Fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring.

Elevane med nedsett funksjonsevne i vidaregåande opplæring er ei samansett elevgruppe, og kan ha mange ulike utfordringar. Det er sett i gang eit arbeid med ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og meir likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring.

Kvalitetsvurderingssystemet og korleis det kan bidra til kvalitetsutvikling

Dagens kvalitetsvurderingssystem består av ulike prøvar, verktøy og datakjelder som er innførte på ulike tidspunkt og med ulike grunngevingar og formål. Systemet har blitt skildra som lite samanhengande og utan tydeleg avgrensing. Det har vore usemje og ulike oppfatningar om formålet med kvalitetsvurderingssystemet, omfanget og

bruken av resultatane. Norsk skule har utvikla seg mykje sidan nasjonale prøvar og brukarundersøkingar vart innførte tidleg på 2000-talet.

Regjeringa vil vidareutvikle kvalitetsvurderingssystemet til eit system som legg vekt på utvikling av fagleg og pedagogisk kvalitet, og som ikkje medverkar til detaljstyring og omfattande krav om rapportering og dokumentasjon. Kvalitetsutviklinga i skulen skal medverke til at alle elevane får ei opplæring i eit skulemiljø som er i tråd med opplæringslova med forskrifter, læreplanverket og andre mål for skulen. Det breie mandatet til skulen og det doble formålet om danning og utdanning, slik det er gjort greie for i overordna del av læreplanverket, skal ligge til grunn for arbeidet med kvalitetsutvikling.

Som varsla i Hurdalsplattforma har regjeringa sett ned eit partssamansett utval som skal kartlegge og gjennomgå kva behov lærarar, skuleleiarar, skuleeigarar og nasjonale myndigheiter har for verktøy, prøvar og datakjelder til kvalitetsutvikling. Utvalet skal foreslå endringar i dagens kvalitetsvurderingssystem slik at det legg betre til rette for kvalitetsutvikling. Utvalet skal levere delrapport og sluttrapport i løpet av 2023.

Ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur

Kunnskapsdepartementet skal vinteren 2022–23 legge fram ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur. Formålet er å konkretisere ambisjonane i Hurdalsplattforma om digitalisering og arbeide for at den digitale kompetansen til barn og unge blir utvikla betre, tryggare og med tettare kopling til sosial utvikling og fagleg læring. Strategien skal gjelde for barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring i perioden 2023–30. Den nye strategien vil erstatte den gjeldande strategien og handlingsplanen som gjeld ut 2022. Strategien skal fungere som eit overordna politisk styringsdokument for utvikling av digital kompetanse og gi retning for gode val for digitaliseringa fram mot 2030. Strategien blir utvikla i samarbeid med kommunal sektor og vil medverke til å styrke felles forståing og effektiv ansvarsdeling mellom statleg og kommunalt nivå i tillegg til å gi eit betre kunnskapsgrunnlag om digitalisering. Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner til meir kunnskap om digitalisering i skule og barnehage, sjå omtale under kap. 201, post 21.

Regjeringa har bestemt at ung.no skal vere statens primære tverrsektorielle kanal for digital informasjon, dialog og digitale tenester til barn og unge på tvers av tenestenivåa gjennom realisering av DigiUng-programmet. Helse- og omsorgsde-

partementet og Barne- og familiedepartementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Justisdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet utvikle DigiUng vidare. Sjå også omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet, Programkategori 11.10 Familie og oppvekst og Prop. 1 S (2022–2023) for Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 762, post 21.

Sosial utjamning for ei mangfaldig elevgruppe

Dei økonomiske skilnadene i samfunnet er aukande, krava til formell kompetanse i arbeidslivet blir større, og behovet for arbeidskraft aukar i takt med at vi går inn i ei tid med fleire eldre og færre yrkesaktive. Utdanning medverkar til høgare deltaking i samfunns- og arbeidslivet, og utdanning er derfor ein nøkkel til å løyse utfordringane samfunnet står framfor. Den norske fellesskulen rommar ei mangfaldig elevgruppe og skal gi alle elevar god opplæring, same kva sosial bakgrunn dei har. Likevel er det for mange som av ulike årsaker ikkje får godt nok utbytte av opplæringa. Familiebakgrunnen til elevane, som utdanninga og inntekta til foreldra og manglande norskferdigheiter, har i dag for mykje å seie for skuleprestasjonane deira.

I dag fullfører ifølgje SSB i overkant av 80 pst. av alle som byrjar på vidaregåande opplæring. Det er 8,5 prosenteningar høgare enn for ni år sidan. Det er ein særleg sterk samanheng mellom resultat i grunnskulen og det å fullføre vidaregåande opplæring. Fullføringa dei siste åra auka mest blant innvandrara, elevar med foreldre som har lite utdanning, og elevar med svake karakterar frå grunnskulen. Det er likevel framleis store sosiale skilnader.

Det er stor variasjon i korleis elevar med innvandrarbakgrunn gjer det på skulen. Sosial bakgrunn og manglande norskferdigheiter er to viktige forklaringar på at ein del elevar med innvandrarbakgrunn ikkje presterer på nivå med andre elevar. Det er særleg elevar som sjølve har innvandra til Noreg, og som har kort butid i landet, som har utfordringar med norskferdigheiter og skuleresultata. For statistikk om læringsresultat, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Nokre bustadområde i dei større byane er prega av stor grad av levekårsutfordringar, til dømes lågt utdanningsnivå, svak tilknytning til arbeidslivet, låg gjennomsnittsinntekt og tilhøyrande barnefattigdom. I NOU 2020: 16 *Levekår i byer* peikar By- og levekårsutvalet på at det å bu i

utsette område kan ha negative konsekvensar for utdanninga til barna, det kan påverke resultatane i opplæringa og i kva grad elevane gjennomfører vidaregåande opplæring. I dette budsjettet vidarefører og forsterkar regjeringa innsatsen overfor elevar som bur i område med særskilt store levekårsutfordringar.

Regjeringa vil at utdanningssystemet i større grad enn i dag skal bidra til å redusere skilnader mellom grupper i samfunnet og auke sjansane den einskilde har til å forme livet sitt slik ein sjølv ønsker og forbetre den sosioøkonomiske situasjonen sin. Sjølv om norsk barnehage, skule og SFO er velfungerande i internasjonal målestokk, vil vi at fleire enn i dag fullfører skuleløpet med eit vitnemål eller fag- eller sveinebrev. På den måten kan vi redusere skilnadene i samfunnet, auke tilgangen til arbeidskraft og avgrense sosialhjelpskostnadene.

Tiltak for å redusere sosial ulikskap

Styrke den tidlege innsatsen

Regjeringa vil styrke barnehagen og dei første åra i fellesskulen, slik at innsatsen blir sett inn tidleg og tilbodet blir tilpassa mangfaldet av barn og elevar. Det er avgjerande at innsatsen blir sett inn tidlegare, dermed kan familiebakgrunnen få mindre å seie for korleis barna og elevane utviklar seg og lærer. Vi treng systematisk kunnskap om korleis barnehagar, skular og SFO verkar inn på sosial utjamning. Barne- og familiedepartementet har i august 2022 oppnemnt ei ekspertgruppe som skal foreslå tiltak som både gir betre levekår for barn som veks opp i fattigdom, og som i tillegg skal førebygge at fattigdom går i arv. Kunnskapsdepartementet vil hausten 2022 oppnemnde ei ekspertgruppe som skal gi eit kunnskapsgrunnlag og tilrådingar om korleis barnehagar, skular og SFO kan vere med på å jamne ut sosiale skilnader. Vidare foreslår departementet å styrke porteføljen for utdanning og kompetanse i Forskringsrådet med 8,1 mill. kroner, og at desse midlane mellom anna blir nytta til å fremje forskning om og for utsette barn og unge, sjå meir omtale under programkategori 07.10, kap. 201, post 21.

Nykomne elevar som både skal starte på skule i eit nytt land og lære seg norsk, har ei særskild utfordring i skulen. Utdanningsdirektoratet har utvikla eit nytt digitalt verktøy for kartlegging av norskferdigheiter i skulen, og verktøyet blir vidareutvikla i 2022 og 2023. Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har fått i oppdrag å gjennomføre eit djupstudium for å styrke kunnskapsgrunnlaget om

opplæringstilbudet for nykomne elevar. Sluttrapporten skal ligge føre i mars 2024. Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) har ulike tiltak som skal gjere opplæringa betre for nykomne elevar.

Staten samarbeider med nokre kommunar om områdesatsingar i levekårsutsette område, og Kunnskapsdepartementet deltek i områdesatsinga i Groruddalen for 2017–26 og områdesatsinga i Oslo Sør for 2018–26. Det er årleg blitt løyvd midlar til programområdet Oppvekst og utdanning, for å prøve ut ulike ordningar i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring som på sikt kan inngå i ordinær verksemd og medverke til å forhindre fråfallet i vidaregåande opplæring. For meir omtale, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet, inkludert omtale av oppfølginga av NOU 2020: 16 *Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle* og arbeidet med ei melding som skal følge opp forslaga i NOU-en.

I samsvar med Hurdalsplattforma vil regjeringa forsterke og utvide områdesatsingane i dei store byane, dette som eit ledd i å utjamne skilnader i levekår, sikre sosial mobilitet og førebygge barnefattigdom. For 2023 foreslår departementet å løyve 15 mill. kroner til auka bemanning i skular i levekårsutsette område, jf. omtale under kap. 226, post 21.

Tilgangen til SFO og kvaliteten på tilbudet

SFO er ein viktig arena for inkludering. Tilbudet kan bidra til sosial utjamning ved å gi alle barn tilgang til ein felles arena for leik, læring, vennskap og kultur- og fritidsaktivitetar. Det er elevar som ikkje deltek i SFO på grunn av familieøkonomien. Regjeringa vil at alle barn skal ha høve til å delta i SFO.

I statsbudsjettet for 2022 blei det løyvd 655 mill. kroner til å innføre tolv timar gratis SFO for alle førsteklasingar frå hausten 2022. Dette kjem i tillegg til dei eksisterande moderasjonsordningane for elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt og gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn. I tillegg til dei forskriftsfesta rettane er det eigne tilskotsordningar for lågare foreldrebetaling i SFO ved private skular som ønsker å tilby tilsvarende redusert foreldrebetaling som det er i offentlege SFO.

Kompetanse blant dei tilsette er den viktigaste faktoren for god kvalitet på SFO-tilbudet. God kompetanse er særleg viktig for inkludering av utsette barn. Det har lenge vore stor variasjon i innhaldet i og kvaliteten på SFO-tilbudet, noko

som blei omtalt i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Hausten 2021 tok ny nasjonal rammeplan for SFO til å gjelde, og regjeringa vil styrke arbeidet med denne.

Det har blitt brukt lite ressursar for å auke kvaliteten i SFO, og det har vore få tilbud om kompetanseutvikling for dei tilsette. Det er ingen krav til kompetanse for tilsette i SFO i dag, men det er i 2022 løyvd midlar til utvikling av kompetansehevingstiltak for dei tilsette, slik at dei kan få tilstrekkeleg kompetanse til å kunne følge opp rammeplanen for SFO. Ei evaluering av implementeringa av den nye rammeplanen er i gang, og første delrapport frå mai 2022 viser at 95,5 pst. av SFO-leiarane og 65 pst. av dei tilsette fortel at dei kjenner rammeplanen godt. Leiarane seier at den viktigaste faktoren for arbeidet med rammeplanen er deira eigen kompetanse.

Regjeringa vil styrke kvaliteten på SFO-tilbudet og foreslår å løyve 10 mill. kroner til tiltak for å styrke kompetansen blant tilsette i SFO. Utdanningsdirektoratet har i 2022 fått i oppdrag å utvikle kompetansetiltak for leiarar i SFO. Direktoratet skal også kartlegge behova for kompetanseheving for andre tilsette i SFO og levere ei anbefaling tidleg i 2023.

Barn og unge med behov for særskild tilrettelegging
Elevar med behov for særskild tilrettelegging får ikkje alltid den støtta dei har rett til

Ifølge opplæringslova § 1-3 skal opplæringa tilpassast behova og føresetnadene til elevane slik at dei får best mogleg utbyte av opplæringa. Elevar som ikkje har, eller som ikkje kan få, tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbudet, har rett på spesialundervisning, jf. § 5-1. I 2021 fekk 7,7 pst. av elevane spesialundervisning. Det er omkring tre gongar så mange elevar som får spesialundervisning på 10. trinn (10,5 pst.) som på 1. trinn (3,5 pst.).

Mange elevar får ikkje tilpassa og inkluderande opplæring i samsvar med det regelverket tilseier. Dette har også vore tilfellet under pandemiperioden, sjå omtale under overskrifta «Covid-19-pandemien». Fleire elevar med behov for særskild tilrettelegging blir oppdaga for seint, og opplæringa er ikkje alltid tilpassa dei føresetnadene og behova som elevane har, jf. mellom anna Innst. 188 S (2019–2020), Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* og rapport frå ekspertutvalet for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging (Nordahl-rapporten) frå 2018.

Mangelen på samordning av offentlege tenester kan føre til problem for barn og unge og familiane deira som av ulike årsaker har samansette utfordringar. Dette kan føre til at hjelp ikkje kjem fram, eller ikkje blir gitt i tide. Det er godt dokumentert at tverrfagleg samarbeid mellom ulike velferdstenester er utfordrande og ofte ikkje fungerer godt nok, noko som kan føre til at viktig og nødvendig informasjon ikkje kjem fram til dei som treng det. Det kan føre til at elevane ikkje får den hjelpa dei har behov for i tide, eller ikkje i det heile teke. Det er òg stor variasjon mellom kommunar i korleis dei organiserer tverrfagleg samarbeid mellom tenestene.

Styrking og betre samordning av tilbodet til elevar med behov for særskild tilrettelegging

Betre lovverk og eit kompetanseløft i spesialpedagogikk

Regjeringa vil styrke den tidlege innsatsen i barnehage og skule. Alle barn og elevar skal bli fanga opp og følgde opp så tidleg som mogleg, slik at ein unngår at utfordringane blir større utover i utdanningsløpet. I arbeidet med ny opplæringslov vurderer regjeringa fleire endringar og presiseringar som vil styrke tilbodet til barn med behov for særskild tilrettelegging. Forslag til ny opplæringslov skal etter planen leggast fram for Stortinget våren 2023.

Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis er godt i gang og vil bli ei varig ordning frå 2025. Vidareutdanningstilbodet i spesialpedagogikk for lærarar i skulen er òg styrkt med meir enn 400 plassar i 2022. I tillegg er det sett i gang pilotar og forskingsoppdrag, og det er etablert eit forskingssenter for spesialpedagogisk forskning og inkludering (SpedAims) som skal bidra til å styrke kunnskapen på feltet, sjå omtale under programkategori 07.10, kap. 201, post 21. For omtale av Statped, sjå under kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste.

Styrking av det tverrfaglege samarbeidet mellom offentlege tenester

I Hurdalsplattforma står det at regjeringa vil styrke laget rundt eleven og den tidlege tverrfaglege innsatsen med mellom anna barne- og ungdomsfagleg kompetanse, miljøterapeutar og styrkt skulehelseteneste. Det er behov for meir kunnskap om desse yrkesgruppene og korleis dei blir brukte som ressurs i barnehagen og skulen. Departementet vil vurdere tiltak for å styrke laget rundt barna og elevane.

I Hurdalsplattforma er det varsla at det skal utarbeidast ein opptrappingsplan for helsestasjons- og skulehelsetenesta. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa å auke det øyremerkte tilskotet til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta med 45 mill. kroner. Sjå omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Riksrevisjonen la i juni 2022 fram Dokument 3:8 (2021–2022) *Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes innsats mot vold i nære relasjoner*. Rapporten omfattar ei spørjing til tilsette i barnehagar og skular, og viser at det er behov for meir kompetanse om vald og overgrep. I oppfølginga av Hurdalsplattforma har Justis- og beredskapsdepartementet sett i gang eit samarbeid om ein ny opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Riksrevisjonens rapport vil bli følgt opp i dette arbeidet.

1. august 2022 tok fleire lovendingar om samarbeid mellom velferdstenestene til å gjelde. Endringane omfattar 14 velferdstenestelover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og ein rett til barnekoordinator, jf. Innst. 58 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringar i velferdstenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Lovendingane blir følgevaluerte i perioden 2022–27. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet har i fellesskap utarbeidd ein rettleiar for samarbeids- og samordningsreglane.

Det er eit stort behov for å koordinere samarbeid om utsette barn og unge som overskrid sektorområde og forvaltingsnivå, og i denne samanheng er det oppretta ei tverrdepartemental kjernegruppe mellom relevante departement for å sikre samarbeid og forankring av arbeidet for utsette barn og unge i utgreiings-, avgjerds- og iverksetjingsfasen, jf. omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet.

Kompetansen til dei tilsette i grunnopplæringa

Behov for å rekruttere, utdanne og behalde fleire kvalifiserte lærarar

Det viktigaste for at barn og unge skal lære, føle meistring og trivast, er at dei møter kvalifiserte lærarar som har tid til å sjå den einskilde eleven. Grunnopplæringa stiller krav til kompetansen hos lærarane, men det er framleis undervisningsper-

sonale som ikkje oppfyller krav for tilsetjing, eller som ikkje oppfyller krava til fagleg fordjuping i undervisningsfaga sine.

Skuleeigarar rapporterer planlagde årsverk for neste skuleår til Grunnskulens informasjonssystem (GSI). Det har vore ein auke i planlagde årsverk dei seinaste åra. Det har også vore ein auke i talet på undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Siste året var det likevel ein auke i prosentdelen tilsette som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. For 2021–22 rapporterte skuleeigarane i GSI at 2 300 årsverk av den planlagde undervisninga i grunnskulen ville bli utførte av undervisningspersonale som ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing.

Framskrivningar frå SSB tyder på at talet på grunnskulelærarar vil auke i dei komande åra sett opp mot etterspurnaden. Forventa nedgang i befolkningsvekst og fødselstal er den viktigaste årsaka til dette. Dersom framskrivninga viser seg å stemme, gir det gode føresetnader for å sørge for at alle som jobbar som lærarar i skulen, oppfyller krava for tilsetjing.

Det er geografiske variasjonar, og mange stadar i landet er det utfordringar med å rekruttere søkarar til lærarutdanningane. Det er i år til dømes fleire kvalifiserte søkarar til GLU 1–7, men likevel færre tilbod på grunn av kamp om plassane nokre stadar. Menn som har fått tilbod, utgjer 19,3 pst., mot 20,3 pst. i 2021 og 21 pst. i 2020. Det er i år ein nedgang på søkarar og tilbod om studieplassar for både GLU 5–10 og lektorutdanning for 8.–13. trinn. Utan bortfall av firarkravet i matematikk ville det vore endå færre kvalifiserte søkarar til lærarutdanningane.

Mange lærarar opplever overgangen frå utdanning til yrket som vanskeleg. Dei første åra som nyttilsett lærar kan vere krevjande, men er på same tid viktige for å utvikle seg i lærarrolla. Det er derfor viktig med god rettleiing, både for å støtte den faglege utviklinga og for å hindre fråfall frå lraryrket. Det er framleis ei utfordring at mange nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnopplæringa ikkje får rettleiing.

Tiltak for å styrke lærarprofesjonen og auke prosentdelen av kvalifiserte lærarar i grunnskulen

Regjeringa vil møte lærarmangelen dei nærmaste åra med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og behalde fleire kvalifiserte lærarar. God kompetanse i sektorane på ulike nivå er eit viktig grunnlag for tillitsreforma, og regjeringa vil vidareutvikle begge delar og sjå dei i samanheng.

Rekruttering og utdanning av fleire kvalifiserte lærarar i skulen

Departementet finansierer ulike tiltak med mellom anna følgande formål:

- auke talet på søkarar
- kvalifisere søkarar som ikkje oppfyller krava
- oppnå større studentmangfald og mangfald blant lærarane i barnehagen og skulen
- kvalifisere lærarar som ikkje har fullført lærarutdanninga som dei har starta på

For nærare omtale av tiltaka, sjå kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Styrking av lærarprofesjonen

Regjeringa styrker lærarprofesjonen gjennom mellom anna tillitsreforma, ordningane for vidareutdanning, tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling, rettleiing av nyutdanna nyttilsette og ei ny partsforankra ordning som skal styrke karriereweigar for lærarane. Regjeringa har sørga for at fleire kan få vidareutdanning i praktiske og estetiske fag. Ein sentral del av det vidare arbeidet med å styrke lærarprofesjonen er oppfølginga av NOU 2022: 13 *Med videre betydning. Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole* som blei lagd fram hausten 2022. Tillitsreforma som regjeringa har sett i gang saman med partane i sektoren, inneber mellom anna å gi dei tilsette større innverknad på eige arbeid. Auka tillit vil bidra til sterkare profesjonsfellesskap.

SSB vil våren 2023 kome med ei kartlegging som viser talet på studiepoeng lærarane har i undervisningsfaga sine. Departementet vil ta med kunnskap frå kartlegginga i arbeidet med vidareutdanningane.

Det er sett i gang eit arbeid med partane for å revidere vidareutdanningsstrategien *Kompetanse for kvalitet*, som skal gjelde fram til 2025. Strategien handlar om prinsippa for vidareutdanningsordningane.

Regjeringa vil innføre varig unntak frå kravet om fagleg fordjuping i undervisningsfag for lærarar som oppfylte krava for å bli tilsett som lærar før 1. januar 2014, eller som har allmennlærerutdanning. Eit forslag om dette var på høyring våren 2022 og vil etter planen bli lagt fram som del av forslag til ny opplæringslov våren 2023. Unntaket frå kompetansekrava vil bidra til å behalde fleire lærarar med lang fartstid og erfaring i skulen. Det gir større handlingsrom lokalt til å vurdere kva for behov ein har. Utover det skal kompetansekrava bli ståande.

Tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling gir støtte til kollektiv kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale vurderingar av kompetansebehov i barnehagar og skular, og gjennom partnerskap med universitet eller høgskule. Retningslinjene for tilskotsordninga tok til å gjelde frå 2021 og omfattar følgande:

- regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, jf. omtale under programkategori 07.30 Barnehagar
- desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule
- kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Regjeringa foreslår å halde fram den planlagde opptrappinga av kompetanseløftet, slik at det samla blir løyvd 150 mill. kroner til ordninga i 2023.

Regjeringa vil samarbeide med partane på feltet, slik at fleire nyutdanna nytilsette lærarar får rettleiing. I 2022 har departementet saman med partane sett ned ei arbeidsgruppe som vil vurdere justeringer i dokumentet *Prinsipper og forpliktelser for veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole*.

Pilotprosjektet der ein prøvde ut ei ordning med lærarspesialistar, har blitt avvikla. Regjeringa vil i staden legge til rette for fleire karriereveggar i skulen gjennom ei partsforankra ordning som gir lærarar betre tid til utviklingsarbeid, og som styrker profesjonsfellesskapa i skulen. Ordninga vil mellom anna bygge på erfaringar og evalueringa av pilotordninga med lærarspesialistar. Departementet har sett i gang arbeid saman med partane i arbeidslivet og andre aktørar.

Tiltak for å gi betre støtte til kommunar med utfordringar

Oppfølgingsordninga er administrert av Utdanningsdirektoratet og er ei ordning som gir treårig


støtte til kommunar som har svake resultat på sentrale område av opplæringa over tid, slik som læringsmiljø, nasjonale prøver og grunnskulepoeng. Eksterne rettleiarar og statsforvaltaren støttar kommunane i å analysere eigne data for å finne relevante tiltak. Arbeidsforskningsinstituttet AFI – OsloMet har fått i oppdrag å evaluere tilskotsordningane for lokal kompetanseutvikling for skule og yrkesfag, pluss oppfølgingsordninga. Evalueringssprosjektet starta hausten 2019 og går over seks år, til utgangen av 2025. Departementet vil vurdere behovet for å utvikle ordninga vidare.

Fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring

Fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Høg yrkesdeltaking er eit av fundamenta for det norske velferdssamfunnet. Fleire analysar finn eit stadig skarpere skilje mellom dei som har fullført vidaregåande opplæring, og dei som ikkje har det, jf. NOU 2021: 2 *Kompetanse, aktivitet og inntekts-sikring* og NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole og vidaregåande opplæring*. Trenden er at sysselsettinga for personar utan fullført vidaregåande opplæring går ned, og delen som mottek uføretrygd går opp. Det å ikkje ha fullført vidaregåande opplæring blir ei kjelde til utanforskap og sosiale skilnader.

Tal frå SSB viser at 80,4 pst. av dei som starta opplæringa i 2015, hadde fullført og bestått i løpet av 5 år (studieførebuande utdanningsprogram) / 6 år (yrkesfaglege utdanningsprogram). Aldri tidlegare har ein så stor del fullført innan målepunktet, 5/6 år etter oppstart. Delen som har fullført, har auka kvart år i ei årrekke. Men når fire av fem fullfører, inneber det òg at det er mange tusen som ikkje fullfører vidaregåande opplæring kvart år.



Figur 4.1 Fullføring i vidaregåande opplæring, antal år etter start. 2011-kullet

Kjelde: SSB

Resultata frå grunnskulen er einskildfaktoren som har størst innverknad på fullføringa av vidaregåande opplæring. Ein stor del av elevane med få grunnskulepoeng fullfører ikkje. Det tyder på at vidaregåande opplæring ikkje er godt nok tilpassa elevar med svake faglege føresetnader.

Vidaregåande opplæring er òg i for liten grad tilpassa den mangfaldige elevgruppa. Elevar med behov for særskild tilrettelegging får lite råd og bistand ved overgangen til vidaregåande opplæring. Det same gjeld ved overgangen frå vidaregåande opplæring til utdanning eller arbeid.

Vidaregåande opplæring er ikkje godt nok tilpassa vaksne. Ifølgje SSB har 480 000 personar i alderen 25–59 år ikkje fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring. Verken innhaldet eller organiseringa av opplæringa for vaksne er tilpassa dei samansette behova vaksne har. Manglande faglege og språklege føresetnader er den viktigaste årsaka til at vaksne i dag ikkje får gjennomført grunnskulen eller vidaregåande opplæring. Vaksne har i tillegg ofte jobb- og familieforpliktingar som gjer det vanskeleg å ta utdanning på heil tid.

Elevane som går ut av dei studieførebuande utdanningsprogramma, er ikkje godt nok førebudde på studiar i høgare utdanning. Det er ein klar samanheng mellom karakterar i vidaregåande opplæring, kor godt førebudde elevane kjenner seg, og fullføring i høgare utdanning.


Fagopplæringa er ikkje godt nok tilpassa behova i arbeidslivet

Behovet for fagutdanna er stort, og framskrivningar frå SSB viser at Noreg vil mangle om lag 90 000 fagarbeidarar innan 2035. Fag- og yrkesopplæringa skal medverke til å dekke behovet for faglært arbeidskraft, både med nok fagarbeidarar og med rett kompetanse.

Over halvparten av dei som startar på vidaregåande opplæring, vel yrkesfag. For mange av desse får ikkje læreplass, og for mange fell ifrå. Det er langt færre som fullfører av dei som vel yrkesfag, enn dei som vel studieførebuande på vidaregåande. Om lag fire av ti personar som startar i fag- og yrkesopplæringa, har teke fag- eller sveinebrev eller oppnådd yrkeskompetanse i løpet av seks år.

Det er fleire faktorar som påverkar moglegheita til å få ein læreplass. Dei som har gode karakterar og lågt fråvær, har lettare for å få læreplass enn dei som ikkje har dette. Mangelfullt samarbeid mellom aktørar som fylkeskommune, skule og opplæringskontor kan òg vere eit hinder for å få læreplass.

Av dei som er fagutdanna, er fire av fem i jobb første året etter at dei bestod fag- eller sveineprøva. Det er ulike tradisjonar for kva status eit fagbrev har i ulike bransjar. Regjeringa er oppteken av å heve statusen til fag- og yrkesopplæringa og at det blir utdanna fagarbeidarar til yrker som har stort behov for faglært arbeidskraft.



Figur 4.2 Sysselsetjingsstatus for fagutdanna første året etter oppnådd fag- eller sveinebrev, 2020 og 2021

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Regjeringa vil prioritere tiltak for å auke fullføringa i vidaregåande opplæring og kvalifisere fleire for læreplass, arbeid og vidare utdanning i statsbudsjettet for 2023. Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert av dei frie inntektene til fylkeskommunane (rammetilskot frå staten og skatteinntekter). Regjeringa forventar at den samla innsatsen frå staten og fylkeskommunane skal gi betre fullføring av vidaregåande opplæring.

Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet for at personar utan lovfesta rett til vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Midlane legg til rette for å finansiere ein fullføringsrett frå hausten 2024. Den fylkeskommunale oppfølgingstenesta skal følge opp dei ungdommane som ikkje er i arbeid eller opplæring. Når retten til vidaregåande opplæring blir utvida, bør oppfølgingstenesta få ansvar for ei større aldersgruppe enn i dag. Regjeringa foreslår derfor midlar som legg til rette for å utvide den øvre aldersgrensa for målgruppa for tenesta frå 21 til 25 år.

Regjeringa foreslår midlar som legg til rette for å lovfeste ei plikt til ein trygg og god overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring. Mange kommunar og fylkeskommunar har gode rutinar for denne overgangen, men det er ikkje alltid tilfellet. Nokre elevar har behov for tett oppfølging i overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring.

Regjeringa foreslår å auke bortebruarstipendet for elevar i vidaregåande opplæring, for å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg. Sjå omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Eit løft for fag- og yrkesopplæringa

Regjeringa har sett i verk ei satsing for å få fleire ut i lære i eit trygt og godt arbeidsliv. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa å auke tilskotet for at fleire skal få læreplass, gjennom betre kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Målgruppa er både elevar som allereie frå Vg1 har ein risiko for ikkje å få læreplass, og elevar som er i Vg3 i skule, og som treng læreplass. Satsinga følger opp Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026) som har som mål at alle elevar som er formelt kvalifiserte, skal få læreplass. For å få endå fleire læreplassar i privat sektor, vurderer regjeringa endringar i lærlingklausulen i samanheng med arbeidet med Noregsmodellen for offentlege innkjøp.

Regjeringa tek sikte på å fremje eit forslag om ny opplæringslov våren 2023. Regjeringa tek sikte på å foreslå at dei som har opplæring i lærebedrift, skal få tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og sosiale og personlege forhold. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa midlar som legg til rette for eventuelt å innføre ein slik regel.

Innføringa av fagfornyninga for yrkesfaglege utdanningsprogram er fullført frå skuleåret 2022–

23. Myndighetene har i samarbeid med partane i arbeidslivet, endra tilbudsstrukturen for yrkesfaga og fornya læreplanane. Målet er yrkesfaglege utdanningsprogram som er framtidsretta og relevante for elevar, lærlingar og arbeidslivet.

Fag- og yrkesopplæringa stiller høge krav til at utstyret i opplæringa er oppdatert og kvalitets-sikra. Det er no i gang eit forsøk med ulike model-lar for å stimulere til finansiering av det utstyret som skulane har ansvar for i fag- og yrkesopplæ-ringa. Målet er å finne ut kva for modellar som er berekraftige, og som kan gi den beste utstyrssitu-asjonen over tid. Det skal forskast på forsøket, og ein rapport skal vere klar sommaren 2023. Regje-ninga vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området, etter at rapporten er klar.

For å ha ein inkluderande fellesskule er det eit grunnleggande prinsipp at familieøkonomien ikkje skal vere avgjerande for moglegheitene du har. Mange elevar har betydelege utgifter til nød-vendig utstyr i vidaregåande opplæring. Regje-ninga vil betre samsvaret mellom utgiftene som den einskilde har til nødvendig utstyr i opplæringa og utstyrsstipendet frå Lånekassen. Derfor fore-slår regjeringa i statsbudsjettet for 2023 å styrke utstyrsstipendet, særleg for yrkesfaga. Sjå pro-gramkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Betre tilrettelagd opplæring for vaksne

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Full-føringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* slutta Stortinget seg til at modulstruktu-rert opplæring skal bli hovudmodell for all opplæ-ring for vaksne. Det vil seie at opplæringa skal vere betre tilpassa livssituasjonen til vaksne, og at opplæringa kan gjennomførast på ulike arenaer, som innan introduksjonsprogrammet, i arbeids-marknadstiltak, i bedrifter og på skulen.

Nye modulstrukturerte læreplanar skal etter planen takast i bruk frå skuleåret 2024–25. Det pågår eit forsøk med modulstrukturert opplæring

for vaksne, som blir finansiert over programkate-gori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring, kap. 258, post 21. Den nye opplæringa skal bygge vidare på erfaringane i forsøket.

Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet for at personar som allereie har ein studie- eller yrkes-kompetanse, kan få sjansen til å ta eit fagbrev. Budsjettet legg til rette for å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering frå hausten 2024.

Ordninga Fagbrev på jobb er utvikla i tråd med behova vaksne har for tilpassa opplæring. Vaksne får gjennom ordninga moglegheit til å ta fag- eller sveinebrev i kombinasjon med arbeid. Målgruppa er vaksne som er i eit arbeidsforhold, men regjeringa vil også sjå på korleis ordninga kan nå fleire. Regjeringa vil gi fleire vaksne som manglar formell kompetanse høve til å ta eit fag-brev medan dei er i arbeid. Derfor foreslår regje-ninga å auke tilskotet til Fagbrev på jobb i stats-budsjettet for 2023.

Regjeringa tek sikte på å fremje eit forslag om ny opplæringslov våren 2023. Regjeringa tek sikte på å foreslå ei plikt for kommunen og fylkeskom-munen til å sørge for rådgiving for vaksne i grunn-opplæringa. Betre rådgiving om utdannings- og yrkesval vil bidra til at fleire vaksne fullfører opp-læring med ein sluttkompetanse som er nyttig for den einskilde og for samfunnet. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa midlar som legg til rette for eventuelt å innføre denne plikta frå haus-ten 2024.

Opplæringslova gir i dag ikkje reglar om sær-skild språkopplæring for vaksne i vidaregåande opplæring. Regjeringa tek sikte på å innføre ein rett til særskild norskopplæring for vaksne i vida-regåande opplæring som ikkje kan følge opplæ-ringa på norsk. Tilstrekkelege norskkunnskarar er ein føresetnad for å kunne følge opplæringa. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa midlar som legg til rette for eventuelt å innføre ein slik rett frå hausten 2024.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 362 370 | 351 748 | 386 324 |
| 21 | Særskilte driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> | 199 536 | 200 805 | 206 103 |
| 70 | Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> | 91 342 | 74 700 | 76 819 |
| | Sum kap. 220 | 653 248 | 627 253 | 669 246 |

Utdanningsdirektoratet har oppgåver innanfor myndigheitsutøving, vurdering, analyse, utvikling, støtte og rettleiing i barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren. Arbeidet med digitalisering og bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet skal vere integrert i anna arbeid direktoratet gjer, og i dei statlege tiltaka som blir gjennomførte på utdanningsområdet.

Løyvingane under kap. 220 finansierer ordinære driftsoppgåver i direktoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel. Det er til dømes mellombelse oppgåver som gjeld kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnopplæringa og i barnehagen, jf. kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa og kap. 231 Barnehagar. Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre budsjettkapittel. Direktoratet er delegert myndigheit i forvaltningssaker som gjeld

- etatsstyring av statlege skular som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- etatsstyring av statsforvaltaren på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følger av barnehagelova, opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova
- tolking av og rettleiing om barnehagelova, opplæringslova, privatskulelova og folkehøgskulelova med forskrifter på nasjonalt nivå
- tilskot til styrking av norskspråkleg utvikling for minoritetsspråklege barn i barnehage, eksamensavvikling, private skular, folkehøgskular, freds- og menneskerettssenter og andre formål, jf. kap. 224, 225, 226, 227, 228, 231 og 253

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2023

Dei overordna sektormåla som er omtala i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til direktoratet.

Måla for verksemda til direktoratet i 2023 er:

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket
- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar

Resultat i 2021

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter

Alle barn og unge har rett til eit inkluderande barnehage- og skulemiljø. Under covid-19-pandemien i 2021 har det vore eit prioritert område å understreke kor viktig barnehagen og skulen er som ein arena for barn og unge.

Ifølge rammeplanen skal barnehagen fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn opplever å bli sett og kan delta i leik. Barne-

hagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet. Eit kompetent personale er ein føresetnad for å få dette til å fungere. Direktoratet har i oppgåve å forvalte rammeplanen og støtte opp om forståinga og bruken i barnehagane. Direktoratet har utvikla støttemateriell som ligg tilgjengeleg i rammeplanvisninga på udir.no. Dette hadde mange besøk i 2021. Det er særleg korte filmar og rettleiarar som bidreg til refleksjonar, som får flest treff.

I 2020 blei det sett i gang ei evaluering av seksårsreforma, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Dei første delrapportane kjem hausten 2022. Denne evalueringa vil gi oppdatert kunnskap om korleis dei yngste elevane opplever skulekvardagen. Oppdraget har også blitt utvida med to rapportar om konsekvensar av koronapandemien i barnehagen og for begynnaropplæringa.

Direktoratet starta i 2020 arbeidet med å utvikle ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga (SFO), jf. omtale i kategoriinnleiinga. Rammeplanen tok til å gjelde 1. august 2021. Målet er å oppnå eit meir likeverdig SFO-tilbod i heile landet samstundes som det skal vere rom for lokale prioriteringar og lokal variasjon. Direktoratet heldt fram med å utvikle støtteressursar for kvalitetsutvikling og innføringa av rammeplanen.

Alle læreplanane for Vg2 og særlep blei fastsette våren 2021 og var klare til oppstart i august 2021. 177 læreplanar for Vg3 blei fastsette i løpet av 2021. I tillegg er det fastsett fire læreplanar med fordjupingsområde. For å støtte innføringa av fagfornyninga har direktoratet halde fram med å utvikle og vidareutvikle støtte til innføringa av fagfornyninga. Døme på dette er nettressursar på udir.no og eit planleggingsverktøy som del av læreplanvisninga, i tillegg til at direktoratet har vidareutvikla kompetansepakken for innføring av fagfornyninga og utvikla ein eigen kompetansepakke for innføring av nye læreplanar for opplæring i bedrift.

Prøvane som blir utvikla nasjonalt, blir jamleg vidareutvikla, slik at dei er relevante og oppdaterte. I samband med innføringa av nytt læreplanverk starta direktoratet i 2020 opp eit arbeid med å revidere rammeverket for nasjonale prøvar. Rammeverket skal publiserast før gjennomføring av prøvane hausten 2022. Direktoratet arbeider parallelt med å få på plass nye beskrivingar av meistringsnivå med mål om publisering samstundes med rammeverket.

Direktorata som har delteke i 0–24-samarbeidet, har arbeidd for at utsette barn og unge og familien deira skal få eit godt og samordna tilbod.

Prosjektet blei avslutta i mars 2021. Departementa og direktorata jobbar vidare med meir varig struktur for samordning på tvers. Sjå meir omtale under kap. 226, post 64.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

For å sikre eit godt barnehagetilbod og god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Parallelt med satsinga på vidareutdanning har direktoratet vidareutvikla dei kollektive barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingstiltiltaka. I 2021 blei retningslinjene for tilskot til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring fastsette som forskrift. Tilskot for lokal kompetanseutvikling omfattar regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skule og kompetanseløftet i spesialpedagogikk. Ordningane skal bidra til styrkt kollektiv kompetanse ut frå lokale behov og gjennom partnerskap med universitet eller høgskule.

Direktoratet har i 2021 gjennomført søknadsbehandling til vidareutdanning, og totalt har 1 719 tilsette frå barnehagesektoren og 8 760 frå skulesektoren fått tilbod om vidareutdanning. Deltakarundersøkingar har i fleire år vist at deltakarane stort sett er godt nøgde med innhaldet i vidareutdanningstilboda og opplever eit godt læringsutbyte.

For å halde oppe god kvalitet i vidareutdanningstilbod for lærarar og leiarar i barnehage og skule er direktoratet avhengig av å ha eit oppdatert og fornya kunnskapsgrunnlag og vere tett på ny forskning på feltet. Direktoratet gjennomfører mellom anna deltakarundersøkingar og evalueringar, noko som også er gjort i 2021.

Direktoratet har også i 2021 utarbeidd mykje støttemateriell til arbeidet med kompetanseutvikling i barnehage, SFO og skule. Kompetansepakkar blir utvikla i samarbeid med ulike universitet og høgskular til fleksibel bruk ved kompetanseutvikling i barnehage, SFO og skular. Pakkane har eiga leiarstøtte for gjennomføring og kan nyttast i samband med ordningar for lokal kompetanseutvikling.

Direktoratet har eit kontinuerleg og omfattande samarbeid med universitet og høgskular. Samarbeidet er viktig for å gi tilsette i barnehage og skule gode kompetanseutviklingstilbod. Direktoratet deltek i ulike referansegrupper, har observatørrolle i ulike fora og har sekretariatsansvar for Fagleg råd for lærarutdanning 2025. Direktoratet

er dessutan oppdragsgivar for ulike studietilbod og forskings- og evalueringstiltak, noko som også krev god dialog med universitet og høgskular.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Direktoratet bruker ulike verktøy for at barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndighetene skal forstå og etterleve regelverket. Barn, unge og foreldre må også få vite kva krav regelverket stiller til barnehagar og skular, og kva rettar dei har etter lova. Direktoratet jobbar for å tilpasse informasjonen og rettleiinga til den einskilde målgruppa og bruker mellom anna digitale løysingar i arbeidet med å formidle og forvalte regelverket.

Covid-19-pandemien har sett sitt preg på arbeidet med regelverket i 2021. Direktoratet har brukt mykje tid på å avklare rammene for barnehage- og opplæringsstilbodet. Forholdet mellom mellom-bels covid-19-regelverk, smittevernlovgivinga og det ordinære barnehage- og opplæringsregelverket har vore område med stort behov for rettleiing og avklaringar. For å sikre eit best mogleg opplærings- og barnehagetilbod under pandemien har direktoratet i samarbeid med Folkehelseinstituttet mellom anna utarbeidd informasjon og rettleiarar for smittevern for skular og barnehagar i fleire omgongar. Direktoratet har jobba tett saman med både Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Barne- og familiedirektoratet under heile pandemiperioden.

På rettstryggleiksområdet er rettleiing i regelverket, klagesaksbehandling og tilsyn med barnehagemyndighetene og offentlege skuleeigarar delegert til statsforvaltarane. For å bidra til at dei praktiserer regelverket for skulemiljø og handhevingsordninga likt, har direktoratet vore oppteke av å gi dei felles arbeidsverktøy gjennom tolkingstusegner og oppdaterte rettleiingar om skulemiljø og saksbehandling.

Statsforvaltarane har også i 2021 vore avgjerande for oppfølginga av barnehage- og opplæringssektoren under pandemien. Statsforvaltarane hadde i 2021 ein liten auke i gjennomførte tilsyn sett i forhold til 2020. Om lag halvparten av tilsyna var skriftlege tilsyn medan dei resterande blei gjennomførte med tilsynsbesøk eller ved hjelp av digitale løysingar.

Direktoratet har rettleia dei private skulane i arbeidet med nye læreplanar og medverka til å støtte innføringa av dei nye læreplanane gjennom forskriftsarbeidet om innføringstakt, individuell

vurdering og klage på vurdering. Dei siste åra har direktoratet arbeidd med fleire og meir treffsikre tilsyn, slik at ein får optimalisert bruken av tilsynsresultata. Bakgrunnen for dette er at direktoratet framleis ser ein stor risiko for brot på regelverket i dei private skulane. I tillegg vektla direktoratet tilsyn retta mot utsette barn og unge, og det blei opna fleire tilsyn med gjennomføring av spesialundervisning, planlegging av spesialundervisning og skulemiljø på internkontrollområdet. Nokre av tilsyna som blei opna i 2021, vart gjennomførte med tilsynsbesøk, men dei fleste tilsyna var også i 2021 skriftlege tilsyn.

Direktoratet heldt i 2021 fram med å bygge opp ei avdeling for økonomisk tilsyn med private barnehagar. Avdelinga har tilsett 19 personar ved utgangen av 2021 og overtok tilsynsansvaret frå 1. januar 2022.

Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av eigne barnehagar og skular og overfor lærebedrifter

Utdanningsdirektoratet støttar opp om kvalitetsutvikling i barnehagar, skular og lærebedrifter. Dette gjer direktoratet gjennom å vidareutvikle og formidle kunnskap i form av forskning, statistikk og analysar og ved å tilby støtte, opplæring og rettleiing. Direktoratet har arbeidd med å gjere kunnskapsgrunnlaget endå meir tilgjengeleg gjennom det nye verktøyet analysebrett, som skal vise tal og statistikk på ein meir brukarvenleg måte gjennom ei eiga samanstilling av statistikk og gjennom statistikkbanken.

I 2021 har direktoratet prioritert formidling og brukarinvolvering. Elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og foreldreundersøkinga i barnehagen er verktøy som gir eit godt grunnlag for barnehage- og skuleeigarar til å utvikle barnehagane og grunnopplæringa.

Gjennom 0–24-samarbeidet blei det avdekt at mange kommunar sakna ei felles ressurside for statistikk på oppvekstfeltet. Saman med Folkehelseinstituttet publiserte direktorata som var med i 0–24-samarbeidet, verktøyet «Oppvekstprofil» i mars 2021. Hovudtema i 2021 var kva sosial ulikskap har å seie for barns helse og oppvekst. Utdanningsdirektoratet har hatt eit særskilt ansvar for å levere indikatorar som gjeld barnehage og skule. Oppvekstprofilane kan gi kommunane betre innsikt i effekten av tiltaka dei har sett i verk for å gi barn og unge gode oppvekstvilkår, og dermed lette planarbeidet og styrke tenestetilbodet i den einskilde kommunen.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar

Utdanningsdirektoratet arbeider kontinuerleg for å auke den digitale kompetansen hos tilsette i barnehagen og grunnopplæringa, slik at dei kan utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Innsatsen gjeld mellom anna å stimulere til betre og auka bruk av digitale læremiddel, til å utvikle dei digitale fellesløysingane i sektoren, til arbeidet med å standardisere digital læringsteknologi, til kompetansepakkar for bruk av digitale løysingar og til styrkt informasjon om personvern i sektoren. Arbeidet har vore forankra i digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa. I 2021 blei arbeidet med gode rettleiingsressursar for skule- og barnehageeigarar knytt til personvern særskilt styrkt. Nye verktøy for å vurdere kvaliteten på læremiddel vart lanserte og godt mottekne.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 386,3 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å flytte 28 mill. kroner frå kap. 231, post 21 og 2 mill. kroner frå kap. 571, post 60 under Kommunal- og distriktsdepartementet til posten for oppgåva med å føre tilsyn med økonomien i private barnehagar. Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner i samband med omlegginga av grunntilskotet til organisasjonar til ei søknadsbasert ordning frå 2024, jf. omtale under kap. 225, post 75. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 3,6 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar. Løyvinga på posten er redusert med 0,6 mill. kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner, som oppfølging av regjeringas arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemder.

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga går til kostnader direktoratet har til utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Forvalt-

ning av IKT-verktøy retta mot sektorane er finansiert over denne posten. Løyvinga finansierer også utarbeiding av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen, i vidaregåande opplæring og i den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøvar innanfor yrkesfaga.

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å gi rom for utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd innanfor ansvarsområdet til Utdanningsdirektoratet.

Resultat i 2021

Arbeidet med å utarbeide eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring blei gjennomført som planlagt. Det same gjeld arbeidet med å utarbeide og gjennomføre nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar. Våren 2021 gjennomførte direktoratet kartleggingsprøvar i lesing og rekning på 1.–3. trinn og i engelsk på 3. trinn. Fordi skulane på dette tidspunktet framleis var prega av pandemien, vart det til liks med året før vedteke å forlenge gjennomføringsperioden med fire veker til 14. mai.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 206,1 mill. kroner på posten.

Post 70 Tilskot til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 70 gjeld utvikling av læremiddel.

Mål for 2023

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er grunnlag for kommersiell produksjon, slik at elevane har tilgang på dei læremidla dei treng. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, parallellutgåver på nynorsk, særskilt tilrettelagde læremiddel, universelt utforma læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Resultat i 2021

Det blei i 2021 gitt midlar til totalt 45 nye prosjekt. Sjå fordelinga for 2021 i tabellen nedanfor saman med fordelinga frå 2020:

Tabell 4.2 Tilskot til læremiddel 2020 og 2021

| Tilskot til læremiddel | 2020 | 2021 |
|--|------|------|
| Smale fagområde | 19 | 21 |
| Særskilt tilrettelagde læremiddel / pedagogisk barnehagemateriell | 13 | 9 |
| Parallele utgåver | 9 | 10 |
| Læremiddel / pedagogisk barnehagemateriell for språklege minoritetar | 10 | 5 |
| Samla | 51 | 45 |

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 76,8 mill. kroner på posten.

Det blir foreslått ei tilsegnfullmakt knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-----------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Inntekter frå oppdrag | 1 846 | 2 406 | 2 478 |
| | Sum kap. 3220 | 1 846 | 2 406 | 2 478 |

Inntektene gjeld oppdragsverksemd og eventuelle refusjonar.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|----------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 15 187 | 16 034 | 16 141 |
| | Sum kap. 221 | 15 187 | 16 034 | 16 141 |

Post 01 Driftsutgifter

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnsopplæringa (FUG) er sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Løyvinga gjeld drift av utvala og det felles sekretariatet deira. Dagens utval er oppnemnde for perioden 2020–23.

Mål for 2023

FUB og FUG skal fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim og vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng. Mål for verksemda til foreldreutvala i 2023 er:

- Foreldreutvala og sekretariatet gir råd og innspel til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim
- Foreldreutvala og sekretariatet gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehage/skule og heim

- Foreldreutvala og sekretariatet samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim

jobba med foreldreundersøkingar og utvikla ein rettleiar for skule–heim-samarbeid ved krisar.

Resultat i 2021

Utvala har vore synlege og hatt stor aktivitet trass nok eit krevjande pandemiår med reise- og møte-restriksjonar og i tillegg mange utskiftingar i sekretariatet knytt til flyttinga til Bø i 2018. Utvala har levert mange høyringssvar til departementet, gitt informasjon og rettleiing til foreldre og utvikla heimesidene sine med nye digitale verktøy og digitalt innhald, til dømes Foreldrepodden. Dei har også

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 16,1 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,2 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar. Løyvinga på posten er redusert med 15 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 153 810 | 150 933 | 127 597 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 1 612 | 2 067 | 1 756 |
| | Sum kap. 222 | 155 422 | 153 000 | 129 353 |

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane på kapittelet gjeld

- drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skular og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Opplæringa ved Sørsamisk kunnskapspark og dei vidaregåande skulane følger Kunnskapsløftet – samisk.

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

Resultat i 2021

Sørsamisk kunnskapspark

Sørsamisk kunnskapspark tilbyr fjernundervisning for elevar som har rett til språkopplæring i

samisk, men som ikkje har tilbod om språkopplæring i eigen kommune. Den positive utviklinga i talet på elevar som får samisk som fjernundervisning, har halde fram i skuleåret 2021–22. Per 1. oktober 2021 var det 148 elevar som fekk samisk som fjernundervisning. Det er ein auke på 62 frå førre skuleår.

Samiske vidaregåande skular

Dei samiske vidaregåande skulane er opne for elevar frå heile landet og har både heiltids- og deltidselevar. Begge skulane har eit særleg ansvar for å gi undervisning på og i samisk. Skulane gir òg fjernundervisning i samisk.

I skuleåret 2021–22 hadde Samisk vidaregåande skule i Karasjok 121 elevar. I tillegg fekk 65 elevar fjernundervisning.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino hadde 92 elevar i skuleåret 2021–22. I tillegg fekk 55 elevar fjernundervisning.

Diamanten skole

Statped driv Diamanten skole i Oslo, som er ein grunnskule og vidaregåande skule for døvblindfødde. Diamanten prioriterte å halde opplæringa i

gang på skulen gjennom covid-19-pandemien. Skulen har eit tak på 10 elevar og hadde 10 elevar i skuleåret 2021–22.

Ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skular og statsinternat i Finnmark er det i 2021 utbetalt 0,3 mill. kroner i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skulane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 127,6 mill. kroner på post 01 og 1,8 mill. kroner på post 45.

Løyvinga på post 01 er redusert med 25,9 mill. kroner, medan løyvinga på post 45 er redusert med 0,4 mill. kroner som følge av at departementet foreslår å flytte løyvingane til Diamanten skole til eit nytt kap. 223.

Løyvinga på post 01 er redusert med 0,5 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Løyvinga på post 01 er redusert med 0,2 mill. kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt ei startløyving for å bygge eit samlokalisert bygg for Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Prosjektet har ei samla ramme på 491,3 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2023) og skal gjennomførast innanfor absolutte økonomiske rammer (prinsippa om design-to-cost). Ramma inkluderer midlar til både bygg og brukarutstyr/inventar. Bygget er planlagt å vere klart til skulestart i 2024. Regjeringa foreslår å løyve 205 mill. kroner i 2023. Midlane blir løyvde over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 33.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 02 | Salsinntekter o.a. | 23 444 | 21 040 | 20 986 |
| | Sum kap. 3222 | 23 444 | 21 040 | 20 986 |

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskulane for fjernundervisning.

Løyvinga er redusert med 0,7 mill. kroner som følge av at departementet foreslår å flytte inntektsløyvinga til Diamanten skole til eit nytt kap. 3223.

Kap. 223 Diamanten skole

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | | | 27 121 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald | | | 352 |
| | Sum kap. 223 | | | 27 473 |

Mål for 2023

Målet med løyvinga til Diamanten skole for døvblindfødde elevar er å medverke til at barn og unge med medfødt døvblindskap har eit tilrettelagd opplæringstilbod og blir gitt moglegheit til å vere aktive deltakarar i eiga læring og utvikling.

Resultat i 2021

Sjå rapport under kap. 222 over.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 27,1 mill. kroner på post 01 og 0,4 mill. kroner på post 45. I løyvinga inngår ein auke på 1,2 mill. kroner som følge av høgare driftsutgifter etter flytting av skulen.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3223, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3223 Diamanten skole

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 02 | Salsinntekter o.a. | | | 685 |
| | Sum kap. 3223 | | | 685 |

Post 02 gjeld inntekter frå refusjonar. For rapport og rekneskap, sjå kap. 3222.

Kap. 224 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|----------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 70 | Freds- og menneskerettssenter | 103 238 | 110 460 | 113 658 |
| 71 | Det europeiske Wergelandsenteret | 11 084 | 11 672 | 12 004 |
| | Sum kap. 224 | 114 322 | 122 132 | 125 662 |

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Sentera er uavhengige stiftingar. Tilskotet er øyremerkt desse freds- og menneskerettssentera fordi dei er viktige aktørar i arbeidet med undervisning og formidling av fred og menneskerettar i dei ulike regionane i Noreg.

- Arkivet freds- og menneskerettighetssenter (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)

Post 70 Freds- og menneskerettssenter

Posten omfattar tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)

Mål for 2023,

Freds- og menneskerettssentera skal arbeide med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord. Aktiviteten til sentera er mellom anna retta mot grunnopplæringa.

Dei einiskilde sentera har særskilde nasjonale eller regionale oppgåver som er nærare definerte i tilskotsbreva til sentera.

Resultat i 2021

Aktiviteten til sentera i 2021 var prega av restriksjonar som følge av covid-19-pandemien. Om lag 36 000 elevar frå ungdomsskular og vidaregåande skular deltok i undervisningstilboda til freds- og menneskerettssentera i 2021, mot om lag 18 000 i 2020. Samla besøkte om lag 91 000 personar sentera i 2021.

Sentera har greidd å halde oppe høg aktivitet gjennom omstilling til digitale opplegg, og ved å vidareutvikle undervisningsopplegga for både fysisk og virtuell deltaking. Markeringar, foredrag og konferansar er gjennomførte som digitale sendingar eller som webinar.

Arkivet freds- og menneskerettssenter hadde 20-årsmarkering i 2021. Senteret arbeidde mellom anna med kompetanseheving for lærarar gjennom tilbodet *Hvordan undervise om 22. juli?*

Narviksenteret hadde lågare aktivitet enn vanleg i store delar av 2021 som følge av pandemien. Senteret deltok i Dembra og hadde fleire utstillingar.

Raftostiftelsen starta i 2021 eit arbeid med å kartlegge situasjonen for forsvararar av menneskerettar under pandemien. Senteret heldt oppe eit omfattande tilbod trass i restriksjonar som følge av pandemien.

Falstadsenteret gjennomførte i 2021 fleire undervisningsopplegg som *Fortellinger om flukt* for 9. og 10. trinn og *Maktens ansikter* for vidaregåande skular.

HL-senteret arbeidde mellom anna med tema som folkemord og brot på menneskerettane gjennom prosjektet *Mass Atrocity Responses*. Senteret forska mellom anna på kvardagsrasisme.

Nansen Fredssenter gjennomførte ei rekke kurs, foredrag og arbeidsgrupper. Fleire av tilboda var digitale.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 113,7 mill. kroner på posten.

I revidert budsjett for 2022 blei det løyvd 1 mill. kroner til Narviksenteret for å ferdigstille utviklinga av eit digitalt register over norske sol-datar som deltok i kampane i Noreg i 1940, jf. Prop. 115 S(2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022). Departementet foreslår å vidareføre auken på 1 mill. kroner til drift av registeret i 2023.

Forsvarsdepartementet har gitt tilskot til Narviksenteret for å bidra til at senteret kan vere eit nasjonalt og internasjonalt opplærings- og dokumentasjonscenter om den andre verdenskrigen, med særleg vekt på Nord-Noreg. Formålet med tilskotet skal varetakast gjennom tilskotet frå Kunnskapsdepartementet framover. Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på budsjettet til Forsvarsdepartementet for å samle tilskota til Narviksenteret under Kunnskapsdepartementet.

I revidert budsjett for 2022 er det løyvd 1,4 mill. kroner til Falstadsenteret til styrking av undervisninga av skuleelevar i menneskerettar og demokratisk medborgarskap. Departementet foreslår å vidareføre denne auken i 2023-budsjettet.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2022 blei det løyvd 3 mill. kroner for å prosjektere eit nytt bygg for Raftostiftelsen. Stiftinga skal arbeide vidare med prosjektet i 2023 og har signalisert at ein eventuell søknad om tilskot til byggeprosjektet tidlegast er aktuell til statsbudsjettet for 2024. Tilskotet til prosjektering blir ikkje vidareført i budsjettforslaget for 2023

Tabell 4.3 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

| | (i 1 000 kr) |
|--|----------------|
| Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter | 42 084 |
| Falstadsenteret | 25 776 |
| Arkivet freds- og menneskerettighetssenter | 18 036 |
| Nansen Fredssenter | 8 787 |
| Narviksenteret | 11 468 |
| Raftostiftelsen | 7 507 |
| Sum | 113 658 |

Post 71 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurs-senteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap.*

Mål for 2023

Tilskotet skal bidra til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurscenter for opplæring på områda interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap for ulike målgrupper som arbeider på utdanningsfeltet.

Resultat i 2021

Over 20 000 lærarar, lærarutdannarar og andre pedagogar har fått opplæring direkte gjennom EWC-prosjekt i 2021. Det er dobbelt så mange som i 2020. EWC nådde nær 70 000 personar gjennom aktivitetane sine. Fleire tilbod blei tilpassa situasjonen med covid-19-pandemien ved bruk av nettbasert læring.

EWC har utvikla digital opplæring for formidlarar og nettkurs for lærarar. I underkant av 400

skular i Europa deltok i prosjekta til EWC i 2021. EWC samarbeider tett med organisasjonar og utdanningsmyndigheiter i fleire land og har bidrege i ekspertgrupper drivne mellom anna av Europarådet og UNESCO. Talet på partnerskap med andre organisasjonar auka betydeleg i 2021.

Læringstilbodet om 22. juli er eit samarbeid mellom Wergelandsenteret, 22. juli-senteret og Utøya AS. Tiårsmarkeringa for terrorangrepa 22. juli 2011 gav auka etterspurnad etter tilbodet. Kunnskapsdepartementet bidrog med 5 mill. kroner i prosjektmidlar til læringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap i 2021, jf. kap. 226, post 21.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 12 mill. kroner på posten.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

| | | (i 1 000 kr) | | |
|--------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 01 | Driftsutgifter | 8 679 | 23 684 | 22 692 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 23 985 | 114 774 | 117 768 |
| 60 | Tilskot til landslinjer | 242 162 | 247 269 | 250 311 |
| 63 | Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> | 78 593 | 94 733 | 115 074 |
| 64 | Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg | 25 785 | 30 705 | 124 967 |
| 65 | Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> | 43 301 | 128 796 | 331 258 |
| 66 | Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme | 15 361 | 15 477 | 15 886 |
| 67 | Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk | 8 308 | 9 154 | 9 577 |
| 68 | Tilskot til opplæring i kriminalomsorga | 302 816 | 310 689 | 318 886 |
| 69 | Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring | 779 760 | 832 334 | 969 456 |
| 74 | Prosjekttilskot | 6 739 | 6 914 | 7 110 |
| 75 | Grunntilskot | 95 942 | 104 436 | 101 736 |
| Sum kap. 225 | | 1 631 431 | 1 918 965 | 2 384 721 |

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 finansierer dei kostnadene som statsforvaltaren har ved å administrere sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Løyvinga på post 21 dekker utgifter til lærarar som har teke på seg sensoroppdrag ved sentralt gitt eksamen (sensur og klagebehandling). Statsforvaltaren utbetaler midlane. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-25 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskulen og vidaregåande opplæring, inkludert den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøven innanfor yrkesfaga.

Utarbeiding av sentralt gitt eksamen og elektroniske prøve- og eksamenstenester blir finansiert av løyvinga på kap. 220, post 21.

Mål for 2023

Målet med løyvingane er å medverke til at det blir gjennomført sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2021

Våren 2021 blei det avlagt 43 700 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring. Tala er langt lågare enn vanleg fordi eleveksamen blei avlyst våren 2021. Om lag 98 pst. var privatisteksamenar.

Hausten 2021 blei det avlagt til saman 31 600 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring, og av desse var 95 pst. privatisteksamenar, medan resten blei avlagde av elevar med rett til anten særskild, utsett eller ny eksamen.

Eksamenar som fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide, er ikkje rekna med i desse tala.

Det blei ikkje behandla nokon klager på eksamen i grunnskulen i 2021. For sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring blei 5 400 klager behandla.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 22,7 mill. kroner på post 01 og 117,8 mill. kroner på post 21. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 1,4 mill. kroner og på post 21 med 35 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar.

Post 60 Tilskot til landslinjer

Tilskotet går til fylkeskommunar med landslinjer, til drift av landslinjene og til innkjøp av utstyr.

Landslinjeordninga omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå særleg små tilbod som berre finst éin stad i landet, til særleg utstyrskrevjande tilbod som finst fleire stadar. Departementet endra retningslinjene for nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod med verknad frå 1. januar 2021. For å bli godkjend er det i utgangspunktet eit krav at søknaden skal vere støtta av alle fylkeskommunane. Det kan avvikast frå kravet dersom tilbodet dekker nasjonale kompetansebehov som er særleg viktige, til dømes for å sikre samfunnskritiske funksjonar. Søknadene blir vurderte av Utdanningsdirektoratet. I vurderinga skal det mellom anna leggast vekt på nasjonale og regionale kompetansebehov og tilgangen på læreplassar.

For å unngå dobbeltfinansiering blir nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod finansierte med eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane.

Regjeringa vil at ordninga framover i større grad skal bidra til å dekke kompetansebehov i arbeidslivet.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2021

I skuleåret 2021–22 var det 1 724 heilårsplassar fordelt på 52 landslinjetilbod. Hausten 2021 brukte fylkeskommunane om lag 81 pst. av kapasiteten ved alle landslinjene. For våren 2022 var talet 79 pst. I dei siste åra har i overkant av 80 pst. av elevplassane ved landslinjene blitt nytta.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 250,3 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner som følge av at utvidinga av landslinjetilbodet ved Bardufoss vidaregåande skole frå hausten 2022 får heilårseffekt i 2023. Auken blir motsvart av ein tilsvarande reduksjon av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner for å dekke vøreffekten av Vg2-tilbo-

det og hausteffekten av Vg3-tilbudet for landslinja i bratt friluftsliv ved Rauma videregående skole.

I statsbudsjettet for 2022 blei det løyvd 1,8 mill. kroner for å legge til rette for ei ny landslinje i flyfag i Trøndelag. Linja kunne ikkje starte opp i 2022, mellom anna som følge av ein prosess med godkjenning av Luftfartstilsynet. Løyvingsauken blir vidareført i budsjettforslaget for 2023 og legg til rette for å starte linja ved Fosen videregående skole frå hausten 2023.

Løyvingsforslaget inneber at satsane for tilskotsordninga blir vidareførte på same nominelle nivå som i 2022.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei ordning for samiskopplæring i grunnskulen
- ei ordning for samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- ei ordning for studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

Berekningsreglane for tilskot til samiskopplæring i grunnskulen er kompliserte og gir store skilnader i tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Tilskot for elevar i kommunar innanfor forvaltningsområdet blir berekna etter fleire ulike variablar. For elevar i kommunar utanfor forvaltningsområdet blir tilskotet berekna etter søknad til statsfor-

valtaren basert på talet på årstimar, elevar og formålstenleg gruppesamansetjing.

Departementet tek sikte på å endre berekningsreglane i 2023. Berekninga vil bli felles for tilskot for elevar i kommunar innanfor og utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Tilskotet til kommunane vil basere seg på talet på elevar som får opplæring i samisk språk, talet på timar etter samisk læreplan og inndeling i grupper etter hovudtrinn.

Berekningsreglane for tilskot til samiskopplæring i vidaregåande opplæring tek utgangspunkt i talet på klokketimar per elev per fylke. I einskilde fylke er avstandane så store at det ikkje er mogleg å slå saman grupper på tvers av skular. Departementet tek sikte på å endre berekningsreglane i 2023 slik at tilskotet blir berekna med utgangspunkt i kvar skule i staden for kvart fylke.

Departementet er i konsultasjonsprosess med Sametinget om omlegginga.

Mål for 2023

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og private skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i og lærarstudentar tek utdanning i samiske språk.

Resultat i 2021

Det har vore ein liten reduksjon i talet på elevar med samisk språk i grunnskulen frå 2020 til 2021 jf. tabellen under.

Tabell 4.4 Talet på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk

| Skuleår | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|-----------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Samisk som førstespråk | 952 | 954 | 1 011 | 1 009 |
| Samisk som andrespråk | 1 442 | 1 446 | 1 511 | 1 483 |
| Totalt | 2 394 | 2 400 | 2 522 | 2 492 |
| Endring frå året før i pst. | 5,6 | 0,3 | 5 | -1,2 |

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

I tilskotsordninga til samisk i vidaregåande opplæring blei det i 2021 utbetalt tilskot for i alt 340 elevar. Dette er 61 fleire elevar enn i 2020.

I 2021 blei det utbetalt 1,6 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa og til stipend for lærar-

studentar. Til samanlikning blei det utbetalt 2,2 mill. kroner i tilskot i 2020 og 3,5 mill. kroner i 2019. Statsforvaltaren melder om at universitet og høgskular har hatt for få vidareutdanningstilbod for lærarar i 2021 til å dekke behovet.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 115,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 0,2 mill. kroner som følge av fleire elevar. Nye berekningsreglar for tilskot til opplæring i samisk fører isolert sett til at nokre kommunar får mindre tilskot enn i 2022, medan andre får meir. Departementet foreslår å auke løyvinga med 17,5 mill. kroner slik at ingen kommunar taper på omlegginga. Samla inneber dette ei monaleg satsing på opplæring i samisk språk. Departementet tek sikte på at dei nye berekningsreglane vil ta til å gjelde i 2023.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Løyvinga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familiesameining. Løyvinga inkluderer tilskot til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga er avgrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve, inntil dei fyller 18 år eller har fullført det skuleåret dei fyller 18 år.

Mål for 2023

Tilskotet skal bidra til at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Resultat i 2021

Tilskotet for 2021 finansierte opplæring i skuleåret 2020–21. Skuleåret 2020–21 vart det som eit gjennomsnitt for månadene i skuleåret gitt grunnskuleopplæring til 789 barn som var busette i mottak/omsorgssenter eller som budde privat. Det er 95 fleire enn skuleåret 2019–20. Skuleåret 2020–21 var det i gjennomsnitt 7 elevar i aldersgruppa 16–18 år som fekk vidaregåande opplæring. Det er ein nedgang frå skuleåret 2019–20.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 125 mill. kroner på posten.

Løyvinga er auka med 93,4 mill. kroner som følge av ein auke i talet på elevar som utløyser tilskot. Auken kjem i hovudsak av at det har kome fleire flyktningar til Noreg etter angrepet på Ukraina.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2023

Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon som er gitt i perioden 2002–16. Målet med ordninga var å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skule- og symjeanlegg og rehabilitere og ruste opp eksisterande anlegg.

Resultat i 2021

Det blei utbetalt 43,3 mill. kroner i rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg i 2021.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 331,3 mill. kroner på posten.

Løyvinga er auka med 202,5 mill. kroner som følge av det er lagt til grunn ein renteføresetnad på 3 pst., mot 1 pst. i saldert budsjett for 2022.

Post 66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Posten gjeld tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme. Dette omfattar skuleturar for ungdom i alderen 12–16 år til tidlegare konsentrasjonsleirar og minnestadar frå den andre verdskrigen. *Handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020* gjekk ut ved årsskiftet 2020–21. Ein revidert handlingsplan mot antisemittisme blei lansert i januar 2021, denne gjeld ut 2023. Tilskot til desse skuleturane er eitt av tiltaka i denne planen.

Departementet har fastsett reviderte retningslinjer som gjeld frå og med skuleåret 2020–21, slik at også elevar i vidaregåande opplæring blir omfatta av ordninga. I september 2020 blei retningslinjene for tilskotsordninga endra på grunn av covid-19-pandemien, slik at reisemål i større grad kan bli tilpassa dei minnestadane frå den

andre verdenskrigen som finst i Noreg, og at skule-
turane kan vere kortare enn tre overnattingar.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til at skuleeigarar, skular og foreldregrupper organiserer turar til tidlegare konsentrasjonsleirar eller minnestadar frå den andre verdenskrigen for elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2021

Til tilskotsordninga til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme kom det inn 285 søknader i 2021, mot 254 søknader i 2020. Det blei for skuleåret 2021–22 gitt tilskot til 40 ulike turarrangørar for 12 672 elevar i ungdomsskule og vidaregåande opplæring, mot 46 arrangørar og 12 660 elevar i ungdomsskulen i skuleåret 2020–21. Alle søknader som fylte kriteria i tilskotsordninga, fekk tilskot. Talet på søknader blei også i skuleåret 2021–22 påverka av covid-19-pandemien. Det er i stor grad private aktørar som arrangerer turane.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 15,9 mill. kroner på posten.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen
- ei tilskotsordning for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- ei ordning med studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å bidra med finansiering slik at elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn i Troms og Finnmark får opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk ved kommunale og private grunnskular i samsvar med rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Vidare er målet med løyvinga å bidra med finansiering slik at elevar og læringar med kvensk/norskfinsk bakgrunn får

opplæring i kvensk eller finsk ved fylkeskommunale og private vidaregåande skular. Det er òg eit mål å styrke kompetansen i kvensk og finsk for lærarar i grunnskulen.

Resultat i 2021

Talet på elevar i Troms og Finnmark som vel kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen, er lågare enn i åra før. Hausten 2021 var det 426 elevar. Dette er 17 færre enn i 2020. Våren 2021 var det i alt 26 elevar som fekk opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring, mot 25 elevar i 2020. Frå den årlege løyvinga til to heile studieheimlar for vidareutdanning av lærarar i kvensk eller finsk språk, blei det innvilga tilskot til 1,75 studieheimlar i 2021. Til samanlikning blei det innvilga tilskot til 0,25 studieheimel i 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 9,6 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner som følge av oppdatert anslag for talet på elevar som vil få opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Innsette i fengsel har rett til opplæring under soning av straff. Tilskot til opplæring i kriminalomsorga skal bidra til at dei innsette får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunane har ansvaret for opplæringa i norske fengsel, og dei vidaregåande skulane står for den praktiske gjennomføringa.

Fylkeskommunar med særskilde oppgåver på området får tilskot for tilbod som ungdomseininger, oppfølgingsklassar, eining for tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU), eining for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og den felles IKT-løysinga Desktop for skolen (DFS).

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er at innsette som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og som har rett til og ønsker slik opplæring, får det. Oppfølgingsklassane skal bidra til at lauslatne skal kunne fullføre opplæring som er begynt under soning. Opplæringa skal bli gitt etter læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 og opplæring i grunnleggande ferdigheter.

Resultat i 2021

Det er opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. Om lag 36 pst. av dei innsette tok del i opplæring i 2021, ned frå 40 pst. i 2020. I hovudsak følger opplæringa læreplanplanverket for vidaregåande opplæring, og i stor grad yrkesfag. I samarbeid med kriminalomsorga bruker skuleverket ressursar på ulike opplæringstilbod for å stimulere innsette til å kome i gang med grunnskule og/eller vidaregåande opplæring, kategorisert som «anna opplæring» i tabellen under. Skulane

samarbeider med kriminalomsorga for å legge til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning.

Smitteverntiltaka mot covid-19-pandemien fekk store konsekvensar for opplæringa i kriminalomsorga i 2021, som i 2020. Når undervisningspersonalet ikkje får fysisk tilgang til fengsla, finst det ikkje brukbare digitale tilbod. Statsforvaltaren i Vestland og Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider i lag for å betre tilgangen til digitale verkøy for opplæring i fengsla.

Tabell 4.5 Tal på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram, gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype

| | 2020 | | | | 2021 | | | |
|-------------------------------------|--------------------------|--------------------|-------------|-------|-------------|-------|-------------|-------|
| | Heiltid | | Deltid | | Heiltid | | Deltid | |
| | Reg. elevar ¹ | Snitt ² | Reg. elevar | Snitt | Reg. elevar | Snitt | Reg. elevar | Snitt |
| Grunnskule | 5 | 2 | 138 | 41 | 19 | 2 | 81 | 25 |
| Vidaregåande skule | 196 | 121 | 3 021 | 737 | 322 | 121 | 2 551 | 671 |
| Korte opplæringstilbod ³ | 64 | 19 | 1 878 | 252 | 129 | 12 | 1 361 | 239 |
| Anna opplæring | 5 | 9 | 866 | 200 | 28 | 9 | 916 | 140 |
| Sum | 270 | 151 | 5 903 | 1 230 | 498 | 144 | 4 909 | 1 075 |
| Fagskule ⁴ | 20 | 5 | | | 29 | 2 | | |
| Høgskule/universitet ⁴ | 127 | 63 | | | 146 | 55 | | |

¹ Reg. elevar vil seie kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

² Snitt vil seie gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar basert på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

³ Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

⁴ Tala for fagskule og høgskule/universitet er ikkje differensierte etter heiltid/deltid.

Kjelde: Statsforvaltaren i Vestland

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 318,9 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Post 69 Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring

Løyvinga finansierer fleire tilskot til fylkeskommunane som skal bidra til å auke fullføringa av vidaregåande opplæring og til at fleire blir kvalifiserte for læreplass, arbeid og vidare utdanning. Det omfattar tilskot som legg til rette for å finansiere to sentrale regelendringar som er varsla i Fullføringsreforma, jf. Meld. St. 21 (2020–2021): ein

fullføringsrett og ein rett til å ta eit fagbrev nummer to (yrkesfagleg rekvalifisering). I tillegg finansierer løyvinga sentrale tiltak i yrkesfagløftet som regjeringa gjennomfører.

Mål for 2023

Løyvinga skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring og er kvalifiserte for arbeid, læreplass og vidare utdanning.

Resultat i 2021

I 2021 fekk fylkeskommunane utbetalt totalt 780 mill. kroner til tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring.

Av dette blei totalt 530 mill. kroner utbetalt til følgande tilskot som blei forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:

- tilskot for at personar utan lovfesta rett til opplæringa kunne fullføre vidaregåande opplæring
- tilskot retta mot avgangskullet i skuleåret 2020–21 og tiltak for at elevar og lærlingar skulle fullføre vidaregåande opplæring under pandemien
- tilskot til Fagbrev på jobb
- tilskot yrkesfagleg rekvalifisering

Fylkeskommunane kunne omprioritere mellom tilskota i tråd med ressursbehov lokalt. Fylkeskommunane rapporterer om at midlane førte til auka innsats for nye målgrupper av vaksne med behov for å fullføre vidaregåande opplæring. Det er òg rapportert om at midlane retta mot avgangskullet og elevar og lærlingar som stod i fare for å falle frå vidaregåande opplæring, har lagt til rette for ekstraordinære tiltak retta mot denne målgruppa.

Våren 2021 vart det løyvd 100 mill. kroner retta mot utfordringar i fag- og yrkesopplæringa og lærefag som var særleg hardt ramma av pandemien, jf. Innst. 233 S (2020–2021) og Prop. 79 S (2020–2021). Rapportering frå fylka per 1. oktober 2021 viser at 2 054 lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidatatar var omfatta av ordninga i 2021. Det var størst behov for tiltak innanfor lærefaga kokk, elektriskar, frisør og tømrrar.

Det blei utbetalt 150 mill. kroner for å betre tilbodet om alternativ Vg3 i skule for elevar som ikkje fekk læreplass.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har NIFU evaluert mellom anna tilskotet retta mot personar utan rett til vidaregåande opplæring og tilskotet retta mot avgangskullet i skuleåret 2020–21 og andre fullføringstiltak. Evalueringa peiker på at effektane av tiltaka ser ut til å ha vore moderate. Det er fleire årsaker til dette. Mellom anna blir det peikt på at det var krevjande for fylkeskommunane å nå fram til og motivere målgruppene til å ta meir opplæring. Talet på deltakarar var likevel høgare i 2021 enn i 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 969,5 mill. kroner på posten.

- Det gjeld følgande tilskot til fylkeskommunane:
- 458,3 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formid-

ling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Det er ein auke på nær 80 mill. kroner i høve til 2022.

- 302,3 mill. kroner for at personar utan lovfesta rett til vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Tilskotet legg til rette for innføring av ein fullføringsrett frå hausten 2024.
- 148,9 mill. kroner for at fleire som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, skal få tilbod om å ta eit fagbrev. Målgruppa inkluderer personar med omstillingsbehov og unge med studiekompetanse som ikkje er motiverte for eller ikkje kjem inn på høgare utdanning. Tilskotet legg til rette for 1 000 nye deltakarar i yrkesfagleg utdanning frå og med hausten 2021. Det er lagt til grunn at halvparten har behov for eit tilnærma fullt løp i yrkesfagleg utdanning (opptil 3 1/2 år), medan den andre halvparten berre treng eitt år i lære. Tilskotet blir derfor trappa opp med 34 mill. kroner i høve til 2022.
- 60 mill. kroner for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb.

Fylkeskommunane vil kunne omprioritere mellom tilskota dersom vurderingar om ressursbehov tilseier det.

Post 74 Prosjekttilskot

Tilskotet blir retta inn mot prosjekt på område der departementet meiner det er eit særleg behov for at private og frivillige organisasjonar gjennomfører tidsavgrensa tiltak. Organisasjonane som mottok tilskotet, vil som hovudregel få innvilga tilskot i inntil tre år såframt dei oppfyller krava i tilskotsordninga. Tilskot for fleire år blir gjevne med atterhald om Stortingets årlege budsjettvedtak. Utdanningsdirektoratet forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2023

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar kan bidra til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Verksemda til organisasjonane skal ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak skal nå flest mogleg elevar og skular. I 2023 vil departementet støtte tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing.

Resultat i 2021

Følgande organisasjonar fekk tildelt til saman 6,7 mill. kroner prosjektilskot i 2021:

- Stiftinga Magasinett
- Redd Barna
- MOT Norge
- Skeiv Ungdom
- Foreningen lles
- Organisasjonen Voksne for Barn
- Barnevakten
- Drama- og teaterpedagogene
- Nordiske Mediedager
- Norges Røde Kors

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 7,1 mill. kroner på posten.

Post 75 Grunntilskot

Hovudregelen i økonomiregelverket er at statlege tilskot skal lysast ut på ein slik måte at alle potensielle søkjarar kan søke. Det er unntak i regelverket for dei tilfella der tilskot er øyremerkte til mottakarar som er nemnde med namn i budsjettproposisjonen, slik tilfellet er med mottakarar av grunntilskot. Sjå omtale av områdegjennomgang av namngitte tilskotsmottakarar i kap. 1 Hovudinnleiing.

Departementet vil gjere grunntilskotet søknadsbasert frå 2024. Det vil gjere ordninga meir gjennomsiiktig, lettare å etterprøve og sikre likebehandling. Målet med ordninga skal framleis vere å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale ressursmiljø. Retningslinjer for tilskotsordninga og kriterium for støtte vil bli utarbeidde i løpet av hausten 2022, med utlysing våren 2023. Det vil bli gitt tilskot for fleire år om gongen, med atterhald om Stortingets årlege budsjettvedtak. Utdanningsdirektoratet skal forvalte ordninga.

Mål for 2023

Målet med ordninga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale ressursmiljø som på ein særskild måte bidreg til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. kategoriinnleiinga.

Resultat i 2021

I 2021 fekk følgande organisasjonar tildelt til saman 95,9 mill. kroner frå ordninga for grunntil-

skot til nasjonale ressursmiljø. Av dette vart 44,2 mill. kroner fordelt på desse aktørane :

- Elevorganisasjonen
- FIRST Scandinavia
- Operasjon Dagsverk
- WorldSkills Norway
- Foreningen Norden
- Norsk håndverksinstitutt
- Forandringsfabrikken
- Blå Kors – Snakk om mobbing
- Teknisk Senter AS
- Ungt Entreprenørskap Norge
- Blikk AS
- Stiftelsen Barnevakten – Nettvettprogram til innføring av fagfornyelsen
- Faktisk.no
- Sex og Politikk
- FRI – foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold
- Landslaget for norskundervisning
- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
- Unge funksjonshemmede
- privatskuleorganisasjonar

I 2021 fekk Andøya Space Education (ASE) 16,8 mill. kroner. I 2021 deltok 4 597 personar på ulike aktivitetar i regi av ASE. 3 884 var elevar i grunnopplæringa, 847 fleire enn i 2020. ASE gjennomførte i 2021 ei rekke etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og hadde ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar.

Norsk kulturskoleråd, Fellesrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag fekk 34,9 mill. kroner over posten i 2021. Organisasjonane har arbeidd med ei rekke tiltak og satsingar for å betre kvaliteten i kulturskulane og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Kvar tilskotsmottakar har fordelt ein del av tilskotet vidare til underliggende medlemsorganisasjonar og prosjekt.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 101,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 2 mill. kroner til Faktisk.no – skuleprosjektet Tenk og ein auke på 0,5 mill. kroner til Elevorganisasjonen.

Departementet foreslår å flytte tilskotet til Blå Kors – Snakk om mobbing på 3,1 mill. kroner til ei søknadsbasert ordning under Helse- og omsorgsdepartementet.

Tabellen under viser forslag til fordeling av grunntilskot til organisasjonar i 2023. Tilskotet til interesseorganisasjonar for funksjonshemma blir fordelt på hovudorganisasjonane med 30 pst. til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, 30 pst. til Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar og 40 pst. til Unge funksjonshemmede. Tilskotet til privatskuleorganisasjonar blir fordelt mellom organisasjonane etter talet på medlemsskular som har rett til statstilskot per 1. januar. Steinerskoleforbundet, Kristne Friskolers Forbund, Montessori Norge og Norske Fag- og Friskolers Landsforbund er tilskotsmottakarar. Grunntilskotet til kunst- og kulturarbeid i opplæringa blir fordelt med 27 mill. kroner til Norsk kulturskoleråd, 2,6 mill. kroner til Fellesrådet for kunstfagene i skolen og 6,3 mill. kroner til Samarbeidsforum for estetiske fag.

Tabell 4.6 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

| | (i 1 000 kr) |
|--|--------------|
| Tilskotsmottakar | Tilskot 2023 |
| Elevorganisasjonen | 3 700 |
| Operasjon Dagsverk | 607 |
| FIRST Scandinavia | 11 327 |
| WorldSkills Norway | 4 026 |
| Foreningen Norden | 1 000 |
| Norsk håndverksinstitutt | 6 068 |
| Interesseorganisasjonar for funksjonshemma | 1 446 |

Tabell 4.6 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

| | (i 1 000 kr) |
|---|----------------|
| Tilskotsmottakar | Tilskot 2023 |
| Ungt Entreprenørskap | 545 |
| Blikk AS | 309 |
| Skeiv Ungdom | 1 545 |
| Andøya Space Education | 17 300 |
| Privatskuleorganisasjonar | 787 |
| Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i opplæringa | 35 935 |
| Faktisk.no – skuleprosjektet TENK | 7 150 |
| Landslaget for norskundervisning | 618 |
| Sex og Politikk | 618 |
| FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold Rosa kompetanse skole og Rosa kompetanse barnehage | 2 060 |
| Geitmyra matkultursenter for barn | 515 |
| Foreningen !les | 4 532 |
| Stiftinga Magasinett | 1 133 |
| Leser søker bok | 309 |
| Dysleksi Norge | 206 |
| Sum | 101 736 |

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

| | | (i 1 000 kr) | | |
|------|------------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 04 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter | 6 130 | 11 201 | 76 128 |
| | Sum kap. 3225 | 6 130 | 11 201 | 76 128 |

Visse innanlandske utgifter til flykningar kan etter statistikkdirektiva til OECD definerast som offentleg utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på kap. 3225, post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er rekna til 76,1 mill. kroner i 2023.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnpøpløringa

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 1 866 818 | 1 558 247 | 1 075 393 |
| 22 | Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar | 1 589 901 | 1 683 722 | 1 570 634 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 57 621 | 44 000 | 22 000 |
| 61 | Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar | 61 240 | 61 919 | 63 552 |
| 64 | Programfinansiering av 0-24-samarbeidet | 40 529 | 41 583 | |
| 65 | Tilskot til nye og utvida sommarskuletilbod ifb. koronapandemien | 481 145 | | |
| 71 | Tilskot til vitensenter | 88 802 | 94 651 | 94 351 |
| | Sum kap. 226 | 4 186 056 | 3 484 122 | 2 825 930 |

Skuleeigarane har hovudansvaret for å utvikle kvaliteten på oppløringa i skular og lærebedrifter. Regjeringa legg stor vekt på å støtte og rettleie skular og skuleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. Kap. 226 omfattar løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnpøpløringa.

Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på post 21 og 22 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar og delansvar for drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten finansierer mellom anna kompetanse- og profesjonsutvikling i grunnpøpløringa, tiltak for betre læringsmiljø, digitalisering, styrking av fag- og yrkesoppløringa og utvikling av læreplanverket for grunnpøpløringa. Løyvinga på posten dekker òg element i kvalitetsvurderingssystemet for grunnpøpløringa, mellom anna internasjonale undersøkingar, brukarundersøkin-

gar, utdanningsstatistikk, forskning og evaluering. Løyvinga dekker drift av tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen, tilskot til offentlege og eventuelle private aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnpøpløringa, og eventuelle utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned. Det kan òg bli gitt tilskot til samordningsoppgåver i kommunesektoren over posten.

Mål for 2023

Midlane på posten skal medverke til å utvikle kvaliteten i grunnpøpløringa for å nå dei statlege sektormåla, jf. omtalen av desse i kategoriinnleiinga.

Resultat i 2021

Samla blei det brukt 1,9 mrd. kroner over posten i 2021 for å nå dei overordna måla for grunnpøpløringa som var fastsette for 2021. Hovuddelen av midlane gjekk til kompetanseutviklingstiltak. Tabell 4.7 viser samla rekneskap for posten i 2021, med tiltak samla for dei ulike måla for grunnpøpløringa i 2021.

Tabell 4.7 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2021

| | (i mill. kr) |
|---|----------------|
| Overordna mål for grunnopplæringa i 2021: | Rekneskap 2021 |
| Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø | 103,7 |
| Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt | 23,9 |
| Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse | 654,1 |
| Alle lykkast i opplæringa og utdanninga | 1 049,8 |
| Andre tiltak | 35,3 |
| Totalt | 1 866,8 |

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
I 2021 blei det over denne posten brukt 103,7 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at

alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø. I tillegg blei det brukt 5,7 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21 Særskilde driftsutgifter til arbeid med barnehagemiljø.

Tabell 4.8 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande læringsmiljø

| | (i mill. kr) |
|---|----------------|
| Tiltak | Rekneskap 2021 |
| Handhevingsordninga for skulemiljøsaker | 32,5 |
| Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø | 16,8 |
| Mobbeombod, program mot mobbing og partnerskap mot mobbing | 15,1 |
| Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme | 12,5 |
| Gratis SFO for elevar frå låginntektsfamiliar | 12,0 |
| Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO | 9,8 |
| Læringstilbod om 22. juli | 5,0 |
| Totalt | 103,7 |

Handhevingsordninga for skulemiljøsaker

I 2021 blei det meldt inn 1 332 slike saker, ein auke på 143 saker frå 2020. Statsforvaltaren konkluderte i 2021 med at aktivitetsplikta var broten i 93 pst. av sakene.

Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø

Innanfor ordninga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» har Utdanningsdirektoratet i 2021 gitt tre ulike tilbod om kompetanseheving. Tiltaka

skal styrke kompetansen i barnehagar, skular og hos barnehage- og skuleeigarar til å skape og halde ved like trygge og gode barnehage- og skulemiljø og førebygge og handtere mobbing og andre krenkingar.

Fafo evaluerte alle tre tilboda i perioden 2018–20. Sluttrapporten viser at deltakarane opplever at tiltaka har høg fagleg kvalitet, og det har gitt dei meir kompetanse. Fleire seier at dei no raskare set inn tiltak når ein elev / eit barn ikkje har eit trygt og godt miljø. Utdanningsdirektoratet har i 2021 utvikla tre digitale kompetansepakkar for eit trygt og godt miljø i barnehage, SFO

og skule som erstatning for det nettbaserte tilbodet som blei avvikla i 2021.

Utdanningsdirektoratet delte ut Benjaminprisen, som blir administrert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret), og Dronning Sonjas skulepris.

Mobbeombod, program mot mobbing og partnerskap mot mobbing

I 2021 blei det nytta 9,6 mill. kroner til mobbeombodsordninga. Etter ei evaluering i 2020 er ordninga førebels vidareført i påvente av ei endeleg vurdering av korleis ordninga skal sjå ut i framtida.

I 2021 gjekk det 4 mill. kroner til «Program mot mobbing». Midlane blei fordelte til tre programeigarar: Nasjonalt utviklingscenter for barn og unge, Universitetet i Stavanger og NORCE (Norwegian Research Centre).

I 2021 gjekk det 1,5 mill. kroner til Partnerskap mot mobbing, som består av regjeringa og 14 organisasjonar i oppvekst- og utdanningssektoren.

Dembra – Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme

Tiltaket omfattar rettleiing, kurs og nettbaserte ressursar for førebygging av ulike former for gruppebaserte fordømmar. Dembra blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret). 2 mill. kroner gjekk til Dembra for lærarutdannarar (Dembra LU), som omfattar kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen. 8,3 mill. kroner gjekk til Dembra-arbeidet i grunnopplæringa. Læringsressursane dekker områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og ude-

mokratiske haldningar. Sjå omtale av Dembra i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Gratis SFO for elevar frå låginntektsfamiljar

Målet med ordninga var høgare deltaking i SFO blant elevar på 1. trinn frå familiar med låg inntekt i kommunar som ikkje tidlegare hadde ordningar med gratis SFO. Det var i alt 20 kommunar som søkte om og fekk tilskot til å dekke gratis heiltids- og deltids plassar i SFO i 2021.

Pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO

Tiltaket består av to delar. Om lag 0,3 mill. kroner gjekk til følgeforskning av pilotforsøk for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO i fem kommunar (2019–22). 9,5 mill. kroner gjekk til utprøving og forskning på ein modell for meir inkluderande praksis der PPT jobbar tettare på barnehagar og skular (2021–26).

Læringstilbod om 22. juli

Det europeiske Wergelandsenteret fekk tilskotet, som blei brukt til å gi fleire elevar og lærarar høve til å delta i opplæringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap. Tilbodet er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Wergelandsenteret. Tiårsmarkeringa for terrorangrepa 22. juli 2011 gav auka etterspurnad etter tilbodet.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

I 2021 blei det over denne posten brukt 23,9 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet.

Tabell 4.9 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle får utvikla potensialet sitt

| Tiltak | (i mill. kr) | |
|--|----------------|-------------|
| | Rekneskap 2021 | |
| Områdesatsingane i Groruddalen og Oslo sør | | 10,5 |
| Symjeopplæring | | 9,7 |
| 0–24-samarbeidet | | 2,7 |
| Innovasjonsordninga Eit lag rundt eleven | | 1,0 |
| Totalt | | 23,9 |

Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør

Midlane går til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen (10 mill. kroner) og Oslo sør (0,5 mill. kroner). Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Eit delmål på opplæringsfeltet er at fleire elevar skal gjennomføre grunnopplæringa. Områdesatsingane er vedtekne til 2027, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Symjeopplæring

Målet med tiltaket er å gi nykomne minoritetspråklege barn, unge og vaksne i grunnskuleopplæringa meir og betre symjeopplæring, og dermed redusere risikoen for ulykker. Ordninga kunne også omfatte andre elevar som ikkje kan symje, eller som ikkje har fått delteke i den ordinære symjeundervisninga. I 2021 blei det nytta 8,7 mill. kroner.

I tillegg blei det i 2021 nytta 1 mill. kroner til å støtte symjeopplæring for elevar i grunnskulen, mellom anna nettsida svømmedyktig.no og ferdigheitsprøva i symjing.

0–24-samarbeidet

0–24-samarbeidet er eit prosjekt som har gått i perioden 2015 til og med mars 2021. Formålet med samarbeidet har vore å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familien deira gjennom betre samarbeid mellom tenestene. I det siste året av satsinga har hovudoppgåvene

vore å avslutte pågåande prosjekt og å sikre oppfølging av igangsette prosjekt som går ut over prosjektperioden.

Innovasjonsordninga Eit lag rundt eleven

Utdanningsdirektoratet tildelte midlar til prosjektet Eit lag rundt eleven for å undersøke effektar av systematisk satsing på tverrfagleg kompetanse gjennom to forskingsprosjekt.

Begge prosjekta leverte sluttrapportar i 2020, og NIFUs oppfølgingsrapport kom i 2021. Oppfølgingsrapport frå OsloMet kjem i januar 2023. Rapportane viser at helsesjukepleiarane har ei viktig rolle i skulen, særleg for elevar i sårbare situasjonar, og at eit systematisk opplegg for leiing, organisering og gjennomføring av systemretta, tverrfagleg samarbeid (LOG-modellen) medverkar til å styrke det tverrfaglege samarbeidet, fremje førebbyggjande elevretta arbeid og betre oppfølginga av einskildelevar. Resultata viser ingen målbar effekt på læringsmiljøet eller læringsresultata, men tiltaka kan ha positiv innverknad på elevane dersom skulen får til god implementering, nok tid, god forankring og leiaroppfølging og god kultur for samarbeid.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

I 2021 blei det over denne posten brukt 654,1 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse. Mesteparten av midlane til vidareutdanning blei løyvde over kap. 226, post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, sjå meir omtale der.

Tabell 4.10 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om høg kompetanse

| Tiltak | (i mill. kr) Rekneskap 2021 |
|--|--------------------------------|
| Desentralisert ordning for kompetanseutvikling | 261,4 |
| Nye karriereveggar for lærarar (lærarspesialistar) | 206,3 |
| Yrkesfaglærarløftet | 95,8 |
| Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis | 68,5 |
| Vidareutvikling av undervogs- og sluttvurdering | 15,4 |
| Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar | 5,4 |
| Fagleg råd for lærarutdanningane 2025 | 0,7 |
| Kvalitetsutvikling SFO | 0,6 |
| Totalt | 654,1 |

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

242 mill. kroner blei fordelte til statsforvaltarane i alle fylka etter lærarårsverk og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i dei fylkesvise samarbeidsforuma. Skuleeigarar, universitet og høgskular samarbeider om innhald og organisering. 16,1 mill. kroner blei nytta til administrasjonen av ordninga internt i statsforvaltarembeta. Dei resterande midlane blei nytta til samarbeid og koordinering med universitets- og høgskulesektoren.

Nye forskriftsfesta retningslinjer for ordninga blei gjeldande frå januar 2021. Årsrapportane frå statsforvaltarane viser at embeta i 2021 la vekt på å skape felles forståing for dei nye retningslinjene, få på plass gode strukturar for samarbeid, jobbe vidare for gode partnerskapar og få på plass langsiktige felles planar.

Spørjinga til Skule-Noreg hausten 2021 viser at eigarar i stor grad opplyser at tiltak er forankra i lokale prosessar og planar, medan skuleleiarar i langt mindre grad gir uttrykk for det same. Alle eigarane opplyser at dei er involverte i partnerskap med eit universitet- eller høgskulemiljø. Når det gjeld tema som peiker seg ut for kompetanseutvikling i grunnskulen, er det nokon tydelege endringar frå 2020 til 2021. Område som blir høgt prioriterte, er «Arbeid med nytt læreplanverk», «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og «Inkludering og spesialundervisning», der dei to sistnemnde viser ein klar auke frå året før. I vidaregåande opplæring er det arbeid med nytt læreplanverk og leiing av skulebasert kompetanseutvikling som peikar seg ut.

Nye karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar)

Regjeringa vil erstatte piloten der ein prøvde ut ei ordning med lærarspesialistar, med ei ny partsforankra ordning. Piloten blir derfor gradvis avvikla. Gradvis avvikling inneber at lærarar som er i funksjon skuleåret 2021–22, får høve til å fullføre, og at lærarar som har starta på si lærarspesialistutdanning får høve til å fullføre utdanninga. Hausten 2021 var 1 678 lærarar i funksjon som lærarspesialistar innanfor 11 fag og fagområde, og totalt 484 lærarar studerte ved ulike lærarspesialistutdanningar.

Yrkesfaglærarløftet

Studieåret 2021–22 kunne yrkesfaglærarar søke på 26 vidareutdanningstilbod ved ni universitet og

høgskular. Totalt 351 yrkesfaglærarar fekk tilbod om å delta studieåret 2021–22, og det blei i 2021 nytta 56 mill. kroner til vikar- og stipendmidlar og til studieplassar.

Frå 2021 gjeld forskriftsfesta retningslinjer for tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa, som erstattar desentralisert ordning for yrkesfag. Det blei nytta 39,8 mill. kroner til dette, og blant temaa som peika seg ut i 2021, var arbeid med nytt læreplanverk, ny teknologi i yrkesfag, fagleg oppdatering, hospiteringsordninga, vurderings- og rettleiingskompetanse, prøvenemndskulering og instruktørutplæring.

Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis vart satt i gang hausten 2020 og er ei oppfølging av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet er å bygge kompetanse, både hos PP-tenesta, hos tilsette i barnehagar og skular og i heile støttesystemet i laget rundt barna og elevane, slik at alle, uavhengig av føresetnader, skal få moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel.

Hovuddelen av kompetanseløftet er tilskot til lokal kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale behov. Kompetanseutviklinga skal skje i partnerskap med universitet eller høgskule. I 2021 blei det oppretta partnerskap mellom kommunar og universitet eller høgskule i alle fylka. Over 200 kommunar tek del i partnerskapane, anten åleine eller i nettverk med andre kommunar. Partnerskapane omfattar både offentlege og private eigarar, og det er ein føresetnad at PP-tenesta er inkludert i arbeidet.

For å informere om kompetanseløftet og motivere til å delta blei det arrangert ti regionale digitale konferansar i alle fylka våren 2021, dette som eit samarbeid mellom Utdanningsdirektoratet, KS, Statped og statsforvaltarane. Hausten 2021 blei det gjennomført ei digital oppstartssamling for alle som fekk tildeling gjennom Kompetanseløftet.

Eit av tiltaka for å bygge kompetanse er utvikling av nettressursar og kompetansepakker. Dette arbeidet er i gang, nettsidene om inkludering og spesialpedagogikk blir publiserte hausten 2022, det same gjer kompetansepakken «Inkluderande praksis».

Vidareutvikling av undervegs- og sluttvurdering

Vidareutviklinga av undervegs- og sluttvurdering i fagfornyninga heldt fram. 13,6 mill. kroner blei nytta til utprøving av endringar i eksamensordning og 1,3 mill. blei nytta til digitale vurderingsverktøy i sluttvurderinga. 0,5 mill. kroner blei nytta til å utvikle ei kunnskapsoversikt som samanfattar forskning på standpunktkarakterar i Noreg og Norden i tidsrommet 2005–21. Skrivesteret ved NTNU utvikla oversikta på oppdrag frå direktoratet.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

I 2021 gjekk det 5,4 mill. kroner i stimuleringsmidlar til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule, midlar som universitet og høgskular søkte på. I tillegg blei det nytta 3,1 mill. kroner over kap. 231 Barnehagar, post 21. Sytten universitet og høgskular gav tilbod om rettleiing til barnehagar og skular. Tiltaket inkluderte og informasjonstiltak og nettverksarbeid mellom barnehage- og skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane for at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar fekk rettleiing. Sjå også omtale av midlar løyvde over kap. 226, post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar.

Fagleg råd for lærarutdanning 2025

Fagleg råd for lærarutdanning 2025 blei etablert i 2018, og Utdanningsdirektoratet har sekretariatsansvaret. Rådet har representantar frå sektoren, og medlemmane er personleg oppnemnde på bakgrunn av kompetansen sin. Rådet skal utarbeide fagleg funderte analysar og råd til bruk i oppfølginga av strategien *Lærarutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane*. I 2021 gjennomførte rådet ein digital konferanse basert på rådets tilrådingar knytte til arbeid med partnerskap mellom lærarutdanningsinstitusjonane og med skular og barnehagar. Sjå òg omtalen under kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning, post 21.

Kvalitetsutvikling SFO

I 2021 blei det brukt 0,6 mill. kroner til utvikling av støtte- og rettleiingsmateriell til nasjonal rammeplan for SFO. Førebelse resultat frå ei undersøking blant tilsette og leiarar i samband med kartlegging av innføringa av ny rammeplan, viser ei positiv vurdering av støttematerialet til Utdanningsdirektoratet.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

I 2021 blei det brukt 1 049,8 mill. kroner over denne posten til tiltak som støttar opp under målet.

Tabell 4.11 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 til tiltak for å støtte målet om at alle skal lykkast i opplæringa

| Tiltak | (i mill. kr) Rekneskap 2021 |
|---|--------------------------------|
| Tiltak for at sårbare elevar kan ta igjen tapt fagleg progresjon | 415,9 |
| Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning | 163,4 |
| Den teknologiske skulesekken | 98,1 |
| Forsking, evalueringar, brukarundersøkingar og data for vurdering av kvalitet i skulen | 77 |
| Støtte til digital heimeundervisning under covid-19-pandemien | 70,5 |
| Kompetansetiltak om psykisk helse i skulen | 32,7 |
| Oppfølgingsordninga | 26,6 |
| Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa | |
| Forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr i yrkesfaga | 61,5 |
| Yrkesfaglærer 2 | 10,2 |
| Forsking på fag- og yrkesopplæringa | 5,0 |
| Lesestimulering og skule- og folkebibliotek | 17,9 |
| Tiltak retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeid, inkl. Venneslabrua | 13,4 |
| Tiltak for betre opplæring i realfag | 10,7 |
| Tiltak for minoritetsspråklege elevar og nasjonale minoritetar | 9,6 |
| Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning | 9,1 |
| Lektor 2-ordninga for realfag | 9 |
| Samisk fjernundervisning og oppgradering av system for opptak | 6,8 |
| Tilskot til produksjonsskular | 6 |
| Stimuleringsordninga for teiknspråk | 5,4 |
| Den naturlege skulesekken | 1 |
| Totalt | 1 049,8 |

Tiltak for at sårbare elevar kan ta igjen tapt fagleg progresjon på grunn av covid-19-pandemien

328,8 mill. kroner gjekk til kommunar med til saman 607 329 elevar, dette inkluderer ekstra tilskot til kommunane som er med i statens område-satsing på til saman 10 mill. kroner. Fylkeskommunane med til saman 171 841 elevar fekk 63,9 mill. kroner, og 17,2 mill. kroner gjekk til private skular med til saman 41 714 elevar. Røde

Kors fekk 6 mill. kroner for å styrke tilbodet deira om digital leksehjelp til elevar på ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

Fornyng av innhaldet i skulen, nye læremiddel i samband med fagfornyng og læreplanforvaltning

Det blei tildelt 100 mill. kroner i tilskot til kommunane til nye læremiddel i samband med fagfornyng. Kommunane skal rapportere på bruken av

tilskot til nye læremiddel i samband med fagforny- inga. Rapporteringsfrist for tilskot mottekne i 2020 (utsett frist) og i 2021 var sett til 1. april 2022. For tilskot utbetalt i 2020 har 292 av 357 kommunar rapportert, og for 2021 har 235 kommunar rapportert.

I 2021 blei det tildelt 15 mill. kroner til Same- tinget til å utvikle, tilpasse og setje om læremid- del til samisk. I tillegg nytta Utdanningsdirekto- ratet 1,7 mill. kroner til same formål. 16,7 mill. kroner gjekk til utvikling av læremiddel og peda- gogisk barnehagemateriell utan marknads- grunnlag.

Det blei vidare nytta 30 mill. kroner til lære- planforvaltning i 2021. Dette blei nytta til tiltak knytte til innføring av læreplanar, den digitale læreplanvisninga, utvikling av nye læreplanar for yrkesfag og studieførebuande programfag i vida- regåande opplæring og kompetansepakkar for å støtte forståing og bruk av læreplanverket. 2 mill. kroner gjekk til vedlikehald, oppdatering og drift av språkløyper.no og realfagsløyper.no. Kartleg- gingsverktøyet i grunnleggande norsk for språk- lege minoritetar er no digitalisert og laga som ei støtte til lærarar. Av dei 30 mill. kronene til lære- planforvaltning blei òg noko nytta til ferdigstilling av den nasjonale rammeplanen for SFO, til tiltak for å støtte innføringa av ny rammeplan og til for- valtningsoppgåver knytte til rammeplan for barne- hagen.

Den teknologiske skulesekken

Feide er etablert som ei sentral fellesløyising og tenestepattform for grunnopplæringa. Utviklings- arbeid og kompetanseheving knytte til Feide har bidrege til at sektoren har vorte betre rusta til å utnytte dei moglegheitene digitaliseringa gir i læringsarbeid og administrative prosessar. Alle kommunar og ti av elleve fylkeskommunar hadde ved utgangen av 2021 oppgradert til Feide 2.0. Det blei nytta totalt 16 mill. kroner i 2021 til vidareut- vikling av Feide.

Innanfor Den teknologiske skulesekken blei mellom anna satsinga Programmering i skulen forsterka. Kunnskapssetera fekk 10 mill. kroner i tilskot i 2021. Målet er å gi over 100 000 elevar på mellomtrinnet og lærarane deira kompetansehe- ving i programmering i perioden 2018–21. Det blei også løyvd 20 mill. kroner til innkjøp av utstyr til bruk i programmering i undervisninga i 2021. 58 skuleeigarar, som kunne dokumentere satsing på kompetanseutvikling i programmering, fekk eit slikt tilskot.

I 2021 blei det tildelt 50 mill. kroner til innkjøp av digitale læremiddel. Ordninga skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digi- tale læremiddel. Tilskot blei utbetalt til 228 kom- munar/fylkeskommunar etter søknad. Tilskots- ordninga varer frå 2019 til 2022.

Resten av midlane blei nytta til utredning, for- valtning av tiltaka i Den teknologiske skulesekken m.m.

Forskning, evalueringar, brukarundersøkingar og data for vurdering av kvalitet i skulen

Kvalitetsvurderingssystemet består av eit kunn- skapsgrunnlag basert på statistikk og undersøkin- gar som skulane har tilgang til, og digitale verk- tøy, rutinar og andre tiltak som skulane kan ta i bruk for å gjere eigen praksis betre.

I 2021 gjekk det 31,1 mill. kroner til ei rekke forskings-, kartleggings- og evalueringsoppdrag. Døme på prosjekt er evaluering av fagfornyninga, evaluering av lærarnorm og evaluering av ny kom- petansesmodell – desentraliserte ordningar for skule og yrkesfag. I tillegg blir det gjennomført spørjeundersøkingar i Skule-Noreg kvar vår og haust.

I 2021 blei det nytta 28,2 mill. kroner til inter- nasjonale studiar. Noreg deltek regelmessig i desse trendstudiane, som blir gjennomførte kvart tredje, fjerde eller femte år:

- PISA – Programme for International Student Assessment
- TIMSS – Trends in International Mathematics and Science Study
- ICCS – International Civic and Citizenship Education Study
- ICILS – International Computer and Informa- tion Literacy Study
- PIRLS – Progress in International Reading Literacy Study

I tillegg deltek Noreg i TALIS – Teaching and Learning International Survey.

Utgiftene til studiane varierer frå år til år alt etter kvar i syklusen studien er. Resultata frå stu- diane gir høve til å følge utviklinga i skulen sett i ein internasjonal samanheng, og til å følge utviklinga i viktige fag, evner og haldningar over tid.

I 2021 gjekk det 9,7 mill. kroner til statistikk og indikatorutvikling. Det er sentrale element for arbeidet med kvalitet i skulen. Midlane blir nytta til å produsere statistikk og analysar om grunn- opplæringa, til dømes statistikk om grunnskulen gjennom GSI (Grunnskulens informasjonssys-

tem). Midlane blir òg nytta til vidareutvikling av formidling av statistikk og analyse, med vekt på god brukarforankring. Døme på dette er analysebrett, analysenotat og Utdanningsspegelen. Internasjonal deltaking i OECD/NESLI-arbeid inngår òg i denne posten.

Det blei òg nytta 4 mill. kroner til utvikling av ulike brukarundersøkingar, mellom anna til revisjon av elevundersøkinga. Vidare blei det tildelt 4 mill. kroner til Forskningsrådet for forskning på antisemittisme.

Støtte til digital heimeundervisning under covid-19-pandemien

64,5 mill. kroner gjekk til statsforvaltarane som fordelte midlane etter søknad, 200 kommunar fekk tilskot til infrastruktur og einingar for å sikre digital undervisning også i situasjonar med elevar heime. 3 mill. kroner gjekk til 165 private grunnskular og vidaregåande skular etter søknad. Tilskotet er brukt til digitale læremiddel, infrastruktur og utstyr. KS fekk 2,5 mill. kroner til prosjektet SkoleSec for å styrke arbeidet i kommunane med personvern og sikkerheit. 0,5 mill. kroner gjekk til utvikling av kompetansepakkar i digital undervisning på skulen og heime.

Kompetansetiltak om psykisk helse i grunnskulen og vidaregåande opplæring

Kommunar og fylkeskommunar hadde høve til å søke om tilskot. Utdanningsdirektoratet fekk 114 søknader om totalt 154,3 mill. kroner. 52 søknader blei innvilga.

Oppfølgingsordninga

Oppfølgingsordninga blei etablert med bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen*. Målet med ordninga er å gi støtte og rettleiing til kommunar som er under den nedre grensa for kvalitet på sentrale område av opplæringa.

I 2020 blei 39 kommunar identifiserte, og innsatsperioden blei forlengd frå 2 til 3 år. Desse kommunane avslutta ei førebuingssfase sommaren 2021 og gjennomfører dei to følgande åra ulike tiltak med sikte på betre kvalitet i opplæringa. Statsforvaltaren følger opp alle kommunane som er med i ordninga.

Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa

I 2021 blei det utbetalt 59,7 mill. kroner til fylkeskommunane til forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr i yrkesfaga, medan 1,8 mill. kroner blei nytta til effektforskning. Formålet med tilskotet er å bidra til betre utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, samstundes som forskinga skal undersøke verknadar tilskotet har på fylkeskommunale investeringar i utstyr. Utdanningsdirektoratet fekk 284 søknader, og 117 av desse fekk innvilga tilskot. Sluttrapporten frå forskinga kjem i 2023.

Yrkesfaglærer 2-ordninga skal bidra til at fagpersonar frå arbeidslivet blir direkte involverte i opplæringa på yrkesfaglege utdanningsprogram. Ordninga skal bidra til å gjere opplæringa meir relevant for elevane ved å styrke samarbeidet mellom skular og arbeidsliv.

Det blei òg brukt 5 mill. kroner til forskning på kva som gir fag- og yrkesopplæringa framifrå kvalitet.

Lesestimulering og skule- og folkebibliotek

Tiltaket er forankra i *Nasjonal bibliotekstrategi 2020–2023 Rom for demokrati og danning*. Tiltaket femnar over både ei tilskotsordning for kommunar som vil utvikle skulebiblioteka når det gjeld lesestimulering, og ei ordning retta mot frivillige og private organisasjonar som tilbyr lesestimuleringstiltak i skulen.

Direktoratet tildelte 14,1 mill. kroner i 2021 i tilskot til kommunar og deira satsingar på skulebibliotek og lesestimulering. Tilskotsordninga blei evaluert i 2021, og ein rapport blei publisert på nyåret 2022. Evalueringa av tilskotsordninga viser at den fungerer etter siktemålet. Ordninga har gitt elevar betre tilgang til skulebiblioteket, og dei les meir enn før. Elevane får også større eigarskap til biblioteket, og dei blir betre kjende med korleis eit bibliotek kan brukast som læringsarena, mellom anna gjennom auka elevmedverknad. Direktoratet delte også ut 3,8 mill. kroner til private og frivillige organisasjonar i tilskot til lesestimuleringstiltak i skulen.

Tiltak retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeid

Målgruppa for tilskotet på 10,9 mill. kroner retta mot den fylkeskommunale oppfølgingstenesta var ungdom mellom 16 og 24 år som har falle ut av vidaregåande opplæring. Fylkeskommunane rapporterer at dei har involvert skulane og oppføl-

gingstenesta i prosjekta, og fleire har samarbeidd med Nav. Det blei òg gitt 2,5 mill. kroner til Agder fylkeskommune til prosjektet Venneslabrua – frå ungdomstid til arbeidsliv, som pågår i perioden 2019–23.

Tiltak for betre opplæring i realfag

Frå og med 2020 er talentsenter for elevar med stort læringspotensial i matematikk, naturfag og teknologi ei permanent ordning. Evalueringa av realfagsstrategien frå 2019 viser mellom anna at talentsentera fungerer godt. Hausten 2021 blei det oppretta eit sjetta talentsenter ved Vitenparken Campus Ås.

Matematikkssenteret arrangerte ei nettverksamling hausten 2021 for kompetansmiljø som arbeider med matematikkvanskar. Samlinga er eit tiltak for å bygge opp eit sterkt kompetansmiljø om matematikkvanskar i Noreg.

Tiltak for minoritetsspråklege elevar og nasjonale minoritetar

1,6 mill. kroner blei nytta til stipend for minoritetsspråklege lærarar og rettleiing innanfor minoritetsfeltet. 7,2 mill. kroner gjekk til Fleksibel opplæring. Tilbodet vert levert av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) ved OsloMet og gir nettbasert tospråkleg fagopplæring i matematikk og naturfag på 8.–10. trinn på arabisk, somali og tigrinja. Målgruppa er ungdomsskuleelevar, elevar i innføringstilbod i vidaregåande opplæring, kombinasjonsklassar og vaksenopplæringa. Begynnaropplæring i engelsk med støtte på morsmålet blei prøvd ut i utvalde skular frå skulestart 2021, og om lag 100 elevar deltok. Vidare blei det nytta 0,5 mill. kroner til utvikling av læremiddel i kvensk og finsk som andrespråk og noko til arbeid med informasjon, rettleiing m.m.

Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning

Midlane blei nytta til utvikling og drift av digilær.no. I 2021 blei arbeidet med automatisering og digitalisering vidareført. Det skal gi betre kvalitet, forenklingar og betre arbeids- og læringsmiljø i 2022.

Midlane inkluderer forsering i matematikk 1T, der læringsinnhaldet er oppdatert i samsvar med fagfornyninga. Elevtalet var om lag 300, og under-

visninga blei levert av dei fylkeskommunale nettskulane, Nettskulen i Nordland og Nettskulen i Vestfold.

Lektor 2 for realfag

Lektor 2 for realfag skal bidra til at skular og næringsliv knyter tettare band, og at næringslivets kompetanse kan nyttast i opplæringa. Lektor 2 for realfag skal òg bidra til auka relevans i opplæringa og auka rekruttering til realfaga. Skuleåret 2021–22 deltok 172 skular, og av dei deltok 56 for første gong. 106 ungdomsskular og 66 vidaregåande skular deltok.

Samisk fjernundervisning og opptakssystemet for samisk vidaregåande opplæring

Til samisk fjernundervisning blei det til saman nytta 4,7 mill. kroner:

- 1,8 mill. kroner til fjernundervisning i sør-samisk
- 1,4 mill. kroner til fjernundervisning i lule-samisk
- 1,5 mill. kroner til fjernundervisning i nord-samisk

1,8 mill. kroner blei nytta til oppgradering av systemet for opptak til dei samiske vidaregåande skulane slik at dette er samkøyrte med opptaket i Troms og Finnmark fylkeskommune. I tillegg blei det nytta noko midlar til digital teknologi og støt-tefunksjonar i fylkeskommunen.

Produksjonsskular

Tilskotet blei utbetalt til Vestland fylkeskommune og gjekk til produksjonsskulane i fylket.

Stimuleringsordninga for teiknspråk

Tiltaket er eit pilotforsøk der barnehagar og skular gir eit opplæringstilbod i teiknspråk til barn av døve foreldre (KODA) og søsken av teiknspråkbrukarar. Pilotforsøket skal avsluttast som planlagt våren 2022. Det er 27 kommunar og private aktørar som deltek, og barna/elevane er frå barnehagealder til og med vidaregåande opplæring. Statped har ansvar for den faglege oppfølginga. Erfaringar frå piloten vil bli nytta i det vidare arbeidet med å vurdere rett til teiknspråkopplæring for barn av døve foreldre og søsken av teiknspråkbrukarar.

Den naturlege skulesekken

Den naturlege skulesekken skal bidra til at skular får auka kompetanse i å undervise for berekraftig utvikling. Skular som deltek, får eit økonomisk tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å utvikle og teste undervisningsopplegg for berekraftig utvikling. Frå og med 2022 er tiltaket avvikla.

Andre tiltak

I 2021 blei det brukt 35,2 mill. kroner til andre tiltak som støttar opp under målet for posten, jf. tabell 4.12.

Tabell 4.12 Andre tiltak finansierte over løyvinga på kap. 226, post 21

| Tiltak | (i mill. kr) Rekneskap 2021 |
|--|--------------------------------|
| Ny tilbudsstruktur i fagopplæringa | 2,5 |
| Tilskot til Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten | 2,0 |
| Tilskot til Dale Oen Academy | 1,5 |
| Ekspertgruppe for skulebidrag | 1,2 |
| Eidsvoll 1814 – demokratinettstaden Min Stemme | 1,0 |
| Tilskot til støttegruppa etter 22. juli | 0,5 |
| Diverse tiltak (forvaltning av tiltak, utvalsarbeid m.m.) | 26,6 |
| Totalt | 35,3 |

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1,1 mrd. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,3 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar. Løyvinga på posten er redusert med 71 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Departementet foreslår følgande flyttingar av midlar til og frå posten:

- 40 mill. kroner til posten frå kap. 230, post 01 for å styrke kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- 6,6 mill. kroner frå posten til kap. 560, post 50 under Kommunal- og distriktsdepartementet for å styrke kompetansen for tilsette i samiske barnehagetilbod

Departementet foreslår at fleire tiltak på posten blir fasa ut frå 2023. Det gjeld:

- 100 mill. kroner til den mellombelse ordninga for innkjøp av læremiddel i samband med innføringa av fagfornyninga
- 50 mill. kroner til den mellombelse tilskotsordninga for innkjøp av digitale læremiddel i samband med fagfornyninga under Den teknologiske skulesekken
- 216 mill. kroner til den mellombelse tilskotsordninga for å ta igjen tapt fagleg og sosial læring som følge av covid-19-pandemien
- 114,8 mill. kroner grunna avvikling av lærarspesialistordninga

Nedanfor følger omtale av større tiltak og viktige prioriteringar og endringar innanfor løyvinga-forslaget. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 10 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Tabell 4.13 Budsjettforslag for 2023, kap. 226, post 21

| | | (i mill. kr) |
|---|---|--------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Desentralisert ordning for kompetanseutvikling | Utdanningsdirektoratet forvaltar ordninga, og samarbeider tett med statsforvaltarembeta om implementering av nye retningslinjer og vidareutvikling av praksis knytt til ordninga i alle fylke. | 260 |
| Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehage, skule, PPT og eventuelt andre tenester. | Arbeidet blei starta i 2020 og skal etter planen styrkast fram mot 2024. Målet er å bygge kompetanse, både hos PP-tenesta, hos tilsette i barnehagar og skular og i heile støttesystemet i laget rundt barna og elevane. | 150 |
| Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa | Omfattar 100 mill. kroner til kompetanseutvikling innanfor strategien yrkesfaglærarløftet og 10 mill. kroner til yrkesfaglærer 2-ordninga. | 110 |
| Tiltak retta mot SFO | Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til auka kompetanse blant tilsette i SFO. Løyvinga skal bidra til betre implementering av ny rammeplan for SFO og til at kompetansen blant dei tilsette ved SFO blir styrkt. Det er innført ei nasjonal ordning med 12 timar gratis SFO for alle på 1. trinn og ei eiga moderasjonsordning for barn i låginntektsfamiliar. Departementet tek sikte på å avvikle tilskotsordninga med gratis SFO for barn i låginntektsfamiliar frå hausten 2023. Løyvinga skal dekke kostnader til ordninga våren 2023. | 46,3 |
| Handhevingsordninga i skulemiljøsaker | Talet på saker i ordninga har auka, noko som har ført til lengre saksbehandlingstid. Ordninga blir derfor styrkt med 5 mill. kroner. Styrkinga skal medverke til å nå målet om ei effektiv og rettssikker ordning. | 45 |
| Strategi for digital kompetanse og infrastruktur | Midlane skal gå til å følge opp nye tiltak i komande strategi og pågåande, inkludert vidareutvikling av Feide, standardiseringsarbeid, koordinerande arbeid på tvers av kommunane m.m. | 45 |
| Oppfølgingsordninga | Kommunar som er med i ordninga får støtte og rettleiing, tilpassa dei lokale utfordringane. | 40 |
| Betre læringsmiljø | Omfattar ulike tiltak for å sikre eit betre læringsmiljø, under dette ordninga Inkluderande barnehage- og skulemiljø, ordninga med fylkesvise mobbeombod for barnehagar og skular, partnerskap mot mobbing m.m. | 28,2 |
| Tilskotsordning for folke- og skulebibliotek | Ordninga styrkast med 7,5 mill. kroner. Dei nye midlane skal rettast særleg mot levekårsutsette område. | 25 |

Tabell 4.13 Budsjettforslag for 2023, kap. 226, post 21

| | | (i mill. kr) |
|---|---|--------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Lærarspesialistordninga | Lærarspesialistordninga er under gradvis avviking. Løyvinga i 2023 skal bidra til at dei som har begynt utdanninga som lærarspesialist, skal få høve til å fullføre utdanninga. | 25 |
| Strategiplan og talentsenter for realfag | Evalueringa av talentsenterordninga viser at ordninga fungerer godt for dei som får delta, men at ho berre når ein liten del av elevane. Departementet vil gjennomgå ordninga. Departementet tek sikte på å overføre ansvaret for ordninga frå Utdanningsdirektoratet til Forskingsrådet, som har ansvar for tilskotet til vitensentera, jf. kap. 226, post 71. | 16 |
| Auka bemanning på skular i levekårsutsette område | Vidareføre ordninga oppretta ved behandlinga av revidert budsjett for 2022. | 15 |
| Dembra | Tiltaket blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter som mottar desse midlane. Ordninga blir styrkt med 2 mill. kroner, som skal gå til å styrke arbeidet med Dembra og til utvikling av ein undervisningspakke om konspirasjonsteoriar. | 14,5 |
| Digilær.no – nasjonal plattform for nettbasert undervisning | Midlane går til drift og utvikling av digilær.no. Løyvinga er styrkt for å kunne etablere faste tilbod for språkopplæring i kvensk, finsk og tre samiske språk. | 12,5 |
| Samisk fjernundervisning og samiske læremiddel | Inkluderer 6 mill. kroner til samiske læremiddel i fagfornyninga som blir tildelt Sametinget. | 11 |
| Symjeopplæring | 10 mill. kroner til tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. 1 mill. kroner til å støtte symjeopplæring for elevar i grunnskulen, mellom anna nettsida svømmedyktig.no og ferdighetsprøva i symjing. | 11 |
| Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør | Midlane skal gå til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen (10 mill. kroner) og Oslo sør (0,5 mill. kroner). Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår. | 10,5 |
| Tillitsreforma i barnehage og skule | Midlane skal å stimulere til lokale pilotar og prosjekt i samband med tillitsreforma. | 10 |
| Fleksibel opplæring | Tilbodet gir opplæring over nettbaserte løysningar for minoritetsspråklege elevar med rett til tospråkleg fagopplæring. | 9 |
| Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar i barnehage og skule | Løyvinga går til universitet og høgskular etter søknad. Må sjåast i samanheng med midlar løyva over kap. 231, post 21. | 7,5 |

Tabell 4.13 Budsjettforslag for 2023, kap. 226, post 21

| | | (i mill. kr) |
|--|---|----------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Lektor 2-ordninga i realfag | Departementet foreslår ei gradvis avviking av ordninga. Løyvinga blir derfor redusert med 2 mill. kroner i 2023. | 7 |
| Tilskot til læringstilbod om 22. juli. | Wergelandsenteret er mottakar av tilskotet. Tilbodet er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Wergelandsenteret. | 5 |
| Tilskot til støttegruppa etter 22. juli | Ved behandlinga av revidert budsjett for 2022 blei tilskotet til støttegruppa etter 22. juli auka med 2 mill. kroner. Tilskotsauken får heilårseffekt i 2023-budsjettet. Støttegruppa blei oppretta etter terrorangrepa i 2011 og jobbar for å fremje interessene til dei som blei ramma av terrorangrepa. Gruppa deltek òg i ei rekke forum med norske myndigheiter og internasjonale aktørar. Tilskotet skal bidra til å styrke støttegruppa. | 4,5 |
| Tilskot til Stiftelsen 10. august | Tilskotet går til eit minne- og kunnskapssenter der skuleelevar, studentar og andre besøkande kan lære om terrorangrepet på Al-Noor Islamic Center i 2019 og hat og terror mot muslimar. | 4 |
| Tiltak retta mot nasjonale minoritetar | Løyvinga inkluderer mellom anna 2 mill. kroner til grunnskuleopplæring for romar i Lørenskog kommune og utvikling av læremiddel i kvensk og finsk. | 4 |
| Tilskot til prosjektet Venneslabrua | Mottakar er Agder fylkeskommune. Venneslabrua er eit prosjekt der Vennesla vidaregåande skole utviklar nye tiltak for å få ungdom gjennom skuleløpet. Prosjektperioden er 2019–23 | 2,5 |
| Tilskot til Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten | Tilskotet skal støtte opp under arbeidet til stiftinga. | 2 |
| Eidsvoll 1814 og demokratinetstaden Min Stemme | Mottakar er Eidsvoll 1814 ved Norsk Folkemuseum som har ansvaret for www.minstemme.no , som er ein nettstad med læringsressursar frå barneskuletrinn og til vidaregåande, med søkelys på demokrati, medborgarskap og deltaking. Løyvinga går til drift og utvikling av nettstaden og må sjåast i samanheng med fagfornyninga. | 1 |
| Anna | Departementet vil setje av om lag 110 mill. kroner på posten til arbeid med brukarundersøkingar, statistikk, forskning, evaluering, og deltaking i internasjonale undersøkingar. Løyvinga dekkjer og drift av nokre tidsavgrensa prosjekt, tiltak for å følge opp fagfornyninga og utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned. | 153,9 |
| Totalt | | 1 075,4 |

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar

Løyvinga finansierer satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, jf. *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning for lærere og skuleledere frem mot 2025*.

Løyvinga finansierer også rektorutdanning, modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar, vidareutdanning for rettleiing av nyutdanna lærarar og lærarspesialistutdanningane. For tilsette i skulen som manglar lærarutdanning, er det stipendordningar for toårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og treårig yrkesfaglærerutdanning (YFL). Staten har også finansiert stipendmidlar for at skuleeigarar kan rekruttere personar utanfrå som ønsker å ta ei yrkesfaglærerutdanning for å jobbe i skulen, og stipendordning for minoritetsspråklege lærarar.

Mål for 2023

Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og kvalifisering av lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa. Dette skal føre til at elevane lærer meir.

Resultat i 2021

Vidareutdanning for lærarar

I 2021 blei det brukt 1,4 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar gjennom strategien «Kompetanse for kvalitet». I skuleåret 2021–22 blei det gitt tilbod om vidareutdanning til 7 099 lærarar. Ei deltakarundersøking i 2021 viser at lærarar som har teke vidareutdanning, meiner at vidareutdanninga har god kvalitet og bidreg til auka motivasjon og engasjement, fagleg utbyte og endringar i undervisninga.

Stipendordning for tilsette som manglar lærarutdanning, og til rekruttering av personar utanfor skulen

I 2021 gjekk 84,9 mill. kroner til kompetansetiltak for ikkje-kvalifisert undervisningspersonell. Det blei utbetalt 602 nye stipend til personar for studiar på PPU, PPU-Y, YFL og til fullføring av lærarutdanning. Av desse gjekk 77 stipend til å rekruttere personar utanfor skulen. Den andre halvparten av stipenda til deltakarane frå stipendordninga i 2018 og 2019 blei også utbetalt etter fullførte studium.

Rektorutdanninga og vidareutdanning for skuleleiarar

81,2 mill. kroner gjekk til rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. I 2021 begynte 451 på rektorutdanninga og 521 på den modulbaserte vidareutdanninga for skuleleiarar, ein auke frå høvesvis 467 og 349 i 2020. Evalueringa av rektorutdanninga viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet. Dei opplever at utdanninga er relevant og har gitt stort læringsutbyte.

Rettleiarutdanning

Utdanningsdirektoratet har ansvar for rettleiarutdanning av nyutdanna barnehagelærarar og lærarar. Det er inngått avtale med 10 universitet og høgskular om i alt 385 studieplassar, og det blei nytta 12,5 mill. kroner til dette i 2021.

Tiltak for rekruttering til lærarutdanningane

For å bidra til å kvalifisere søkjarar for opptak til lærarutdanninga har departementet finansiert eit nasjonalt nettbasert matematikkurs ved Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) med til saman 10 mill. kroner over to år. I 2021 blei det tildelt 5 mill. kroner. I 2021 var det 301 deltakarar frå heile landet, og 217 tok eksamen. 96 av desse klarte å løfte seg til karakter 4, 5 eller 6 og klarte dermed opptakskrava til lektor- og grunnskulelærerutdanningane.

I 2021 gjekk 5 mill. kroner til Høgskulen på Vestlandet (HVL) for å finansiere eit nasjonalt rekrutteringsprosjekt til lærarutdanningane, særleg retta mot å stimulere til auka mangfald og kjønnsbalanse. Prosjektet er i ein tidleg fase og blei i starten forhindra av covid-19-pandemien. Arbeidet blei intensivert i 2021. I alt er prosjektet finansiert med 16 mill. kroner over tre år.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1,6 mrd. kroner på posten.

I løyvingsforslaget er det teke omsyn til følgende flyttinga av midlar til og frå posten:

- 150 mill. kroner frå posten til kap. 231, post 21 for å styrke etter- og vidareutdanningstilbodet i barnehagane

Løyvinga finansierer mellom anna vidareutdanningsplassar våren 2023 og gir rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 000 lærarar hausten 2023

innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. I 2023 er engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk prioriterte fag i vidareutdanningsordninga. I tillegg vil søknader frå tidlegare Finnmark fylke og søknader frå kommunar i oppfølgingsordninga bli prioriterte. Det er vidare sett av eigne pottar til spesialpedagogikk og praktiske og estetiske fag. Det er behov for fleire kvalifiserte søkarar til lærarutdanningar retta mot barnehagar og skular. 10 mill. kroner over posten skal gå til auka rekruttering til lærarutdanningane.

Som følge av dei stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av stipendet først blir utbetalt når vidareutdanninga er fullført, er det behov for ei tilsegnsmakt på 280 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal finansiere innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Satsinga gjaldt først for treårsperioden 2019–21. Men på grunn av avlyst eleveksamen er prosjektet forlengt til 2023.

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å gi elevane og eksamenkandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist eigen kompetanse på fleire måtar enn i dag. Tenesta skal vareta nye krav til universell utforming. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing.

Resultat i 2021

Hovudprosjektet for å kjøpe inn og ta i bruk eit nytt digitalt system blei starta opp i 2019. Kontrakt med leverandør blei undertekna, og arbeidet med å setje opp og ta i bruk løysinga blei sett i gang. Smitteverntiltak som følge av covid-19-pandemien har resultert i avlysing av eksamen og at skular og skuleeigarar ikkje har vore tilgjengelege for brukartest. Prosjektet er derfor forseinka. Forseinkinga fører til at kostnadene ved prosjektet stig.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 22 mill. kroner på posten.

Post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar

Målgruppa for tilskotet er nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kommunar og private skular som gir rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen, kan søke om tilskot til å planlegge og gjennomføre sjølv rettleiinga. Tilskotet skal brukast til direkte kostnader til rettleiinga.

Mål for 2023

Målet med løyvinga er både å bidra til at skuleeigarane følger opp ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt, og å styrke rettleiinga til den einskilde nyutdanna nyttilsette læraren. Målet med rettleiinga er at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får ein god overgang frå utdanninga til yrket, og at dei dermed blir verande i skulen.

Resultat i 2021

I 2021 blei det innvilga 238 søknader, mot 214 i 2020. Dette omfatta 2 259 nyutdanna nyttilsette lærarar i 2021, mot 2 406 i 2020. 186 kommunar fekk tilskot for 2 151 lærarar, mot 178 kommunar og 2 330 lærarar i 2020. 52 private skular fekk tilskot for 108 lærarar, mot 41 private skular og 76 lærarar i 2020. Satsen per lærar i 2021 blei 27 077 kroner, mot 25 700 i 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 63,6 mill. kroner på posten.

Post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet

Posten blei oppretta i 2020 og skulle finansiere eit treårig pilotforsøk for perioden 2020–22, jf. omtale i kategoriinnleiinga for 07.20 Grunnopplæringa. Programfinansieringa går ut på å slå saman delar av eksisterande tilskotsordningar retta mot utsette barn og unge i ein pott som pilotkommunane har stor fridom til å disponere innanfor formålet. På denne måten kan midlane bli betre tilpassa lokale behov. På grunn av covid-19-pandemien blei forsøket forseinka og forlengt til og med juni 2023. Tolv kommunar er med i piloten, dei ligg i Trøndelag, Innlandet og Vestfold og Telemark. Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet bidrog med midlar som blei

rammeoverførte til posten i 2020. I 2023 foreslår departementet å rammeoverføre 42,7 mill. kroner frå posten til postar under Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår dermed inga løyving på denne posten i 2023.

Resultat i 2021

40,5 mill. kroner blei utbetalt til pilotkommunane i 2021. Tiltaka som kommunane skal teste ut i prosjektperioden, skal evaluerast av ulike kompetansemiljø. Den overordna evalueringa av programfinansiering som verkemiddel blir gjort av Oxford Research, sluttrapporten kjem i 2023.

Post 65 Tilskot til nye og utvida sommarskuletilbod ifb. koronapandemien

Målet med tilskotet var å gi fleire unge ein arena der dei kunne delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skulens sommarferie. Sommarskule var òg eit tiltak for at elevar skulle kunne ta igjen tapt læring og progresjon.

Resultat i 2021

Det blei brukt 481,1 mill. kroner på posten av den samla løyvinga på 500 mill. kroner. Alle kommunane fekk tilbod om midlar og 230 kommunar takka ja og fekk tilskot. Midlane skulle gå til nye eller utvida tilbod. Kommunane kunne nytte deler av tilskotet til tilsvarande tilbod i skulanes haustferie viss det ikkje var mogleg å bruke opp alle midlane til sommarskule. Kommunane sto fritt til å gi ulike tilbod tilpassa lokale forhold. Dei kunne òg samarbeide med idrettslag, kulturskular, foreiningar m.fl.

Post 71 Tilskot til vitensenter

Eit vitensenter er eit lærings- og opplevingscenter for teknologi, naturvitskap og matematikk der besøkande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i teknologi og realfag og bidreg til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skulane og lærarane i opplæringa og bidreg til å følge opp nasjonale strategiar. Tilbodet er basert på læreplanar i realfag. Hausten 2022 er det 13 vitensenter i Vitensenterprogrammet i Forskningsrådet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret Innlandet – Gjøvik
- Inspiria Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter – Arendal og Kristiansand
- Vitenparken Campus Ås
- Atlanterhavsparken – Ålesund
- Vitensenter Nordland – Mo i Rana
- ViteMeir – Kaupanger

Vitensenter som vil vere ein del av tilskotsordninga må søke Forskningsrådet og dokumentere at dei oppfyller gitte kriterier. Forskningsrådet vurderer dette og gir ei anbefaling til departementet. Dette inneber ei kvalitetssikring av vitensentera som mottar statstilskot.

Mål for 2023

Målet med tilskotet er å auke interessa for teknologi og realfag.

Resultat i 2021

I 2021 fekk 13 regionale vitensenter midlar frå denne posten. Sentera hadde 602 000 besøkande i 2021, som er ein auke på 95 000 frå 2020. Vitensentra leverte i 2021 undervisning til 194 000 elevar og lærarar. Dette er 39 000 fleire enn året før. Sjølv om det var ein auke frå 2020, har covid-19-pandemien påverka vitensentera i stor grad også i 2021. Talet på besøkande og nivået på undervisninga til elevar og lærarar var framleis lågare enn før pandemien i 2019. Ifølge lærarane er vitensentra eit viktig supplement til undervisninga i realfag.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 94,4 mill. kroner på posten.

Fordelinga av tilskotet til vitensentera blir vedteke av styret i Vitensenterprogrammet. Styret blir oppnemnt av Noregs forskningsråd. I styret sit mellom anna representantar frå akademia og næringslivet.

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 63 | Tilskot til kommunar og fylkeskommunar | 43 355 | 44 552 | 41 808 |
| 78 | Tilskot | 186 434 | 186 434 | 180 469 |
| | Sum kap. 227 | 229 789 | 230 986 | 222 277 |

Post 63 blir nytta når midlane går til kommunar og fylkeskommunar, medan post 78 blir nytta til tilskot til andre mottakarar.

Post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å støtte tilbod som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Norsk-russisk videregående skole i Murmansk

Tilskotet har gått til Troms og Finnmark fylkeskommune og blitt nytta til drift av Norsk-russisk videregående skole i Murmansk. Skulen gir tilbod om tilpassa studieførebuande Vg3 til norske elevar.

Norsk-russisk videregående skole har vore ein viktig del av folk-til-folk-samarbeidet mellom Russland og Noreg. Då Russland gjekk til åtak på Ukraina, måtte skulen stenge. Dei norske elevane fekk tilbod om å avslutte skuleåret ved Kongsbakken videregående skole i Tromsø.

Det vil ikkje vere mogleg å halde fram drifta ved skulen slik situasjonen er no. Styret ved Norsk-russisk videregående skole har derfor vedteke at drifta av skulen blir stansa inntil vidare. Det betyr at det heller ikkje vil bli gitt tilskot til Troms og Finnmark fylkeskommune til drift av skulen.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skule for døvblinde og personar med høyrselshemmingar i kombinasjon med funksjonsnedsetjingar. Verksemda ligg i Sandefjord kommune. Sandefjord kommune er etter opplæringslova ansvarleg for å finansiere vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra

til å dekke meirutgifter Sandefjord kommune har som følge av ansvaret for å gi vaksenopplæring til bebuarar ved Stiftelsen Signo.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Tilskotsmottakar er Engerdal kommune, og tilskotet skal nyttast til drift av Fjellheimen leirskule. Fjellheimen leirskule er ein leirskule for barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskulen finansierer drifta ved statstilskot, betaling frå elevane/deltakarane og medverknad frå Engerdal kommune, som eig og driv Fjellheimen leirskule.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane har heile landet som opptaksområde.

Tilskot til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet skal bidra til å dekke utgifter til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv. Tilskotet går til kommunane Snåsa og Målselv.

Resultat i 2021

Tilskot til Norsk-russisk videregående skole i Murmansk

Hausten 2021 blei det teke inn ti norske elevar som starta på Vg3 ved Norsk-russisk videregående skole. Skulen måtte stenge etter at Russland gjekk til åtak på Ukraina, og elevane fullførte skuleåret ved Kongsbakken videregående skole i Noreg.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Tilskotet kommunen fekk i 2021, gjekk til kjøp av vaksenopplæringstenester frå Stiftelsen Signo. Det var 34 elevar som fekk opplæring i 2021.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Skulen kan ta inn opptil 1 000 deltakarar kvart år. I 2021 var det 860 deltakarar. Dette er ein vesentleg auke samanlikna med året før, då 530 personar fekk eit opphald ved skulen. Talet på deltakarar var lågt i 2020 og 2021 på grunn av covid-19-pandemien.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Sameskulen i Snåsa hadde ti elevar hausten 2021, i tillegg til ein hospiteringselev frå Sverige. Talet på elevar har falle dei siste åra. Sju elevar ved Snåsa ungdomsskule fekk undervisning ved sameskulen og tolv elevar fekk fjernundervisning.

Tabell 4.14 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63

| | (i 1 000 kr) |
|---|--------------|
| Tilskotsmottakar | Tilskot 2023 |
| Vaksenopplæring i Sandefjord kommune | 5 715 |
| Fjellheimen leirskule | 6 998 |
| Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv | 27 295 |
| Skuleskyss ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv | 1 800 |
| Sum | 41 808 |

Post 78 Tilskot

Mål for 2023

Målet med løyvinga er å støtte private tilbod som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som inneber at Noreg gir eit årleg tilskot til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg i Frankrike. Skulen har elevar frå Frankrike og Noreg i tillegg til elevar med bakgrunn frå mange andre land. Til-

Sameskulen i Målselv hadde 20 elevar hausten 2021, det same talet som året før. I tillegg fekk 17 elevar fjernundervisning, som òg er på same nivå som i 2020.

Tilskot til skuleskyss for elevar ved dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

For 2021 er det utbetalt 0,6 mill. kroner til Målselv kommune for utgifter til skuleskyss for elevar ved sameskulen.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 41,8 mill. kroner på posten. Tabellen under viser fordelinga av løyvinga.

Drifta av Norsk-russisk videregående skole i Murmansk blir stansa inntil vidare som følge av Russlands åtak på Ukraina. Troms og Finnmark fylkeskommune vil derfor ikkje få tilskot til drift av skulen i 2023.

skotet skal styrke samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

Krokeide videregående skole AS er godkjend etter privatskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod som er godkjent for 220 elevar, og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta videregående opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremje fred og forståing gjennom utdanning. Det er i alt 18 UWC-skular i 18 land. Tilskotet går til Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Vestland (RKNUWC). Skulen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Målgruppene til Signo grunn- og videregående skole er døvblinde og elevar med høyrselshemming og ulike funksjonsnedsetjingar. Målgruppa til Briskeby videregående skole er elevar med nedsett høyrsel. Tilskotet skal bidra til at skulane kan halde fram med drifta på om lag same nivå som før dei blei godkjende etter privatskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Tilskotet skal òg bidra til å dekke heimreisekostnader for elevane ved skulane og drift av internatet ved Signo grunn- og videregående skole.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskotet skal finansiere opplæringstilbodet som rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet har i Viken og Innlandet. Tilskotet skal dekke kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Tilskotet har medverka til at det blir gitt grunnskuleopplæring og videregående opplæring til norske elevar ved den norske seksjonen ved skulen, i dei faga seksjonen tilbyr.

Tilskot til internatdrifta ved Feiring videregående skole

Feiring videregående skole AS er godkjend etter privatskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Feiring videregående skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta videregående opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Resultat i 2021

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

I skuleåret 2021–22 hadde Den franske skolen i Oslo 280 elevar på barnetrinnet, 193 elevar på ungdomstrinnet og 87 elevar i videregående opplæring. Samla hadde skulen 560 elevar, mot 543 elevar i skuleåret 2020–21.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

I 2021 var det 97 elevar på internatet om våren og 116 elevar om hausten. I 2020 var det til samanlikning 108 elevar om våren og 95 elevar om hausten ved internatet. Skulen er godkjend for 220 elevar og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Utnyttinga av kapasiteten til internatet er derfor god.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

I skuleåret 2021–22 hadde skulen 204 elevar frå 90 land. 65 av elevane kom frå nordiske land. Elevtalet og fordelinga mellom regionane elevane kjem frå, har vore relativt stabile dei siste åra. Hausten 2021 var det litt fleire elevar frå Europa enn tidlegare, sidan elevar frå andre verdsdelar ikkje kunne kome på grunn av covid-19-pandemien.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Signo fekk våren 2021 tilskot for 11 elevar på grunnskulenivå og 18 heiltidselevar på videregående nivå. Om hausten var det 18 elevar på grunnskulenivå og 11 heiltidselevar på videregående nivå. Tilskotet til Briskeby blei utbetalt for 37 heiltids- og 14 deltidselevar på videregående nivå våren 2021 og 31 heiltids- og 13 deltidselevar på videregående nivå om hausten. Elevtalet ved dei to skulane har vore relativt stabilt i dei siste åra og ligg på eit høgt nivå i høve til det elevtalet skulane er godkjende for.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Fossumkollektivet hadde i 2021 til saman 70 elevar ved skuleavdelingane i Viken og 23 elevar ved dei to avdelingane i Innlandet. Ved dei to verksemdene Tyrilistiftelsen har i Innlandet, har 93 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frankmotunet, og 92 bebuarar har delteke på ulike skuletilbod i Lillehammer.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Hausten 2021 var det 26 elevar på barnetrinnet, 5 elevar på ungdomstrinnet og 14 elevar i vidaregåande skule som fekk opplæring i den norske sek-sjonen ved skulen.

Tilskot til internatdrifta ved Feiring vidaregående skole

Feiring vidaregående skole starta opp hausten 2020 med 67 elevar ved skulen og tok i bruk 56 hyblar på internatet.

I 2021 var det 52 elevar på internatet om våren og 101 elevar om hausten. Skulen er under oppbygging og godkjend for 248 elevar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 180,5 mill. kroner på posten. Tabellen under viser fordelinga av løyvinga.

Departementet foreslår å avvikle tilskotet til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye frå

hausten 2023. Tilskotet i 2023 skal nyttast til drift av skulen våren 2023. Skulen mista godkjenninga si etter privatskulelova og dermed retten til stats-tilskot frå skuleåret 2016–17. Skulen har fått eit ulovfesta særtilskot i tida etter at skulen mista godkjenninga. Privatskulelova gir heimel til å godkjenne norske private skular i utlandet. Godkjenning etter lova om private skular bidreg til å sikre kvaliteten på opplæringa, mellom anna ved at skulane følger norske læreplanar og har norsk som undervisningsspråk. Statleg finansiering av skular utan godkjenning vil kunne bidra til å undergrave formålet med regelverket.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2018 blei tilskotet til Røde Kors Nordisk United World College (RKNUWC) auka med 3 mill. kroner til rehabilitering av skulebygningane. Eit fleirtal i utdannings- og forskingskomiteen oppmoda om at auken skulle vidareførast i fem år til rehabilite-ringa var gjennomført, jf. Innst. 12 S (2017–2018). Departementet foreslår derfor å redusere tilskotet til RKNUWC med 3 mill. kroner i statsbudsjettet for 2023.

Tabell 4.15 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78

| Tilskotsmottakar | (i 1 000 kr) Tilskot 2023 |
|---|------------------------------|
| Den franske skolen i Oslo | 33 584 |
| Internatdrifta ved Krokeide vidaregående skole | 29 187 |
| Røde Kors Nordisk United World College | 36 060 |
| Signo grunn- og vidaregående skole og Briskeby vidaregående skole | 49 666 |
| Opplæring i rusinstitusjonar | 11 956 |
| Lycée International de Saint-Germain-en-Laye | 2 616 |
| Internatdrifta ved Feiring vidaregående skole | 17 400 |
| Sum | 180 469 |

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 70 | Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i> | 3 321 738 | 3 198 229 | 3 515 056 |
| 71 | Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> | 1 838 648 | 1 740 303 | 1 925 246 |
| 72 | Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> | 153 163 | 155 354 | 143 980 |
| 73 | Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> | 112 036 | 109 297 | 122 571 |
| 74 | Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> | 13 923 | 13 335 | 17 638 |
| 75 | Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> | 401 720 | 401 325 | 434 808 |
| 76 | Andre private skular, <i>overslagsløyving</i> | 53 531 | 60 813 | 62 182 |
| 77 | Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> | 30 860 | 30 309 | 32 353 |
| 78 | Kompletterande undervisning | 23 023 | 25 416 | 24 869 |
| 79 | Toppidrett | 78 403 | 79 415 | 77 715 |
| 81 | Elevutveksling til utlandet | 447 | 2 247 | 2 199 |
| 82 | Kapital- og husleigetilskot til private skular | 113 321 | 70 504 | 72 619 |
| 84 | Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular | 645 | 22 200 | 40 200 |
| 85 | Kompensasjon for meirutgifter knytte til covid-19 | 56 000 | | |
| | Sum kap. 228 | 6 197 458 | 5 908 747 | 6 471 436 |

Løyvingane over kap. 228 går i hovudsak til tilskot til private skular som er godkjende etter privatskulelova. I tillegg blir det over dette kapittelet gitt tilskot til kompletterande undervisning, jf. privatskulelova § 6-4, Den tysk-norske skolen i Oslo, toppidrett og elevutveksling i utlandet.

Endringar i friskulelova («ny privatskulelov») tok til å gjelde 15. juni 2022, jf. Prop. 98 L (2021–2022) og Innst. 404 L (2021–2022). Den nye lova inneber at private skular må representere eit reelt supplement til den offentlege skulen for å bli godkjende. Lova opphevar to godkjeningsgrunnlag – profilskular og skular som tilbyr vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram. Lova endrar også godkjeningsgrunnlaget i privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav g til «Vidaregåande opplæring i tradisjonshandverksfag».

Private skular godkjende etter privatskulelova har rett til statstilskot. Til grunn for tilskotet ligg gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skulen. Einskilde private skular får særtilskot i tillegg til tilskot som følger av lova. Departementet foreslår i statsbudsjettet for 2023 å avvike nokre av desse særtilskota for å bidra til at privatskulane har dei same vilkåra for drifta si. Dette er omtalt under dei aktuelle postane.

I samband med handsaminga av revidert budsjett for 2022 løyvde Stortinget midlar til eit melombels særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Pluskolen og Hjerleid Handverksskole i 2022. Departementet foreslår å ikkje vidareføre dette tilskotet i 2023. Som ei oppfølging av Hurdalsplattforma har Utdanningsdirektoratet fått oppdrag om å greie ut ei særskild grunnfinansiering for «kultur- arvskular».

Mål for 2023

Målet med tilskotsordningane er å medverke til at det kan bli oppretta og drifta privatskular etter privatskulelova.

Resultat i 2021

Tabellen under viser endringar i talet på elevar og private skular som fekk tilskot over post 70–76, frå skuleåret 2019–20 til skuleåret 2021–22. For grunnskulen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skule viser tala gjennomsnittet av elevtalet frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.16 Privatskular, tal på skular og elevar

| Post | Skuletype | Skular | | | Elevar | | |
|------|---|---------|---------|---------|---------|---------------------|---------------------|
| | | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
| 70 | Grunnskular | 249 | 255 | 258 | 24 993 | 26 101 | 27 007 |
| 71 | Vidaregåande skular | 81 | 83 | 84 | 13 680 | 14 537 ¹ | 14 934 ¹ |
| 72 | Diverse skular som gir yrkesretta opplæring | 29 | 28 | 28 | 1 265 | 1 278 | 1 169 |
| 73 | Grunnskular i utlandet | 9 | 9 | 9 | 765 | 547 | 612 |
| 74 | Vidaregåande skular i utlandet | 3 | 3 | 3 | 138 | 85 ¹ | 108 |
| 75 | Skular for funksjonshemma elevar | 15 | 16 | 16 | 869 | 957 ¹ | 1010 ¹ |
| 76 | Andre private skular | 1 | 1 | 2 | 119 | 135 | 175 |
| | Sum | 387 | 395 | 400 | 41 829 | 43 640 | 45 015 |

¹ Inkludert elevar tekne opp som følge av mellombels særregel om inntak i privatskular hausten 2020 og 2021.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2021 gjekk 4,3 pst. av grunnskuleelevane i private skular, mot 4,1 pst. året før. Hausten 2021 gjekk 8,7 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i private skular, mot 8,3 pst. året før. Dei siste ti åra har det vore ein auke i prosentdelen elevar i private grunnskular og i private vidaregåande skular. I skuleåret 2009–10 gjekk 2,4 pst. av elevane i grunnskulen og 6,4 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i privatskular. Tala inkluderer alle elevar i private grunn- og vidaregåande skular i Noreg godkjende etter privatskulelova.

Post 70 Private grunnskular, overslagsløyving

Private grunnskular som er godkjende etter privatskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 3,5 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 92,3 mill.

kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 241,4 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Tilskotet til private grunnskular blir berekna med utgangspunkt i utgiftene kommunane har til offentlege grunnskular. Modellen skal ta omsyn til kostnadsskilnader mellom små, mellomstore og store skular. Sidan statsbudsjettet for 2020 har ikkje berekningsmodellen fungert, fordi data-grunnlaget for å berekne kostnaden for små skular har blitt dårlegare. Departementet greier derfor ut ein ny tilskotsmodell for private grunnskular. I statsbudsjettet for 2023 er satsane berekna med utgangspunkt i satsane frå 2020, korrigert for endringar i tilskotsgrunnlaget frå 2018 til 2021.

Frå statsbudsjettet for 2019 har dei private grunnskulane som per 1. oktober 2018 mangla meir enn 0,2 lærarårsverk for å oppfylle same lærartettleik som norma som er innført i offentlig skule, fått eit ulovfesta tilskot for å auke lærartettleiken. Det er varsla at tilskotet blir fasa ut når ressursane kommunane har til fleire lærarar for å oppfylle lærarnorma, inngår i tilskotsgrunnlaget

til dei private grunnskulane. Departementet foreslår derfor å avvike tilskotet i statsbudsjettet for 2023. Det inneber ein reduksjon i tilskotet til private grunnskular på 16,9 mill. kroner i høve til 2022.

Post 71 Private vidaregåande skular, overslagsløyving

Private vidaregåande skular som er godkjende etter privatskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen. Satsane for tilskot til private vidaregåande skular bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen to år tidlegare. Det blir rekna ut ein sats for kvart utdanningsprogram. For dei nye utdanningsprogramma som kom med ny tilbudsstruktur hausten 2020, vil departementet inntil vidare vidareføre satsane frå dei tilsvarende utdanningsprogramma i den gamle tilbudsstrukturen. Desse satsane blir prisjusterte inntil ein har grunnlag for å berekne nye satsar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1,9 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 49,7 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 148,1 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår å avvike dei ulovfesta tilskota til Kongshaug Musikkgymnas, Oslo by steinerskole og Kristen VGS Vennesla frå hausten 2023. Løyvinga er redusert med 5,9 mill. kroner som følge av dette. Skulane har fått desse tilskota fordi dei har musikktilbod, som er rekna som dyrare enn det som blir fanga opp av satsen for utdanningsprogrammet musikk, dans og drama. Departementet gjer merksam på at dette ikkje er unikt for desse skulane. Satsane bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i offentlege skular, og private skular må tilpasse seg dette. Departementet er òg kjent med at det er private vidaregåande skular med musikktilbod som ikkje får eit særtilskot til dette. Departementet meiner at ulovfesta særtilskot til einskildskular bidreg til å undergrave og komplisere tilskotsmodellen for private vidaregåande skular. Derfor foreslår departementet å avvike tilskota frå hausten 2023.

I statsbudsjettet for 2022 er det løyvd 6,2 mill. kroner på posten til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med fullføringsreforma. Privatskulelova avgrensar fleksibiliteten som dei godkjende private vidaregåande skulane har til å gjere løpande endringar i opplæringsløpa, i tråd med intensjonen bak tilskot-

smidlane. Det vil derfor vere krevjande for dei private vidaregåande skulane å bruke midlane på den måten Stortinget har lagt til grunn. Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6,4 mill. kroner, slik at midlane ikkje blir førte vidare til 2023.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2021 vart føresegnene i kapittel 4 i vaksenopplæringslova om diverse skular flytta frå vaksenopplæringslova til kapittel 6A i privatskulelova, jf. lov av 19. juni 2020 nr. 91. Satsane for tilskot til skular som er godkjende etter kap. 6A i privatskulelova, med unntak av Norsk Yrkesdykkerskole, er baserte på tre av satsane for private vidaregåande skular. Dei tre satsane er dei same som for utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Skular som er godkjende etter kap. 6A i privatskulelova, har fått 75 pst. av tilskotssatsane.

I dag er 28 skular godkjende etter kap. 6A i privatskulelova. Desse er bibelskular, kunstsksular og Norsk Yrkesdykkerskole.

Oxford Research evaluerte tilskotsordninga i 2019 på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Departementet vil følge opp gjennomgangen og vurdere behovet for endringar i ordninga. Norsk Yrkesdykkerskole skil seg frå dei andre skulane i ordninga når det gjeld både innhald i opplæringa og storleiken på tilskotet per elev. Departementet vil i samband med gjennomgangen av ordninga særleg vurdere tilskotet til Norsk Yrkesdykkerskole.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 144 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 11,6 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 10,5 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Skulane som er godkjende etter kap. 6A i privatskulelova, er vesentleg ulike frå andre skular godkjende etter privatskulelova. Skulane skal ha godkjende læreplanar på nivå over grunnskulen. Opplæringa gir verken studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. Det er heller ikkje krav om at opplæringa skal vere jamgod med offentleg vidaregåande opplæring.

Regjeringa vil satse på den offentlege fellesskulen. Det inneber òg at ressursinnsatsen må rettast mot den offentlege skulen. Departementet foreslår derfor å redusere satsen frå 75 pst. til 65 pst. av til-

skotsgrunnlaget frå og med hausten 2023. Skulepengane kan tilsvarende aukast frå 25 pst. til 35 pst. av tilskotsgrunnlaget. Tilskotsdelen er regulert i privatskulelova og forslaget krev lovendring. Departementet tek sikte på å sende på høyring forslag om nødvendige lovendringar. Løyvinga er redusert med 10,3 mill. kroner som følge av dette.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som private grunnskular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skular i utlandet og for norske elevar ved svenske private grunnskular i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 122,6 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 6 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 7,3 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Post 74 Private vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som private vidaregåande skular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 17,6 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 3,2 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 1,2 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår òg å redusere løyvinga med 39 000 kroner for å avvikle tilskotet til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring. Sjå omtale under post 71.

Post 75 Private skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Private grunn- og vidaregåande skular for funksjonshemma elevar får tilskot tilsvarende 100 pst. av ein normalsats per elev. Nokre av skulane får i tillegg statstilskot til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet bad i 2021 Utdanningsdirektoratet foreslå endringar i tilskotsordninga basert på ein gjennomgang Oxford Research gjorde i 2020. Departementet vil sende på høyring forslag til ny forskrift med sikte på at endringar i tilskotsordninga kan bli fastsette i 2023.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 434,8 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 21,6 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 12,3 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår òg å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner for å avvikle tilskotet til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring. Sjå omtale under post 71.

Post 76 Andre private skular, overslagsløyving

Posten omfattar Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann) og Maritim vidaregåande skole Sørlandet (MS Lofoten). Skulane får tilskot per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon eller elektro. Skulane får 85 pst. av tilskotssatsen. I tillegg får skulane eit fast tilskot for ekstrakostnader ved skuledrift på skip.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 62,2 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 0,5 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 2,9 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår òg å redusere løyvinga med 79 000 kroner for å avvikle tilskotet til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring. Sjå omtale under post 71.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Avtalen mellom Noreg og Tyskland om Den tysk-norske skolen i Oslo blei ført vidare og godkjend av Stortinget i april 2018, jf. Innst. 337 S (2017–2018) og Prop. 78 S (2017–2018). Tilskotet blir rekna ut på same måte som tilskotet til private skular som er godkjende etter privatskulelova, men med 54,4 pst. av tilskotssatsen. I tillegg blir det gitt eit særskilt tilskot som kompensasjon for at skulen ikkje lenger får tilskot til kompletterande undervisning, og for å dekke høgare husleigekostnader til nye, større lokale for skulen.

Mål for 2023

Tilskotet skal styrke samarbeidet med Tyskland og stillinga til det tyske språket i Noreg.

Resultat i 2021

Hausten 2021 var det til saman 332 elevar ved Den tysk-norske skolen i Oslo, og av dei gjekk 274 elevar i grunnskulen og 58 elevar i vidaregåande skule. Dette er ein auke på 5 elevar samanlikna med hausten 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 32,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 0,2 mill. kroner som følge av oppdaterte elevtal og ein auke på 1,8 mill. kroner som følge av nye satsar i høve til saldert budsjett for 2022.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskotsordninga medverkar til å finansiere kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for norske elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i utlandet. Tilskotsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskular – Globalskolen og Norskskolen.

Mål for 2023

Målet med tilskotet er at norske elevar ved internasjonale eller utanlandske grunnskular i utlandet skal ha moglegheit til å få nettundervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE).

Resultat i 2021

Eit øvre elevtak blir fastsett på grunnlag av løyvinga til formålet. For 2021 var dette taket på 1 470 elevar. I 2021 gav nettskulane kompletterande undervisning til i alt 1 403 elevar, og dette var 47 færre elevar enn i 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 24,9 mill. kroner på posten. Løyvinga er redusert med 0,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2022.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skular som i tillegg til godkjenninga etter privatskulelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Løyvinga omfattar òg eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen.

Skular med tilbod om toppidrett som er godkjende av Olympiatoppen, blir ikkje automatisk omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskot. I 2021 blei tre private vidaregåande skular godkjende som toppidrettsgymnas av Olympiatoppen: Norges Toppidrettsgymnas Bergen, Wang Romerike og Metis vidaregåande skole i Bergen. Desse skulane mottek ikkje toppidrettstilskot. Ordninga omfattar heller ikkje fylkeskommunale tilbod med toppidrett som er godkjente av Olympiatoppen.

Departementet vil fram mot statsbudsjettet for 2024 vurdere tilskotet til toppidrett. Vurderinga vil omfatte offentlege tilbod om toppidrett, inkludert landslinjer. På grunnlag av dette vil det bli vurdert om fleire skular skal takast inn i ordninga med tilskot til toppidrett.

Mål for 2023

Målet med tilskotet er at dei skulane som er omfatta av ordninga, kan legge til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Tilskotet skal òg bidra til Olympiatoppens arbeid med å behandle søknader om kvalitetssikring av toppidrettsdelen av tilbodet ved skular godkjende etter privatskulelova § 2-1 andre ledd bokstav d.

Resultat i 2021

Hausten 2021 var det totalt 2 862 toppidrettselevar ved dei 13 skulane som fekk tilskot til toppidrett, og det er 428 fleire enn i 2020. I tillegg fekk Wang Romerike eit eingongstilskot på 1 mill. kroner i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2021. Ved denne skulen var det 251 toppidrettselevar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 77,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår 359 000 kroner til eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen. Løyvinga er redusert med 1,7 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2022.

Tabell 4.17 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79

| | (i 1 000 kr) |
|---|-----------------|
| Skular som får toppidrettstilskot | Særtilskot 2023 |
| Haugesund Toppidrettsgymnas AS | 7 020 |
| Norges Toppidrettsgymnas Bodø AS | 2 590 |
| Norges Toppidrettsgymnas Bærum AS | 9 751 |
| Norges Toppidrettsgymnas Geilo AS | 2 609 |
| Norges Toppidrettsgymnas Kongsvinger AS | 4 122 |
| Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer AS | 7 431 |
| Norges Toppidrettsgymnas Tromsø AS | 3 598 |
| Stiftelsen Telemark Toppidrett gymnas | 6 441 |
| Wang AS (Oslo) | 12 807 |
| Wang Fredrikstad AS | 4 947 |
| Wang Hamar AS | 5 560 |
| Wang Toppidrett Stavanger AS | 5 111 |
| Wang Tønsberg AS | 5 369 |
| Sum | 77 356 |

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Tilskotsordninga gjeld utveksling til utlandet for elevar ved tre private vidaregåande skular med rett til statstilskot. Dei private vidaregåande skulane som er godkjende for å bli tildelte slikt tilskot, er

- Danielsen vidaregåande skole i Bergen
- Heltberg Private Gymnas i Oslo
- Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad

Det ordinære statstilskotet skulane får etter privatskulelova, kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Skulane kan søke om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskotet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske private vidaregå-

ande skular med rett til statstilskot og utanlandske skular.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er å stimulere dei skulane som er omfatta av ordninga, til å tilby elevutveksling til utlandet for elevane ved skulane.

Resultat i 2021

På grunn av covid-19-pandemien blei svært få elevar sende på utveksling skuleåret 2020–21. Berre 2 elevar utløyste tilskot, ein reduksjon frå 32 elevar skuleåret 2019–20. Kvar av skulane fekk eit basistilskot på 112 600 kroner. Samla blei det utbetalt 446 000 kroner i 2021.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 2,2 mill. kroner på posten.

Regjeringa vil satse på den offentlege felleskulen. Det inneber at ressursinnsatsen må rettast mot den offentlege skulen. Departementet vil avvikle det ulovfesta tilskotet over posten frå skuleåret 2023–24. Det inneber at løyvinga blir avvikla frå 2024-budsjettet. Departementet vurderer at det ikkje er rimeleg at tre private vidaregåande skular får eit særtilskot frå staten til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Løyvinga for 2023 gjeld elevutveksling i skuleåret 2022–23.

Post 82 Kapitaltilskot til privatskular, kapital- og husleigetilskot**Mål for 2023**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at private skular i Noreg skal kunne finansiere vedlikehald og rehabilitering av bygg og husleige.

Resultat i 2021

I 2021 fekk private skular 113,3 mill. kroner i kapitaltilskot. Tilskotet er ei rammestyrt ordning og blei fordelt på grunnlag av elevtal mellom dei private grunn- og vidaregåande skulane i Noreg som får driftstilskot over kap. 228, post 70 og 71.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 72,6 mill. kroner på posten, som er det same nivået som i 2022.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular

Ordninga tok til å gjelde frå 1. august 2021 og innebar at elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt i SFO ved privatskular kan få tilbod om redusert foreldrebetaling. Tilbodet om redusert foreldrebetaling i SFO ved privatskular inneber at foreldrebetalinga maksimalt utgjer 6 pst. av hushaldets samla personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktig kapitalinntekt.

Frå hausten 2022 blei 12 timar gratis SFO per veke for elevar på 1. trinn innlemma i den same tilskotsordninga for redusert foreldrebetaling i SFO ved private skular. Dei 12 gratistimane på 1. trinn

gjeld for alle førsteklasingar, uavhengig av inntekta til foreldra.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at skulefritidsordninga (SFO) ved private skular kan tilby redusert foreldrebetaling i SFO på same måte som i SFO ved offentlege skular.

Resultat i 2021

I 2021 blei det løyvd 3 mill. kroner for at dei private grunnskulane skulle kunne tilby redusert foreldrebetaling på SFO for elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt. Tilskotet tok til å gjelde hausten 2021, og det kom inn 31 søknader. Det blei innvilga redusert betaling for 97 elevar, og berre 0,65 mill. kroner av løyvinga blei nytta.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 40,2 mill. kroner på posten. Dette skal gå til lågare foreldrebetaling for elevar frå familiar med låg inntekt på 1.–4. trinn og til å gi 12 timar gratis SFO for førsteklasingar.

Post 85 Kompensasjon for meirutgifter knytte til covid-19

Ordninga omfatta private grunnskular og vidaregåande skular som er godkjende med heimel i privatskulelova, Den tysk-norske skolen i Oslo, Den franske skolen i Oslo og United World College i Fjaler. Ordninga skulle bidra til at privatskulane blei kompenserte for økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien på om lag same nivå som kommunesektoren. Ordninga er ikkje vidareført, og det er dermed inga løyving på posten i 2023.

Resultat i 2021

I 2021 blei det utbetalt 56 mill. kroner for å kompensere privatskulane for meirutgifter som følgde av covid-19-pandemien. Smittevernrettleiarar for skulane førte i nokre tilfelle til at undervisninga blei organisert i mindre grupper enn normalt. Fleire skular hadde òg meirutgifter ved å gi eit godt opplæringstilbod til elevar som var heime med milde symptom. Meirutgiftene dreidde seg særleg om eit auka behov for vikarar og overtid.

Kap. 229 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | | | 22 067 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | | | 30 600 |
| | Sum kap. 229 | | | 52 667 |

Departementet foreslår å flytte løyvingane til 22. juli-senteret frå kap. 251 under programkategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring til programkategori 07.20 Grunnopplæringa i statsbudsjettet for 2023. Sjå under kap. 251 for omtale av resultat for 2021.

22. juli-senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Senteret skal gjennom utstillingar, undervisning og andre pedagogiske opplegg forvalte minnet om terrorangrepet og setje det inn i både ein historisk og ein dagsaktuell kontekst. Senteret skal legge til rette for diskusjon og refleksjon om 22. juli 2011 og tema som hat, vald og ekstremisme, nasjonalt og globalt. Målgruppa for senteret er skuleklassar frå ungdomsskuletrinna og oppover, lærarar og lærarstudentar og allmenta.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast, kan nyttast under post 01

Mål for 2023

Måla for 22. juli-senteret for 2023 er:

- Elevar, lærarar og lærarstudentar lærer om og reflekterer over terrorangrepet 22. juli 2011 og tilgrensande tematikk
- Læringsressursane til 22. juli-senteret er tilgjengelege for befolkninga i heile landet
- 22. juli-senteret dokumenterer, bevarer og formidlar relevante perspektiv og gjenstandar knytte til terrorangrepet 22. juli 2011

- 22. juli-senteret skal arbeide for at eit permanent senter blir utforma slik at det blir eit godt nasjonalt minne- og læringssenter for besøkande

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 22,1 mill. kroner på post 01 og 30,6 mill. kroner på post 45.

For å møte auka etterspurnad etter undervisningstilbodet frå senteret, og behovet for å styrke kompetansen knytt til drift av senteret i dei komande åra, foreslår departementet å auke løyvinga til senteret med 4 mill. kroner. Løyvinga på post 01 er redusert med 15 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt ei startløyving for å reetablere 22. juli-senteret permanent i tilknytning til tidlegare lokale ved Høgbløkkka i regjeringskvartalet. Byggeprosjektet har ei samla kostnadsramme på 490,2 mill. kroner (2023-kroner). Midlane til byggeprosjektet blir løyvde under budsjettet til Kommunal- og distriktdepartementet, kap. 2445, post 33. I tillegg kjem ei samla løyving på 82 mill. kroner til inventar og brukarutstyr og til å etablere utstilling over kap. 229, post 45. Departementet foreslår å løyve 30,6 mill. kroner av dette i 2023.

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk teneste

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 618 634 | 619 786 | 587 286 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 26 513 | 25 000 | 25 659 |
| 45 | Større utstyrinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 9 545 | 9 910 | 10 108 |
| | Sum kap. 230 | 654 692 | 654 696 | 623 053 |

Statped er direkte underlagd Kunnskapsdepartementet og skal bidra til at sektormåla for barnehagen og grunnopplæringa blir nådd. Statped er ei statleg støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar i arbeidet for at barn, unge og vaksne med varige og omfattande behov for særskild tilrettelegging får gode, tilpassa barnehage- og opplæringstilbod i inkluderande fellesskap.

Fram til 2024 er Statped i ein omstillingsprosess som ein del av oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Gjennom omstillinga skal Statped bli ei statleg støttetjeneste for kommunar og fylkeskommunar i arbeidet deira for at barn, unge og vaksne med varige og omfattande behov for særskild tilrettelegging, får gode, tilpassa barnehage- og opplæringstilbod i inkluderande fellesskap. I omstillingsperioden blir det arbeidd vidare med å konkretisere kva endringane inneber for oppgåvene og tenestene til Statped, slik at det blir tydelegare kva for tenester kommunar og fylkeskommunar kan få bistand til frå Statped.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til internasjonalt samarbeid o.a., dekning av utgifter til medlemskap i og nasjonal koordinator for The European Agency for Special Needs and Inclusive Education, tilskot til kompetansetenester frå Signo og Briskeby og utgifter til å følgevaluere omstillinga i Statped.

Mål for 2023

- Kommunar og fylkeskommunar får tenester og støtte til kompetanseutvikling som fremjar læring, utvikling og deltaking i eit inkluderande fellesskap til barn og elevar med varige og komplekse spesialpedagogiske behov
- Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk er inkluderte både i eit norsk/samisk og eit norsk teiknspråkleg fellesskap
- Kommunar og fylkeskommunar har tilrettelagde læremiddel og pedagogisk materiell som fremjar læring, utvikling og deltaking for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar i eit inkluderande fellesskap

Resultat i 2021

I 2021 overtok Statped ansvaret for å implementere omstillinga som blei varsla i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Statped har blitt mykje brukt som drøftingspartnar knytt til kompetanseløftet og gav tenester der partnerskapet av kommunar og universitet/høgskular bad om det. Det har vore viktig for Statped å halde oppe relasjonar i sektoren, og det har vore arbeidd bevisst for å vidareutvikle relasjonen til samarbeidspartnarar som kommunar, fylkeskommunar, Statsforvaltar og KS. Det har vore tett og nyttig samarbeid med brukarorganisasjonar og ungdomspanel, og representantar for brukarane blei trekte inn i omstillingsprogrammet med deltaking i ei ekstern referansegruppe.

Covid-19-pandemien påverka verksemda også i 2021. Gjennom året var det varierende smittepress, og tiltaka varierte i barnehagar og skular. Statped tilpassa seg lokale smittevernreglar og gav brukarar og samarbeidspartnarar støtte der det var mogleg. På det viset gjekk drifta bra i 2021.

Fysiske tenester blei gitt der det var nødvendig, og kompenserte med digitale tenester ved behov. I tillegg heldt dei fram med å utvikle digitale tenester, med mål om å kome raskt i gang med arbeidet og nå fleire brukarar og samarbeidspartnarar.

Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området

Saksbehandlings- og ventetida gjekk ned i 2021, både i individ- og systemsaker. Statped følgde systematisk opp rutinar for å behandle søknader. Sårbare brukarar blei prioriterte. Brukarane fekk stort sett hjelp tidleg, trass i covid-19-pandemien. Men pandemien gjorde òg at tenestene blei mindre optimale i dei tilfella der det er best å vere fysisk til stades. Statped erfarte at på grunn av pandemien, var PP-tenesta mindre til stades i barnehagar og skular, og dette gjorde at talet på søknader til Statped gjekk ned samanlikna med føregåande år. Det er ein fare for at fleire barn og unge ikkje har fått den støtta og hjelpa dei har behov for, slik Koronakommisjonen har peika på, og at det vil kome mange fleire søknader om tenester framover.

Statped ytte tenester til over 95 pst. av kommunane. *Spør oss*-tenesta er eit tiltak for å bidra til tidleg innsats, som eit lågterskeltilbod om rådgiving frå Statped. Covid-19-pandemien førte til auka interesse for dei digitale løysingane til Statped.

Den ideelle organisasjonen HLF Briskeby, eigd av Hørselshemmedes landsforbund (HLF) og Stiftelsen Signo, får tilskot til kompetansetenester som kompletterer tenester frå Statped. I 2021 blei det utbetalt 28,6 mill. kroner til Signo og 6,6 mill. kroner til HLF Briskeby over kap. 230, post 01.

Barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering

Covid-19-pandemien gjorde at Statped tenkte nytt og fann effektive arbeidsmåtar med meir bruk av Statped.no og digitale kurs, slik at dei tilsette i barnehagar og skular fekk tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Talet på ordinære deltakarar på kurs og konferansar gjekk opp, frå 210 kurs med 6 096 deltakarar i 2020, til 275 kurs med 18 135 deltakarar i 2021. Den store auken i talet på deltakarar kjem av at digitale kurs gjorde det lettare å delta. Tilbakemeldingar frå samarbeidspartnarar og talet på førespurnader i 2021 viste at lågterskeltilbod som *Spør oss*-tenesta, moglegheiter for direkte kontakt med rådgivarar og strakstilbod

blei verdsette. Auken i talet på sidevisningar på statped.no viste òg at Statped møtte behovet for ressursar til sektoren på ein god måte. Dei digitale støtte- og rettleiingsressursane til Statped er eit viktig bidrag til kompetanseutviklinga.

Statped har hatt ei aktiv rolle i innføringa av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande opplæring. I 2021 hadde Statped eit breitt samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, universitet og høyskular. I samband med kompetanseløftet fekk Statped òg meir kontakt med statsforvaltaren.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 587,3 mill. kroner på kap. 230, post 01.

Fordi rammene for verksemda til Statped er blitt avgrensa, foreslår departementet å flytte 40 mill. kroner frå posten til kap. 226, post 21 som skal gå til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Departementet foreslår å flytte 1 mill. kroner frå posten til kap. 201, post 21 og til Senter for spesialpedagogisk forskning og inkludering.

Grunna avvikling av Lydbokavtalen og oppretting av ei ny kompensasjonsordning for produksjon av litteratur, foreslår departementet å flytte 130 000 kroner frå posten til kap. 337, post 71. Sjå meir omtale i Kultur- og likestillingsdepartementets Prop. 1 S (2022–2023).

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar. Løyvinga på posten er redusert med 1 mill. kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

HLF Briskeby og Stiftelsen Signo får tilskot til kompetansetenester som kompletterer tenester frå Statped, og 35 mill. kroner av løyvinga over kap. 230, post 01 skal gå til dette. Departementet foreslår ei vidareføring av tilskotet på same nivå medan omstillinga av Statped blir gjennomført. Deretter vil omfang og innretting på tilskotet bli vurdert opp mot behovet for vidare tenester, dette i dialog med HLF Briskeby og Signo.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Departementet foreslår å løyve høvesvis 25,7 og 10,1 mill. kroner på kap. 230, post 21 og post 45.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk teneste

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-----------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Inntekter frå oppdrag | 26 513 | 25 000 | 25 750 |
| 02 | Salsinntekter o.a. | 5 465 | 7 295 | 7 514 |
| | Sum kap. 3230 | 31 978 | 32 295 | 33 264 |

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgsular, universitet og andre.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, utleige av lokale og inntekter frå kurs.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
|------|--------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| 231 | Barnehagar | 694 238 | 765 963 | 1 089 563 | 42,2 |
| | Sum kategori 07.30 | 694 238 | 765 963 | 1 089 563 | 42,2 |

Innleiing

Regjeringa ønsker eit samfunn med mindre skilnader og betre moglegheiter for alle. Forskinga har vist at innsats retta mot barn i barnehagealder er særleg verksamt både for å utjamne skilnader her og no, men også for å førebygge større skilnader på sikt. Derfor skal innsatsen aukast i småbarnsfasen, ein periode i livet som betyr mykje for barnas utvikling. Regjeringa vil satse meir på dei barna som har størst behov.

Barnehageforliket i 2003 var ein viktig milepåle for barnehagesektoren. Maksimalpris for foreldrebetaling og rett til barnehageplass har bidrege til høg barnehagedeltaking og til å gi fleire barn ein god start. Regjeringa har ambisjon om at alle barn skal få moglegheit til å ta del i det fellesskapet barnehagen gir. Det er derfor viktig å halde foreldrebetalinga låg.

Barnehagesektoren i Noreg blei i løpet av kort tid bygd ut til eit av dei mest omfattande barnehagetilboda i verda. Det har ført til høg sysselsetjing samstundes som vi er eit av verdas mest likestilte land. Men no er sektoren inne i ei brytningstid, og vi er på veg mot ein barnehage med større deltaking og meir likeverdig kvalitet over heile landet.

Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning. Barna skal møte nok trygge vaksne med rett kompetanse. God og relevant kompetanse er like viktig for tilsette i barnehagen som for tilsette i det vidare utdanningsløpet, og det er avgjerande for at barnehagen skal kunne medverke til sosial utjamning. Det å auke ressursinnsatsen i dei tidlegaste åra er ei god investering for framtida, både for det einstilte barnet og for samfunnet. Derfor vil

regjeringa ha fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagen og legge til rette for at alle tilsette skal få styrkt kompetansen sin. Dei tilsette skal få tillit til å bruke tid og fagkunnskap saman med barna. Regjeringa vil styrke moglegheitene for tidlegare innsats og sosial utjamning gjennom å auke ressursane der behova er størst.

Regjeringa vil bevare og bygge vidare på det som er bra med barnehagane i Noreg. Då treng vi eit meir moderne styrings- og finansieringssystem som styrker kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Private barnehagar skal vere ein naturleg del av det kommunale velferdstilbodet, og ikkje oppfatast som eit investeringsobjekt for kommersielle interesser. Kommunane treng derfor dei riktige verktoya for å drive god styring av både private og kommunale barnehagar. Det nye nasjonale økonomiske tilsynet har starta sitt arbeid, regelverket for private barnehagar er stramma inn for å sikre meir openheit, og departementet har sett i gang eit større arbeid for å sjå på styring og finansiering av private barnehagar. Barna skal vere i sentrum, og likeverdige barnehagetilbod krev at finansieringa må tilpassast behova i barnegruppene.

Regjeringa legg til grunn følgjande sektormål som skal gjelde for barnehagane i 2023:

- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring
- Ein meir samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge
- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Medarbeidarane i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse

Barnehagane er i hovudsak finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntektene. I tillegg kjem foreldrebetalinga, som utgjer om lag 15 pst. av finansieringa. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7. Kommunen som barnehagemyndigheit skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket, jf. barnehagelova § 8. Statsforvaltaren kan føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit og med einskilde barnehagar i særskilde tilfelle. Utdanningsdirektoratet har ansvar for å føre økonomisk tilsyn med private barnehagar.

For statistikk og informasjon om ressursbruk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Sjå òg omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmøttingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2023

Regjeringa har som mål å styrke pedagogtettleiken i barnehagen ved å stille krav om at minst 50 pst. av dei tilsette er barnehagelærarar, og auke delen fagarbeidarar med mål om 25 pst. Regjeringa prioriterer i 2023 å styrke kompetansetiltak for tilsette i barnehagane. Departementet foreslår å auke løyvinga til kompetanseutvikling i barnehagen med 180 mill. kroner. Departementet foreslår å løyve 50 mill. kroner til auka kvalitet i barnehagelærarutdanninga. Departementet foreslår vidare å auke løyvinga til auka pedagogtettleik i levekårsutsette område med 45 mill. kroner til totalt 80 mill. kroner i 2023. Dette er ei solid satsing som vil gi barnehagane som treng det mest, fleire kvalifiserte tilsette og moglegheit til raskare å nå målet om 50 pst. barnehagelærarar. Samla sett foreslår departementet å bruke 740 mill. kroner til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane, ei auke på 275 mill. kroner.

Departementet foreslår å auke tilskotet til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn med 45 mill. kroner i 2023. Departementet foreslår å auke løyvinga til kunnskapsgrunnlaget om barnehage, om sosial utjamning og trivsel i barnehage.

Departementet foreslår å redusere maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage, slik at maksimalprisen vert fastsett til 3 000 kroner per månad frå 1. januar 2023. Departementet foreslår i tillegg å innføre gratis barnehage frå 1. august 2023 for tredje barn i familien som går i barnehage samstundes. Regjeringa foreslår også å gi

gratis barnehage for alle 1–5-åringar i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms frå 1. august 2023.

Departementet foreslår å vidareføre moderasjonsordninga med eit nasjonalt minstekrav til foreldrebetaling, som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som øvre grense. Departementet foreslår å vidareføre ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt. Departementet foreslår å fastsetje inntektsgrensa for ordninga til 615 590 kroner frå 1. august 2023.

Covid-19-pandemien og tiltak som gjeld barnehagane

Under covid-19-pandemien vart det innført tiltak i barnehagane for å hindre smittespreiing og for at barnehagane skulle kunne halde ope sjølv i periodar med mykje smitte. At barnehagane har vore opne, har òg vore viktig for å halde arbeidslivet i gang. Samstundes skapte smitteverntiltaka praktiske utfordringar for barnehagetilbodet. Kohortinndeling gjorde mellom anna at barna i mindre grad kunne velje aktivitetar og kven dei ville vere saman med, men vi har framleis avgrensa kunnskap om i kva grad tiltaka har påverka barnehagebarna negativt. Vinteren 2021–22 var mange barnehagar råka av store bemaningsutfordringar, og som følge av dette såg fleire barnehagar seg nøydde til å redusere tilbodet i kortare periodar.

I statsbudsjettet for 2022 blei det løyvd 216 mill. kroner til tiltak mot tapt fagleg og sosial læring, og i tillegg vart det i behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2022 løyvd 75 mill. kroner for å motverka negative konsekvensar av pandemien. Sjå meir omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Den mellombelse lova om tilpassingar i barnehagelova, opplæringslova og privatskulelova er av beredskapsomsyn vidareført ut 2022. I lova er det ei rekke reglar om kva rettar som gjeld når barnehagar er stengde eller har avgrensa drift, mellom anna om kven som uansett skal ha eit tilbod i barnehagen, og reglar om foreldrebetalinga.

Sosial utjamning og inkludering av alle barn

Økonomiske hindringar for å delta i barnehage

Under Solberg-regjeringa steig maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage, slik at det blei dyrare for familiar å ha barn i barnehage. Dette er i strid med intensjonen i barnehageforliket frå

2003. Støre-regjeringa ser på barnehage som ein del av utdanningsløpet og meiner at prisen bør vere låg for alle. Tidlegare undersøkingar om barnetilsyn viser at prisen for ein barnehageplass har noko å seie for bruken av barnehage blant familiar med låg inntekt. Dei nasjonale moderasjonsordningane som er innførte dei seinare åra, blir heller ikkje nytta av alle som har rett til dei. Departementet anslår at 10 000 av barna med rett til moderasjon i barnehagen ikkje nytta denne retten i 2021.

Redusert maksimalpris, gratis barnehage i nord og betre moderasjonsordningar

Regjeringa har i statsbudsjettet for 2022 redusert maksimalprisen for foreldrebetalinga i barnehagen til nivået frå barnehageforliket. I august 2022 blei maksimalprisen redusert til 3 050 kroner per måned, det same som nivået som blei lagt til grunn etter inngåinga av barnehageforliket i 2003. Dette gav ein reduksjon på 265 kroner per måned. Departementet foreslår å redusere maksimalprisen ytterlegare i 2023. Departementet foreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2023 blir fastsett til 3 000 kroner per måned og 33 000 kroner per år frå 1. januar 2023, jf. forslag til vedtak VI nr. 1.

Departementet foreslår å innføre gratis barnehage frå tredje barn i familien som går i barnehage samstundes frå 1. august 2023. I dag har desse barna rett til reduksjon i foreldrebetalinga på 50 pst. Regjeringa foreslår å gi gratis barnehage for alle 1-5 åringar i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms frå 1. august 2023. Dette vil bidra til å gjere tiltakssona til ein meir attraktiv region å bo og arbeide i. For samla omtale av tiltak for tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling, som gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense. Fordi denne regjeringa prioriterer å halde maksimalprisen låg, betyr det at færre har behov for særskild moderasjon.

Departementet foreslår å vidareføre den nasjonale ordninga med gratis kjernetid 20 timar per veke for barn i alderen 2–5 år frå familiar med låg inntekt. Ordninga vidareførast på same reelle nivå slik at inntektsgrensa blir sett til 615 590 kroner frå 1. august 2023, jf. forslag til vedtak VI nr. 2.

Regjeringa vil i samsvar med Hurdalsplattforma gjennomgå og forbetre dei behovsprøvde moderasjonsordningane som gjeld barnehage.

Eit forslag til forskriftsregulering av bruk av heilautomatiserte avgjerder i kommunar når dei behandlar søknader om moderasjon i foreldrebetalinga for barnehagar og for skulefritidsordningar (SFO), blei sendt på høyring våren 2022, og regelverksendringa tok til å gjelde 1. august 2022. Dette vil gjere saksbehandlinga i kommunen enklare og dermed bidra til at familiar med låg inntekt får dei moderasjonsordningane dei har rett til.

For å få meir kunnskap om bruk av barnehage blant ulike sosioøkonomiske grupper i samfunnet har departementet bestilt ei ny barnetilsynsundersøking frå SSB. Undersøkinga vil bli lagd fram i 2023 og ta utgangspunkt i barnetilsynsundersøkingar som har vore gjorde tidlegare, seinast i 2016.

Vi treng systematisk kunnskap om korleis barnehagar, skular og SFO verkar inn på sosial utjamning. Barne- og familiedepartementet har i august 2022 oppnemnt ei ekspertgruppe som skal foreslå tiltak som både gir betre levekår for barn som veks opp i fattigdom, og som i tillegg skal førebygge at fattigdom går i arv. Kunnskapsdepartementet vil hausten 2022 oppnemnde ei ekspertgruppe som skal gi eit kunnskapsgrunnlag og tilrådingar om korleis barnehagar, skular og SFO kan vere med på å jamne ut sosiale skilnader. Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner i 2023 til å innhente meir kunnskap om hindringar for sosial utjamning i barnehagesektoren, jf. omtale under kap. 231, post 21.

Minoritetsspråklege barn har lågare deltaking i barnehage

86,9 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2021. Tilbake i 2011 var talet 73 pst., så det har vore ei positiv utvikling det siste tiåret. Til samanlikning gjekk 95,2 pst. av andre barn i barnehage i 2021. Skilnaden i bruk av barnehage er større dess yngre barna er. For meir statistikk om minoritetsspråklege barn i barnehage, sjå del III kap. 7.

Minoritetsspråklege barn har i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, sjølv om det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart. Dette kan medverke til at dei har eit svakare norskspråkleg grunnlag når dei kjem på skulen, noko som kan gjere opplæringa vanskelegare. Årsakene til lågare bruk av barnehage er saman-

sette. Familieøkonomien er éi årsak, og her kan tiltaka for å fjerne økonomiske hindringar vere nyttige, jf. omtale over. Andre årsaker kan vere av kulturell og/eller praktisk art. Ei viktig årsak kan vere at foreldra er usikre på kva barnehagetilbodet har å seie for barna deira, til dømes når det gjeld læring av norsk i tillegg til morsmålet familien snakkar heime.

Informasjon og støtte til minoritetsspråklege barnefamiljar

Som eit ledd i å nå ut til minoritetsspråklege familiar med mellom anna informasjon om barnehagetilbodet og hjelp til å søke om plass, har Utdanningsdirektoratet sidan 2018 forvalta eit øyremerkt tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn, jf. omtale under kap. 231, post 66. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena.

Levekårsutsette område og sårbare barn

Levekårsutsette område er kjenneteikna av ei opphoping av ulike levekårsproblem, jf. NOU 2020: 16 *Levekår i byer – Gode lokalsamfunn for alle*. Dette kan mellom anna gjelde låg sysseltjing og låg familieinntekt med tilhøyrande barnefattigdom, noko som kan føre til ein risiko for nedgåande spiralar som over tid fører til at områda sakkar ytterlegare akterut i forhold til andre område i same kommune. Barnefamiljar med låg inntekt i kombinasjon med andre utfordringar er særleg sårbare, og dei har behov for gode tilbod som kan medverke til at barna får utvikle seg positivt.

Styrking av barnehagar i levekårsutsette område

Staten deltek i eit samarbeid med fleire kommunar om områdesatsingar i levekårsutsette område. Gjennom områdesatsingane i delar av Oslo med samansette levekårsutfordringar bidreg Kunnskapsdepartementet med støtte til barnehagar innanfor delprogrammet *Oppvekst og utdanning*, jf. omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

I 2022 blei det oppretta eit øyremerkt tilskot til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsette område. Regjeringa foreslår å auke dette tilskotet med 45 mill. kroner til totalt 80 mill. kroner i 2023. Tilskotet er eit ledd i arbeidet med å styrke

satsinga på barnehagar i område med integrerings-, språk- og levekårsutfordringar, jf. omtale i Hurdalsplattforma.

Tidlegare innsats for trivsel og utvikling for alle barn i barnehagen

Dei fleste barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Utdanningsdirektoratet har ei årleg foreldreundersøking som for 2021 viser at 97 pst. av foreldre i stor grad er svært tilfredse med korleis barna trivst i barnehagen, og kor god tryggleiken er. 1,5 pst. av foreldra seier at dei er misnøgde med barnets trivsel. Direktoratet viser også til ei spørjeundersøking frå 2021 blant eit utval av barnehagetilsette om 3–6-åringar i barnehage der dei fleste tilsette meiner at barna får dekt dei grunnleggjande behova for trivsel, men 7,6 pst. meiner at deira barnehage ikkje er god nok til dette.

Retten til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for psykososialt barnehagemiljø i barnehagelova kapittel VIII. Dei nye lovføresegnene pålegg barnehagen fleire plikter for å sikre at alle barn har eit trygt og godt barnehagemiljø. Funn frå spørjeundersøkinga i Barnehage-Noreg i 2021 viser at dei fleste barnehagestyrarar og barnehageeigarar har fått informasjon om endringane i regelverket. Spørjeundersøkinga viser òg at både barnehagestyrarar og barnehageeigarar bruker planleggingsdagar og fellesmøte i barnehagen som arena for å gjere innhaldet i lova kjent for medarbeidarane.

Departementet foreslår å setje av 1 mill. kroner til å auke kunnskapsgrunnlaget om barns trivsel i barnehagen og barnehagens arbeid med å følge opp føreseigna om eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, jf. omtale under kap. 231, post 21.

Ikkje alle barn med behov for særskild tilrettelegging får eit godt nok tilbod

Barnehagen er ein viktig arena for arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap, men ikkje alle barn får eit godt tilpassa og inkluderande pedagogisk tilbod i barnehagen, slik regelverket tilseier, jf. Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

Alle barn i barnehagen skal ifølge rammeplanen få eit tilpassa allmennpedagogisk tilbod etter deira behov og føresetnader. Barn under opplæringspliktig alder med særleg behov for spesialpe-

dagogisk hjelp har rett til slik hjelp etter § 31 i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage. Kommunen skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er sakkunnig instans som vurderer behovet. I 2021 fekk 3,6 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp. Det har vore ein svak, men jamn auke i prosentdelen av barn som får slik hjelp. For meir statistikk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Auka kompetanse for å gi eit betre tilbod til barn med behov for særskild tilrettelegging

Regjeringa vil at alle barn, uavhengig av ulike føresetnader og behov, skal få delta i fellesskapet barnehagen utgjør, og få den oppfølginga dei treng. Departementet følger opp fleire tiltak som skal bidra til å gi eit betre pedagogisk tilbod til alle barn, inkludert barn med behov for særskild tilrettelegging. Dette omfattar mellom anna vidareutdanning for barnehagelærarar i spesialpedagogikk og fagskuletilbod for barne- og ungdomsarbeidarar i barnehage med temaet «barn med særskilde behov», jf. omtale under kap. 231, post 21. Kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis er under oppbygging, og i 2021 deltok over 200 kommunar i ordninga, sjå omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tverrfagleg samarbeid fungerer ikkje godt nok

Det er godt dokumentert, mellom anna i *Tett på-meldinga*, at tverrfagleg samarbeid er utfordrande og ofte ikkje fungerer godt nok, noko som kan føre til at viktig og nødvendig informasjon ikkje kjem fram til dei som treng det. Det kan føre til at barna ikkje får den hjelpa dei treng i tide, eller ikkje i det heile teke. Sjå òg omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tiltak som gjeld tverrfagleg samarbeid

1. august 2022 tok fleire lovendingar om samarbeid mellom velferdstenestene til å gjelde. Endringane omfattar 14 velferdstenestelover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og ein rett til barnekoordinator, jf. Innst. 58 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021) *Endringar i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjen-

nom auka samarbeid mellom velferdstenestene. Lovendingane blir følgevaluerte i perioden 2022–27. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet har i fellesskap utarbeidd ein rettleiar for samarbeids- og samordningsreglane som er publisert hausten 2022. Sjå òg omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Kjernegruppe er ei arbeidsform mellom departementa som skal vareta samordna utvikling og gjennomføring av tverrgåande politikk på komplekse område. Det er oppretta ei tverrdepartemental kjernegruppe for samordning av arbeidet for utsette barn og unge, jf. meir omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og i Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet.

Barnehagen har ei utfordring i å gi minoritetsspråklege barn eit godt norskspråkleg grunnlag før skulestart

Tidlegare undersøkingar har vist at sjølv om barn med eit anna morsmål enn norsk har gått i barnehage før skulestart, så er det ikkje sikkert dei har fått eit godt nok norskspråkleg grunnlag til å kunne følge ordinær undervisning på 1. trinn. I nokre område med mange innbyggjarar med innvandrarbakgrunn er det ein stor del av elevane på 1. trinn som får vedtak om særskild norskopplæring. Manglande norskferdigheiter treng ikkje vere eit problem i seg sjølv dersom barna får god støtte, men forskingsfunn frå Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo viser at ordforrådet i fireårsalderen varierer sterkt frå barn til barn, og at ulikskapen i ordforråd kan vare ved og eventuelt auke gjennom skuleåra, noko som utgjør ei stor utfordring for læringa i skulen og moglegheitene for den einskilde eleven. Barnehagen er derfor ein viktig arena for å få lagt eit så godt norskspråkleg grunnlag som mogleg for barn med eit anna morsmål. Tidlegare rapportar frå områdesatsinga i Oslo viser variasjon i språkarbeidet i barnehagar og mellom avdelingar i same barnehage. Årsakene kan vere mange, og omfattar mellom anna både kompetanse, systematikk og ressursar. Fleire minoritetsspråklege barn startar seinare i barnehage enn andre barn, slik at dei oftare har færre år der før dei kjem på skulen.

Tiltak som gjeld tilbodet til minoritetsspråklege barn i barnehagen

Alle barnehagar som har minoritetsspråklege barn, skal i samsvar med rammeplanen støtte barna i å bruke morsmålet sitt, samstundes som

barnehagen aktivt skal fremje og utvikle barnas norskspråklege kompetanse. Regjeringa foreslår å styrke dette arbeidet gjennom å auke tilskotet til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn med 45 mill. kroner i 2023, jf. omtale under kap. 231, post 63.

Departementet vil fram mot 2024-budsjettet sjå nærare på samanhengen mellom tilskotet til å styrke den språklege utviklinga for minoritetspråklege barn i barnehage og tilskotet til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn. Departementet vil vurdere i kva grad innrettinga på desse tilskota bør endrast for å få betre måloppnåing.

I 2021 fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utvikle tiltak for å støtte personalet i barnehagen i å fremje og utvikle den norskspråklege – og eventuelt samiskspråklege – kompetansen til dei fleirspråklege barna. Arbeidet er i gang, og tiltaka skal vere ferdig utvikla innan 1. mars 2023.

Kvaliteten på barnehagetilbodet

Variasjonen i kvaliteten på barnehagetilbodet er for stor

Undersøkingar og forskning har gjennom fleire år vist at det er stor variasjon i kvaliteten på barnehagetilbodet, både mellom barnehagar og innanfor kvar barnehage. Dette er eit problem, både fordi ein del barn ikkje får det tilbodet dei har rett til og fordi det er med på å auke dei sosiale skilnadene i samfunnet. Det er også eit problem at foreldre vil oppleve at dei får eit ulikt tilbod sjølv om dei betaler det same.

God kompetanse hos alle tilsette er avgjerande for god kvalitet i barnehagetilbodet. Per desember 2021 var kravet om pedagogtettleik oppfylt i 71 pst. av alle ordinære barnehagar utan bruk av dispensasjon. Det manglar litt over 2 200 årsverk for å oppfylle kravet om pedagogtettleik i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Trass i at det har vore ein auke i prosentdelen av barnehagelærarar og av barne- og ungdomsarbeidarar dei siste åra, er det framleis 25,5 pst. av dei tilsette i grunnbemanninga som ikkje har registrert relevant barnehagefagleg kompetanse.

Regjeringa vil sikre god kvalitet i alle barnehagar

Støtte til barnehagane i det pedagogiske arbeidet

Ny rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen kom i 2017. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å støtte barnehagane i forståinga og bruken av rammeplanen, og det er utvikla rettleiings- og støttemateriell som barnehagane fritt

kan bruke. I perioden 2018–23 gjennomfører Utdanningsdirektoratet ei evaluering av korleis rammeplanen blir praktisert, fortolka, operasjonalisert og erfart i sektoren. Første delrapport viste at det varierer korleis rammeplanen er teken i bruk i ulike barnehagar og i kva for grad planen blir brukt aktivt av heile personalet. Sluttrapporten kjem i juni 2023.

Eit treårig pilotprosjekt for ekstern rettleiing av barnehageeigarar for å styrke kvalitetsutviklinga i utvalde fylke pågår i perioden 2021–23. Piloten omfattar 30 barnehageeigarar med geografisk spreiding og storleik, halvparten private og halvparten kommunale. OsloMet leiar arbeidet i samarbeid med Telemarksforskning, Dronning Mauds Minne Høgskole og Høgskolen i Østfold. Piloten har tre delar: rettleiing, kunnskapssamanstilling på barnehagekvalitet og utvikling av eit indikatorsett. Neste statusrapport kjem hausten 2022, og sluttrapporten kjem hausten 2023.

Vidareutvikling og deling av kunnskapsgrunnlaget

Utdanningsdirektoratet skal støtte opp om kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren. Dette blir løyst både ved å gjere relevant kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg gjennom ulike plattformer og ved å tilby støtte, verktøy og rettleiing. Direktoratet jobbar for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget, det gjeld både forskning, analysar og statistikk om barnehagane. Ein føresetnad for systematisk kvalitetsutvikling i barnehagane og i barnehagesektoren er at kunnskapsgrunnlaget blir teke i bruk aktivt som grunnlag for utviklingsprosessar. Direktoratet har derfor prioritert formidling og brukarinvolvering. Arbeidet med publikasjonane Utdanningsspegelen og Vetuva, og ekstra datainnhentingar og forskning i samband med covid-19-pandemien er døme på dette.

Direktoratet har også fleire større utviklingsoppgåver i 2022 som skal medverke til å fornye kunnskapsporteføljen ytterlegare og gjere denne endå meir brukartilpassa. Døme på større prosjekt er det nye verktøyet analysebrett, som skal vise tal og statistikk på ein meir brukarvenleg måte gjennom ei eiga samanstilling av statistikk for barnehage og vidareutvikling av formidling av statistikk og forskning på udir.no. Utdanningsdirektoratet gjennomfører også kvart år ei foreldreundersøking som kan nyttast av dei barnehagane som ønsker det. I 2023 foreslår departementet å løyve 4 mill. kroner til utvikling av refleksjons- og ståstadsanalyse for barnehagane, 2 mill. kroner til meir kunnskap om hinder for sosial utjamning og 1 mill. kroner til å auke kunnskapsgrunnlaget om

barns trivsel i barnehagen og barnehagens arbeid med å følge opp føresegna om eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Ny strategi for kvalitet i barnehagen

Trass i viktige reformer i barnehagesektoren som har gitt maksimalpris, rett til plass og høg barnehagedekning, viser eit oppdatert kunnskapsgrunnlag at det framleis er skilnader både i barnehagedeltakinga og i kvaliteten og tilrettelegginga av tilbodet. Det er også utfordringar når det gjeld styringa og finansieringa av private barnehagar. Regjeringa vil hausten 2022 legge fram ein strategi for kvalitet i barnehagesektoren for perioden fram mot 2030. Målet er at barnehagane skal vere inkluderande og tilgjengelege, og at barnehagane har god og relevant kompetanse og ei bemanning som medverkar til at alle barn, uavhengig av føresetnader og kvar dei bur, opplever høg og likeverdig kvalitet i barnehagetilbodet. Kommunane skal få meir demokratisk styring og kontroll med barnehagesektoren.

I tillegg til barnehagestrategien skal Kunnskapsdepartementet legge fram ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur. Strategien skal gjelde for barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring i perioden 2023–30. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Fleire tilsette skal ha relevant kompetanse for å jobbe i barnehagen

Regjeringa har som mål å styrke pedagogtettleiken i barnehagen slik at minst 50 pst. av dei tilsette er barnehagelærarar. I tillegg vil regjeringa arbeide for at fleire styrarar og barnehagelærarar har mastergrad.

Barnehagelærarane er spesielt utdanna for å sikre eit systematisk pedagogisk arbeid. Kvaliteten i barnehagane blir styrkt når det er fleire barnehagelærarar. Både styraren og barnehagelærarane må ha fagleg og analytisk-metodisk kompetanse til å gjennomføre systematisk vurdering av barnehagens praksis, og i tillegg kompetanse til å utvikle og endre denne praksisen. Ein større del barnehagelærarar med mastergrad vil òg medverke til å styrke kvalitetsutviklinga i barnehagane.

Regjeringa har eit mål om å auke delen barne- og ungdomsarbeidarar til 25 pst. og vil gjennom å styrke den regionale ordninga for kompetanseutvikling gjere det mogleg å prioritere lokalt at fleire tilsette tek fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar gjennom praksiskandidatordninga.

I 2022 blei 100 mill. kroner av veksten i kommunanes frie inntekter grunnlagt med å legge til rette for fleire barnehagelærarar i grunnbemanninga, og at dette skulle sjåast i lys av ambisjonen om at 50 pst. av dei tilsette i barnehagen skal vere barnehagelærarar innan 2025. Vidare blei veksten i kommunanes frie inntekter grunnlagt med kommunanes kostnader til auka grunnbemanning og fleire pedagogar dei siste åra.

Styrking av kompetanseutviklingstiltaka i barnehagen

Hausten 2022 har departementet lagt fram ein revidert og oppdatert kompetansestrategi som skal gjelde for perioden 2023–25. Strategien skal bidra til at alle tilsette skal få høve til kompetanseutvikling. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til kompetanseutvikling i barnehagen med 180 mill. kroner i 2023, jf. omtale under kap. 231, post 21. Revidert kompetansestrategi må òg sjåast i samanheng med den langsiktige barnehagestrategien som regjeringa vil legge fram hausten 2022.

NOU 2022: 13 *Med vidare betydning. Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole* blei lagd fram hausten 2022. Departementet vil vurdere forslaga i god dialog med aktørane i sektorane.

Regjeringa ønsker å styrke vidareutdannings-tilbodet til barnehagelærarane i tråd med den nye strategien. Regjeringa vil òg styrke den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehagen, som inngår i tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling. Tilskotsordninga gir støtte til kollektiv kompetanseutvikling med utgangspunkt i lokale vurderingar av kompetansebehov i barnehagar og skular, og gjennom partnerskap med universitet eller høgskule. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Inntil 30 pst. av midlane til regional ordning kan nyttast til å sikre ein barnehagefagleg grunnkompetanse hos assistentar. Det er barnehageeigarane sitt ansvar å sørge for at desse får ei innføring i barnehagens samfunnsmandat, ansvar og innhald. Tiltaket skal vere i tråd med nasjonale rammer for barnehagefagleg grunnkompetanse, som vil vere klare frå 2023. Det er under utvikling eit interaktivt e-læringstilbod i barnehagefagleg grunnkompetanse som vil bli gratis og tilgjengeleg for bruk frå 2023.

Fagskuleutdanning i oppvekstfag er ei vidareutdanning for barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar med minimum fem års erfaring frå arbeid med barn i barnehage. Tiltaket gir moglegheit for auka kompetanse innanfor tre område:

barn med behov for særskild tilrettelegging, arbeid med språk, fleirspråklegheit og kulturell kompetanse og arbeid med dei yngste barna (0–3 år) i barnehagen.

Innsats for å få utdanna fleire barnehagelærarar og få fleire til å bli i yrket

Høg kvalitet i barnehagelærerutdanninga (BLU) er ein føresetnad for å sikre kompetansen til barnehagelærarane. Fleire rapportar har peika på vedvarende utfordringar i utdanninga, mellom anna korleis dei tverrfaglege kunnskapsområda har fungert, og kva plass og rolle pedagogikken skal ha. Barnehagelærerutdanninga har i tillegg rekrutteringsutfordringar, og det har vore ein særleg stor nedgang i 2022. Søkartala våren 2022 viste ein nedgang på 25,6 pst. Ved opptaket var det i år 27 pst. færre studentar som fekk tilbod om studieplass enn året før. Dette er langt større nedgang enn dei andre lærarutdanningane. Departementet vil sjå nærare på den store nedgangen i rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga i 2022 og vurdere kva som gjerast for å snu trenden.

Som eit ledd i regjeringas styrking av barnehagen foreslår departementet å løyve 50 mill. kroner til auka kvalitet i barnehagelærerutdanninga. Gode barnehagelærarar er ein nøkkel for god pedagogisk kvalitet i barnehagane. Det er derfor viktig med ei barnehagelærerutdanning som har høg kvalitet, som er godt forankra i forskning og nært knytt til praksisfeltet. Auka ressursar til BLU vil gjere lærarutdannarar ved universitet/høgskular og i barnehagar med praksis i stand til å utvikle BLU til den tverrfaglege, krevjande utdanninga som var intensjonen med reforma i 2012/2013. Ei tydeleg satsing på BLU vil også bidra til rekruttering og vere eit svar på låge søkartal i 2022.

Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU) er eit tilbod til erfarne assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar som ønsker å utdanne seg til barnehagelærar. Regjeringa vil vidareføre denne moglegheita for å kombinere jobb og studiar, fordi det bidreg til å rekruttere studentar som ikkje ville valt ei heiltidsutdanning. Undersøkingar har vist at dei barnehagelærarane som har teke ABLU, i større grad blir i yrket i åra etterpå.

Eit viktig tiltak for å bidra til at barnehagelærarane blir i yrket er å gi rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar. Regjeringa vil samarbeide med partane på feltet, slik at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får rettleiing. I 2022 har departementet saman med partane sett ned ei arbeidsgruppe som har justert dokumentet *Prinsipper og forplik-*

telsler for veiledning av nyutdannede nyttilsette lærere i barnehage og skole.

Styring og finansiering av private barnehagar

Utfordringar når det gjeld regelverket for private barnehagar

Etter den store barnehageutbygginga på 2000-talet, der private aktørar bidrog til at det blei full barnehagedekning, har det vore ei utvikling der det er tydeleg at regelverket ikkje lenger er tilpassa situasjonen i dag.

Dei private barnehagane er finansierte gjennom tilskot frå det offentlege og foreldrebetaling. Dette talar for at staten har eit ansvar for å sørge for at pengane går til formålet. Det er ei utfordring at mange private barnehagar er organisert i eit rettssubjekt som driv fleire barnehagar eller andre verksemdar, og at dei derfor ikkje fører fullstendig rekneskap for den einskilde barnehagen. Det er dermed ein risiko for at offentlege tilskot og det foreldra betaler for barnehageplassane, blir nytta til å dekke kostnader som er knytte til anna verksemd enn barnehagedrifta. Det er behov for betre og meir transparent rekneskapsinformasjon frå private barnehagar for at offentlege myndigheter skal kunne kontrollere at tilskotet og foreldrebetalinga går til formålet. I tillegg kan betre og meir transparent rekneskapsinformasjon frå private barnehagar ha ein førebyggjande effekt ved at det reduserer risikoen for at private barnehagar brukar tilskot og foreldrebetaling i strid med regelverket. Det kan vidare medverke til å sikre god kvalitet i alle barnehagar ved at meir av pengane blir nytta til barna og dei tilsette i barnehagen, sjølv om det krev noko meir administrativt arbeid frå barnehagen si side. Openheit om bruken av tilskot og foreldrebetaling er også nødvendig for å gi kommunane og staten eit betre grunnlag for å styre barnehagesektoren, og det er viktig for at foreldra og befolkninga elles skal kunne ha tillit til at pengane går til formålet.

Ei anna utfordring er at det er høg gjeldsgrad i den private delen av sektoren. Høg gjeldsgrad aukar risikoen for konkurs. Den høge gjeldsgraden i sektoren kan òg tyde på at nokre private barnehagar har teke opp lån til andre formål enn barnehagedrift.

For at kommunen skal kunne dimensjonere barnehagetilbodet på ein god måte, treng kommunen oversikt over kor mange barnehageplassar som til kvar tid blir tilbydd i barnehagane, og kven som er barnehageeigar. Det er derfor behov for at dei private barnehagane rapporterer om dei organisatoriske endringane dei gjennomfører.

Kommunen manglar i dag gode nok styringsverktøy for å sikre ein heilskapleg oppvekstpolitikk der både kommunale og private barnehagar er ein naturleg del av diskusjonen. Alle barna i kommunen må få ta del i kommunens barnehagesatsingar, uavhengig av om barnet går i privat eller kommunal barnehage. Regjeringa ønsker derfor å gi kommunane meir demokratisk styring over barnehagesektoren.

Private barnehagar står overfor dei same kvalitetskrava som kommunale barnehagar og må derfor ha dei same økonomiske føresetnadene som kommunale barnehagar for å oppfylle desse krava. Økonomisk likebehandling er derfor framleis nødvendig for at alle barn, uavhengig av kva for barnehage dei går i, får likeverdige barnehagetilbod. Men det treng ikkje bety at kvar private barnehage skal få det same tilskotet. Det kan vere barnehagar som kostar meir enn andre fordi ulike barnegrupper har ulike behov. Dagens finansieringssystem medfører at auka kostnader til nokre kommunale barnehagar som har stort ressursbehov, inngår i tilskotsgrunnlaget til alle private barnehagar i kommunen. Dette er ei lite ressurseffektiv løysing, og det er eit hinder for at alle barn får tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod.

Den private delen av barnehagesektoren har utvikla seg sterkt dei siste åra, med mellom anna større grad av kommersialisering og oppkjøp av private barnehagar. Sjølv om private barnehagar får same tilskot per barn i sin kommune, viser kunnskapsgrunnlaget at det er store variasjonar i lønnsamd mellom ulike typar private barnehagar. Over tid har norskeigde større konsern hatt høg driftsmargin, medan ideelle barnehagar har vore dei minst lønnsame. Nedgangen i talet på ideelle barnehagar vitnar om at ulike driftsvilkår over tid gir ein reduksjon i talet på einskildståande barnehagar, og inviterer til konsolidering av barnehagesektoren. Velferdstenesteutvalet konkluderte også med at barnehagesektoren er den mest lønnsame sektoren blant private aktørar som produserer offentlege velferdstenester. Utvalet konkluderte vidare med at den høge lønnsamda i private barnehagar kan tilseie at kommunane samla sett har utbetalt unødvendig mykje i offentlege tilskot til private barnehagar. Kommunar som ønsker å tilby barnehagar i område med liten folkesetnad eller gjere ein forsterka innsats i område med levekårsutfordringar, opplever at finansieringssystemet legg hindringar for slike tilbod. Det gjeld både i kommunale og private barnehagar. Regjeringa ønsker at finansieringssystemet skal legge til rette for kostnadseffektiv drift, og at private bar-

nehagar ikkje skal kompenseras for kostnader dei ikkje har.

Regjeringa meiner at private barnehagar skal vere ein integrert del av kommunens velferdstilbod. Finansieringssystemet kan ha bidrege til å skape manglande tillit mellom private barnehagar og kommunen, mellom anna som følge av usemje om tilskotsvedtak. Det er relativt stor variasjon i kor mykje kommunane bruker på barnehagar, men det er også tilsvarende variasjon i andre kommunale tenestetilbod. Kostnadsvariasjonen i barnehagesektoren, og særleg følgene dette får for tilskota til dei private barnehagane, får mykje merksemd. Det blir gjerne trekt fram som eit stort problem at det er skilnader i kor mykje kommunane gir i tilskot til private barnehagar. Samstundes er dette formålet med rammefinansiering – at kommunane sjølv skal kunne gjere prioriteringar og tilpasse kostnadsnivået til dei ulike kommunale tenestene ut frå geografi, demografi og lokalpolitiske vurderingar.

Det er kommunane som har ansvaret for å oppfylle retten til barnehageplass for sine innbyggjarar. Retten kan oppfyllest ved at barna får tilbod om ein plass i ein kommunal eller privat barnehage. Den private barnehagen utfører dermed ei teneste på vegner av kommunen. Når private eigarar har fått gunstige vilkår for bygging og drift av eigedom, er det fordi dei skal ha grunnlag for å tilby og drive ei pedagogisk verksemd som oppfyller krava i barnehagelova. Det er likevel svært lite regulering av barnehageeigedom i barnehagelova.

Dei siste åra har det vore ei utvikling der eigarane sel barnehagebygga og beheld drifta av barnehagane. Barnehagane leiger i staden bygga av den nye eigaren. Kapitaltilskotet er laga slik at private eigarar skal få tilskot til å bidra og dekke kostnader til egne bygg. Ved overgang frå eige til leige viser rekneskapstal at kostnadene til bygg aukar betydeleg, sjølv om kapitaltilskotet ikkje dekker dei nye og høgare kostnadene til husleige. Utfordringa er at dette gjer at ein større del av barnehagens inntekter ikkje nødvendigvis går til barna, men til eigarar av næringsbygg. Vidare er ikkje storleiken på husleiga regulert utover at husleige betalt til nærstående partar må vere til marknadspris, jf. barnehagelova § 23 andre ledd. Konserna bruker ein større del av tilskota til å dekke kostnader til bygg og ein mindre del til å dekke personalkostnader samanlikna med andre barnehagar. Dette kan vere ei optimal tilpassing for eigarar av næringsbygg, men det er negativt for barnehagen som pedagogisk verksemd. Det framtidige tilskotssystemet må derfor legge til

rette for at offentlege tilskot og foreldrebetaling går til drift av barnehagar, og at det gir incentiv til kvalitetsutvikling i barnehagen.

Tiltak for å endre regelverket for private barnehagar

Gjennomgang av regelverket for private barnehagar i løpet av 2023

Departementet har sett i gang eit større arbeid for å sjå på styring og finansiering av private barnehagar, og tek sikte på å ha ein gjennomgang klar i løpet av 2023. Viktige føringar for arbeidet vil vere at alle barn i heile landet skal ha tilgang på eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Det er behova til barna som skal stå i sentrum når kommunen skal avgjere ressursbruken i den einskilde barnehagen. Kommunane må derfor ha tilstrekkeleg demokratisk styring og kontroll med sektoren. Offentlege tilskot og foreldrebetaling skal gå til drift av barnehagar og stimulere til kvalitetsutvikling over tid. I Hurdalsplattforma slår regjeringa fast at eit nytt regelverk skal setje ein stoppar for utviklinga der kommersielle aktørar eig stadig fleire barnehagar. Grunnleggjande velferdstenester skal ikkje kommersialisierast. Regjeringa vil gi små privateigde og ideelle barnehagar betre rammevilkår gjennom mellom anna å gi kommunane høve til å prioritere desse barnehagane. Sjå også omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak, vedtaka 461 og 802 frå sesjonen 2017–2018 og vedtaka 44 og 45 frå sesjonen 2021–2022.

Lovendringar våren 2022

Våren 2022 behandla Stortinget eit lovforslag om innstrammingar i regelverket for private barnehagar, jf. Innst. 403 L (2021–2022) og Prop. 82 L (2021–2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldeplikt m.m.)*. Dei fire hovudgrepa er

- krav om at private barnehagar skal vere eit eige rettssubjekt, altså eit eige selskap som leverer fullstendig rekneskap. Barnehagar med færre enn 30 barn er unnatekne dette kravet i denne omgang
- forbod mot å drive anna verksemd i same selskap som barnehagen, til dømes reinhaldsbyrå eller eigedomsdrift

- forbod mot å ta opp lån på andre måtar enn gjennom bank, til dømes risikofylte obligasjonslån
- meldeplikt til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved nedlegging, eigarskifte eller andre organisatoriske endringar, dette for at kommunen skal få betre høve til å dimensjonere barnehagetilbodet

Forbodet mot å ta opp lån på andre måtar enn gjennom bank tok til å gjelde 1. juli 2022, medan dei andre lovkrava trer i kraft 1. januar 2023. Desse regelverksendringane vil gi større openheit om pengebruken og sikre at pengane kjem barna til gode og ikkje resulterer i profitt til eigarane.

Som ei oppfølging av lovproposisjonen som blei lagd fram våren 2022, har departementet hatt ny økonomiforskrift på offentlig høyring. Formålet er å få på plass ei økonomiforskrift som er tilpassa dei nye lovreglane, og som støttar opp under formålet med lovendringane. Departementet har også hatt på høyring forslag om å gjeninnføre kommunens høve til å halde dyre kommunale barnehagar utanfor tilskotsgrunnlaget til kommunale barnehagar. Formålet med føresegna er at det skal bli enklare og meir kostnadseffektivt for kommunen å tilby barnehageplassar i distrikta og forsterke innsatsen i barnehagar i levekårsutsette områder. Dei nye reglane skal etter planen tre i kraft 1. januar 2023.

Endringar i tilsynet med private barnehagar frå 2022

Ansvar for økonomisk tilsyn med private barnehagar blei overført frå kommunane til Utdanningsdirektoratet 1. januar 2022. Direktoratet har dermed ansvaret for å føre kontroll og tilsyn med at offentlege tilskot og foreldrebetalinga blir nytta i samsvar med krava og tilhøyrande reguleringar. Lovendringane som kom på plass våren 2022, sikrar direktoratet nødvendig dokumentasjon i samband med tilsyn, og dei seier òg kva for reaksjonar direktoratet kan bruke. Ansvarsfordelinga inneber at kommunen framleis er tilsynsmyndigheit for andre reguleringar i barnehagelova og forskrifter.

Departementet foreslår å løyve 4 mill. kroner i 2023 til utviklingsarbeid hos det nasjonale tilsynet, jf. omtale under kap. 231, post 21. Midlar til drift av tilsynet er overført til kap. 220, post 01.

Kap. 231 Barnehagar

| | | (i 1 000 kr) | | |
|--------------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 468 779 | 531 839 | 788 994 |
| 63 | Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage | 144 331 | 144 549 | 204 278 |
| 66 | Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritets-språklege barn | 17 342 | 17 342 | 22 008 |
| 70 | Tilskot til symjing i barnehagane | 63 786 | 72 233 | 74 283 |
| Sum kap. 231 | | 694 238 | 765 963 | 1 089 563 |

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Midlane på posten skal medverke til å heve kvaliteten på barnehagetilbodet i både kommunale og private barnehagar. Midlane finansierer ei rekke kompetansetiltak for alle grupper tilsette. Vidare blir midlane nytta til andre kvalitetstiltak, tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar som har tilsette som deltek på studietilbod, auka kunnskapsgrunnlag om barnehagen og forvaltning av ulike tiltak.

Mål for 2023

Å auke kvaliteten på barnehagetilbodet og få meir kunnskap om barnehagen.

Resultat i 2021

Samla blei det nytta 468,8 mill. kroner over posten i 2021. Av dette gjekk 397,5 mill. kroner til kompetansetiltak for tilsette i barnehagane for å følge opp strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Oppfølging av kompetansestrategien

Departementet legg til grunn at kompetansetiltak for alle grupper tilsette medverkar til høgare kvalitet på barnehagetilbodet, og at tiltaka er viktige verkemiddel i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Tabell 4.18 gir ei oversikt over dei ulike kompetansetiltaka som er ein del av kompetansestrategien.

Tabell 4.18 Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2021

| Type kompetansetiltak | (i mill. kr) |
|--|--------------|
| | Beløp |
| Den regionale ordninga for kompetanseutvikling | 210,9 |
| Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar | 99,7 |
| Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) – fire kull som går over fire skuleår – midlar til studieplassar | 21,7 |
| Leiarutdanning for barnehagestyrarar | 49,0 |
| Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår | 12,9 |
| Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar | 3,1 |
| Totalt | 397,5 |

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling

I 2021 gjekk 210,9 mill. kroner til den regionale ordninga for kompetanseutvikling som statsforvaltarembeta har ansvaret for å administrere.

Av dette vart om lag 159 mill. kroner nytta til barnehagebaserte kompetansetiltak. Meir enn halvparten av alle barnehagane i Noreg har delteke i barnehagebaserte kompetansetiltak i 2021. Dei fleste tiltaka har vore innanfor to av dei fire satsingsområda i kompetansestrategien:

- barnehagen som pedagogisk verksemd
- eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning

Dei resterande 51,9 mill. kronene blei nytta anten til tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering (1 317 deltakarar), fagbrev gjennom praksiskandidatordninga (106 deltakarar i fire fylke), kompetansehevingsstudiar for assistentar og barne- og ungdomsarbeidar (213 deltakarar i tre fylke) eller barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar utan kompetanse og erfaring frå barnehage (569 deltakarar i fire fylke).

Følgjeevalueringa av kompetansestrategien, delrapport 6 (SINTEF 2021), hevdar at regional ordning på eit overordna nivå støttar opp under strategien på ein god måte.

Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar

I 2021 fekk 1 014 barnehagelærarar og andre pedagogar som søkte tilleggsutdanning for å kvalifisere seg til arbeid som pedagogisk leiar, tilbod om vidareutdanning. Deltakarundersøkinga frå 2021 viser at barnehagelærarar som har delteke på vidareutdanninga, meiner at kvaliteten på studiet var god, og at utdanninga har gitt godt fagleg utbyte som har medverka til å utvikle pedagogisk praksis i barnehagen. Undersøkinga viser òg at deltakarane var motiverte for å delta på studium trass i koronasituasjonen.

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU)

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) er eit tilbod til assistentar og barne- og ungdomsarbeidar som ønsker å utdanne seg til barnehagelærar. Deltidsstudiet går over fire år, samstundes som ein jobbar i barnehage. Tiltaket er forankra i kompetansestrategien.

Leiarutdanning for barnehagestyrarar

I 2021 blei det nytta 38,6 mill. kroner på leiarutdanning for barnehagestyrarar. Det er òg inngått avtalar med universitet og høgskular om å tilby modulbasert vidareutdanning for styrarar. Modulane er felles med skuleleiarane og blei sett i gang i 2021. Det blei nytta 10,4 mill. kroner til modulane i 2021. Tilbodet legg vekt på å styrke og gjere styraren trygg i rolla som leiar. Evalueringa frå Fafo viser at deltakarane har nytte av studiet i eigen kvardag. Det har endra måten styrarane arbeider på og det har vore positivt for samarbeidet i barnehagen.

Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår

Fagskulane rapporterte at det var utfordringar knytte til rekruttering av deltakarar til studiet på grunn av koronasituasjonen. Det blei inngått avtalar med to nye fagskular om gjennomføring av studium innanfor fire fagområde i perioden frå våren 2022 til og med hausten 2023.

Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar

Tiltaket er samordna med rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i skulen, sjå rapport for tiltaket under kap. 226, post 21.

Andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet

I 2021 blei det nytta 71,3 mill. kroner på posten til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet, sjå nærare omtale i tabell 4.19. Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2021.

Tabell 4.19 Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehage tilbudet i 2021

| | | (i mill. kr) |
|---|---|--------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Kunnskapsgrunnlaget | System for å følge med på og betre kvaliteten i barnehagesektoren, inkludert statistikkinnhenting, analysar og forskning. Omfattar mellom anna foreldreundersøkinga, ståstadsanalysen, kostnadsanalysen, forskning på covid-19-pandemien i barnehagane, evaluering av implementering av rammeplanen, LÆRERMOD, rapportar knytte til regulering av private barnehagar o.a. | 9,7 |
| Støtte til bruk av rammeplanen | Revidering og vidareutvikling av støtteressursar til barnehagane sitt arbeid med å utvikle praksis i samsvar med rammeplanen. | 5,7 |
| Pilot om rettleiing av barnehageeigarar for å styrke barnehagekvaliteten | OsloMet leiar dette tredelte oppdraget. 1) Samanstilling av forskning på barnehagekvalitet med vekt på eigarrolla. 2) Rettleiing av 31 eigarar. 3) Utvikling av kriteriesett til bruk for å identifisere eigarar som treng bistand. | 5,0 |
| Stine Sofie barnehagepakke | Opplæringsprogram som skal gjere barnehage tilsette betre rusta til å avdekke vald og overgrep mot barn så tidleg som mogleg. | 5,0 |
| Inkluderande barnehagemiljø | Midlane inkluderer læringsmiljøprosjektet og samlingsbaserte tilbod med nettundervisning. Dette er tiltak som skal førebygge mobbing og bidra til at alle barn blir inkluderte i fellesskapet. | 4,9 |
| Kvensk barnehage tilbud – oppfølging av planen for vidare innsats for kvensk språk i perioden 2017–21 | Det er tildelt midlar til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norsk-finske barn moglegheit til å lære og utvikle det kvenske språket i tidleg alder. Formålet er å bidra til å bevare og styrke kvensk språk. Prosjekta har bidrege til at stadig fleire barn blir introduserte for det kvenske språket i tidleg alder, og det er ein auke i talet på barn som deltek, noko som er positivt for rekrutteringa av elevar som vil ta kvensk som fag i skulen. | 0,9 |
| Støtte til samiske formål | Midlane gjekk til statsforvaltarens arbeid med å støtte samiske barnehagar og samisk innhald i barnehagen. | 0,8 |
| Anna | Midlar til oppbygging av eining for tilsyn med private barnehagar, til statsforvaltarane for tilsyn, klagebehandling og utvikling i sektoren, hurtigarbeidande utval om finansiering av private barnehager o.a. | 39,3 |
| Totalt | | 71,3 |

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 789 mill. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren og innhenting av kunnskap.

I løyvingforslaget er det teke omsyn til følgende flyttinga av midlar til og frå posten:

- 150 mill. kroner til posten frå kap. 226, post 22 for å styrke etter- og vidareutdanningstilbodet i barnehagane

- 28 mill. kroner frå posten til kap. 220, post 01 for oppgåva med å føre tilsyn med økonomien i private barnehagar
- Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 0,1 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar. Løyvinga på posten er redusert med 28 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 vart utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Tabell 4.20 Budsjettforslag for 2023, kap. 231, post 21

| | | (i mill. kr) |
|---|---|--------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Tiltak for å følge opp kompetansestrategien og strategi for barnehagekvalitet | Kompetansetiltak retta mot ulike tilsette i barnehagane, inkl. 4,2 mill. kroner til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar. Departementet foreslår å opprette 420–630 fleire vidareutdanningsplassar for barnehagelærarar. | 335 |
| Regional ordning for kompetanseutvikling | Ordninga blei vidareutvikla i 2018 som ein del av oppfølginga av strategien <i>Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022</i> . Departementet foreslår å styrke ordninga med 60 mill. kroner. | 260 |
| Auka pedagogtettleik i utsette byområde | Som eit ledd i målet om å auke til 50 pst. barnehagelærarar, er det oppretta eit eige øyremerkt tilskot for å auke pedagogtettleiken i levekårsutsette område. For å auke kompetansen i dei mest utsette områda først, foreslår departementet å styrke tilskotet med 45 mill. kroner. | 80 |
| Auka kvalitet i barnehagelærarutdanninga | Auka ressursar til BLU vil gjere lærarutdannarar ved universitet/høgskular og i barnehagen i stand til å utvikle BLU til den tverrfaglege, krevjande utdanninga som var intensjonen med reforma i 2012/2013. | 50 |
| Utviklingsmidlar til statsforvaltarane | Midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehage med vekt på statsforvaltarane sitt arbeid med regional ordning for kompetanseutvikling. | 10,9 |
| Inkluderande barnehagemiljø | Dette er tiltak som skal bidra til at barn i barnehagen har trygge og gode barnehagemiljø. Må sjåast i samanheng med midlar over kap. 226, post 21. | 10,3 |
| Tilsyn og klagebehandling hos statsforvaltarane | Statsforvaltarane har faste tilsynsoppgåver som følger av barnehagelova. Det inneber å føre tilsyn direkte med einskilde barnehagar dersom det viser seg at kommunens tilsyn ikkje fungerer etter intensjonen. | 9 |

Tabell 4.20 Budsjettforslag for 2023, kap. 231, post 21

| | | (i mill. kr) |
|---|--|--------------|
| Type tiltak | Kort om tiltaket | Beløp |
| Rettleiing av barnehageeigarar | Vidareføring av eit treårig pilotprosjekt for perioden 2021–23. | 5 |
| Økonomisk tilsyn med private barnehagar | Utviklingsmidlar til det nye nasjonale tilsynet som vert oppretta 1. januar 2022. | 4 |
| Kvensk barnehagetilbod | Midlane går til språkprosjekt i barnehagar for å gi kvenske/norsk-finske barn sjansen til å lære og utvikle det kvenske språket sitt i tidleg alder. | 0,8 |
| Anna | Kunnskapsgrunnlag, støtteressursar til rammeplanen o.a. Dette inkluderer 4 mill. kroner til utvikling av refleksjons- og ståstadsanalyse for barnehagane, 2 mill. kroner til meir kunnskap om hindringar for sosial utjamning i barnehage-sektoren og 1 mill. kroner til å auke kunnskapsgrunnlage om barns trivsel i barnehagen og barnehagens arbeid med å følge opp føresegna om eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. | 24 |
| Totalt | | 789 |

Midlane på posten skal nyttast til ulike tiltak i samsvar med målet for posten. Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samråd med departementet, innfor den ramma som er foreslått over, og i samsvar med tiltaka i kompetansestrategien og andre prioriterte område. Regjeringa vil etablere fleire vidareutdanningsplassar, men det er ein del uvisse om kapasiteten i universitets- og høyskulesektoren. Dersom det ikkje er mogleg å etablere så mange nye plassar allereie frå hausten 2023, vil midlar i hovudsak bli omfordelte til regional ordning. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Post 63 Tilskot til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage

Utdanningsdirektoratet tildeler tilskotet til kommunar som oppfyller følgande to kriterium: at minst 10 pst. av barnehagebarna i kommunen er definerte som minoritetsspråklege, og at dette må utgjere minst 50 barn. Definisjonen omfattar barn med ein annan språk- eller kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet for posten.

Namnet på posten blei endra frå tilskot for å «betre språkforståinga» generelt til «norsk-språkleg utvikling» av Solberg-regjeringa. Det følger av rammeplanen at barnehagen skal fremje kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling for barna. Departementet foreslår derfor å endre namnet på posten til «Tilskot til tiltak for å styrke den språklege utviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage», fordi det gir ei betre beskriving av formålet med tilskotet.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage.

Departementet vil fram mot 2024-budsjettet sjå nærare på samanhengen mellom tilskotet til å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage og tilskotet til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn. Departementet vil vurdere i kva grad innrettinga på desse tilskota har behov for endring for å få betre måloppnåing.

Resultat i 2021

Ordninga blei lagd om frå 1. januar 2017 slik at berre dei kommunane som har størst utfordrin-

gar, får tilskot. I 2021 omfatta dette 118 kommunar, mot 123 kommunar i 2020, og 85 pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage, same del som i 2020. Kommunane har ikkje rapporteringsplikt for bruken av tilskotet.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å tilbakeføre 10,9 mill. kroner frå kap. 226, post 64 på grunn av avslutning av pilot for programfinansiering. Vidare foreslår departementet å styrke tilskotet med 45 mill. kroner. Departementet foreslår at det samla blir løyvd 204,3 mill. kroner på posten.

Post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn

Tilskotsordninga blei oppretta i 2018. Midlane skal gå til aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid i kommunar som har særlege utfordringar med å få minoritetsspråklege barn til å begynne i barnehagen. Dei kommunane som får midlar, står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet. Kommunar med 80 eller fleire minoritetsspråklege barn som ikkje gjekk i barnehage, får tilbod om å søke om tilskot.

Mål for 2023

Målet med tilskotsordninga er at fleire minoritetsspråklege barn skal få gå i barnehage.

Departementet vil fram mot 2024-budsjettet sjå nærare på samanhengen mellom tilskotet til å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage og tilskotet til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn. Departementet vil vurdere i kva grad innrettinga på desse tilskota har behov for endring for å få betre måloppnåing.

Resultat i 2021

21 kommunar oppfylte kriteriet for tilskotet, og av desse var det 18 kommunar som søkte. Dei fekk innvilga tilskot for totalt 5 259 barn som ikkje gjekk i barnehage. Satsen per barn blei dermed 3 297 kroner. I 2020 fekk 20 kommunar tilskot for 5 794 barn, og satsen per barn var 2 993 kroner.

Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena. Det er vanskeleg å seie om barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka som følge av akkurat dette tilskotet, mel-

lom anna fordi kommunane kan bruke midlane på mange ulike måtar, men også fordi det er mange faktorar som spelar saman når foreldre vel om barnet skal gå i barnehage. Barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka frå 80,3 pst. i 2017 til 86,9 pst. i 2021. Auken har vore størst for dei yngste barna, til dømes har prosentdelen minoritetsspråklege 1-åringar i barnehage gått frå 44,6 pst. i 2017 til 58,2 pst. i 2021. Sjå meir statistikk i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å tilbakeføre 4,2 mill. kroner frå kap. 226, post 64 på grunn av avslutning av pilot for programfinansiering. Samla foreslår departementet å løyve 22 mill. kroner på posten.

Post 70 Tilskot til symjing i barnehagane

Tilskotsordninga blei oppretta i 2015, blir forvalta av statsforvaltarane og skal medverke til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å nå målet.

Mål for 2023

Det overordna målet med ordninga er at barnehagebarn i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet, slik at dei får eit godt grunnlag for å lære å symje.

Resultat i 2021

Av ei løyving på 72,2 mill. kroner i 2021 blei 63,8 mill. kroner nytta til ordninga, og det blei tildelt midlar i alle fylke. Tilskotet gjorde at 33 300 barn fekk tilbod om symjeopplæring i barnehagetida, mot 28 600 barn i 2020. Mindreforbruket på 8,4 mill. kroner kjem delvis av at bassenga var stengde på grunn av covid-19-pandemien, og delvis av vanskar med å få tildelt bassengtid i opningstida til barnehagane, dette fordi symjing for skuleelevar blir prioritert framfor barnehagar. Departementet forventar at midlane på posten vil bli nytta meir i samsvar med budsjettet når det ikkje lenger er hindringar, til dømes manglande tilgang til basseng på grunn av covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 74,3 mill. kroner på posten.

Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------------|------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 240 | Fagskular | 1 041 973 | 1 181 527 | 1 249 623 | 5,8 |
| 241 | Felles tiltak for fagskular | 36 160 | 22 754 | 23 354 | 2,6 |
| 242 | Noregs grønne fagskule – Vea | 34 400 | 32 181 | 32 757 | 1,8 |
| Sum kategori 07.40 | | 1 112 533 | 1 236 462 | 1 305 734 | 5,6 |

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------------|------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 3242 | Noregs grønne fagskule – Vea | 8 309 | 6 449 | 6 640 | 3,0 |
| Sum kategori 07.40 | | 8 309 | 6 449 | 6 640 | 3,0 |

Innleiing

Regjeringa har store ambisjonar for høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulane er viktige for arbeidet med livslang læring og tilgang til utdanning i heile landet. Regjeringa foreslår derfor midlar til 500 fleire studieplassar til fagskulane i statsbudsjettet for 2023.

Fagskulane skal vere solide med sterke fagmiljø. Dei skal kunne svare raskt på nye kompetansebehov og bidra til å tette kompetansegap i arbeidslivet. Høgare yrkesfagleg utdanning skal møte behovet den einskilde har for kortare og arbeidslivsretta utdanningstilbod som er godt tilpassa ulike livssituasjonar.

Følgande overordna mål er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.40:

- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet

- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering
- Medarbeidarar i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse

Kunnskapsdepartementet har sett i gang ei evaluering av innføringa og verknaden av tiltaka i Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Evalueringsrapporten blir lagd fram i 2023. Som del av evalueringa har Deloitte gått gjennom finansieringssystemet for fagskular, og rapporten *Evaluering av fagskolemeldingen. Andre delrapport – finansieringssystemet* har vore på høyring i 2022. Våren 2022 la Kompetansebehovsutvalet fram ein rapport om høgare yrkesfagleg utdanning, *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring*. Regjeringa skal våren 2023 legge fram ei melding til Stortinget om kompetansebehova i arbeidslivet, mellom anna for høgare yrkesfagleg utdanning. Desse dokumenta gir viktig kunnskap for å utvikle høgare yrkesfagleg utdanning vidare.

Hovudprioriteringar for 2023

Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår 20 mill. kroner til 500 nye studieplassar til fagskulane. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.


Som ei følge av den store auken i talet på fagskulestudentar dei siste åra, er det behov for midlar for å kunne vidareføre og sikre relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Departementet foreslår derfor 52 mill. kroner til tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane.

Samla foreslår departementet 1,3 mrd. kroner til høgare yrkesfagleg utdanning i 2023.

Kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning

Samfunnet treng fleire fagskulekandidatar

Det har vore ein stor auke i talet på fagskulestudentar dei siste åra, jf. figur 4.3. Hausten 2021 var det registrert 28 200 fagskulestudentar, noko som er ein vekst på nesten 5 000 studentar frå hausten 2020, ifølge *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022*, som er utarbeidd av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Det er auke i dei fleste fagområda, og det er størst vekst i økonomi- og administrasjonsfag, som no er eit av dei tre største fagområda saman med tekniske fag og helse- og velferdsfag.



Figur 4.3 Utvikling i talet på fagskulestudentar, haust 2016–21

Kjelde: Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022

I rapporten *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* frå 2022 peikar Kompetansebehovsutvalet på at den prosentvise veksten i talet på fagskulestudentar er større enn i andre delar av det norske utdanningssystemet. Ifølge utvalet viser det samla kunnskapsgrunnlaget at etterspurnaden etter fagskuleutdanna er stor i arbeidslivet, og større enn tilgangen til arbeidskraft med høgare yrkesfagleg utdanning. Dette gjeld særleg i privat sektor og innanfor tekniske fag.

Kompetansebehovsutvalet slår fast at høgare yrkesfagleg utdanning har gode føresetnader for å møte ein stigande etterspurnad etter kompetanse driven av trendar. Dette gjeld innanfor til dømes IKT-utdanningar og tilbod retta mot grønne nærin-

gar, i tillegg til helse- og omsorgsfag. Søkinga til fagskuletilbod innanfor helsefag og tekniske fag aukar, og dette er fagområde med stor etterspurnad etter kompetanse. Gjennomgangen utvalet har gjort av kunnskapsgrunnlaget, viser god tilpassing til arbeidsmarknaden for fagskuleutdanna frå dei største fagområda.

Fleire studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Regjeringa ønsker at fagskulesektoren skal halde fram med å vekse, og foreslår derfor midlar til 500 nye studieplassar frå hausten 2023. Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasitet i fagskulane. Fylkeskommu-

nane søker Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om midlar til nye studieplassar etter ein gjennomgang av kompetansebehov og kapasitet i fagskulane i eige fylke. Systemet bygger opp under fylkeskommunane som kompetansepolitiske aktørar og at fagskulane skal tilby utdanningar som arbeidslivet etterspør. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treffer kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg. Nasjonale styresmakter kan legge føringar for fordelinga av studieplassar for å sikre at det blir teke omsyn til nasjonale behov.

Tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning

Det er behov for fagskuletilbod i heile landet

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022 viser at det hausten 2021 var god geografisk spreining av dei 160 studiestadene ved dei 61 offentlege og private fagskulane. Dei offentlege fagskulane er i større grad lokaliserte rundt om i landet enn dei private fagskulane, noko som dels heng saman med at dei aller fleste av dei offentlege fagskulane er eigde av fylkeskommunane. Dei private fagskulane ligg stort sett i byar i Sør-Noreg, og dei har ein høgare del nettbaserte utdanningstilbod som er tilgjengelege over heile landet. Det at fagskulane er geografisk fordelte og når ut over heile landet, gjer at utdanningane er godt tilpassa yrkesfagutdanningar i vidaregåande opplæring. Slik kan fagskulane bidra til gode utdanningsvegar for fagarbeidarar.

Over halvparten av fagskulestudentane er mellom 30 og 50 år, og om lag 70 pst. av fagskulestudentane studerer på deltid. Innanfor fagområda helse og velferd, tekniske fag og økonomi og administrasjon er ei stor overvekt av utdanningstilboda på deltid, og innanfor helse og velferd er det nesten berre deltidsstudium. Samferdselsfaga og dei kreative faga har i stor grad heiltidsstudium.

Om lag 61 pst. av utdanningstilboda i høgare yrkesfagleg utdanning var stadbaserte i 2021, om lag 21 pst. var nettbaserte med samlingar, og 18 pst. var heilt nettbaserte. Delen nettbaserte studietilbod har auka dei siste åra. Utviklinga med meir nettbasert undervisning har skote fart under covid-19-pandemien, og fagskulane har vore flinke til å tilpasse seg behov og etterspurnad. Samla hadde 57 pst. av fagskulestudentane i 2021 nettbasert eller nett- og samlingsbasert undervisning. Utviklinga med meir nettbasert undervisning gjer at utdanninga blir meir attraktiv og tilgjengeleg for folk i arbeid uavhengig av kvar dei bur.

Ifølge rapporten *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring* meiner Kompetansebehovsutvalet at nettbasert og samlingsbasert undervisning framleis bør vere sentralt i høgare yrkesfagleg utdanning for å nå breiare ut geografisk. Dei vektlegg at dette må vere basert på etterspurnad, og at nett- og samlingsbasert undervisning ikkje må gå ut over arbeidslivsrelevans og praksisnærleik.

Fagskulane må vere synlege og tilgjengelege for dei som vil søke utdanning, og derfor må dei offentlege fagskulane vere med i det samordna opptaket. Dei private fagskulane kan velje om dei vil vere med. I 2022 er fagskulane med i Samordna opptak for tredje gong, og 23 fagskular deltek med totalt 377 utdanningar. Det var 12 200 søkarar til Samordna opptak for høgare yrkesfagleg utdanning i 2022. Det var om lag like mange søkarar som fekk tilbod om studieplass gjennom hovudopptaket samanlikna med året før. Frå juni er det teke opp studentar i supplerande opptak. Dei fleste private fagskulane er ikkje med i Samordna opptak og er derfor ikkje med i desse tala.

Tiltak for å utvikle nye fagskuletilbod

Regjeringa legg vekt på at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg i heile landet. Med fleksible og tilgjengelege utdanningar i skal fagskulane bidra til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse. Fagskulane skal tilby og utvikle grunnutdanningar, men òg fleksible vidareutdanningstilbod, slik at dei som er i arbeid, kan oppdatere og utvikle kompetansen sin.

For at fagskular, høgskular og universitet skal ha tilbod over heile landet, har regjeringa styrkt satsinga på desentraliserte og fleksible utdanningstilbod og oppretta ei ny ordning for studientsenter. I 2022 har seks fagskular fått tildelt 27 mill. kroner til desentraliserte og fleksible utdanningar. Regjeringa foreslår å helde fram med satsinga i 2023, jf. omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Fagskulane kan òg søke om midlar til å utvikle nye utdanningstilbod gjennom tilskotsordningane for utviklingsmidlar til fagskulane og treparts bransjeprogram for livslang læring. I rapporten *Evalueringsrapport om fagskolemeldingen. Andre delrapport – finansieringssystemet* konkluderer Deloitte med at etableringa av tilskotsordninga for utviklingsmidlar totalt sett har vore eit vellukka tiltak. Ordninga har god søking og fører til auka merksemd på kvalitetsarbeidet i fagskulane. Eit par utfordringar som blir trekte fram, er at nokre tilbod som blir utvikla med midlar gjennom ord-

ninga, ikkje får driftstilskot i etterkant, og at søknadsprosessen og rapporteringa krev ein del ressursar for fagskulane. Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling er ei av ordningane i Kompetanseprogrammet. Ordninga har blitt evaluert av Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning, som leverte rapporten *Evaluering av trepart bransjeprogram for kompetanseutvikling* vinteren 2022. Evalueringa viser mellom anna at samarbeidet mellom partane i bransjeprogrammet har fungert etter intensjonen, men også at det kan vere utfordrande for partane å kjenne kompetansebehova til bransjane og derfor krevjande å mobilisere verksemder og deltakarar. Sjå programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring for omtale av Kompetanseprogrammet.

Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen høve til sjølv å opprette nye utdanningar og gjere endringar i eksisterande utdanningar innanfor det akkrediterte fagområdet. Per 1. august har åtte fagskular akkreditering for til saman 15 fagområde. Ein fagskule som får akkreditert eit fagområde, har vist at kompetanse og rutinar er på plass, slik at fagskulen sjølv er i stand til å akkreditere utdanningar innanfor fagområdet. Fagområdeakkreditering er eit kvalitets- og tillitsstempel. Dette bidreg til at fagskulane blir meir robuste, dei får større sjølvråderett i å legge planar for vidareutvikling og i å styre ressursane, og dei kan raskare omstille utdanningstilbodet ut frå behov i arbeidslivet. Det er derfor viktig at fleire fagskular arbeider for og oppnår fagområdeakkreditering. I tillegg vil dette kunne legge grunnlaget for vidare vekst i fagskulesektoren utan at kapasiteten i Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) til å akkreditere einskildutdanningar blir pressa ytterlegare. Departementet vil vurdere forslag om mogleg institusjonsakkreditering for fagskular som eit langsiktig mål, noko som inneber at fagskular sjølv kan akkreditere høgare yrkesfaglege utdanningstilbod innanfor alle fagområda.

Relevant høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulane må gi studentane relevant kompetanse av høg kvalitet

Det er mange faktorar som påverkar relevansen i høgare yrkesfagleg utdanning. Det gjeld mellom anna innhaldet i utdanningstilboda, samspelet med arbeids- og næringslivet og kompetansen til dei tilsette. Digitalisering og raske teknologiske endringar stiller krav til kontinuerleg endring i

utdanningstilboda, slik at dei er relevante for studentane og arbeidslivet. Dette gjeld særleg høgare yrkesfagleg utdanning, som skal vere fleksibel og yrkesretta og gi kompetanse for oppgåver som arbeidslivet treng. Utdanningane skal gi studentane erfaring med korleis faget fungerer i praksis, og må vere relevante i møte med kompetansebehova i framtida.

Kompetansebehovsutvalet peikar i rapporten frå 2022 på at høgare yrkesfagleg utdanning fyller behov i eit samfunnsperspektiv ved å gi gode moglegheiter for utdanning utover vidaregåande opplæring til grupper som er svakare representerte i universitets- og høgskulesektoren. Fagskulane kan bidra til fleire karriereveggar og omskulerings- og vidareutdanningsmoglegheiter for personar med yrkesfagleg kompetanse, jf. rapporten *Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring*.

Ifølge Kompetansebehovsutvalet er arbeidslivsrelevansen for høgare yrkesfagleg utdanning generelt høg, men han er vurdert som noko lågare for kreative fag og til ein viss grad også økonomiske og administrative fag. Det er indikasjonar på at studentane opplever at arbeidsrelevansen til høgare yrkesfagleg utdanning har falle litt dei siste åra, samstundes som talet på studie-plassar har auka kraftig. Utvalet meiner dette gir grunn til å stille spørsmål ved om høgare yrkesfagleg utdanning klarer å nå målet om å vere tett på arbeidslivet når sektoren er i kraftig vekst. Utvalet peikar på at det er viktig å halde oppe og styrke arbeidslivsrelevansen til utdanningane ved ei vidare oppskalering i sektoren.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Statistisk sentralbyrå i 2021 utført ei levekårsundersøking blant studentane, og fagskulestudentane er inkludert i undersøkinga for første gong. *Studenters levekår 2021* viser mellom anna at fagskulestudentane oftare enn andre studentar er i arbeid som er relevant for studiet. Eldre studentar er oftare deltidsstudentar og i gang med kompetanseheving innanfor det yrket dei allereie har.

Det er vesentleg for kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning at det blir stilt høge krav til den faglege og pedagogiske kompetansen til fagskulelærarane. Ei kartlegging gjennomført i 2021 av analyseselskapet Ideas2evidence viser at ein firedel av fagskulelærarane som underviser på nett, har formell nettpedagogisk kompetanse. Dei fleste av dei som underviser på nett, ønsker meir opplæring i nettpedagogikk, jf. rapporten *Kvalitet på nett – Kartlegging av føresetnader for gode nett- og samlingsbaserte utdanningar i HYU (6:2021)*.

Tiltak for ei meir relevant høgare yrkesfagleg utdanning av høg kvalitet

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har i 2022 lyst ut midlar til etablering av to forsøksordningar med senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning. Målet med ordninga er å auke statusen til høgare yrkesfagleg utdanning og stimulere til utvikling av framifrå kvalitet i utdanningane. Fagskulane kan søke om inntil 3 mill. kroner per år over fire år. Innan utgangen av 2022 vil det vere klart kva for prosjekt som får tildelt midlane. Ei evaluering av ordninga etter tre år vil vere grunnlag for å bestemme om ordninga skal vidareførast.

Frå 2017 har det blitt tildelt statlege tilskot til prosjekt som skal utvikle høgare yrkesfagleg utdanning, og midlane har mellom anna finansiert kompetansetiltak i fagskulane. I 2022 har 15 prosjekt fått midlar for å bidra til digital kompetanseheving for tilsette. Departementet foreslår å vidareføre digital kompetanseheving for tilsette som ei av prioriteringane for tildeling av utviklingsmidlar. Tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane er den einaste statlege tilskotsordninga for fagskulane for utvikling av kvalitet.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) utfører på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet kandidatundersøkinga

for høgare yrkesfagleg utdanning. Undersøkinga kartlegg sysselsetjingsstatusen til personar som fullførte høgare yrkesfagleg utdanning i 2019 og 2020. Departementet ønsker også å vite om utdanningane er relevante for stillingane kandidatane har i arbeidslivet og om korleis kandidatane har finansiert utdanninga. Rapporten med resultatata blir levert departementet innan utgangen av 2022.

Kunnskapsdepartementet gav i 2020 NOKUT i oppdrag å evaluere nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR). NKR beskriv læringsutbytte for norske utdanningar og kvalifikasjonsnivå etter fullført utdanning. Technopolis Group har utarbeidd rapporten *Utredning om mulig parallell struktur i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring*, som inngår i kunnskapsgrunnlaget for evalueringa av NKR. NOKUT skal levere endeleg rapport om evalueringa av NKR i desember 2022.

Hausten 2019 blei det lovfesta at fagskulestudentane skal ha tilgang til eit studentombod, som skal gi råd og hjelp i spørsmål som gjeld studiesituasjonen. Det er styret ved den einskilde fagskulen som skal sørge for at studentane har tilgang til eit studentombod. Departementet har motteke ei utgreiing av ordninga frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og vil på bakgrunn av rapporten vurdere om det bør opprettast eit nasjonalt studentombod.

Kap. 240 Fagskular

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 60 | Driftstilskot til fagskular | 1 003 890 | 1 130 826 | 1 197 585 |
| 61 | Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overførast</i> | 38 083 | 50 701 | 52 038 |
| | Sum kap. 240 | 1 041 973 | 1 181 527 | 1 249 623 |

Som del av evalueringa av tiltaka i Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* er finansieringssystemet for fagskulane gjennomgått av Deloitte i 2021, jf. oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I. Tilskotsordninga for driftsmidlar til fagskulane er ein sentral del av denne gjennomgangen. Rapporten slår fast at endringane som blei innførte i finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning i oppfølginga av fagskulemeldinga frå 2016, har vore formålstenlege. I rapporten kjem det mellom anna fram at

fagskulane ønsker meir føreseielege vilkår og meir ressursar til å utvikle seg. Deloitte har i rapporten lagt fram ei rekke forslag med bakgrunn i hovudfunna i rapporten. Dette er forslag som gjeld ordninga for driftstilskot til fagskulane, forvaltninga til fylkeskommunane og samspelet mellom dei ulike tilskotsordningane. Tilrådingane i evalueringsrapporten har vore på høyring med frist 1. september 2022. Departementet vil med bakgrunn i rapporten og høyringsinnspela vurdere endringar i finansieringssystemet.

Post 60 Driftstilskot til fagskular

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse forvaltar ordninga for driftstilskot til fagskular. Direktoratet fordeler tilskotet til fylkeskommunane, som tildeler tilskot vidare til fylkeskommunale og private fagskuletilbod i eige fylke. Tilskotet til fylkeskommunane blir justert årleg ut frå oppnådde studiepoeng ved utdanningstilbod som har fått offentleg tilskot. Tilskotsordninga omfattar tilskot til nokre fagskular som er i ei særstilling, mellom anna fordi dei er små, har eit nasjonalt nedslagsfelt og tidlegare var godkjende etter privatskulelova kap. 6A. Ordninga inkluderer òg midlar til om lag 500 studieplassar til vidareutdanningstilbod innanfor industri og bygg gjennom ordninga Industrifagskolen. Midlane blir fordelte av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse etter søknad.

Kunnskapsdepartementet vil saman med Helse- og omsorgsdepartementet følge utviklinga for helsefaga i høgare yrkesfagleg utdanning gjennom den årlege *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning*, som blir utarbeidd av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Departementa vil vurdere tiltak dersom talet på fagskulestudentar i helsefag ikkje samsvarer med kompetansebehova i arbeidslivet.

Mål for 2023

Følgande mål gjeld for høgare yrkesfagleg utdanning som er omfatta av løyvinga over kap. 240, post 60:

- Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- Effektiv og solid fagskulesektor

Resultat i 2021

I 2021 fekk fylkeskommunane til saman 987,6 mill. kroner til drift av fagskular, og 16,3 mill. kroner over posten blei tildelt gjennom ordninga Industrifagskolen. Tilskotet på posten auka med 5,3 mill. kroner frå 2020 som følge av resultatbasert utteljing.

38 fagskular fekk driftstilskot over posten i 2021, og det var 26 private og tolv offentlege fagskular. Rapporteringa som følger, gjeld utdanningstilboda som har fått driftstilskot ved desse fagskulane.

Studiepoengproduksjonen ved fagskular med driftstilskot held fram med å auke, og frå 2020 til 2021 var auken på 10 pst., mot 13 pst. året før og 4,5 pst. to år tidlegare.

Delen av studentar som tek høgare yrkesfagleg utdanning på deltid, kan vise om fagskuletilboda er attraktive og tilgjengelege for folk i arbeid. Det same gjeld korleis undervisninga er organisert. Hausten 2021 var 80 pst. av fagskulestudentane på offentleg finansierte tilbod deltidsstudentar. Over halvparten av studentane følgde nett- og samlingsbasert undervisning.

Talet på studentar per fagskule aukar både i dei private og i dei offentlege fagskulane. Dette kan forklarast med ein sterk vekst i talet på studentar på same tid som det blir færre fagskular. Når nye, større einingar har blitt oppretta, blir ofte dei gamle einingane vidareførte som studiestadar. Det er ei tilsikta utvikling med større fagskular, som gir større fagleg tyngde og kapasitet i fagmiljøa, noko som på sikt vil bidra til auka kvalitet i utdanninga, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskuleutdanning*.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1,2 mrd. kroner til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. I løyvinga inngår ein auke på 16,9 mill. kroner på bakgrunn av auke i studiepoeng som er oppnådde ved fagskuletilbod med offentleg tilskot i 2021.

For å få fleire til å ta høgare yrkesfagleg utdanning foreslår departementet 20 mill. kroner til 500 nye studieplassar til fagskulane. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte. I forslaget har departementet lagt til grunn toårige studieplasser, og i 2023 er det lagt inn midlar til halvårseffekt for desse studieplassane.

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular, kan overførast

Fagskular kan søke om tilskot til tiltak og prosjekt som skal auke kvaliteten i fagskulane, vidareutvikle dagens utdanningstilbod og utvikle nye utdanningstilbod. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2023

Høg kvalitet i utdanningstilboda og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.

Resultat i 2021

2021 var det femte året midlar til kvalitetsutvikling blei lyste ut til fagskulane. Til den ordinære utlysinga kom det inn 79 søknader om totalt 78 mill. kroner. Det blei tildelt midlar til 60 prosjekt ved 27 offentlege og private fagskular over heile landet. Mange fagområde er representerte blant prosjekta som fekk støtte, mellom anna maritime fag, helsefag og byggfag.

Midlane blei tildelte prosjekt som bidreg til

- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
- bruk av digital teknologi for læring
- digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet

I tillegg gjekk midlane til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur for å auke kvaliteten på utdanningane.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 52 mill. kroner på posten og at følgande prioriteringar gjeld for utviklingsmidlane i 2023:

- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt, regionalt og nasjonalt arbeidsliv
- bruk av digital teknologi for læring
- auka profesjonsfagleg digital kompetanse for faglærarane
- eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Kap. 241 Felles tiltak for fagskular

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 36 160 | 22 754 | 23 354 |
| | Sum kap. 241 | 36 160 | 22 754 | 23 354 |

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar midlar til prosjekt for fagskulesektoren.

fekk brukt alle dei tildelte midlane over posten som følge av covid-19-pandemien, og at pandemien førte til at nokre av dei andre tiltaka finansierte over posten, blei utsette.

Mål for 2023

God kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 23,4 mill. kroner på posten. Midlane vil mellom anna gå til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å gjennomføre *Studiebarometeret for fagskulestudentar* og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for å arbeide med tiltak som skal utvikle kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning og kunnskapsgrunlaget for fagskulesektoren. Midlane til forsøksordninga med to senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning vil bli vidareførte i 2023. Det vil òg bli tildelt midlar til utvikling av eit nasjonalt utdanningsregister med alle godkjende utdanningar i Noreg. I fagskulesektoren er det i dag ikkje noko heilskapleg register over akkrediterte utdanningar. Ei samla oversikt over alle utdanningstilboda og den formelle statusen for dei ulike tilboda vil vere viktig for mange aktørar i utdanningssektoren, som mellom anna Lånekasen og NOKUT.

Resultat i 2021

Det er i 2021 sett i gang ei rekke tiltak for å bidra til å nå måla for løyvinga på posten. Dette gjeld mellom anna utvikling og gjennomføring av eit samordna opptak til høgare yrkesfagleg utdanning, gjennomføring av *Studiebarometeret for fagskulestudentar* og arbeid med kvalitetsutvikling i fagskulesektoren. I 2021 blei det tildelt midlar til fagskular for å halde oppe studieprogresjonen og lønne studentar for å gi fagleg oppfølging av andre studentar under covid-19-pandemien.

I 2021 var det eit mindreforbruk på posten. Dette kjem mellom anna av at fagskulane ikkje

Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 34 043 | 30 843 | 31 392 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i> | 357 | 1 338 | 1 365 |
| | Sum kap. 242 | 34 400 | 32 181 | 32 757 |

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på kap. 242 går til drift av Noregs grøne fagskule – Vea. Fagskulen har studentar på mellom anna blomsterdekoratør-, gartnar- og anleggsgartnarfaglege studieprogram. Vea er akkreditert for grøne design- og miljøfag. I tillegg til høgare yrkesfagleg utdanning gir Vea tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap. 3242, post 61.

Mål for 2023

Noregs grøne fagskule – Vea skal arbeide etter følgende mål:

- Høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- Relevant høgare yrkesfagleg utdanning som svarer på kompetansebehova i arbeidslivet
- God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning i heile landet
- Effektiv og solid fagskulesektor

Resultat i 2021

Noregs grøne fagskule – Vea hadde gode resultat i 2021, trass i utfordringa med covid-19-pandemien. Ved utgangen av 2021 hadde skulen 15 fagskuletilbod og to tilbod i vidaregåande opplæring, i tillegg til korte kurs. Talet på studentar og elevar ved skulen held fram med å auke. Hausten 2021 var det 259 studentar og elevar ved skulen, og av desse var 155 fagskulestudentar og 104 vaksne

elevar i vidaregåande opplæring. I tillegg har 303 studentar gjennomført einskildemne på fagskulenivå. Det har vore ein auke i talet på søkarar per studieplass frå 2020 til 2021, både til tilboda i vidaregåande opplæring og til fagskuletilboda. Skulen er ein attraktiv samarbeidspartnar, både nasjonalt og internasjonalt, og har god kontakt med yrkesfeltet i faga dei tilbyr. I 2021 gjennomførte skulen kompetanseheving av tilsette stort sett gjennom nettkurs og webinar på grunn av covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 31,4 mill. kroner på post 01 og 1,4 mill. kroner på post 45.

Noregs grøne fagskule – Vea har gått over til grunnteneste frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for rekneskapsområdet. Departementet foreslår derfor å overføre driftskostnaden for tenestene på 53 000 kroner frå kap. 242, post 01 til kap. 1605, post 01 over Finansdepartementets budsjett.

Løyvinga på posten er redusert med 42 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 blei utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del 1, kap. 1.

Forslaget omfattar òg ein reduksjon på 67 000 kroner på post 01 som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3242, post 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3242 Noregs grønne fagskule – Veia

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-----------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 02 | Salsinntekter o.a. | 8 309 | 5 108 | 6 261 |
| 61 | Refusjon frå fylkeskommunar | | 1 341 | 379 |
| | Sum kap. 3242 | 8 309 | 6 449 | 6 640 |

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna semesteravgift, sal frå kantine, hybelutleige og kortare kurs. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skulen.

Departementet foreslår å løyve 6,3 mill. kroner på post 02 og 0,4 mill. kroner på post 61. Noregs grønne fagskule – Veia reduserer tilbodet

innanfor vidaregåande opplæring, medan fagskuletilbodet aukar. Dette fører til at refusjonen frå fylkeskommunane blir redusert, og at salsinntektene aukar. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på post 61 med 1 mill. kroner og auke løyvinga tilsvarende på post 02.

Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 251 | 22. juli-senteret | 15 538 | 27 695 | | -100,0 |
| 253 | Folkehøgskular | 993 308 | 1 045 730 | 1 066 257 | 2,0 |
| 254 | Studieforbund o.a. | 72 430 | 74 313 | 76 236 | 2,6 |
| 256 | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 132 774 | 364 659 | 441 943 | 21,2 |
| 257 | Kompetanseprogrammet | 333 542 | 313 123 | 208 695 | -33,4 |
| 258 | Tiltak for livslang læring | 254 465 | 148 424 | 129 317 | -12,9 |
| | Sum kategori 07.50 | 1 802 057 | 1 973 944 | 1 922 448 | -2,6 |

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 3256 | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 3 564 | 5 220 | 29 757 | 470,1 |
| | Sum kategori 07.50 | 3 564 | 5 220 | 29 757 | 470,1 |

Innleiing

Eit høgt kompetansenivå i befolkninga, tilpassa behova til arbeidslivet, bidreg til brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Det er no eit stort udekt kompetansebehov i store delar av arbeidslivet. Mange verksemder får ikkje tak i den kompetansen dei treng for å skape verdiar og levere gode tenester til innbyggjarane. Samstundes endrar trendar som digitalisering og automatisering, aldring og det grønne skiftet kompetansebehova i samfunnet. Høge krav til kompetanse i arbeidsmarknaden gjer at dei med lite utdanning kan få problem med å få seg arbeid.

Regjeringa vil våren 2023 legge fram ei melding til Stortinget om kompetansebehova i arbeidslivet, på kort og lang sikt. Meldinga skal gi eit grunnlag for tiltak for å bidra til å dekke kompetansebehova framover og for at innbyggjarane skal ha tilgang til utdanning i heile landet.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne kompetansepolitikken, men dei kompetansepolitisk verkemidla går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring blir nokre av dei sentrale verkemidla finansierte, mellom anna Kompetanseprogrammet. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse blir finansiert over programkategorien.

Tilskot til folkehøgskulane og studieforbund blir òg finansierte over denne programkategorien.

Følgande overordna mål for Kunnskapsdepartementet er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.50:

- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

Hovudprioriteringar for 2023

Ei rekke av dei viktigaste kompetansepolitiske satsingane til regjeringa for å bidra til livslang læring i heile landet blir finansierte over andre programkategoriar under Kunnskapsdepartementet:

- 302,3 mill. kroner for at fleire utan lovfesta rett til opplæringa skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, sjå programkategori 07.20
- 148,9 mill. kroner til tilbod om å ta eit fagbrev for personar allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, sjå programkategori 07.20
- 60 mill. kroner til ordninga Fagbrev på jobb, sjå programkategori 07.20
- 26,2 mill. kroner til 500 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning, inkludert utgifter til utdanningsstøtte, sjå programkategori 07.40
- 199,6 mill. kroner til desentraliserte og fleksible utdanningstilbod, sjå programkategori 07.60
- 10 mill. kroner for å legge til rette for meir fleksible utdanningsstøtteordningar for vaksne i jobb, sjå programkategori 07.80

Bransjeprogramma for kompetanseutvikling som blei oppretta i 2020 i møte med covid-19-pandemien, skal etter planen fasast ut i 2023. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga til Kompetanseprogrammet, der bransjeprogramma inngår, med 60 mill. kroner. Innanfor Kompetanseprogrammet foreslår regjeringa å redusere løyvinga til Kompetansepluss med 50 mill. kroner.

Kompetansebehov i arbeidslivet

Mange verksemder får ikkje tak i personar med relevant kompetanse

Våren 2022 var arbeidskraftmangelen på det høgaste sidan før finanskrisa i 2008. Ifølge bedriftsundersøkinga til Nav manglar bedriftene i 2022 over 70 000 personar, mot 46 000 i 2021.

Helse- og sosialtenestene manglar flest folk og står for 22 pst. av den samla arbeidskraftmangelen. Det er òg stor mangel på arbeidskraft i bygge- og anleggsnæringa og i overnattings- og serveringsnæringa. Dei fleste næringar manglar folk.

Det er dei mest folkerike fylka Viken og Oslo som manglar mest arbeidskraft. Samstundes er det verksemdene i Nord-Noreg, Møre og Romsdal og Vestfold og Telemark som har størst rekrutteringsproblem når ein tek omsyn til folketal.

Yrka med størst mangel er sjukepleiar, tømrrar og IT-utviklar. I tillegg er det stor mangel på legar og fagarbeidarar med utdanning frå vidaregåande opplæring eller fagskule i bygg-, industri- og restaurantfag. Sjukepleiar har kvart år sidan 2015 vore yrket med størst mangel på arbeidskraft, ifølge bedriftsundersøkinga til Nav.

Dagens utdanningstilbod er ikkje godt nok tilpassa behova til dei som ønsker kompetanseutvikling, noko som særleg gjeld dei som er sysselsette, både i byane og i distrikta.

Kompetansebehova endrar seg med omstilling av næringslivet og offentleg sektor

Trender som digitalisering og automatisering, aldring og det grøne skiftet endrar kompetansebehova i samfunnet. Etter- og vidareutdanningsutvalet (NOU 2019: 12) og Sysselsetjingsutvalet (NOU 2021: 2) konkluderer med at behovet for etter- og vidareutdanning er stort, mellom anna som følge av desse endringane.

Digitalisering og automatisering reduserer etterspurnaden etter nokre yrke og arbeidsoppgåver og endrar innhaldet i andre yrke. Samstundes skaper utviklinga nye jobbar. Utrekningar viser at det er ein mindre del av jobbane i Noreg som vil bli automatiserte, enn i mange andre land i OECD. Dette kan henge saman med at det norske arbeidslivet allereie har automatisert bort mange jobbar, mellom anna på grunn av eit relativt høgt lønnsnivå og ein samanpressa lønnsstruktur. Den teknologiske utviklinga har dei siste tiåra favorisert høgt utdanna arbeidskraft og fortrent arbeidskraft med låg og middels utdanning. Den digitale utviklinga har skote fart under covid-19-pandemien.

Den demografiske utviklinga der stadig færre yrkesaktive står bak kvar pensjonist, endrar kompetansebehova. Talet på eldre over 80 år er venta å doble seg fram mot 2040. Fleire eldre aukar behovet for helse- og omsorgstenester, særleg i distrikta, der mangelen på arbeidskraft i kommunale helse- og omsorgstenester er stor.

Det grøne skiftet inneber at kompetansen til arbeidstakarar må tilpassast omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Meir enn halvparten at NHO-bedriftene melder at kompetansebehova deira i stor eller nokon grad blir påverka av klima- og miljøomsyn. Det er likevel utfordrande å føreseie kva type og kor mange jobbar som vil falle bort eller kome til med det grøne skiftet.

Kompetanseprogrammet

Kompetanseprogrammet består av fleire tiltak for kompetanseutvikling i tråd med behova til arbeidslivet. Kompetanseprogrammet har tre programområde:

1. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
2. utprøving av insentivordningar for livslang læring
3. Kompetansepluss

Bransjeprogramma er ein viktig del av kompetansereforma for livslang læring, som regjeringa har varsla i Hurdalsplattforma. Ordninga er eit spleiselag der staten finansierer utvikling og drift av relevante kompetansetilbod for bransjar med særleg stort behov for kompetanseutvikling for å møte endra kompetansebehov. Bedriftene og dei tilsette bidreg med tida dei bruker på kompetanseutvikling. Saman med partane i arbeidslivet etablerte regjeringa tidleg i 2022 tre nye bransjeprogram for bransjar med behov for kompetanseutvikling. Desse er:

- Avfalls- og gjenvinningsbransjen
- Jordbruks-, skogbruks- og gartnarnæringa
- Industri- og byggenæringa

Med desse programma er det no elleve bransjeprogram. Dei andre programma blei etablerte i 2020 og 2021 for å svare på auken i arbeidsløyse og mange permitteringar etter utbrotet av covid-19-pandemien. Programma kan i utgangspunktet vare i maksimalt tre år, og desse programma skal derfor i utgangspunktet fasast ut i 2023, med unntak av programmet for den maritime næringa, som vart starta tidleg i 2021. Regjeringa foreslår ei løyving i 2023-budsjettet som gjer det mogleg å vidareføre minst eitt av bransjeprogramma som vart etablert i 2020 eller å starte minst eitt nytt bransjeprogram.

Fleire studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulane har ei viktig rolle i satsinga til regjeringa på livslang læring. Fagskulane skal gi korte og yrkesretta utdanningstilbod i heile landet, og

dei skal kunne svare raskt på nye kompetansebehov og bidra til å tette kompetansegap i arbeidslivet. Regjeringa vil styrke høgare yrkesfagleg utdanning. Derfor foreslår regjeringa midlar til 500 nye studieplassar frå hausten 2023. Sjå omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Desentralisert utdanning ved fagskular, høgskular og universitet

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengelege for folk i heile landet. I 2022 blei satsinga på desentraliserte og fleksible utdanningstilbod styrkt, og det blei oppretta ei ny ordning for støtte til studiesenter. Satsinga held fram i budsjettforslaget for 2023, jf. omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

Utdanningsstøtteordningar tilpassa vaksne i arbeid

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli meir tilgjengeleg ved at ein tilbyr fleire korte og modulerte utdanningar som er tilpassa behova til den einskilde og til arbeidslivet. Regjeringa vil utvide utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningstilbod kan gi rett til lån frå studieåret 2024–25. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesutdanning

Faglært arbeidskraft frå utlandet kan bidra til å gi arbeidslivet kompetansen det er behov for. Godkjenningsordninga for utanlandsk fag- og yrkesopp-læring blei etablert i 2016 og gjeld i dag for utvalde fag- og sveinebrev frå fem europeiske land. Det er krevjande å vurdere utanlandsk fag- og yrkesopp-læring i nivå, omfang og fagleg innhald. Det har derfor vore utfordrande å utvide godkjenningsordninga. I Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* blei det varsla ei vidareutvikling av ordninga, og dette fekk støtte i stortingsbehandlingen. NOKUT har hausten 2022 fått i oppdrag å vurdere endringar i godkjenningsordninga og å lage eit forslag til forskrift og ein plan for å utvide ordninga.

Kompetansen i befolkninga – personar med lite utdanning

Det blir stadig vanskelegare for dei med lite utdanning å klare seg i arbeidsmarknaden
Sysselsetjingsutvalet (NOU 2021: 2) viser at etterspurnaden etter personar med lite utdan-

ning er låg i Noreg samanlikna med mange andre land. Delen sysselsette i lågkvalifikasjonsyrke er mykje lågare enn EU-gjennomsnittet. Fullført vidaregåande opplæring blir stadig viktigare for ei varig tilknytning til arbeidsmarknaden. Sysselsetjingsgapet mellom dei som har vidaregåande opplæring, og dei som ikkje har det, har auka over tid, jf. NOU 2021: 2. Ifølge SSB har 480 000 personar i alderen 25–59 år ikkje fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring, eller har ukjent utdanning. Om lag ein tredel av desse er innvandrarakar. Av dei om lag 600 000 vaksne som står utanfor arbeid og utdanning, har 44 pst. ikkje fullført noka utdanning utover grunnskulen.

Vaksne som vil ta vidaregåande opplæring, anten det er på eiga hand, gjennom Nav-tiltak eller gjennom introduksjonsordninga, opplever hindringar, anten ved mangel på tilbod eller i form av måten regelverket er utforma på. I NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre – Struktur og innhold i vidaregåande opplæring* blir det mellom anna peika på utfordringar med manglande koordinering av kunnskap og ressursar, mange aktørar og lite samordna regelverk.

Vaksne i Noreg tek utdanning og opplæring i større grad enn i dei fleste andre land, men mindre enn i dei andre nordiske landa. Sjølv om mange utan vidaregåande opplæring stiller svakt på arbeidsmarknaden, er det få av desse som deltek i opplæring for å ta fagbrev. Mange som har erfaring med ikkje å lykkast i skulen, har låg motivasjon for å ta meir utdanning.

Forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne held fram

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden* slutta Stortinget seg til at modulstrukturert opplæring skal bli hovudmodell for all opplæring for vaksne. Det betyr at opplæringa skal vere betre tilpassa livssituasjonen til vaksne, og at opplæringa kan gjennomførast på ulike arenaer, som innanfor introduksjonsprogrammet, i arbeidsmarknadstiltak, i bedrifter og i skule. Nye modulstrukturerte læreplanar skal etter planen takast i bruk frå skuleåret 2024–25. Det er sett i gang eit forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne. Den nye opplæringa skal bygge vidare på erfaringane i forsøket. Regjeringa vil vidareføre forsøket fram til modulstrukturert opplæring blir hovudmodell for vaksneopplæringa og dei nye læreplanane er innførte.

Tilskotet til ordninga Fagbrev på jobb blir styrkt

I 2020 blei det etablert eit tilskot for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb, slik at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Fylkeskommunane melder om stor etterspurnad etter ordninga og at opplæringa treffer målgruppa på ein god måte. Departementet foreslår derfor å auke tilskotet i 2023. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 225, post 69.

Tilbod om å fullføre vidaregåande opplæring for personar som ikkje har rett til opplæringa

Det er etablert eit tilskot for at personar som i dag ikkje har rett til vidaregåande opplæring, likevel skal få eit tilbod. Tilskotet legg til rette for å finansiere ein utvida rett til vidaregåande opplæring, som Stortinget slutta seg til ved behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021), jf. Innst. 585 S (2020–2021), og som blei sendt til høyring hausten 2021. Regjeringa tek sikte på å legge fram forslag til ny opplæringslov våren 2023, som vil inkludere ein fullføringsrett i vidaregåande opplæring. Departementet foreslår å vidareføre tilskotet i statsbudsjettet for 2023. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 225, post 69.

Tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse

Fullført vidaregåande opplæring gir ikkje alle ei varig og god tilknytning til arbeidslivet. Mange med fullført vidaregåande opplæring har behov for å rekvalifisere seg gjennom ei fagutdanning. Dette gjeld både personar som er studieførebudde, og personar som allereie har ei fagutdanning frå vidaregåande opplæring. I statsbudsjettet for 2021 blei det etablert eit tilskot for å gi personar som har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, tilbod om å ta eit fagbrev (yrkesfagleg rekvalifisering). I forslaget til ny opplæringslov som blei sendt til høyring hausten 2021, blir det foreslått å innføre ein rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Tilskotet legg til rette for å finansiere denne lovendinga, som departementet tek sikte på å fremje forslag om å innføre i forslag til ny opplæringslov våren 2023. Tilskotet blir trappa opp gradvis i tråd med den forventa lengda på opplæringsløpa til personane som er i målgruppa for tilskotet. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 225, post 69.

Utdanningstilbod for arbeidsledige, permitterte og personar med nedsett arbeidsevne

Regjeringa vil gi arbeidsledige og permitterte betre moglegheiter til å ta utdanning. Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet har starta eit arbeid for å betre samarbeidet mellom fylkeskommunane og Nav for at ledige og personar med nedsett arbeidsevne skal få betre tilgang til fag- og yrkesopplæring. I stats-

budsjettet for 2023 foreslår regjeringa midlar til å vidareføre arbeidet. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har fått eit felles oppdrag om kompetansetiltak for ledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden, i tråd med realkompetansen deira. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- inkluderingsdepartementet for meir omtale om utdanningstiltak for ledige og permitterte.

Kap. 251 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 15 538 | 17 695 | |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | | 10 000 | |
| | Sum kap. 251 | 15 538 | 27 695 | |

Departementet foreslår å flytte løyvingane til 22. juli-senteret til kap. 229 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa i statsbudsjettet for 2023. Sjå under kap. 229 for omtale av mål og budsjettforslag for 2023.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 01

Resultat i 2021

Hovudprioritet for 22. juli-senteret i 2021 var undervisning og formidling til elevar og allmenta i mellombelse lokale som opna i 2020. Senteret hadde ei sentral og aktiv rolle i fleire arrangement rundt tiårsmarkeringar etter terroråtake i 2011, i samarbeid med støttegruppa etter 22. juli og AUF.

Talet på elevar som besøker senteret, har vore stigande sidan opninga i 2015, men koronapande-

mien og smittevernrestriksjonar har resultert i låge besøkstal i både 2020 og 2021, jf. tabellen under. 22. juli-senteret har, i dei periodane det har vore mogleg, prioritert skulebesøk på kvardagar og andre besøkande i helgene. For å møte utfordringa med bortfall av eit fysisk tilbod, har senteret utvida det digitale tilbodet til skular og elevar. Dette har medverka til å nå skuleelevar over heile landet. 22. juli-senteret har i 2021 gjennomført seminar og foredrag for lærarstudentar.

I 2021 har senteret opna utstillinga *10 år etter*. Utstillinga har som mål å utvide og inkludere fleire i den offentlege samtalen om 22. juli og opne for refleksjonar om årsakene, konsekvensane og livet etter terroråtake. 22. juli-senteret har vidareutvikla filmprosjektet *Historier om de vi mistet*, der etterlatne blir intervjuet om korleis det er å leve med konsekvensane av 22. juli i dag.

Tabell 4.21 Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2017–21

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-----------------|--------|--------|--------|-------|---------------------|
| Elevar | 7 014 | 11 646 | 9 636 | 801 | 2 832 |
| Andre besøkande | 25 762 | 30 331 | 31 432 | 3 035 | 12 711 |
| Totalt | 32 776 | 41 977 | 41 068 | 3 836 | 15 543 ¹ |

¹ Som i 2020 var senteret stengt i store delar av 2021 på grunn av covid-19-pandemien.

Kjelde: 22. juli-senteret

Kap. 253 Folkehøgskular

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-------------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 70 | Tilskot til folkehøgskular | 987 051 | 1 039 311 | 1 059 818 |
| 71 | Tilskot til Folkehøgskolerådet | 5 549 | 5 693 | 5 692 |
| 72 | Tilskot til Nordiska folkehøgskolan | 708 | 726 | 747 |
| | Sum kap. 253 | 993 308 | 1 045 730 | 1 066 257 |

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Folkehøgskular er eit skuleslag der den faglege, personlege og sosiale utviklinga til elevane står i sentrum. I dag er det 85 folkehøgskular fordelte på alle fylka i landet. Tilboda er hovudsakleg eittårige, og elevane bur på internat på skulen. Folkehøgskulane har fagleg og pedagogisk fri-dom og bestemmer sitt eige verdigrunnlag.

Trass i at folkehøgskulane spelar ei viktig rolle i utdanningstilbodet, er det lite systematisert kunnskap om innhaldet og kvaliteten i folkehøgskulane og om elevane som går der. Våren 2021 blei det sett ned eit offentleg utval som skal gå gjennom heile folkehøgskulesektoren. Regjeringa utvida mandatet til utvalet hausten 2021 for å følge opp ambisjonane på folkehøgskulefeltet i Hurdalsplattforma. Utvalet skal levere rapport innan 31. oktober 2022. Departementet vil kome tilbake til korleis rapporten bør følgast opp.

Mål for 2023

Målet med tilskotet er å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Resultat i 2021

Det var i hovudsak normal drift ved folkehøgskulane i 2021 trass i utfordringane som covid-19-pandemien skapte.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på folkehøgskuleelevar frå 2018 til 2021. Etter ein auke i elevtalet ved folkehøgskulane dei siste åra har talet på elevar gått noko ned frå 2019. I 2021 gjekk totalt 7 520 elevar på folkehøgskule. Det utgjer om lag 12 pst. av eit årskull. Talet på elevar på langkurs har halde seg om lag på same nivå som tidlegare år, medan talet på elevar på kortkurs har gått monaleg ned. Nedgangen kjem i hovudsak av endra forskrift til folkehøgskulelova frå 2021, som førte til at berre eit fåtal av kortkursa gir rett til statstilskot frå 2021.

Tabell 4.22 Elevtal i folkehøgskulane 2018–21

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------------------------------|-------|-------|-------|-------|
| Årselevar langkurs (16,5–33 veker) | 7 632 | 7 775 | 7 703 | 7 469 |
| Årselevar kortkurs (2–94 dagar) | 526 | 497 | 227 | 51 |
| Sum årselevar ¹ | 8 158 | 8 272 | 7 930 | 7 520 |

¹ Sum årselevar er det samla talet teljande heiltidselevar per kalenderår. Tala er korrigererte for dobbeltteljande elevar og det maksimale elevtalet til skulane. Tala er også korrigererte med ein omrekningfaktor.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1 060 mill. kroner på posten. Løyvinga inneber at det ordinære tilskotet til skulane blir vidareført på om lag same nominelle nivå som i 2022.

Stavanger Urban Folkehøgskole og Øyrekka folkehøgskole starta opp med tilskot hausten 2022. Tilskotet får heilårseffekt i 2023. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 9,2 mill. kroner til Stavanger Urban Folkehøgskule.

skole og 7,3 mill. kroner til Øyrekka folkehøgskole.

Svalbard folkehøgskole får eit ekstratilskot fordi det er dyrare å drive folkehøgskule på Svalbard enn på fastlandet. Departementet foreslår å auke ekstratilskotet til Svalbard folkehøgskole med 4 mill. kroner i 2023. Av dette er 1,8 mill. kroner ei reell styrking for å dekke ekstraordinære utgifter til skuledrift, medan 2,2 mill. kroner er ei vidareføring av midlane skulen tidlegare har fått gjennom husleigetilskotet. Departementet legg til grunn at ekstratilskotet, med den foreslåtte auken, reflekterer behovet til skulen også i åra framover.

Departementet fekk inn ni søknader om godkjenning av nye folkehøgskular i 2022, for oppstart hausten 2023:

- Jappe Ippes Folkehøgskole
- Sjunghatten folkehøgskole
- Røros Folkehøgskole
- Campus BLÅ Folkehøgskole
- Dale Oen Folkehøgskole AS
- Færder folkehøgskole
- Lyngen Folkehøgskole
- Rendalen Folkehøgskole
- MIN (Mestring–Individ–Nærvær) Folkehøgskole

Sidan 2013 har åtte nye folkehøgskular blitt godkjende for oppstart. Dette er eit høgt tal historisk. Veksten har vore lite planmessig, og det er usikkert om det er behov for fleire nye folkehøgskular. Nokre av dei eksisterande folkehøgskulane har fleire elevar enn dei får tilskot for, medan andre skular ikkje fyller opp plassane. Folkehøgskuleutvalet skal mellom anna vurdere kva prinsipp som bør ligge til grunn for eventuell vekst i folkehøgskulesektoren. I påvente av rapporten frå utvalet har regjeringa ikkje prioritert midlar til nye folkehøgskular i 2023.

I 2020 førte covid-19-pandemien til fleire avlyste kortkurs. I 2022 vart det omfordelt om lag 2,6 mill. kroner for å kompensere for avlyste kortkurs ved folkehøgskulane i 2020. Justeringa vil inngå i tilskotsgrunnlaget for 2023 og 2024. Departementet vil ikkje kompensere for avlyste kortkurs ved folkehøgskulane i 2021.

Post 71 Tilskot til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskulane. Rådet har eit fast sekretariat.

Folkehøgskolerådet tek hand om fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2023

Folkehøgskolerådet skal fremje kunnskap om og utvikling av folkehøgskulane.

Resultat i 2021

Det blei gitt eit tilskot på 5,5 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2021. Rådet hadde fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet. Folkehøgskolerådet fremjar utvikling av folkehøgskulane mellom anna gjennom eit godt samarbeid med departementet og andre offentlege aktørar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 5,7 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å fremje demokratiske verdiar og styrke samholdet i Norden.

Mål for 2023

Tilskotet skal bidra til drift av nordisk folkehøgskuleverksemd.

Resultat i 2021

Det blei gitt eit tilskot på 708 000 kroner til skulen i 2021 for å støtte drifta av Nordiska folkhögskolan, inkludert utgifter til norske gjestelærarar. Drifta ved skulen var framleis påverka av covid-19-pandemien, slik at store delar av undervisninga i 2021 blei gitt som fjernundervisning.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 747 000 kroner på posten.

Kap. 254 Studieforbund o.a.

| (i 1 000 kr) | | | | |
|--------------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 70 | Tilskot til studieforbund | 68 920 | 70 712 | 72 719 |
| 73 | Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar | 3 510 | 3 601 | 3 517 |
| | Sum kap. 254 | 72 430 | 74 313 | 76 236 |

Post 70 Tilskot til studieforbund

Tilskotet bidreg til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor og skal redusere opplæringskostnadene for deltakarane.

Frå og med 2021 får Akademisk Studieforbund, Studieforbundet AOF Norge, Studieforbundet Livslang Læring og Studieforbundet næring og samfunn tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan dei andre ti studieforbunda får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet. Studieforbunda som får tilskot frå Kunnskapsdepartementet tilbyr kurs for mellom anna primærnæringane, fagforbund og humanitære organisasjonar.

Ein mindre del av tilskotet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskular, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

Mål for 2023

Målet med tilskotet er at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet, jf. § 1 i lov om vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å redusere utanforskap og fremje inkludering.

Tilskotet skal bidra til at studieforbunda kan drive opplæringsaktivitet i samsvar med eitt eller fleire av dei overordna måla for studieforbundsordninga, jf. vaksenopplæringslova § 4.

Resultat i 2021

Aktiviteten i dei fire studieforbunda var lågare enn vanleg i 2020 og 2021 på grunn av covid-19-pandemien. Ein større del av kursa blei gjennomførte digitalt. Studieforbundet Livslang Læring rapporterte om flest kurstimar i 2021 (150 535 timar).

Av alle deltakarane i 2021 var 27 pst. i aldersgruppa 14–29 år, 41 pst. i aldersgruppa 30–49 år, medan 32 pst. var 50 år og eldre. Studieforbunda framhevar at dei har god måloppnåing på opplæring retta mot spesielle målgrupper, til dømes tilbod til ufaglærte.

Tabell 4.23 Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2016–21

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Deltakarar | 198 037 | 203 648 | 194 280 | 185 147 | 149 596 | 167 265 |
| Kurs | 14 397 | 13 084 | 12 031 | 11 579 | 9 181 | 8 687 |
| Kurstimar | 450 280 | 434 697 | 403 865 | 386 296 | 268 759 | 231 516 |

Kilde: Statistisk sentralbyrå

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 72,7 mill. kroner på posten. Berekninga av tilskot til det einsskilde

studieforbundet vil bli justert for å ta omsyn til at aktiviteten i studieforbunda var sterkt påverka av smittevernrestriksjonane i 2020 og 2021.

**Post 73 Tilskot til
vaksenopplæringsorganisasjonar**

Fleksibel utdanning Norge (FuN) er fellesorganet for dei offentleg godkjende nettskulane og andre institusjonar på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer.

Mål for 2023

FuN skal arbeide for meir kunnskap om og utvikling av fleksibel og nettbasert utdanning som blir gitt gjennom medlemsorganisasjonane. Dette inkluderer òg fellesoppgåver for nettskular og medlemsorganisasjonar.

Resultat i 2021

FuN har til saman 56 medlemmer på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer. Medlemmene er godkjende nettskular, universitet, høgskular og andre verksemdar. I 2021 gav FuN ut ei rettleiing om kvalitet i nettbasert og fleksibel utdanning, i tillegg til at organisasjonen handterte ei rekke andre fellesoppgåver for medlemmene.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 3,5 mill. kroner på posten til Fleksibel utdanning Norge.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 130 875 | 352 728 | 433 017 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 1 899 | 11 931 | 8 926 |
| | Sum kap. 256 | 132 774 | 364 659 | 441 943 |

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei oppretta 1. juli 2021. HK-dir har eit heilskapleg ansvar innanfor sitt sektorområde. Sektorområdet er all opplæring og utdanning retta mot vaksne, det vil seie på kompetansefeltet, i grunnopplæringa, norsk- og samfunnskunnskap for innvandrarar, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. På nokre område, som internasjonalisering og karriererettleiing, er direktoratet sitt verkeområde breiare. Direktoratet har nasjonalt, tverrsektorielt systemansvar for karriererettleiing, og pådrivar- og samordningsansvar for deling av data og for fellestenester innanfor forskning. Frå 1. januar 2023 vil HK-dir ha ansvar for godkjenning av utanlandsk utdanning, sjå nærare omtale under kap. 271.

Løyvingane over kap. 256 finansierer ordinære driftsutgåver i HK-dir. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvar for, men som blir finansierte over andre budsjettkapittel. HK-dir har ansvaret for å forvalte tilskotsordningar og tiltak under kap. 225, 240, 241, 254, 257, 258, 270 og 272 og ordningar under budsjetta til Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter**Mål for 2023**

Departementet har fastsett nye mål frå 2023, som varsla i statsbudsjettet for 2022.

Gjennom følgjande mål skal Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse arbeide for eit berekraftig og omstillingsdyktig samfunn:

- Utdanningsinstitusjonar og opplæringstilbydarar har tilbod av høg kvalitet
- Den einskilde har god kunnskap om og tilgang til utdanning, karriererettleiing og livslang læring
- Dokumentasjon av utdanning, kompetanse og kvalifikasjonar gir den einskilde tilgang til utdanning og arbeid
- Kompetansepolitikken er godt samordna og stimulerer til kompetanseutvikling og samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning
- Myndigheiter, institusjonar og aktørane i arbeidslivet har eit godt kunnskapsgrunnlag for avgjerdene sine om utdanning, forskning og kompetanseutvikling

Resultat i 2021

HK-dir blei oppretta gjennom ei samanslåing av Kompetanse Noreg, Direktoratet for internasjonali-sering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning og nokre oppgåver frå Norsk senter for forskingsdata. Rapporteringa nedanfor gjeld Kompetanse Noreg for våren 2021. Rapportering for andre tidlegare verksemdar som inngår i HK-dir, står under kapitla og postane for desse verksemdene. Hausten 2021 har HK-dir arbeidd med ein intern organisasjons-utviklingsprosess. Direktoratet har i den interne organiseringa og i prioriteringar lagt vekt på styrking av analysemiljø, fagmiljø for tryggleik og beredskap, og det juridiske fagmiljøet. Samarbeidet med NOKUT og interimorganisasjonen for Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) har vore godt i samband med prosessar for ansvars- og rolle-deling i kunnskapssektoren.

Kompetansepolitikken er heilskapleg og samordna

I 2021 jobba HK-dir med å gjere kompetansepoli-tikken meir samordna og samarbeidet mellom aktørane meir forpliktande. HK-dir har gjennom 2021 samarbeidd tett med partane i arbeidslivet, mellom anna i arbeidet med bransjeprogram, som bidrog til at bransjane og dei tilsette skulle stå betre rusta etter pandemien. Sjå rapportering for kap. 257, post 70.

Pandemien ramma befolkninga skeivt, ikkje minst avhengig av utdanninga og yrket til den einskilde. Livslang læring retta mot utsette grup-per var derfor eit prioritert område for HK-dir i 2021.

Livslang læring er tilgjengeleg for alle uavhengig av kompetansenivå og behov

Gjennom treparts bransjeprogram, fleksible vida-reutdanningstilbod og tilskot til fylkeskommunane for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæ-ring, har HK-dir i 2021 vidareutvikla ei rekke til-bod som skal gjere det enklare å styrke kompetan-sen, for både ledige, permitterte og sysselsette. Som i 2020 var det eit stort behov for god karriere-rettleiing og utdannings- og yrkesinformasjon i 2021. HK-dir har vidareutvikla og betra både kvali-teten på og tilgangen til desse tenestene. I 2020 overtok Kompetanse Noreg ansvaret for den mest brukte nettstaden for informasjon om utdanning og yrke, utdanning.no. Utdanning.no hadde 9,8 mill. vitjingar og 30 mill. sidevisningar i 2021.

Nykomne innvandrarak får læringstiltak som bidreg til auka deltaking i arbeids- og samfunnslivet

Integreringslova tok til å gjelde 1. januar 2021. HK-dir har vore ein sentral aktør i arbeidet med implementering av lova. Dette gjeld særleg iverk-setjing av revidert læreplan i norsk og samfunns-kunnskap, iverksetjing og vidareutvikling av stan-dardiserte element i introduksjonsprogrammet og digital ressurs med lett tilgjengelege kvalitetsstan-dardarar, faglege anbefalingar og verktøy til nytte for kommunane. Under pandemien har HK-dir, i samarbeid med IMDi, sørga for informasjon og rettleiing til kommunane og fylkeskommunane om integreringspakkane og mellombels lov om til-passingar i introduksjonslova og integreringslova. Covid-19-pandemien påverka norskopplæringa også i 2021, og bruk av nettbaserte læremiddel var sentralt for å gi deltakarane eit godt læringsut-bytte.

Høg kvalitet i gjennomføringa av norskprøvar, prøven i samfunnskunnskap og statsborgarprøven er avgjerande for pålitelegheita og statusen til prøvane, og for rettsikkerheita til kandidaten. I 2021 har delen av kandidatane som fekk nivå B1 eller høgare i norsk, auka i delprøven for munnleg kommunikasjon, leseforståing og skriftleg fram-stilling, medan det var ein marginal reduksjon i delen som fekk B1 eller høgare i lytteforståing. For prøven i samfunnskunnskap var det lik del som bestod prøven i 2021 som i 2020. Fleire bestod statsborgarprøven i 2021 enn i 2020.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 433 mill. kroner på post 01 og 8,9 mill. kroner på post 21.

Løyvinga er foreslått auka med 50 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 271, post 01 som følge av endringane i oppgåvene mellom NOKUT og HK-dir frå 1. januar 2023, jf. Prop. 74 L (2021–2022).

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på kap. 285, post 55 for administrasjonsmidlar for INT-PART-programmet.

Departementet foreslår ein reduksjon på 3 mill. kroner fordi det er lagt til grunn ein økono-misk gevinst for delar av forventa effektivisering i samband med etableringa av direktoratet. Resterande gevinstar blir att i direktoratet for å styrke prioriterte oppgåver og funksjonar. Depar-temetet foreslår ein reduksjon på 2,0 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien og ein reduksjon på 0,6 mill. kroner

som følge av at den forventede reduksjonen i pensjonspremien ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse blei underestimert i saldert budsjett 2022, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

HK-dir har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om bruk av løysing for rekneskap og lønn. Som følge av dette foreslår Kunnskapsdepartementet å overføre 0,8 mill. kroner til kap. 1605, post 01 under Finansdepartementet.

Som følge av omorganiseringa av den sentrale forvaltninga under Kunnskapsdepartementet og flytting av oppgåver mellom verksemdene er estimert for salsinntekter til HK-dir justert opp med

27,7 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 27,7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 3256, post 02.

Som følge av omorganiseringa er estimert for HK-dirs inntekter frå oppdrag redusert med 3,3 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere inntektsloyvinga på kap. 3256, post 01 med 3,3 mill. kroner og redusere utgiftsloyvinga på kap. 256, post 21 tilsvarende.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 256, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Inntekter frå oppdrag | 1 529 | 4 824 | 1 649 |
| 02 | Inntekter frå refusjonar o.a. | 2 035 | 396 | 28 108 |
| | Sum kap. 3256 | 3 564 | 5 220 | 29 757 |

Inntektene på post 01 gjeld oppdragsverksemd for HK-dir. Inntektene på post 02 gjeld hovudsakleg refusjon av kostnader til administrasjon av Erasmus+, EU og Nordisk ministerråd. Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med

3,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 256, post 21. Departementet foreslår å auke løyvinga på post 02 med 27,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 256, post 01.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter | | 7 250 | 7 442 |
| 70 | Tilskot, <i>kan overførast</i> | 333 542 | 305 873 | 201 253 |
| | Sum kap. 257 | 333 542 | 313 123 | 208 695 |

Programområda i Kompetanseprogrammet er

1. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
2. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring
3. Kompetansepluss

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Treparts bransjeprogram er eit samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Målet med bransjeprogramma er at fleire skal delta på kurs og i vidareutdanning i dei bransjane som til kvar tid inngår i ordninga. Permitterte og ledige kan òg delta i kompetanseutvikling innanfor bransjepro-

gramma. Ordninga skal bidra til at bransjane får tilgang til relevant kompetanseutvikling. Bransje-programma skal normalt vare i maksimalt tre år.

Utpøvingar av insentivordningar for livslang læring

Kompetanseprogrammet legg til rette for utpøvingar av ulike insentivordningar for å auke etterspurnaden etter livslang læring. I første omgang blir det prøvd ut eit vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Fagarbeidarar tek mindre del i kompetanseutvikling enn høgt utdanna. Samstundes tyder forskning på at effekten av ordningar for kompetanseutvikling er større for dei som ikkje har høgare utdanning, og at det er gunstig å målrette slike ordningar mot personar med fagutdanning. Forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar starta opp i 2021 og skal gå over to år. Midlane til stipenda blir løyvde under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte, medan midlar til forskning og administrasjon av forsøket blir løyvde under kap. 257.

Kompetansepluss

Kompetansepluss er ei tilskotsordning for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i lesing/skriving, rekning, IKT, munnlege ferdigheiter og norsk eller samisk, slik at deltakarane får styrkt moglegheitene sine til å delta i arbeids- og samfunnslivet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, og post 70 Tilskot, kan overførast

Post 21 finansierer utgifter til forskning på forsøket med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar og administrasjon av Kompetanseprogrammet i HK-dir, særleg arbeidet med bransjeprogramma. Post 70 finansierer sjølve programmet.

Mål for 2023

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2021

Tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

I 2021 lyste Kompetanse Noreg ut 40 mill. kroner til fleksible vidareutdanningstilbod. Det blei gitt tilsegn om til saman 34,5 mill. kroner til utvikling

og pilotering av 17 utdanningstilbod. Ordninga overlappa delvis med Program for fleksible utdanningstilbod, forvalta av Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning, noko som kan forklare at det kom relativt få søknader. Frå 2022 er dei to tilskotsordningane samordna i HK-dir. Kompetanse Noreg og Diku lyste i 2021 ut 139 mill. kroner for å oppskalere eksisterande fleksible utdanningstilbod på alle utdanningsnivå. Tilbodet skulle særleg tilpassast nyutdanna, unge utan særleg jobberfaring som står heilt eller delvis utanfor arbeidslivet, og ledige og permitterte. Til saman blei det delt ut i underkant av 114 mill. kroner til i alt 133 utdanningstilbod.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Det var totalt ti bransjeprogram i 2021. I tillegg blei det sett i gang eit kompetanseløft for utsette industriklynger og for luftfarten. I 2021 blei det gitt tilsegn på om lag 215 mill. kroner til 434 kurs/utdanningstilbod i dei ti bransjeprogramma. På grunn av stor etterspurnad har mange av utdanningstilboda i bransjeprogramma blitt gjennomførte fleire gongar. I 2021 er det gitt tilsegn til 14 500 deltakarplassar med oppstart i 2021 og 2022. Fafos evaluering av bransjeprogramma, som vart publisert i mars 2022, viser gode resultat og at samarbeidet mellom partane i bransjeprogrammet har fungert etter siktemålet. Alle bransjeprogramma ser ut til å ha møtt behova i bransjane.

Forsøk med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

HK-dir gjennomførte i 2021 ei første utpøving av forsøket med ekstra utdanningsstøtte til fagarbeidarar. I samarbeid med Lånekassen, SSB og forskarar frå Frisch-senteret og Fafø blei utpøvinga gjennomført som planlagt. Om lag 5 000 fagarbeidarar, som blei delte inn i to grupper, fekk informasjon om vidareutdanning, karrierettleing og ekstra utdanningsstøtte til fagarbeidarar. Hovudforsøket starta i 2022, og om lag 62 000 fagarbeidarar har fått tilbod om ekstra utdanningsstøtte for studieåret 2022–23, medan om lag 200 000 fagarbeidarar har fått informasjon om utdanningsmoglegheitene deira. Kunnskap om effektane av stipend og informasjon vil ligge føre i 2023.

Kompetansepluss

Tabell 4.24 Kompetansepluss arbeid 2013–21 (beløp i mill. kroner)

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|----------------------------|-------|--------|--------|--------|--------|--------|-------|--------------------|--------------------|
| Omsøkt beløp | 182,7 | 186,2 | 200,7 | 293,8 | 311,2 | 304,1 | 324,8 | 265,5 | 274,2 |
| Tildelt beløp | 104,3 | 141,8 | 162,0 | 220,2 | 197,0 | 184,0 | 154,1 | 162,4 | 156,3 |
| Talet på søknader | 461 | 600 | 651 | 947 | 1 135 | 1 050 | 1 220 | 945 | 787 |
| Talet på innvilga søknader | 348 | 503 | 561 | 734 | 715 | 620 | 541 | 580 | 413 |
| Talet på deltakarar | 7 781 | 10 853 | 11 291 | 14 793 | 13 761 | 10 833 | 7 249 | 5 192 ¹ | 2 023 ¹ |

Tabellen omfattar søknader og tildelingar etter ordinær utlysning og særskilde satsingar. Det tildelte beløpet er for fleire av dei siste åra høgare enn løyvinga på posten. Det er finansiert med overføring frå løyvinga for tidlegare år.

¹ Deltakarregistreringa er ikkje slutført.

Kjelde: HK-dir

Tabell 4.25 Kompetansepluss frivilligheit 2017–21 (beløp i mill. kroner)

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|----------------------------|-------|-------|------|------------------|------------------|
| Omsøkt beløp | 47,4 | 57,3 | 55,4 | 27,5 | 36,8 |
| Tildelt beløp | 24,9 | 12,4 | 11,2 | 10,4 | 9,8 |
| Talet på søknader | 146 | 193 | 188 | 88 | 86 |
| Talet på innvilga søknader | 79 | 38 | 45 | 35 | 32 |
| Talet på deltakarar | 2 768 | 1 143 | 843 | 371 ¹ | 159 ¹ |

¹ Deltakarregistreringa er ikkje slutført.

Kjelde: HK-dir

Tabell 4.26 Prøveordning med fagopplæring i Kompetansepluss 2018–21 (beløp i mill. kroner)

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|----------------------------|------|------|------------------|------------------|
| Ombeløp | 22,3 | 25,0 | 40,6 | 33,7 |
| Tildelt beløp | 10,5 | 16,3 | 35,6 | 22,9 |
| Talet på søknader | 77 | 78 | 86 | 87 |
| Talet på innvilga søknader | 34 | 52 | 73 | 68 |
| Talet på deltakarar | 458 | 630 | 325 ¹ | 272 ¹ |

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: HK-dir

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 7,4 mill. kroner på post 21 og 201,3 mill. kroner på post 70.

Departementet vil vidareføre programområda i Kompetanseprogrammet. HK-dir kan prioritere mellom programområda etter kva slags behov som er viktigast.

Våren 2020 blei det etablert seks nye bransje-program som svar på auka arbeidsløyse og mange permitteringar etter utbrotet av covid-19-pandemien. I tillegg blei det etablert eit bransje-program for olje-, gass- og leverandørindustrien hausten 2020. Den maksimale lengda på bransje-programma er normalt tre år. Desse programma skal derfor i utgangspunktet fasast ut i 2023, og løy-

vinga er redusert med 60 mill. kroner som følge av dette. Dei tre bransjeprogramma som blei etablerte i år, skal vidareførast, i tillegg til programmet for maritim næring, som vart starta tidleg i 2021. HK-dir skal i november i år tilrå kva for bransjeprogram som vart etablert i 2020, som bør

vidareførast til 2023. Innanfor løyvingforslaget er det i utgangspunktet rom for å vidareføre minst éitt av desse bransjeprogramma.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 70 med 50 mill. kroner ved å redusere tilskottet til Kompetansepluss.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

| | | (i 1 000 kr) | | |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 254 465 | 148 424 | 129 317 |
| | Sum kap. 258 | 254 465 | 148 424 | 129 317 |

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga finansierer tiltak innanfor kompetansepolitikken, inkludert grunnopplæring for vaksne. Størstedelen av løyvinga blir tildelt Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Løyvinga på posten kan òg bli nytta til drift av tidsavgrensa arbeid i utval, departement og direktorat og til tilskott til aktørar som blir involverte i kompetansepolitikken og vaksenopplæring.

Mål for 2023

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2021

Rapporteringa nedanfor gjeld nokre av dei største tiltaka som det er tildelt midlar til over posten i 2021. Det vart òg utbetalt midlar til eit tilskott for å ta igjen tapt progresjon i grunnopplæringa for vaksne, i tillegg til at det i 2021 blei utbetalt midlar til tiltak i Kompetanseprogrammet over posten, sjå kap. 257, post 70.

Forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne

Modulforsøket består av tre forsøk og blir gjennomført i fleire kommunar og fylkeskommunar. Innanfor forsøket med modulstrukturert førebuaende vaksenopplæring (opplæring på grunnskulenivå for vaksne) har talet på deltakarar auka frå 3 483 i mai 2018 til 4 228 i juni 2021. Dei aller fleste av deltakarane er minoritetsspråklege. Innanfor

delforsøket med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring blei det rapportert om 348 deltakarar ved utgangen av 2021 og 117 beståtte fagprøvar. Kombinasjonsforsøket gir vaksne moglegheit til å kombinere opplæring i førebuaende vaksenopplæring med modulstrukturert fag- og yrkesopplæring. Fire fylkeskommunar er med i forsøket, som hadde 86 deltakarar ved utgangen av 2021.

Følgjevalueringa for forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne vil halde på til 2023, og resultat- og effektevalueringa vil halde på til 2026.

Nasjonal digital karriererettleiingsteneste og nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing

Den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta karriereveiledning.no består av ein nettstad med informasjon og tilgang til profesjonell rettleiing via chat og telefon. Tenesta får gode tilbakemeldingar frå brukarane, og den supplerer lokale, fysiske karriererettleiingstenester. Nettstaden hadde 374 386 sidevisningar og 165 313 vitjingar i 2021. I 2021 blei det gjennomført over 15 000 karriererettleiingar. Av desse var om lag 85 pst. på chat og 15 pst. på telefon.

Kompetanse Noreg (HK-dir frå 1. juli 2021) har i 2021 arbeidd vidare med utvikling og implementering av eit nasjonalt, tverrsektorielt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Det blei utvikla nye verktøy og innhald på nettstaden Kvalitet i karriereveiledning.

Kompetanseutvikling for lærarar i vaksenopplæringa

I samarbeid med opplæringsstadane i kommunar og fylke, universitet og høgskular fordelte stats-

forvaltarane i 2021 midlar til etterutdanning av lærarar som underviser vaksne etter integrerings- og opplæringslova. Ordninga bidreg til oppbygging av tilpassa regionale kompetansetilbod.

Kartleggingsverktøy og nettbasert opplæringstilbod i grunnleggande ferdigheiter

Nettstaden til Kompetanse Noreg for grunnleggande ferdigheiter blei i 2021 supplert med Nettbanksimulatoren, i tillegg til kartleggingsverktøy og e-læring i grunnleggande lesing, skriving, rekning og munnlege og digitale ferdigheiter. Ressursane inngår i det pedagogiske opplegget for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i arbeidslivet, ved opplæringsinstitusjonar og i regi av Nav.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 129,3 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner frå posten til kap. 201, post 21 for å samle midlane til utdanningsmodellen ADMOD i Statistisk sentralbyrå på éin post.

Under er dei største tiltaka som vil bli finansierte av løyvinga på posten, omtala.

Om lag 60 mill. kroner skal gå til forsøket med modulstrukturert opplæring for vaksne. Som svar på covid-19-pandemien blei forsøket utvida med 15 mill. kroner i utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa. Denne auken blir no fasa ut med halvårseffekt på 7,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2023. I tillegg kjem ein reduksjon i utgiftsnivået på om lag 15 mill. kroner som følge av eit venta mindrebehov i 2023.

Om lag 13 mill. kroner vil gå til tilskot til fylkeskommunar i samband med drifta av den nasjonale digitale karriererettleiingstenesta karriereveiledning.no.

Departementet vil setje av midlar til digitale verktøy for vaksne som ønsker å ta fagutdanning. Tiltaket skal bidra til at fleire vaksne tek ei fagutdanning og til betre karriererettleiing for vaksne.

Løyvinga vil òg finansiere ei rekke andre tiltak, som kompetanseutvikling for lærarar i vaksenopplæringa, utgifter til drift av Kompetansebehovsutvalet, til kvalitetsrammeverket for karriererettleiing og til deltaking i PIAAC (ei internasjonal undersøking av ferdigheitene til vaksne).

Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

| | | | | | (i 1 000 kr) |
|--------------------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 260 | Universitet og høgsular | 40 849 415 | 41 437 895 | 42 801 762 | 3,3 |
| 270 | Studentvelferd | 309 149 | 1 065 746 | 1 094 714 | 2,7 |
| 271 | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 178 311 | 166 569 | 119 342 | -28,4 |
| 272 | Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning | 268 754 | 711 893 | 605 775 | -14,9 |
| 273 | Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt | 223 101 | 179 008 | 182 910 | 2,2 |
| 274 | Universitetsenteret på Svalbard | 40 032 | 158 265 | 158 265 | 0,0 |
| 275 | Tiltak for høgare utdanning og forskning | 514 604 | 225 363 | 263 601 | 17,0 |
| 284 | Dei nasjonale forskingsetiske komiteane | 18 361 | 19 823 | 20 119 | 1,5 |
| 285 | Noregs forskingsråd | 5 141 414 | 5 141 824 | 5 229 094 | 1,7 |
| 286 | Regionale forskingsfond | 194 982 | 159 012 | 122 087 | -23,2 |
| 287 | Grunnløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt | 223 756 | 228 426 | 234 990 | 2,9 |
| 288 | Internasjonale samarbeidstiltak | 3 252 420 | 4 296 520 | 5 016 256 | 16,8 |
| 289 | Vitskaplege prisar | 44 969 | 46 138 | 46 047 | -0,2 |
| Sum kategori 07.60 | | 51 259 268 | 53 836 482 | 55 894 962 | 3,8 |

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

| | | (i 1 000 kr) | | | |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 3271 | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | 5 255 | 4 646 | 4 785 | 3,0 |
| 3275 | Tiltak for høgare utdanning og forskning | | 10 | 10 | 0,0 |
| 3288 | Internasjonale samarbeidstiltak | 17 367 | 17 441 | 16 414 | -5,9 |
| | Sum kategori 07.60 | 22 622 | 22 097 | 21 209 | -4,0 |

Innleiing

Alle delar av samfunnet dreg stor nytte av kunnskap som er skapt og formidla gjennom forskning og høgare utdanning. Kvaliteten i kunnskapssektoren og ei langsiktig satsing i breidda av ulike fag- og temaområde er avgjerande for å nå dei samla måla til regjeringa på tvers av alle departement og politikkområde. Dei overordna måla for Kunnskapsdepartementet er beskrivne i kap. 1 Hovudinnleiinga, og løyvingane under kategori 07.60 er relevante for alle desse.

Hovudprioriteringar for 2023

Regjeringa legg fram langsiktige mål og prioriteringar for politikken for forskning og høgare utdanning i den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (2023–2032).

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til universitet og høgskular med 543,1 mill. kroner for å utvide kapasiteten, der 329,2 mill. kroner er opptrapping av midlar for studieplassar Stortinget løyvde midlar til i budsjetta for 2019–22, og 207,8 mill. kroner er resultatbasert utteljing for auken på indikatorane i finansieringssystemet. Regjeringa foreslår òg midlar til 40 nye studieplassar i nukleære fag og 30 nye studieplassar i medisins.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til dei søknadsbaserte ordningane for studiesenter og desentralisert og fleksibel utdanning over heile landet gjennom Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse med 10 mill. kroner, til 199,6 mill. kroner.

Regjeringa foreslår 53,7 mill. kroner i 2023 for å utvikle ei ny teknisk plattform for Samordna opptak.

Gratisprinsippet i norsk høgare utdanning ligg fast, men Noreg er eitt av få land der òg internasjonale studentar får gratis utdanning. Regjeringa meiner at norske universitet og høgskular har så høg kvalitet i tilboda at dei kan rekruttere utanlandske studentar uavhengig av om tilbodet er gratis. Regjeringa foreslår at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Løyvinga er redusert med 74,4 mill. kroner som følge av ein forventa auke i inntektene frå studieavgifter. Departementet anslår at dersom institusjonane får betalende studentar frå tredjeland på om lag 30 pst. av nivået i dag, vil det samla inntektsnivået til institusjonane ikkje gå ned. Det gir institusjonane ei god moglegheit til å auke sine samla inntektsrammer. Basert på erfaringane frå Sverige og Danmark legg regjeringa til grunn at det med studieavgift vil bli færre søkarar frå tredjeland. Ein nedgang på 70 pst. vil grovt anslått frigjere kapasitet tilsvarande 2 600 toårige studieplassar hausten 2023 og gjere det mogleg å tilby plass til fleire studiesøkarar frå Noreg og andre EØS-land. Budsjetteffekten ville ha vore 225 mill. kroner i 2023 og 900 mill. kroner fullt opptrappa i 2025 dersom denne kapasiteten skulle vore dekt av ei opptrapping av løyvinga til universitet og høgskular.

I løpet av dei siste 20 åra har løyvinga til universitet og høgskular til saman blitt auka med om lag 2,8 mrd. kroner for å få fleire stipendiatar og postdoktorar. Talet på årsverk i desse rekrutteringsstillingane har vakse frå 2 500 til 8 000. Regjeringa foreslår å fjerne øymerkinga av midlane i rammeløyvinga til rekrutteringsstillingar. Det gir institusjonane meir fridom og tillit til å vurdere behovet for rekrutteringsstillingar opp mot andre stillingar og bidreg til å gi institusjonane

meir handlingsrom til å føre ein heilskapleg kompetanse- og tilsettpolitikk.

Regjeringa foreslår at 25 mill. kroner av løyvinga til Noregs forskingsråd skal nyttast til forskning på kjernefysikk og kjernekjemi, jf. Stortingets vedtak om revidert budsjett for 2022.

Regjeringa foreslår tilsegner om tilskot til 1 650 nye studenthyblar i 2023 og vil samstundes heve den øvre kostnadsramma for å kunne få tilskot til å bygge studentbustadar til 1 450 000 kroner per hybeleining. Tilskotssatsane blir justerte med forventa prisvekst. Regjeringa foreslår 141,5 mill. kroner til ei tilskotsordning for energitiltak i studentbustadar.

Regjeringa foreslår 1 450 mill. kroner til livsvitenskapsbygget og 525 mill. kroner til nytt vikingtidsmuseum, begge ved Universitetet i Oslo, og 259 mill. kroner til Blått bygg ved Nord universitet. Vidare foreslår regjeringa 73 mill. kroner til vidare prosjektering av NTNU Campussamling. Midlane blir i all hovudsak løyvde over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett.

Regjeringa vil setje ramma for Retur-EU til 500 mill. kroner frå og med 2023 for å støtte opp om dei norske institutta si deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa.

Det økonomiske handlingsrommet i statsbudsjetta for å dekke kostnader og nye satsingar vil bli redusert i åra framover. Det er nødvendig å omprioritere innanfor gjeldande budsjettammer. Som følge av dette foreslår regjeringa reduksjonar over ulike kapittel under kategori 07.60 på totalt 568,3 mill. kroner for å frigjere midlar til nye satsingar og omprioriteringar innanfor sektoren høgare utdanning og forskning. Samla sett er det ein netto auke i løyvinga over kategori 07.60 på 2,1 mrd. kroner samanlikna med 2022 og med 8,5 mrd. kroner samanlikna med 2019, året før covid-19-pandemien. Samla er løyvingforslaget til universiteta og høgskulane nominelt 1,4 mrd. kroner høgare enn i 2022. Det er ein auke på 0,3 pst. utover justering for prisvekst. Det er ein reduksjon i løyvinga på 65,4 mill. kroner i programma for internasjonal samhandling og kvalitet i høgare utdanning forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, ein reduksjon i løyvinga til regionale forskingsfond på 41,4 mill. kroner, ein reduksjon i løyvinga til verksemdskostnadene til Noregs forskingsråd på 62,8 mill. kroner og ein reduksjon i tilskotet til studentsamskipnadene på 31 mill. kroner. Regjeringa foreslår ein

reduksjon i løyvinga til alle statlege verksemdar som følge av endra jobbreisevanar, og denne utgjer samla 199 mill. kroner under kategori 07.60.

Overordna rammer i politikken for forskning og høgare utdanning

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2023–2032

Regjeringa legg fram ein ny langtidsplan samstundes med årets budsjettproposisjon: Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning (2023–2032)*. Det er stor kontinuitet i måla og prioriteringane mellom den nye planen og den førre, men òg nokre viktige endringar for å løfte fram berekraft, helse, samfunnssikkerheit og tillit på ein tydelegare måte. Dei tre måla er:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- miljømessig, sosial og økonomisk berekraft
- høg kvalitet og tilgjenge i forskning og høgare utdanning

I tillegg til måla har regjeringa seks prioriterte område:

- hav og kyst
- helse
- klima, miljø og energi
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnssikkerheit og beredskap
- tillit og fellesskap

Planen lanserer samfunnsoppdrag som eit nytt verkemiddel for å finne løysingar på definerte problem innan ei viss tidsramme. Planen tek også for seg temaet tillit til forskingsbasert kunnskap og akademisk fridom, og varslar ei stortingsmelding om forskningssystemet. Nærare omtale er å finne i del III, kap. 5.

Ny universitets- og høgskulelov

Departementet har følgd opp universitets- og høgskuleutvalet (NOU 2020: 3) med nokre forslag til endringar i lova, jf. Prop. 111 L (2020–2021), jf. Innst. 517 L (2020–2021) og Prop. 74 L (2021–2022), jf. Innst. 287 L (2021–2022). Departementet gjer no ein heilskapleg gjennomgang av lova og tek sikte på å legge fram forslag til ny universitets- og høgskulelov i 2023. Der vil også lovendringsforslaga frå NOU 2022: 2 *Akademisk ytringsfrihet* bli vurderte.

Finansieringssystemet for universiteta og høgskulane

Under Regjeringa Solberg sette Kunnskapsdepartementet ned eit ekspertutval 9. september 2021 for å gjennomgå finansieringa av universitet og høgskular. Utvalet fekk eit revidert mandat under Regjeringa Støre 5. november 2021. Regjeringa la vekt på at finansieringssystemet skal fremje det breie samfunnsoppdraget til lærestadane, vareta ein desentralisert struktur og bidra til betre studiekvalitet og livslang læring. Hatlen-utvalet foreslo å vidareføre hovudtrekka i systemet for fastsetjing av rammeløyvinga, men forenkla systemet for resultatbasert utteljing og legge større vekt på utviklingsavtalar i styringa. Utvalet foreslo å behalde indikatorane for avlagde studiepoeng og doktorgradar og å redusere talet på finansieringskategoriar frå dagens seks til mellom to og fire, men overlét til Kunnskapsdepartementet å greie ut ei konkret avgrensing av kategoriane og storleiken på satsane. Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2022 greie ut finansieringskategoriane vidare i dialog med sektoren, med utgangspunkt i at talet bør reduserast. Regjeringa vil vurdere heilskapen i finansieringssystemet, inkludert moglege endringar i kategoriane, før det blir gjort endringar i systemet. Regjeringa vil ikkje knyte finansiering til utviklingsavtalane med dei statlege universiteta og høgskulane. Avtalane skal vere eit verktøy for å forbetre styringa og måloppnåinga til institusjonane innanfor dei budsjetttrammene som gjeld til kvar tid, ikkje for å fastsetje rammene. Sjå nærare omtale av Hatlen-utvalets vurderingar i del III, kap. 13.

Utdanning i tråd med samfunnsbehova

Det er aukande mangel på kompetent arbeidskraft. God tilgang på høgare utdanning er avgjerande for at den einskilde og samfunnet skal få kompetansen som trengst for å løyse oppgåvene samfunnet står overfor. Dette gjeld både dei unge som søker ein solid og fleksibel grunnkompetanse som rustar dei for morgondagens arbeidsliv, og arbeidstakarar i alle aldrar som vil vidareutvikle eller omstille seg i takt med samfunnsbehova. Arbeidsgivarar i heile landet er avhengige av å få tilsett meir høgt utdanna personell for å utvikle verksemdene sine. Kompetansebehova innanfor helse- og omsorgssektoren aukar, og mangel på spesialisert kompetanse kan bli ein flaskehals for utvikling av berekraftig industri og andre høgproduktive verksemdar som Noreg treng framover. Skal vi dekke behova til både utdanningssøkarar

og samfunnet i stort, treng vi fleire gode og relevante utdanningar som er tilgjengelege der folk bur.

Arbeidsløysa er låg i dag. Framskrivningane viser at ein mindre del av befolkninga framover vil vere i arbeidsfør alder, og det kan bli vanskelegare å rekruttere arbeidskraft frå utlandet. Det blir derfor endå viktigare framover å prioritere utdanningstilbodet slik at det best mogleg passar med behova i samfunnet.

Kapasitet til utdanning og forskning ved universitet og høgskular

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til universitet og høgskular med til saman 543,1 mill. kroner for å utvide kapasiteten. Løyvinga blir fordelt gjennom tildeling av midlar til studieplassar og resultatbasert utteljing for resultatene på indikatorane i finansieringssystemet. Av auken er 108,4 mill. kroner ei opptrapping for ordinære tildelingar til studieplassar i budsjetta for 2019–22. Løyvinga er vidare auka med 49,2 mill. kroner for mellombels utdanningskapasitet for flyktningar frå Ukraina, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Den resultatbaserte utteljinga er på 207,8 mill. kroner.

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarende 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. Løyvingane blei trappa opp i 2021 og 2022 for å vidareføre opptaket for desse plassane. Mesteparten av plassane i 2020 blei tildelt som fireårige plassar. Det vil seie at institusjonane kunne ta opp både til ordinære to- eller treårige utdanningar og integrerte utdanningar på fem eller seks år, og at ein rekna at den gjennomsnittlege lengda ville vere fire år. I det faktiske opptaket har den gjennomsnittlege lengda for gradsutdanningar vore nærare tre år, og under tre år dersom ein reknar med ikkje-gradsgivande utdanningar. Løyvingsforslaget for universitet og høgskular i 2023 inneber ein realvekst på 0,3 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2022, og på 2,2 pst. samanlikna med 2019. Regjeringa legg vidare til grunn at innføringa av studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits vil redusere pågangen av søkarar frå desse landa. Dette vil gjere fleire plassar tilgjengelege for norske søkarar og andre EØS-borgarar. Eit grovt anslag er at det kan bli frigjort kapasitet til denne gruppa tilsvarende 2 600

toårige studieplassar hausten 2023. Budsjett-effekten ville ha vore 225 mill. kroner i 2023 og 900 mill. kroner fullt opptrappa i 2025 dersom denne kapasiteten skulle vore dekt av ei opptrapping av løyvinga til universitet og høgskular. Regjeringa legg til grunn at den samla opptakskapasiteten kan vidareførast på om lag same nivå i 2023 som i 2022.

Økonomien er no i ein sterk oppgangskonjunktur, og arbeidsløysa er svært låg. Ut frå situasjonen i dag er det derfor grunn til å framover trekke ut midlar til plassane grunngitte i situasjonen på arbeidsmarknaden. Løyvinga er derfor redusert med 19 mill. kroner for plassane tildelte i 2020 særleg til korte utdanningar. Regjeringa vurderer årleg behova for kapasiteten i høgare utdanning ut frå den gjeldande situasjonen, og dei endelege rammene for 2024 vil bli fastsette i dei ordnære budsjettprosessane.

Regjeringa ser behov for at fleire legar blir utdanna i Noreg. Regjeringa foreslår derfor til saman 26 mill. kroner til 30 nye studieplassar i medisin og som opptrapping for dei 80 plassane tildelte i 2020. Det er også behov for meir kompetanse innanfor nukleære fag mellom anna for å bidra til trygg nedbygging av atomanlegga i Noreg og for styrkt beredskap for mogleg spreing av radioaktive stoff frå utlandet. Regjeringa foreslår derfor midlar til 40 nye studieplassar i nukleære fag.

Fleksibel og desentralisert utdanning

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengelege for folk i heile landet som av ulike årsaker ikkje kan studere ved ein av dei faste studiestadane til fagskular, universitet og høgskular. Meir tilgjengeleg utdanning i distrikta medverkar til å mobilisere verksemder og innbyggjarar lokalt til å ta meir utdanning. Gjennom søknadsbaserte ordningar tildelte Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) 184 mill. kroner i 2022 for å styrke fleksibel og desentralisert utdanning, inkludert den søknadsbaserte ordninga for studiesenter som blei oppretta i 2022. Studiesentera spelar ei viktig rolle i å legge til rette for og stimulere til at folk i distrikta kan ta ei utdanning som arbeidslivet i regionen har behov for. Regjeringa vil halde fram å prioritere satsinga på desentralisert og fleksibel utdanning og studiesenter i 2023.

I tillegg er det frå og med hausten 2022 på ny tilbod om barnehage- og grunnskulelærarutdanning på Nesna. Kunnskapsdepartementet tildelte 60 mill. kroner til Nord universitet og 4 mill. kro-

ner til Studentinord i 2022, og desse tildelingane blir vidareførte.

Stortingsmelding om kompetansebehov

Regjeringa vil legge fram ei melding til Stortinget om kompetansebehov på kort og lang sikt. Meldinga vil kartlegge kva for utdanningstilbod det er nødvendig å prioritere høgast ved universitet, høgskular, fagskular og vidaregåande opplæring, korleis arbeidsstyrken kan få oppdatert kompetansen sin, og korleis fleire kan bli inkluderte i arbeidsstyrken.

Profesjonsutdanningane

Profesjonsutdanningar av høg kvalitet er viktige for å gi tilstrekkeleg tilgang på høg kompetanse i både offentlege og private tenester til innbyggjarane. I takt med at samfunnet og yrkeskrava endrar seg, må også utdanningane endre seg. Regjeringa ønsker sterke profesjonsutdanningar av høg kvalitet i heile landet og vil legge fram ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane i 2024.

Det er behov for fleire sjukepleiarar og spesi-alsjukepleiarar. I 2022 bad regjeringa fleire av universiteta og høgskulane om å ta opp fleire til desse utdanningane, tilsvarende 500 studieplassar. Dei fekk finansiering tilsvarende 300 plassar og måtte utover det omprioritere til denne kapasitetsauken i sjukepleiarutdanningane innanfor uendra rammeløyving. Mangel på praksisplassar er ei utfordring både for sjukepleiarutdanningane og for fleire av dei andre profesjonsutdanningane. Regjeringa har derfor inngått ein bilateral samarbeidsavtale med KS om kvalitets- og kapasitetsauke i praksis for helse- og sosialfagstudentar. Partane vil vere pådrivarar for å få til meir og betre samarbeid mellom universitet og høgskular og kommunar for å bidra til meir praksis for helse- og sosialfagstudentar i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Det er også behov for å ta i bruk fleire praksisplassar i kommunar med avstand frå campus. For 2022 endra derfor Kunnskapsdepartementet innrettinga av ordninga i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for kommunal praksis i helse- og sosialfagutdanningane som blei oppretta i 2019. Midlane i 2022 skulle brukast til bu- og reisestønad til studentane og andre tiltak som støttar opp under kvalitet og kapasitet i praksis i kommunar som ligg langt frå campus.

Regjeringa fører vidare strategien *Lærarutdanning 2025* og set no i gang eit arbeid med å redusere rammeplanstyringa av lærarutdanning

gane. Eitt av måla er at det samla kvalitetsutviklingsarbeidet i lærarutdanningane, med god nasjonal koordinering og styrkt samarbeid med praksisfeltet, gjer det mogleg å redusere rammeplanstyring til eit minimum.

Regjeringa foreslår ei ny løyving på 50 mill. kroner til auka kvalitet i barnehagelærarutdanninga, og å vidareføre ei løyving på 10 mill. kroner for å rekruttere fleire kvalifiserte søkarar til lærarutdanningane. Sjå omtale under høvesvis kap. 231, post 21 og kap. 226, post 22.

Studieavgift for internasjonale studentar

Noreg er eit av få land som tilbyr gratis utdanning til alle internasjonale studentar. Samstundes må norske studentar i dei fleste tilfelle betale studieavgift for å studere i land utanfor EØS. Danmark og Sverige innførte studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits i høvesvis 2006 og 2011. Det er ein internasjonal marknad for høgare utdanning med høg betalingsvilje. I Noreg har det over lang tid vore arbeidd målretta med at høgare utdanning skal halde høg internasjonal kvalitet. Norske institusjonar er dermed godt rusta til å rekruttere internasjonale studentar basert på kvaliteten i tilboda, og ikkje med grunnlag i at dei er gratis. Regjeringa foreslår derfor at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Regjeringa kjem ikkje til å foreslå studieavgifter for norske studentar og rokke ved gratisprinsippet i høgare utdanning.

Regjeringa reduserer løyvinga til universitet og høgskular ut frå eit overslag på kva dei kan få i auka inntekter frå studieavgifter frå internasjonale studentar. Overslaget er lågt samanlikna med talet på internasjonale studentar i dag, og tek høgde for at det kan bli færre søkarar utanfrå EØS etter innføring av studieavgift. Dette gir institusjonar med høg kvalitet eit høve til å utvide dei samla rammene sine gjennom inntektene dei får frå internasjonale studentar, og regjeringa vil ikkje inndra ytterlegare midlar frå institusjonar som lykkast med å skaffe større inntekter enn departementet har lagt til grunn for reduksjonen. Ressursar som blir ledige frå eit auka inntektsnivå eller frå ein lågare pågang av studentar frå tredjeland, vil betre kapasiteten til å utdanne studiesøkarar frå Noreg og andre EØS-land. Eit grovt anslag er at det kan bli frigjort kapasitet til denne gruppa tilsvarende 2 600 toårige studieplassar hausten 2023. Budsjetteffekten ville ha vore 225 mill. kroner i 2023 og 900 mill. kroner fullt opptrappa i 2025 dersom

denne kapasiteten skulle vore dekt av ei opptrapping av løyvinga til universitet og høgskular.

Kunnskapsdepartementet vil legge fram eit lovforslag som gjer det mogleg for dei statlege institusjonane å krevje studieavgift frå dei aktuelle studentane, og sender dette på høyring hausten 2022. Endringa vil ikkje gjelde internasjonale studentar som kjem på utveksling innanfor utvekslingsavtalar med norske institusjonar eller på nasjonalt nivå. Av utvekslingsstudentane kjem dei aller fleste innanfor slike nasjonale eller institusjonelle avtalar som inneber gjensidig utveksling. Forslaget vil derfor i liten grad påverke studentutvekslinga med tredjeland, inkludert dei prioriterte samarbeidslanda i Panorama-strategien. Etter som utveksling gjennom dei bilaterale utviklingsavtalane til institusjonane er unnateke for studieavgift, vil endringa heller ikkje påverke moglegheitene for norske studentar til å dra på utveksling i utlandet.

Bygg for undervisning og forskning

Regjeringa avgjorde våren 2022 å redefinere prosjektet for NTNU Campussamling slik at det blir konsentrert om å flytte fagmiljøa på Dragvoll til Gløshaugen. Dette er ei forenkling av det opphavlege prosjektet, med ein reduksjon i areala for nybygg og rehabilitering på om lag 30 pst. og om lag halvert forventa kostnad. Sjå omtale under kap. 260, og kap. 530 i Prop. 1 S (2022-2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det blei gitt startløyving til rehabilitering og utbygging av Vikingtidsmuseet i 2020. I starten av 2022 varsla Statsbygg om at dei eksisterande planane ikkje kan bli realiserte innanfor kostnadsramma, og det har vore nødvendig å gjere endringar i gjennomføringa av prosjektet, jf. omtale i Prop. 115 S (2021-2022). Nokre av løysingane i prosjektet er tekne ut, og det reduserer kostnadene med om lag 250 mill. kroner. Eit arbeid er i gang for å berekne og kvalitetssikre kostnadsramma for det reviderte prosjektet på nytt, og regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til ny kostnadsramme. For å unngå unødvendige forseinkingar i prosjektet har regjeringa gitt Statsbygg klarsignal til å gå i gang med gjennomføringa av prosjektet, avgrensa til nødvendig grunnarbeid og sikring av objekt, før Stortinget har vedteke ny kostnadsramme.

Dei siste åra har betydelege investeringsmidlar gått til arbeidet med eit nytt bygg for livsvitenskap ved Universitetet i Oslo. Prosjektet fekk startløyving i 2018, men blei endra hausten 2020 og våren 2021, då det blei vedteke at bygget også

skulle omfatte lokale for Klinikk for laboratoriemedisin ved Oslo universitetssjukehus.

I statsbudsjettet for 2022 blei det gitt startløyving til Blått bygg i Bodø for Nord universitet, og bygginga er sett i gang. Regjeringa foreslår i 2023 midlar til å halde fram prosjektering av og arbeid med Livsvitskapsbygget, Vikingtidsmuseet, NTNU Campussamling og Blått bygg.

Vedlegg 3 gir ei samla oversikt over prosjekt under bygging eller prosjektering i sektoren. Regjeringa greier ut alternativ for betre insentiv i vurderinga og gjennomføringa av nye bygg ved dei sjølvforvaltande institusjonane i universitets- og høgskulesektoren gjennom kapitalbelastning og vil kome tilbake til saka overfor Stortinget på ein eigna måte. Regjeringa vil òg greie ut og eventuelt teste ut alternativ til den noverande modellen for statlege byggeprosjekt i statleg sivil sektor, herunder prosjekt i universitets- og høgskulesektoren.

Studentvelferd

Studentbustadar

I tilskotsordninga for studentbustadar fastset Kunnskapsdepartementet ei øvre kostnadsramme per hybeleining som prosjekta må halde seg innanfor for å kunne få tilskot. Etter 2020 har studentsamskipnadene hatt utfordringar med å bygge studentbustadar innanfor denne ramma. Samskipnader som har fått tilsegn om tilskot, utset prosjekta eller leverer tilbake tilsegn. I 2022 blei det lyst ut tilskot til 1 650 nye hybeleiningar. Samskipnadene har dei siste åra søkt om færre tilskot enn tidlegare år. I 2021 leverte studentsamskipnadene tilbake 1 076 tilsegner om tilskot som dei fekk i åra 2017–21. Ifølge Husbanken er det risiko for at bygging av 1 000 planlagde studenthyblar ikkje blir sett i gang på grunn av for låge kostnadsrammer. Dei seinare prosjekta viser i tillegg at det ikkje er store skilnader i kostnadene ved å bygge studentbustadar mellom ulike delar av landet. Frå 2021 har tomteknader kunna haldast utanfor berekninga av kostnadsgrunnlaget. Regjeringa har som mål at det blir bygd 3 000 nye studentbustadar årleg. For at samskipnadene skal klare å bygge fleire nye bustadar, vil regjeringa setje ei kostnadsramme på 1 450 000 kroner per hybeleining som skal gjelde for heile landet. Til no har byggeprosjekta måtta halde seg innanfor den nominelle kostnadsramma frå tidspunktet dei får tilsegn om tilskot. Det gjer det utfordrande å handtere oppgang i prisane undervegs i prosjekta. Prosjekt som er ferdige innan fire år etter tilsegna

om tilskot, skal heretter måtte halde seg innanfor den prisjusterte ramma som gjeld når bygget står ferdig. Kunnskapsdepartementet forventar at studentsamskipnadene med dette greier å bygge dei tilsegnene som blir lyste ut og utan at det fører til vesentleg auke i husleiga. Det er òg sett i gang eit arbeid med å vurdere forslag til endringar i plan- og bygningslova om å gi studentbustadar eit eige formål i kommunale arealplanar.

Regjeringa foreslår til saman 480 mill. kroner årleg til energiltak gjennom Husbanken og som ledd i dette også opprette ei tilskotsordning for energiltak i studentbustadar.

Psykisk helse

Levekårsundersøkinga blant studentar for 2021 viser at prosentdelen studentar med god helse har gått ned frå 89 pst. til 69 pst. frå førre undersøking i 2010. Tre av ti studentar er lite tilfredse med livet. Dei unge heiltidsstudentane er dei som er mest einsame og slit med psykiske plager. Regjeringa tek denne utviklinga på alvor og ønsker å styrke arbeidet i regi av kommunar og studentsamskipnader for den psykiske helsa til studentar. Regjeringa vil nytte Levekårsundersøkinga blant studentar og Studentenes helse og trivselsundersøkelse (ShoT) saman med anna informasjonsgrunnlag, mellom anna Folkehelsebarometeret og Ungdata, som grunnlag for å vurdere framtidige tiltak.

Digitalisering

Samordna opptak

Samordna opptak står for gjennomføringa av opptaket til høgare utdanning, som i 2022 gjaldt over 130 000 søkarar. Dei digitale systema for behandling av søknader blei utvikla på 1990-talet og tidleg på 2000-talet og er i dag utdaterte. Dei har høg driftsrisiko, er lite brukarvennlege og oppfyller ikkje lovkrava til datasystem. Arbeidet med å planlegge eit nytt system er allereie i gang, og frå 2023 skal Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) starte utviklinga av eit nytt datasystem og bygge ei framtidsretta løysing. Målet med prosjektet er å utvikle eit sikkert, påliteleg og framtidsretta system, slik at opptaket til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning kan gjennomførast også i komande år. Planane legg til grunn at bruksområdet for systema kan bli utvida til å omfatte opptak til fleire typar utdanning i framtida.

Digital omstilling

Digital omstilling i undervisning, forskning og innovasjon blir avgjerande for universiteta og høgskulane når dei skal møte regionale kompetansebehov og skape eit innovativt næringsliv i heile landet. Den nasjonale strategien for digital omstilling i universitets- og høgskulesektoren 2021–25 skal gi retning for arbeidet med å utnytte digital teknologi. Strategien handlar mellom anna om å gi fleire tilgang til utdanning uavhengig av bustad og livssituasjon, om undervisningskvalitet og studentaktive læringsformer, om i kva grad studietilboda gir nødvendig yrkestilpassa digital kompetanse, og om open forskning og deling av data og andre digitale ressursar. Universiteta og høgskulane er i gang med å følge opp den nye digitaliseringsstrategien gjennom eigne strategiar og eige utviklingsarbeid. HK-dir har i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren sett i gang arbeidet med ein handlingsplan for å følge opp strategien, som etter planen blir lansert i november 2022.

Rapporten *Digital tilstand 2021 – Støttemiljøers arbeid med digitalisering og utdanningskvalitet ved universiteter og høyskoler* frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) viser at oppgåvene og arbeidsmåtene i støttemiljøa blei svært påverka av covid-19-pandemien. Mange støttemiljø har opplevd at meir digital kompetanse hos fagtilsette har skapt større rom for utforsking av pedagogiske moglegheiter. NIFU-rapporten *Pedagogisk bruk av digital teknologi i høgare utdanning* viser at bruk av digital teknologi i høgare utdanning kan bidra til meir studentaktiviserande undervisningsformer, pedagogisk utvikling særleg i praksisnære fag og betre tilgang til høgare utdanning. Dette føreset at teknologien inngår i eit heilskapleg lærings- og undervisningsdesign, og at undervisarar og studentar har forståing for og kompetanse i pedagogisk bruk av digitale verkøy.

Eit tiltak i *Nasjonal strategi for digital sikkerhetskompentanse* er å «styrke arbeidet med digital sikkerhet i ingeniør- og teknologiutdanningene». UHRs fagstrategiske eining for matematikk, naturvitskap og teknologi, UHR-MNT, har på oppdrag frå departementet laga eit forslag til korleis institusjonane kan gjennomføre dette for desse faga. Rapporten kom i november 2021. Kunnskapsdepartementet ber universiteta og høgskulane om å følge opp dette arbeidet, og i tillegg vurdere korleis dei kan integrere læring om digital tryggleik også i andre relevante utdanningar.

Internasjonalt samarbeid og utveksling

EU-programma for forskning og utdanning

Noreg kan ikkje møte dei store samfunnsutfordringane åleine, og vi er avhengige av internasjonalt samarbeid og dialog på tvers av landegrensene. Noregs deltaking i EUs langtidsprogram for forskning og innovasjon (Horisont Europa) og for utdanning, opplæring, ungdom og idrett (Erasmus+) er vesentleg for å utvikle dei norske forskings-, innovasjons- og utdanningsmiljøa. Deltakinga i langtidsprogramma saman med ei brei og god involvering i dei europeiske områda for utdanning (EEA) og for forskning (ERA) gjer det mogleg å knyte saman utdanning og forskning og møte dei store globale utfordringane i fellesskap.

Regjeringa vil setje ramma for Retur-EU til 500 mill. kroner frå og med 2023 for å støtte opp om dei norske institutta si deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa. Sjå nærare omtale under kap. 285, post 53.

Panorama-strategien

Samarbeid med leiande internasjonale kunnskapsmiljø bidreg til å auke kvaliteten i norske fagmiljø, og regjeringa er oppteken av eit sterkt utdannings- og forskningssamarbeid med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. Gjennom oppfølging av *Panorama – strategi for høgare utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Sør-Korea, Kina, Russland, Sør-Afrika og USA (2021–2027)* bidreg utdannings- og forskingsmiljøa til etablering, bygging og vidareutvikling av strategiske partnerskapar av framifrå kvalitet gjennom støtte til internasjonale koplingar mellom høgare utdanning, forskning og innovasjon.

Ansvarleg internasjonalt samarbeid

Regjeringa er oppteken av å få til ein god balanse mellom ein framleis open og internasjonalt orientert høgare utdannings- og forskingssektor og behovet for auka varsemd slik at norsk kunnskap og teknologi ikkje blir misbrukt i strid med våre tryggleiks- og forsvarspolitiske interesser. Dette er eit tema som i dag blir diskutert i dei fleste vestlege land. Bakteppet er den geopolitiske utviklinga, som også påverkar rammevilkåra for internasjonalt kunnskapssamarbeid.

For å bidra til meir kunnskap og medvit om ansvarleg internasjonalt samarbeid har Kunnskapsdepartementet etablert Rundebord for akademisk samarbeid med Kina som ein fast møte-

plass for informasjonsutveksling mellom myndighetene og norske høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar. I tillegg har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og Noregs forskingsråd i 2022 fått i felles oppdrag å utvikle nasjonale retningslinjer for ansvarleg internasjonalt samarbeid. Retningslinjene skal vere eit praktisk verktøy som rustar institusjonane til å gjere gode vurderingar av konkrete samarbeid, slik at nasjonale interesser blir ivaretekne.

Utanriksdepartementet jobbar for tida med endringar i eksportkontrollregelverket, mellom anna med innføring av ei lisensordning. Dette vil få praktiske konsekvensar for høgare utdannings- og forskingssektoren, og Kunnskapsdepartementet følger opp prosessen i tett dialog med sektoren. Det er viktig for Kunnskapsdepartementet at regelverket blir følgt, og samstundes at den nye lisensordninga ikkje skaper urimelege hinder for sektoren og det internasjonale samarbeidet.

Innovasjon

Strategi for at forskning og utviklingsarbeid i næringslivet skal utgjere to pst. av BNP innan 2030

Evna til å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er blant dei viktigaste konkurransefaktorane for norsk

næringsliv. Det er avgjerande både for omstilling i eksisterande næringer og som eit grunnlag for nye næringer. Næringslivet står for den største delen av Noregs samla innsats innanfor forskning og utviklingsarbeid (FoU), og det har vore ei positiv utvikling i FoU-investeringane i næringslivet dei seinare åra. Samstundes er det framleis slik at norsk næringsliv samla investerer litt mindre i FoU enn gjennomsnittet for OECD-landa.

Noreg har til no i stor grad lykkast med ambisjonen om at offentlege utgifter til FoU skal tilsvare éin pst. av BNP, medan vi framleis ligg langt unna målet om at FoU-innsatsen samla skal tilsvare tre pst. av BNP. Nivået samla i 2020 tilsvarte 2,28 pst. av BNP, og 1,08 pst. for forskinga og utviklingsarbeidet utført i næringslivet.

Gitt betydninga av FoU for Noregs framtidige omstillings- og verdiskapingsevne er det ikkje godt nok at Noreg presterer middels på FoU-investeringane i næringslivet. Regjeringa vil derfor utvikle ein strategi for korleis det offentlege kan legge best mogleg til rette for ei styrking av FoU-innsatsen til næringslivet.

Kap. 260 Universitet og høgskular

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|-----------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 50 | Statlege universitet og høgskular | 38 917 577 | 39 361 248 | 40 600 307 |
| 70 | Private høgskular | 1 931 838 | 2 076 647 | 2 201 455 |
| | Sum kap. 260 | 40 849 415 | 41 437 895 | 42 801 762 |

Post 50 Statlege universitet og høgskular og post 70 Private høgskular

Mål for 2023

Følgande overordna mål gjeld for universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 260:

- Høg kvalitet i utdanning og forskning
- Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Måla er fastsette etter innspel frå sektoren og for å reflektere dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgskular. Måla er òg sette i samanheng med måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning som gjeld uavhengig av sektor.

Departementet har utviklingsavtalar med kvart av dei statlege universiteta og kvar av høgskulane. Avtalane inneheld differensierte mål og styringsparametrar som gjer greie for strategiske prioriteringar som den einskilde institusjonen har for å bidra til å nå dei nasjonale sektormåla. Departementet har ein prosess med institusjonane i 2022 for å fastsetje nye utviklingsavtalar for

perioden 2023–26. Utviklingsavtalane inngår i til-delingsbrev til institusjonane. Departementet har ikkje utviklingsavtalar med dei private høgskulane, men følger opp mål og resultat som del av tilskotsforvaltninga.

Resultat i 2021

God tilgang til utdanning

Hausten 2021 var det om lag 304 000 registrerte studentar ved norske universitet og høgskular med finansiering frå Kunnskapsdepartementet. Auken på 12 000 samanlikna med året før er om lag like stor som den rekordstore auken i 2020. Omrekna til heiltidsekvivalentar var studenttalet 264 000. SSBs tal viser at det var rundt 13 000 norske studentar ved universitet og høgskular i utlandet i 2021. Dette talet har gått ned kvart år sidan 2014 då det var rundt 16 000.

I 2021 var 38 pst. i aldersgruppa 19–24 år studentar i Noreg eller i utlandet. Talet har stige ganske jamt sidan 2008. Blant dei med minst ein forelder med høgare utdanning steig prosentdelen med nesten 4 prosenteningar frå 2008, til 50 pst. i 2021. Blant dei med foreldre utan høgare utdanning steig det med over 6 prosenteningar, til 27 pst.

I 2021 var nesten 10 pst. av alle studentane registrerte på tilbod med nettbasert eller desentralisert undervisning. Dei siste ti åra har det blitt mellom 500 og 2 000 fleire studentar i året på nettbaserte tilbod. I 2020 og 2021 var auken klart høgare, med høvesvis 4 300 og 3 500 fleire studentar på slike tilbod. Høgskolen Kristiania stod for 58 pst. av auken i den nettbaserte undervisninga i sektoren samanlikna med 2019. Trenden med at desentralisert undervisning går tilbake medan det nettbaserte aukar, heldt fram i 2021, men biletet er ulikt mellom institusjonane.

Høg kvalitet i utdanning og forskning

Utdannings- og forskingsmiljø

Kvaliteten i forskning og utdanning blir avgjort av i kva grad fagmiljøa skaffar fram ny kunnskap og får studentane til å lære, og korleis denne kunnskapen bidreg til samfunnsutviklinga. Kunnskap gir nytte for samfunnet over svært lang tid, men lét seg ikkje tallfeste direkte. Kvaliteten kan derfor ikkje avgjerast kvantitativt eller på kort sikt. Kvantitative rapportar kan likevel gi relevant informasjon om kvalitetsutviklinga, sjølv om dei ikkje gir eit heilskapleg bilede.

Hausten 2021 blei *Studiebarometeret* gjennomført for niande gong. Undersøkinga viser at dei

fleste studentane er nøgde. På ein skala frå 1 til 5 er gjennomsnittet 4,0 for spørsmålet om studentane er einige i påstanden om at dei alt i alt er nøgde med studieprogrammet sitt. Det er det same som i 2020, men lågare enn 4,1, som det har vore tidlegare. Om lag 10 pst. var ikkje einige i påstanden, ein auke frå mellom 7 og 8 pst. før 2020. At auken ikkje er større, kan tyde på at grepa universiteta og høgskulane har teke for å motverke dei negative effektane av pandemien, i stor grad har fungert. Samstundes seier studentane at dei to siste åra har vore tøffe for dei, både sosialt og fagleg. Over halvparten meiner at kvaliteten på utdanninga over nett ikkje har vore like god som han kunne ha vore ved fysisk undervisning.

Fagleg rettleiing og tilbakemeldingar på studentarbeid er eit område i *Studiebarometeret* der studentane over tid har vore mindre nøgde enn i svara på mange av dei andre spørsmåla, og resultatata gjekk òg noko ned i 2021. På ein skala frå 1 til 5 svarte like under halvparten 4 eller 5 på om dei var nøgde med evna dei fagleg tilsette hadde til å gi konstruktive tilbakemeldingar. I undervisarundersøkinga til NOKUT frå 2021 svarte 12 pst. av undervisarane at studentane på deira emne berre i liten grad fekk tilbakemelding om den faglege utviklinga si, og 40 pst. svarte at det i liten grad var nok tid til å gi fagleg rettleiing og tilbakemelding.

I den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VII skil respondentane frå Noreg seg ikkje ut når det gjeld kor einige dei er i at dei tilsette gir nyttige tilbakemeldingar. Fleire i Noreg enn gjennomsnittet svarer midt på skalaen, og noko færre svarer at dei er heilt usamde i påstanden. Dei norske svara er også rundt snittet når det gjeld kor gode forelesarane er til å forklare, og kor motiverande dei er. Svara er over gjennomsnittet når det gjeld om respondentane ville anbefalt studieprogrammet sitt til andre.

I undervisarundersøkinga frå 2021 svarte 16 pst. at dei ikkje hadde nokon formell pedagogisk kvalifikasjon. I undersøkinga frå 2017 var denne delen 27 pst. Undervisarane med formelle pedagogiske kvalifikasjonar svarer i større grad at dei bruker undervisningsmetodar der studentane deltek aktivt, eller som er forankra i forskning om læring. Dei svarer også at dei i større grad utviklar undervisninga i samarbeid med studentane eller kollegaer.

I 2021 blei det gjennomført 46,9 studiepoeng per registrerte student i haustsemesteret. Dette er over nivået dei siste ti åra, som stort sett har vore mellom 45 og 46 studiepoeng per student. Det er likevel noko lågare enn i 2020, som var sær-

leg høgt, på 47,2 studiepoeng per student. Endra rammevilkår for studiar og eksamensvurdering under pandemien kan ha bidrege til dette. Strykprosenten var som i 2020 på 5,8 pst., som er lågare enn det vanlege nivået for dei siste åra, mellom 7 og 8 pst. Ein langvarig trend med betre fullføring av utdanningane heldt fram i 2021. Fullføringsgraden gjekk opp for kulla som etter normert tid skulle fullføre bachelor eller master i 2021 samanlikna med kulla som starta året før. For bachelorutdanningar var auken på 3,0 prosenteningar, og 55 pst. fullførte på normert tid i 2021. For toårige og femårige masterutdanningar var endringane på høvesvis 3,3 og 4,4 prosenteningar, og fullføringsgraden i 2021 var høvesvis 57 og 44 pst. For dei som etter normert tid skulle fullført i 2020, var det 15 pst. som fullførte i 2021.

Den nasjonale statistikken til SSB viser kor mange av studentane som har oppnådd ein grad innan åtte år etter at dei starta, uavhengig av lærestad og type grad. Av studentane som starta i 2001, var det 55 pst. som hadde oppnådd ein grad innan åtte år. Talet har stige til 66 pst. for dei som starta i 2013. Dei siste fem åra har det berre vore marginale endringar. For studentar som var 20 år eller yngre då dei starta, har prosentdelen vore stabil på 78 pst. i det siste. Det er store skilnader mellom kjønna. Blant dei nye studentane i 2013 hadde 59 pst. av mennene oppnådd ein grad innan åtte år, mot 72 pst. av kvinnene. For dei mannlege studentane har prosentdelen gått ned dei siste åra, etter han var 61 pst. for startkullet frå 2009.

I 2021 blei det avlagt 1 601 doktorgradar, 33 færre enn i 2020. Blant dei som blei tekne opp på doktorgradsprogram i 2015, hadde 68 pst. fullført innan seks år. Dette er 2,1 prosenteningar lågare enn året før.

Det er eit positivt teikn for kvaliteten på norsk forskning når mange forskarar får stipend frå Det europeiske forskingsrådet (ERC), som er ein finansieringsarena med høg konkurranse og vekt på framifrå vitskapleg kvalitet. Til utlysingane for dei ordinære ERC-stipenda i 2021 var det både rekordmange søknader og rekordmange innvilga søknader frå universitets- og høgskulesektoren i Noreg. Suksessraten er likevel lågare enn i Danmark, og det er framleis færre søknader per forskar i universitets- og høgskulesektoren enn i dei andre nordiske landa. I Noreg er det flest søknader til vurderingspanela for humaniora og samfunnsfag, og desse søknadene lykkast også best. Dei siste tre åra har om lag 15 pst. av desse blitt innvilga i første runde. For søknadene til vurderingspanela for realfag/teknologi og livsvitskap har den tilsvarande suksessraten vore høvesvis 10 pst. og 6 pst.

Noreg er blant dei mest forskingsintensive landa målt etter talet på vitskaplege publikasjonar i høve til folketalet, men bak nokre svært høgt presterande land som Sveits og Danmark. Indikatorrapporten frå Noregs forskingsråd frå 2021 viser at bidraget til den vitskaplege publiseringa frå Noreg auka med 12 pst. frå 2016 til 2020, som er høgare enn for nesten alle andre europeiske land. Det er eit stort spenn i omfanget av vitskapleg publisering mellom universiteta og høgskulane, frå 0,34 til 2,36 publiseringspoeng per fagleg tilsett i 2021.

Internasjonalt samspel

Den internasjonale studentutvekslinga blei nesten halvert i 2020 samanlikna med året før, men tok seg samla sett noko opp i 2021. Dei rundt 7 000 innreisande utvekslingsstudentane i 2021 utgjorde 80 pst. av talet i 2019. Talet som reiste på utveksling frå Noreg, gjekk derimot vidare ned i 2021, og dei rundt 2 800 studentane utgjorde 37 pst. av talet i 2019. SSBs tal på ordinære internasjonale studenter i Noreg var om lag 13 200 i 2021, uavhengig av lærestad. Det er om lag 3 pst. høgare enn både i 2019 og i 2020.

Stadig fleire vitskaplege publikasjonar av forskarar ved universitet og høgskular i Noreg blir publiserte i samarbeid med internasjonale forfatarar. Prosentdelen internasjonale sampublikasjonar var 57 pst. i 2020 og 58 pst. i 2021, slik at utviklinga held fram med jamn stiging frå 48 pst. i 2016.

Norske universitet og høgskular hadde rekordhøg deltaking i det første året av rammeprogrammet Horisont Europa. Dei siste tala viser at dei norske institusjonane deltok på 3,8 pst. av alle søknadene på utlysingane i 2021, og på 4,3 pst. av prosjekta som blei innstilte til finansiering. Dei norske institusjonane var innstilte til å ta imot 1,2 pst. av den samla finansieringa i desse utlysingane. Ingen av tala har nokosinne vore høgare.

Bygg for undervisning og forskning

Dei norske studentane lét til å vere meir nøgde med studentfasilitetane samanlikna med andre land i Eurostudent VII-undersøkinga, og 35 pst. av dei norske studentane er heilt nøgde med tilgangen til fasilitetar som bibliotek, lesesal og datamaskiner. Dei er også meir nøgde med støttenester enn gjennomsnittet i undersøkinga, men berre 12 pst. av dei norske studentane meiner at desse tenestene er fullstendig tilstrekkelege.

Fleire brukarfinansierte prosjekt blei ferdige i 2021. Dette er prosjekt der institusjonane dekker investeringskostnaden gjennom statens husleigeordning og innanfor uendra rammeløyving. Dette gjeld mellom anna nybygg for mediefag ved Høgskulen i Volda og rehabilitering av Bygg B ved Universitetet i Sørøst-Noreg sin campus i Porsgrunn. Same år blei det òg sett i gang ombygging av Hagbart Lines hus ved Universitetet i Stavanger og oppføring av ny brønnpark og energisentral ved Nord universitets campus i Bodø som brukarfinansierte prosjekt.

Institusjonar som forvaltar eigedommane sine sjølve, hadde i perioden 2015–21 høve til å søke Kunnskapsdepartementet om midlar til oppgraderings- og ombyggingsprosjekt. I 2021 blei det tildelt 119,1 mill. kroner gjennom ordninga, fordelt på ti institusjonar og til saman 17 prosjekt. Totalt er det i perioden 2015–21 tildelt 871 mill. kroner gjennom denne ordninga, og ho har medverka til å betre tilstanden i utvalde universitets- og høgskulebygg og skape lokale for nye læringsformer.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda

I *Studiebarometeret 2021* svarer om lag halvparten av studentane at dei i nokon eller stor grad får god informasjon om arbeidslivsrelevansen for utdanninga. Om lag fire av ti svarer det same om at representantar frå arbeidslivet bidreg i undervisninga, og om lag ein av tre om at det er mogleg å jobbe med prosjekt i samarbeid med arbeidslivet. Samla er resultatane for spørsmåla om tilknytninga til arbeidslivet noko lågare enn i tidlegare år. I undervisarundersøkinga til NOKUT frå 2021 svarer 75 pst. av undervisarane at det i nokon eller stor grad blir lagt til rette for samarbeid mellom studentar og aktørar frå arbeidslivet. I Eurostudent VII-undersøkinga svarte over halvparten at dei var godt eller svært godt førebudde for den nasjonale arbeidsmarknaden, som er rundt gjennomsnittet blant landa i undersøkinga.

Open tilgang til forskning er høgt prioritert, og dei siste åra har stadig fleire av dei vitenskaplege artiklane blitt gjorde ope tilgjengelege, anten i heilopne tidsskrift, på artikkelbasis eller gjennom tilgjengeleggjering av manuskripta i kunnskapsarkiv. I 2021 var det derimot inga endring i prosentdelen av artiklane som var blitt gjorde ope tilgjengelege.

Universiteta og høgskulane leverte 176 patentsøknader i 2021, som er 16 fleire søknader enn året før, medan inngåtte kontraktar for utli-

sensiering av oppfinningar heldt seg på om lag same nivå. Over halvparten av søknadene kjem frå Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.

I 2021 utgjorde oppdragsinntekter og bidragsinntekter utanom Forskingsrådet og EU 165 000 kroner per fagleg tilsett i gjennomsnitt for statlege universitet og høgskular. For tiårsperioden 2012–21 er dette det høgaste i nominelle verdier. Som del av totale driftsinntekter utgjorde desse inntektene 7,46 pst. i 2021, som også er noko høgare enn snittet på 7,24 pst. for tiårsperioden.

Universitetsmusea

Fem universitet har eit særskilt ansvar for å ta hand om vitenskaplege samlingar og drive museum med publikumsutstillingar. I 2021 var det fleire av musea som kunne drive som ordinært, etter å ha vore stengde under covid-19-pandemien. Det samla besøkstalet var på 1,2 mill. besøkande, med ein ambisjon om ytterlegare 10 pst. vekst i 2022.

Forskning er grunnlag for utstillingar og formidlinga ved universitetsmusea. Den vitenskaplege publiseringa var på same nivå som ved universiteta elles i 2021, med eit gjennomsnitt på 1,38 publiseringspoeng per fagleg tilsett. Det er likevel store skilnader mellom musea, med eit spenn frå 2,03 til 0,56 publiseringspoeng.

Lærarutdanningane og helse- og sosialfag-utdanningane

I 2021 blei det uteksaminert om lag 5 540 kandidatar frå lærarutdanningane retta mot barnehage eller skule. Det var ein forventet nedgang frå dei fire føregåande åra, då det blei uteksaminert mellom 7 000 og 8 000 kandidatar årleg, som er det høgste vi kjenner til. Nedgangen i 2021 kjem i hovudsak av at det ikkje blei utdanna eit ordinært kull frå grunnskulelærarutdanninga dette året. I tillegg er det lågare kandidatproduksjon frå praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). I 2021 blei det tildelt 10 mill. kroner til nasjonale rekrutteringstiltak i grunnskulelærarutdanningane. Sjå omtale under kap. 226, post 22.

Frå helse- og sosialfaglege utdanningar blei det i 2021 uteksaminert 8 200 kandidatar på dei utdanningane som har kandidatmåltal. Det er ein nedgang frå 8 450 i 2020. Nedgangen kan kome av at nokre av studieprogramma ikkje har opptak, og dermed heller ikkje kandidatar, kvart år. Samstundes blei det utdanna om lag 4 250 sjukepleiarar, som er 80 fleire enn i 2020.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

Tabell 4.27 Indikatorar for aktiviteten ved universitet og høgskular. 2011–21

| | 60-studiepoengeiningar | Studentar | Publikasjonsdelar | Totale årsverk | Faglege årsverk |
|------|------------------------|-----------|-------------------|----------------|-----------------|
| 2011 | 159 200 | 218 900 | 10 600 | 32 100 | 18 500 |
| 2012 | 164 200 | 227 900 | 11 400 | 32 500 | 18 700 |
| 2013 | 167 900 | 234 900 | 11 100 | 33 000 | 18 900 |
| 2014 | 172 600 | 239 200 | 11 600 | 33 900 | 19 300 |
| 2015 | 177 500 | 246 400 | 11 600 | 35 300 | 20 100 |
| 2016 | 182 700 | 256 300 | 12 100 | 36 500 | 21 000 |
| 2017 | 186 200 | 260 800 | 12 700 | 37 500 | 21 900 |
| 2018 | 187 600 | 264 200 | 12 900 | 38 400 | 22 800 |
| 2019 | 189 900 | 267 500 | 13 500 | 39 500 | 23 500 |
| 2020 | 201 100 | 274 900 | 13 500 | 40 400 | 24 000 |
| 2021 | 206 700 | 288 900 | 14 600 | 42 100 | 25 000 |

Tala er avrunda til næraste hundre og gjeld institusjonar med tildeling frå Kunnskapsdepartementet. Talet for studentar er eit gjennomsnitt av registrerte studentar i vår- og haustsemesteret. Publikasjonsdelar er vitskaplege publikasjonar justerte for talet på forfatarar. Faglege årsverk er årsverk i utvalde forskings- og undervisningsstillingar.

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning

Effektiv drift og forvaltning

Universitet og statlege høgskular hadde 50,6 mrd. kroner i driftsinntekter i 2021. Løyvinga over kap. 260, post 50 utgjorde 76,9 pst. av dette, med 38,9 mrd. kroner.

Universiteta og dei statlege høgskulane hadde samla avsetningar frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet på 4,4 mrd. kroner ved utgangen av 2021. Av desse var 2,9 mrd. kroner avsetningar til investeringar (7,3 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet) og 1,5 mrd. kroner avsetningar til andre formål (3,8 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet). I tråd med regelverket for avsetningar som gjeld frå og med 2021, er det ei øvre grense på 5 pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet for avsetningar til andre formål. Det er ikkje ei slik grense for avsetningar til investeringar, men institusjonane må dokumentere planlagde investeringar overfor departementet. Det var to institusjonar som hadde avsetningar til andre formål over grensa på 5 pst., sjå tabell 4.18 i vedlegg 4.

Frå 2020 til 2021 har dei samla avsetningane frå løyvingar frå Kunnskapsdepartementet auka med 674 mill. kroner. Det utgjorde 11 pst. for institusjonane sett under eitt, men variasjonen mellom

institusjonane er frå 3 til 34 pst., sjå tabell 4.18 i vedlegg 4.

Private høgskular fekk tilskot på 1,9 mrd. kroner over kap. 260, post 70 i 2021. Dei hadde driftsinntekter på i overkant av 4,6 mrd. kroner, ein auke på 13,4 pst. frå 2020. Det samla driftsresultatet for desse institusjonane var 295 mill. kroner i 2021, og det er ein auke på 55 pst. i høve til 2020. På bakgrunn av rekneskapane frå 2021 ser departementet det slik at fleirtalet av dei private institusjonane har god eller middels god økonomi. To private institusjonar har svak økonomi. Departementet vil følge med på utviklinga hos desse institusjonane.

Etter ein jamn reduksjon i nokre år gjekk talet på avlagde studiepoeng per fagleg tilsett opp i 2020. I 2021 blei det avlagt 477 studiepoeng per fagleg tilsett, som er ein liten nedgang frå 2020, men likevel på same nivå som i 2018.

Rekruttering, kompetanse og karriere

75,5 pst. av årsverka i undervisnings- og forskarstillingar i 2021 var i stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse. Dette var det same som i 2020, etter ein jamn auke over fleire år tidlegare. Totalt var det 42 070 årsverk i sektoren,

og av desse var om lag 26 400 faglege årsverk og 10 100 administrative årsverk. Forholdstalet mellom faglege og administrative tilsette var 2,6 for sektoren sett under eitt i 2021, noko som er lågare enn i 2018–19, men høgare enn i åra før det.

Prosentdelen mellombels tilsette i universitets- og høgskulesektoren auka i 2021 etter ein jamn reduksjon over fleire år og ein stor nedgang i 2020. I 2021 var det 12,7 pst. mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. Åremålsstillingar inngår ikkje i utrekninga. I andre stillingstypar er fleire fast tilsette, og prosentdelen mellombels tilsette var 11,8 pst. i 2021 når ein også inkluderer administrative stillingar og støttestillingar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve til saman 42,8 mrd. kroner på kapitlet, fordelt med 40,6 mrd. kroner til universitet og statlege høgskular over post 50 og 2,2 mrd. kroner til private høgskular over post 70. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3 pst., tilsvarande som for andre 50- og 70-postar på statsbudsjettet. Samla sett er løyvingforslaget til universiteta og høgskulane nominelt 1,4 mrd. kroner høgare enn i 2022 og 5,6 mrd. kroner høgare enn i 2019. Realveksten frå 2022 er 0,3 pst. og 2,2 pst. frå 2019. Forslaget omfattar ein reduksjon på 254,4 mill. kroner for å frigjere midlar til satsingar og prioriterte tiltak innanfor høgare utdanning og forskning. Heilårseffekten i 2024 vil innebære ein ytterlegare reduksjon på 349,3 mill. kroner. Reduksjonen er fordelt pro rata på alle institusjonane med løyving over kap. 260, men er justert noko opp for dei private som i utgangspunktet ikkje har fått reduserte løyving som følge av endra jobbreisevanar og redusert konsulentbruk, slik at reduksjonen samla sett skal vere jamt fordelt i sektoren.

Kapasitet til utdanning og forskning

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til universitet og høgskular med til saman 335,3 mill. kroner som vil bli tildelte for å finansiere studieplassar. Av dette er 294,3 mill. kroner over post 50 og 40,9 mill. kroner over post 70. Til saman 108,4 mill. kroner av midlane er ei opptrapping for ordinære tildelingar til studieplassar i budsjetta for 2019–22.

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien. I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i

høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. Løyvingane blei trappa opp i 2021 og 2022 for å vidareføre opptaket for desse plassane. Mesteparten av plassane i 2020 blei tildelt som fireårige plassar. Det vil seie at institusjonane kunne ta opp både til ordinære to- eller treårige utdanningar og integrerte utdanningar på fem eller seks år, og at ein rekna at den gjennomsnittlege lengda ville vere fire år. I det faktiske opptaket har den gjennomsnittlege lengda for gradsutdanningar vore nærare tre år, og under tre år dersom ein reknar med ikkje-gradsgivande utdanningar. Regjeringa legg vidare til grunn at innføringa av studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits vil redusere pågangen av søkarar frå desse landa. Dette vil gjere fleire plassar tilgjengelege for norske søkarar og andre EØS-borgarar. Eit grovt anslag er at det kan bli frigjort kapasitet til denne gruppa tilsvarande 2 600 toårige studieplassar hausten 2023. Budsjetteffekten ville ha vore 225 mill. kroner i 2023 og 900 mill. kroner fullt opptrappa i 2025 dersom denne kapasiteten skulle vore dekt av ei opptrapping av løyvinga til universitet og høgskular. Regjeringa legg til grunn at den samla opptakskapasiteten kan vidareførast på om lag same nivå i 2023 som i 2022.

Økonomien er no i ein sterk oppgangskonjunktur, og arbeidsløysa er svært låg. Ut frå situasjonen i dag er det derfor grunn til å framover trekke ut midlar til plassane grunngitte i situasjonen på arbeidsmarknaden. Løyvinga er derfor redusert med 19 mill. kroner for plassane tildelte i 2020 særleg til korte utdanningar. Regjeringa vurderer årleg behova for kapasiteten i høgare utdanning ut frå den gjeldande situasjonen, og dei endelige rammene for 2024 vil bli fastsette i dei ordinære budsjettprosessane.

I 2022 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 1 000 studieplassar retta mot studentar som følge av krigen i Ukraina. Løyvinga er førebels og skal fasast ut med normal studieprogresjon eller dersom plassane ikkje blir brukte, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Førebelse tal på studentar som har fått tilbod, og nye anslag på talet på flyktningar frå Ukraina tyder på at behovet i 2023 kan vere lågare. Regjeringa foreslår derfor ei løyving for 2023 på 49,2 mill. kroner, tilsvarande 500 plassar. Regjeringa vil kome tilbake i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 med forslag om å justere løyvinga opp inntil 1 000 plassar dersom talet på studentar blir høgare, og justere ned løyvinga dersom studie-plassane ikkje blir brukte.

Regjeringa foreslår 4,1 mill. kroner til 30 nye studieplassar i medisin til Universitetet i Tromsø –

Noregs arktiske universitet og 21,9 mill. kroner som opptrapping for dei til saman 80 studieplassane i medisin tildelte i 2020.

Regjeringa foreslår 1 mill. kroner kvar til Universitetet i Oslo og til Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet til 20 studieplassar kvar i femårige utdanningar i nukleære fag. Saman med prioriteringa av forskning i kjernefysikk og kjernekjemi, jf. kap. 285, post 53, skal midlane bidra til å bygge fagmiljø som kan gi spesialkompetanse for mellom anna trygg nedbygging av atomanlegga på Kjeller og i Halden, for å handtere hendingar med spreiding av radioaktive stoff som kan ramme Noreg frå utlandet og for arbeid innanfor radiofarmasi.

Resultatbasert utteljing

Forslaget omfattar resultatbasert utteljing på 207,8 mill. kroner som følge av betre resultat på indikatorane i finansieringssystemet. Av dette er 144,5 mill. kroner over post 50 og 63,3 mill. kroner over post 70.

Ikkje øyremerkning av rekrutteringsstillingar

I fleire tilfelle har Stortinget løyvd midlar for å utvide talet på rekrutteringsstillingar (stipendiat- og postdoktorstillingar). Samla har løyvinga blitt auka med om lag 2,8 mrd. kroner med denne grunngevinga i perioden 2003–22. Sjølv om Kunnskapsdepartementet kan sjå behov for fleire rekrutteringsstillingar på eit gitt tidspunkt, gjer ikkje departementet løpande vurderingar av tilsettporteføljane og behova for einskilde stillingstypar ved kvar institusjon. Det gjer det uklart kva handlingsrom institusjonane har til å tilpasse fordelinga av dei tilsette på ulike stillingar ut frå situasjonen i dag. Kunnskapsdepartementet vil derfor gjere det klart for institusjonane at dei frå og med 2023 ikkje er pålagde eit bestemt tal rekrutteringsstillingar. I tråd med tillitsreforma til regjeringa inneber det at institusjonane får meir fridom og tillit til å gjere eigne budsjettprioriteringar og sjølve ha ein meir målretta rekrutterings- og karrierepolitikk. Institusjonane er best skikka til å vurdere kor mange rekrutteringsstillingar dei har behov for til kvar tid.

Studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits

Noreg er eit av få land som tilbyr gratis utdanning til alle internasjonale studentar. Samstundes må norske studentar i dei fleste tilfelle betale studieavgift for å studere i land utanfor EØS. Det er ein

internasjonal marknad for høgare utdanning med høg betalingsvilje for utdanning av høg kvalitet. Norske universitet og høgskular har over lang tid arbeidd målretta med høg internasjonal kvalitet i utdanningane. Dei kan dermed rekruttere internasjonale studentar basert på kvaliteten i tilboda, og ikkje med grunnlag i at dei er gratis. Regjeringa foreslår derfor at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Internasjonale studentar er generelt eit positivt bidrag til eit mangfaldig studiemiljø. Å krevje studieavgifter på linje med det som er normalen internasjonalt, vil òg innebere at institusjonane må halde fram med kvalitetsutviklinga i tilboda for å vere attraktive for internasjonale studentar. Det vil likevel truleg bli færre internasjonale studentar når dei må betale studieavgift. På den andre sida inneber det at innføringa vil frigjere studieplassar til studiesøkarar frå Noreg og andre EØS-land.

Kunnskapsdepartementet vil legge fram eit lovforslag for å gjere det mogleg for dei statlege institusjonane å krevje studieavgift og sender dette på høyring hausten 2022. Institusjonane skal krevje studieavgift frå studentar som ikkje er EØS-borgarar eller på anna grunnlag har rett til utdanningsstøtte frå Lånekassen. Studieavgifta skal vere minst kostnadsdekkande, og institusjonane vil behalde differansen mellom avgifta dei set og reduksjonen dei får i løyvinga som følge av denne endringa. Dette opnar ei ny inntektsmoglegheit for institusjonane på den internasjonale utdanningsmarknaden i og med at inntektene frå studieavgifta vil tilfalle institusjonane.

Studentar som er tekne opp til studieprogram før haustsemesteret 2023, vil få fullført desse utan å betale studieavgift. Internasjonale studentar som kjem på utveksling innanfor utvekslingsavtalar med norske institusjonar eller på nasjonalt nivå, skal ikkje trenge å betale studieavgift. Dette gjeld om lag 97 pst. av utvekslingsstudentane som i dag kjem utanfrå EØS. Forslaget vil derfor i liten grad påverke studentutvekslinga med tredjeland, inkludert dei prioriterte samarbeidslanda i Panoramastrategien. Ettersom utveksling gjennom dei bilaterale utviklingsavtalane til institusjonane er unnateke for studieavgift, vil endringa heller ikkje påverke moglegheitene for norske studentar til å dra på utveksling i utlandet.

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 74,4 mill. kroner, ettersom universiteta og høgskulane frå og med haustsemesteret 2023 vil få auka inntekter i samband med endringa. Reduksjonen er fordelt med 68,6 mill. kroner på

kap. 260, post 50 og 5,8 mill. kroner på kap. 260, post 70. Reduksjonen er basert på eit overslag for kor mykje institusjonane vil få i auka inntekter frå kostnadsdekkande studieavgifter frå internasjonale studentar. Det er lagt til grunn at talet på nye studentar utanfrå EØS/Sveits vil gå ned. Då Danmark og Sverige innførte studieavgift for studentar frå tredjeland i høvesvis i 2006 og 2011, gjekk talet på nye studentar frå desse landa kraftig ned. I Sverige var reduksjonen omtrent 80 pst. og i Danmark noko mindre. Det er lagt til grunn at dei internasjonale studentane i gjennomsnitt tek ei toårig utdanning. Reduksjonen i løyvinga vil derfor bli trappa opp over to år etter som det blir teke opp eit nytt kull som betaler full studieavgift. Det inneber ein ytterlegare reduksjon i rammeløyvinga på 148,8 mill. kroner i 2024 som følge av forslaget. Frå og med 2025 vil reduksjonen samla vere på 297,7 mill. kroner.

Departementet anslår at dersom institusjonane får betalende studentar frå tredjeland på om lag 30 pst. av nivået i dag, vil det samla inntektsnivået til institusjonane ikkje gå ned. Det gir institusjonane ei god moglegheit til å auke sine samla inntektsrammer. Det grove anslaget inneber at ein nedgang i studentar frå tredjeland på om lag 70 pst. vil frigjere kapasitet tilsvarende 2 600 toårige studieplassar og gjere det mogleg å tilby plass til fleire studiesøkarar frå Noreg og andre EØS-land. Budsjetteffekten ville ha vore 225 mill. kroner i 2023 og 900 mill. kroner fullt opptrappa i 2025 dersom denne kapasiteten skulle vore dekt av ei opptrapping av løyvinga til universitet og høgskular. Anslaga er usikre av fleire grunnar: Departementet har ikkje nøyaktige tal for kor mange som i dag er i gruppa som framover må betale studieavgift, eller dei faktiske kostnadene for studia dei går på. Det er også usikkert korleis rekrutteringa vil bli endra etter innføringa av studieavgift.

Bygg for undervisning og forskning

Løyvingar til byggeprosjekt blir foreslått på Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett. Regjeringa foreslår 1 450 mill. kroner til bygging og utstyr til livsvitskapsprosjektet ved Universitetet i Oslo i 2023.

I 2022 kom det fram at dei eksisterande planane for nytt vikingtidsmuseum ikkje kan bli realiserte innanfor den gjeldande kostnadsramma, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022). Regjeringa foreslår at bygging, rehabilitering og anskaffing av utstyr til nytt vikingtidsmuseum ved Universitetet i Oslo held fram, og foreslår ei løyving til prosjektet på 525 mill. kroner i 2023. Regjeringa vil kome

attende med forslag om endra kostnadsrammer for prosjektet etter at nye rammer er kvalitets-sikra.

Etter at regjeringa har behandla vidare retning for NTNU Campussamling, held forprosjektet fram og skal etter planen ferdigstillast i løpet av 2023. Regjeringa foreslår 73 mill. kroner til forprosjektet i 2023.

Regjeringa foreslår 238 mill. kroner for å vidareføre byggeprosjektet for Blått bygg ved Nord universitet. Regjeringa foreslår òg å auke løyvinga over kap. 260, post 50 til brukarutstyrsprosjektet med 20,6 mill. kroner i 2023. For ei nærare forklaring av løyving per kapittel og post for byggeprosjekta, sjå Kommunal- og distriktsdepartementets Prop. 1 S (2022–2023).

Endra jobbreisevanar

Pandemien har ført til auka bruk av digitale møte og gjort det mogleg for statlege verksemder å redusere reiseomfanget på kort og lang sikt. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gjennomført ei spørjeundersøking blant statlege verksemder som viser at mange av dei vil ha varig redusert reiseaktivitet framover. Regjeringa foreslår ein reduksjon i løyvinga til alle statlege verksemder som følge av dette. Forslaget inneber ein samla reduksjon på 192,9 mill. kroner for universiteta og dei statlege høgskulane.

Andre saker

Departementet foreslår å auke løyvinga til Noregs idrettshøgskole med 10 mill. kroner.

Barratt Due musikk institutt (BD) har over fleire år samarbeidd med Noregs musikkhøgskole (NMH) om ei mastergrad i utøvande musikk. NMH har vore gradsgivande institusjon og fått resultatbasert uttelling for avlagde studiepoeng og kandidatar. BD og NMH planlegg ein ny samarbeidsmodell der arbeidsdelinga i større grad inneber at BD rettar større merksemd nedover i alder, medan NMH vidarefører sine tilbod på både lågare og høgare grads nivå. Som ein del av denne omlegginga blir 1,4 mill. kroner flytta frå rammeløyvinga til NMH over post 50 til statstilskotet til BD over post 70. Samstundes vil BD frå 2023 ikkje lenger vere omfatta av ordninga med resultatbasert uttelling. Med den planlagde endringa i profil og arbeidsdeling på feltet meiner departementet at ordninga med resultatbasert uttelling ikkje lenger er like eigna for denne institusjonen. Forslaget inneber at BD frå 2023 får eit

samla statstilskot som kan nyttast til heile breidda i verksemda.

Løyvingane til dei statlege institusjonane blei endra i 2022 tilsvarende differansen mellom utgiftene i den gamle og den nye premiemodellen i Statens pensjonskasse slik at den nye modellen skulle vere om lag budsjettneøytral i innføringsåret. Differansen blei noko overvurdert fordi det ikkje blei teke omsyn til at einiskilde inntekter blir reduserte i takt med pensjonskostnadene, og løyvinga blei justert i revidert budsjett, jf. Innst. 450 S (2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022). Samstundes blei differansen noko undervurdert fordi anslaget på utgiftene i den gamle modellen ikkje var oppjustert med lønnsveksten gjennom året, jf. nærare omtale i del I, kap. 1. Dei to korreksjonane er om lag like store, og departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår å flytte 61,8 mill. kroner frå kap. 272, post 52 for verksemda til Nord universitet på Nesna, jf. Innst. 450 S (2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022).

Departementet foreslår å auke løyvinga med 12,2 mill. kroner til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet i samband med overdraginga av verksemda til Nordland kunst- og filmhøgskole. Forslaget inneber ein heilårseffekt av og flytting av løyvinga som i 2022 blei gitt over kap. 272, post 52, jf. Innst. 450 S (2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022).

Universitetet i Stavanger, Høgskulen i Volda, Høgskolen i Østfold, Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk og Kunsthøgskolen i Oslo har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om bruk av løysing for lønn, tilsetjing og arbeidskontrakt. Som følge av dette foreslår Kunnskapsdepartementet å overføre 1,1 mill. kroner til kap. 1605, post 01 på Finansdepartementets budsjett.

I dei salderte budsjetta for 2021 og 2022 fekk Steinerhøgskolen til saman 5,7 mill. kroner til å gjennomføre det femte året i grunnskulelærerutdanninga, men studentane startar på det femte året av utdanninga først i 2023, og det blei også lagt til grunn eit for høgt kandidattal. I samband med revidert budsjett for 2022 blei midlane trekte ut av løyvinga til Steinerhøgskolen. For 2023 foreslår departementet å løyve 1 mill. kroner til det femte året av grunnskulelærerutdanninga ved Steinerhøgskolen, som aukar til 2 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår midlar til universiteta og høgskulane retta mot lærarutdanningane over andre programkategoriar. Sjå omtale av ei løyving på 50 mill. kroner til auka kvalitet i barnehagelærerutdanninga under kap. 231, post 21 og 10 mill. kroner for å forbetre rekrutteringa av søkarar til alle lærarutdanningane under kap. 226, post 22.

Kap. 270 Studentvelferd

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 74 | Tilskot til velferdsarbeid o.a. | 123 380 | 106 588 | 81 846 |
| 75 | Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> | 185 769 | 959 158 | 871 368 |
| 76 | Tilskot til energitiltak i studentbustadar | | | 141 500 |
| | Sum kap. 270 | 309 149 | 1 065 746 | 1 094 714 |

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid o.a.

Posten omfattar tilskot til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskot til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2023

God studentvelferd og studentorganisasjonar som er dyktige til å fremje studentane sine interesser.

Velferdsarbeidet til studentsamskipnadene skal supplere det generelle velferdstilbodet elles i samfunnet og vere integrert i læringsmiljøet ved utdanningsinstitusjonane.

Resultat i 2021

Tilskotet har gått til studentvelferdstenester som kantine, bustad, trening, helsetenester, barnehage, rådgiving og sosiale, faglege og kulturelle tiltak. Velferdsarbeidet har vore viktig for studentane som har hatt ein annleis studiekvardag under covid-19-pandemien. For å vareta studentane både fagleg og sosialt har studentsamskipnadene gjennomført ei rekke tiltak, ofte i samarbeid med utdanningsinstitusjonane og studentorganisasjonane. Dei har organisert sosiale samkomer og tilbode psykisk helsehjelp og samtalar til studentane som har trunge nokon å snakke med. Dei nasjonale studentorganisasjonane har fremja interesse til studentane gjennom mellom anna deltaking i styre og råd og i offentlege høyringar og debattar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 81,8 mill. kroner på posten. Av dette er 63,1 mill. kroner tilskot til velferdsarbeidet til studentsamskipnadene, inkludert 4,1 mill. kroner til studentsamskipnaden Studentinords tilbud til studentane ved Nord universitet på Nesna, og 18,8 mill. kroner er tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar. Forslaget omfattar å ta ned nivået på tilskotet til studentsamskipnadene med 31 mill. kroner.

Tilskota til dei landsomfattande studentorganisasjonane blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på vegner av Kunnskapsdepartementet. Det blir gjort ein områdegjennomgang av tilskot til namngitte mottakarar der utgangspunktet er at tilskot i størst mogleg grad skal lysast ut gjennom tilskotsordningar på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium. Kunnskapsdepartementet vil vidareføre tilskota til dei landsomfattande studentorganisasjonane som i dag får tilskot, men dei får ein reduksjon på 1 mill. kroner samla sett. HK-dir har vurdert om det er mogleg å opprette ei tilskotsordning for tildeling av midlane. Dei fem organisasjonane er såpass få og har kvar for seg særskilde studentgrupper dei er retta mot. Det er derfor ikkje mogleg å setje opp felles tildelingskriterium. Ei tilskotsordning vil ikkje bidra til større kostnads- eller måleffektivitet. Departementet foreslår følgande tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar:

- Association of Norwegian Students Abroad: 10,2 mill. kroner
- Norsk studentorganisasjon: 4 mill. kroner

- Organisasjon for norske fagskolestudenter: 2,5 mill. kroner
- International Students' Union of Norway: 1,9 mill. kroner
- Stipendiatorganisasjonene i Norge: 0,3 mill. kroner

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, til kjøp, ombygging, oppføring og rehabilitering av studentbustadar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden. Husbanken forvaltar tilskota for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2023

Rimelege og tilgjengelege bustadar for studentar.

Resultat i 2021

I 2021 gav Kunnskapsdepartementet tilsegn om tilskot til 1 650 hybeleiningar. Alle tilsegnene var til bygging av nye studentbustadar i regi av studentsamskipnadene.

I dei siste ti åra har det vore ein jamn auke i talet på nye studentbustadar. Det er i gjennomsnitt bygd nær 1 300 nye studenthyblar årleg frå 2012, og samla sett 12 955 nye hyblar i perioden 2012–21. Eit fleirtal på 59 pst. av bustadane som samskipnadane bygde i åra 2019–21 var hyblar for éin person med eige bad og kjøkken. 23 pst. var hyblar der fleire deler bad og kjøkken, 9 pst. var hyblar for par og 8 pst. var familiebustadar.

I 2021 blei det ferdigstilt 857 nye hybeleiningar, og 194 hybeleiningar blei oppgraderte. Det har over tid kome færre søknader om tilskot til å bygge studentbustadar. I 2020 var det søknader om tilskot til 2 475 nye hybeleiningar, medan det i 2021 og 2022 var søknader om tilskot til høvesvis 1 707 og 1 664 nye hybeleiningar. Kvart år må studentsamskipnadene gi tilbakemelding om tilsegner dei ikkje klarer å nytte. Hausten 2021 leverte studentsamskipnadene tilbake 1 076 tilsegner om tilskot som dei fekk i åra 2017–21. Ei årsak til at talet på søknader har falle og tilsegner har blitt leverte tilbake, er at samskipnadene ikkje klarer å bygge med den gjeldande kostnadsramma eller på grunn av kommunale reguleringsplanar. I tillegg kjem at høgare materialprisar og ein strammare arbeidsmarknad gir lågare kapasitet til nye prosjekt.

I 2021 var det til saman 43 393 hybeleiningar. For heile landet var dekningsgraden på studentbustadar 16 pst. i 2021, ifølgje tal frå Database for statistikk om høgare utdanning. Dekningsgraden varierer mellom studiestadane. Til dømes er dekningsgraden i Oslo og Akershus på 15 pst., medan han på Ås er 35 pst. Det er ikkje eit mål å ha like stor dekningsgrad alle stadar, sidan behovet vil variere avhengig av tilbodet på den private leigemarknaden. Bygging av studentbustadar skal gi rimelege bustadar for studentar. Gjennomsnittleg husleige for ei hybeleining i 2021 var 4 341 kroner.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 871,4 mill. kroner på posten som skal dekke forventa utbetaling til både gamle og nye tilsegner. Midlane til eit prosjekt blir normalt betalte ut over tre år. Løyvinga gir rom for tilsegner om tilskot til 1 650 hybeleiningar i 2023.

Sidan 2020 har ikkje justering med forventa prisvekst vore i samsvar med utviklinga i kostnader til bygging av studentbustadar. Kostnadene i bygg og anleggsnæringa har auka meir enn for andre varer og tenester. Samskipnadene slit derfor med å klare å bygge nye studentbustadar innanfor kostnadsramma. I tillegg er det ikkje store skilnader i kostnadene ved å bygge studentbustadar mellom ulike delar av landet. Frå 2021 har tomteknader kunna bli haldne utanfor berekninga av kostnadsgrunnlaget. Departementet vil heve kostnadsramma til 1 450 000 kroner per hybeleining og bruke denne både i dei områda som er definert som pressområde, og utanfor pressområda. Til no har byggeprosjekta måtta halde seg innanfor den nominelle kostnadsramma frå tidspunktet dei får tilsegn om tilskot. Det gjer det utfordrande å handtere oppgang i prisane undervegs i prosjekta. Prosjekt som er ferdige

innan fire år etter tilsegna om tilskot, skal heretter måtte halde seg innanfor den prisjusterte ramma som gjeld når bygget får mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Departementet forventar at studentsamskipnadene med dette greier å bygge dei tilsegnene som blir lyste ut og utan at det fører til vesentleg auke i husleiga. Departementet vil også framover i tid vurdere kostnadsrammene og gjere ytterlegare endringar dersom det er nødvendig for å oppnå formålet med tilskotsordninga. Tilskotssatsane blir justerte med forventa prisvekst. I 2023 vil tilskotssatsen vere 393 700 kroner i pressområda og 336 000 kroner utanfor pressområda.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 1 693 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 76 Tilskot til energiltak i studentbustadar

Regjeringa vil frå 2023 gi Husbanken i oppdrag å forvalte tilskot til energiltak i studentbustadar og foreslår å opprette ein ny post for tilskotsordninga. Sjå også omtale under kap. 581, post 60 for tilsvarende ordning for utleigebustadar, omsorgsbustadar og sjukeheimar i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Mål for 2023

Redusere energibehovet i studentbustadar eigde eller disponerte av studentsamskipnadar og studentbustadstiftingar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 141,5 mill. kroner på posten. Reglar for tilskotsordninga vil bli fastsette i forskrift.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 173 056 | 162 569 | 115 236 |
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 5 255 | 4 000 | 4 106 |
| | Sum kap. 271 | 178 311 | 166 569 | 119 342 |

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), eit statleg forvaltningsorgan som er fagleg uavhengig på fleire område. NOKUT har ansvar for akkreditering og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og for godkjenning av utanlandsk utdanning.

Stortinget har vedteke lovendringar som inneber at NOKUT frå 1. januar 2023 ikkje lenger skal ha ansvar for godkjenning av utanlandsk utdanning etter universitets- og høgskulelova, fagskulelova og opplæringslova, jf. Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskuleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)* og Innst. 287 L (2021–2022). Som gjort greie for i Prop. 74 L (2021–2022) tek departementet sikte på å delegerer desse oppgåvene til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Departementet meiner det vil skape eit endå meir slagkraftig miljø for kunnskap, informasjon og godkjenning av utdanning og yrkeskvalifikasjonar frå utlandet. Samstundes vil det føre til at NOKUT blir rein- dyrka som akkrediterings-, kvalitetssikrings- og tilsynsorgan.

Mål for 2023

- Norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning har god kvalitet
- NOKUTs verkemiddel for ekstern kvalitetssikring er treffsikre og bidreg til utvikling
- Samfunnet er godt informert om kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Resultat i 2021

Det var fleire søknader om akkreditering i 2021, særleg for masterutdanningar. Med eit par unntak

blei søknader frå universitet og høgskular behandla innan NOKUTs eige mål om maksimalt 6 og 14 månaders saksbehandlingstid på høvesvis bachelor-/masternivå og ph.d.-nivå. NOKUT fekk i 2021 fem søknader om akkreditering av profesjonsutdanningar i psykologi og rettsvitenskap, etter at regjeringa opna for å gi fleire institusjonar rett til å tildele visse gradar med vilkår om NOKUT-akkreditering (cand.psychol., cand.theol. og master i rettsvitenskap). Eit stort omfang av søknader om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og eit rekordhøgt tal på endringsmeldingar gjorde at saksbehandlingstida for fagskulane blei tregare enn målet.

I perioden 2017–24 gjennomfører NOKUT den tredje runden av tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved universitet og høgskular. NOKUT rapporterer at institusjonane i det store og heile no er vel budde når NOKUT kjem, og at institusjonane bruker tida før dei periodiske tilsyna til å auke kunnskapen om regelverket og hente inspirasjon til arbeidet med kvalitetsutvikling. NOKUT arbeider òg med erfaringsdeling og rettleiing overfor institusjonane. I 2021 gjennomførte NOKUT tilsyn ved ti institusjonar, og sju av dei oppfylte krava til kvalitetsarbeidet utan manglar.

Blant fagskulane er tilsynet med det systematiske kvalitetsarbeidet eit nytt verkemiddel. I 2021 fekk berre to av ni fagskular vedtak om tilfredsstillande kvalitetsarbeid, og erfaringa er at fagskulane har behov for meir rettleiing, erfaringsdeling og oppfølging rundt regelverket for kvalitetsarbeidet enn universiteta og høgskulane.

Under covid-19-pandemien har NOKUT også gjort ein stor innsats som kontaktpunkt for fagskulane og fagskulestudentane.

Oppgåva med økonomiske tilsyn med dei private høgskulane er delegert til NOKUT, og dei gjennomførte slikt tilsyn ved fire høgskular i 2021. Der vurderte dei mellom anna økonomistyringa, læringsmiljøet, rettsstillinga til studentane og like-

stillingsarbeidet. Det blei funne avvik i alle tilsyna, med pålegg om oppretting innan 2022. NOKUT kontrollerer også økonomiforvaltninga og arbeidet med samfunnstryggleik ved dei statlege universiteta og høgskulane og andre verksemdar under Kunnskapsdepartementet og har gitt departementet råd om oppfølgingstiltak til etatsstyringa av desse.

NOKUT har fire ordningar for godkjenning av utanlandske utdanningar og yrkeskvalifikasjonar: for fag- og yrkesopplæring, fagskuleutdanning, universitets- og høgskuleutdanning og yrkeskvalifikasjonar som lærar i skulen eller styrar eller pedagogisk leiar i barnehage. Over tid har talet på søknader til NOKUT om godkjenning av utanlandsk universitets- og høgskuleutdanning gått ned, medan det har auka for dei andre ordningane. Totalt blei 5 741 utanlandske utdanningar på universitets- og høgskulenivå eller fagskulenivå vurderte som likestilte med norske kvalifikasjonar i nivå og omfang. NOKUTs mål for saksbehandlingstida blei nådd i alle ordningane unnateke for universitets- og høgskuleutdanning.

NOKUT gjennomførte i 2021 undersøkingar blant studentar ved både fagskular og universitet og høgskular og blant undervisarar ved universitet og høgskular. Undersøkingane gir både departementet, institusjonane og andre nyttig informasjon om kvaliteten i sektoren.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 115,2 mill. kroner på posten. I forslaget inngår ein reduksjon på 713 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar

etter covid-19-pandemien og ein reduksjon på 251 000 kroner som følge av at den forventa reduksjonen i pensjonspremien ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse blei underestimert i saldert budsjett 2022, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Løyvinga er redusert med 50 mill. kroner mot tilsvarende auke over kap. 256, post 01 som følge av endringane i oppgåvene mellom NOKUT og HK-dir frå 1. januar 2023, jf. Prop. 74 L (2021–2022).

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3271, post 02. Sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Utgifter utover løyvinga på kap. 271, post 21 føreset meirinntekt på kap. 3271, post 01.

Resultat i 2021

Det blei i 2021 ført ei meirutgift på 5,3 mill. kroner på posten, som blir dekt av meirinntekta på kap. 3271, post 01, jf. meirinntektsfullmakta.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 4,1 mill. kroner på posten, som kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3271, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

| | | (i 1 000 kr) | | |
|------|-----------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 01 | Inntekter frå oppdrag | 5 255 | 4 000 | 4 120 |
| 02 | Salsinntekter o.a. | | 646 | 665 |
| | Sum kap. 3271 | 5 255 | 4 646 | 4 785 |

Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar.

Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 50 | Verksemdskostnader | 131 645 | | |
| 51 | Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i> | 85 252 | 113 562 | 96 547 |
| 52 | Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> | 51 857 | 359 119 | 263 228 |
| 71 | Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i> | | 122 395 | 125 868 |
| 72 | Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 52</i> | | 116 817 | 120 132 |
| | Sum kap. 272 | 268 754 | 711 893 | 605 775 |

Post 50 Verksemdskostnader

Løyvinga blei flytta i budsjettet for 2022, i hovudsak til kap. 256, post 01. Resten av løyvinga blei flytta til kap. 272, post 52, 71 og 72 for fleksible utdanningstilbod og den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning. Sjå desse postane for mål og budsjettforslag for 2023.

Resultat i 2021

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei ein del av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) 1. juli 2021. I 2021 førte HK-dir vidare eit prosjekt for standardisering og effektivisering av forvaltninga av tilskota i porteføljen til direktoratet. Resultata av prosjektet vil bli nytta til å etablere ein sams tilskotsforvaltingsmodell for heile HK-dir. HK-dir utvikla i 2021 også ein fleirårig evalueringsplan for ulike program og ordningar og bidrog til den nasjonale Erasmus+-strategien.

HK-dir har fornya formidlinga av kunnskap og erfaringar frå prosjekt som har fått tilskot, mellom anna ved å flytte dette over på digitale flater under covid-19-pandemien. Ein nettmøteserie, fleire arrangement og podkasten *Kvalitetstid – en podkast for deg som jobber med utdanning* har vore viktige kanalar og arenaer for formidling av resultat og god praksis retta mot alle nivå i utdanningssektoren. Pandemien har særleg påverka arbeidet

med internasjonalisering. Dette blei analysert i rapporten *Krise og kreativitet: covid-19-pandemiens konsekvenser for internasjonalt utdanningsarbeid* (2021) som handla om både grunnopplæring og høgare utdanning. Varigheita på pandemien gjorde at verdien og relevansen til kunnskapen som var skaffa fram i dette arbeidet, auka og bidrog til å støtte opp under innsatsen for å halde oppe internasjonalt samarbeid i ei krevjande tid. Innlemminga i HK-dir av Universell, som har som oppgåve å vere pådrivar for universell utforming, har gjort det enklare å få til tilrettelegging i både internasjonalt samarbeid og nasjonale kvalitetsprogram.

Post 51 Tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 71

Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 51 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, post 71 Tiltak for internasjonalisering for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2023

- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa
- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø

Resultat i 2021

Delar av løyvinga har i 2021 vore nytta til samarbeidsprogramma NORPART og UTFORSK. Løyvinga til dei to programma bidreg til at Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning og forskning, og til at det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet. Begge skal òg medverke til auka kvalitet i høgare utdanning.

Det er stor interesse i sektoren for dei to programma. I UTFORSK blei det i 2021 tildelt støtte til 35 nye fireårige prosjekt (tildelingsrate 43 pst.), og det var rekordstor interesse for NORPART-utlysinga i 2021, med 151 søknader fordelte på 19 norske institusjonar. Dei nordiske landa har ein avtale om å gi innbyggjarane sine gjensidig tilgang til høgare utdanning, med ein fastsett kompensasjon mellom landa. I 2021 betalte Noreg 60,8 mill. kroner i samband med avtalen. Avtalen sikrar at norske søkarar til høgare utdanning i andre nordiske land blir behandla likt med nasjonale søkarar ved opptak. Det same gjeld andre nordiske statsborgarar som søker opptak til høgare utdanning i Noreg. I 2021 var det 2 733 norske heilgradsstudentar i andre nordiske land, og 1 192 nordiske studentar i Norege.

Delar av løyvinga har i 2021 vore nytta til Fulbright-programmet, som er eit stipendprogram som støttar særleg kvalifiserte søkarar til studium på mastergrads- og doktorgradsnivå i USA og tilsvarende studentar frå USA som vil studere i Noreg. I tillegg blir det gitt stipend til forskarar frå Noreg og USA. Til saman 36 nordmenn fekk i 2021 stipend over dette programmet, 23 på master- eller ph.d.-nivå, og 13 fekk forskarstipend. I tillegg fekk fem forskarar oppstart i 2021 etter at stipendutbetalinga var blitt utsett frå 2020. Samstundes fekk 31 amerikanske stipendmottakarar finansiert opphald i Noreg i 2021.

HK-dir tildelte i 2021 9,8 mill. kroner til fire lærarutdanningsprosjekt i programmet NOTED (Norwegian Partnership Programme for International Teacher Education). Prosjekta går over fire år.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår ei samla løyving for post 51 og 71 på 222,4 mill. kroner, fordelt med 96,5 mill. kroner på post 51 og 125,9 mill. kroner på post 71.

Løyvinga på post 51 og 71 går til programma HK-dir forvaltar for internasjonalisering i utdanning. Dette gjeld mellom anna:

- partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART)
- programmet UTFORSK (oppfølging av Panorama-strategien)
- tilskot til internasjonalt samarbeid og utveksling i grunn- og vidaregåande skule
- ordninga Noregskunnskap i utlandet
- den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning
- Det europeiske ungdomsparlamentet
- United World College

Departementet foreslår å løyve 9,3 mill. kroner til Fulbright-programmet i 2023. Sett i lys av behovet for å gi rom for andre prioriteringar foreslår departementet å redusere løyvinga på post 51 og 71 med samla sett 20,6 mill. kroner.

Som følge av reduksjonen tilrår departementet å avvike NOTED-programmet og ordning for samarbeid med Russland frå og med 2023 og OFNEC (Caen) frå 2024. Departementet tilrår også å redusere løyvinga til UTFORSK og NORPART.

Post 52 Tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 72

Posten blir forvalta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Løyvinga kan nyttast under kap. 272, post 52 når midlane går til statlege aktørar, og under kap. 272, post 72 Tiltak for høgare utdanning for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Mål for 2023

Dei uteksaminerte kandidatane frå høgare utdanning er svært kompetente og dekkjer kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Resultat i 2021

Kvalitetsprogramma er ei samlenemning på program som er innretta mot kvalitet i høgare utdanning. Programma gir universiteta og høgskulane høve til å utvikle og spreie gode undervisningsmetodar og utdanningstilbod. I 2021 var det tiårsmarkering for etableringa av det første programmet, senter for framifrå utdanning. Ordninga har i løpet av åra bidrege til meir status og fart på kvalitetsarbeidet, ved at framifrå utdanningsmiljø arbeider langsiktig med innovasjon i utdanning og bygger kultur for å diskutere læring og undervisning i fagmiljøa. Det står sentralt i ordninga at sentera skal arbeide for å spreie resultatane sine og bidra

med kompetansen sin til kvalitetsutvikling ved andre institusjonar for å løfte breidda i norsk høgare utdanning.

I 2021 tildelte HK-dir til saman 151 mill. kroner til 34 prosjekt som skal styrke arbeidslivsrelevans og studentaktive læringsformer i høgare utdanning. Dei førstnemnde prosjekta skal føre til forskingsbasert kunnskap om auka arbeidslivsrelevans, kunnskapsflyt og studentlæring basert på utprøving og evaluering i prosjektperioden. Program for studentaktiv læring gir støtte til prosjekt som utviklar, prøver ut og evaluerer studentaktive lærings- og vurderingsformer for å styrke studentane si læring. Programma er attraktive, og det er høg konkurranse om midlar. I Program for studentaktiv læring fekk 24 pst. av søknadene midlar, medan 34 pst. av dei som søkte om midlar frå Tiltak for økt arbeidsrelevans, fekk innvilga prosjekta.

HK-dir tildelte 139 mill. kroner i 2021 til 49 prosjekt i universitets- og høgskulesektoren gjennom Program for fleksible utdanningstilbod. Ordninga blei open for alle fagområde i 2021, noko som medførte større interesse og variasjon i fag- og fokusområde i prosjekta. Sektoren er oppteken av behovet for langsiktig satsing når dei skal jobbe vidare med kvaliteten i fleksible utdanningstilbod og i tillegg halde oppe robuste fagmiljø samstundes som tilboda over tid skal kunne variere både mellom fagområde og kvar i landet dei blir tilbodne. Derfor er prosjektperioden utvida frå to til fire år for å kunne gi større fleksibilitet i lengda på prosjekta

I 2021 blei lærebokordninga monaleg styrkt og vidareutvikla for å medverke betre til meir bruk og utvikling av norsk fagspråk. Søknader på fagområde med stort domenetap til engelsk og bøker på samisk og nynorsk har fått auka prioritet i ordninga. Større vektlegging av norsk fagspråk i høgare utdanning kan føre til at det blir produsert og publisert fleire læremiddel på norsk og samisk framover.

Covid-19-pandemien har gitt verdifull erfaring og kompetanse i bruk av digitale verktøy i undervisning, vurdering og læring som det er viktig å bygge vidare på. Fleirtalet av prosjekta som har fått støtte frå HK-dir dei seinare åra, inkluderer utvikling og pedagogisk bruk av digitale verktøy. Prosjekta tek i bruk digitale verktøy anten for å fremje meir studentaktivitet i undervisnings- og læringsprosessen eller for å gjere undervisninga meir praksisnær.

Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU) har eit nasjonalt ansvar for å stimulere og

legge til rette for kunstnarleg utviklingsarbeid i Noreg. PKU gir prosjektmidlar til kunstnarlege utviklingsprosjekt og driv den nasjonale forskarskulen i dei skapande og utøvande kunstfaga. PKU er sentralt for å utvikle doktorgradsuttanningane på dette området. 82 stipendiatar er knytte til forskarskulen. Covid-19-pandemien har påverka framdrifta også for desse stipendiatane, og berre 7 stipendiatar sluttførte i 2021. Mange stipendiatar er i sluttfasen av arbeidet, og det er venta fleire disputasar i 2022. På oppdrag frå HK-dir gjennomførte Ideas2evidence i 2021 ei kandidatundersøking om stipendiatprogrammet og doktorgradsprogram i kunstnarleg utviklingsarbeid. Undersøkinga viser at kandidatane etter fullført program for det meste raskt finn relevant arbeid, og at nesten alle kandidatane i dag har ein relevant jobb.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår ei samla løyving for post 52 og 72 på 383,4 mill. kroner: fordelt med 263,2 mill. kroner på post 52 og 120,1 mill. kroner på post 72.

Løyvinga på post 52 og 72 går til ulike program og tiltak retta mot høgare utdanning:

- senter for framifrå utdanning
- fleksible utdanningstilbod
- ulike program og tiltak for utvikling av praksisstudiar og auka arbeidslivsrelevans i utdanningane
- program for kunstnarleg utviklingsarbeid
- program for studentaktiv læring
- lærebokordninga for høgare utdanning
- program for maritim kompetanse
- støtteordninga for opne norskspråklege tidskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap
- utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning

Departementet foreslår å løyve 2,95 mill. kroner til International Council for Open and Distance Education (ICDE) i 2023.

Sett i lys av behovet for å gi rom for andre prioriteringar foreslår departementet å redusere løyvinga på post 52 og 72 samla sett med 44,8 mill. kroner.

På grunn av reduksjonen vil departementet redusere tildelinga til einskilte av programma og ordningane. Det gjeld følgande ordningar:

- program for maritim kompetanse
- senter for framifrå utdanning
- lærebokordninga for høgare utdanning, tilsvarende mindreforbruk i 2022

- støtteordninga for opne norskspråklege tidskrift innanfor humaniora og samfunnsvitenskap, tilsvarande mindreforbruk i 2022
- program for studentaktiv læring og tiltak for auka arbeidsrelevans slås saman til eitt program, og den samla ramma vert redusert.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane til dei søknadsbaserte ordningane for desentralisert og fleksibel utdanning over heile landet med 10 mill. kroner, til 199,6 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å flytte 68 mill. kroner frå kap. 272, post 52 til kap. 260, post 50 for Nord universitets studietilbod på Nesna og overdraginga av verksemda Nordland kunst- og filmhøgskole til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, jf. tilsvarande flytting for 2022 i Innst. 450 S

(2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022). Regjeringa foreslår vidare å flytte 4,1 mill. kroner til kap. 270, post 74 for studentsamskipnaden Studentinords tilbod til studentane ved Nesna.

Post 71 Tilskot til tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 51

Sjå omtale under kap. 272, post 51.

Post 72 Tilskot til tiltak for høgare utdanning, kan overførast, kan nyttast under post 52

Sjå omtale under kap. 272, post 52.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt

| | | (i 1 000 kr) | | |
|------|--------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 50 | Verksemdskostnader | 223 101 | 179 008 | 182 910 |
| | Sum kap. 273 | 223 101 | 179 008 | 182 910 |

Post 50 Verksemdskostnader

Posten omfattar løyvinga til Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt), som er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet. Sikt har ansvar for felles digitale tenesteleveransar til kunnskapssektoren.

Mål for 2023

- Kunnskapssektoren har god tilgang til infrastruktur og fellestenester av høg kvalitet
- Kunnskapssektoren deler data for auka kunnskapsutvikling, innovasjon og verdiskaping
- God informasjonstryggleik og godt personvern i kunnskapssektoren

Resultat i 2021

Rapporteringa gjeld løyvinga i 2021, som gjekk til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Som følge av omorganisering av den sentrale forvaltninga av høgare utdanning, høgare yrkesfagleg utdanning og kompetansefeltet blei Unit 1. januar 2022 lagt ned og

oppgåvene overførte til dei nye forvaltningsorganene Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt).

Behovet for brukarvennlege, sikre og pålitelege digitale undervisnings- og vurderingstenester blei forsterka som følge av det større omfanget av nettundervisning under pandemien. Unit leverte i tett samarbeid med universitets- og høgskulesektoren fellestenester som læringsplattform, videotenester og digital eksamen. Unit har i 2021 medverka i viktige utgreingar både om konsekvensar for avlyst eksamen for vidaregåande skular og endring i opptakskrav for lærarutdanninga.

Det samordna opptaket til grunnutdanningar ved universitet og høgskular blei gjennomført etter planen trass i utfordringar med opptaksreglar ved avlyste eksamenar og rekordmange søkarar som følge av pandemien. Samordna opptak opplevde òg vanskar med IT-systema, og desse var til tider nede. Opptaksplattforma bygger på gammal teknologi og har no eit stort behov for modernisering.

Nasjonalt vitnemålsdatabase (NVB) er ei nasjonal fellesteneste som inneheld vitnemål frå vidare-

gåande opplæring. NVB er avgjerande for automatiseringsgraden i det samordna opptaket til høgare utdanning, og det er samstundes ei sjølvstendig teneste. I 2021 starta Unit utvikling av ei nettbasert teneste for automatisert kvalitetssikring av vitnemål, ein såkalla kontrollmotor. Dei vidaregåande skulane brukar nettenesta både til kontroll av fagvala til elevane, for å sikre at dei vel fag som oppfyller krava til vitnemål, og ved utferding av vitnemål. På sikt er målet at vitnemål frå alle typar utdanningar kan lagrast i NVB.

Gjennom fellestenesta Vitnemålsportalen kan alle som har høgare utdanning frå Noreg, sjølve hente ut vitnemåla og karakterutskriftene sine og dele dei med studiestadar, moglege arbeidsgivarar og andre. Vitnemålsportalen sikrar at resultatane som blir delte, er korrekte. I 2021 er det gjort ytterlegare forbetringar med digitalisering av eksamen og påfølgande resultat og vitnemål. Digitale vitnemål blir no gjorde tilgjengelege for studentane gjennom Vitnemålsportalen.

Dåverande Uninett AS etablerte i 2021 Cybersikkerheitssenter for forskning og utdanning, som er ei fellesteneste for betre å avdekke, analysere og handtere truslar og dermed redusere risiko i informasjonstryggleik og personvern i høgare utdanning og forskning. Cybersikkerheitssenteret har òg ansvaret for oppgåva som sektorvist resposmiljø

(SRM) som skal dekke alle dei underliggende verksemdene i sektor for høgare utdanning og forskning.

Unit har i 2021 halde fram med å forhandle og reforhandle avtalar om open forskning med dei store forlaga på vegner av universitet, høgskular, forskingsinstitutt og sjukehus, avtalar som gir lesetilgang til alle tidsskrifta til forlaga og høve til å publisere forskingsartiklar utan ekstra kostnader. Unit har òg gjort eit stort arbeid for å informere biblioteka og forskarane om korleis dei kan publisere ope, og lanserte i 2021 nettstaden openscience.no. Nettstaden gir generell informasjon om open forskning, særleg open tilgang, og rettleiing til forskarar og institusjonar om korleis dei kan publisere, finansiere og få tilgang til forskingsresultat.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 182,9 mill. kroner på posten. I forslaget inngår ein reduksjon på 904 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien og ein reduksjon på 339 000 kroner som følge av at den forventa reduksjonen i pensjonspremien ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse blei underestimert i saldert budsjett 2022, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Kap. 274 Universitetscenteret på Svalbard

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 70 | Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard | 40 032 | 158 265 | 158 265 |
| | Sum kap. 274 | 40 032 | 158 265 | 158 265 |

Post 70 Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard

Posten omfattar tilskot til Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS). UNIS er eit statleg aksjeselskap underlagt Kunnskapsdepartementet. UNIS blei etablert i 1993 som ein høgare utdannings- og forskingsinstitusjon for å gi utdanning på universitetsnivå i arktiske studiar og bidra til å utvikle Svalbard som internasjonal forskingsplattform.

Mål for 2023

Høg kvalitet i utdanning og forskning knytt til Svalbards plassering i eit høgarktisk område.

Resultat i 2021

UNIS har studietilbod på universitetsnivå som eit supplement til den undervisninga som blir gitt ved institusjonane på fastlandet. Den geografiske plasseringa gir spesielle fortrinn gjennom bruk av naturen som laboratorium og arena for observasjonar, innsamling og analyse av data. I vårsemesteret 2021 blei dei aller fleste master- og ph.d.-emna ved UNIS avlyste, og maksimalt studenttal måtte reduserast på grunn av smitteverntiltaka. Derfor blei det berre utført 162 studentårsverk ved senteret i 2021. Det er fleire enn i 2020, men lågare enn måлтаlet på 220 årsverk. UNIS har i 2020 og 2021 nytta det økonomiske handlingsrom-

met sitt til investeringar for å kunne gi betre kvalitet på utdanning, forskning og administrative tenester i åra framover. Det gjer at senteret står betre rusta til å handtere ein ny normal etter covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 158,3 mill. kroner på posten.

Det blir gjort ein områdegjennomgang av tilskot til namngitte mottakarar der utgangspunktet er at tilskot i størst mogleg grad skal lysast ut

gjennom tilskotsordningar på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium. Sjå nærare omtale i del I, kap. 1. Kunnskapsdepartementet meiner at UNIS ikkje kan behandlast som enkeltstående tilskotsmottakar. Verksemda ved UNIS blei opphavleg organisert som ei stifting, stifta av universiteta i Noreg i 1994, og i 2002 omdanna til eit aksjeselskap eigd av Kunnskapsdepartementet, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003) *Svalbardbudsjettet*. UNIS fungerer for alle praktiske formål som ei underliggende verksemd til Kunnskapsdepartementet.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> | 160 355 | 143 290 | 186 077 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 119 142 | | |
| 70 | Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i> | 235 107 | 82 073 | 77 524 |
| | Sum kap. 275 | 514 604 | 225 363 | 263 601 |

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning kan nyttast under kap. 275, post 21 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 275, post 70 for tilskot til ikkje-statlege aktørar.

Delar av løyvinga kan nyttast til lønn og andre utgifter for tilsette i Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2023

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat i 2021

I 2021 tildelte Kunnskapsdepartementet til saman 84 mill. kroner over kap. 275, post 21 og 70, til kvalitetsutvikling i lærarutdanningane. Partnerskapsamarbeid om praksis blei tildelt 65,8 mill. kroner. HK-dir (Diku) fekk 15 mill. kroner til praksisprosjekt. Praksissatsingane er viktige for å få til samarbeid og kunnskapsutvikling om kvalitet i praksis, slik at studentane kan få eit betre læringsut-

byte. Fagleg råd for lærarutdanning fekk tildelt 0,9 mill. kroner over kap. 275 og ytterlegare 0,9 mill. kroner over kap. 226, post 21. I 2021 starta rådet eit arbeid med å sjå på korleis arbeida med bachelor- og masteroppgåvene i lærarutdanning bidreg i yrkeskvalifiseringa og til kunnskapsdeling i utdanningane. Noregs idrettshøgskole tok dette året opp studentar til den femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (LUPE) for første gong. Det var fem søkarar per studieplass. Ytterlegare fem institusjonar lyser ut utdanninga i 2022 og 2023. I 2021 blei det gitt 2,5 mill. kroner til institusjonar som arbeider med å førebu implementeringa av denne utdanninga. Kunnskapsdepartementet starta i 2017 arbeidet med å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane som vil erstatte dei tidlegare rammeplanane for desse utdanningane (RETHOS-prosjektet). Det er sett av 5,3 mill. kroner årleg til prosjektet. Retningslinjene blir utarbeidd av programgrupper som departementet nemner opp. Det er til no utarbeidd retningslinjer for totalt 21 grunnutdanningar og 11 master- og vidareutdanningar. I 2021 blei det mellom anna fastsett retningslinje for samisk sjukepleiarutdan-

ning. I 2022 er retningslinjer for fleire masterutdanningar under utvikling.

Kunnskapsdepartementet tildelte 37,5 mill. kroner til MARKOM2020, som er eit samarbeidsprosjekt for maritim kompetanse. Ei evaluering utført av ideas2evidence viser at MARKOM2020 i prosjektperioden sin har bidrege til eit løft for dei maritime profesjonsutdanningane. Prosjektet har mellom anna lykkast med å utvikle eit meir heilskapleg utdanningsløp frå fagskule til ph.d., utstyrsparken er oppgradert, samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane er styrkt, og det er gjennomført ei omfattande kompetanseheving blant tilsette i maritime utdanningar. Evalueringa peikar på at utdanningane må følge opp endra behov i næringa, som auka digitalisering, ny teknologi og grønt skifte. Dette er tema som HK-dir i 2021 fekk i oppdrag å følge opp i det nye prosjektet MARKOM II frå 2022. HK-dir fekk tildelt 1 mill. kroner i 2021 for å starte opp dette arbeidet.

OsloMet – storbyuniversitetet og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet fekk 4,4 mill. kroner til å utvikle og drive kompletterande utdanning, primært for flyktningar med høgare utdanning frå heimlandet. Dei tilbyr lærar-, sjukepleiar- og ingeniørutdanning. Det er god søking til utdanningane, men kravet til norskkunnskapar er ei utfordring. OsloMet har integrert noko norskkopplæring i lærarutdanninga. Det er framleis viktig å arbeide for betre rekruttering, særleg til ingeniørutdanningane, og å få på plass gode praksisplas-sar. OsloMet har vedteke å utvide tilbodet på helsefagsida, og frå hausten 2022 vil dei også tilby kompletterande utdanning for bioingeniørar.

Opptaksutvalet skal gjere ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for opptak og foreslå eventuelle endringar i dette regelverket. Utvalet skal levere sin rapport 1. desember 2022.

Departementet tildelte midlar til fleire evalueringar og utgreiingsoppdrag som har bidrege til eit betre grunnlag for å nå måla for posten.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 186,1 mill. kroner på posten. Midlane skal gå til mellom anna følgende formål:

- Partnerskapssamarbeid mellom lærarutdanningsinstitusjonar og skule- og barnehageeigarar: 65,8 mill. kroner
- Nytt digitalt system for gjennomføring av opptaket til høgare utdanning 53,7 mill. kroner

- Prosjekt for å styrke kvaliteten i praksis i lærarutdanningane: 15 mill. kroner
- Utvikling av nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane: 5,5 mill. kroner
- Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) for å spreie forskingsbasert informasjon om internasjonale tilhøve, særleg til barn og unge: 5,5 mill. kroner
- Sikt for arbeid med sektorvist responsmiljø (SRM): 3,8 mill. kroner
- Institusjonar som planlegg for femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag: 2,5 mill. kroner
- HK-dir for arbeid med styringsmodell for informasjonstryggleik: 3,8 mill. kroner
- Fagleg råd for lærarutdanning 2025: 0,9 mill. kroner

I tillegg foreslår departementet midlar over kap. 275, post 21 til mellom anna geologiprogrammet GoNorth, stortingsmelding om profesjonsutdanning, den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VIII, arbeidet med forskingsprisar og andre mindre tiltak.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 53,7 mill. kroner for å finansiere eit nytt digitalt system for gjennomføring av opptaket til høgare utdanning. I samband med revidert budsjett for 2021 løyvde Stortinget 6 mill. kroner til utgreiing og planlegging av ei full modernisering av IT-løysingane som Samordna opptak bruker for å gjennomføre opptaket. Utgreiinga har vist at IT-systema er forelda, ikkje oppfyller lovkrav til datasystem, har høg driftsrisiko og er lite brukarvennlege. Det er derfor nødvendig å kome i gang med utviklinga av eit nytt system. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med ei endeleg kostnadsramme for prosjektet i samband med revidert budsjett for 2023. Målet med prosjektet er å utvikle eit sikkert, påliteleg og framtidsretta system, slik at opptaket til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning kan gjennomførast også i komande år.

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 10 mill. kroner for å finansiere andre tiltak på Kunnskapsdepartementets budsjett. Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 895 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. til kap. 201, post 21 for å samla løyvinga til ADMOD på ein post.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overførast

I statsbudsjettet for 2022 blei posten avvikla.

Resultat i 2021

Fram til 2020 omfatta posten midlar til investeringar i utstyr og vedlikehold i universitets- og høgskulesektoren, og i 2021 også midlar til oppgradering og tilpassing av universitets- og høgskulebygg. I revidert budsjett for 2021 vedtok Stortinget å omdisponere til saman 10,9 mill. kroner frå posten til Universitetssenteret på Svalbard og nybyggprosjekt for Studentersamfundet i Trondhjem. Det stod etter det 119,1 mill. kroner attende på posten, som departementet etter søknad tildelte til 17 ulike oppgraderings- og ombyggingsprosjekt ved Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Agder, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet, Noregs musikkhøgskole, Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

Mål for 2023

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Resultat i 2021

Kunnskapsdepartementet utbetalte til saman 235,1 mill. kroner over kap. 275, post 70:

- Studentsamskipnadene til oppfølging av studentane under koronapandemien: 128,5 mill. kroner, inkludert 50 mill. kroner for å lønne studentar som skal sørge for gode sosiale tilbod til andre studentar. Studentsamskipnadene betalte tilbake om lag 15,7 mill. kroner i ubrukne midlar
- Norsk senter for forskingsdata (NSD) for Database for statistikk om høgare utdanning (DBH): 25,2 mill. kroner
- Senter for grunnforskning (CAS): 23,1 mill. kroner til den generelle verksemda og 1,8 mill. kroner til senterets Young CAS Fellow-ordning
- Universitets- og høgskolerådet (UHR): 22,5 mill. kroner til den generelle verksemda, og til arbeidet i Komité for kjønnsbalanse og mangfald i forskning, og til arbeidet i Det nasjonale publiseringsutvalet. 2 mill. kroner til arbeidet med retningslinjer for lærarutdanningane
- Studentersamfundet i Trondhjem for finansiering av nybygg: 10 mill. kroner

- Det Norske Videnskaps-Akademi: 9,9 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 8,7 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap: 3,4 mill. kroner
- Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning for partnerskapar i barnehagelærerutdanning: 3 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for kandidatundersøkinga: 2,8 mill. kroner
- NLA Høgskolen for partnerskapar i grunnskulelærerutdanninga: 2,4 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskarar: 2,3 mill. kroner
- Nord-Troms Studiesenter: 1,5 mill. kroner
- Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC): 1,5 mill. kroner
- Studiesenter Lister kompetanse: 1 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena: 0,6 mill. kroner
- Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner
- MF vitenskapelig høyskole for partnerskapar i grunnskulelærerutdanning: 0,2 mill. kroner
- Barratt Due musikk institutt for partnerskapar i grunnskulelærerutdanning: 0,1 mill. kroner

Løyvinga har finansiert fleire tiltak som har gitt eit viktig grunnlag for informasjon om høgare utdanning og forskning som både departementet og aktørane i sektoren treng for å heve kvaliteten. I tillegg har løyvinga finansiert tiltak, i regi av studentsamskipnadene, for å ta hand om den psykiske helsa til studentane under covid-19-pandemien. Løyvinga har også gått til tre studiesenter som har bidrege til tilgang til studietilbod lokalt. Rapporteringa for 2021 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda og den psykososiale oppfølginga på ein tilfredsstillande måte.

Det var ei særleg stor løyving over posten i 2021 som følge av særskilte tiltak i møte med covid-19-pandemien.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 77,5 mill. kroner på posten.

Det blir gjort ein områdegjennomgang av tilskot til namngitte mottakarar der utgangspunktet er at tilskot i størst mogleg grad skal lysast ut gjennom tilskotsordningar på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium. Sjå nærare omtale i del I, kap. 1. Det blei i 2022

oppretta ei søknadsbasert ordning i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for tilskot til drift av studiesenter, der mellom anna Lister kompetanse AS og Campus Nord-Troms AS (tidlegare Nord-Troms studiesenter) fekk midlar. I tillegg fekk dei direkte tilskot frå Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår at dei får tilskota sine gjennom ordninga i HK-dir frå og med 2023, inkludert tilskotet dei i 2022 fekk direkte over Kunnskapsdepartementets budsjett. Høgskolesenteret i Kristiansund har sidan 2015 fått direkte tilskot over Kunnskapsdepartementets budsjett. I tråd med at det no er oppretta ei søknadsbasert ordning forvalta av HK-dir, foreslår departementet at også Høgskolesenteret i Kristiansund søker gjennom ordninga i HK-dir frå og med 2024.

Kunnskapsdepartementet foreslår å vidareføre dei andre einskildståande tilskota fordi det er aktørar med unike formål. Det vil ikkje vere effektiv bruk av offentlege ressursar å opprette tilskotsordningar for dei einskilde mottakarane.

Til dømes er Universitets- og høgskolerådet (UHR) den einaste medlems- og interesseorganisasjonen som omfattar nær alle universiteta og høgskulane som får løyving over statsbudsjettet, 32 av institusjonane er medlemmar. Arbeidet som UHR gjer, sparer forvaltninga og sektoren for tid og ressursar i prosessar der det er behov for samarbeid mellom partane eller innspel frå sektoren.

Dei vitenskaplege academia som får tilskot over posten, er særigne på sine felt. Til dømes er Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) Noregs eldste vitenskaplege institusjon, Akademiet for yngre forskarar (AYF) er det einaste vitenskaplege akademiet i Noreg for yngre forskarar og Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) er ein av dei eldste vitenskaplege organisa-

sjonane i landet som i tillegg er landsomfattande og omfattar alle vitenskaplege disiplinlar.

Senter for grunnforskning (CAS) er ein unik institusjon for å fremje forvitenskapsdrevet, framifrå forskning for godt etablerte og yngre forskarar. Forskaroppheald på CAS gir forskarar ei eineståande moglegheit til å jobbe uforstyrra og samanhengande med forskning.

Forskningsinstituttene fellesarena (FFA) representerer forskingsinstitutta med statleg grunnløyving. Dei skal bidra med råd til forvaltninga og andre aktørar i saker som særleg gjeld forskning og forskingsbasert innovasjon. FFA skal vidare vere høyringsinstans på vegner av medlemsinstitutta overfor departement og andre offentlege myndigheiter. Departementet foreslår følgjande tilskot:

- Senter for grunnforskning (CAS), inkludert Young CAS Fellow: 25 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet (UHR), inkludert Kif-komiteen og Det nasjonale publiseringsutvalet: 24,6 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi: 9,9 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 8,5 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers selskab: 3,5 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for den europeiske kandidatundersøkinga: 2,9 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskarar: 2,4 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena: 0,7 mill. kroner

Departementet foreslår ein reduksjon i løyvinga på 6,2 mill. kroner for å finansiere andre tiltak på Kunnskapsdepartementets budsjett.

Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap | | Forslag 2023 |
|------|-----------------------|-----------|--------------------------|-----------------|
| | | 2021 | Saldert budsjett 2022 | |
| 01 | Inntekter frå oppdrag | | 10 | 10 |
| | Sum kap. 3275 | | 10 | 10 |

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|----------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 18 361 | 19 823 | 20 119 |
| | Sum kap. 284 | 18 361 | 19 823 | 20 119 |

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Løyvinga dekkjer arbeidet i administrasjonen, granskingsutvalet og dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane for høvesvis medisin og helsefag, samfunnsvitenskap og humaniora, og naturvitenskap og teknologi. Oppgåvene er fastsette i forskningsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ.

Mål for 2023

Det overordna samfunnsmalet med FEK er etisk god og ansvarleg forskning. Måla med verksemda er at

- forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
- andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt
- samfunnet har tillit til forskning

Resultat i 2021

Riksrevisjonen konkluderte i 2021 med at dei statlege universiteta og høgskulane ikkje gjer nok for

å sikre at forskning skjer i tråd med forskningsetikklova og forskningsetiske normer. FEK har i 2021 prioritert arbeidet med å revidere og ferdigstille faglege retningslinjer og rettleiarar, rådgiving og formidling for å legge til rette for at institusjonane og forskarar fremjar etisk god og ansvarleg forskning. Ei anna prioritert oppgåve har vore å styrke samarbeidet mellom komiteane, utval og sekretariatet og velje ut fagleg prioriterte tema å jobbe saman om. I 2021 var tema institusjonane sitt ansvar og pandemiforskning. FEK har òg arbeidd med å vidareføre relevante møteplassar for erfaringsutveksling og diskusjon om spørsmål rundt institusjonane sitt ansvar for forskningsetikk.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 20,1 mill. kroner på posten. I forslaget inngår ein reduksjon på 96 000 kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien og ein reduksjon på 22 000 kroner som følge av at det i saldert budsjett 2022 blei utrekna for høg kompensasjon ved innføring av ny premiemodell i Statens pensjonskasse, jf. nærare omtale i del I, kap. 1.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 52 | Langsiktig, grunnleggande forskning | 1 724 871 | 1 708 476 | 1 757 574 |
| 53 | Sektoroverskridande og strategiske satsingar | 1 838 499 | 1 885 508 | 1 939 694 |
| 54 | Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse | 771 195 | 765 607 | 787 609 |
| 55 | Verksemdskostnader | 806 849 | 782 233 | 744 217 |
| | Sum kap. 285 | 5 141 414 | 5 141 824 | 5 229 094 |

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Sjå omtalen av mål under post 55.

I tråd med sektorprinsippet for norsk forskning, som inneber at kvart departement har ansvar for å finansiere forskning innanfor sine ansvarsområde, bidreg løyvingar frå mange departement til å nå dei måla regjeringa har sett for forskingspolitikken. Ei oversikt over dei største tildelingane til Forskingsrådet frå andre departement i 2022 og 2023 er presentert i del III, kap. 5.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Forskingsrådet og for at rådet når dei måla som er sette for verksemda. Eit felles styringssystem for Forskingsrådet samordnar sty-

ringssignala frå dei ulike departementa til Forskingsrådet.

I tillegg til midlane over kap. 285 får Forskingsrådet løyvingar over følgjande andre kapittel og postar på Kunnskapsdepartementets budsjett:

- kap. 201, post 21 (utdanningsforskning og forskning på forskings- og innovasjonspolitik)k)
- kap. 226, post 71 (tilskot til vitensenter)
- kap. 287, post 57 (grunnløyving til dei samfunnsvitskaplege institutta)
- kap. 288, post 21 (oppfølging av internasjonalt samarbeid)

Sjå nærare omtale av desse løyvingane under dei respektive postane.

Nokre av løyvingane til Forskingsrådet er øyremerkte tilskot til institusjonane i tabell 4.28.

Tabell 4.28 Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd

| Organisasjon | (i 1 000 kr) | |
|--------------------------------|--------------|--------------|
| | Kap.post | Forslag 2023 |
| Simula AS | 285.52 | 80 525 |
| Uninett Sigma2 AS ¹ | 285.54 | 50 000 |

¹ Løyvinga til Uninett Sigma 2 er ei snittløyving for den komande avtaleperioden.

Økonomisituasjonen i Noregs forskingsråd

Kunnskapsdepartementet viser til omtalen av økonomisituasjonen i Noregs forskingsråd i Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet og Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022*.

Bakgrunn for saka

Forskingsrådet mottok i 2022 om lag 10,8 mrd. kroner frå 46 ulike budsjettpostar fordelte på 15 ulike departement. Den samla løyvinga finansierer om lag 5 600 aktive forskings- og innovasjonsprosjekt. Forskingsrådet er nettobudsjettet og kan overføre ubrukne midlar ved utgangen av eit år til neste år. Avsetningane i Forskingsrådet har over fleire år vore høge. Med avsetningane meiner ein midlar som er overførte frå eitt år til eit anna. Ein stor del av desse er knytte til allereie igangsett aktivitet i form av tildelte prosjekt, medan ein mindre del skal tildelast i det komande året. Ved inngangen til 2021 var avsetningane på om lag 4 mrd. kroner samla sett, ein auke på 800 mill. kroner frå året før. I perioden 2017–21 vedtok Stortinget ei rekke eingongskutt på bud-

sjettpostar under fleire departement på til saman om lag 1,7 mrd. kroner. Formålet var å redusere avsetningane, slik at utbetalingane kom meir i balanse med løyvingnivået. Forskingsrådet har òg auka omfanget på utlysingar og tildelingane for å bygge ned avsetningane i same periode.

I Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet blei Stortinget orientert om årsakene til avsetningssituasjonen. Det blei mellom anna peika på at store avsetningar ikkje er i tråd med kontantprinsippet og eittårsprinsippet i løyvingreglementet. Budsjettet og statsrekneskapen reflekterer derfor ikkje fullt ut den faktiske forskingsaktiviteten som staten finansierer i budsjettåret. Vidare blei det gjort greie for likviditetsstyringa i Forskingsrådet og varsla at departementet ville gjennomgå Forskingsrådets praksis for bruk av avsetningane for å sikre ivaretakinga av økonomiregelverket og løyvingreglementet.

Hausten 2021 bad Kunnskapsdepartementet og Finansdepartementet Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) gjennomgå Forskingsrådets praksis for bruk av avsetningane. DFØs gjennomgang syner at Forskingsrådet i all hovudsak følger økonomiregelverket og løyvingreglementet. I 2021 har likevel Forskingsrådet på

nokre få postar i statsbudsjettet utbetalt meir enn summen av årets løyving og avsetningane på posten frå førre år. Dette har i hovudsak vore på postar under Kunnskapsdepartementet. DFØ viser til at løyvingreglementet § 5 betyr at løyvingane er bundne til den einskilde utgiftsposten i statsbudsjettet med beløp og formål. Dette gjeld både løyvingane og disponeringa av eventuelle ubrukte midlar frå tidlegare år, for Forskingsrådet i form av avsetningar. DFØ peikar på at Forskingsrådet ikkje kan omfordele midlar slik at avsetningane for vedkomande post samla blir negative ved utgangen av året. Dette vil tilsvare ei overskriding av disponible løyvingar. Den avgrensa tilgangen nettobudsjetterte verksemder har til å ha negative avsetningar er knytt til «særskilde grunnar» og opnar ikkje for planlagde opplegg, slik ei aktiv likviditetsstyring, som Forskingsrådet har framstilt det, kan innebere.

Kunnskapsdepartementet la fram vurderingane til DFØ for Stortinget i Prop. 115 S (2021–2022). Samstundes varsla departementet Stortinget om at Forskingsrådet i tidlegare år har tildelt midlar som dei næraste åra vil innebere utbetalningar som ligg monaleg over gjeldande løyvingnivå. Dette inneber at Forskingsrådet utan ytterlegare tiltak i åra framover vil ha negative avsetningar samla sett og på einskilde postar. Anslaga er uvisse, og endeleg status ved årsslutt vil avhenge av framdrifta i prosjekta og kva tiltak Forskingsrådet gjennomfører.

Regjeringa varsla samstundes at ho ville be Forskingsrådet om å setje i gang ein ekstern gjennomgang for å kartlegge situasjonen og kvalitetssikre talgrunnlaget, og dessutan kome tilbake til Stortinget med oppdatert status og forslag til ytterlegare tiltak i samband med statsbudsjettet for 2023.

I Innst. 450 S (2021–2022) samtykte Stortinget i at Forskingsrådet i 2022 kan nytte løyvingar som er overførte til Forskingsrådet til forskingsformål i 2022 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forpliktingar til forskingsprosjekt med andre formål i Forskingsrådets portefølje innafor ei samla ramme på 2 mrd. kroner.

Økonomisituasjonen per august 2022

Riksrevisjonen leverte ei ny revisjonsmelding om Noregs forskingsråd 16. juni 2022. Rapporten konkluderte med at rekneskapen manglar tilstrekkeleg informasjon om dei økonomiske konsekvensane av store framtidige forpliktingar til forskingsprosjekt. Riksrevisjonen støttar òg den tidlegare vurderinga til DFØ om at løyvingreglementet er brote.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet bad styret i Forskingsrådet KPMG om å gjennomføre ein ekstern gjennomgang av økonomisystemet. KPMG leverte rapporten sin 25. juni 2022. KPMG finn ikkje vesentlege feil i prognosen frå Forskingsrådet per mars 2022 og stadfestar at Forskingsrådet utan tiltak styrte mot eit samla nivå for negative avsetningar på 262 mill. kroner ved utgangen av 2022, og 1,8 mrd. kroner og 2,7 mrd. kroner ved utgangen av høvesvis 2023 og 2024. KPMG konkluderer vidare med at hovudårsaka til situasjonen er at Forskingsrådet har mangla aggregert styringsinformasjon som kunne medverke til å sikre balanse mellom tildelingar frå departementa og utbetalningar/forpliktingar. Det blir likevel understreka at økonomistyringa på detaljnivå, til dømes budsjettfordeling, søknadsprosess og val av forskingsprosjekt, har vore god.

Vidare har mangelen på eit tydeleg skilje mellom ulike typar avsetningar òg medverka til at det er brukt positive avsetningar til andre formål, utan at det har vore klart kva konsekvensar det ville føre til på lang sikt. Det har derfor vore gjennomført tiltak for å redusere avsetningane ved at det mellom anna blei tildelt meir midlar til forskingsprosjekta enn det som var løyvd frå departementa. På bakgrunn av dette viser KPMG til at «[d]et har vorte gjennomført for sterke tiltak, for hurtig, for å redusere overføringa». KPMG meiner òg at «det er mangelfullt at Forskingsrådet ikkje har gjort meir konkrete vurderingar av innretninga av økonomistyringa opp mot gjeldande regelverk».

Det nye styret til Forskingsrådet har i juni 2022 vedteke å gjennomføre fleire tiltak for å handtere situasjonen, mellom anna kutt i tildelingar i 2022, inga tildeling til FRIPRO i 2023 og forskyving av utbetaling til nye og igangsette prosjekt. Tiltaka har ein anslått samla effekt på 1,4 mrd. kroner i 2022–25. Tiltaka vil føre til at Forskingsrådet ikkje har samla negative avsetningar ved utgangen av 2022. Prognosane syner framleis totale negative avsetningar i perioden 2023–25, anslått til om lag 350 mill. kroner ved utgangen av 2023. Det vil i perioden 2022–25 også kunne vere store negative avsetningar på einskildpostar, særleg over budsjetta til Kunnskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Negative avsetningar på postnivået er utan tiltak anslått til om lag 3,1 mrd. kroner ved utgangen av 2023. For Kunnskapsdepartementets kap. 285 er anslaget for negative avsetningar utan tiltak på om lag 2,75 mrd. kroner, men 1,75 mrd. kroner med tiltak ved utgangen av 2025. Det er uvisse i prognosane. Det er venta at dei tiltaka som er vedtekte sette i

verk av styret, vil ha effekt og redusere negative avsetningar både samla sett og på dei einstilte postane. Forskingsrådet har likviditet til å handtere pliktige utbetalingar fordi ein del av eit års utgifter vil kome til utbetaling neste år, og då delvis blir dekte av løyvinga for neste år.

Vidare oppfølging

Det følger av regelverket for økonomistyring i staten at alle verksemdar skal etablere rutinar om system mellom anna for å sikre at beløpssmessige rammer ikkje blir overskridne, og at økonomistyringa er organisert på ein forsvarleg måte og i samsvar med gjeldande regelverk, jf. økonomireglementet § 14. Kunnskapsdepartementet forventar følgeleg at Forskingsrådet framleis set i verk dei vedtekte tiltaka for å bli ved med å redusere dei negative avsetningane. Departementet føreset at Forskingsrådet innrettar verksemda slik at situasjonen med negative avsetningar kan verte løyst utan tilleggs-løyvingar. Nye søknadsrundar og tildelingar i rådet skal gjennomførast i tråd med dette. Departementet forventar òg at Forskingsrådet forbetrar økonomistyringa framover og har bede Forskingsrådet følge opp KPMG-rapporten og gjere greie for kva tiltak verksemda vil setje i verk for å sørge for formålstenleg internkontroll, slik at relevant regelverk og rammevilkår blir følgde og etterlevd, og slik at det blir utarbeidd tilstrekkeleg, relevant og korrekt styringsinformasjon.

I statsbudsjettet 2023 er det anslått ein mindre nominell nedgang i den samla løyvinga til Noregs forskingsråd, samanlikna med saldert budsjett for 2022. Nedgangen skriv seg frå mellom anna reduserte løyvingar over budsjetta til Olje- og energidepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. Det er ikkje foreslått reduksjon i løyvingane til forskning gjennom Forskingsrådet over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Forslag til løyving for 2023 kan føre til endra prognosar for avsetningane på dei einstilte postane.

Regjeringa erkjenner at økonomisituasjonen i Forskingsrådet har skapt utryggleik i norsk forskning, også hos internasjonale samarbeidspartnarar. Regjeringa har store ambisjonar for ei rekke politikkområde der forskning og produksjon av ny kunnskap er heilt avgjerande, slik langtidsplanen for forskning og høgare utdanning uttrykker. Prognosane for den økonomiske situasjonen i Forskingsrådet viser at det framleis er viktig å gi Forskingsrådet tilstrekkeleg tid og fleksibilitet til å handtere situasjonen og gradvis ta ned aktivitets-

nivået til rammene for løyvingane, slik at norsk forskning og forskingsmiljø blir skjerma i størst mogleg grad.

Regjeringa meiner vidare at einstilte postar må kunne ha negative avsetningar fram til forslag til ny budsjettmodell for Forskingsrådet kan leggest fram for Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2024. Regjeringa foreslår òg at Stortinget samtykkar i at Forskingsrådet i 2023 kan nytte løyvingar som er overførte til Forskingsrådet til forskingsformål i 2023 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forplikningar til forskingsprosjekt med andre formål i Forskingsrådets portefølje innanfor ei samla ramme på 3,5 mrd. kroner jf. forslag til vedtak VIII. Det blir ikkje teke avgjerd om varige omprioriteringar for 2023-budsjettet no.

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning

Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å finansiere forskning som ikkje er øyremerkte særskilde tema eller formål. Løyvinga over kap. 285, post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggande forskning, bidra til å betre den vitskaplege kvaliteten i forskingsmiljø eller på einstilte forskingsområde og bidra til å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.

Mål for 2023

Langsiktig, grunnleggande forskning av høg kvalitet, uavhengig av fagområde.

Resultat i 2021

Dei målretta verkemidla for auka vitskapleg kvalitet, til dømes forskarprosjekt for fornying, forskarprosjekt for unge talent og forskingssenter, har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra. Satsinga på langsiktig, grunnleggande forskning har medverka til å gi dei beste forskarane i alle fag gode høve til å drive framifrå forskning og utvikle forskarkarrieren sin. Rekrutteringa er god, og unge forskartalent tek del i framifrå forskning. Prosjekt støtta av Forskingsrådet er av god kvalitet, og blir publiserte og siterte på høgde med eller over landsgjennomsnittet. På nokre få postar i statsbudsjettet, hovudsakleg over Kunnskapsdepartementets budsjett, har Forskingsrådet utbetalt meir enn summen av årets løyvingar og avsetningane på posten frå tidlegare år. Styret i Forskingsrådet har til dømes i perioden 2020–22 utlyst og tildelt 956 mill. kroner meir til fri prosjektstøtte (FRIPRO) enn løyvingnivået. Dette medfører at utbetalingane i ein periode vil vere

høgare enn løyvinga. På grunn av dei for høge tildelingane har fleire søknader fått tildeling. Det er likevel ei vedvarande utfordring at mange klart støtteverdige forskingssøknader får avslag.

Ordninga senter for framifrå forskning (SFF) bidreg til at dei beste forskingsmiljøa får betre og meir føreseielege rammer, og at vitenskapleg kvalitet blir prioritert på institusjonane. Ordninga blei evaluert våren 2020, og evalueringskomiteen konkluderte med at ordninga var ein suksess, og tilrådde at ho blei vidareført.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1 757,6 mill. kroner på posten.

Forskringsrådet har i løpet av åra 2020–22 utlyst og løyvd midlar for langt over nivået på løyvinga på posten. Dette gjer at forpliktingane på posten er høgare enn den samla løyvinga. Etter bestilling frå regjeringa har Forskringsrådet vurdert og sett i gang tiltak på kap. 285, post 52 for å løyse problemet. Eitt av tiltaka fører til at det ikkje blir tildelt midlar til nye FRIPRO-prosjekt i 2023. Etter tiltak som allereie er gjennomførte i 2022, i tillegg til stans i tildelingar til FRIPRO i 2023, estimerer Forskringsrådet negative avsetningar på om lag 850 mill. kroner på kap. 285, post 52 ved utgangen av 2023 utan ytterlegare tiltak. I dette anslaget er inkludert handsaminga av ei løyvingsfullmakt på 37,5 mill. kroner. Fullmakta blei avvikla i statsbudsjettet for 2013, men i seinare år vidareført som negative avsetning på posten. Forskringsrådet må handsame den negative avsetninga som følger av løyvingsfullmakta som ein del av handsaminga av den samla økonomisituasjonen for posten. Sjå òg innleiinga på kap. 285.

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

I rapporten frå områdegjennomgangen av Forskringsrådet blei det foreslått å reindyrke denne posten som ein finansieringsmekanisme som skal vareta endringsbehov, sektoroverskridande område og lange tidsperspektiv i forskingssystemet. Regjeringa har konkludert med at løyvinga på denne posten skal fordelast i tråd med følgande prinsipp:

- bidra til oppfølging av dei forskingspolitiske prioriteringane til regjeringa i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning
- gi fleksibilitet til å gjennomføre langsiktige endringar i forskingssystemet. Midlar på posten kan til dømes verke saman med satsingar

frå andre departement i ein startfase. Posten skal verke mobiliserande, ikkje kompenserande

- støtte og bygge opp forskning av høg vitenskapleg kvalitet og forskning med høg relevans

Mål for 2023

Sektoroverskridande forskning av høg kvalitet og forskning med høg relevans som bidreg til å følge opp prioriteringane i langtidsplanen og til å gjennomføre langsiktige endringar i forskingssystemet.

Resultat i 2021

Midlane på posten skal sørge for ei god oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. På grunn av den koordinerande rolla til Kunnskapsdepartementet i forskingspolitikken finansierer posten mange ulike område og aktivitetar i Forskringsrådets portefølje. Midlane skal også bidra til å auke forskingskapasitet på viktige område og støtte opp om sektorprinsippet. Det er størst innsats retta inn mot mogleggjerande og industrielle teknologiar, dernest klima, miljø og miljøvennleg energi og fornying i offentleg sektor og betre offentlege tenester.

Løyvinga på posten finansierer stimuleringsordningar for auka deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Midlane går til ei rekke tiltak, i hovudsak i Forskringsrådet, men òg i Innovasjon Noreg. Horisont 2020 blei avslutta i 2020, men dei endelege resultatata blei ikkje kjende før i 2021. I løpet av heile programperioden har norske forskings- og innovasjonsmiljø, næringsliv og offentlege verksemder og helseføretak henta heim om lag 2,53 pst. av dei konkurranseutsette midlane, godt over ambisjonsnivået på 2 pst. Dette utgjer om lag 16,2 mrd. kroner. For Horisont Europa blei også dei første resultatata klare for 2021. Norske fagmiljø har i løpet av det første driftsåret henta tilbake rekordhøge 3,26 pst. av midlane, noko som utgjer 1,8 mrd. kroner. Av dei norske miljøa som deltek, står næringslivet for 19 pst., universitets- og høgskulesektoren for 26 pst. og instituttsektoren for 37 pst.

Brorparten av dei konkurranseutsette midlane til polarforskning blei òg finansiert over denne posten. 67 mill. kroner blei fordelte over polarforskningsprogrammet. I underkant av 30 pst. av alle midlar fordelte til polarforskning over Forskringsrådets budsjett var Svalbard-relevante.

Andre sentrale satsingar som har fått finansiering over denne posten, er senter for forskingsdri-

ven innovasjon (SFI) og forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). SFI-ane bidreg til å fremje utvikling av næringsretta forskingsmiljø som ligg i den internasjonale forskingsfronten. Sentera legg godt til rette for eit nært samarbeid mellom bedrifter og forskingsgrupper. Styret i Forskringsrådet utlyste og tildelte 532 mill. kroner meir til SFI-ane i 2020 enn løyvingsnivået. Dette medfører at utbetalingane har vore høgare enn løyvingsnivået og vil fortsette å vere det i ein periode.

Midlane på posten finansierer òg programmet for forskingsbasert nyskaping, FORNY. Å bidra til nyskaping og verdiskaping frå forskingsinstitusjonane er ein del av Forskringsrådets oppdrag. Forskringsrådets støtte til tidlegfase-kommersialisering frå utdannings- og FoU-institusjonane er viktig for å verifisere idear og prosjekt. Støtte gjennom FORNY-programmet skal bidra til at forskingsresultata frå offentleg finansierte forskingsinstitusjonar kjem til nytte og skaper verdiar i samfunnet. Universitets- og høgskulesektoren er gjennom universitets- og høgskulelova pålagt ansvar for å ta kunnskapen i bruk og for kommersialisering av idear frå forskning, ofte omtala som teknologi-overføring. Teknologioverføringsfunksjonen (TTO-funksjonen) omfattar arbeid med kommersialisering og innovasjon av forskingsresultat og vert vanlegvis utført av TTO-ar (Technology Transfer Office).

Forskringsrådet rapporterer om god utvikling i økosystemet for nyskaping i og rundt utdannings- og FoU-institusjonane, men det er etter deira vurdering for låg søking til og for smal involvering i innovasjons- og nyskapingssinnsatsen. Det er ifølge Forskringsrådet høg kvalitet på søknadene og fleirtalet av prosjekta blir vidareutvikla etter avslutta prosjektperiode gjennom bedriftsetableringar som tiltrekker seg investorkapital og midlar frå verkemiddelapparatet og EU.

I perioden mellom 2019 og 2020 la Forskringsrådet om kommersialiseringstøtta frå FORNY til løpande søknadsmottak og månadlege vedtak om tildeling, medan det tidlegare var éin eller to årlege utlysingar. Talet på søknader i 2021 viser ein oppgang frå 2020, men enno er ikkje søknadnivået for verifiseringsmidlar tilbake til nivået før covid-19-pandemien. Årsakene til dette er nok samansette.

Forskringsrådet har i 2020 og 2021 finansiert seks felles kompetanseprosjekt for TTO-ane, med formål om å auke kompetansen om og profesjonalisere prosessen for teknologioverføring og samarbeidet mellom forskingsinstitusjonar og næringsliv. Prosjekta har mellom anna styrkt potensialet for samarbeid mellom TTO-ane og deling av beste

praksis-erfaringar. Som del i arbeidet på dette området har Kunnskapsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet mellom anna vurdert rolla til TTO-ane, insentiv og verkemiddel som støttar opp under kommersialiseringarbeidet, medrekna FORNY. Dette blei signalisert i statsbudsjettet for 2022. Planlagde endringar i FORNY-programmet blir omtalt nærare under budsjettforslag for 2023.

Forskringsrådet rapporterer at det har vore ei god utvikling for næringsretta forskning i 2021, med auka søking om tilskot, høg prosjektkvalitet og god breidde i næringsområde, bedriftsstorleik og geografisk fordeling.

Tal frå SSB viser at FoU-investeringane i næringslivet særleg skjer innanfor havbruk, energi-effektivisering og -omlegging, helse og omsorg, klimateknologi og fornybar energi, jf. SSB tal for FoU i næringslivet. Dette fell i stor grad saman med den tematiske fordelinga av Forskringsrådets samla innsats for å styrke forskinga i næringslivet i 2021.

Innanfor teknologi og digital omstilling er det òg ei positiv utvikling, men Forskringsrådet trekker òg fram behovet for å auke kapasiteten i og kompetansen på digitale teknologiar, nye verdikjeder og nye samarbeidsformer. Forskringsrådet peikar vidare på at dreininga mot grøn omstilling og digitalisering må forsterkast ytterlegare for å bygge fleire norske verdikjeder med gode kopleingar til dei ulike ordningane i EU.

Deltakinga frå norsk næringsliv i EUs ramme-program Horisont 2020 auka monaleg i perioden 2014–20. Norske forskings- og innovasjonsmiljø har gjort det godt i Horisont Europas nye innovasjonssatsing, EIC. Forskringsrådet peikar på at den norske suksessen i høg grad er basert på unge teknologibedrifter i samspel med solide fagmiljø på universitet og forskingsinstitutt. Departementet er nøgd med at Forskringsrådet har medverka til det gode resultatet.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 1 939,7 mill. kroner på posten.

Kap. 285, post 53 er ein av postane med negative avsetningar på grunn av den økonomiske situasjonen i Forskringsrådet. Sjå òg innleiinga på kap. 285. Forskringsrådet har etter bestilling frå regjeringa vurdert og sett i gang tiltak som kan bidra til å løyse situasjonen, mellom anna reduserte nivå på tildelingar til forskingsprosjekt, forskyvingar i oppstart av nye prosjekt og forlenging av allereie igangsette prosjekt. Dette er tiltak som vil ramme

verkemiddel med tildelingar frå kap. 285, post 53. Forskringsrådet er i dialog med sektoren om gjennomføring av tiltaka. Forskringsrådet estimerer negative avsetningar på om lag 400 mill. kroner på posten ved utgangen av 2023 utan ytterlegare tiltak.

Dei økonomiske stimuleringsmidlane for å auke Noregs deltaking i Horisont Europa går til ei rekke tiltak i Noregs forskingsråd og i Innovasjon Noreg, mellom anna prosjektetableringsstøtte (PES) og stimuleringsmidlar for instituttsektoren, Stim-EU. Departementet endrar frå 2023 namnet på ordninga frå Stim-EU til Retur-EU for å synleggjere at ordninga bidreg til auka retur av dei konkurranseutsette midlane frå EU. Ramma for Retur-EU blir frå og med 2023 sett til 500 mill. kroner for å støtte opp om dei norske institutta si deltaking i Horisont Europa. For prosjekt etablert i 2022 og seinare vil Retur-EU utbetalingane til forskingsinstitutta skje i tre like ratar, i starten av kvart av dei påfølgande åra. Regjeringa kjem tilbake med forslag til korleis løyvingsbehovet for auka ramme for Retur-EU skal løysast i samband med statsbudsjettet for 2025.

26,6 mill. kroner av løyvinga på posten går til Innovasjon Noreg for å finansiere arbeid med mobilisering til god norsk deltaking i Horisont Europa. Dette inkluderer også Innovasjon Noreg sin representant ved Kunnskapskontoret i Brussel.

25 mill. kroner av løyvinga på posten skal nyttast til forskning i kjernefysikk og kjernekjemi, for å styrke Noregs kunnskapsberedskap på det nukleære området, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022). Dette er ei vidareføring av satsinga på nukleær forskning som Noregs forskingsråd har sett i gang etter Stortingets vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022.

I tråd med signala gitt i statsbudsjettet for 2022 er Kunnskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Forskringsrådet i dialog om utviklinga av verkemidla for kommersiell utnytting av forskingsresultat frå offentleg finansiert forskning. Dette inkluderer utviklinga av programmet for forskingsbasert nyskaping (FORNY2020), som til no har finansiert den tidlege verksemda til TTO-ane gjennom ordninga med lokale prosjektmidlar. Departementa føreslår at ordninga i FORNY-programmet med lokale prosjektmidlar til TTO-ane blir erstatta i 2023 med ei søkbar ordning i Forskringsrådet retta mot forskingsinstitusjonar, dvs. universitet og høgskular, forskingsinstitutt og regionale helseføretak. Ordninga skal bidra til å finansiere den tidlege fasen av teknologioverføringsprosessen («TTO-funksjonen»), dvs. arbeid med evaluering, sikring av rettar og utvik-

ling av idéar og kunnskap, inkludert etablering av nye selskap der dette er den mest relevante forma for kunnskapsutnytting. Det er viktig at FoU-institusjonane sjølve tek ansvar for kommersialiseringsarbeidet i tidleg fase. Departementa legg derfor til grunn at forskingsinstitusjonane bidreg med egne midlar til dette arbeidet. Forskringsrådet skal fastsetje nærare innretning av ordninga, i dialog med Nærings- og fiskeridepartementet, Kunnskapsdepartementet og andre aktuelle departement. Ordninga skal ivareta TTO-funksjonen og realisere målet om auka kommersialisering av offentleg finansiert forskning. Omlegginga skal vurderast etter ei tid.

Post 54 Forskringsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Mål for 2023

Relevant og oppdatert forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse som understøttar forskning av høg kvalitet for eit innovativt og berekraftig samfunn.

Resultat i 2021

Forskringsrådet innvilga 22 nye prosjekt for forskingsinfrastruktur og tildelte midlar til laboratorium, utstyr, databasar og annan forskingsinfrastruktur over heile landet med til saman 1,4 mrd. kroner. Prosjekta som fekk støtte, skal gi infrastruktur som forskings- og innovasjonsmiljø over heile landet kan nytte. Om lag halvparten av prosjekta er nye, medan resten av prosjekta skal styrke eksisterande forskingsinfrastruktur. Mange av prosjekta er relevante for næringsutvikling, og ein skilde handlar om å gi norske forskings- og innovasjonsmiljø tilgang til internasjonal forskingsinfrastruktur.

Forskringsrådet har framleis arbeidd for open forskning, og rådet spelar ei viktig rolle som pådriver for god datahandtering og gode koplingar til europeisk infrastruktur gjennom European Strategy Forum on Research Infrastructure og European Open Science Cloud.

Styret i Forskringsrådet utlyste og tildelte 238 mill. kroner meir til nasjonal e-infrastruktur i 2020 enn løyvingsnivået. Dette medfører at utbetalingane har vore høgare enn løyvingsnivået og vil fortsette å vere det i ein periode.

Budsjettforslag for 2023

Midlane på posten skal gå til å finansiere Forskringsrådets ordning Nasjonal satsing på infra-

struktur. I tillegg skal løyvinga finansiere følgande særskilde formål:

- norsk bidrag til dei internasjonale infrastrukturprosjekta CESSDA ERIC, Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System og European Spallation Source
- basisløyvinga til Sigma2 AS. Kunnskapsdepartementet foreslår at denne blir vidareført i 2023

Departementet foreslår å løyve 787,6 mill. kroner på posten.

Kap. 285, post 54 er ein av postane med store negative avsetningar på grunn av den økonomiske situasjonen i Forskingsrådet. Sjå òg innleiinga på kap. 285. Forskingsrådet estimerer negative avsetningar på om lag 500 mill. kroner på posten ved utgangen av 2023 utan ytterlegare tiltak. Forskingsrådet, i dialog med Kunnskapsdepartementet og sektoren, arbeider med tiltak for å betre situasjonen på kap. 285, post 54.

Post 55 Verksemdskostnader

Løyvinga omfattar midlar til drift av Forskingsrådet, det vil seie alle løyvingar som ikkje går til FoU. Utgifter til utlysing av forskingsmidlar, evaluering av søknader, utvikling av porteføljeplanar og så vidare blir i hovudsak finansierte over denne posten. Det same gjeld utgifter til Forskingsrådets arbeid med rådgiving, møteplassfunksjon og særskild tenesteyting for alle departementa som løyver forskingsmidlar gjennom Forskingsrådet. Nasjonale fag-, tema- og institusjons-evalueringar blir finansierte gjennom FoU-løyvingane frå det einskilte departementet.

Mål for 2023

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Resultat i 2021

Forskingsrådet har arbeidd med å vidareutvikle porteføljestyringa i 2021 og særleg med å revidere porteføljeplanane gjennom dialog med forskingsmiljø og andre interessentar. Dei har sett i gang ei undervegsevaluering av porteføljestyringa for å sikre ei formålstenleg gjennomføring av porteføljestyring. Det er gjennomført fem verkemiddevalueringar i 2021.

Basert på tilbakemeldingar frå brukarundersøkingar, porteføljestyra og eigne tilsette har Forskingsrådet arbeidd med forbetningspunkt for søknadsbehandlninga. Formålet med endringane er å gi betre informasjon til søkerane, høgare kvalitet i vurderingane til ekspertpanela og meir effektiv ressursbruk.

Det er heilt avgjerande med eit kompetent nasjonalt støtteapparat i Forskingsrådet for at Noreg skal oppnå gode resultat i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. EUs niande rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa, starta opp 1. januar 2021. Forskingsrådet har tilpassa søknadstypene og vurderingskriteria til det som gjeld for rammeprogrammet.

I 2021 har Forskingsrådet sett i verk fleire av tiltaka i *Forskingsrådets policy for åpen forskning*. Frå og med 2021 stiller Forskingsrådet krav i tråd med Plan S for nye utlysingar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 744,2 mill. kroner på posten. Forslaget omfattar ein reduksjon på 62,8 mill. kroner. Det inneber at Forskingsrådet må gjennomføre effektiviseringar og vurdere andre kostnadsreducerande tiltak innanfor alle verksemdsområda sine. Det kan mellom anna innebere redusert rådgivings- og dialogverksemd overfor departementa og forskingsaktørane og omlegging av verkemidla for å få færre utlysingar og søknader å behandle. Forslaget omfattar også ein reduksjon på 3,5 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Løyvinga er redusert med 1,4 mill. kroner mot tilsvarande auke over kap. 256, post 01 for administrasjonsmidlar for INTPART-programmet.

Nærings- og fiskeridepartementet har lagt ansvaret for sekretariat knytt til Prosess 21 til Noregs forskingsråd. Arbeidet vil halde fram til og med 2024, og departementet foreslår å overføre 3,1 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til kap. 285, post 55 i 2023.

Forskingsrådet har saman med Innovasjon Noreg og Eksportfinansiering Noreg fått i oppdrag å etablere ein digital inngang til verkemiddeapparatet, Ei dør inn. Departementet foreslår å overføre 1,5 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet til kap. 285, post 55 i 2023.

Departementet foreslår å overføre 1,5 mill. kroner frå Klima- og miljødepartementet til kap. 285, post 55 i 2023. Midlane skal dekke Forskingsrådets oppfølging av satsing på grøn skipsfart.

Kap. 286 Regionale forskingsfond

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 60 | Regionale forskingsfond, tilskot til forskning | 194 982 | 159 012 | 122 087 |
| | Sum kap. 286 | 194 982 | 159 012 | 122 087 |

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskningsevna i regionane gjennom tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering av regionale aktørar til auka FoU-innsats.

Mål for 2023

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling gjennom å medverke til at bedrifter og offentlege verksemder oppnår auka kompetanse, innovasjonsevne og verdiskaping. Fonda skal vidare mobilisere bedrifter og offentlege verksemder til å delta i nasjonal og internasjonal forskning. Tilskotet på posten blir fordelt til fylkeskommunane, som lyser ut og tildeler prosjektmidlane.

Resultat i 2021

Om lag 80 pst. av tildelingane frå dei regionale forskingsfonda (RFF) gjekk til kvalifiseringsprosjekt og regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet. Rapporteringa frå fylkeskommunane syner at dei har prioritert fondsmidlane på ulike måter. Til

dømes tildelte RFF Arktis berre midlar til regionale kvalifiseringsprosjekt, medan RFF Agder og RFF Innlandet nytta meir enn halvparten av midlane til regionale kompetanse- og samarbeidsprosjekt med ein FoU-institusjon som mottakar. Av midlane på posten fekk næringslivet meir enn to tredelar, og offentleg sektor og FoU-institusjonar tok imot resten. Hovudparten av dei samla midlane gjekk til forskning og innovasjon innanfor miljø og marine område.

Budsjettforslag for 2023

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 122,1 mill. kroner på posten. Løyvinga er redusert med 41,4 mill. kroner frå 2022. Regjeringa foreslår vidare å styrke distriktsprofilen i fondsordninga. Fondsregion Oslo blir avvikla, og fondsregionane Trøndelag, Vestland og Viken får ein særleg reduksjon i tilskotet på 2 mill. kroner kvar. Dei fire fylka har ved sida av Troms og Finnmark høgast prosentdel forskingsmidlar rekna per innbyggjar.

Fylkeskommunane skal nytte tilskotet til dei regionale forskingsfonda i samverknad med FORREGION-midlane, som vert tildelte over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Tabell 4.29 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2023

| Fylkeskommune | (i 1 000 kr) |
|--------------------------------|----------------|
| Beløp | |
| Agder | 12 532 |
| Innlandet | 11 152 |
| Møre og Romsdal | 10 064 |
| Nordland | 12 851 |
| Oslo | - |
| Rogaland | 12 335 |
| Troms og Finnmark (RFF Arktis) | 12 867 |
| Trøndelag | 10 215 |
| Vestfold og Telemark | 11 706 |
| Vestland | 11 941 |
| Viken | 18 424 |
| Totalt | 122 087 |

Kap. 287 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

| | | (i 1 000 kr) | | |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 57 | Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt | 223 756 | 228 426 | 234 990 |
| | Sum kap. 287 | 223 756 | 228 426 | 234 990 |

Post 57 Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

Dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta driv i hovudsak forskning på felte arbeidsliv, energi og miljø, globale utviklingsutfordringar, helse, migrasjon, offentleg økonomi, regional utvikling, sosialpolitikk, utanriks- og tryggingsspolitikk, utdanning og innovasjon, og velferd. Alle institutta har ein tverrfagleg profil.

Mål for 2023

Målet med løyvinga er at Noreg skal ha ein sterk samfunnsvitskapleg instituttsektor som tilbyr næringsliv og offentleg sektor relevant kompe-

tanse og forskningstenester av høg internasjonal kvalitet. Til liks med andre institutt som får statleg grunnløyving, skal også dei samfunnsvitskaplege institutta bidra til berekraftig utvikling og omstilling.

Resultat i 2021

Driftsinntektene til dei 17 samfunnsvitskaplege institutta var om lag 1,45 mrd. kroner.

Grunnløyvinga til desse institutta utgjorde om lag 16 pst. av driftsinntektene, det same talet som i 2020. I tillegg kjem STIM EU-inntekter på 13,5 mill. kroner. Talet på forskarårsverk har auka med 30 til 798 årsverk i 2021, og kvinner stod for 53 pst. av forskarårsverka.

Tabell 4.30 Grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta

| | (1000 kr) | |
|--|----------------------|---------------------------------------|
| | Grunnløyving 2021 | Pst. endring 2019–21 (nominell) |
| Chr. Michelsens Institutt (CMI) | 18 859 | 5,0 |
| Forskningsstiftelsen FAFO | 23 691 | 4,7 |
| Fridtjof Nansens Institutt (FNI) | 8 603 | 0,7 |
| Institutt for fredsforskning (PRIO) | 22 478 | 5,9 |
| Institutt for samfunnsforskning (ISF) | 13 321 | 6,2 |
| Møreforskning AS | 7 741 | 9,2 |
| NORCE Norwegian Research Centre AS, samfunnsvitskapleg aktivitet | 34 100 | 3,5 |
| Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) | 17 394 | 5,0 |
| Nordlandsforskning AS | 5 550 | 8,2 |
| Norsk institutt for bærekraftsforskning AS (NORSUS) | 5 861 | 14,4 |
| Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) | 16 894 | –0,5 |
| NTNU Samfunnsforskning AS | 13 487 | 8,2 |
| Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF) | 8 112 | 2,3 |
| Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning | 3 819 | 16,2 |
| Stiftelsen SINTEF, samfunnsvitskapleg aktivitet ¹ | 26 055 | 28,0 |
| Telemarksforskning | 7 038 | 14,1 |
| Vestlandsforskning | 4 853 | –0,8 |
| Totalsum | 237 856 | 7,8 |

¹ Trøndelag Forskning og Utvikling (TFoU) gjekk inn i SINTEF-konsernet 1. januar 2021 og er teke ut av tabellen. Grunnløyvinga til TFoU vart overført til SINTEF-konsernet frå same tidspunkt.

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 235 mill. kroner på posten. I tillegg kjem grunnløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 20,2 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 161, post 71 på budsjettet til Utanriksdepartementet. 5,2 mill. kroner av løyvinga på posten gjeld Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Nordapt) i Sogndal.

10 pst. av grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta skal fordelast mellom institutta

etter oppnådde resultat på dei indikatorane som er fastsette i retningslinjene for grunnløyving til forskingsinstitutt og forskingskonsern.

Institutta skal nytte grunnløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetanseoppbygging. Løyvinga skal mellom anna stimulere den vitskaplege kvaliteten til institutta, publisering og internasjonalisering og samarbeid. Innanfor desse rammene avgjer institutta sjølve bruken av grunnløyvinga.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 21 | Særskilde driftsutgifter | 51 860 | 53 307 | 48 317 |
| 72 | Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar | 306 602 | 299 268 | 312 386 |
| 73 | EUs rammeprogram for forskning og innovasjon | 2 215 583 | 3 310 007 | 3 657 681 |
| 74 | EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett | 651 827 | 607 032 | 972 334 |
| 75 | UNESCO-kontingent | 22 308 | 22 556 | 21 057 |
| 76 | UNESCO-formål | 4 240 | 4 350 | 4 481 |
| | Sum kap. 288 | 3 252 420 | 4 296 520 | 5 016 256 |

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid for å heve kvaliteten nasjonalt innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekker mellom anna kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) og Global Science Forum under OECD. Mindre delar vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP) og prosjekt i regi av Europarådet og UNESCO.

Mål for 2023

Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning og forskning, og det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Resultat i 2021

Covid-19-pandemien har ramma det internasjonale utdannings- og forskningssamarbeidet også i 2021. Ein del av aktivitetane har stoppa opp eller blitt utsette, og det er først og fremst den fysiske mobiliteten som har blitt ramma hardt. Aktivitetar som i utgangspunktet ikkje krev omfattande reiseverksemd, har òg blitt ramma.

Hovuddelen av løyvinga har i 2021 vore nytta til samarbeidsprogrammet INTPART.

INTPART er eit av hovudtiltaka for å følge opp den reviderte versjonen av *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskningsamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Russland, Sør-*

Afrika, Sør-Korea og USA (2021–2027). Ordninga bidreg til etablering, bygging og vidareutvikling av strategiske partnerskapar av framifrå kvalitet gjennom støtte til koplingar mellom høgare utdanning, forskning og innovasjon. INTPART blir forvalta av Noregs forskingsråd i samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Ordninga lanserte si sjuande utlysing i 2021 og vil tildele om lag 80 mill. kroner til nye prosjekt i oktober 2022. Ein del av løyvinga har i 2021 gått til Europarådets prosjekt The European Qualifications Passport for Refugees og UNESCOs prosjekt UQP. Det blei òg gitt ei løyving på 1,5 mill. kroner til UNESCOs mellomstatlege havforskningskommisjon (IOC). Løyvinga er støtte til havforskningskommisjonens koordinering av FNs havforskingstiår (2021–30). Tiåret bidreg til auka havkompetanse både nasjonalt og internasjonalt, og norske forskingsmiljø deltek aktivt.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår ei samla løyving på posten på 48,3 mill. kroner for 2023. Midlane på posten går mellom anna til oppfølging av Panoramastrategien og til ei satsing på verdsleiarande fagmiljø på 19 mill. kroner til INTPART, som blir vidareført. Dessutan kan det bli gitt støtte til særskilde prosjekt i internasjonale organisasjonar, til dømes i UNESCO, OECD og Europarådet, som er særleg retta mot å nå Noregs mål for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid, mellom anna bidrag til å oppnå FNs berekraftsmål 4 om god utdanning til alle. I 2023 vil delar av løyvinga gå til UNESCOs Intergovernmental Ocea-

nographic Commission. Delar av løyvinga går òg til spesialutsendingar for høgare utdanning og forskning i prioriterte samarbeidsland.

Kunnskapsdepartementet foreslår å overføre 10,3 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til Utanriksdepartementets kap. 100, post 01 for å dekke utgifter til spesialutsendingane.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekker norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjerneforskning (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratoriet (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegget (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2023

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til global kunnskapsutvikling og til å nå overordna forskingspolitiske mål om høg kvalitet og internasjonalisering.

Resultat i 2021

Alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane Noreg deltek i, medverkar til global kunnskapsutvikling og driv verdsleiarande forskning innanfor fagfelte sine. Medlemskapen i organisasjonane gjer det mogleg for norske forskarar å delta på linje med forskarar frå andre medlemsland og bidra til global kunnskapsutvikling og forskning av høg kvalitet. Til dømes deltek drygt 100 nordmenn i ALICE- og ATLAS-eksperimenta ved CERN, der forskarane studerer dei minste byggesteinane i universet og kreftene som held dei saman. Det er forventa at det vil kome nye, viktige resultat no når Large Hadron Collider-maskinen er oppgradert til å levere protonstrålar med den høgaste energien som nokosinne har blitt oppnådd.

Forskarane får kjennskap til ny teknologi og tilgang til ei rekke infrastrukturtenester og held seg oppdaterte om og bidreg i forskingsfronten. Gjennom kurs og opplæring ved grunnforskningsorganisasjonane hentar norske forskarar heim

kunnskap til nytte for det norske forskingsmiljøet. Medlemskap i desse organisasjonane bidreg òg til å utvikle det felleseuropeiske forskingsområdet. Noreg har delegatar som sit i dei styrande organa til organisasjonane.

Dei siste åra har det skjedd gjennombrøt i bruk av kunstig intelligens til å føreseie den tredimensjonale strukturen til einskildprotein. Sjølv om verktøya har blitt gjorde tilgjengelege, er det krevjande å bruke dei. EMBL har i 2021 gjort tilgjengeleg strukturmodellar for nær éin million protein, i hovudsak frå menneske, frå sjukdomsframkallande organismar og frå artar som blir brukte som modellorganismar.

ESRF var i løpet av 2021 tilbake i full drift etter bygginga av den nye maskinen som gir meir enn 100 gongar betre kvalitet på synkrotronstrålen enn tidlegare. ESRF verkar som eit «supermikroskop» som kan filme plasseringa av og rørsla til atom i faste og levande materiale innanfor mange fagfelt, som kjemi, materialfysikk, arkeologi og kulturarv, biologi, medisin, miljøvitskap med fleire. Kvart år mottok ESRF 9000 vitskaplege besøk, og det blir publisert 2000 vitskaplege artiklar basert på resultatata frå ESRF.

IARC er WHO's spesialiserte kreftforskningsbyrå, som fremjar internasjonalt kreftforsknings-samarbeid og særleg førebygging av kreft. I 2021 har IARC produsert mykje forskning av høg kvalitet basert på internasjonalt samarbeid med mellom andre norske forskarar. I tillegg har IARC halde fram arbeidet for kartlegging av konsekvensar av covid-19-pandemien på kreftpasientar og samarbeidd med WHO om ein global handlingsplan for førebygging og kontroll av ikkje-smittsame sjukdommar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 312,4 mill. kroner på posten. Kontingentane for dei einskilde medlemslanda blir fastsette ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller liknande er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2023 er enno ikkje fastsette for alle organisasjonane. Budsjettforslaget for 2023 tek for dei fleste organisasjonane derfor utgangspunkt i dei kontingentane som blei vedtekne for 2022.

Tabell 4.31 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2023

| Organisasjon | Kontingent i lokal valuta (i 1000) | | |
|--------------|------------------------------------|-------|----------|
| | CHF | Euro | 1 000 kr |
| CERN | 26 636 | | 259 610 |
| EMBC | | 637 | 6 396 |
| EMBL | | 2 840 | 28 524 |
| ESRF | | 1 040 | 10 444 |
| IARC | | 738 | 7 412 |
| Sum | | | 312 386 |

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Løyvinga dekker Noregs kontingent til deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont Europa (2021–27), og midlar til EUs tiltakspakke for gjenoppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU», som blir kanaliserte gjennom Horisont Europa. I tillegg dekker posten etterbetalingar for Horisont 2020 (2014–20).

Mål for 2023

Måla for løyvinga er:

- høg kvalitet i norsk forskning og fleire framifrå og innovative miljø,
- auka verdiskaping, styrkt konkurranse- og innovasjonsevne og bidrag til omstilling, at Noreg kan handtere store samfunnsutfordringar betre, bidra til å nå berekraftsmåla og ei berekraftig samfunnsutvikling,
- utvikling av forskings- og innovasjonspolitikken
- nye samarbeidsmonster på tvers av landegrensar, sektorar og fag.

Resultat i 2021

Horisont 2020 blei avslutta i 2020, men først i 2021 vart dei endelege resultatata kjende. Norske forskings- og innovasjonsmiljø, næringsliv og offentlege verksemder og helseføretak har totalt sett henta heim om lag 2,53 pst. av dei konkurranseutsette midlane, godt over ambisjonsnivået på 2 pst. Omrekna til norske kroner utgjer dette om lag 16,2 mrd. kroner. Dei siste resultatata frå EUs «grøne giv» var spesielt gode. Norske aktørar, med instituttsektoren i spissen, henta tilbake over 500 mill. kroner frå denne utlysinga, noko som

utgjer heile 4,9 pst. i retur. I Horisont Europa har norske fagmiljø i løpet av det første driftsåret henta tilbake rekordhøge 3,26 pst. av midlane, noko som utgjer 1,8 mrd. kroner. Samla sett gir dette norske prosjektdeltakarar tilgang til prosjektmidlar til ein total verdi av 17 mrd. kroner.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 3,66 mrd. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2023 er basert på Europakommisjonens budsjett for 2023.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Løyvinga på posten dekker kontingenten for norsk deltaking i EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+ (2021–27).

Resultat i 2021

Det er lansert fleire nye tiltak i det nye programmet, som Erasmus+ Lærarakademi, europeiske universitet, der norske institusjonar deltek i åtte av alliansane, og senter for framifrå yrkesfag, der aktørar i Trøndelag deltek. Nokre tiltak er endra for å spegle behova og endringane i samfunnet, til dømes innovasjonsalliansar og framtidretta prosjekt. Programmet er no tydelegare knytt til viktige samfunnsutfordringar som berekraft, inkludering og digitalisering, som er tverrgående prioriteringar i alle tiltak. Interesse for den første søknadsrunden i 2021 var god, trass i pandemien. Særleg var det stor interesse for studentmobilitet. Etter den kraftige nedgangen i 2020 er det ein positiv korleksjon i 2021, men framleis på eit like lågt nivå som då pro-

grammet starta. Utreisande studentar heldt seg i stor grad til Europa hausten 2021, noko som gir store utslag på dei samla tala for utreisande studentar samanlikna med før pandemien.

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er styrkt kvalitet, relevans og attraktivitet i det norske utdanningssystemet og høgare kompetanse hos den einskilde deltakaren. Deltakinga skal bidra til å handtere store samfunnsutfordringar, styrkt samarbeid mellom utdanning, opplæring og arbeids- og samfunnsliv, at fleire deltek i eit internasjonalt læringsmiljø, og det skal vere eit bidrag til utviklinga av politikk og rammevilkår.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 972,3 mill. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2023 er basert på Europakommisjonens budsjett for 2023.

Post 75 UNESCO-kontingent

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten til UNESCO, FN's særorganisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. UNESCO har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremje internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Mål for 2023

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ei god gjennomføring av og tek ei leiarrolle i koordineringa av FN's berekraftsmål nr. 4 om utdanning. Deltakinga skal òg medverke til at UNESCO følger opp den globale konvensjonen for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning, og at organisasjonen kan få eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, ikkje minst ved å ha ei leiande rolle i gjennomføringa av FN-tiåret for havforskning (2021–30). I tillegg skal UNESCO verne og styrke verdas kultur- og naturarv, styrke presse- og ytringsfridommen og arbeide for meir open tilgang til forskingsresultat. I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å styrke resultatrapporteringa, å betre samarbeidet med andre relevante FN-organisasjonar og å konsentrere innsatsen der organisasjonen har dei største fortrinna sine.

Resultat i 2021

Berekraftmåla (SDG-ane) og Agenda 2030 er førande for arbeidet til UNESCO. UNESCO har

hovudansvaret for SDG 4 – utdanningsmålet – i FN. UNESCO arbeider kontinuerleg med berekraftsmål nr. 4. UNESCOs 41. generalkonferanse blei arrangert hausten 2021. Generalkonferansen vedtok ny strategi for UNESCO for 2022–29, nytt program for 2022–25 og nytt budsjett for 2022–23. På generalkonferansen blei det vedteke ein Recommendation on the Ethics of Artificial Intelligence og ein Recommendation on Open Science. UNESCO arbeider aktivt og systematisk med implementeringa av global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar innanfor høgare utdanning, som Noreg var den første staten til å ratifisere. Dette er det første globale normative dokumentet innanfor høgare utdanning frå UNESCO nokon gong. Den mellomstatlege havforskningskommisjonen (IOC) leiar arbeidet med gjennomføring av FN's tiår for havforskning, der norske forskingsmiljø òg gir viktige bidrag. IOC har vidare gitt viktig kunnskap om samanhengen mellom tilstanden i hava og klimaendringar og kva havet har å seie for dei andre berekraftmåla. Noreg var medlem av Verdsarvkomiteen i perioden 2017–21 og ei aktiv og tydeleg stemme for å verne om og fremje verdas kultur- og naturarv. Noreg følger opp UNESCOs arbeid og mandat for presse- og ytringsfridom. Saman med dei andre nordiske landa arbeider Noreg kontinuerleg med å gjere UNESCO meir effektivt og resultatorientert og med å få innført eit meir kjønnsnøytralt språk og meir straumlinjeforma vedtaksstrukturar i organisasjonen.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 21,1 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2023.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskotsordninga til UNESCO-formål, som blir forvalta av Den norske UNESCO-kommisjonen. UNESCO-kommisjonen er eit rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som eit bindeledd mellom myndighetene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Drifta av UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200, post 21.

Mål for 2023

Tilskotsordninga skal styrke arbeidet og ansvarsområda til UNESCO, gjere UNESCO meir kjend i Noreg og understøtte dei vedtekne satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen.

Resultat i 2021

20 ulike prosjekt fekk støtte frå tilskotsordninga.

Prosjekta låg innanfor satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen: presse- og ytringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og dokumentarv, og demokratiutvikling. Prosjekta er spreidde ut i Noreg, og ordninga har dermed medverka til å gjere ansvarsområda til UNESCO meir kjende i fleire delar av landet.

Ein del av løyvinga gjekk i 2021 til å sikre vidare støtte til UNESCOs skulenettverk, Associated School Program Network (ASPnet). ASPnet er

eit globalt nettverk av meir enn 11 500 utdanningsinstitusjonar i 180 land som arbeider for å fremje verdiane og måla til UNESCO, mellom anna delmål 4.7 i Agenda 2030 om utdanning for å fremje berekraftig utvikling. I 2021 var det 36 medlemsskular i Noreg. FN-sambandet er nasjonal koordinator for ASPnet i Noreg.

Budsjettforslag for 2023

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4,5 mill. kroner på posten. Dette inkluderer ei særskild løyving på 700 000 kroner til UNESCOs skulenettverk ASPnet.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|------------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 04 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter | 17 367 | 17 441 | 16 414 |
| | Sum kap. 3288 | 17 367 | 17 441 | 16 414 |

Løyvinga på post 04 gjeld refusjon av utgifter til UNESCO-kontingenten, som etter statistikkdi-

rektiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Kap. 289 Vitskaplege prisar

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 51 | Holbergprisen | 17 341 | 17 492 | 17 474 |
| 71 | Abelprisen | 16 288 | 17 011 | 16 968 |
| 72 | Kavliprisen | 11 340 | 11 635 | 11 605 |
| | Sum kap. 289 | 44 969 | 46 138 | 46 047 |

Dei internasjonale forskingsprisane til regjeringa blir delte ut for å anerkjenne framifrå vitskapleg arbeid og auke merksemda kring forskning i samfunnet.

Det blir gjort ein områdegjennomgang av tilskot til namngitte tilskotsmottakarar for å vurdere om dei er i tråd med regelverket for økonomistyring i staten, mellom anna med mål om å redusere omfanget av enkeltståande tilskot. Områdegjennomgangen inkluderer òg ein reduksjon i tilskot til namngitte mottakarar. Reduksjonen i tilskot til namngitte mottakarar på kap. 289 gjeld for post 71

og 72, men departementet foreslår at reduksjonen blir fordelt pro rata på alle postar under kapitlet. Les meir om områdegjennomgangen i Del I, kap. 1 Hovudinnleiing.

Post 51 Holbergprisen

Mål for 2023

Formålet med Holbergprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor humaniora, samfunnsvitskap, jus og teologi. Prisen skal skape merk-

semnd i samfunnet om fagfelta og føre til interesse for dei blant barn og unge.

Resultat i 2021

I 2021 fekk professor Martha C. Nussbaum, University of Chicago, Holbergprisen for banebrytande forskning innanfor filosofi og rettsvitenskap. Holbergprisen blir delt ut årleg av Universitetet i Bergen. Prisen er på 6 mill. kroner. I samband med Holbergprisen blir også Nils Klim-prisen delt ut. Nils Klim-prisen er ein pris til framifrå yngre forskarar i eller frå Norden innanfor dei same fagfelta som Holbergprisen omfattar. I 2021 gjekk prisen til Daria Gritsenko, førsteamanuensis (assistant professor) i russiske og eurasiske studium ved Helsingfors universitet, for monalege forskingsbidrag i kryssingsfeltet mellom statsvitenskap, miljøstudium og digital humaniora. Prisen er på 500 000 kroner. På grunn av covid-19-pandemien blei prisane for både 2020 og 2021 delte ut i 2021, og prisvinnarane fekk diplom og medaljar i dei respektive heimlanda ved hjelp av norske ambassadar.

I tillegg til å dekke prisbeløpet til vinnarane blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband med priskomitearbeidet og prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for fagfelta blant barn og unge og i samfunnet elles. Holbergprisen i skulen er ein nasjonal forskarkonkurranse for elevar i vidaregåande skule innanfor humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag. Kvart år deltek 20 skular med mellom 700 og 1 000 elevar frå heile landet. I 2021 var det Amalie Skram vidaregåande skule som vann Holbergprisen i skulen.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 17,5 mill. kroner på posten.

Post 71 Abelprisen

Mål for 2023

Formålet med Abelprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor matematikk. Prisen skal skape merksemd i samfunnet og auke interessa for matematikk blant barn og unge.

Resultat i 2021

I 2021 blei Abelprisen delt ut til László Lovász frå Eötvös Loránd-universitetet i Ungarn og Avi Wigderson frå Institute for Advanced Study i Princeton

i USA, for grunnleggande bidrag til teoretisk datavitenskap og diskret matematikk og rolla deira i å gjere desse felta til sentrale felt i moderne matematikk. På grunn av covid-19-pandemien blei prisane for både 2020 og 2021 delte ut under Abelprisveka 2021, og prisvinnarane fekk prisen i dei respektive heimlanda ved hjelp av norske ambassadar.

Abelprisen blir delt ut årleg av Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Løyvinga dekker prisbeløpet og fleire arrangement i samband med prisutdelinga og priskomitearbeidet. Gjennom Abelprisen finansierer DNVA ei rekke tiltak som skal stimulere interessa for matematikk blant barn og unge. I 2021 nådde dei ei brei målgruppe frå grunnskule til vidaregåande skule og lærarar, gjennom støtte til mellom anna frivillige studentorganisasjonar og ulike formidlingsprosjekt. I tillegg støttar DNVA mellom anna Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule, Unge Abel lagkonkurranse for ungdomstrinnet, og Holmboeprisen, som årleg blir delt ut til éin eller fleire matematikklærarar.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 17 mill. kroner på posten.

Post 72 Kavliprisen

Mål for 2023

Formålet med Kavliprisen er å anerkjenne banebrytande forskning innanfor astrofysikk, nanovitenskap og nevrovitenskap. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelta og føre til internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Resultat i 2021

Kavliprisen er eit samarbeid mellom Det Norske Videnskaps-Akademi, The Kavli Foundation og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisen blir delt ut annakvart år for framifrå vitenskapleg arbeid innanfor fagfelta astrofysikk, nanovitenskap og nevrovitenskap. I 2021 blei ikkje prisen delt ut, men det blei gjennomført fleire internasjonale arrangement for å auke merksemda om prisen og stimulere til internasjonalt samarbeid. På grunn av covid-19-pandemien er prisutdelingsseremonien for 2020-vinnarane flytta til 2022.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 11,6 mill. kroner på posten.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|---------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 2410 | Statens lånekasse for utdanning | 50 064 897 | 50 788 954 | 54 714 987 | 7,7 |
| | Sum kategori 07.80 | 50 064 897 | 50 788 954 | 54 714 987 | 7,7 |

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

| (i 1 000 kr) | | | | | |
|--------------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|-------------------|
| Kap. | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Endring i pst. |
| 5310 | Statens lånekasse for utdanning | 19 217 916 | 20 191 769 | 21 421 541 | 6,1 |
| 5617 | Renter frå Statens lånekasse for utdanning | 3 260 505 | 4 795 128 | 9 714 332 | 102,6 |
| | Sum kategori 07.80 | 22 478 421 | 24 986 897 | 31 135 873 | 24,6 |

Innleiing

Utdanningsstøtteordninga er ei velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av kvar dei bur, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske tilhøve. Utdanningsstøtta skal òg legge til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat, slik at samfunnet og arbeidslivet får tilgang på kompetanse.

Nivået på utdanningsstøtta i Noreg er i internasjonal samanheng god. Studentar i Europa får i snitt 14 pst. av inntektene sine frå offentleg støtte, jf. undersøkinga *Eurostudent VII* frå 2019. I Noreg er delen offentleg støtte 32 pst. Det siste året har prisane stige meir enn normalt. Dette påverkar kvardagen til studentane, slik det også påverkar andre i samfunnet.

Lånekassen fyller 75 år i 2022 og har sidan etableringa medverka til at høgare utdanning har

vore tilgjengeleg for alle samfunnslag. I studieåret 1947–48 fekk 2 200 studentar lån. I 2021 hadde Lånekassen om lag 1,2 mill. kundar, nær 22 pst. av befolkninga. Lånekassen har gjennom fleire år arbeidd for å utvikle enkle og brukarvennlege tenester for alle. Lånekassen har høg grad av maskinell behandling og er ei røynd IT-verksemd som på ein god måte handterer endringar i utdanningsstøtteordningane og ein stor kundemasse.

Følgande overordna mål er særleg relevante for løyvingane under programkategori 07.80:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

Hovudprioriteringar for 2023

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2023 fleire tiltak for å avhjelpe situasjonen med auka levekostnader. Som del av denne satsinga foreslår regjeringa å auke bortebruarstipendet og utstyrsstipendet til elevar i vidaregåande opplæring.

Mange ungdommar i distrikta må flytte heim frå for å få den vidaregåande opplæringa dei ønsker seg. Det å bu borte, gir familien auka utgifter til livsopphald. For å bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere eit hinder for at unge får den opplæringa dei ønsker seg, foreslår regjeringa å styrke bortebruarstipendet med 57,3 mill. kroner.

Regjeringa vil at det skal vere betre samsvar mellom utstyrsstipendet frå Lånekassen og utgiftene elevar i vidaregåande opplæring har til nødvendig utstyr i opplæringa. For å bidra til at fleire har råd til å ta yrkesfaglege utdanningsprogram, foreslår regjeringa å styrke utstyrsstipendet med 50,1 mill. kroner med ein heilårseffekt på 51 mill. kroner i 2024.

Personar som bur og er yrkesaktive i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms, kan få sletta gjeld i Lånekassen. Ordninga er eit viktig verkmiddel for å rekruttere kompetanse til regionen. Regjeringa vil styrke ordninga ved å auke maksimumsbeløpet og delen gjeld som årleg kan slettast. Tiltaket aukar løyvingsbehovet med 41,1 mill. kroner.

Dei siste åra er det gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som tek utdanning. Regjeringa vil i 2023 halde fram arbeidet med å gjere Lånekassen betre tilpassa vaksne som treng økonomisk støtte for å ta korte utdanningar. Departementet foreslår derfor å løyve 10 mill. kroner til å halde fram IT-utviklinga i Lånekassen.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på utdanningsstøttepostane med 85,3 mill. kroner i 2023. Auka kjem av at det for studieåret 2023–24, i motsetnad til tidlegare år, er lagt til grunn eit KPI-anslag som er utrekna så nær budsjettframlegginga som mogleg.

Regjeringa foreslår å redusere stipenddelen i den ordinære skulepengestøtta ved utdanning utanfor Norden, til 40 pst. for alle studentar frå og med studieåret 2023–24. Med dette blir stipenddelen den same som for basislånet i Lånekassen. Departementet anslår at tiltaket vil gi ei innsparring på 119,4 mill. kroner i 2023. Likviditeten til studentane som er i utdanning, blir ikkje endra med forslaget, men dei vil få noko høgare gjeld når dei er ferdige med utdanninga.

Lånekassen er ei viktig finansieringskjelde til livsopphald

Like moglegheiter til utdanning

Utdanningsstøtta er ei viktig inntektskjelde for norske studentar og for elevar som treng støtte for å ta vidaregåande opplæring. Fleirtalet av studentane og elevane nyttar utdanningsstøtteordningane gjennom Lånekassen. Statistisk sentralbyrå har i 2021 utført ei levekårsundersøking blant studentane. Ifølgje *Studenters levekår 2021* opplyser meir enn 8 av 10 heiltidsstudentar at dei får lån og stipend frå Lånekassen. Blant heiltidsstudentane svarar 63 pst. at Lånekassen er hovudinntektskjelda deira. Utdanningsstøtteordningane fungerer godt for dei fleste elevane og studentane, og Noreg har i internasjonal samanheng svært gode ordningar for støtte til utdanning både i Noreg og utanfor landet. I takt med auken i talet på studentar ved universitet, høyskular og fagskular har det blitt fleire som får lån og stipend til utdanning.

Utdanningsstøtteordningane er innretta slik at heiltidsutdanning kan kombinerast med noko arbeid. I levekårsundersøkinga opplyser 66 pst. av heiltidsstudentane i universitets- og høyskuleutdanning at dei hadde jobb haustsemesteret 2021. Ifølgje *Studiebarometeret* til NOKUT frå 2021 brukar ein heiltidsstudent i gjennomsnitt 8,8 timar i veka på betalt arbeid. I levekårsundersøkinga har SSB skilt ut dei studentane som har arbeid undervegs i haustsemesteret, og finn at dei i gjennomsnitt brukar 14,9 timar i veka på jobb. Regjeringa meiner at arbeid ved sida av utdanninga kan gi studentar viktig arbeidserfaring. I levekårsundersøkinga svarer 34 pst. av heiltidsstudentane at dei har jobb fordi dei ønsker arbeidserfaring. Nær seks av ti heiltidsstudentar svarar at dei har jobb som er relevant for utdanninga.

Regjeringa ønsker å legge til rette for at studentane skal kunne gjennomføre utdanninga på normalt tid. Då er mellom anna nivået på utdanningsstøtta viktig. Dei seinare åra har utdanningsstøttesatsane vore justerte etter forventa vekst i konsumprisindeksen (KPI). Justeringa skal bidra til å halde oppe kjøpekrafta til studentane. Det vil vere avvik mellom forventa KPI og faktisk KPI einskilde år, men over tid vil dette normalt jamne seg ut.

I 2022 er likevel prisveksten uventa høg, mellom anna som følge av høge straumpisar og krigen i Ukraina. Våren 2022 kunne studentar og vaksne elevar i vidaregåande opplæring med dokumenterte utgifter til straum søke om eit særskilt stipend på 3 000 kroner frå Lånekassen. Stipendet bidrog til å hjelpe mange studentar i ein periode då prisane steig meir enn forventa, og

kom i tillegg til den ordinære straumstøtteordninga til hushalda som også mange studentar blir omfatta av. Over tid bør det vere godt samsvar mellom veksten i utdanningsstøtta og den generelle prisveksten i samfunnet. Departementet vil derfor vurdere mekanismene for prisjustering av utdanningsstøttesatsane, slik at avviket frå faktisk prisvekst blir minst mogleg.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på utdanningsstøttepostane med 85,3 mill. kroner i 2023. Auka kjem av at det for studieåret 2023–24, i motsetnad til tidlegare år, er lagt til grunn eit KPI-anslag som er utrekna så nær budsjettframlegginga som mogleg. I Meld. St. 1 (2022–2023) Nasjonalbudsjettet 2022, er anslått KPI-vekst for 2023 og 2024 høvesvis 2,8 pst. og 2,4 pst. Utdanningsstøttesatsane er justerte med 2,8 pst. for heile studieåret 2023–24. Basislånet for 2023–24 blir om lag 1 500 kroner høgare enn om eit tidlegare anslag hadde blitt lagt til grunn.

Betydeleg skilnad mellom kostnader til utstyr og utstyrsstipendet

Utstyrsstipendet for elevar i vidaregåande opplæring skal bidra til at alle, uavhengig av økonomi, får lik rett til vidaregåande opplæring. Ein rapport frå Rambøll i 2019 viser at det er stor skilnad mellom kostnadene einskilde elevar har til utstyr, og utstyrsstipendet frå Lånekassen. Det gjeld særleg for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Dette kan føre til at ikkje alle har råd til å ta yrkesfaglege utdanningsprogram. Det er uheldig for den einskilde eleven, men også for samfunnet som treng fleire med yrkesfagleg kompetanse.

Auka utstyrsstipend for elevar på yrkesfag

Utgiftene elevane har til nødvendig utstyr i opplæringa, varierer frå utdanningsprogram til utdanningsprogram. Utdanningsprogramma er derfor fordelte på fire ulike stipendsatsar i ordninga. Regjeringa foreslår å styrke utstyrsstipendet for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram frå undervisningsåret 2023–24. Utvidinga skjer ved at den lågaste satsen berre blir for studieførebuande program, og at yrkesfaga på denne satsen blir flytta til sats to. Vidare blir yrkesfaga på sats fire flytta til ein ny sats som er 25 pst. høgare enn dagens sats fire, medan dei eksisterande satsane to og tre blir justerte med 25 pst. for alle utdanningsprogram på desse satsane. Denne innretninga gjer at det meste av styrkinga går til elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Regjeringa foreslår 50,1 mill. kroner til denne satsinga i 2023.

Kundane har meir gjeld no enn tidlegare

Kundane i Lånekassen har meir gjeld no enn tidlegare. I 2021 var gjennomsnittleg gjeld etter avslutta utdanning 378 000 kroner. I 2011 var gjennomsnittleg gjeld 246 000 kroner. Ein del av auken kan forklarast med opptrappinga til elleve månader med utdanningsstøtte og høgare låneramme til skulepengar for studentar i utlandet, i tillegg til den generelle prisauken i samfunnet.

Dei siste åra har utdanningsstøtteordninga også blitt endra slik at ho er betre tilpassa behova til fleire studentgrupper, mellom anna med ei auka låneramme for studentar over 30 år og studentar med barn. For dei fleste grupper er betre tilgang på lån til utdanning eit gode. Samstundes er det uheldig om studentar får for stor gjeldsbyrde tidleg i utdanningsløpet, til dømes vaksne som tek grunnskule eller vidaregåande opplæring. Høg gjeld kan for desse gruppene bli ei fatigdomsfelle, og det kan gjere det vanskelegare å få støtte til vidare utdanning. Samla sett har stadig færre kundar i Lånekassen betalingsproblem, mellom anna som følge av at tilbodet om betalingsutsetjing har vore utvida dei siste to åra.

Tilgang til utdanning i heile landet

Demografiske utfordringar i Distrikts-Noreg

Delar av Distrikts-Noreg står overfor store demografiske utfordringar i åra som kjem, jf. NOU 2020: 15 *Det handler om Norge*. Kombinasjonen av nedgang i folketallet, ei aldrende befolkning og spreidd busetnad vil gjere det krevjande å halde oppe gode velferdstenester i delar av landet. Ein del av utfordringa er mangel på kompetent arbeidskraft til å dekke behova til både privat og offentleg sektor.

Det å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring i distrikta vil vere avgjerande for å sikre at folk kan halde fram med å bu i heile landet. I delar av Noreg er det så store avstandar eller lang reisetid at elevar i vidaregåande opplæring må bu på hybel for å få vidaregåande opplæring. Det er heller ikkje elevgrunnlag til å kunne tilby alle utdanningsprogram ved alle vidaregåande skular i landet.

Den einskilde familien har fostringsplikt for eigne barn til dei er 18 år eller ferdige med vanleg vidaregåande opplæring. Hushald med elevar som ikkje kan bu heime, har høgare utgifter enn andre. Bortebuande elevar må til dømes betale for husrom og mat. Elevar har i mindre grad enn studentar moglegheit til å arbeide ved sida av opplæringa. Elevar som må flytte heimanfrå, kan derfor

søke om eit bortebruarstipend i Lånekassen. For skuleåret 2022–23 er stipendet på 4 979 kroner i månaden.

Det å flytte heimanfrå i ung alder er i seg sjølv vanskeleg for mange. Dersom den økonomiske børa i tillegg blir for stor, kan det føre til at ein-skilde ikkje kan velje det utdanningsprogrammet dei ønsker. Det kan igjen gjere det vanskelegare å fullføre vidaregåande opplæring. På sikt vil dårlege moglegheiter til å ta vidaregåande opplæring gjere det mindre attraktivt å bu i distrikta.

Auka bortebruarstipend

Bortebruarstipendet skal bidra til å dekke buutgiftene ein familie får når ein elev må bu vekke for å ta vidaregåande opplæring. Stipendet er viktig for dei som får opplæring langt unna heimstaden, særleg i distrikta. Regjeringa vil styrke bortebruarstipendet i Lånekassen med 57,3 mill. kroner, slik at stipendet blir 5 639 kroner i månaden frå skuleåret 2023–24. Satsinga skal bidra til at geografi og privatøkonomi ikkje skal vere til hinder for at alle kan få den opplæringa dei ønsker seg.

Sletting av gjeld i tiltakssona

Personar som bur i og er yrkesaktive i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms, kan få 10 pst. av studielånet sletta per år, men ikkje med meir enn 25 000 kroner eller mindre enn 2 000 kroner per år. Ordninga er eit viktig verkemiddel for å rekruttere kompetanse til regionen. Regjeringa vil derfor styrke ordninga ved å auke maksimumsbeløpet og delen gjeld som årleg kan slettast. Regjeringa foreslår å auke maksimumsbeløpet til 30 000 kroner og at ein kan få sletta 20 pst. av studielånet per år frå og med 2023. Departementet anslår at tiltaket aukar løyvingbehovet med 41,1 mill. kroner i 2023.

Med auka bruk av heimekontor er den fysiske arbeidsplassen i ein-skilde tilfelle utanfor tiltakssona. Så lenge personen bur i og betaler skatt til ein kommune i tiltakssona, har Stortinget i hand-saminga av statsbudsjettet for 2022 vedteke at kravet skal endrast slik at sletting av gjeld skjer uavhengig av kvar den fysiske arbeidsplassen til personen er. Tiltaket aukar løyvingbehovet med 2,1 mill. kroner og blir innført frå og med 2023.

I handsaminga av Prop. 129 S (2016–2017) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2017*, jf. Innst. 401 S (2016–2017), vedtok Stortinget å etablere ei mellombels ordning for å slette studiegjeld for lærarar som arbeider i grunnskulen i tiltakssona. Ordninga inneber at

kvalifiserte lærarar som er yrkesaktive i grunnskulen i utvalde kommunar i Nord-Troms og Finnmark, kan få sletta 20 000 kroner av studiegjelda per år. Ordninga kjem i tillegg til sletting av gjeld for dei som bur i og er yrkesaktive i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms. Ein må ha arbeid som lærar i grunnskulen i ein oppteningsperiode på 12 månader før ein søker. Ordninga blei fasa ut i statsbudsjettet for 2022. Det er framleis behov for kvalifiserte lærarar i tiltakssona, og regjeringa foreslår derfor å vidareføre ordninga.

Utdanningsstøtte for vaksne i utdanning

Mange har ikkje råd til å ta utdanning som vaksne

Behovet for å veksle mellom arbeid og utdanning gjennom heile karrieren vil bli større framover. Redusert inntekt under utdanning kan føre til at fleire ikkje har råd til å vidareutdanne eller omskulere seg, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet* og Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Funn frå *Studentenes helse- og trivselsundersøkelse* i 2022 kan tyde på at eldre studentar har større problem med å handtere løpande utgifter enn yngre.

Utdanningsstøtteordningane i Lånekassen er ei viktig kjelde til livsopphald for dei som ønsker å kombinere arbeid med utdanning. Utdanningsstøtta fungerer ikkje godt som erstatning for arbeidsinntekt over ein kortare periode, jf. Meld. St. 16 (2020–2021) *Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning*. Ordningane i Lånekassen har i liten grad vore tilpassa behova til sysselsette med bustadlån og forsørgaransvar som tek utdanning. Slik ordningane er lagde opp i dag, kan ein mellom anna ikkje få lån og stipend til kortare utdanningar.

Utdanningsstøtteordningar tilpassa nye grupper

Det er allereie gjennomført fleire endringar i utdanningsstøtteordningane som gir meir fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som har behov og motivasjon for å ta meir utdanning. Mellom anna er tidsramma for lån og stipend endra, slik at utdanningsstøtta kan takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år om ein studerer på deltid. Det er innført tilleggs lån for personar over 30 år og for vaksne med forsørgaransvar for barn under 16 år.

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning skal bli meir tilgjengelege ved at ein tilbyr fleire korte og modulerte utdanningar som er tilpassa behova både til den ein-skilde og til arbeidslivet. Korte vidareutdanningar gir i dag

ikkje rett til utdanningsstøtte. Kunnskapsdepartementet vil derfor utvide utdanningsstøtteordningane slik at kortare utdanningstilbod kan gi rett til lån frå 2024–25. Med innføring frå 2024–25 skal vaksne i kort modulisert utdanning få tilgang til lån utan stipenddel, med løpande rente. Lånet blir tilgjengeleg uavhengig av inntekta til den ein-skilde. Storleiken på lånet vil vere avhengig av omfanget av utdanninga i studiepoeng og ikkje av kor lang tid ein bruker på utdanninga. Denne låneordninga vil også vere tilgjengeleg som eit alternativ for personar som tek lengre utdanningar.

Saksbehandlingssystemet til Lånekassen må endrast for å ta høgde for støtte til kortare utdanningar og ei ny målgruppe. Departementet foreslår derfor å løyve midlar til IT-utvikling i Lånekassen i 2023.

Utdanning spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav kan gi rett til lån og stipend

Frå hausten 2021 er utdanningsstøtteordningane endra, slik at deltakarar i program som Menn i helse, får rett til lån og stipend i periodane utan livsopphaldsytingar frå Nav. Dagpengar og utdanningsstøtte skal kunne kombinerast utan restriksjonar basert på at stipendet frå Lånekassen blir behovsprøvd. Stortinget vedtok i handsaminga av

statsbudsjettet for 2022 at også anna utdanning spesielt tilrettelagd for brukarar av Nav kan gi rett til lån og stipend frå hausten 2024. Endringa gjeld vidaregåande opplæring for vaksne.

Utvida rett til vidaregåande opplæring

Regjeringa tek sikte på å legge fram eit forslag om ein fullføringsrett i vidaregåande opplæring våren 2023, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Ein fullføringsrett inneber at ein bør endre grensa mellom stipendbasert utdanningsstøtteordning for unge og den lånebaserte utdanningsstøtta for vaksne. Den stipendbaserte ordninga for unge i vidaregåande opplæring er allereie i dag dårleg eigna for vaksne utan fullført vidaregåande opplæring. I dag får personar som er under 25 år og har ungdomsrett, vurdert søknaden om lån og stipend opp mot inntekta til foreldra. Regelverket for utdanningsstøtte er basert på den lovfesta retten ungdom i dag har til vidaregåande opplæring, og bør endrast for at endringar i retten ikkje skal gi urimelege og utilsikta utslag for vaksne. Kunnskapsdepartementet tek derfor sikte på å endre utdanningsstøtteordninga frå og med studieåret 2024–25 slik at vaksne over 21 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får tilgang til den lånebaserte ordninga. Tiltaket har ein utviklingskostnad på 5,6 mill. kroner i 2023.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 01 | Driftsutgifter | 429 701 | 407 192 | 418 306 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | 8 447 | 8 162 | 15 610 |
| 50 | Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> | 8 496 390 | 8 346 941 | 8 509 308 |
| 70 | Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> | 3 638 170 | 3 763 822 | 3 773 257 |
| 71 | Andre stipend, <i>overslagsløyving</i> | 566 261 | 660 491 | 531 804 |
| 72 | Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> | 823 534 | 1 346 441 | 2 720 001 |
| 73 | Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i> | 843 668 | 885 537 | 918 015 |
| 74 | Tap på utlån | 373 017 | 415 500 | 415 500 |
| 90 | Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> | 34 885 709 | 34 954 868 | 37 413 186 |
| | Sum kap. 2410 | 50 064 897 | 50 788 954 | 54 714 987 |

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres, kan nyttast under post 01

Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) er eit statleg forvaltningsorgan som tilbyr lån og stipend til utdanning i Noreg og utlandet. Løyvingane under kap. 2410, post 01 finansierer ordinære driftsoppgåver i verksemda. Løyvingane under post 45 finansierer større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, til dømes særskild IT-utvikling i Lånekassen.

Mål for 2023

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande mål for Lånekassen:

- Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehova til den einskilde og samfunnet
- Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån

Resultat i 2021

Lånekassen er ei velfungerande verksemd med fleire kundar enn nokosinne. Hovuddelen av søknadene om lån og stipend blir behandla maskinelt, noko som mellom anna skal sikre at kundane får lån og stipend til rett tid. Lånekassen hadde 1,2 mill. kundar i 2021 og fekk 968 000 søknader om utdanningsstøtte, betalingsutsetjing, sletting av renter og sletting av lån. Talet på kundar med betalingsproblem heldt fram med å minke i 2021, og talet på kundar med oppsagde lån var redusert med om lag 2 700 samanlikna med 2020. Det har vore ein gradvis nedgang dei siste åra, og det er færre som mislegheld utdanningslånet sitt. Dette kan kome av at mange kundar har nytta seg av ekstra betalingsutsetjingar som tiltak i samband med covid-19-pandemien.

Våren 2020 utvikla og iverksette Lånekassen ekstraordinære tiltak for dei som blei råka av covid-19-pandemien. Tiltaka gjaldt for både elevar, studentar og dei som betaler tilbake på lånet sitt. Desse tiltaka blei vidareførte i 2021. Samstundes administrerte Lånekassen dei ordinære ordningane for eit nytt studieår. Talet på søknader om lån og stipend og om betalingslette auka med 18 pst. i 2020. Auken kjem som følge av søknader om tilleggs lån og at fleire søkte om å få utsett tilbakebetaling av lån under covid-19-pandemien. I 2021 er talet på søknader redusert med 4 pst., i hovudsak som følge av ein reduksjon i talet på søknader om betalingslette. Det

har òg vore mange kundar som har kontakta Lånekassen, og det har lagt press på saksbehandlinga under pandemien. Lånekassen har på ein god måte handtert tiltak som følge av covid-19-pandemien og ordinær drift, men det har i 2021 vore lengre saksbehandlingstid og svartid til kundane enn det Kunnskapsdepartementet har sett som krav.

Lånekassen rapporterte for første gong på nye hovudmål og styringsparameter i 2021. Dei nye måla har merkeemda retta mot samfunns-effektar og legg større vekt på forventningane Kunnskapsdepartementet har til Lånekassen som direktorat. Som del av å utvikle seg som fagdirektorat bygger Lånekassen opp eit fagmiljø for å analysere studie-støtteordningane og jobbe meir systematisk med kunnskap om utdanningsstøtte. Førebuingane til å utvikle nye ordningar som blir sentrale som verkemiddel i kompetansereforma, har også hatt stor merksemd i 2021.

Budsjettforslag for 2023

Departementet foreslår å løyve 418,3 mill. kroner på post 01 og 15,6 mill. kroner på post 45.

Løyvinga på post 01 blir redusert med 0,4 mill. kroner som følge av at utviklingskostnader i samband med forskriftsendringar tidlegare år, blir fasa ut.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 2,7 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på post 45 til drift av nytt saksbehandlingssystem i Lånekassen.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 0,5 mill. kroner til utviklingskostnader som følge av endringar i satsane for utstyrsstipend for yrkesfag.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på post 01 med 0,5 mill. kroner som følge av endra jobbreisevanar etter covid-19-pandemien.

Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner på post 45 til å halde fram arbeidet med ein ny teknisk modul i Lånekassen, slik at systemet er betre tilpassa vaksne som treng økonomisk støtte for å ta korte utdanningstilbod. IT-systema i Lånekassen er i dag ikkje utforma for å handtere slike endringar i utdanningsstruktur/-tilbod som går på tvers av dagens tradisjonelle utdanningar. Utviklinga i IT-systema er omfattande og krev større endringar i Lånekassen. Kostnadsramme for den nye modulen er estimert til 50 mill. kroner fordelt over åra 2022–24. Forvaltningskostnadene til drift av dagens tekniske løysningar er anslått til å auke i åra framover. Dette prosjektet, saman med anna fornying av IT-systema, vil bidra til å redusere

framtidige forvaltningskostnader og gi betre tenester for fleire målgrupper.

Kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane dekker dei ulike delane av utdanningsstøtteordningane til Lånekassen. Endringar i ordningane gjennom Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Budsjettet for utdanningsstøtte blir derfor omtala samla. I tillegg blir dei einskilde postane omtala kvar for seg.

Mål for 2023

Dei overordna måla for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte går fram av kategoriinnleiinga.

Resultat i 2021

Av dei 1,2 mill. kundane i Lånekassen i 2021 var 63 pst. tilbakebetalarar, medan 37 pst. var mottakarar av lån og stipend.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2021–22 på 37,8 mrd. kroner. Av dette blei 4,8 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå fordelinga på dei ulike stipendformene i tabell 4.34. Resten blei betalte ut som lån.

I kalenderåret 2021 blei 4,2 mrd. kroner betalt ut som stipend. I tillegg blei 7,2 mrd. kroner gjort om frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla stipendutgiftene i 2021 blei dermed 11,4 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i hovudtala for mottakarar av lån og stipend og tilbakebetalarar i Lånekassen.

Tabell 4.32 Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett

| | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|---|---------|---------|---------------------|---------|
| Tal på elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring ¹ | 241 955 | 241 810 | 243 041 | 248 041 |
| Tal på elevar/lærlingar med ungdomsrett | 213 193 | 213 770 | 216 486 | 216 525 |
| Tal på mottakarar av lån og stipend med ungdomsrett | 164 293 | 163 551 | 163 595 | 164 888 |
| Sum stipend (i mill. kroner) | 2 082 | 2 136 | 2 105 | 2 082 |
| Gjennomsnittsstipend (i kroner) | 12 701 | 13 095 | 12 895 | 12 648 |
| Sum lån (i mill. kroner) | 156 | 178 | 232 | 172 |
| Gjennomsnittslån (i kroner) | 25 823 | 26 245 | 33 152 ² | 29 997 |

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.

² Auka gjennomsnittslån kjem i hovudsak av tilleggslån for våren 2021 og innføringa av tilleggslån for elevar som forsørger barn.

Tabell 4.33 Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.

| | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|---|---------|---------|----------------------|--------------------|
| Talet på studentar i høgare utdanning ¹ | 291 528 | 294 561 | 305 879 | 318 146 |
| Talet på mottakarar av lån og stipend i høgare utdanning | 198 291 | 199 493 | 206 488 | 209 815 |
| Talet på andre mottakarar av lån og stipend ² | 51 739 | 55 317 | 57 553 | 56 494 |
| Sum lån inkl. omgjeringsslån (i mill. kroner) | 26 776 | 29 614 | 32 523 | 32 810 |
| Gjennomsnittsslån (i kroner) | 109 516 | 118 042 | 124 813 ³ | 125 453 |
| Utbetalt konverteringsstipend ⁴ (i mill. kroner) | 7 308 | 6 448 | 5 629 ⁵ | 1 703 ⁵ |
| Sum andre stipend (i mill. kroner) | 2 086 | 2 345 | 2 296 | 2 678 |

¹ Talet på studentar i høgare utdanning kjem frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og tal frå Lånekassen på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskular, folkehøgskular, bibelskular og korte yrkesretta utdanningar og vaksne elevar og lærlingar i vida-regående opplæring utan ungdomsrett.

³ Auka gjennomsnittsslån kjem i hovudsak av innføringa av tilleggsslån for studentar over 30 år og studentar som forsørger barn.

⁴ Utbetalt stipend etter at behovsprøving mot inntekt og formue er gjennomført. Status per august 2022.

⁵ Omgjering frå lån til stipend skjer samstundes som behovsprøvinga mot inntekt og formue blir gjennomført. Behovsprøvinga for 2021 er i hovudsak gjennomført, og ein stor del av konverteringsstipendet for dette året er derfor utbetalt. For 2022 er det enno ikkje utbetalt konverteringsstipend.

Tabell 4.34 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

| | Talet på stipend | | Stipend i mill. kroner | |
|---|------------------|----------------|------------------------|--------------|
| | 2020–21 | 2021–22 | 2020–21 | 2021–22 |
| Inntektsavhengig stipend | 16 197 | 16 489 | 441 | 462 |
| Bortebuarstipend | 23 889 | 24 519 | 991 | 1 035 |
| Utstyrsstipend | 158 721 | 159 781 | 312 | 322 |
| Flyktningstipend ¹ | 11 932 | 9 066 | 976 | 712 |
| Stipend til skulepengar i utlandet | 10 617 | 11 744 | 361 | 388 |
| Utvida stipend til skulepengar i utlandet | 1 188 | 1 458 | 79 | 89 |
| Valutajustering (netto) av stipend og utvida stipend til skulepengar i utlandet | 10 665 | 10 468 | -26 | 1 |
| Stipend til skulepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular | 366 | 655 | 33 | 53 |
| Språkstipend | 95 | 460 | 2 | 10 |
| Tilleggsstipend til tilrettelagd utdanning i Frankrike og Tyskland | 46 | 28 | 1 | 0,6 |
| Reisestipend, Noreg og Norden | 7 847 | 8 085 | 15 | 16 |
| Reisestipend, utanfor Norden | 12 401 | 17 519 | 32 | 28 |
| Sjukkestipend ² | 628 | 902 | 23 | 35 |
| Foreldrestipend ² | 2 610 | 2 881 | 191 | 215 |
| Barnestipend ¹ | 26 155 | 26 394 | 578 | 607 |
| Stipend til søkarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming ² | 9 382 | 10 544 | 364 | 419 |
| Straumstipend | | 122 800 | | 368 |
| Totalt | 292 739 | 423 793 | 4 373 | 4 762 |

¹ Stipendet blir i ettertid behovsprøvd mot inntekt og formue. Ein del av det som opphavleg blei tildelt som stipend, vil derfor på eit seinare tidspunkt kunne bli gjort om til lån.

² Ved sjukdom og fødsel vil lån bli omgjort til stipend i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2020–21 blei det endelege resultatet for omgjerding ved sjukdom 68,3 mill. kroner og for omgjerding ved fødsel 250,1 mill. kroner.

Tabell 4.35 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

| | (i 1 000 kr) | | | |
|---|--------------|---------|---------|---------|
| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| Tal på tilbakebetalande låntakarar ¹ | 695 194 | 718 675 | 728 942 | 748 274 |
| Renteberande lån | 130 388 | 138 988 | 145 416 | 154 936 |
| Betalte renter | 2 725 | 2 955 | 2 958 | 2 234 |
| Avdrag | 8 690 | 9 164 | 9 212 | 9 992 |
| Ettergitt lån og renter | 691 | 861 | 868 | 844 |
| Rentestøtte | 1 074 | 1 142 | 1 204 | 824 |
| Uteståande lån | 182 173 | 192 770 | 206 978 | 222 787 |
| Uteståande renter | 1 690 | 1 799 | 1 922 | 1 872 |

¹ Ikkje oppgitt i 1 000 kroner

Tildeling av lån og stipend

Omgjering av lån til stipend etter privatisteksamen

Tidlegare kunne vaksne som avslutta vidaregåande opplæring med privatisteksamen, få omgjering av lån til stipend ved bestått eksamen, sjølv om dei tidlegare hadde bestått det same faget som elev med ungdomsrett. Retten til slik omgjering blei oppheva frå og med studieåret 2021–22. Privatistordninga var opphavleg for vaksne utan vidaregåande opplæring, men har i aukande grad utvikla seg til ei ordning for personar som ønsker å forbetre karakterar i allereie beståtte fag. Det er enno for tidleg å seie kva effektar denne innstramminga har hatt.

Redusert stipend til reiser

Stipendet for reiser for elevar og studentar i land utanfor Norden blei frå studieåret 2021–22 endra. Alle får 35 pst. stipend til ei tur–retur-reise, medan dei som er ute meir enn seks månader, får lån til ytterlegare ei tur–retur-reise. 11 700 personar fekk i snitt 1 500 kroner mindre i stipend til reiser som følge av regelendringa, medan 5 700 mottakarar fekk det same reisestipendbeløpet som dei ville fått før endringa.

Meir fleksibel utdanningsstøtteramme for dei som tek utdanning på deltid

Tidlegare kunne studentar og elevar som tek anna utdanning enn vidaregåande opplæring med ungdomsrett, få lån og stipend i åtte år, uavhengig av om dei tok utdanninga på heiltid eller på deltid.

Denne tidsbaserte støtteramma blei frå 2021–22 endra til ei studiepoengbasert støtteramme, slik at lån og stipend kan takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år dersom ein studerer på deltid. Tiltaket kan på sikt gi ein viss auke i utdanningsstøttekostnadene.

Forsøksordning med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

I februar 2021 blei det sett i gang ei forsøksordning med eit eige vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar, der målet er å få kunnskap om korleis økonomiske insentiv kan påverke deltaking i vidareutdanning for fagarbeidarar, og kva det har å seie for tilknytninga til arbeidsmarknaden. Det var 33 personar som fekk støtte frå Lånekassen under utprøvinga som blei gjennomført i 2021–22. Hovudforsøket, med fleire deltakarar, skal gjennomførast i studieåret 2022–23.

Rett til lån og stipend for deltakarar i programmet Menn i helse og liknande prosjekt

Etter forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte i Noreg blir det ikkje gitt lån og stipend til søkarar som tek utdanning som er sett i gang av eller i samråd med Nav. Frå hausten 2021 gjeld det, med bakgrunn i programmet Menn i helse, eit unntak frå denne føresegna. For opplæringsprogram som er lagde opp på den måten at deltakarane periodevis ikkje får livsopphaldsytningar frå Nav, skal deltakarane likevel kunne få lån og stipend frå Lånekassen i slike periodar.

Det er vanskeleg å talfeste kor mange som er omfatta av denne regelendringa, sidan desse søkarane blir registrerte som vanlege deltakarar i vidaregåande opplæring for vaksne. Endringa gjeld truleg ikkje så mange, sidan det er svært få slike utdanningsopplegg som er blitt godkjende for utdanningsstøtte.

Mellombelse tilpassingar i utdanningsstøtteordningane i møte med covid-19-pandemien

Utviding av talet på betalingsutsetjingar

I 2020 blei det gjort ei endring slik at låntakarar som søkte om betalingsutsetjing, kunne få dette sjølv om dei hadde brukt opp den vanlege kvota på 36 utsetjingar. Dette blei gjort for å lette på likviditetsutfordringar for låntakarar med betalingsproblem i samband med covid-19-pandemien. Endringa er ført vidare i 2021 og 2022. Det er ikkje mogleg å talfeste kor mange låntakarar som har hatt nytte av tiltaket i 2021, men Lånekassen har observert ein kraftig auke i bruken av betalingsutsetjingar generelt i løpet av pandemiperioden. Talet på låntakarar som fekk betalingsutsetjing, var noko lågare i 2021 enn i 2020, men framleis langt høgare enn i åra før pandemien.

Mellombels unntak frå behovsprøving av stipend for einskilde studentar

Det blei gjort unntak frå inntektsgrensene for studentar som hadde inntekt frå arbeid i einskilde yrke i 2021. Unntaket gjeld inntektsgrenser for studentar som hadde inntekt frå arbeid i helse- og omsorgssektoren, Heimevernet eller Siviltforsvaret, eller politistudentar som hadde inntekt frå polititeneste eller beredskapsarbeid. For desse studentane blei slik inntekt ikkje rekna med i behovsprøvinga av stipend dersom studentane sende inn dokumentasjon om dette. Unntaket er ei vidareføring av det same unntaket som blei innført i store delar av 2020.

Det er for tidleg å vurdere effekten av unntaket for 2021. Men for den første perioden med unntak, frå 1. mars 2020 til 31. desember 2020, er fleirtalet av sakene som kjem inn under unntaksregelen, avgjorde. Resultata for denne perioden tyder på at om lag 5 400 studentar får behalde meir stipend enn dei elles ville ha gjort. I gjennomsnitt ser det ut til at dei får behalde om lag 24 000 kroner meir i stipend enn dei ville gjort utan dette unntaket.

Mellombelse tilpassingar i regelverket for studentar i utlandet

Unntak frå kravet om at utdanning i utlandet må vere stadbasert for å gi rett til lån og stipend, som har gjeldt sidan våren 2020, blei ført vidare i studieåret 2021–22. For den same gruppa blei det òg gjort unntak frå kravet om at ein må vere borte-buar for å kunne få stipend, men det har samstundes vore lagt til grunn at studentane reiser tilbake til studiestaden så snart forholda ligg til rette for å gjere det. I vårsemesteret 2021 gjaldt unntaket for borte-buarstatus også for dei som tok utdanning i Noreg.

Tilleggsloan våren 2021

Våren 2021 blei det gitt tilbod om tilleggsloan til studentar og einskilde elevar med ungdomsrett som blei råka økonomisk av covid-19-pandemien. Lånetilbodet var på 26 000 kroner, og av dette beløpet kunne 10 400 kroner gjerast om til stipend i etterkant for dei som dokumenterte redusert inntekt i perioden frå juni 2020 til juni 2021 som følge av pandemien.

Det var om lag 41 700 personar som tok opp lånet, og av desse hadde 2 300 ungdomsrett til vidaregåande opplæring. Av søkarane som var i utdanning våren 2021, og som hadde høve til å søke, søkte 16 pst. om tilleggsloan. Om lag 43 pst. av mottakarane har fått godkjent den innsende dokumentasjonen og fått gjort om 40 pst. av lånet til stipend.

Rett til lån og stipend i eitt ekstra semester til studentar i utlandet i sitt 16. semester

Studentar i utlandet som var i sitt 16. og siste semester med rett til lån og stipend i 2021, og som blei forseinka på grunn av covid-19-pandemien, fekk rett til lån og stipend i eitt (og i visse tilfelle to) semester ekstra for å fullføre utdanninga. Dette var ei vidareføring av ein mellombels unntaksregel som blei innført våren 2020. Det er vanskeleg å talfeste kor mange studentar som har hatt nytte av tiltaket, men truleg gjeld dette svært få søkarar.

Budsjettforslag for 2023

Ettersom ein del av undervisningsåret 2023–24 ligg utanfor budsjettåret 2023, er det behov for to tilsegningsfullmakter. Sjå forslag til vedtak III nr. 3 og 4.

Grunnlaget for forslaget til løyvingane på kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617 er

- oppdaterte overslag over talet på mottakarar av lån og stipend i ulike kategoriar og nye overslag over gjennomsnittleg tildeling innanfor kvar einskild kategori. Regjeringa foreslår midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i statsbudsjettet for 2023. Fleire studieplassar aukar behovet for lån og stipend.
- prisvekstjustering på 2,8 pst. av alle utdanningsstøttesatsar for studieåret 2023–24
- lønnsvekstjustering av alle inntekts- og formuesgrenser som blir nytta i samband med behovsprøving av stipend og sletting av renter og gjeld
- renteprognose på 4 pst. (årleg effektiv rente ekskl. gebyr) for 2023 og oppdaterte overslag over storleiken på den rentefrie og den renteberande delen av utlånsporteføljen til Lånekassen i 2023. Renteprognosen fører til eit høgare anslag for rentestøtte og renteinntekter samanlikna med tidlegare år.
- berekna effektar av endringar som blei vedtekne i statsbudsjettet for 2022
- forslag til regelendringar og nye tiltak i 2023 som vil påverke løyvingsbehovet. Nokre av desse inneber at driftsbudsjettet til Lånekassen må aukast. Sjå oversikt over kva endringar som gir slikt behov, under kap. 2410, post 01 og 45.

Auka utstyrsstipend for yrkesfag

Departementet foreslår å auke utstyrsstipendet for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring med 49,6 mill. kroner frå undervisningsåret 2023–24. Nokre av utdanningsprogramma blir flytta til ein høgare sats, og nokre satsar blir justerte opp med 25 pst.

Auka bortebruarstipend

Departementet foreslår å auke bortebruarstipendet med 57,3 mill. kroner frå undervisningsåret 2023–24. Stipendet aukar då frå 4 979 kroner i månaden i studieåret 2022–23 til 5 639 kroner i månaden i studieåret 2023–24.

Sletting av gjeld i tiltakssona

Departementet foreslår å styrke ordninga for sletting av gjeld i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms med 41,1 mill. kroner. Styrkinga skjer ved at maksimumsbeløpet som årleg kan slettast blir auka til 30 000 kroner og delen av gjelda som kan slettast årleg blir auka til 20 pst.

Stortinget har i handsaminga av statsbudsjettet for 2022 vedteke at sletting av gjeld skjer uavhengig av kvar den fysiske arbeidsplassen er. Tiltaket aukar løyvingsbehovet med 2,1 mill. kroner og blir innført frå og med 2023.

Departementet foreslår å vidareføre ordninga for å slette studiegjeld i Lånekassen for kvalifiserte lærarar som arbeider i grunnskulen i tiltakssona. Tiltaket har ein budsjetteffekt på 3,6 mill. kroner i 2023 og heilårseffekt i 2024 på 6 mill. kroner.

Redusert stipenddel på lån og stipend til dekning av skulepengar utanfor Norden

Studentar som tek utdanning i land utanfor Norden får undervisningsåret 2022–23 ein del av dei første 72 729 kronene dei betalar i skulepengar, som stipend. Bachelorstudentar, fagskulestudentar og elevar som tek yrkesfagleg opplæring får 50 pst. som stipend, medan master-, ph.d- og utvekslingsstudentar får 70 pst. som stipend.

Departementet foreslår å redusere stipenddelen på lån og stipend til dekning av skulepengar utanfor Norden til 40 pst. for alle studentar og elevar frå og med studieåret 2023–24. Endringa gir ei anslått innsparing på 119,4 mill. kroner.

Verkeleg verdi

For å rekne ut den verkelege verdien av utlånsporteføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader som er knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i utdanningsstøtteordningane, og kostnader knytte til kredittisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på 224,7 mrd. kroner ved utgangen av 2021. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette kjem av både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til utdanningsstøtteordningane i Lånekassen, og forventta tap som kjem av at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine.

Tabell 4.36 syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på 2,5 pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2021 rekna ut til 196,4 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi er 28,2 mrd. kroner. Den verkelege verdien er berekna til 88 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2021.

Tabell 4.36 Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen

| | Verdi i mill. kroner per 31. desember 2020 | Verdi i mill. kroner per 31. desember 2021 |
|---|---|---|
| <i>Opphavleg låneportefølje</i> | | |
| – tilbakebetalarar | 146 640 | 156 809 |
| – studentar | 62 260 | 67 849 |
| <i>Sum opphavleg låneportefølje</i> | <i>208 900</i> | <i>224 658</i> |
| – omgjering til stipend | 10 621 | 11 597 |
| Portefølje etter omgjering til stipend | 198 279 | 213 061 |
| Neddiskontert portefølje | 151 957 | 163 286 |
| Neddiskonterte renteinntekter | 46 823 | 50 314 |
| Neddiskontert portefølje inkl. renteinntekter | 198 780 | 213 600 |
| <i>Justeringar</i> | | |
| – rentestøtte studentar | 2 638 | 2 873 |
| – sletting av renter tilbakebetalarar | 1 854 | 1 992 |
| – ettergitt gjeld | 6 636 | 7 130 |
| <i>Sum justeringar</i> | <i>11 127</i> | <i>11 996</i> |
| <i>Justert låneportefølje</i> | <i>187 653</i> | <i>201 604</i> |
| – nedskriving lån og renter | 4 757 | 5 112 |
| – over-/underkurs | 182 | -60 |
| <i>Verdi</i> | <i>183 077</i> | <i>196 432</i> |

Ved å legge til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen kan ein berekne noverdien av nye utlån i Lånekas-

sen. Tabell 4.37 syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 66 øre for kvar ny krone som blir lånt ut frå Lånekassen.

Tabell 4.37 Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen

| | Verdi i kroner per 31. desember 2020 | Verdi i kroner per 31. desember 2021 |
|--|---|---|
| <i>Opphavleg låneportefølje</i> | | |
| – tilbakebetalarar | 0,000 | 0,000 |
| – studentar | 1,000 | 1,000 |
| <i>Justeringar</i> | | |
| – forventa omgjerung til stipend | 0,254 | 0,251 |
| Portefølje etter omgjerung til stipend | 0,745 | 0,749 |
| Neddiskontert låneportefølje etter omgjerung | 0,565 | 0,568 |
| Renteinntekter | 0,176 | 0,177 |
| <i>Justeringar</i> | | |
| – rentestøtte studentar | 0,038 | 0,038 |
| – sletting av renter tilbakebetalarar | 0,007 | 0,007 |
| – ettergitt gjeld | 0,025 | 0,025 |
| <i>Sum justeringar</i> | <i>0,070</i> | <i>0,070</i> |
| <i>Justert låneportefølje</i> | <i>0,671</i> | <i>0,675</i> |
| Nedskrivning lån og renter | 0,018 | 0,018 |
| <i>Verdi</i> | <i>0,654</i> | <i>0,657</i> |

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Inntil 40 pst. av basislånet til studentar i høgare utdanning m.m. kan bli konvertert frå lån til stipend. Løyvinga på post 50 dekkjer avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekker midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend.

Det er budsjettert med at det vil bli gitt 11,1 mrd. kroner i omgjeringslån i 2023. Heile dette beløpet kan bli gjort om til utdanningsstipend. Tre faktorar bidreg til at det likevel ikkje er behov for å setje av eit så høgt beløp i konverteringsfondet. For det første blir utdanningsstipendet behovsprøvd mot inntekt og formue, og derfor vil ein del av det som kunne blitt gjort om til stipend, likevel ikkje bli omgjort. For det andre vil ein del av den utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje bli bestått og derfor ikkje gi rett til omgjerung. Og for det tredje vil ein del av den høgare utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje føre fram til ei avlagd grad og dermed ikkje gi rett til omgjerung på grunnlag av oppnådd grad. Samla er det

estimert at desse tre faktorane reduserer avsetningsbehovet med 23,4 pst., og forslaget til løyving på posten utgjer 76,6 pst. av anslaget for nye omgjeringslån i 2023.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld inntektsavhengig stipend, utstyrstipend, og bortebruarstipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, stipend til søkarar i høgare utdanning m.m. med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming, og flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og barnestipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekking av reiseutgifter og skulepengar i innland og utland. Ho gjeld òg stipend til språkkurs og eit tilleggssstipend til spesielt tilrettelagd ingeniør- og økonomiutdanning i Frankrike og Tyskland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer lånedelen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar mellom anna avskrivning på grunn av sjukdom og død. Vidare er

det egne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar og for personar som er busette og arbeider i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke. I tillegg blir restgjeld automatisk avskriven når gjelda er under det som er sett som minimumsbeløpet for innkrevjing.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.38 Avskrivningselement i Lånekassen

| Element | (i 1 000 kr) | | |
|--------------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| Avskrivning ved sjukdom | 483 196 | 532 278 | 502 718 |
| Avskrivning ved død | 73 938 | 64 285 | 73 938 |
| Automatisk avskrivning | 450 | 523 | 450 |
| Avskrivning for lærarutdanning | 25 346 | 36 456 | 34 469 |
| Avskrivning Finnmarks-ordninga | 128 170 | 128 186 | 173 922 |
| Avskrivning kvoteordninga | 24 301 | 3 473 | 6 480 |
| Sletting av renter | 108 267 | 120 337 | 126 039 |
| Sum | 843 668 | 885 537 | 918 015 |

Av samla avskrivning på 918 mill. kroner er det berekna at 743,5 mill. kroner vil vere avskrivning av det opphavlege utdanningslånet. Dei resterande avskrivningane fordeler seg på 54,8 mill. kroner frå renter i 2023 og 119,7 mill. kroner frå renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekker avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.39 Tapselement i Lånekassen

| | (i 1 000 kr) | | |
|-------------------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| SI-permanent | 305 100 | 355 000 | 355 000 |
| Lån etter gjeldsordning | 61 163 | 55 500 | 55 500 |
| Andre forhold | 6 754 | 5 000 | 5 000 |
| Sum | 373 017 | 415 500 | 415 500 |

Tap på hovudstolen er berekna til å vere 290,9 mill. kroner, medan tap på renter frå tidlegare periodar er 110 mill. kroner i 2023. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å vere 14,7 mill. kroner i 2023.

Personar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Dersom arbeidet til SI fører fram og personen kjem à jour med betalningar, blir saka ført tilbake til Lånekassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, normalt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapssamanheng blir overført til SI.

Frå 1996 til og med 2021 har om lag 72 500 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 9,1 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 5 mrd. kroner. Innkrevjingsresultatet i 2021 for permanent overførte

utdanningslån var på 262 mill. kroner, medan det i 2020 var 227 mill. kroner. I 2023 er innkrevjingsresultatet berekna til å bli 304 mill. kroner. Det blei overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 305,3 mill. kroner i 2021, mot 464 mill. kroner i 2020. Overføringa til SI i 2023 er berekna til 355 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer samla nye utlån frå Lånekassen i 2023 og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar og omgjeringsar av stipend til lån er berekna til å utgjere 35 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til 2,4 mrd. kroner. Den samla løyvinga på posten blir då 37,4 mrd. kroner i 2023

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|--|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 03 | Diverse inntekter | 793 | | |
| 04 | Refusjon av ODA-godkjende utgifter | 16 978 | 6 300 | 5 000 |
| 29 | Termingebyr | 2 077 | 1 161 | 1 938 |
| 89 | Purregebyr | 70 746 | 92 913 | 78 555 |
| 90 | Redusert lån og rentegjeld | 11 925 457 | 12 806 848 | 13 410 403 |
| 93 | Omgjering av utdanningslån til stipend | 7 201 865 | 7 284 547 | 7 925 645 |
| | Sum kap. 5310 | 19 217 916 | 20 191 769 | 21 421 541 |

Kapittelet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalingar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp.

Post 29 gjeld gebyr for rekning ved terminfall. Kundar som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med rekningsgebyr.

Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved første purring og 490 kroner ved andre purring (varsel om oppseiing).

Post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og

betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av hovudstolen er berekna til 11,2 mrd. kroner i 2023. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til 1 mrd. kroner i 2023. Tilbakebetaling frå taps-/kostnads-løyvingar utgjør 1,2 mrd. kroner og omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410, post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå konverteringsfondet til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend. Sjå omtale under kap. 2410, post 50.

Verksemder med mellomvære med statskassa vil ha eit unntak frå kontantprinsippet, jf. forslag til vedtak VII.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
|------|---------------|-------------------|--------------------------|-----------------|
| 80 | Renter | 3 260 505 | 4 795 128 | 9 714 332 |
| | Sum kap. 5617 | 3 260 505 | 4 795 128 | 9 714 332 |

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kundar. Dette gjeld renter som er belasta kundar i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskotspostar til å dekke kostnadene staten har på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og lån som er avskrivne.

Brutto rentestøtte er berekna til 3,2 mrd. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til 4,1 mrd. kroner i 2023. Anslaget for opptente ikkje-betalte renter frå kundane er 2,4 mrd. kroner, medan anslaget for årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er 69,5 mill. kroner i 2023.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Forsking og utvikling i statsbudsjettet

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for forskning og høgare utdanning. Regjeringa legg derfor fram ein ny langtidsplan for forskning og høgare utdanning for perioden 2023–32 saman med forslaget til statsbudsjett for 2023. Planen inneheld regjerings overordna mål og prioriteringar for den komande tiårsperioden. Planen er nærare omtalt lenger ned i dette kapitlet.

Det er viktig å utnytte samspelet mellom nasjonale prioriteringar og internasjonale satsingar. Noreg har eit utstrekt internasjonalt samarbeid innanfor forskning og høgare utdanning, jf. *Strategi for norsk deltagelse i Horisont Europa og det europeiske forskningsområdet (2021–2027)*, *Erasmus+ og det europeiske utdanningsområdet (2021–2027)*, og *Panorama – strategi for høyere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Russland, Sør-Afrika, Sør-Korea og USA (2021–2027)*.

FoU-innsatsen i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen

Forsking og utvikling i statsbudsjettet for 2023

Eit førebels overslag frå Finansdepartementet viser at dei samla løyvingane til forskning og utvikling (FoU) i budsjettforslaget til regjeringa for 2023 er på om lag 43,6 mrd. kroner. Det utgjer 0,77 pst. av overslaget for bruttonasjonalprodukt (BNP) i 2023. Dette er ein nominell auke på om lag 1,1 mrd. kroner frå saldert budsjett 2022, som er ein realnedgang på 1,1 pst. Overslaget er gjort med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2022 frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Dersom ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 46,7 mrd. kroner i 2023. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen 0,82 pst. av overslaget for BNP i 2023. Tabellen nedanfor viser løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelt på departement. Overføringar til folketrygda, Statens pensjonsfond utland og brutto låne- og avdragstransaksjonar er haldne utanfor. Tala er svært usikre, og endelege tal for FoU-løyvingane vil bli lagde fram sommaren 2023.

Tabell 5.1 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet

| Departement | (i mill. kr) | | | |
|---------------------------------------|-----------------------|---------------|--------------------------|-----------------------|
| | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 | Nominell endring 2022–23 | Reell endring 2022–23 |
| Arbeids- og integreringsdepartementet | 416 | 471 | 55 | 39 |
| Barne- og familiedepartementet | 208 | 207 | –1 | –9 |
| Finansdepartementet | 177 | 187 | 10 | 3 |
| Forsvarsdepartementet | 1 250 | 1 288 | 38 | –10 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | 5 729 | 6 030 | 301 | 85 |
| Justis- og beredskapsdepartementet | 142 | 144 | 2 | –4 |
| Klima- og miljødepartementet | 1 247 | 1 267 | 20 | –27 |
| Kommunal- og distriktsdepartementet | 1 341 | 1 608 | 267 | 216 |
| Kulturdepartementet | 321 | 342 | 21 | 9 |
| Kunnskapsdepartementet | 22 744 | 23 485 | 741 | –119 |
| Landbruks- og matdepartementet | 886 | 878 | –8 | –42 |
| Nærings- og fiskeridepartementet | 4 319 | 4 241 | –78 | –242 |
| Olje- og energidepartementet | 945 | 822 | –123 | –159 |
| Samferdselsdepartementet | 354 | 356 | 2 | 11 |
| Statsbankane | 684 | 553 | –131 | –157 |
| Utanriksdepartementet | 1 668 | 1 682 | 14 | –49 |
| Totalt | 42 430 | 43 559 | 1 129 | –476 |

Veksten i budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet skriv seg frå auka likviditetsbehov til forskingsbygg.

Nedgangen i løyvingane til Olje- og energidepartementet skriv seg frå kutt i løyvingane til Noregs forskingsråd.

Nedgangen i løyvingane til Nærings- og fiskeridepartementet skriv seg i hovudsak frå at løyvingane til den første treårige perioden av Grøn plattform gjennom Noregs forskingsråd blir konsekvensjustert ut.

Nedgangen i løyvingane til Statsbankane kjem av kutt i løyvingane til Innovasjon Noreg, samt at løyvingane til den første treårige perioden av Grøn plattform gjennom Innovasjon Noreg blir avslutta.

Utvikling i dei offentlege løyvingane til FoU i statsbudsjettet


I Hurdalsplattforma skriv regjeringa at ho vil vidareføre treprosentmålet i forskingspolitikken og legge fram ein strategi for at forskning og utvikling i næringslivet skal utgjere to pst. av BNP innan 2030. Tabell 5.2 syner utviklinga frå 2008 til 2023. Anslaga for 2023 er usikre. FoU er berekna til 0,77 pst. av anslått BNP. Dette er på same nivå som siste anslag for 2022. Forklaringa på den store nedgangen i anslaga for 2022 frå framlegginga av stasbudsjettet for 2022 skriv seg frå ein auke i BNP-anslaga på grunn av høge prisar på olje og gass.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2008–23

| År | Totalt, løpande prisar, mill. kroner | Vekst, mill. kroner | Prosentvis vekst, løpande prisar | Prosentvis vekst, faste prisar | Prosentdel av BNP | Prosentdel av BNP, inkl. Skattefunn |
|------|--------------------------------------|---------------------|----------------------------------|--------------------------------|-------------------|-------------------------------------|
| 2008 | 19 357 | 1 266 | 7,0 | 2,3 | 0,74 | 0,78 |
| 2009 | 21 204 | 1 847 | 9,5 | 4,6 | 0,87 | 0,92 |
| 2010 | 22 976 | 1 772 | 8,4 | 4,4 | 0,89 | 0,93 |
| 2011 | 23 551 | 575 | 2,5 | -1,7 | 0,84 | 0,89 |
| 2012 | 24 489 | 938 | 4,0 | 0,2 | 0,83 | 0,87 |
| 2013 | 26 375 | 1 886 | 7,7 | 4,3 | 0,86 | 0,91 |
| 2014 | 28 311 | 1 936 | 7,3 | 4,7 | 0,90 | 0,97 |
| 2015 | 30 769 | 2 458 | 8,7 | 5,9 | 0,99 | 1,08 |
| 2016 | 32 979 | 2 210 | 7,2 | 4,9 | 1,06 | 1,18 |
| 2017 | 35 848 | 2 869 | 8,7 | 6,7 | 1,09 | 1,21 |
| 2018 | 36 612 | 764 | 2,1 | -1,3 | 1,04 | 1,15 |
| 2019 | 38 179 | 1 567 | 4,3 | 0,7 | 1,08 | 1,19 |
| 2020 | 39 194 | 1 015 | 2,7 | 0,1 | 1,15 | 1,25 |
| 2021 | 40 772 | 1 578 | 4,0 | 0,5 | 0,98 | 1,07 |
| 2022 | 42 430 | 1 658 | 4,1 | -0,1 | 0,76 | 0,82 |
| 2023 | 43 559 | 1 129 | 2,7 | -1,1 | 0,77 | 0,82 |

Figur 5.1 samanliknar tal frå FoU-statistikken og tal frå statsbudsjettanalysen. Sidan statsbudsjettanalysen tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han bli produsert tidlegare enn FoU-statistikken. FoU-løyvingane i 2022 har SSB talfesta til 42,4 mrd. kroner. Det er 0,76 pst. av prognosen for

BNP for 2022. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, berekna til 3 mrd. kroner i 2022. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er viste i faste prisar i det grå feltet i figur 5.1. Den heiltrekte linja i figuren viser FoU-løyvingane i pst. av BNP.



Figur 5.1 Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentlig finansierte FoU-utgifter


Kjelde: NIFU/SSB (FoU-statistikk og statsbudsjettanalyse)

Dei samla FoU-investeringane i Noreg

Nivået på FoU-investeringar målt som prosentdel av BNP er ein indikator på graden av kunnskapsintensitet i økonomien. Regjeringa har som mål at den totale utførte FoU-innsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2030. I 2016 utgjorde dei totale FoU-utgiftene for første gong over 2 pst. av BNP. FoU som del av BNP som eit mål må vurderast over tid og med utgangspunkt i ein normalsituasjon, ikkje i unntakssituasjonar som gir sterke positive eller negative utslag.

Dei samla FoU-investeringane i Noreg har hatt tilnærma kontinuerleg vekst gjennom dei siste 50

åra. Som del av BNP har FoU-utgiftene ligge relativt stabilt på rundt 1,5 pst. sidan 1990-åra. Det var ein god auke i prosentdelen i perioden 2014–17. FoU av BNP når sitt høgaste nivå i 2020 med 2,3 pst. Dette skriv seg frå ein nedgang i BNP-anslaga på grunn av pandemien. Det er venta at løyvingane som del av BNP vil gå ned i 2022 og 2023 på grunn av ei stor auke i BNP-anslaga framover. Dei samla FoU-utgiftene i Noreg i 2020 var på nær 78 mrd. kroner. Det inneber ein realnedgang på 1 pst. frå 2019. Nedgangen skriv seg frå ein nedgang på 4 pst. i universitets- og høgskulesektoren og nær 3 pst. nedgang i instituttsektoren, medan næringslivet auka sine FoU-utgifter med 2 pst.



Figur 5.2 Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet

Kjelde: NIFU og SSB

FoU-statistikken er basert på oppgaver frå dei sektorane som faktisk utførte FoU i Noreg. Neste samla statistikkopdatering kjem i oktober 2022.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Forskingsrådet har ei omfattande verksemd når det gjeld finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvaret for Forskingsrådet og ansvaret for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda. For nærare omtale av rådets verksemd og

styringssystemet for Forskingsrådet, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285 Noregs forskingsråd. Her finn du òg omtale av den økonomiske situasjonen i Forskingsrådet.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, instituttildelingar og særskilde midlar til einsskilde program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingsforslag for 2023-budsjettet samt løyvingane til Noregs forskingsråd i perioden 2019–22 for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet.

Tabell 5.3 Løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane

| | | (i 1000 kr) | | | | |
|---------------------------|-------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-----------------------------|-------------------|
| Kap. Post | Departement | Saldert budsjett 2019 | Saldert budsjett 2020 | Saldert budsjett 2021 | Saldert budsjett 2022 | Forslag 2023 |
| 285.52–54 | Kunnskapsdepartementet | 4 085 531 | 4 010 368 | 4 399 757 | 4 332 991 | 4 458 277 |
| 285.55 | Kunnskapsdepartementet | 792 543 | 783 617 | 795 599 | 782 233 | 744 217 |
| 920.50/51 | Nærings- og fiskeridepartementet | 2 223 200 | 2 089 400 | 2 067 011 | 2 223 250 | 2 154 655 |
| 1830.50/51/ 1840.50 | Olje- og energidepartementet | 892 500 | 840 000 | 913 070 | 1 038 500 | 927 500 |
| 1137.50/51 | Landbruks- og matdepartementet | 429 914 | 429 576 | 424 803 | 411 336 | 394 746 |
| 1410.51 | Klima- og miljødepartementet | 293 105 | 334 753 | 379 503 | 385 690 | 393 720 |
| 780.50 | Helse- og omsorgsdepartementet | 338 212 | 252 167 | 130 419 | 370 562 | 381 211 |
| Div. | Utenriksdepartementet | 286 150 | 213 298 | 83 898 | 255 250 | 251 300 |
| 500.50/ 541.50/ 553.74 | Kommunal- og distriktsdepartementet | 329 893 | 347 349 | 282 268 | 221 552 | 202 937 |
| 601.50 | Arbeids- og sosialdepartementet | 166 730 | 171 205 | 117 829 | 176 175 | 191 034 |
| Totalt | | 9 837 778 | 9 471 733 | 9 594 157 | 10 197 539 | 10 099 597 |

Samla sett er det ein reduksjon i løyvingane til Noregs forskingsrådet. Dette skriv seg frå kutt i løyvingane til Olje- og energidepartementet på til saman 137 mill. kroner, samt nokre mindre kutt i løyvingane til Nærings- og fiskeridepartementet,

Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. I tillegg blir delar av midlane til Grøn plattform gjennom Forskingsrådet over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet fasa ut i 2023 budsjettet.

Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032

Regjeringa legg med Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2023–2032* fram sine mål og prioriteringar for forskning og høgare utdanning for dei neste åra. Dette er ein revisjon av den gjeldande planen som blir gjort kvart fjerde år for å kunne ta omsyn til politiske og samfunnsmessige endringar. I tillegg til at denne langtidsplanen er utarbeidd av ei ny regjering, blir han lagd fram under andre omstende. Sidan dei to første langtidsplanane blei lagde fram i 2014 og 2018, har verda endra seg på grunnleggjande måtar. I denne situasjonen meiner regjeringa at forskning og høgare utdanning er viktigare enn nokon gong for å løyse dei store utfordringane samfunnet står overfor. Samstundes må det takast omsyn til at det økonomiske handlingsrommet vert mindre.

Overordna mål

Den nye langtidsplanen inneheld tre overordna mål:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- miljømessig, sosial og økonomisk berekraft
- forskning og høgare utdanning av høg kvalitet som er tilgjengeleg

Desse måla er formulerte på eit overordna nivå, og dei er meint å vere langsiktige. Målbildet inneber høg grad av kontinuitet frå dei tidlegare langtidsplanane, på same tid som det er gjort nokre justeringar. Målet om styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne er avgjerande for at Noreg skal klare dei omstillingane vi står overfor, og er vidareført uendra. Berekraftsmåla er flytta opp i målbildet, ettersom dei fangar opp og formulerer dei store samfunnsutfordringane på ein måte som òg knyter an til Noregs internasjonale arbeid. Målet om forskning og høgare utdanning av høg kvalitet som er tilgjengeleg omfattar framleis ein ambisjon om fleire framifrå fagmiljø, som var den førre målformuleringa, men signaliserer samstundes at regjeringa har ambisjonar om forbetringar i heile sektoren, ikkje berre i toppmiljøa.

Tematiske prioriteringar

Planen inneheld òg seks tematiske prioriteringar:

- hav og kyst
- helse

- klima, miljø og energi
- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnssikkerheit og beredskap
- tillit og fellesskap

Desse tematiske prioriteringane er utvalde område der regjeringa meiner det er særleg viktig at Noreg satsar på forskning og høgare utdanning i åra som kjem. Også i prioriteringane er det ein god del som blir vidareført frå dei tidlegare planane, samstundes som det er nokre endringar. Samfunnssikkerheit og beredskap og helse er aktualiserte som særleg viktige område i vår tid, og dei er blitt eigne prioriteringar. Kyst er føydd til, slik at hav og kyst blir sett meir i samanheng. Tillit og fellesskap er ei ny prioritering som vidarefører fleire element frå tidlegare planar.

Kunnskapssystemet

For å følge opp måla og prioriteringane i planen på ein god måte, må kunnskapssystemet vere velfungerande. Langtidsplanen har derfor ein eigen del om kunnskapssystemet og tek for seg viktige tema som høgare utdanning og kompetansebehova i samfunnet, tillit til forskning og akademisk fridom, forskningssystemet og datainfrastruktur og bygg i universitets- og høgskulesektoren.

Målretta samfunnsoppdrag

Planen lanserer eit nytt verkemiddel i Noreg gjennom to målretta nasjonale samfunnsoppdrag:

- berekraftig fôr
- inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv

Målretta samfunnsoppdrag er nyskapande og ambisiøse prosjekt der forskning blir kopla med andre verkemiddel for å løyse konkrete problem innanfor ein gitt tidsfrist gjennom tverrsektoriell og målretta innsats. Noreg deltek alt i EUs samfunnsoppdrag, og no lanserer regjeringa dei to nasjonale samfunnsoppdraga for å medverke til meir praktisk bruk av forskingsbasert kunnskap for å løyse konkrete samfunnsutfordringar. Samfunnsoppdraga tek utgangspunkt i område som har høg prioritet for regjeringa og der forskingsbasert kunnskap og kompetanse er nødvendig for å nå det konkrete målet.

6 Nøkkeltal for grunnsopplæringa

Innleiing

Kapitlet gir informasjon om utviklinga i talet på elevar, lærlingar og lærarar og i ressursbruken i grunnsopplæringa.

Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskulen og vidaregåande opplæring. Grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane. Både i kommunane og i fylkeskom-

munane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring var 94,1 mrd. kroner i 2021. Tilsvarande var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring 40,4 mrd. kroner i 2021. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er avgjerande for ressursbruken i skulen.

Ressursbruken i grunnsopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Elevar og lærlingar i grunnsopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22

| Skuleår | Barnetrinnet (1.–7. trinn) | Ungdomstrinnet (8.–10. trinn) | Totalt |
|---------|----------------------------|-------------------------------|---------|
| 2014–15 | 430 864 | 188 132 | 618 996 |
| 2015–16 | 438 387 | 185 368 | 623 755 |
| 2016–17 | 444 638 | 184 637 | 629 275 |
| 2017–18 | 447 355 | 185 674 | 633 029 |
| 2018–19 | 448 655 | 187 695 | 636 350 |
| 2019–20 | 446 218 | 190 032 | 636 250 |
| 2020–21 | 443 967 | 191 530 | 635 497 |
| 2021–22 | 439 644 | 195 030 | 634 674 |

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.1 viser at talet på elevar i grunnskulen auka kvart år fram mot skuleåret 2018–19, men at det har vore ein nedgang i elevtalet frå 2018–19 til 2021–22. 97,9 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2021, var i vidaregåande opp-

læring same år. Av elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2021, var det om lag like mange som begynte på eit yrkesfagleg program som på eit studieførebuande program.

Tabell 6.2 Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22

| Skuleår | Elevar på studieførebuande program | Elevar på yrkesfag | Lærlingar, elevar i fagopplæring i skule og lære kandidatatar | I alt |
|---------|------------------------------------|--------------------|---|---------|
| 2014–15 | 117 129 | 72 344 | 40 982 | 230 455 |
| 2015–16 | 118 013 | 72 026 | 42 021 | 232 060 |
| 2016–17 | 121 409 | 69 644 | 42 777 | 233 830 |
| 2017–18 | 123 095 | 66 562 | 44 637 | 234 294 |
| 2018–19 | 121 390 | 67 092 | 46 316 | 234 798 |
| 2019–20 | 119 141 | 67 854 | 48 281 | 235 276 |
| 2020–21 | 119 244 | 68 970 | 48 012 | 236 226 |
| 2021–22 | 117 990 | 68 195 | 49 981 ¹ | 236 166 |

¹ I 2021–22 var det 1 022 personar som hadde kontrakt om fagbrev på jobb. Statistikken har tal om fagbrev på jobb frå 2020. 725 personar hadde kontrakt i 2020–2021.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det har vore ein jamn auke i talet på elevar, lærlingar og lære kandidatatar totalt i vidaregåande opplæring i fleire år. Men frå 2020–21 til 2021–22 ser vi ein liten nedgang. Det er særleg ein nedgang i talet på elevar på studieførebuande program som forklarar den totale nedgangen.

Per 1. oktober 2021 var det registrert 46 705 lærlingar og 1 839 lære kandidatatar. Det er om lag 1740 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2020, medan det er om lag 80 fleire lære kandidatatar. I 2021 er det også registrert over tusen som har kontrakt gjennom tilbodet fagbrev på jobb. Hausten 2021 søkte totalt 30 342 elevar om lære plass. Det er over 1 500 fleire enn året før. Det er flest søkarar til lære plassar i helse- og oppvekstfag, bygg- og anleggsteknikk og teknologi- og industri-fag.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir rekna ut på bakgrunn av registrerte timar per skuleår. I 2021–22 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen 62 226, ein auke på i overkant av 500 årsverk frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk utførte av undervisningspersonale til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22

| Skuleår | Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk | Av dette andre oppgåver | Assistent-årsverk |
|---------|---|-------------------------|-------------------|
| 2014–15 | 57 331 | 6 518 | 8 167 |
| 2015–16 | 57 612 | 6 407 | 8 417 |
| 2016–17 | 58 421 | 6 480 | 8 868 |
| 2017–18 | 59 357 | 6 459 | 9 389 |
| 2018–19 | 60 372 | 6 430 | 9 849 |
| 2019–20 | 61 425 | 6 411 | 10 020 |
| 2020–21 | 61 705 | 6 240 | 10 658 |
| 2021–22 | 62 226 | 6 146 | 11 032 |

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til skuleåret 2021–22

| Skuleår | Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, avtalte årsverk |
|---------|--|
| 2015–16 | 23 091 |
| 2016–17 | 23 300 |
| 2017–18 | 23 188 |
| 2018–19 | 23 259 |
| 2019–20 | 23 491 |
| 2020–21 | 23 500 |
| 2021–22 | 23 870 |

Kjelde: Statistikkbanken (SSB)

Gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram når ein ser på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein det samla talet på ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timane lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik bør sjåast som ein indikasjon og ikkje som eit absolutt mål.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar. Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid, fordi endringar knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilde av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje får særskilde individretta styrkingstiltak.


Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn¹, frå skuleåret 2014–15 til skuleåret 2021–22

| Skuleår | Gruppestorleik 1 (1.–10. trinn) | Gruppestorleik 2 (1.–10. trinn) |
|---------|---------------------------------|---------------------------------|
| 2014–15 | 13,5 | 16,8 |
| 2015–16 | 13,5 | 16,8 |
| 2016–17 | 13,5 | 16,8 |
| 2017–18 | 13,3 | 16,6 |
| 2018–19 | 13,1 | 16,3 |
| 2019–20 | 12,9 | 15,8 |
| 2020–21 | 12,8 | 15,7 |
| 2021–22 | 12,6 | 15,5 |

¹ Offentlege og private grunnskular unnateke spesialskular og utanlandsskular.

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2018 blei det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn i offentlege skular. Skuleåret 2018–19 skulle gruppestorleik 2 maksimalt vere 16 på 1.–4. trinn og 21 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Frå hausten 2019 blei norma skjerpa, og gruppestorleik 2 skal maksimalt vere 15 på 1.–4. trinn og 20 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Det har vore ein monaleg auke i prosentdelen grunnskular som oppfyller kravet på 1.–4. trinn sidan norma vart innført. Hausten 2021 oppfylte 90 pst. av skulane lærarnorma. 97 pst. av skulane oppfylte norma på 5.–7. trinn, og 92 pst. av skulane oppfylte norma på 8.–10. trinn. Figur 6.1 viser utviklinga i gruppestorleik 2 fordelt på dei ulike hovudtrinna. I skuleåret 2021–22 gjekk gruppestorleiken litt ned på alle hovudtrinn samanlikna med året før. Gruppestorleiken var 13,5 på 1.–4. trinn, 16,2 på 5.–7. trinn og 17,6 på 8.–10. trinn. Det vil seie at lærarnorma i gjennomsnitt var oppfylt på alle hovudtrinn i skuleåret 2021–22.



Figur 6.1 Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen¹, frå skuleåret 2007–08 til skuleåret 2021–22

¹ Offentlege og private grunnskular unnateke spesialskular og utanlandsskular.
Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


For vidaregåande opplæring er det vanskeleg å lage eit godt mål på forholdstalet mellom lærarar og elevar. Det finst ikkje godt nok talgrunnlag for å skilje mellom lærarar og elevar på ulike studieretningar, og dette er ein faktor som har stor innverknad på gruppestorleiken i vidaregåande opplæring.

Skulestruktur

I skuleåret 2021–22 var det 2 761 grunnskular i Noreg. Dette er ein nedgang på 15 skular frå sku-

leåret 2020–21. Av dei 2 761 skulane var 270 godkjende private grunnskular. 4,6 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på ein privat grunnskule i skuleåret 2021–22.

Når det gjeld storleiken på grunnskulane i Noreg, varierer denne frå nokre få elevar til over 1 000 elevar på dei største skulane. Figuren nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skular. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skular og færre små skular.



Figur 6.2 Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

6 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på skular med færre enn 100 elevar, 34 pst. gjekk på skular med mellom 100 og 299 elevar, og 60 pst. gjekk på skular med 300 eller fleire elevar i 2021. Sidan skuleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skular (over 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skulenedleggingar har vist at den viktigaste årsaka til at skular blei lagde ned, var lågt elevtal. Andre viktige faktorar var kommuneøkonomi og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi blei oppgitt som årsak, var dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2021 var det 420 vidaregåande skular i landet. Av desse var 100 private. Det er ein liten auke frå året før. Den totale auken er på 5 skular.

Skuleresultat

Nasjonale prøvar hausten 2021

Nasjonale prøvar skal måle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og i delar av engelskfaget. Resultatet skal gi skuleeigaren og skulen eit grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa. Elevar på 5., 8. og 9. trinn deltek på nasjonale prøvar. Nasjonale prøvar er inndelte i tre nivå på 5. trinn og fem nivå på 8. og 9. trinn.

Resultata frå dei nasjonale prøvane på 5. trinn viser at elevprestasjonane i engelsk har vorte noko betre dei siste to åra, medan det i snitt ikkje er nemneverdig endring i lesing eller rekning. Gutane presterer framleis litt betre enn jenter i

rekning og engelsk, medan det er motsett i lesing. Prestasjonsskilnader mellom gutar og jenter i rekning har auka og er i 2021 den største sidan målinga starta i 2014. Samanlikna med i fjor presterer gutane noko betre i rekning og engelsk, medan jentene presterer noko svakare i rekning og engelsk.

På 8. trinn er det ingen vesentlege endringar samanlikna med tidlegare år. Det er framleis fleire gutar enn jenter som presterer på dei høgaste meistringsnivåa i rekning, og fleire jenter på dei lågaste nivåa. I lesing er det fleire jenter på dei høgaste meistringsnivåa og fleire gutar på dei lågaste nivåa. I engelsk er skilnaden på gutane og jentene små. Samla sett presterer gutane noko betre i rekning og engelsk samanlikna med i fjor, medan jentene presterer litt svakare i år i rekning. Sidan 2017 har det vorte litt færre elevar som presterer på dei to lågaste meistringsnivåa i engelsk.

Samanlikna med andre fylke har Oslo, på både barne- og ungdomstrinnet, ein større prosentdel elevar på dei høgaste meistringsnivåa og lågare del på dei lågaste nivåa. Det er ingen vesentlege endringar i prestasjonane til elevane på fylkesnivå.

Skulebidragsindikatorane

Kvar elev har med seg mange føresetnader som påverkar skuleresultata. Skulebidragsindikatorane set seg som mål å seie kor mykje skulen bidreg med i resultatata til elevane.

For 1.–4. trinn blir det berre kontrollert for familiebakgrunn (utdanninga til foreldra, hushaldsinnitekt og innvandringsbakgrunn), sidan det ikkje er faktiske elevresultat å kontrollere mot. På 5.–7. trinn blir det kontrollert for dei tidlegare resultatata for elevane (resultat på nasjonale prøvar i 5. trinn) i tillegg til indikatorane for familiebakgrunn.

Indikatorane for 1.–4. trinn og 5.–7. trinn for dei samanslåtte årgangane 2020 og 2021 viser at ein stor del av resultatskilnader mellom skulane kan forklarast med skilnader i elevgrunlaget. På 65 pst. av skulane presterer elevane i snitt som forventa gitt familiebakgrunnen deira. 19 pst. av elevane presterer dårlegare enn forventa. Halvparten av skulane i Oslo kommune har elevar som presterer betre enn forventa på 1.–4. trinn. Også svært få skular i Oslo og i Rogaland presterer lågare enn venta for 5.–7. trinn.

På kommunenivået har 29 pst. av kommunane eit bidrag som ligg under landsgjennomsnittet på 1.–4. trinn, medan berre 8 pst. ligg over snittet. Dette heng saman med at Oslo og andre store kommunar ligg over snittet og dermed påverkar landssnittet i høgare grad. På 5.–7. trinn ligg omtrent like mange skular over og under gjennomsnittet. Kommunane Oslo, Bærum, Sandnes, Drammen og Stavanger har bidrag som ligg signifikant over snittet på både 1.–4. og 5.–7. trinn.

Skulebidragsindikatorane er eit supplement til eksisterande informasjon om kvalitetsskilnader mellom fylke, kommunar og skular. Dei gir ein indikasjon på kor mykje den einskilde skulen bidreg med, men dei gir ikkje nødvendigvis heile bildet.

Karakterar og grunnskulepoeng

På grunn av covid-19-pandemien blei det, som i 2020 og 2021, ikkje gjennomført eksamen i grunnskulen i 2022. Grunnskulepoenga er derfor berre berekna på bakgrunn av standpunkt-karakterar. Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2022, har i snitt 43,4 grunnskulepoeng. Det er ein liten auke samanlikna med førre skuleår. Samanlikna med 2019, som var det siste året eksamen blei gjennomført som normalt, er snittet no 1,4 poeng høgare. Elevane får normalt svakare karakterar til eksamen enn i standpunkt, så delar av auken kjem av at eksamen ikkje blei gjennomført. Samstundes er standpunkt-karakterane i fleire av faga høgare enn tidlegare år. Skilnaden mellom jenter og gutar er litt mindre enn i fjor, ved at karaktersnittet til gutane har auka med 0,2 poeng til 41,3, medan snittet for jentene er uendra på 45,6. Jentene får i snitt høgare standpunkt-karakterar enn gutane i alle fag, utanom kroppsøving. Skilnaden er størst i

mat og helse og kunst og handverk, der jentene i snitt får 0,7 karakterpoeng meir enn gutane. I matematikk skil berre 0,2 karakterpoeng mellom gutar og jenter, medan gutane får 0,1 karakterpoeng meir i kroppsøving.


Avgangselevane på 10. trinn i skuleåret 2021–22 er det første kullet som har hatt alle faga etter dei nye læreplanane i fagfornyninga. Etter fagfornyninga blir det gitt berre éin karakter i engelsk. Snittet i det nye faget ligg på 4,3, som er mellom snitta i engelsk munnleg og skriftleg i skuleåret 2020–21.

Nokre elevar får ikkje standpunkt-karakter i eitt eller fleire fag. Dei får i staden merknader om fritak eller manglande vurderingsgrunnlag i det aktuelle faget. Nynorsk er det faget der flest elevar er fritekne frå å få ein standpunkt-karakter. 18 pst. av avgangselevane hadde fritak, noko som er ein auke på 1,1 prosenteningar frå førre skuleår.

Prosentdelen elevar som manglar grunnskulepoeng, har auka noko, og følger ein trend dei siste åra. Skuleåret 2021–22 mangla 6,9 pst. av elevane karakter i meir enn halvparten av faga, og dei fekk derfor ikkje berekna grunnskulepoeng. Førre skuleår gjaldt det om lag 6 pst. av elevane. Årsaka til at elevane ikkje får karakterar, er samansette. Det kan til dømes gjelde elevar som har spesielle utfordringar, elevar som har individuell opplæringsplan og derfor rett til fritak frå vurdering, elevar som manglar vurderingsgrunnlag på grunn av sjukdom eller anna fråvær, elevar som nyleg har kome til landet eller elevar som ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag.

Bruk av undervisningspersonale utan godkjend utdanning

Kompetansekrava for tilsetjing i grunnskulen tilseier at ein må ha lærarutdanning eller anna godkjend utdanning for å bli fast tilsett. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at 4,1 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i 2021–22. Desse kan vere mellombels tilsette eller tilsette under føresetnad av at utdanning den tilsette har begynt på, blir fullført. Figur 6.3 viser utviklinga i prosentdelen av berekna årsverk til undervisning i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Talet har vore i overkant av 4 pst. dei siste åra, noko som kan kome av meir vikarbruk som følge av den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar og innføringa av lærarnorma. Det var ein nedgang frå normalen i skuleåret 2020–21 som kan ha samanheng med koronapandemien og lite behov for vikarbruk.



Figur 6.3 Prosentdelen av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


I 2021 hadde 5,1 pst. av lærarane i vidaregåande opplæring ei vidaregåande utdanning eller lågare, medan 5,0 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på lågare nivå, men utan pedagogisk utdanning. 4,3 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på høgare nivå, men ikkje pedagogisk utdanning.

Lærarar som underviser i norsk, matematikk, norsk teiknspråk og samisk på 1.–7. trinn, skal ha minst 30 studiepoeng i faget. På 8.–10. trinn skal lærarar som underviser i norsk, matematikk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk, ha minst 60 studiepoeng i undervisningsfaget. Lærarar utdanna før 2014 har dispensasjon frå dette kravet fram til 2025. Departementet har hatt på høyring eit forslag om unntak frå kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag som del av ny opplæringslov. Unntaket er foreslått å gjelde ved under-

visning gitt av lærarar som oppfylte tilsetjingskrava før 1. januar 2014, og av lærarar som har fullført allmenn lærarutdanning, uavhengig av når denne utdanninga blei fullført. I norsk, matematikk og engelsk har det vore ein nedgang frå førre skuleår i prosentdelen av lærarar som ikkje oppfyller krava.

Tilsette med innvandrarbakgrunn

Prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn er litt høgare for fylkeskommunale vidaregåande skular enn for dei kommunale grunnskulane. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjør ein svært liten del. Det har vore ein svak auke i prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn i dei siste tre åra, både i kommunale grunnskular og i fylkeskommunale vidaregåande skular.




Figur 6.4 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet¹ i grunnskular og i vidaregåande skular, 2019–21

¹ Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 22 900 studentar som utdanna seg til å bli lærar i skulen i 2021, hadde berre 9 pst. innvandrarbakgrunn. Prosentdelen med innvandrarbakgrunn

som går på slike utdanningar, har likevel auka litt dei siste tre åra. Dette gjeld i hovudsak norskfødde med innvandrarforeldre.



Figur 6.5 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar¹, 2019–21

¹ Allmenn-/grunnskulelærarutdanning inkludert masterutdanning for grunnskulelærarar, fag- og yrkesfaglærarutdanning, integrert masterutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Framtidig behov for lærarar


Framskrivingar som er gjorde av SSB i 2021 gjennom modellen Lærermod, viser forventa behov for lærarar i perioden 2020–40. Modellen har tidlegare skissert ein arbeidsmarknad for lærarar med store ubalansar i framtida. I den siste framskrivinga frå SSB er denne trenden noko endra.

Framskrivinga frå SSB viser at det fram til 2025 på nasjonalt nivå vil vere færre grunnskulelærarar i arbeidsmarknaden enn det er behov for. Deretter snur dette til ein auke dei neste åra fram mot 2040. Dersom framskrivinga viser seg å stemme, gir det gode føresetnader for å sørge for at alle som jobbar som lærarar i skulen, er kvalifiserte og har rett kompetanse. Auken kjem i hovudsak av ein nedgang i befolkningsframskrivingane for barn i aldersgruppa 6–15 år. På same tid har det dei siste åra også blitt fleire grunnsku-

lelærarstudentar og fleire studentar som fullfører utdanninga samanlikna med førre framskriving.

Framskrivinga viser også ein stor auke av dei andre lærartypene i heile framskrivingperioden. Dette gjeld barnehagelærarar, lektorar og faglærarar, lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor allmennfag (PPU) og lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor yrkesfag (PPU-Y).

Etter dagens regelverk kan faglærarar og lærarar med PPU berre arbeide i grunnskulen frå og med 5. trinn. For grunnskulen over 5. trinn kan dermed underskotet på grunnskulelærarar sannsynlegvis dekkast inn av overskotet på faglærarar og PPU-lærarar. Framskrivingane er ikkje ein fasit på kva som vil skje i framtida, men viser korleis framtida bli dersom dagens trendar blir uendra. Det er derfor stor uvisse knytt til modellen.



Figur 6.6 SSBs overslag over tilbud og etterspurnad etter lærarar i framtida

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Lærermod 2019–2040, notat 2021/11)

Kommunal ressursbruk

Korrigerte brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skulelokale og skyss. Korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen var 135 421 kroner i 2021, som er ein nominell auke på 8 pst. frå 2020. Den kommunale pris- og lønnsauken (deflatoren) var i 2021 på 4,3 pst., som vil seie at det i snitt har vore ein realauke i utgifter per elev i grunnskulen. I vidaregåande opplæring var korrigerte brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande pro-

gram 150 011 kroner og på yrkesfaglege program 183 689 kroner. Dette er ein nominell auke på høvesvis 6 og 6,5 pst. frå 2020 til 2021. Året før så bildet annleis ut, frå 2019 til 2020 var det ein nedgang i dei korrigerte brutto driftsutgiftene. Denne nedgangen kan sjåast i samanheng med endringar i reglar for offentleg tenestepensjon og nye samordningsreglar for folketrygda. Endringane har ført til ein reduksjon i pensjonskostnadene til fylkeskommunane. Utgifter til lønn og sosiale utgifter utgjer ein svært stor del av dei totale kostnadene til vidaregåande opplæring. Nedgangen i

utgiftene frå 2019 til 2020 er også eit resultat av ein reduksjon i pengar brukt på varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen.

I kommunesektoren var brutto driftsutgifter til grunnskule 18,1 pst. av totale brutto driftsutgifter i 2021. Prosentdelen av utgifter til grunnskule har gått noko ned dei siste ti åra. Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Det er store kommunale skilnader i ressursbruk i skulen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skular for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. Mykje av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skule, kan forklarast med ulike kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg innverknad på utgiftsnivået. Kommunar med store inntekter bruker meir pengar på skule. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom anna kome av variasjonar i elevsamansetjinga. Spesielt for små kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg kome av ulike politisk prioritering mellom kommunar.


Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal frå OECD

(*Education at a Glance 2021: OECD Indicators*). Dersom ein ser på utgiftene per elev, har Noreg blant dei høgaste utgiftene til grunnskulen og vidaregåande opplæring blant OECD-landa.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Prosentdelen elevar med spesialundervisning i grunnskular og spesialskular har dei siste ti åra stabilisert seg på om lag 8 pst. I skuleåret 2021–22 låg delen som fekk spesialundervisning, på 7,8 pst. av alle elevar i grunnskulen, ein knapp auke frå førre år. 67 pst. av alle elevar som får spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover på ungdomstrinnet aukar prosentdelen av elevar med spesialundervisning, som figuren under viser. I skuleåret 2021–22 hadde 3,5 pst. av elevane på 1. trinn einskildvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var prosentdelen av elevar med spesialundervisning 10,5 pst. 47 360 elevar fekk vedtak om spesialundervisning med undervisningspersonale.



Figur 6.7 Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt elevtal, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2021–22

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Elevar med innvandrarbakgrunn

Særskild norskopplæring


I opplæringslova § 2-8 (for grunnskulen) og § 3-12 (for vidaregåande opplæring) heiter det at elevar

som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett på særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg ferdigheit i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen. I skuleåret 2021–22 fekk 39 725 elevar i grunnskulen særskild norskopplæ-

ring, noko som er 83 færre enn året før. Dette utgjer 6,3 pst. av elevane. 4 329 elevar på 1. trinn fekk særskild norskopplæring i 2021, noko som utgjer 7,2 pst. av alle førsteklasingane. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. I skule-

året 2021–22 var det 1 989 elevar som berre fekk morsmålsopplæring, 6 655 elevar som berre fekk tospråkleg fagopplæring, og 731 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka, noko som også var tilfellet førre år.

Resultat i grunnskulen



Figur 6.8 Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2019–21

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er små skilnader mellom grunnskulepoenga til norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar. Berre 2 poeng skilde desse i 2021. Avstanden mellom innvandrarar (dei som sjølve har innvandra) og andre elevar er noko større. 4,7 poeng skilde desse i 2021. Det er vanskeleg å vurdere resultatane til innvandrarelevar. Mange av dei kan ikkje vurderast ut frå ordinære læreplanar, fordi dei treng tid til å tileigne seg eit nytt språk. 13 pst. av innvandrarelevane fekk ikkje berekna grunnskulepoeng i 2021.

Det er særleg dei med 0–2 års butid, 39 pst., som ikkje har fått berekna grunnskulepoeng. Til samanlikning har 17 pst. av dei med 3–4 års butid og 6 pst. av dei med 5–6 års butid ikkje fått berekna grunnskulepoeng.

Butida har stor innverknad på kor mange grunnskulepoeng innvandrarar har ved utgangen av 10. trinn. Det er først blant dei med meir enn 7–8 års butid at talet på grunnskulepoeng nærmar seg talet på grunnskulepoeng for norskfødde med innvandrarforeldre.


Jenter får i gjennomsnitt 4,4 grunnskulepoeng meir enn gutane. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre får fleire grunnskulepoeng enn gutar utan innvandrarbakgrunn.

Det er ein større del av innvandrarane som er fritekne frå nasjonale prøvar, enn norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar. På 8. trinn er 11 pst. av innvandrarane fritekne frå nasjonale prøvar i lesing. I engelsk og rekning er 9 pst. fritekne. Det er små skilnader mellom norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar i delen som er fritekne. 3 pst. av både norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar er fritekne i kvart einskild av faga engelsk, lesing og rekning.

Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst skilnader i lesing og minst skilnader i engelsk. Tala må tolkast i lys av at delen som er fritekne, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre.

I lesing gjer jentene det betre enn gutane. I rekning gjer gutane det betre enn jentene. Desse skilnadene gjer seg gjeldande både mellom gutar og jenter med innvandrarbakgrunn og mellom andre gutar og jenter. Det er små skilnader mellom gutar og jenter i engelsk.

Butida har mykje å seie for meistringsnivået til elevane. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde med innvandrarforeldre i lesing.




Figur 6.9 Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøvar i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2021

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Dei norskfødde jentene med innvandrarforeldre fullfører og består vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år i om lag same grad som andre jenter. For gutar er det framleis ein betydeleg skilnad.


64 pst. av innvandrarane som begynte i vidaregåande opplæring i skuleåret 2015–16 (2015-kullet), fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år. Delen har auka i dei siste åra, men er framleis betydeleg lågare enn delen norskfødde med innvandrarforeldre og andre. Kor lenge ein har budd i Noreg, har mykje å seie for fullføringsprosenten.



Figur 6.10 Prosentdelen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2013–14 (2013-kullet) til 2015–16 (2015-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Læreplassar og kontraktar




Figur 6.11 Prosentdelen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2019–21

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av om lag 20 800 søkarar (med ungdomsrett) med læreplass som førsteønske i skuleåret 2021–22,

hadde 80,2 pst. fått ein godkjend lærekontrakt per 31. desember 2021.



Figur 6.12 Prosentdelen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringsskategorio og kjønn, 2019–21

Personar med ukjend utdanning er ikkje talde med.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2021 er 12 pst. av innvandrarar i alderen 16–25 år verken i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Til samanlikning gjeld dette 6 pst. av norskfødde med innvandrarforeldre og 5 pst. av andre i same aldersgruppe.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønsker det, jf. opplæringslova § 4A-1. Talet på vaksne som får opplæring på grunnskulenivå, er gått ned. I skuleåret 2021–22 var det om lag 11 800 vaksne som fekk grunnskuleopplæring. Av dei som fekk slik opplæring, var det om lag 8 700 som fekk det som ordinær grunnskuleopplæring. Så er det i underkant av 2 900 som fekk opplæringa som spesialundervisning. I tillegg er det ei lita gruppe som både mottek ordinær opplæring og opplæring som spesialundervisning.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal vere tilpassa behova og livssituasjonen til den einkilde. Vaksne som ønsker å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søke om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkarane med ungdomsrett, eller dei kan søke om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet

blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søke vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skulane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksneopplærings-tilbod og er ikkje ein del av den generelle søkar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

I 2020–21 deltok om lag 16 300 vaksne i opplæring på vidaregåande skular eller vaksneopplærings-senter. Det er ein liten nedgang frå året før.

Skulefritidsordninga

Kommunar må ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn og for barn med særskilde behov på 5.–7. trinn. I skuleåret 2021–22 gjekk 152 955 barn i skulefritidsordninga (SFO), noko som er ein auke på i overkant av 5 000 frå førre år. 2 275 av elevane i SFO var elevar på 5.–7. trinn. Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på 61 pst., ein auke frå 55 pst. i 2022. Tabell 6.6 viser at deltaking i SFO varierer mykje mellom dei ulike klassetrinna og er høgast blant dei yngste barna.

Det er ingen krav til kompetanse for tilsette i SFO i dag. Tal frå GSI viser at 8 pst. av dei tilsette i SFO i skuleåret 2021–22 hadde godkjent lærar- eller barnehagelærarutdanning. 43 pst. hadde fag-

brev som barne- og ungdomsarbeidar, og 49 pst. hadde annan bakgrunn.

Kommunen kan krevje kostnadene til SFO dekte gjennom foreldrebetaling. Dette bidreg til at det er stor variasjon i foreldrebetaling i SFO mellom kommunar. Frå hausten 2022 fekk alle elevar på 1. trinn tilbod om 12 timar gratis SFO per veke. Hausten 2020 vart det innført ei nasjonal ordning

med redusert foreldrebetaling i SFO for barn frå låginntektsfamiliar på 1.–2. trinn og gratis SFO for barn med behov for særskild tilrettelegging på 5.–7. trinn. Hausten 2021 vart den nasjonale ordninga med redusert foreldrebetaling i SFO utvida til å gjelde 3.–4. trinn òg. Kommunar kan i tillegg velje å tilby ytterlegare inntektsgraderte satsar, fri-plassar og søskenmoderasjon i SFO.

Tabell 6.6 Deltaking i skulefritidsordninga (SFO)

| Skuleår | 2015–16 | 2016–17 | 2017–18 | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|--|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på barn i SFO | 159 633 | 160 994 | 160 571 | 158 318 | 156 597 | 147 749 | 152 955 |
| Prosentdel av barna i SFO med fulltids plass | 57 | 56 | 57 | 56 | 57 | 58 | 58 |
| Dekningsgrad 1.–4. trinn (pst.) | 62 | 62 | 62 | 61 | 62 | 59 | 61 |
| Dekningsgrad 1. trinn (pst.) | 80 | 81 | 82 | 82 | 82 | 82 | 83 |
| Dekningsgrad 2. trinn (pst.) | 75 | 74 | 76 | 76 | 76 | 73 | 77 |
| Dekningsgrad 3. trinn (pst.) | 60 | 59 | 58 | 59 | 59 | 54 | 58 |
| Dekningsgrad 4. trinn (pst.) | 33 | 32 | 31 | 30 | 31 | 28 | 30 |
| Prosentdel av SFO-ar som tilbyr søskenmoderasjon | 66 | 65 | 66 | 67 | 68 | 69 | 72 |

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Leksehjelp

Alle elevar i grunnskulen har rett til åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skuletid. Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle og

vere frivillig for kvar einskild elev. I skuleåret 2021–22 deltok 102 453 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer i overkant av 16 pst. av elevane, noko som er ein knapp auke frå året før. Talet er framleis lågt samanlikna med åra før covid-19-pandemien. Det er flest elevar på 4.–7. trinn som nyttar seg av leksehjelp etter skuletid.

7 Nøkkeltal for barnehagesektoren

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på barn og tilsette og om ressursbruken i barnehagesektoren.

Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren er eit av dei største tenesteområda i kommunane. Samla

brutto driftsutgifter til barnehagar i 2021 var 58,5 mrd. kroner og utgjorde 11,2 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Talgrunnlaget i kapittelet er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (KOMMune-STat-RApportering), Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2016–21

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Barn i barnehage | 282 649 | 281 622 | 278 578 | 275 804 | 272 264 | 268 465 |
| Dekningsgrad 1–5 år (pst.) | 91,1 | 91,3 | 91,8 | 92,2 | 92,8 | 93,4 |
| Dekningsgrad 0 år (pst.) | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 4,2 | 4,3 | 4,6 |
| Dekningsgrad 1 år (pst.) | 71,7 | 72,1 | 73,2 | 74,8 | 76,6 | 79,1 |
| Dekningsgrad 2 år (pst.) | 92,3 | 92,9 | 93,2 | 93,6 | 94,1 | 94,7 |
| Dekningsgrad 3 år (pst.) | 95,9 | 96,1 | 96,4 | 96,5 | 96,7 | 96,8 |
| Dekningsgrad 4 år (pst.) | 97,2 | 97,3 | 97,3 | 97,1 | 97,6 | 97,5 |
| Dekningsgrad 5 år (pst.) | 97,5 | 97,6 | 97,6 | 97,5 | 97,7 | 97,8 |
| Gjennomsnittleg avtala opphaldstimar per veke | 44,3 | 44,4 | 44,5 | 44,6 | 44,6 | 44,7 |
| Prosentdel av barn med heiltidsplass | 94,9 | 95,5 | 96,1 | 96,6 | 96,9 | 97,3 |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet

Ved utgangen av 2021 gjekk 268 465 barn i ein ordinær barnehage eller ein familiebarnehage. Dette inkluderer òg nullåringar og seksåringar, altså barn som av ulike årsaker har fått barnehageplass før eittårsalder, og barn som har fått utsett skulestart til det året dei fyller sju år. I tillegg hadde 105 opne barnehagar kapasitet til å ta imot 3 071 barn i 2021. Departementet har ikkje statistikk for deltakinga i opne barnehagar.

Når det gjeld talet på barnehagebarn i alderen 1–5 år, har det vore ein nedgang frå 2020. Dette er ein vedvarande trend over dei siste åra som kjem

av ein nedgang i talet på barn i alderen 1–5 år i befolkninga. Barn under 3 år utgjorde 36 pst. av alle barn i barnehage.

I 2021 hadde 97,3 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 69,6 pst. i 2005, det vil seie avtala opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtala opphaldstid for barn i barnehage har i same periode auka frå 39 til 44,6 timar per veke. Dekningsgraden i 2021 for barn i alderen 1–5 år var 93,4 pst., mot 76,2 pst. i 2005. Dekningsgraden har vore stabil for dei eldre barna dei siste åra og auka for dei yngste barna.

Tabell 7.2 Barn i barnehage etter eigarforhold, offentlig og privat, 2017–21

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Offentlege | 141 751 | 139 910 | 138 822 | 136 987 | 135 074 |
| – kommunale | 140 999 | 139 154 | 138 122 | 136 280 | 134 360 |
| – fylkeskommunale/statlege | 752 | 756 | 700 | 707 | 714 |
| Private | 139 871 | 138 668 | 136 982 | 135 277 | 133 391 |
| – kyrkjelyd/trussamfunn | 7 072 | 6 847 | 6 724 | 6 407 | 6 118 |
| – foreldreigde | 30 867 | 30 286 | 29 857 | 29 756 | 29 206 |
| – kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining | 926 | 904 | 695 | 798 | 776 |
| – bedrift | 3 586 | 3 305 | 3 011 | 2 754 | 2 639 |
| – pedagogisk/ideologisk org. | 4 531 | 4 337 | 4 368 | 4 461 | 4 332 |
| – einskildpersonar | 10 489 | 9 027 | 8 643 | 8 007 | 7 217 |
| – konsern/aksjeselskap | 70 809 | 72 249 | 71 815 | 71 581 | 71 696 |
| – stiftelse | 8 826 | 8 984 | 9 167 | 8 928 | 8 959 |
| – studentsamskipnad | 2 765 | 2 729 | 2 702 | 2 585 | 2 448 |
| I alt | 281 622 | 278 578 | 275 804 | 272 264 | 268 465 |

Barn som går i opne barnehagar, er ikkje med i tabellen, medan barn i familiebarnehagar er inkluderte i tabellen. I 2021 gjekk 132 barn i offentlege familiebarnehagar, og 3 034 barn gjekk i private familiebarnehagar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Tabell 7.3 Opne barnehagar, offentlege og private, 2014–21

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-----------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Kommunale | 43 | 41 | 41 | 40 | 43 | 43 | 36 | 30 |
| Private | 78 | 76 | 73 | 73 | 74 | 73 | 74 | 75 |
| Totalt | 121 | 117 | 114 | 113 | 117 | 116 | 110 | 105 |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Talet på barn i barnehagar har gått ned sidan 2014. Hovudtyngda av reduksjonen i barnehageplassar har vore i offentlege barnehagar. I 2021 var det ein nedgang på 1 913 barn med plassar i offentlege barnehagar frå året før og ein nedgang på 1 886 plassar i private barnehagar. I 2021 hadde om lag halvparten av barna plass i ein offentlig barnehage og halvparten i ein privat barnehage.

Ved utgangen av 2021 var det 5 525 barnehagar i Noreg, inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 612 kommunale, 12 fylkeskommunale eller statlege og 2 901 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2020 til 2021 har det vore ein reduksjon på 63 private og 32 kommunale barnehagar.


Tabell 7.4 Prosentdel barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2019–21

| | 2019 | | 2020 | | 2021 | |
|-------------|--------------------------|-------|--------------------------|-------|--------------------------|-------|
| | Minoritets- språklege | Andre | Minoritets- språklege | Andre | Minoritets- språklege | Andre |
| 1-åringar | 53,3 | 81,3 | 54,4 | 83,2 | 58,2 | 85,2 |
| 2-åringar | 84,0 | 96,7 | 85,2 | 97,0 | 87,4 | 97,3 |
| 3-åringar | 92,8 | 98,1 | 93,3 | 98,2 | 94,0 | 98,2 |
| 4-åringar | 93,6 | 98,5 | 95,7 | 98,6 | 94,9 | 98,7 |
| 5-åringar | 94,8 | 98,7 | 95,1 | 98,8 | 96,2 | 98,9 |
| 1-2-åringar | 69,0 | 89,1 | 70,2 | 90,1 | 73,4 | 91,3 |
| 3-5-åringar | 93,7 | 98,4 | 94,7 | 98,5 | 95,1 | 98,6 |
| 1-5-åringar | 83,9 | 94,4 | 85,3 | 94,7 | 86,9 | 95,2 |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Minoritetsspråklege barn er definerte ved at både barnet og dei føresette til barnet har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk. 86,9 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2021. Prosentdelen av barn som går i barnehage, aukar med alderen til barna. For minoritetsspråklege barn er skilnaden mellom ulike aldersgrupper større enn for andre barn. For 3-, 4- og 5-åringar er prosentdelen minoritetsspråklege barn som går i barne-

hage, nesten like høg som for andre barn, medan for 1–2-åringar er denne delen mykje lågare enn for andre barn, særleg for eittåringane. Minoritetsspråklege barn startar altså seinare i barnehage og har dermed i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, men det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart. For statistikk om samiske barnehagar og barnehagedeltaking, sjå del III kap. 11.



Figur 7.1 Talet på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–21

Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i små barnehagar, definerte som 25 barn eller færre, har gått ned med 30 pst. over dei siste 10 åra, medan talet på barn i barnehagar med 51–75 barn har gått ned med 6 pst. i same

tidsrom. Talet på barn i barnehagar med 26–50 barn har hatt ein nedgang på 9 pst., medan dette talet for barnehagar med 76 eller fleire barn har gått opp med 5 pst. i perioden.

Personalet i barnehagen

Tabell 7.5 Personalet i barnehagen, 2017–21

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Talet på tilsette | 94 540 | 95 819 | 96 744 | 95 909 | 95 201 |
| Talet på årsverk | 75 534 | 77 101 | 78 055 | 77 700 | 77 447 |
| Årsverk i grunnbemanninga | 62 706 | 64 135 | 64 844 | 64 392 | 63 926 |
| Styrarar (årsverk) | 4 822 | 4 783 | 4 786 | 4 739 | 4 705 |
| Årsverk i grunnbemanninga med barnehage- lærarutdanning eller pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til pedagogisk leiar | 24 683 | 26 266 | 27 294 | 27 605 | 27 694 |
| – i pst. av grunnbemanninga | 39,4 | 41,0 | 42,1 | 42,9 | 43,4 |
| Årsverk i grunnbemanninga med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar | 12 496 | 12 897 | 13 561 | 13 873 | 14 171 |
| – i pst. av grunnbemanninga | 19,9 | 20,1 | 20,9 | 21,5 | 22,2 |
| Personale som gir særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk i parentes) | 1 398 (404) | 1 347 (399) | 1 200 (358) | 1 035 (317) | 927 (286) |
| – prosentdel som har barnehagelærarutdanning | 23,5 | 22,8 | 21,3 | 19,6 | 22,3 |
| Personale som jobbar med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats (årsverk i parentes) | 7 415 (4 358) | 7 698 (4 565) | 8 315 (4 945) | 8 487 (5 118) | 8 922 (5 443) |
| – prosentdel som har barnehagelærarutdanning | 29,7 | 29,3 | 28,5 | 26,8 | 27,2 |

Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Det er stillingskategoriane pedagogisk leiar og anna grunnbemanning som utgjer grunnbemanninga.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2021 var det 95 200 tilsette som utførte 77 450 årsverk i barnehagane. Skilnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk viser at det er mange tilsette som jobbar deltid.

Det var 63 926 årsverk i grunnbemanninga i barnehagen i 2021, altså dei som jobbar direkte med barna. Over 43 pst. av årsverka i grunnbemanninga har barnehagelærarutdanning, medan 22 pst. av årsverka i grunnbemanninga har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Prosentdelane for begge kategoriane har gått noko opp dei siste fem åra.

Bemanningsnorma for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018. Norma inneber at barnehagen skal ha minst éin tilsett per tre barn under 3 år og éin tilsett per seks barn over 3 år. Frå same

tidspunkt blei også pedagognorma i barnehagen skjerpa, slik at barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per sju barn under 3 år og éin pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Per desember 2021 var grunnbemanninga i barnehagane på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 5,7 barn per vaksen dersom ein korrigerer for alder og opphaldstid. Ein vaksen er målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar. Det har vore ein sterk reduksjon i talet på barn per vaksen sidan bemanningsnorma blei innført. 99 pst. av barnehagane oppfylte bemanningsnorma i 2021, noko som er på same nivå som i fjor.

71 pst. av barnehagane oppfylte den skjerpa pedagognorma utan bruk av dispensasjon per desember 2021, opp frå 69 pst. i 2020 og 53 pst. i

2018. Prosentdelen pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet auka etter skjerpinga av pedagognorma, men har deretter gått ned kvart år og ligg på 5,9 for 2021. Totalt manglar

det 2 216 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon, ein nedgang på 300 årsverk frå 2020.

Tabell 7.6 Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2018–21


| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|------|------|------|------|
| Talet på barn per årsverk i grunnbemanninga, korrigerte for alder og opphaldstid (bemanningstettleik) | 5,8 | 5,7 | 5,7 | 5,7 |
| Prosentdel av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma (bemanningstettleik på 6,0 eller lågare) | 75 | 94 | 99 | 99 |
| Prosentdel av barnehagar som oppfyller den skjerpa pedagognorma utan dispensasjon ¹ | 53 | 64 | 69 | 71 |
| Prosentdel av pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet | 10,2 | 8,7 | 6,8 | 5,9 |

¹ Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde 1. august 2018.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Det har tidlegare vore stor skilnad på barnehagane i dei målbare faktorane som utgjer ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik) og den formelle kompetansen til personalet. Det har dei seinare åra vore ein sterk reduksjon i ulikskapen mellom

barnehagar når det gjeld barn per årsverk i grunnbemanninga og barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning. Dette må sjåast i samanheng med innføring av bemanningsnorma og skjerpa pedagognorm i 2018.



Figur 7.2 Personalsamansetjing i kommunale og private barnehagar, 2021 (pst.)

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Det skil éin prosentteining i prosentdelen barnehagelærarar og tilsvarende mellom kommunale og private barnehagar, medan prosentdelen barne- og ungdomsarbeidarar nesten er dobbelt så høgt for dei kommunale. Private barnehagar har 10 prosentteiningar høgare prosentdel med annan bakgrunn i grunnbemanninga enn kommunale barnehagar.

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2021 var 10,1 pst. menn, totalt om lag 7 100 personar. Grunnbemanninga omfattar dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Frå 2016 til 2021 har det vore ein auke på om lag éin prosentteining i prosentdelen menn i grunnbemanninga.

Tabell 7.7 Menn i barnehagane, 2016–21

| | (i pst.) | | | | | |
|--|----------|------|------|------|------|------|
| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| Prosentdel menn av tilsette i grunnbemanninga | 9,0 | 9,2 | 9,5 | 9,8 | 9,9 | 10,1 |
| Prosentdel mannlege pedagogiske leiarar | 8,0 | 8,5 | 8,9 | 9,3 | 9,8 | 10,1 |
| Prosentdel menn av tilsette i anna grunnbemanning ¹ | 9,6 | 9,7 | 9,9 | 10,1 | 10,0 | 10,1 |

¹ Tidlegare år har anna grunnbemanning blitt omtala som assistentar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)


I 2021 omfatta opptaket på barnehagelærerutdanninga 3 010 studentar, ein nedgang frå 3 144 i 2020. Talet på ferdig uteksaminerte barnehagelærarar gjekk ned med 59 i same tidsrom. Prosent-

delen menn i opptaket har gått noko ned sidan 2017, medan prosentdelen uteksaminerte menn har auka over dei siste åra og ligg på 16,7 pst. i 2021.

Tabell 7.8 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2016–21

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Opptak til barnehagelærerutdanning | 3 106 | 3 000 | 2 959 | 3 094 | 3 144 | 3 011 |
| – prosentdel menn | 18,9 | 20,0 | 19,6 | 18,7 | 18,6 | 19,0 |
| Uteksaminerte barnehagelærarar | 1 909 | 1 966 | 2 030 | 2 249 | 2 190 | 2 272 |
| – prosentdel menn | 14,2 | 14,0 | 15,4 | 15,7 | 15,1 | 16,7 |

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)




Figur 7.3 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2019–21

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde i 2021 om lag 17 pst. av personalet som arbeider direkte med barna i barnehagane, og dei aller fleste av desse har sjølv innvandra. Norskfødde med inn-

vandrarforeldre utgjorde berre ein pst. av dei tilsette. Dei siste tre åra har prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn auka noko, frå 16 pst. i 2019 til 17 pst. i 2021.




Figur 7.4 Prosentdelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2019–21

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Prosentdelen studentar med innvandrarbakgrunn i barnehagelærerutdanninga har auka dei siste tre åra. Av 8 500 studentar i 2021 utgjorde dei med innvandrarbakgrunn 20 pst., høvesvis 15 pst.

som sjølve har innvandra, og 5 pst. norskfødde med innvandrarforeldre. Prosentdelen med innvandrarbakgrunn i barnehagelærerutdanninga er noko større blant mannlege studentar.

Foreldrebetaling og moderasjonsordningar i barnehagen



Figur 7.5 Maksimalpris i barnehage, 2011–22

Kjelde: Kunnskapsdepartementet

I tråd med Hurdalsplattforma er maksimalprisen sett til 3 050 kroner frå 1. august 2022, noko som er på nivå med barnehageforliket. Sjå meir om regjeringas politikk i programkategori 07.30 Barnehagar.

Det er innført to moderasjonsordningar i barnehagen for familiar med låg inntekt. Nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksprisen som ei øvre grense. Ordninga med gratis kjernetid gjer at barn frå familiar med inntekt under ei gitt grense har rett til 20 timar gratis opphald i barnehagen i veka. Denne ordninga gjeld for 2–5-åringar. Familiar med meir enn eitt barn i barnehage har også rett til søskenmoderasjon.

Frå 1. august 2022 har barn frå familiar med inntekt under 598 825 kroner rett til gratis kjerneid i barnehagen. Departementet anslår at rundt

42 000 barn hadde rett til gratis kjernetid i barnehage i 2021. Tal frå rapporteringssystemet til kommunane viser at 34 382 barn fekk innvilga gratis kjernetid i barnehage i 2021.

I 2021 fekk totalt 42 758 barn lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt. 35 136 hushald fekk redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt. 2 167 barn har i tillegg friplass i barnehage.

Dersom ein familie har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, har familien rett til søskenmoderasjon i foreldrebetalinga. Denne ordninga gjeld uavhengig av inntekt. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 pst., noko 88 pst. av kommunane har gitt. Til og med 2022 har det for det tredje barnet og oppover blitt gitt 50 pst. reduksjon. I 2021 fekk 47 265 barn søskenmoderasjon, noko som er 447 færre enn i 2020.

Tabell 7.9 Moderasjonsordningar i barnehagen, 2017–21

| | (i kr) | | | | |
|---|---------|---------|---------|----------------|---------|
| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| Inntektsgrense for gratis kjernetid | 450 000 | 533 500 | 548 500 | 566 100 | 583 650 |
| Hushald som har fått reduksjon i foreldrebetaling på grunn av låg inntekt ¹ | 28 902 | 33 459 | 35 261 | * ³ | 35 136 |
| Barn som har fått innvilga lågare opphalds- betaling fordi foreldra har låg inntekt ¹ | 35 735 | 41 918 | 43 310 | * ³ | 42 758 |
| Barn med rett til lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt (overslag for 2021) ² | 54 023 | 55 187 | 53 825 | 51 132 | 53 000 |
| Barn som har fått innvilga gratis kjernetid fordi foreldra har låg inntekt ¹ | 20 978 | 26 027 | 33 991 | 33 917 | 34 382 |
| Barn med rett til gratis kjernetid på grunn av låg inntekt (overslag for 2021) ² | 27 954 | 33 327 | 42 452 | 40 732 | 42 000 |
| Barn som får søskenmoderasjon | 47 418 | 46 077 | 48 594 | 47 712 | 47 265 |

¹ Kan også omfatte også lokale ordningar med inntektsgrenser som er høgare enn dei nasjonale minstekrava.

² Omfattar dei som har rett til ordninga i medhald til dei nasjonale minstekrava.

³ Tal for 2020 manglar grunna feilrapportering.

Kjelde: Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Statistisk sentralbyrå

Barn med behov for særskild tilrettelegging

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Barn med behov for særskild tilrettelegging er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklingshemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar.

Prosentdelen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a i barnehagelova, har auka jamt dei siste åra. I 2021 fekk 3,6 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp. 72 pst. av barna som får spesialpedagogisk hjelp, er gutar. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen heng ofte saman med utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar. Prosentdelen som får spesialpedagogisk hjelp, aukar frå 0,3 pst. blant barna under 2 år til 6,6 pst. blant 5-åringane.

Tabell 7.10 Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2016–21

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Tal | 8 290 | 8 674 | 8 813 | 9 190 | 9 255 | 9 725 |
| Prosentdel | 2,9 | 3,1 | 3,2 | 3,3 | 3,4 | 3,6 |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Barn i asylmottak som går i barnehage

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. Staten har finansiert heiltidsplassar for 4- og 5-åringar sidan 2011, og for 1-, 2- og 3-åringane sidan 2020, etter ein kortare periode med finansiering av gratis kjernetid. I og med at barnefamiljar i

asylmottak er prioriterte for busetjing, og busetjingar kan skje året rundt, er det variasjon i tala for deltaking i barnehage i kommunar som har asylmottak. Utlendingsdirektoratet har ikkje registreringar som viser nøyaktig prosentdel barn som nyttar seg av plassane, men ei utrekning basert på rekneskapstal og tal på barn i mottak viser at delen ligg på rundt 80 pst. for 2021.

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Barnehagesektoren består av om lag halvparten kommunale og halvparten private barnehagar. Private barnehagar får driftstilskot per heiltidsplass berekna ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsut-

gifter i tilsvarende kommunale barnehagar i same kommune. Prosentdelen barnehageutgifter av dei samla brutto driftsutgiftene til kommunane har vore stabil i dei seinare åra og var i 2021 på 58,5 mrd. kroner.

Tabell 7.11 Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2017–21

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|
| Brutto driftsutgifter til barnehage (mill. kroner) ¹ | 49 865 | 52 308 | 54 674 | 54 861 | 58 490 |
| Prosentdel av brutto driftsutgifter til barnehage | 11,5 | 11,5 | 11,4 | 11,2 | 11,2 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter ² per barn ³ i kommunal barnehage (kroner) | 200 833 | 215 203 | 227 831 | 225 646 | 251 924 |

Løpande prisar.

¹ Brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon og kjøp av tenester frå andre.


² Korrigerte brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunen sin eigen tenesteproduksjon.

³ Korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

Det har vore ein nominell auke i dei korrigerte brutto driftsutgiftene per barn i kommunale barnehagar på om lag 12 pst. frå 2020 til 2021, og den reelle auken har vore på om lag 7 pst. Figur 7.6 viser spreinga mellom kommunar i korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar og korrigerte brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen og skulefritidsordninga. Figuren viser at det er skilnader mellom kva dei ulike kommu-

nane brukar på dei ulike tenestene. Skilnadene mellom kommunar kan til dømes kome av geografiske skilnader, ulikt økonomisk handlingsrom eller skilnader i prioritering av barnehagar, skule og SFO framfor andre tenestetilbod. At kostnadsnivå kan tilpassast på lokalt nivå er eit av formåla med rammefinansiering av kommunesektoren. Figuren viser òg at variasjonen i kommunale driftsutgifter ikkje er unikt for barnehagesektoren.



Figur 7.6 Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn/elev i kommunale barnehagar, grunnskular og skulefritidsordninga, 2021

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Barnehagane er delvis finansierte gjennom foreldrebetaling, men dei er hovudsakleg finansierte av det offentlege. 87,8 pst. av drifta av dei kommu-

nale barnehagane var i 2021 finansierte av det offentlege, ein liten reduksjon sidan 2020.


Tabell 7.12 Finansiering av kommunale barnehagar, 2015–21 (i pst. av totale driftsmidlar)

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|
| Prosentdel av driftsmidlar finansierte gjennom foreldrebetaling | 14,2 | 13,7 | 13,5 | 13,4 | 12,9 | 11,9 | 12,2 |
| Prosentdel av driftsmidlar finansierte av det offentlege | 85,7 | 86,3 | 86,4 | 86,6 | 87,1 | 88,1 | 87,8 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Figur 7.7 visar at det over tid har vore stor spreiding i lønnsmda til ulike private aktørar. Driftsmarginen til private barnehagar var på 4,1 pst. i 2020, opp frå 3,4 i 2019. Lønnsmda har òg auka

blant dei ideelle og einskildståande barnehagane. Figuren viser at den økonomiske situasjonen i dei private barnehagane samla sett er god.



Figur 7.7 Driftsmarginar i private ordinære barnehagar, 2015–20

Kjelde: Telemarksforsking

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Kunnskapsdepartementets arbeid med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir vidareført i skulen og må ligge til grunn i fagskulane, universiteta og høgskulane og i forskinga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion. Som offentleg myndigheit er departementa forplikta til å vurdere likestillingskonsekvensar i alt sitt arbeid, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 første ledd.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering i barnehage og skule

Barnehage

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver tok til å gjelde i 2017 og seier mellom anna at barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Barnehagen skal bygge verksemda på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.

Skule

Frå hausten 2022 er innføringa av nye læreplanar for grunnopplæringa innanfor læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20/LK20S) fullført for alle trinn. Dei nye læreplanane tok til å gjelde for 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2020, for 10. trinn i grunnskulen og 2. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2021 og for 3. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2022. Innanfor det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring er aktuelle tema verdival, mellom-

menneskelege relasjonar, seksualitet, å kunne setje grenser og respektere grensene til andre og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar. Konkrete læringsmål innanfor samfunnsfag er mellom anna at elevane skal drøfte kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering.

Seksualitetsopplæringa er ein del av det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. Seksualitet er tema i samfunnsfag, naturfag, kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) og kroppsøving, med ulike innfallsvinklar. Naturfag tek for seg reproduktiv helse, forandringar i kroppen under puberteten og korleis puberteten kan påverke kjensler. Samfunnsfag tek for seg seksuell orientering, grensesetjing og kva seksuelle overgrep er. Faget KRLE tek opp seksualetikk i ulike religionar, og i kroppsøving skal elevane reflektere over kroppsideitet og sjølvbilete.

Kompetanseheving for lærarar

Regjeringa vil bidra til betre læringsutbytte om kjønns- og seksualitetsmangfald i lærarutdanningar og helse- og sosialfaglege utdanningar. Eitt av tiltaka er derfor kompetanseheving om kjønns- og seksualitetsmangfald i desse utdanningane. Kunnskapsdepartementet vil, i samråd med universitets- og høgskulesektoren, vurdere tiltak som kan bidra til at studentane oppnår læringsutbytte som er omtala i rammeplanane for utdanningane og i nasjonale forskriftsfesta retningslinjer på feltet.

Eit anna tiltak er kompetanseheving av lærarar, leiarar og lærarstudentar. Utdanningsdirektoratet har i 2021 i samarbeid med Helsedirektoratet starta med å utvikle støtteressursar om seksualitet og kjønn. Planen er å inkludere lhbtqi-perspektivet i støtteressursane.

Handlingsplanar og strategiar

Det ligg føre handlingsplanar og strategiar som har relevans for det heilskaplege arbeidet for likestilling og mot diskriminering i både barnehagar og grunnopplæring.

Kultur- og likestillingsdepartementet arbeider med ei melding til Stortinget om seksuell trakassering. Meldinga skal omfatte ei kartlegging av omfanget av seksuell trakassering og forslag til førebyggjande tiltak når det gjeld seksuell trakassering i arbeidslivet, opplæringssektoren og på kultur- og fritidsarenaer. Regjeringa tek sikte på å legge fram meldinga i 2024.

Det følger av opplæringslova at elevar som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til opplæring i og på teiknspråk. Som oppfølging av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, sende Kunnskapsdepartementet forslag til ny opplæringslov på høyring i august 2021. I forslaget til ny lov blei det foreslått å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk, med mellom anna større fleksibilitet i bruk av læreplanar utarbeidde for elevar med teiknspråk for dei som har rett til slik opplæring. Etter planen skal ein samla lovproposisjon bli sendt til Stortinget våren 2023.

Det er òg løyvd midlar til utvikling av norsk teiknspråk som masterfag i grunnskulelærerutdanningane og til utvikling av eit emne i praktisk-pedagogisk utdanning i teiknspråkdidaktikk.

Elevar med nedsett funksjonsevne i vidaregåande opplæring er ei samansett elevgruppe og kan ha heilt ulike utfordringar. Mange elevar med nedsett funksjonsevne får eit dårlegare tilbod i vidaregåande opplæring enn elevar utan nedsett funksjonsevne. Det er sett i gang eit arbeid med ein strategi for at elevar med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering i høgare utdanning

Tilleggsponng for opptak til studium

Søkarar til høgare utdanning kan få tilleggsponng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønna. Institusjonane får berre bruke kjønnsponng i ein avgrensa periode, og dei må gjere greie for at andre tiltak for betre kjønns-

balanse ikkje har gitt resultat. Universitets- og høgskulelovutvalet la i 2020 fram NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, der dei skriv at kjønnsponng kan vere i strid med likestillingsregelverket og EUs likestillingsdirektiv. Departementet vurderte hausten 2020 føresegna om kjønnsponng og la til grunn at forskrifta ikkje er i strid med likestillingsregelverket eller -direktivet.

I dag får menn tilleggsponng ved

- veterinær- og dyrepleiestudiet ved NMBU
- sjukepleie ved Lovisenberg diakonale høgskule og Universitetet i Agder
- barnevern ved OsloMet
- profesjonsstudium i psykologi ved NTNU, UiB og UiO

Kvinner får tilleggsponng ved

- bachelorstudium i fleire av teknologi- og ingeniørfaga
- landbruksstudium ved Høgskolen i Innlandet
- visse femårige integrerte masterprogram i teknologi- og ingeniørfag ved NTNU

Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal sjå på systemet for opptak til høgare utdanning, og det vil mellom anna kunne påverke bruken av kjønnsponng. Utvalet skal levere rapport seinast 1. desember 2022.

Likestilling blant tilsette i høgare utdanning og forskning

51,2 pst. av dei nye doktorane i 2021 var kvinner. Talet har halde seg relativt stabilt sidan 2010. 34,7 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar blei utførte av kvinner i 2021. Det er store skilnader mellom fagfelt og institusjonar. Flest kvinner finn vi ved institusjonar med mange profesjonsutdanningar. Samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse, var talet 44,3 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentening årleg over lang tid.

Tabell 8.1 Prosentdelen tilsette på heiltid og deltid i verksemdar i kunnskapssektoren i 2021

| Verksemd | Heiltid | Deltid |
|---|---------|--------|
| Kunsthøgskolen i Oslo | 69,5 | 30,5 |
| Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino | 84,1 | 15,9 |
| Høgskolen i Molde | 87,2 | 12,8 |
| Høgskolen i Innlandet | 87,2 | 12,8 |
| OsloMet – Storbyuniversitetet | 87,6 | 12,4 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet NTNU | 87,6 | 12,4 |
| Universitetet i Sørøst-Noreg | 87,7 | 12,3 |
| Universitetet i Bergen | 87,7 | 12,3 |
| Universitetet i Stavanger | 88,5 | 11,5 |
| Universitetet i Agder | 88,7 | 11,3 |
| Universitetet i Oslo | 89,0 | 11,0 |
| Høgskulen i Volda | 89,1 | 10,9 |
| Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) | 90,2 | 9,8 |
| Høgskolen i Østfold | 90,3 | 9,7 |
| Nord universitet | 90,7 | 9,3 |
| Høgskulen på Vestlandet | 90,8 | 9,2 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 91,3 | 8,7 |
| Statped | 94,5 | 5,5 |
| Statens lånekasse for utdanning | 96,7 | 3,3 |
| Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) | 96,9 | 3,1 |
| UNIT – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning | 97,7 | 2,3 |
| Utdanningsdirektoratet | 97,9 | 2,1 |
| Kunnskapsdepartementet | 98,2 | 1,8 |
| Noregs forskingsråd | 99,4 | 0,6 |
| Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) | 100,0 | 0,0 |
| Snitt | 89,1 | 10,9 |

Kjelde: SSB, tabell 12624

Det er fleire kvinner enn menn som er mellom- belse tilsette ved universitet og høgskular. Regjer- inga har som mål å redusere mellombelse tilset- jingar i sektoren, slik at vi med tida kjem ned mot det same nivået som i arbeidslivet elles. Mellom anna følger regjeringa opp utviklinga i etatssty- ringa og har ei klar forventning til utdanningsin-

stusjonane om at dei jobbar målretta med bemanningsplanlegging og sørger for at det fram- over blir ein betydeleg reduksjon i mellombelse tilsetjingar.

Komité for kjønnsbalanse og mangfald i for- sking (Kif) skal støtte opp om og gi råd om tiltak som bidreg til integrering av arbeidet med kjønns-

balanse og mangfald ved universiteta, høgskulane og forskingsinstitutta. Arbeidet skal medverke til meir mangfald blant dei tilsette og i forskinga. I 2021 blei eit nytt mandat utvikla for komiteen som er oppnemnd for perioden 2022–25. Ny komité skal bidra til å auke kunnskapen om korleis kjønn og sosial og etnisk bakgrunn påverkar kritiske overgangar i ein forskarkarriere, frå vegen inn i forskning til topp- og leiarstillingar. Kunnskapsdepartementet følger òg opp arbeidet med likestilling og mangfald i etatsstyringa av universiteta og høgskulane. I tildelingsbreva er det tydelege forventningar om at verksemdene arbeider aktivt for å fremje like karrieremoglegheiter for kvinner og menn i norsk academia og legg til rette for større mangfald.

Arbeid mot rasisme, antisemittisme og hatytringar

Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. Barnehagen skal medverke til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald av familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen. Utdanningsdirektoratet tilbyr støttesursar som barnehagane kan bruke i dette arbeidet.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme og udemokratiske haldningar (Dembra) er eit kurstilbod som gir kompetanseutvikling for lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i grunnsopplæringa. Fram til 2020 dekte Dembra ungdomsskulen og vidaregåande opplæring. Frå og med 2020 er også barnetrinnet inkludert i satsinga, og frå 2021 er Dembra for lærarutdanningane (Dembra LU) inkludert. Læringsressursane som er utvikla, dekkjer områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Desse læringsressursane blir brukte i lærarutdanningane, i etterutdanningane

og til skulebasert kompetanseheving. Dembra er blitt eit varig tiltak som engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Det er etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet. I 2021 blei Dembra-materiell på nordsamisk ferdig. Dembra-materiell på lulesamisk og sørsamisk skal etter planen vere ferdig i 2023. Det er også planlagt ein undervisningspakke om konspirasjonsteoriar og konspirasjonstenking for vidaregåande opplæring og lærarutdanningane. Sjå omtale av rapporten om bruken av midlar i 2021 og forslag til løyving til Dembra for 2023 under kap. 226, post 21.

Det ligg føre ei rekke handlingsplanar i det heilskaplege arbeidet mot diskriminering, hatytringar, rasisme, antisemittisme, muslimhat, radikalisering og ekstremisme:

- *Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion (2020–2023)*
- *Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme (2020–2023)*
- *Handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimer 2020–2023*
- *Handlingsplan mot antisemittisme (2021–2023) – en videreføring*

Likestilling i Kunnskapsdepartementet

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 er alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Kunnskapsdepartementet skal i Prop. 1 S gjere greie for tilstanden. Aktivitets- og meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. Når det gjeld rapporteringa frå kvar einskild verksemd, kan ein finne den i årsrapportane til verksemdene. Tabell 8.2 gir ei oversikt over kjønnsbalansen i Kunnskapsdepartementet, og kvinners lønn i pst. av menns lønn, totalt og for dei ulike stillingskategoriane i departementet. Stillingsnivå er baserte på eksisterande stillingskategoriar i Kunnskapsdepartementet.

Tabell 8.2 Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet

| | År | Menn (pst.) | Kvinner (pst.) | Totalt (N) | Kvinner lønn i pst. av menns |
|---|------|----------------|-------------------|---------------|---------------------------------------|
| Alle tilsette | 2021 | 32,3 | 67,7 | 334 | 96,5 |
| | 2020 | 32,7 | 67,3 | 342 | 95,8 |
| Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, totalt | 2021 | 32,2 | 68 | 326 | 97,4 |
| | 2020 | 32,3 | 68 | 334 | 98,5 |
| Toppleiarar ikkje omfatta av Hovud- tariffavtalen i staten: departementsråd, ekspedisjonssjef | 2021 | 37,5 | 62,5 | 8 | 90,2 |
| | 2020 | 50,0 | 50 | 8 | 92,7 |
| Mellomleiarar: avdelingsdirektør med personalansvar, kommunikasjonssjef | 2021 | 42,9 | 57,1 | 28 | 101,5 |
| | 2020 | 46,2 | 53,8 | 26 | 102,7 |
| Saksbehandlarar og administrativt personell | | | | | |
| Avdelingsdirektør utan personal- ansvar, fagdirektør | 2021 | 38,5 | 61,5 | 39 | 98,7 |
| | 2020 | 30,3 | 69,7 | 33 | 100,9 |
| Underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar, utredningsleiar | 2021 | 26,2 | 73,8 | 42 | 99,1 |
| | 2020 | 23,5 | 76,5 | 17 | 92 |
| Seniorrådgivar | 2021 | 30,8 | 69,2 | 159 | 98,4 |
| | 2020 | 31,5 | 68,5 | 203 | 98,7 |
| Rådgivar | 2021 | 29 | 71 | 45 | 107,5 |
| | 2020 | 37,8 | 62,2 | 37 | 109,2 |
| Førstekonsulent, seniorkonsulent | 2021 | 38,5 | 61,5 | 13 | 105,6 |
| | 2020 | 22,2 | 77,8 | 18 | 107,9 |

Kjelde: Uttrekk SAP per 31. desember 2020 og 2021. Lærlingar, ein trainee og tilsette i ulønt permisjon for å utføre arbeid i andre verksemdar er ikkje inkluderte i oversikta.

Det er fleire kvinner enn menn blant dei tilsette i Kunnskapsdepartementet, høvesvis 68 pst. kvinner og 32 pst. menn, som det går fram av tabell 8.2. Kjønnsfordelinga i departementets toppleing var i stor grad lik kjønnsfordelinga i departementet samla, og utgjorde 63 pst. kvinner og 37 pst. menn. Av totalt 36 leiarar i Kunnskapsdepartementet per 31. desember 2021 var 21 kvinner, noko som inneber at 58 pst. av departementets leiarar var kvinner. Departementet har i både 2020 og 2021 hatt tre lærlingar, og alle er kvinner.

Personal- og lønnspolitikken i Kunnskapsdepartementet har som eit av måla at lønn og karrieremoglegheiter skal vere uavhengige av kjønn, alder og etnisk eller kulturell bakgrunn.

Det er utarbeidd retningslinjer for lønnssettjing i lønnspolitikken for å minske risikoen for diskriminering, og departementet arbeider for å jamne ut lønnskilnader mellom kjønna. I gjennomsnitt tente kvinner 97 pst. av det menn tente i Kunnskapsdepartementet i 2021, som er ei minimal forbetring frå 96 pst. i 2020. Gjennomsnittleg lønnsutvikling i perioden 2020–21 var 3,1 pst, det same for begge kjønn. Statistikken for 2021 viser at menn og kvinner i Kunnskapsdepartementet har tilnærma lik lønn i dei fleste stillingskategoriane. I stillingskategoriane avdelingsdirektør, rådgivar, seniorkonsulent og førstekonsulent har kvinner høgare gjennomsnittleg lønn enn menn. Det er fleire kvinner i dei lågast lønte stillingskategori-

ane. Dette trekker gjennomsnittet ned for kvinner samla sett. I 2021 vart det teke i bruk ein ny stillingskode i Kunnskapsdepartementet, kode 1114 utgreiingsleiar. Stillingskoden er ein opprykk-skode for tilsette på nivået mellom seniorrådgivar og fagdirektør. Ved nyttår var det 23 kvinner og 6 menn som hadde fått den nye stillingskoden. Lønnsnivået i stillingskoden er tilnærma likt mellom kjønna.

Overtidsbruken i Kunnskapsdepartementet varierer frå år til år. Det er overvekt av kvinner i dei fleste stillingskodane. Når ein korrigerer for det, tyder tala på at menn i noko større grad har fått utbetalt overtid i 2020 og i 2021. Seniorrådgivarkoden er den mest brukte koden i Kunnskapsdepartementet. Der har kvinner ein større prosentdel utbetalt overtid enn menn både i 2020 og i 2021. Årsakene til overtidbruken vil variere over tid. Einskildpersonar med større oppgåver og eventuelle prosjekt som er i avslutningsfasen, kan ha innverknad på tala for det einskilde året.

Kunnskapsdepartementet evaluerer bruken av mellombelse stillingar saman med representantar for dei tilsette kvart år, og har målsetjing om å halde bruken av mellombelse stillingar og deltidstillingar nede. 15 tilsette var mellombels tilsett i departementet per 31. desember 2021. Av desse var 7 kvinner og 8 menn.

Departementet legg til rette for fleksibilitet for begge kjønn i ulike livsfasar, og ønsker å legge til rette for personar som har eller har fått nedsett funksjonsevne. Bruk av deltidstilling i departementet i 2021 er nytta av nokre få tilsette av begge kjønn, som følge av helse- og livsfasebehov. Det er ikkje identifisert at det er tilsette i departementet som har arbeidd ufrivillig deltid i 2021. Uttak av foreldrepermisjon var i snitt 14 veker for kvinner og 11 veker for menn i 2021. Dette er ein reduksjon for begge kjønn frå 2020. Fråvær som følge av omsorg for sjukt barn utgjer høvesvis 69 og 31 pst. for kvinner og menn. Fordelinga samsvarer med fordelinga av kvinner og menn i departementet. I 2021 hadde Kunnskapsdepartementet eit totalt sjukefråvær med frådrag for ferie på 3,5 pst. Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn i departementet, høvesvis 4,3 pst. for kvinner og 1,9 pst. for menn i 2021.

Kunnskapsdepartementet bruker ulike verkøy i rekrutteringsprosessar for å sikre likebehandling av søkarar. Av søkarar til utlyste stillingar i Kunnskapsdepartementet i 2021 var 63 pst. kvinner og 37 pst. menn. Det vart rekruttert 41 personar til departementet i 2021, og det vart tilsett fleire kvinner enn menn, høvesvis 61 pst. og 39 pst. Fem av rekrutteringane i 2021 var til leiar-

stillingar, og i desse stillingane vart tre kvinner og to menn tilsette. I 2021 utgjer tilsetjingar i målgruppa for inkluderingsdugnaden 7,3 pst. og tilsetjingar av personar med innvandrarbakgrunn 4,8 pst.

Kunnskapsdepartementets strategiar, handlingsplanar og regelverk utgjer fundamentet for departementets arbeid med likestilling og ikkje-diskriminering. Gjennom arbeidet med aktivitetsplikta er dette grunnlaget gjennomgått, og det er ikkje funne område der det skjer diskriminering i Kunnskapsdepartementet. Det er likevel funne område med potensial for forbetring, som omtalt under.

Ei partssamansett arbeidsgruppe har starta eit arbeid for å undersøke likestillingssituasjonen og analysere risikoen for diskriminering. Identifiserte område og tiltak vert følgde opp i departementet for å sikre omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering.

Til dømes er det ønskeleg i rekrutteringssamanheng å utføre grundige jobbanalysar og utarbeide målretta utlysingstekstar og profileringssider for å forbetre kjønnsbalansen og auke mangfaldet i departementet. Kunnskapsdepartementets retningslinje og rammer for heimekontor skal òg evaluerast, mellom anna med tanke på moglegheitene dei tilsette har til å kombinere arbeid og familieliv. Det verkar som desse moglegheitene ikkje er godt nok kjende i departementet, og at det kan vere behov for å informere betre om dette.

Kunnskapsdepartementet vil sjå nærare på rutinar for oppfølging av sjukemelde og retningslinjer for overtid. Departementet skal òg halde fram med analysar for å unngå ugrunna skilnader i lønn.

Kunnskapsdepartementet ønsker i større grad å legge til rette for like moglegheiter for forfremjing og utvikling for alle tilsette. I 2022 skal departementet òg gå gjennom noverande rutinar for tildeling av etter- og vidareutdanning og rutinar for hospiteringsopphald.

Likestilling i kunnskapssektoren

I Statens personalhandbok er det nedfelt i pkt. 1.6:

Staten skal speile mangfoldet i befolkningen når det gjelder kjønn, alder, funksjonsevne, etnisk bakgrunn, seksuell orientering mv. Mangfold i den statlige personalstyrken støtter opp under mulighetene for god måloppnåelse og bidrar til at staten kan yte gode tjenester til alle samfunnsborgere uansett bakgrunn og livserfaring.

Oversikter over prosentdelen tilsette etter kjønn, landbakgrunn og om dei arbeider heil- eller deltid, fortel noko om tilstanden for likestillinga i sektoren Kunnskapsdepartementet har ansvar for.

Tabell 8.3 Prosentdelen menn og kvinner i forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet i 2021

| Verksemd | Tilsette | Del menn (pst.) | Del kvinner (pst.) | Kvinnerens lønn i pst. av menns |
|--|----------|--------------------|-----------------------|------------------------------------|
| Utdanningsdirektoratet | 341 | 34,9 | 65,1 | 97,4 |
| Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino | 125 | 34,4 | 65,6 | 100,2 |
| Sørsamisk kunnskapspark | 23 | 17,4 | 82,6 | 86,6 |
| Statleg spesialpedagogisk støttetjeneste (Statped) | 631 | 22,2 | 77,8 | 98,8 |
| Noregs grønne fagskule – Veia | 33 | 36,4 | 63,6 | 92,6 |
| Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane | 8 | 50,0 | 50,0 | 105,8 |
| Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) | 146 | 27,4 | 72,6 | 88,0 |
| Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) | 97 | 47,4 | 52,6 | 84,3 |
| Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku) | 172 | 30,8 | 69,2 | 95,9 |
| Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit) | 211 | 54,0 | 46,0 | 93,9 |
| Statens lånekasse for utdanning | 322 | 44,3 | 55,7 | 93,8 |
| Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK) | 12 | 16,7 | 83,3 | 89,2 |
| Kompetanse Noreg | 196 | 31,6 | 68,4 | 99,2 |
| Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) | 225 | 35,1 | 64,9 | 96,8 |
| 22. juli-senteret | 16 | 18,8 | 81,2 | 116,4 |

Tabell 1B Tilsette etter departementsområde inkludert etatar. Talmaterialet baserer seg på lønnsopplysningar som blir innhenta frå a-ordninga. Talmaterialet frå a-ordninga blir overført frå SSB til Kommunal- og distriktsdepartementet, som utarbeider talgrunnlag/statistikkrapportar for tilsette i staten (tariffområdet) 1. oktober 2021. Medarbeidarar med leiarlønn, med leiarlønnsavtale, timelønne og honorarlønne er ikkje med.

I 12 av 15 forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet tener menn meir enn kvinner. Skilnaden er størst hos Norsk utanrikspolitisk institutt

(NUPI) (84,3 pst.), Sørsamisk kunnskapspark (86,6 pst og NOKUT (begge 88 pst.).

Tabell 8.4 Prosentdelen tilsette i verksemder i kunnskapssektoren etter landbakgrunn i 2021

| Verksemd | Tilsette utan innvandrings- bakgrunn | Gruppe 1 | Gruppe 2 |
|---|--|----------|----------|
| Universitetet i Stavanger | 69,6 | 14,7 | 15,7 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet NTNU | 68,9 | 15,5 | 15,6 |
| Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) | 73,7 | 11,2 | 15,1 |
| Universitetet i Oslo | 65,9 | 19,9 | 14,1 |
| Universitetet i Agder | 73,7 | 13,0 | 13,3 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 70,5 | 17,0 | 12,4 |
| Universitetet i Bergen | 68,0 | 20,3 | 11,7 |
| Høgskolen i Molde | 84,1 | 5,2 | 10,7 |
| Kunsthøgskolen i Oslo | 73,9 | 15,8 | 10,4 |
| Nord universitet | 80,2 | 9,9 | 9,8 |
| Universitetet i Sørøst-Noreg | 80,4 | 9,8 | 9,8 |
| OsloMet – Storbyuniversitetet | 80,8 | 9,4 | 9,8 |
| Høgskolen i Østfold | 82,7 | 8,0 | 9,3 |
| Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) | 75,6 | 15,9 | 8,5 |
| Statens lånekasse for utdanning | 91,0 | 1,5 | 7,5 |
| Høgskulen på Vestlandet | 84,8 | 8,6 | 6,6 |
| UNIT – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning | 86,5 | 7,4 | 6,0 |
| Høgskolen i Innlandet | 84,4 | 10,4 | 5,2 |
| Kunnskapsdepartementet | 91,8 | 3,9 | 4,2 |
| Noregs forskingsråd | 90,0 | 6,3 | 3,8 |
| Statped | 91,8 | 4,7 | 3,5 |
| Utdanningsdirektoratet | 93,5 | 2,9 | 3,5 |
| Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) | 90,6 | 6,3 | 3,1 |
| Høgskulen i Volda | 91,8 | 5,3 | 2,9 |
| Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino | 90,1 | 9,9 | 0,0 |
| Snitt | 73,6 | 14,5 | 11,9 |

Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand

Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EFTA, Oseania utanom Australia og New Zealand

Kjelde: SSB, tabell 12625

Tabellen over viser kor mange innvandrarak som er tilsette i verksemder i kunnskapssektoren, fordelt på landgruppe 1 og 2. Resten av dei tilsette er nordmenn utan innvandrarakgrunn. Som det

går fram, er det stor variasjon i verksemdene i kor mange av dei tilsette som har innvandrarakgrunn.

9 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Generalforsamlinga i FN vedtok 25. september 2015 resolusjonen *Transforming our World: The 2030 Agenda for Sustainable Development*. Alle medlemslanda i FN er forplikta til å følge opp dei 17 berekraftsmåla i agendaen. I Noreg har Kunnskapsdepartementet eit koordineringsansvar for berekraftsmål 4:

Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

Målet har 7 delmål og 3 gjennomføringsmål som dekker alle utdanningsnivå.

Noreg kan vise til gode resultat og framgang på fleire mål under berekraftsmål 4. Utdanninga er av god kvalitet og tilgjengeleg for alle uavhengig av sosial bakgrunn. I 2022 er Noreg rangert som nummer 4 blant 193 land på SDG-indeksen, som viser utviklinga i verda på tvers av alle dei 17 berekraftsmåla. Dette er ei betring frå 2021, då Noreg var rangert som nummer 7.

Noreg er likevel ikkje i mål. Våren 2021 blei Noregs handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030 lagd fram, Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening*. Meldinga blei behandla i Stortinget i april 2022.

Regjeringa vil i tida framover bygge ein sterkare fellesskule for alle, ein fellesskule som skaper like moglegheiter for barn og unge uavhengig av bakgrunn. Vidare vil regjeringa prioritere å motverke kjønnskilnader i skulen og arbeide for at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Det er i tillegg viktig at fleire får tilgang til høgare utdanning av god kvalitet i heile landet.

Kunnskapsdepartementet vil halde fram samarbeidet med Utanriksdepartementet om Noregs oppfølging av berekraftsmål 4 i internasjonale organisasjonar. Utdanning av god kvalitet for alle er ein prioritet for norsk utviklings- og bistandspolitikk. Som ein del av oppfølginga har Noreg ratifisert UNESCOs globale konvensjon for godkjenning av høgare utdanning. Konvensjonen vil vere eit viktig verkemiddel for auka mobilitet av studentar og arbeidssøkande på tvers av kontinent.

I tillegg til ansvar for koordinering av oppfølginga for berekraftsmål 4 bidreg Kunnskapsdepartementet også til fleire delmål under andre berekraftsmål. Nedanfor følger ein kort gjennomgang av status og viktige tiltak i nasjonal oppfølging av dei ulike delmåla og gjennomføringsmåla.

Delmål 4.1

Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei relevant og reelt læringsutbytte.

I Noreg har alle barn rett og plikt til tiårig grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år. 98 pst. gjekk direkte til vidaregåande opplæring frå 10. trinn i 2021.

Regjeringa har sett ned eit partssamansett utval som skal gå gjennom kvalitetsvurderingssystemet i skulen og foreslå endringar i prøvar, verkøy og datakjelder. Målet med gjennomgangen er å legge betre til rette for kvalitetsutvikling på alle nivå i skulen. Utvalet leverer delrapport i januar 2023 og sluttrapport i oktober 2023.

Dei aller fleste elevane trivst og er motiverte for å lære, men fleire unge rapporterer at dei opplever stress og psykiske plager. Skulemotivasjonen til elevane fell gjennom grunnskulen og er lågast på 10. trinn. For mange elevar går ut av ungdomstrinnet med for svake resultat. Regjeringa ønsker meir praktisk og variert læring i skulen og å få fleire barn og unge gjennom skuleløpet. Regjeringa vil legge fram ei melding som ser på utfordringar i skulekvardagen og relaterte tema for barn og unge på 5.–10. trinn.

Det er sett i gang ei rekke tiltak som skal bidra til eit meir inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle barn og elevar, og betre samarbeidet mellom barnehagane, skulane, SFO og tenestene rundt. Det er mellom anna sett i gang eit stort og varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis for barnehagar og skular, PP-tenesta og andre relevante tenester i kommunen. Det er òg sett i gang pilot- og forskingsoppdrag som skal betre kunnskapen om inkluderande

praksis i barnehage og skule, i tillegg til at det vil vere fleire endringar og presiseringar i ny opplæringslov som vil bidra til å styrke tilbodet for elevane. Meldinga vil bli lagd fram for Stortinget våren 2023.

Frå hausten 2022 har regjeringa sett i gang ei ordning med 12 timar gratis SFO for elevar på første årstrinn. 1. august 2022 tok fleire lovendringar om samarbeid mellom velferdstenestene til å gjelde. Endringane omfattar 14 velferdstenestelover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, og at det er innført ei samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester og ein rett til barnekoordinator.

Det er ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring og kome seg over i vidare utdanning og arbeid. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2023 midlar til ei rekke tiltak som skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande opplæring. Åtte av ti elevar som begynte i vidaregåande opplæring i 2015, fullførte med studie- eller yrkeskompetanse, den høgaste fullføringsprosenten nokon gong. Jenter fullfører i større grad enn gutar, høvesvis 85 pst. og 76 pst.

Sjå også programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Delmål 4.2

Innan 2030 sikre alle jenter og gutar høve til god og tidleg utvikling og omsorg og tilgang til førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen.

Barnehagedekninga i Noreg er god. I 2021 gjekk 268 465 av barna i barnehage, mot 272 264 i 2020. Det er ein nedgang på 3 800 barn, og det kjem av nedgang i fødselstala for dei aktuelle årskulla. Dekningsgraden for barn i alderen 1–5 år har auka frå 92,8 pst. i 2020 til 93,4 pst. i 2021.

Ei nasjonal moderasjonsordning sikrar at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass, avgrensa av ein nasjonalt fastsett maksimalpris for foreldrebetaling. I tillegg får barn i alderen 2–5 år frå låginntektsfamiliar 20 timar gratis barnehagetilbod per veke, og inntektsgrensa var frå 1. august 2022 på 598 825 kroner. Regjeringa foreslår å redusere maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehage til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2023 og å innføre gratis barnehage for tredje barn i familien som går i barnehage samstundes frå 1. august 2023. Moderasjonsordningane vidareførast, og

inntektsgrensa for ordninga med gratis kjernetid blir foreslått til 615 590 kroner frå 1. august 2023.

Trass i viktige reformer i barnehagesektoren som har gitt maksimalpris, rett til plass og høg barnehagedekning, viser eit oppdatert kunnskapsgrunnlag at det framleis er skilnader både i barnehagedeltakinga og i kvaliteten og tilrettelegginga av tilbodet. Regjeringa vil hausten 2022 legge fram ein strategi for kvalitet i barnehagesektoren for perioden fram mot 2030. Målet er at barnehagane skal vere inkluderande og tilgjengelege, og at barnehagane har god og relevant kompetanse og ei bemanning som medverkar til at alle barn, uavhengig av føresetnader og kvar dei bur, opplever høg og likeverdig kvalitet i barnehagetilbodet. Samla sett foreslår departementet å bruke 740 mill. kroner til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane, ein auke på 275 mill. kroner. I tillegg foreslår departementet å auke tilskotet til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetspråklege barn med 45 mill. kroner i 2023.

Sjå nærare omtale under programkategori 07.30 Barnehagar.

Delmål 4.3

Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, medrekna universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris.

44 pst. av jentene som søkte Vg1 i 2022, søkte seg til eit yrkesfagleg utdanningsprogram, mot om lag 60 pst. av gutane. Elevane på yrkesfag vel framleis kjønnsstradisjonelt, men skilnadene har vorte litt mindre dei siste ti åra. I 2013 var knappe 5 pst. av elevane på bygg- og anleggsteknikk jenter, og dryge 12 pst. av elevane på teknologi- og industri-fag var jenter. I 2022 er prosentdelen jenter høvesvis 11 og 18 pst. Det har aldri vore fleire jenter som søker seg til desse programma enn i 2022.

I høgare utdanning er det små endringar i kjønnsbalansen innanfor og mellom fagområda over tid. Tal frå 2021 viser at om lag 60 pst. av studentane i høgare utdanning er kvinner. Kvinnedelen er høgast i helse-, sosial- og idrettsfag og lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk. Menn er som tidlegare i fleirtal i naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, samferdsels- og sikkerheitsfag og andre servicefag. Kjønnsfordelinga er jamnast i aldersgruppa 25–29 år, der mannlege studentar utgjør 45 pst. Ubalansen mellom kjønna er tydelegast blant dei 10 pst. eldste studentane, frå 40 år og oppover. Her utgjør kvin-

ner heile 70 pst. av studentane. I 2021 var prosentdelen kvinner i naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag 34,6 pst. Prosentdelen menn i helse-, sosial- og idrettsfag var 21,1 pst.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal gå gjennom regelverket for opptak til høgare utdanning. Utvalet har mellom anna fått i mandat å gi tilrådingar om korleis departementet kan utforme eit regelverk som bidreg til at vi får dekt kompetansebehova i arbeidslivet, og som ikkje er til hinder for eit mangfaldig og kjønnsbalansert arbeidsliv. Utvalet skal legge fram sin rapport i desember 2022.

Delmål 4.4

Innan 2030 oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne med kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysseltjing, anstendig arbeid og entreprenørskap.

Utdanning er viktig for å kunne delta aktivt i samfunnet gjennom heile livet. Fleire i arbeid og høgare kompetanse i arbeidsstyrken gir økonomisk vekst og meir velferd og kan også gi lågare trygdeutgifter. Regjeringa følger opp Stortingets behandling av fullføringsreforma, Meld. St. 21 (2020–2021). Utvidinga av retten til vidaregåande opplæring er eit av dei viktigaste grepa i fullføringsreforma. Når alle har rett til å få opplæring til dei har bestått vidaregåande opplæring, vil også fleire kunne få opplæring som treffer behova deira, og fleire vil bli kvalifiserte til læreplass og vidare utdanning og arbeid.

I 2021 var det fleire nyutdanna fagarbeidarar enn på lenge. Talet på lærlingkontraktar har også stige frå året før, og er no høgare enn før pandemien. Det er likevel mange søkarar som ikkje får læreplass. Innvandrarar er overrepresenterte blant dei som ikkje får læreplass, og pandemien har forsterka skilnadene.

Halvparten av alle i aldersgruppa 25–64 år hadde i 2021 delteke i formell eller ikkje-formell opplæring dei siste 12 månadene. For dei som begynte på ei bachelorutdanning i 2017, var det 55 pst. som fullførte på tre år, ein auke frå 50 pst. for kullet som starta i 2015.

Samla for heile sektoren for høgare utdanning var det ein sterk vekst i talet på studentar i 2021, med om lag 305 000 registrerte studentar i høgare utdanning. Veksten i talet på søkarar og studentar må mellom anna sjåast i lys av covid-19-pandemien. For 2022 blei det gjennom Samordna opptak lyst ut 62 500 studieplassar fordelt på 1 317 studium ved 27 universitet og høgskular. Dette er det

høgaste talet på studieplassar i opptaket nokon gong. Tal frå hovudopptaket i 2022 viser at det er ein auke i talet på søkarar som får tilbod om studieplass på førstevalet sitt. Søkartala er no tilbake på nivået frå før pandemien, med ein nedgang på om lag 12,5 pst. frå 2021.

Delmål 4.5

Innan 2030 avskaffe kjønnskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare grupper, inkludert personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.

Likeverd og likestilling er verdiar som ligg til grunn for den norske grunnopplæringa. Skular og lærebedrifter skal formidle kunnskap og fremje haldningar som sikrar desse verdiane. Elevane skal òg få likeverdige moglegheiter, slik at dei kan ta sjølvstendige val. Skulen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og legge til rette for at alle får oppleve tilhøyrsløse i skule og samfunn. Den norske skulen er òg prega av at ein stor del av elevane går saman i den offentlege fellesskulen, og at barn og unge møtest på tvers av ulike bakgrunn.

Opplærings- og utdanningssektoren er underlagd krava om universell utforming av IKT i likestillings- og diskrimineringslova. Frå 1. januar 2022 stiller forskrift om universell utforming av IKT nye krav om universell utforming av nettstadane og mobilapplikasjonane til offentlege organ, som følge av at Web Accessibility Directive (WAD) har blitt innlemma i norsk lov. Det er ein overgangsperiode på eitt år, slik at verksemdene må etterleve dei nye krava innan 1. januar 2023. Dei nye krava gjeld i all hovudsak for heile utdanningssektoren, men det er gjort unntak for synstolking av levande medieinnhald (video) som barnehagar og skular produserer sjølve. Unntaket gjeld ikkje høgare utdanning, og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har derfor fått i oppdrag å greie ut korleis gjennomføringa av direktivet skal skje i universitets- og høgskulesektoren, jf. Prop. 141 LS (2020–2021) og Innst. 457 S (2020–2021).

I Prop. 74 L (2021–2022) blei det foreslått endringar i universitets- og høgskulelova som gjeld både universell utforming og individuell tilrettelegging. Stortinget slutta seg til forslaga våren 2022, jf. Innst. 287 L (2021–2022). Lovføresegna om universell utforming er no oppdatert i tråd med endringane i likestillings- og diskrimineringslova.

Samane er Noregs urfolk, og Kunnskapsdepartementet har fleire tilskotsordningar som skal bidra til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Utdanningsdirektoratet har vidareutvikla nettbaserte ressursar til det samiske i barnehagen og samarbeider med statsforvaltarane og Sametinget om oppfølging av rammeplan for barnehagen og kompetansetiltak. Arbeid med samisk innhald og samiske barn er også løfta fram i evalueringa av implementering av rammeplanen. Regjeringa tek sikte på å legge fram ei melding for Stortinget om samisk språk, kultur og samfunnsliv i 2023, der hovudtemaa blir kompetanse og rekruttering. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa å auke tilskotet til samisk i grunnopplæringa med 17,5 mill. kroner.

Delmål 4.6

Innan 2030 sikre at all ungdom og ein vesentleg prosentdel av vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne.

Lesing, skrivning og rekning er tre av dei fem grunnleggande ferdigheitene i skulen. Grunnleggande ferdigheiter er viktige føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Skulen skal legge til rette for og trygge utviklinga av dei grunnleggande ferdigheitene gjennom heile opplæringsløpet.

Kvart år blir det gjennomført nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn som måler grunnleggande ferdigheiter i lesing og rekning. Informasjonen frå prøvane skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Nasjonale prøvar viser at prestasjonane til elevane i lesing og rekning på nasjonalt nivå er stabile over tid. Gutane presterer litt betre enn jentene på nasjonale prøvar i rekning, medan jentene presterer litt betre enn gutane i lesing.

Programme for International Student Assessment (PISA) viser stabile resultat sidan målingane starta i 2000. I PISA 2018 presterte norske 15-åringar litt over OECD-snittet i lesing og matematikk, og likt med OECD-gjennomsnittet i naturfag. Jenter presterte signifikant betre enn gutane i alle dei tre fagområda i PISA 2018. Det er særleg i lesing kjønnskilnadene er store. I Noreg får jentene òg i snitt høgare karakterar enn gutane i dei fleste fag, både til standpunkt og til eksamen. TIMSS (Trends in International Mathematics and Science Study) og PIRLS (Progress in International Reading Literacy Study) viser at norske elevar på barnetrinnet presterer svært godt i matematikk og lesing.

Delmål 4.7

Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar til eignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremjing av freds- og ikkjevaldskultur, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget i barnehagen og ein del av innhaldet og oppgåvene til barnehagane. I skulen er respekt for naturen og miljøbevisstheit ein del av verdigrunnlaget og berekraftig utvikling er prioritert som eitt av tre tverrfaglege tema i læreplanverket, saman med demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Skulen skal medverke til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit. Dei skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Elevane skal utvikle bevisstheit om korleis levesettet til menneska påverkar naturen og klimaet og dermed også samfunna våre. Skulen skal medverke til at elevane utviklar vilje til å ta vare på miljøet.

Skulen har eit breitt samfunnsmandat. I overordna del av læreplanverket står det at skulen skal sørge for at menneskeverdet og dei verdiene som støttar opp om det, blir lagde til grunn for opplæringa og heile verksemda. Menneskerettane har sitt grunnlag i menneskeverdet og er ein viktig del av fundamentet for rettsstaten. Dei bygger på universelle verdier som gjeld for alle uansett kven dei er, kvar dei kjem frå, og kvar dei held til. Barnekonvensjonen er ein del av menneskerettane og gir barn og unge eit særleg vern. Opplæringa må vere i samsvar med menneskerettane, og elevane skal tileigne seg kunnskap om menneskerettane. Likeverd og likestilling er verdier som er kjempa fram gjennom historia, og som framleis må takast vare på og styrkast. Skulen skal formidle kunnskap og fremje haldningar som sikrar desse verdiane. Skulen skal ta omsyn til mangfaldet av elevar og legge til rette for at alle får oppleve tilhøyrsløse i skule og samfunn. Eit godt samfunn er tufta på eit inkluderande og mangfaldig fellesskap. Elevane skal få innsikt i korleis vi lever saman med ulike perspektiv, haldningar og syn på livet. Skulen skal støtte utviklinga av identiteten til den einskilde og gjere elevane trygge på eigen ståstad, samstundes som han skal formidle felles verdier som

trenget for å møte og delta i mangfaldet, og opne dører mot verda og framtida.

Respektlause og hatefulle ytringar skal ikkje akseptertast i skulen. Elevane må øvast i å opptre omsynsfullt og utvikle bevisstheit om egne haldningar. Skulen skal fremje demokratiske verdiar og haldningar som motvekt mot fordommar og diskriminering. Skulen skal òg skape respekt for at menneske er ulike, og elevane skal lære å løyse konflikhtar på ein fredeleg måte.

Gjennomføringsmål 4 a

Etablere og oppgradere utdanningstilbod som er barnevenlege, og som tek omsyn til kjønnskilnader og til personar med nedsett funksjonsevne og sikrar trygge, ikkje-valdelege, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle.

Samarbeid og samhandling mellom tenestene til utsette barn og unge er ikkje alltid godt nok til at alle barn får den hjelpa dei har krav på. For å løyse denne komplekse samfunnsutfordringa må samarbeidet auke på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Sju av fagdepartementa som jobbar tett med tenestene til utsette barn og unge, har etablert ein struktur for samarbeid og samordning av den samla innsatsen departementa gjer for målgruppa. Denne strukturen blir kalla Kjernegruppa for utsette barn og unge. Formålet med kjernegruppa er å få til betre samordning ved utvikling og forvaltning av politikkområdet, både i utgreiings-, avgjerds- og iverksetjingsfasen. Kjernegruppa blir leia av ei samarbeidsgruppe av toppleiarar i dei sju deltakande departementa. For meir omtale sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet.

Regelverket på opplæringsområdet er eit viktig verkemiddel for å sikre barn og unge ei trygg og likeverdig opplæring av høg kvalitet, uavhengig av kven dei er eller kvar dei bur. Barnehage- og opplæringslova inneheld reglar som skal sikre at alle barn og elevane har det trygt og godt i barnehagen og på skulen. Å skape inkluderande og trygge fellesskap for alle og at alle former for diskriminering skal motarbeidast, er verdiar som vi finn både i læreplanverket for grunnsopplæringa og i rammeplanane for barnehage og SFO. Dei vaksne skal gi tillit, tryggleik og omsorg, og mangfald skal verdsettast som ein ressurs.

Eit stort fleirtal av elevane rapporterer gjennom Elevundersøkinga at dei har et godt læringsmiljø med høg trivsel, støtte frå lærarane, fagleg

utfordring og meistring. Samstundes har det gjennom fleire år vore ein svak nedgang i trivsel og motivasjon for elevane på mellomtrinnet. Men ikkje alle har det trygt og godt. Tal frå 2021 viste at 5,9 pst. av elevane opplever at dei blir mobba 2–3 gongar i månaden eller oftare. Det tilsvarende talet var 5,8 pst. i 2020 og 6,0 pst. i 2019. Meir omtale av tiltak mot mobbing og for eit trygt og godt skulemiljø finst under programkategori 07.20 Grunnsopplæringa.

I juni 2020 blei det gjort endringar i barnehage- og lovverket for at barn i barnehage skal få eit betre psykososialt barnehagemiljø. Lovføresegnene inneber at alle barnehagar skal arbeide systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel og læring for alle barn, og som skal førebygge tilfelle der barn ikkje opplever at dei har dette. Barnehagane skal ha nulltoleranse for mobbing, og ikkje godta krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vidare er det innført ei aktivitetsplikt som viser kva dei som arbeider i barnehagen skal gjere for å fange opp og følge opp barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Regjeringa vil legge fram ein strategi med mål om å sikre at elevane med nedsett funksjonsevne skal få eit betre og likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring. Strategien er del av oppfølginga av fullføringsreforma. Elevane med nedsett funksjonsevne er ei samansett elevgruppe med ulike utfordringar. For å lykkast med å møte behova elevane har, er det nødvendig å tenke nytt og langsiktig.

Alle barn og unge som kjem til Noreg, skal få moglegheit til å leve eit trygt og godt liv i den tida dei er i landet. Barn som kjem til Noreg, skal få eit opplæringsstilbod så raskt som mogleg. Regjeringa vurderer fortløpande kva tiltak som trengst for å sikre gode tilbod til barn, unge og studentar som følge av krigen i Ukraina. Sjå nærare omtale i kap. 12 Konsekvensar av krigen i Ukraina.

Gjennomføringsmål 4 b

Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke globalt i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gje dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitenskap, både i andre utviklingsland og i utvikla land.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har ansvaret for å administrere ordninga Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). NORPART støttar samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. Det overordna målet med programmet er å styrke kvaliteten i høgare utdanning i Noreg og dei 40 landa i Afrika, Asia og Latin-Amerika som er ein del av ordninga gjennom utdannings-samarbeid og gjensidig studentmobilitet. Til den siste utlysinga av NORPART i mai 2021 kom det 151 søknader og HK-dir har tildelt cirka 200 mill. kroner fordelt på 28 prosjekt. I denne runden har prosjekta også kunna søke om finansiering av studentar frå partnarinstitusjonane i det globale sør som tek ein heil mastergrad i Noreg. Programmet er finansiert av Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet. Sjå nærare omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 272, post 51.

Gjennomføringsmål 4 c

Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar.

Tal frå Grunnskuleinformasjonssystem (GSI) viser at 4,1 pst. av årsverka til den planlagde undervisninga ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i skuleåret 2021–22. Samstundes auka årsverka med godkjend kompetanse med over 300. Nærare omtale av mellom anna framtidig behov for lærarar finst i kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Statistikk frå SSB viser at lærarar utan lærarutdanning utgjorde 20 pst. av avtalte årsverk i vidaregåande skule i 2021. Merk at tala for grunnskulen og vidaregåande skule bygger på kjelder med ulike definisjonar og derfor ikkje kan samanliknast. Regjeringa endra i 2022 på opptakskrava til grunnskulelærer- og lektorutdanningar slik at fleire vil vere kvalifiserte for desse utdanningane frå opptaket i 2022. Eit alternativt opptakskrav gjer det mogleg å kome inn på desse lærarutdanningane med 40 skulepoeng og minimum karakteren 3 i fellesfaget matematikk og 3 i norsk. Det opnar utdanningane for dei som har styrken sin i andre fag enn matematikk. Utrekningar frå Samordna opptak syner at 1 038 studentar kvalifiserte seg for lærarutdanning etter dei nye krava i 2022.

For å sikre eit godt studietilbod over heile landet bad regjeringa Nord universitet om å etablere

barnehage- og grunnskulelærerutdanning på Nesna frå 2022. Dette er viktig for Helgeland og Nord-Noreg. Nord universitet fekk i 2022 auka rammeløyvinga med 60 mill. kroner for å dekke meirkostnadene ved å reetablere og bygge opp desse utdanningane. Det var 72 kvalifiserte førstevalssøkarar til Nesna i 2022, og 82 fekk tilbod om studieplass.

Sidan 2017 har Kunnskapsdepartementet tildelt 96 mill. kroner i støtte til rekruttering til lærarutdanningane og kvalifisering av dei som arbeider i undervisningsstilling i skulen utan å ha fullført lærarutdanning. Høgskulen på Vestlandet har ansvaret for eit nasjonalt prosjekt for rekruttering særleg til grunnskulelærerutdanning for 1.–7. trinn og barnehagelærerutdanning med vekt på å rekruttere menn og personar med innvandrarbakgrunn. Det er også gode ordningar for sletting av studielån for dei som tek lærarutdanning og arbeider i skulen etterpå.

Gjennom programmet NOTED – Norwegian Partnership Programme for International Teacher Education støttar regjeringa utdanningssamarbeid og studentutveksling mellom lærarutdanningsinstitusjonar i Noreg og i utlandet. Programmet er særleg retta mot femårige grunnskulelærerutdanningar, men andre lærarutdanningar kan bli inkluderte i prosjekt dersom dei samla sett medverkar til å heve kvaliteten i grunnskulelærerutdanningane. Programmet har blitt støtta med 10 mill. kroner i året sidan 2017. Det er Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) som forvaltar programmet. Departementet tilrår å avvike NOTED-programmet frå og med 2023, sjå nærare omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 272, post 51.

I 2022 er det sett i gang arbeid med å gjere rammeplanane for alle lærarutdanningane meir overordna. Det er også sett i gang arbeid med ei stortingsmelding om profesjonsutdanning. Begge desse prosessane skal legge til rette for positiv vidareutvikling av lærarutdanningane i Noreg.

I 2021 fekk 8 100 lærarar i skule og barnehage tilbod om å ta vidareutdanning, medan det i 2022 blei gitt tilbod til 6 700. I 2023 foreslår regjeringa løyvingar som gir rom for at om lag 7 700 lærarar i skule og barnehage skal få tilbod om å ta vidareutdanning.

Delmål 9.5

Styrkje vitskapleg forskning og oppgradere teknologien i næringslivssektorane i alle land, særleg i utviklingsland, mellom anna ved – innan 2030 – å stimulere til innovasjon, auke talet på tilsette

(per million innbyggjarar) vesentleg innanfor forskings- og utviklingsverksemd og vesentleg auke løyvingane til offentleg og privat forskning og utvikling.

Berekraftsmåla spelar ei stadig viktigare rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet, og universiteta og høgskulane er sentrale i arbeidet med å nå berekraftsmåla. Noreg treng både verdslaiande fagmiljø og høg kvalitet i heile breidda av forskning og høgare utdanning for å utvikle og ta i bruk ny kunnskap for verdiskaping, omstilling og berekraft. Berekraftagendaen er teke inn i måla i den nye langtidsplanen for forskning og høgare utdanning (2023–2032) og set tydeleg preg på dei tematiske prioriteringane, mellom anna klima, miljø og energi.

EU har auka satsinga på forskning og innovasjon som skal fremje grøn omstilling og berekraft, både gjennom rammeprogrammet for forskning og innovasjon, Horisont Europa (2021–2027), og gjennom samarbeidet om politikktutvikling og koordinering av forskingsinnsatsen i EU og dei europeiske landa gjennom Det europeiske forskingsområdet (ERA). Norske forskings- og innovasjonsaktørar deltek i Horisont Europa på lik linje med aktørar frå EUs medlemsland, og har så langt gjort det godt i utlysingar som gjeld grøn omstilling og berekraft. Noreg deltek òg aktivt i ERA-arbeidet. Internasjonalt kunnskapsamarbeid med strategisk viktige kunnskapsnasjonar utanfor EU/EØS-området er vareteke gjennom oppfølging av Panorama-strategien (2021–2027). Partnerskapsprogramma UTFORSK og INTPART bidreg til å styrke samarbeidet med dei prioriterte landa innan utdanning og forskning.

Noreg har eit verkemiddelapparat for næringsutvikling som skal fremje forskning, utvikling og innovasjon i næringslivet innanfor berekraftige rammer. Det grønne skiftet og berekraft står sentralt i arbeidet med å styrke forskning og utvikling i næringslivet. Berekraft er vektlagt i generelle ordningar og gjennom målretta verkemiddel for klima- og miljøvennlege løysingar. Forskingsrådet, Innovasjon Noreg, Enova, Gassnova, Siva og Nysnø er nokre av aktørane som har verkemiddel som bidreg til grøn omstilling.

Delmål 12.8

Innan 2030 sikre at alle menneske i heile verda har relevant informasjon om og forståing av berekraftig utvikling og eit levestett som er i harmoni med naturen.

Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturgledede, respekt for naturen og klima- og miljøbevisstheit. Elevane skal få oppleve naturen og sjå han som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skulen skal legge til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og sikre behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge mogleheitene framtidige generasjonar har til å dekke sine behov. Ei berekraftig utvikling bygger på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levestettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den einskilde betyr noko. Temaet rommar problemstillingar knytte til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikhtar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Elevane skal lære om samanhengen mellom dei ulike aspekta ved berekraftig utvikling.

Delmål 14a

Styrkje vitenskapleg kunnskap, bygge opp forskingskapasitet og overføre marin teknologi – og samtidig ta omsyn til kriterium og retningslinjer frå Den mellomstatlege oseanografiske kommisjonen for overføring av marin teknologi – med sikte på å betre tilstanden i havet og auke bidraget frå det marine arts mangfaldet til utviklinga i utviklingslanda, særleg i små utviklingsøystatar og dei minst utvikla landa.

Noreg er ein sterk havforskningsnasjon, og aktørar frå heile sektoren bidreg til å styrke den vitenskaplege kunnskapen om havet og bygge opp forskingskapasitet på feltet. Kunnskapsdepartementet bidreg ikkje minst gjennom basisløyvinga til institusjonane. Kunnskapsdepartementet følger opp Noregs medlemskap i UNESCOs mellomstatlege havforskningskommisjon (IOC). Departementet bidreg med 1,5 mill. kroner for å støtte IOC i deira koordinering og gjennomføring av FN's tiår for havforskning for ei berekraftig utvikling, noko som i stor grad kjem utviklingsland til gode. Universitetet i Bergen er vert for eit av IOCs senter i nettverket Ocean Teacher Global Academy. Her får studentar frå heile

verda moglegheit til å følge kurs som er relevante for berekraftsmål 14.

Den nasjonale oppfølginga av havforskingsstia-
ret har Forskingsrådets havsekretariat ansvaret

for. Dette sekretariatet blir finansiert av Kunnskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet.

10 Forny, forenkle og forbedre

Kunnskapsdepartementet jobbar kontinuerleg med tiltak som vil forenkle, modernisere og betre gjennomføringskrafta i sektoren. I dette kapittelet blir dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie, presenterte. I tillegg er det mykje kontinuerleg arbeid og småskalatiltak i departementet og i sektoren som del av utviklinga av den ordinære verksemda.

Tillitsreform – betre velferd og tenester til innbyggjarane

Tillitsreforma er eit felles prosjekt for regjeringa, jf. omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet. Målet med reforma er å gi brukarar og innbyggjarar betre velferd og betre tenester gjennom å la dei tilsette få større moglegheit til å bruke profesjonen sin til å utøve oppgåvene. Reforma skal utviklast nedanfrå, og det einskilde departementet skal utvikle og setje i verk reforma i sine sektorar saman med partane, organisasjonane og leiinga i verksemdar. Tillitsreforma gjeld heile offentleg sektor, både staten og kommunesektoren, og i kunnskapssektoren gjeld reforma alle område frå barnehagar til høgare utdanning og forskning. Kunnskapsdepartementet er i dialog med aktørane i sektorane om reforma.

For å nå måla med tillitsreforma må tilsette få meir tid til barn, unge og studentar og til kjerneoppgåvene sine. Kompetansen til dei tilsette skal bli brukt betre. Samarbeidet mellom partane må òg styrkast. Mål- og resultatstyringa skal vidareutviklast. Styresmaktene skal setje færre detaljerte mål og aktivitetskrav og i størst mogleg grad unngå detaljerte statlege føringar, reglar, standardar og liknande. Det er sett færre overordna sektormål frå 2023, sjå figur 1.1.

Dei fleste barnehage- og grunnsopplæringssteinstene blir ytte i kommunesektoren. Departementet arbeider i to spor med tillitsreforma. Hovuddelen av tillitsreforma skal skje lokalt og nedanfrå. I det lokale sporet blir god samhandling mellom barnehage- og skuleeigarar og dei einskilde barnehagane og skulane viktig. Forsøk, utviklingsprosjekt og pilotar vil vere ein viktig del og ha særleg merksemd i arbeidet. Sjø òg

omtale om forslag til løyvingar under kap. 226, post 21.

I det statlege sporet vil reforma vere ein integrert del av regjeringas satsingar og arbeid for barnehagar og grunnsopplæringa i kommunesektoren. Nye statlege satsingar skal ha som eit utgangspunkt at dei som arbeider i direkte møte med barn og unge, skal ha metodeansvar og fagleg handlingsrom og styrke det lokale sjølvstyret til kommunale styresmakter.

Regjeringa har allereie fjerna prioriteringa av einskilde fag i vidareutdanningstilbodet for lærarane og lagt til rette for ei jamnare fordeling av vidareutdanningsplassane mellom faga. Dette gjer at lokale prioriteringar kan vektleggast meir enn tidlegare.

Det er fleire område av statens styring som bør bli gjennomgått som del av tillitsreforma. Regjeringa har sett ned eit partssamansatt offentlig utval som mellom anna skal gå gjennom bruken av prøvar, verktøy og datakjelder (kvalitetsutvalet). Deira forslag vil kunne bidra til meir lokal fagleg pedagogisk kvalitetsutvikling og redusere detaljstyring og krav til rapportering og dokumentasjon.

Universitets- og høgskulesektoren har stor grad av fagleg autonomi og institusjonelt sjølvstyre. Samstundes kan autonomi og sjølvstyre vere under press når stadig fleire forskrifter, standardar, rapporteringskrav og kontrollorgan kjem til. Summen kan ta bort tida frå utdanning og forskning.

Det statlege sporet for tillitsreforma i høgare utdanning og forskning inneber at reforma inngår i utviklingsarbeidet til regjeringa. Mellom anna vil måla for tillitsreforma bli tekne med i arbeidet med ny universitets- og høgskulelov. Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høgskulane. Utvalet tilrår å forenkle systemet for den resultatbaserte uttølinga og i staden legge større vekt på utviklingsavtalane i styringa. Regjeringa vil sjå den vidare oppfølginga av finansieringssystemet i lys av tillitsreforma, sjå nærare omtale i kap. 13. Kunnskapsdepartementet vil frå

2023 oppheve tidlegare øyremerkingar til rekrutteringsstillingar og gi institusjonane fridom til sjølv å vurdere fordelinga av dei tilsette på ulike stillingar.

Frå og med 2023 fjernar departementet dei felles nasjonale styringsparametrane for universitetet og høgskular. Styringa vil bli meir basert på utviklingsavtalane med dei einskilde statlege institusjonane. Tilskotsforvaltninga vil følge opp dei same omsyna for dei private høgskulane.

Regjeringa vil ikkje knyte finansiering til utviklingsavtalane med dei statlege universiteta og høgskulane. Avtalene skal vere eit verktøy for å forbetre styringa og måloppnåinga til institusjonane innanfor dei budsjetttrammene som gjeld til kvar tid, ikkje for å fastsetje rammene.

Vidare blir det gjort eit arbeid med meir overordna rammeplanar for lærarutdanningane som kan gi mindre detaljstyring av fagleg arbeid. Prosessen med dei nye rammeplanen har tre–fire-årsperspektiv.

Opplæringslov med klarare språk og meir oversiktleg inndeling

Regjeringa er i gang med ein heilskapleg gjennomgang av opplæringslova. Lova er 23 år gammal. Etter fleire reformer og mange lovendringar er lova blitt oppstykkka, omfattande og vanskeleg å finne fram i. Det er derfor ønskeleg at ny opplæringslov har klarare språk og ei meir oversiktleg inndeling enn den noverande lova. Det kan gjere lova enklare å finne fram i og forstå. Forslag til ny opplæringslov skal etter planen leggast fram våren 2023.

Feide – sikker pålogging i grunnopplæringa

I dei siste åra er Feide innført som nasjonal fellesløyning for sikker pålogging til digitale læremiddel og tenester i grunnopplæringa. Påloggingstenesta til Feide har 1,3 mill. brukarar, er tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular og registrerte 218 mill. påloggingar i 2021. Feide blir levert av Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør, som samarbeider med Utdanningsdirektoratet om forvaltninga av tenesta.

Nytt digitalt prøve- og eksamenssystem i grunnopplæringa

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp og utvikling av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og

brukarvennleg teneste der dei kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Prosjektet er forseinka på grunn av covid-19-pandemien, men sentrale funksjonar for eksamensavvikling vart fullførte våren 2022. Sjå meir omtale under kap. 226, post 45.

Ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring

Kunnskapsdepartementet skal vinteren 2022–23 legge fram ein ny strategi for digital kompetanse og infrastruktur. Formålet er å konkretisere ambisjonane i Hurdalsplattforma om digitalisering og arbeide for at den digitale kompetansen til barn og unge blir utvikla betre, tryggare og med tettare kopling til sosial utvikling og fagleg læring. Den nye strategien vil erstatte den gjeldande strategien og handlingsplanen som gjeld ut 2022. Strategien skal gjelde for barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring i perioden 2023–30. Strategien skal fungere som eit overordna politisk styringsdokument for utvikling av digital kompetanse og gi retning for gode val for digitaliseringa fram mot 2030. Strategien blir utvikla i samarbeid med kommunal sektor og vil bidra til å styrke felles forståing og effektiv ansvarsdeling mellom statleg og kommunalt nivå.

Utviklingsprosjekt i Lånkassen for å tilby meir fleksibel utdanningstøtte til vaksne

Lånkassen er det sentrale verkemiddelet for å stimulere til etterspurnad etter utdanning. Men utdanningsstøtteordningane er først og fremst laga for den tradisjonelle studenten i høgare utdanning, med utdanning som hovudaktivitet. I tråd med Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetanse-reformen*, legg departementet no til rette for kort modulisert utdanning, meir tilpassa behova i arbeidslivet. Slik utdanning fell i dag utanfor utdanningsstøtteordningane. Frå 2024–25 skal vaksne i kort modulisert utdanning få tilgang til eit lån utan stipenddel, med løpande rente. Storleiken på lånet skal avhenge av omfanget av utdanninga i studiepoeng og ikkje kor lang tid ein brukar på utdanninga, slik det er i dag.

Ei slik omlegging krev utvikling av system i Lånkassen. Den nye ordninga inneber ei stegvis systemutvikling av datasystemet i Lånkassen, slik at økonomiske ytingar til kundane blir gjorde uavhengige av kalendertid. Dette gir fleksibilitet. Lånkassens IKT-system er ikkje utforma for å

handtere endringar i struktur for utdanning og tilbod som går på tvers av dei tradisjonelle utdanningane i universitet, høgskular og fagskular i dag. Auka fleksibilitet set Lånekassen betre i stand til raskt å tilpasse seg ein utdanningsmarknad i kontinuerleg endring.

Døme på forenklingstiltak i Kunnskapsdepartementets underliggende verksemdar

Som ei oppfølging av den første digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren 2017–21 blei det i 2018 etablert ein samstyringsmodell som skal sikre medverknad frå brukarane i strategiutvikling, tenesteutvikling og forvaltingsmodellar. Sentralt her er digitaliseringsstyret for høgare utdanning og forskning som mellom anna avgjer prioritering av brukarfinansierte fellesprosjekt. I digitaliseringsstyret sit representantar frå toppleiinga ved universitet og høgskular. I 2021 vedtok styret mellom anna å etablere ei felles datadelingsteneste, eit større arbeid med modernisering av Felles studentsystem (FS) og ei satsing på felles analyseplattform for informasjon til leiinga ved institusjonane og støtte til avgjerder.

Dersom samfunnet skal ha effektiv nytte av forskingsdata, som ikkje er underlagde teieplikt eller liknande, inneber det at data må vere tilgjen-

gelege, gjenfinnelege, gjenbrukbare og kunne handterast maskinelt for andre brukarar enn dei einskilde forskarmiljøa som har samla inn data. Universitetet i Oslo og Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet er blant dei som arbeider med tekniske løysingar og arbeidsprosessar for forskingsdata som legg til rette for effektiv gjenbruk. Det er mellom anna viktig å innarbeide gode vanar blant forskarane. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har hatt ansvaret for ei utgreiingsgruppe som har kartlagt kva som i dag finst av infrastrukturar og tenester for forskarar som vil gjere sine data gjenbrukbare, og kva som manglar for at dei skal kunne gjere dette. Rapporten frå utgreiingsgruppa blei publisert 15. mars 2022.

Arbeidslivsportalen er ei brukarvenleg nasjonal teneste som reduserer manuelt arbeid ved studiestadane og betrar informasjonsflyten mellom praksisstadar, studiestadar og studentar. Tenesta er brukarfinansiert av universitet og høgskular og forvalta av Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt). Arbeidet med utrulling av tenesta har vore meir omfattande enn venta og har derfor dessverre blitt forseinka. Det har vore nødvendig med feilretting og forbetring av grunnleggande funksjonalitet.

11 Samisk

Regjeringa legg stor vekt på at Noreg skal vere eit føregangsland når det gjeld urfolks rettar, jf. Hurdalsplattforma. Kunnskapsdepartementet har hovudansvaret for desse tiltaka:

- bidra til å utdanne fleire samisktalende lærarar, barnehagelærarar og helsearbeidarar og sikre nok samiske læremiddel av tilfredsstillande kvalitet
- auke talet på samiske barnehageplassar
- betre etablerte refusjonsordningar og etablere nye ordningar til kommunane for å styrke samisk språkopplæring og auke talet på språkberarar

Kunnskapsdepartementet har delansvar for dette tiltaket:

- gjennomføre eit krafttak for samiske språk

Kommunal- og distriktsdepartementet har hovudansvaret for det samiske feltet i samarbeid med Sametinget. Det meste av løyvingane til det samiske feltet går over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, men nokre øyremerkte tilskot går over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, jf. omtale nedanfor.

Mangelen på kompetanse i samisk språk og kultur er eit problem. Språkutvalet, Riksrevisjonen og forskingsinstituttet NORCE peikar alle på at det er særleg stor mangel på samisklærarar. Den låge rekrutteringa til lærarutdanninga og barnehagelærarutdanninga og lekkasjen av lærarar til andre yrke er ein del av utfordringa. Det mest alvorlege er det store tapet av elevar frå samiskundervisninga, ei utvikling som må bli snudd for å sikre fagkompetanse i framtida. Regjeringa har bestemt at den neste stortingsmeldinga om samisk språk, kultur og samfunnsniv skal handle om rekruttering og kompetanse i barnehagar, grunnopplæringa og høgare utdanning. Etter planen skal meldinga leggjast fram våren 2023.

Nedanfor gir Kunnskapsdepartementet ei oversikt over størsteparten av det som gjeld det samiske i kunnskapssektoren, frå barnehage til høgare utdanning og forskning. Det blir også vist til nærare omtale i andre delar av Prop. 1 S, mellom

anna omtale i del III, kap. 9 Oppfølging av FN's berekraftsmål 4, der delmål 4.5 gjeld lik tilgang til utdanning og yrkesfagleg opplæring for mellom anna urfolk.

Barnehage

Rammeplanen

Forskrifta om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver gjeld frå 1. august 2017 og er publisert på nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. Rammeplanen gjeld for alle barnehagar i Noreg og seier mellom anna dette om tilbodet til samiske barn:

Noreg har, med bakgrunn i dei særlege rettane til urfolk, ei særleg plikt til å verne om interessene til samiske barn og foreldre, jf. Grunnlova § 108, barnekonvensjonen art. 30 og ILO-konvensjonen. Samiske barn i barnehage skal få støtte til å bevare og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur.

Samiske barnehagar skal fremje den samiskspråklege kompetansen, styrkje den samiske identiteten og vidareføre dei samiske verdiane, den samiske kulturen og den samiske tradisjonskunnskapen. I samiske barnehagar er samisk hovudspråket. Barnehageeigaren skal vedtektsfeste at barnehagen har som formål å styrkje barnas identitet i eit barnehagemiljø med samisk språk og samisk kultur. Barnehagetilbodet skal vere ein integrert del av det samiske samfunnet. Det er ein føresetnad at personalet kan samisk og har kunnskap om samisk kultur.

Kommunen har ansvar for at barnehagetilbodet til samiske barn i samiske distrikt byggjer på samisk språk og kultur.

Tilskot

Kunnskapsdepartementet administrerte fram til 2019 eit øyremerkte tilskot over kap. 231 Barnehagar, post 50 Tilskot til samiske barnehagetilbod. Tilskotet kunne nyttast til utviklingsarbeid og prosjekt i samiske barnehagar, barnehagar

med samiske avdelingar og barnehagar med tilbod om samisk språkopplæring. For statsbudsjettet for 2019 var Sametinget og regjeringa samde om å etablere ei budsjettordning der overføringane til Sametinget i utgangspunktet blei samla på éin budsjettpost. Tilskotet over kap. 231, post 50 blei derfor rammeoverført til kap. 560 Samisk språk, kultur og samfunnsliv, post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv under det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I 2023 foreslår regjeringa å styrke dette tilskotet med 6,6 mill. kroner til tiltak for auka kompetanse for tilsette i samiske barnehagetilbod, dette i samsvar med Sametingets budsjettinnspel. For meir omtale, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 560, post 50.

Oppmodingsvedtak

I samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen* gjorde Stortinget oppmodingsvedtak nr. 796, 7. juni 2016:

Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.

For nærare omtale av dette vedtaket, sjå del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Statistikk

Tabellane nedanfor viser fordelinga av samiske barn i barnehage for perioden 2016–21.

Tabell 11.1 Barn i barnehagar med samisk tilbod, fordelte etter type tilbod

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|----------------------------------|------|------|------|------|------|------|
| Samisk barnehage | 522 | 573 | 547 | 538 | 588 | 565 |
| Barnehage med samisk avdeling | 129 | 143 | 139 | 202 | 123 | 137 |
| Barnehage med samisk språktilbod | 107 | 130 | 167 | 110 | 88 | 76 |
| Totalt | 758 | 846 | 853 | 850 | 799 | 778 |

Kjelde: Sametinget

Tabell 11.2 Barn i barnehagar med samisk tilbod, fordelte etter språkbakgrunn

| | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|------------|------|------|------|------|------|------|
| Nordsamisk | 708 | 788 | 791 | 783 | 714 | 696 |
| Sørsamisk | 31 | 34 | 30 | 35 | 53 | 54 |
| Lulesamisk | 19 | 24 | 32 | 32 | 32 | 28 |
| Totalt | 758 | 846 | 853 | 850 | 799 | 778 |

Kjelde: Sametinget

Grunnopplæringa

Læreplanverket for grunnopplæringa

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og læreplanverket for Kunnskapsløftet samisk (LK20S) er frå hausten 2022 tekne i bruk for alle dei tretten trinna i grunnopplæringa. Dette er den største endringa i skulen sidan Kunnskapsløftet i 2006, og læreplanverket skal bidra til eit verdiløft i

skulen og til å ruste elevane best mogleg for framtida. I åra 2020–22 blei det løyvd 15 mill. kroner ekstra til utvikling og tilpassing av samiske læremiddel på grunn av fagfornyinga. 2022 var i utgangspunktet siste året for denne ekstraløyvinga, men på grunn av stort behov foreslår regjeringa å løyve 6 mill. kroner til Sametinget over kap. 226, post 21 også i 2023.

Tilskotsordningar

Kunnskapsdepartementet administrerte fram til 2019 eit øyremerkt tilskot over kap. 223 Sametinget, post 50 Tilskot til Sametinget. Tilskotet gjaldt finansiering av utdanningsformål i Sametinget, inkludert utvikling og produksjon av ordinære og tilrettelagde læremiddel på samiske språk, arbeid med samiske læreplanar og råd og rettleiing om samisk opplæring. For statsbudsjettet for 2019 var Sametinget og regjeringa samde om å etablere ei budsjettordning der overføringane til Sametinget i utgangspunktet blei samla på éin budsjettpost. Tilskotet over kap. 223, post 50 blei derfor rammeoverført til kap. 560 Samisk språk, kultur og samfunnsliv, post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv under det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For meir omtale, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 560, post 50.

Kunnskapsdepartementet administrerer eit øyremerkt tilskot over kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester som mellom anna gjeld drifta av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, som tilbyr fjernundervisning og språksamlingar for grunnskule og vidaregåande skule, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Målet med løyvinga er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

I 2022 er det gitt ei startløyving til arbeidet med å bygge eit nytt samlokalisert bygg i Kauto-

keino for Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule og Det Samiske Nasjonalteatret Beavivváš. Løyvinga er gitt over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet administrerer eit øyremerkt tilskot over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa. Posten gjeld tre tilskotsordningar:

- Samiskopplæring i grunnskulen
- Samiskopplæring i vidaregåande opplæring
- Studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

Regjeringa vil gjennomføre eit krafttak for samisk språk. I statsbudsjettet for 2023 foreslår regjeringa å auke tilskotet til samisk i grunnopplæringa med 17,5 mill. kroner. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 225, post 63.

Kunnskapsdepartementet administrerer eit øyremerkt tilskot over kap. 227 Tilskot til særskilde skular, post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, der delar av løyvinga går til drifta av dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane har heile landet som opptaksområde. For nærare omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa, kap. 227, post 63.

Statistikk

Tabell 11.3 Elevar med samisk språk i grunnskulen, 1.–10. trinn

| | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|--|---------|---------|---------|---------|
| Elevar med nordsamisk som førstespråk | 892 | 893 | 943 | 951 |
| Elevar med nordsamisk som andrespråk 2 | 733 | 694 | 728 | 769 |
| Elevar med nordsamisk som andrespråk 3 | 543 | 594 | 637 | 557 |
| Elevar med lulesamisk som førstespråk | 34 | 33 | 33 | 33 |
| Elevar med lulesamisk som andrespråk 2 | 50 | 46 | 56 | 56 |
| Elevar med lulesamisk som andrespråk 3 | 31 | 30 | 24 | 20 |
| Elevar med sørsamisk som førstespråk | 26 | 28 | 35 | 25 |
| Elevar med sørsamisk som andrespråk 2 | 69 | 59 | 50 | 61 |
| Elevar med sørsamisk som andrespråk 3 | 16 | 23 | 16 | 20 |

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet

Tabell 11.4 Talet på elevar ved dei tre samiske tilboda i Hattfjelldal, Karasjok og Kautokeino

| | 2018–19 | 2019–20 | 2020–21 | 2021–22 |
|--|---------|---------|---------|---------|
| Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal | 47 | 60 | 86 | 148 |
| Samisk vidaregåande skule i Karasjok | 110 | 96 | 106 | 121 |
| - Fjernundervisning ved skulen i Karasjok | 31 | 56 | 51 | 65 |
| Samisk vidaregåande skule og reindrifts- skule i Kautokeino | 86 | 86 | 95 | 92 |
| - Fjernundervisning ved skulen i Kautokeino | 9 | 33 | 63 | 55 |

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Utdanningsdirektoratet

Høgare utdanning og forskning

For høgare utdanning og forskning inngår midlar til samiske formål i rammeløyvingane til Samisk høgskole, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Nord universitet. For Samisk høgskole gjeld heile rammeløyvinga samiske formål. For dei to sistnemnde er det viktig å vere klar over at på begge institusjonane er det mange bachelor-, master- og ph.d.-oppgåver og mykje forskning som handlar om samiske spørsmål også på fag som ikkje har samisk i namnet.

I tillegg har Noregs forskingsråd midlar til samisk forskning over kap. 285, post 52, i hovudsak til portefølje for samisk. Porteføljen omfattar grunnforskning om samiske problemstillingar innanfor humaniora og samfunnsvitskap og naturvitenskapleg forskning innanfor helse og klima og miljø med direkte tilknytning til humaniora og samfunns-

vitskap. Formålet er å bidra til å vareta Noregs ansvar for å utvikle ny, forskingsbasert kunnskap for å sikre og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Det er få som har tilstrekkeleg kompetanse i samisk frå vidaregåande opplæring til å klare høgare utdanning på samisk, og det gjer det vanskeleg å rekruttere nok studentar til samiske lærarutdanningar og utdanningar i samisk språk og kultur. Nedanfor følger ei oversikt over talet på kandidatar som fullførte studieprogram i samisk- og urfolksspørsmål i 2020 og 2021. Mange studieprogram i og på samisk har ikkje opptak kvart år – dels på grunn av kapasitet, dels på grunn av få søkarar. Kandidattala vil derfor variere frå år til år både i tal og i aktuelle studieprogram. Nokre relevante studieprogram utan kandidatar i 2020 og 2021 er omtala nedanfor tabellen.

Tabell 11.5 Kandidatar frå samisk- og urfolksstudium i 2020 og 2021

| Universitet / høgskule | Studieprogram | Kandidatar | |
|--|---|------------|------|
| | | 2020 | 2021 |
| UiT– Noregs arktiske universitet (UiT) | Master i språk – studieretning samisk | 2 | 2 |
| UiT | Indigenous Studies (master, gitt på engelsk) | 9 | 8 |
| UiT m/U. of Saskatchewan | Governance and Entrepreneurship in Northern and Indigenous Areas (master) | 6 | 3 |
| Samisk høgskole / Sámi allaskuvla (SA) | Barnehagelærerutdanning (bachelor) | 7 | |
| SA | Grunnskulelærerutdanning (master) for 1.–7. trinn | 4 | 3 |

Tabell 11.5 Kandidatar frå samisk- og urfolksstudium i 2020 og 2021

| Universitet / høgskule | Studieprogram | Kandidatar | |
|------------------------|--|------------|------|
| | | 2020 | 2021 |
| SA | Grunnskulelærerutdanning (master) for 5.–10. trinn | 6 | 3 |
| SA | Reindriftsstudium (bachelor) | 1 | |
| SA | Samisk språk og litteratur (bachelor) | 3 | |
| SA | Samisk språk og litteratur (master) | | 1 |
| SA | Duodji (trad. kunst og kunsthandverk, bachelor) | 3 | |
| SA | Journalistutdanning (bachelor) | | 3 |
| SA | Journalistikk (master) | 1 | 1 |
| Nord universitet (NU) | Bachelor i lulesamisk | 1 | 2 |
| NU | Årskurs (60 studiepoeng) i lulesamisk | 1 | 2 |

Kjelde: HK-dir, Database for høgare utdanning

Nord universitet starta grunnskulelærerutdanningar i sørsamisk og lulesamisk i 2018 og 2019, og dei første kandidatane vil etter planen fullføre i høvesvis 2023 og 2024. Hausten 2021 starta Nord universitet òg opp arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning med sørsamisk og lulesamisk profil. Utdanninga er på deltid over fire år. Det at ho er arbeidsplassbasert, inneber at studentane arbeider i barnehagen der dei er tilsette, medan dei studerer. Studentane har samlingar i Levanger eller Bodø. Dei første kandidatane vil etter planen fullføre i 2025.

Studentar som har teke minst 60 studiepoeng i eit samisk språk som del av eller i tillegg til ei lærerutdanning, kan få ettergitt lån i Lånekassen med inntil 50 000 kroner. Målet er å rekruttere fleire lærarar med kompetanse i samiske språk. I

2020 var det 18 personar som fekk ettergitt til saman 0,9 mill. kroner på dette grunnlaget.

I januar 2021 starta UiT opp samisk sjukepleiarutdanning i Kautokeino i samarbeid med Samisk høgskole. Utdanninga er på deltid over fire år. I tillegg fastsette departementet i 2021, som del av RETHOS-prosjektet, forskrift om retningslinje for samisk sjukepleiarutdanning. Sjå omtale under kap. 275, post 21.

I tildelinga på kap. 285 Noregs forskingsråd, post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning, inngår støtte til porteføljen for samisk. Porteføljen gjeld grunnforskning om samiske problemstillingar innanfor humaniora og samfunnsvitenskap og naturvitenskapleg forskning innanfor helse, klima og miljø som er knytt direkte til humaniora og samfunnsvitenskap. Sjå omtale i programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285, post 52.

12 Konsekvensar av krigen i Ukraina

Bakgrunn

Russlands åtak på Ukraina våren 2022 har ført til at Noreg har motteke mange fordrivne. Tal frå Utlendingsdirektoratets nettside viser at per 14. september 2022 har 26 833 ukrainarar søkt om asyl. 8 911 av dei er barn. Nedanfor følger ei oversikt over løyvingar og status for tilboda innanfor barnehage, grunnopplæringa og høgare utdanning.

Generelt er det stor uvisse om situasjonen i Ukraina og kor mange fordrivne som vil kome til Noreg. Regjeringa følger situasjonen tett. Regjeringa har planlagt for og er førebudd på at det skal kunne kome fleire fordrivne frå Ukraina enn dei som er komne til no. Regjeringa vurderer fortløpande kva tiltak som trengst for å sikre gode tilbod til barn, unge og studentar som følge av krigen i Ukraina. For meir omtale, sjå Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet, del III.

Barnehagetilbodet

Familiar frå Ukraina som er busette i ein kommune, kan søke om barnehageplass for barna sine på lik linje med andre innbyggjarar i kommunen. Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod.

Tal frå kommunane som deltok i ei spørjeundersøking gjennom Statsforvaltaranes Fellestener (STAF) i september 2022, tilseier at dei aller fleste barna i alderen 0–6 år frå Ukraina har fått tilbod om plass i barnehage, og at dei fleste også bruker tilbodet.

I barnehageleva er det innført to mellombelse forskriftsheimlar slik at mellombels barnehagar og barnehageplassar kan godkjennast dersom det kjem mange fleire barn.

Grunnopplæring for barn og unge frå Ukraina

Løyvingar som gjeld grunnopplæringa

Regjeringa fremja 1. april ein proposisjon til Stortinget med endringar i statsbudsjettet for 2022 under ei rekke departementsområde, med forslag om økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Finansdepartementet og Forsvarsdepartementet (økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina)*. Som følge av dette blei mellom anna tilskotet som kommunane og fylkeskommunane får til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, auka med 86,5 mill. kroner. Årsaka til dette er høgare anslag for talet på elevar som utløyser tilskot som følge av krigen i Ukraina. Det blei i tillegg løyvd 40 mill. kroner til omsetjing og utvikling av pedagogisk barnehagemateriell og læremiddel. Vidare blei det løyvd 10 mill. kroner til Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) for å tilpasse og styrke tilbodet til nykomne barn, unge og vaksne frå Ukraina. NAFO skal mellom anna utvikle eit fjernundervisningstilbod og andre ressursar og digitale løysningar.

Grunnskuletilbodet

Barn i grunnskulealder har etter opplæringslova rett på opplæring så raskt som mogleg etter at dei kjem til Noreg. Fristen for når barn i grunnskulealder skal få eit fullverdig opplæringstilbod der alle krava i opplæringslova blir følgde, er mellombels utvida frå éin til tre månader. Dette skal bidra til at kommunane også kan busetje fordrevne frå Ukraina ved stor tilstrøyming. Samstundes skal kommunane så snart som råd starte opplæringa sjølv om tilbodet ikkje er fullverdig.

Ukrainske barn som er i Noreg, har på same måte som andre barn både rett og plikt til opplæ-

ring i norsk skule etter norske læreplanar. Plikta til å delta i grunnskuleopplæring for det einskilde barn trer inn når opphaldet i Noreg har vart i tre månader.

Kommunane som deltok i STAF-spørjinga i september 2022, rapporterer at nesten alle barn i grunnskulealder frå Ukraina har eit skuletilbod som dei bruker.

Tilbodet innanfor vidaregåande opplæring

Ungdom som har fullført grunnskule eller tilsvarende, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Reglar om inntak er fastsette i forskrift til opplæringslova. Som hovudregel er fristen 1. mars, men fylkeskommunen kan òg ta omsyn til søknader som kjem inn for seint. Departementet er i dialog med fylkeskommunane, og dei har alle planar for å kunne gi tilbod om opplæring frå starten av skuleåret 2022–23. Nokre har òg starta egne innføringstilbod våren 2022 eller teke elevar inn i ordinære klassar.

Det har førebels ikkje kome mange ukrainske ungdommar i alderen 16–19 år til Noreg. Det er derfor ikkje no behov for å gjere endringar i reglane om inntak til vidaregåande opplæring. Om det kjem svært mange ungdommar i alderen 16–19 år, kan det òg vere aktuelt med andre tiltak for å stimulere fylkeskommunane til å gi tilbod raskt fram til dei får rett til vidaregåande opplæring, eller andre endringar i opplæringslova. Slike tiltak og endringar blir vurderte i samråd med fylkeskommunane.

Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Krigen i Ukraina får konsekvensar også for sektor for høgare utdanning og forskning i Noreg. Med nokre få unntak er alt bilateralt samarbeid mellom norske og russiske styresmakter sett på vent, og berre dei kritiske delane av samarbeidet er haldne ved lag. Dette inneber at Kunnskapsdepartementet har suspendert dialogen med russiske styres-

makter. Samstundes er det viktig å ta vare på kunnskapssamarbeid på tvers av landegrensar som ein open kommunikasjonskanal i tider då bilaterale relasjonar er kjølige. Regjeringa har derfor ikkje innført akademisk boikott av Russland, men oppmoda institusjonane til å legge institusjonelt samarbeid på is. Samstundes er institusjonane oppmoda til å vidareføre forskar-til-forskar-samarbeid.

Regjeringa oppretta i 2022 ei stipendordning for ukrainske, russiske og belarusiske studentar som var i Noreg før krigen starta. Ordninga gjeld studentar som sjølv finansierer studieopphaldet, og som mista tilgangen til finansieringa si på grunn av krigen. I 2023 vil ordninga bli vidareført berre for ukrainske studentar. Ordninga omfattar ikkje studentar som har vanlege rettar gjennom Lånkassen.

Stortinget vedtok i 2022 økonomiske tiltak som følge av krigen i Ukraina, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Tiltaka omfatta òg midlar tilsvarende eit opptak av om lag 1 000 studentar for at flyktningar skulle kunne starte eller halde fram med høgare utdanning. Løyvinga er førebels og skal fasast ut med normal studieprogresjon eller dersom plassane ikkje blir brukte. Førebelse tal på studentar som har fått tilbod i tråd med dette tyder på at behovet i 2023 kan vere lågare. Regjeringa foreslår å redusere løyvinga tilsvarende 500 plassar. Regjeringa vil kome tilbake i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 med forslag om å justere løyvinga opp igjen, inntil 1 000 plassar, dersom talet på studentar blir høgare, og justere ned løyvinga dersom studieplassane ikkje blir brukte.

På bakgrunn av situasjonen i Ukraina har Kunnskapsdepartementet vedteke mellombelse endringar i reglane for opptak til høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, for å gjere opptak av flyktningar i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning meir fleksibelt i studieåret 2022–23.

13 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

Innleiing

Under Regjeringa Solberg sette Kunnskapsdepartementet ned eit ekspertutval 9. september 2021 for å gjennomgå finansieringa av universitet og høgskular. Utvalet fekk eit revidert mandat under Regjeringa Støre 5. november 2021. Regjeringa la vekt på at finansieringssystemet skal fremje det breie samfunnsoppdraget til lærestadane, vareta ein desentralisert struktur og bidra til betre studiekvalitet og livslang læring. Utvalet var leia av Siri Hatlen og hadde ei brei samansetjing med ekspertise og erfaring frå ulike fagfelt, roller og institusjonar i sektoren og frå forskingsinstitutt, næringsliv og politikk. Utvalet innhenta òg synspunkt frå relevante aktørar. Rapporten blei levert departementet 17. mars 2022 og send på høyring med frist 10. juni 2022. Gjennomgangen hadde eit breitt mandat om å vurdere heile finansieringa av universiteta og høgskulane som får finansiering frå Kunnskapsdepartementet, og sjå finansieringa i samanheng med andre verkemiddel, jf. Meld. St. 19 (2020–2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler* og Innst. 425 S (2020–2021). Gjennomgangen skulle særleg vurdere oppfølginga av to oppmodingsvedtak som Stortinget gjorde om finansieringssystemet i 2020, sjå kap. 3.

Hovudtrekk ved forslaga frå utvalet

Hatlen-utvalet foreslo å vidareføre hovudtrekka i systemet for fastsetjing av rammeløyvinga, men forenkla systemet for den resultatbaserte uttellinga. Utvalet foreslo at institusjonane framover skal få uttelling for endringane i gjennomførte studiepoeng og avlagde doktorgradar, men at det ikkje lenger blir gitt resultatbasert uttelling for endringane i uteksaminerte kandidatar, utvekslingsstudentar, publiseringspoeng eller eksterne inntekter. Endringane i indikatorane blei sett i samanheng med at utviklingsavtalene blir gitt ei tyngre rolle i styringa av sektoren. Vidare foreslo utvalet å redusere talet på finansieringskategoriar frå dagens seks til mellom to og fire, men overlét til Kunnskapsdepartementet å greie ut ei konkret

avgrensning av kategoriane og storleiken på satsane.

Utvalet la vekt på at dagens system fører med seg fleire ulemper i styringa av sektoren. Når indikatorane omfattar mange, men ikkje alle oppgåvene og måla for universiteta og høgskulane, blir dei samla politiske prioriteringane utydelege. Område utan indikatorar kan bli nedprioriterte ut frå det som politisk sett er ønskeleg. Når indikatorane blir tolka som eit insentivsystem, blir plasseringa av ansvar mellom institusjonane og styresmaktene uklare. Institusjonane kan peike på departementet og fråværet av økonomiske insentiv som årsak dersom det er manglande resultat på nokre område, medan styresmaktene kan peike på institusjonane og deira sjølvstendige ansvar for måloppnåinga. Eit felles indikatorsystem for institusjonar med svært ulike profilar kan vidare føre til ei uønskt einsretting og eit redusert mangfald i sektoren.

Forslaget frå utvalet innebar at indikatorane for studiepoeng og doktorgradar skulle vere eit finansieringsverkemiddel innretta for å kanalisere ressursane på ein formålstenleg måte til institusjonane. Prioriteringar mellom mål for sektoren burde skje i den generelle styringsdialogen når det gjeld mål som er felles for sektoren, og elles i utviklingsavtalene med kvar institusjon. Insentivsystem som er meint å gi påskjøningar og stimulere motivasjonen til dei tilsette, burde bli utforma lokalt ved kvar institusjon og tilpassa deira utgangspunkt og mål og strategiar.

Nærare om einskilde tema og svar frå høyringa

Utviklingsavtalar

Hatlen-utvalet tilrødde ei tyngre vektlegging av utviklingsavtalane i styringa av sektoren, og la vekt på at det ville gi ei meir dialogbasert styring, meir transparent og målretta styring overfor kvar institusjon, og vareta mangfaldet i sektoren. Dette blei støtta av dei fleste høyringsinstansane. For å styrke effekten tilrødde utvalet vidare at avtalene skulle gi utslag i finansieringa. Utvalet tilrødde ikkje ei regelstyrt ordning med tillegg eller kutt i løyvingane basert på ei evaluering av oppfølginga

alternative måtar som finansieringa kunne knytast til avtalane på. Det kunne skje i form av nye tilde-
lingar eller øyremerkingar innanfor gjeldande
ramme til gjennomføring av avtalane. Dei fleste
høyringsfråsegnene støtta ikkje å knyte finansier-
ing til avtalane.

Indikatorane for den regelstyrte utteljinga

Ingen av høyringssvara var negative til å vidare-
føre den resultatbaserte utteljinga for gjennom-
førte studiepoeng og avlagde doktorgradar. Med
utgangspunkt i målet om å gjere det meir attrak-
tivt å tilby vidareutdanningar var det også brei
støtte for å utvikle kandidatindikatoren, men
nokre få var uroa for om det ville gi redusert kvali-
tet i gradsstudiane og mindre merksemd om å få
studentane til å fullføre. Hatlen-utvalet tilrådde pri-
mært ikkje andre endringar for å gjere det enda
meir attraktivt å tilby vidareutdanningar i finansi-
eringssystemet enn å fjerne kandidatindikatoren,
men meinte at det i så fall burde skje gjennom eit
påslag i satsen for studiepoeng i slike utdanningar.
Nokre av høyringssvara støtta at satsane blei sett
høgare for vidareutdanningar på grunn av meir-
kostnader, medan nokre peika på at det kan vere
utfordrande å avgrense i statistikken dei fleksible
tilboda som bør få høgare utteljing, og at det er
behov for å innhente meir kunnskap.

Hatlen-utvalet frårådde å innføre ein indikator
for arbeidslivsrelevansen i tilboda eller sysselset-
jingsgraden for uteksaminerte studentar, og høyr-
ingsfråsegnene støtta dette eintydig. I tillegg til dei
generelle argumenta for å forenkle systemet bygde
tilrådinga på at relevansen for arbeidslivet er svært
vanskeleg å måle, mellom anna fordi det er knytt til
generiske ferdigheiter, og særleg når det gjeld
relevansen for arbeidslivet i framtida. Ein indikator
basert på sysselsetjing kan vanskeleg ta høgde for
konjunktursvingingar og regionale omsyn.

Norsk studentorganisasjon, ANSA (Assosia-
tion of Norwegian Students Abroad) og eit par
institusjonar uttalte i høyringa at dei ønskte å vida-
reføre utteljinga for utvekslingsstudentar. Dei
fleste høyringsfråsegnene om indikatoren meinte
at han hadde liten effekt for arbeidet med utveks-
ling, og at andre verkemiddel og motivasjonsfak-
torar er viktigare for dette målet.

Høyringsinstansane var delte i synet når det
gjeld om systemet for regelstyrt utteljing skulle ha
indikatorar som særskilt var retta mot forskning.
Fleire støtta forslaget frå utvalet, men fleire var
også usikre på om dette ville bli tolka som at regje-
ringa nedprioriterte forskning, og om det kunne føre
til redusert omfang av eller kvalitet i forskinga. Dei

som var negative, peikte særleg på indikatoren for
EU-inntekter og publiseringsindikatoren. Om
publiseringsindikatoren blei det trekt fram at ei
fjerning av utteljinga kunne føre til ei underrappor-
tering av vitskaplege publikasjonar i statistikken og
redusere motivasjonen til å drive forskning generelt
eller særleg i praksis- og undervisningstunge fag-
område. Fleire av høyringsinstansane foreslo enten
å vidareføre EU-indikatoren eller å bruke indikato-
ren med open ramme. Det siste vil seie at institusjo-
nane får utteljing for endringane i sjølve EU-inntek-
tene og ikkje i deira del av EU-inntektene som i
dag. Nokre meinte indikatoren er nyttig som eit
styringssignal som viser at deltakinga i EU-pro-
gramma blir verdsett og at han med open ramme
kan bidra til å dekke eigendelen av prosjektkostna-
dene for institusjonane.

Kierulf-utvalet meinte i NOU 2022: 2
*Akademisk yringsfrihet – God yringskultur må byg-
ges nedefra, hver dag* at når finansieringssystemet
inneheld indikatorar for forskning og utdanning,
må det også gjelde formidling. Med utgangspunkt
i dagens system foreslo dei derfor ein ny indikator
for formidling. Hatlen-utvalet frårådde indikatorar
for formidling eller innovasjon/kommersialise-
ring, og dei aller fleste høyringsinstansane delte
synet til Hatlen-utvalet. Norsk studentorganisa-
sjon og Språkrådet delte synet til Kierulf-utvalet
om ein formidlingsindikator.

Finansieringskategoriane

Hatlen-utvalet peika på at ei ulempe med studiepo-
engindikatoren og dei relaterte finansieringskate-
goriane var at dei også har ei uønskt påverking på
den interne styringa ved institusjonane. Når kvart
studieprogram har ein sats fastsett av departe-
mentet, gir det eit press på handlingsrommet for
institusjonane og kan påverke budsjettfordelinga
mellom utdanningar på måtar som det ikkje er fag-
leg grunnlag for. Utvalet meinte at rammefinansi-
eringa og det utstrekke ansvaret til institusjonane
for å disponere løyvinga er eit grunnprinsipp i sty-
ringspolitikken og avgjerande for utviklinga til
institusjonane. Mellom anna for å redusere denne
ulempa foreslo utvalet å redusere talet på finansi-
eringskategoriar frå dagens seks til mellom to og
fire. Det ville gjere det meir tydeleg at satsane er
svært grove og ikkje skal fastsetje dei faktiske
kostnadene i kvar utdanning. Utvalet viste også til
at meir bruk av undervisning i små grupper og
praksisundervisning i fleire fag truleg har redu-
sert skilnadene i kostnadsnivå mellom ulike
utdanningar. Oppmodningsvedtaket om å gå gjen-
nom finansieringskategoriane for å sikre riktig

finansiering av utdanningar som er etterspurde i arbeidsmarknaden, meinte utvalet måtte bli følgt opp gjennom å redusere hindringane som kategoriane utgjer for institusjonane si disponering av løyvinga, ikkje ei utvikling der departementet i større grad bestemmer kva som er dei «riktige» kostnadene for einskildutdanningar på tvers av institusjonar. Utvalet overlèt til departementet å greie ut den konkrete avgrensinga av dei nye kategoriane. I høyringa var mange einige i prinsippet om å ha færre kategoriar, men dei fleste ville ikkje ta endeleg stilling utan å sjå konsekvensane for sin eigen institusjon eller sitt fagområde.

Oppfølging av forslaga frå utvalet

Kunnskapsdepartementet vil i løpet av 2022 greie ut finansieringskategoriane vidare i dialog med sektoren, og vurdere om talet bør reduserast. Det vil bli lagt til grunn at kategoriane skal vere enkle og i størst mogleg grad gi institusjonane fridom og ansvar for disponeringa av løyvinga si og dimensjoneringa av dei einskilte utdanningane opp mot dei overordna måla.

Departementet meiner at finansieringssystemet må vurderast som ein heilskap. Dei moglege endringane i kategoriane bør greiast ut før det blir gjort endringar i dei andre delane av systemet. Konklusjonane om oppfølginga dei einskilte forslaga frå Hatlen-utvalet vil derfor bli trekte i samanheng med ei konkret vurdering av kategoriane. I vurderinga vil departementet vil legge vekt på det breie samfunnsoppdraget til institusjonane og sjå finansieringssystemet i samanheng med regjeringa si tillitsreform for sektoren.

Utviklingsavtalane og finansiering

Regjeringa vil ikkje knytte finansiering til utviklingsavtalane med dei statlege universiteta og høgskulane. Avtalane skal vere eit verktøy for å

forbetre styringa og måloppnåinga til institusjonane innanfor dei budsjetttrammene som gjeld til kvar tid, ikkje for å fastsetje rammene.

Regjeringa meiner at det ikkje treng vere knytt finansiering til utviklingsavtalane for at dei skal få effekt. Innhaldet i avtalane er i første rekke utforma av institusjonane sjølve innanfor svært vide rammer. Innanfor ei langsiktig og føreseieleg finansiering måtte eventuelle budsjettendringar knytte til avtalane uansett vore marginale i høve til den samla finansieringa.

Institusjonar som ønsker å knyte konkrete beløp av løyvinga til gjennomføring av avtalen, står i alle tilfelle fritt til dette og kan også foreslå å formalisere det i sjølve avtalen. Det kan truleg vere passande i nokre tilfelle å ha slike forpliktingar for å drive fram endringar. Men det vil ikkje vere i tråd med ønsket om ei institusjonstilpassa styring om det skulle vere eit krav, og regjeringa kan ikkje sjå at slike beløpsforpliktingar skulle vere rett i alle tilfelle. Eit system med tilleggsløyvingar for å gjennomføre avtalane vil ha mykje av dei same ulempene som eit system med regelstyrt uttelling, og vil redusere nytten av avtalane som eit styringsverktøy. Storleiken på løyvingane framover vil vere avhengig av den økonomiske situasjonen, som kan endre seg brått. Eit godt styringssystem kan ikkje føresetje kontinuerleg aukande løyvingar, og tildelingar til å gjennomføre avtalane måtte derfor også kunne dekkast inn gjennom reduksjonar innanfor gjeldande ramme. I slike tilfelle ville ikkje systemet skilje seg vesentleg frå eit system der departementet øymerker delar av løyvinga.

Sjølv om utviklingsavtalane ikkje vil vere direkte knytte til finansieringa, inneber ikkje det at dei er utan relevans. Avtalane vil ha ein sentral plass i styringa og dermed vere viktig for ei heilskapleg vurdering av måloppnåinga og utviklinga til institusjonane.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2022–2023) om statsbudsjettet for år 2023 blir dei forslaga til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2022–2023) statsbudsjettet for budsjettåret 2023 dei forslaga til vedtak som følger førte opp:

Kapitla 200–289 og 2410, 3200–3288, 5310 og 5617

I

Utgifter:

| Kap. | Post | | Kroner | Kroner |
|-----------------|------|---|-------------|-------------|
| Administrasjon | | | | |
| 200 | | Kunnskapsdepartementet | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 382 130 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 11 935 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 3 233 000 | 397 298 000 |
| 201 | | Analyse og kunnskapsgrunnlag | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 280 159 000 | 280 159 000 |
| | | Sum Administrasjon | | 677 457 000 |
| Grunnopplæringa | | | | |
| 220 | | Utdanningsdirektoratet | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 386 324 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> | 206 103 000 | |
| | 70 | Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> | 76 819 000 | 669 246 000 |
| 221 | | Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 16 141 000 | 16 141 000 |
| 222 | | Statlege skular og fjernundervisningstenester | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 127 597 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 1 756 000 | 129 353 000 |
| 223 | | Diamanten skole | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 27 121 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald | 352 000 | 27 473 000 |
| 224 | | Tilskot til freds- og menneskerettssenter | | |
| | 70 | Freds- og menneskerettssenter | 113 658 000 | |
| | 71 | Det europeiske Wergelandsenteret | 12 004 000 | 125 662 000 |
| 225 | | Tiltak i grunnopplæringa | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 22 692 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 117 768 000 | |

| Kap. | Post | Kroner | Kroner |
|------|------|---|---------------|
| | 60 | Tilskot til landslinjer | 250 311 000 |
| | 63 | Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> | 115 074 000 |
| | 64 | Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg | 124 967 000 |
| | 65 | Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> | 331 258 000 |
| | 66 | Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme | 15 886 000 |
| | 67 | Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk | 9 577 000 |
| | 68 | Tilskot til opplæring i kriminalomsorga | 318 886 000 |
| | 69 | Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring | 969 456 000 |
| | 74 | Prosjekttilskot | 7 110 000 |
| | 75 | Grunntilskot | 101 736 000 |
| | | | 2 384 721 000 |
| 226 | | Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 1 075 393 000 |
| | 22 | Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar | 1 570 634 000 |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 22 000 000 |
| | 61 | Tilskotsordning til rettleing for nyutdanna nytilsette lærarar | 63 552 000 |
| | 71 | Tilskot til vitensenter | 94 351 000 |
| | | | 2 825 930 000 |
| 227 | | Tilskot til særskilde skular | |
| | 63 | Tilskot til kommunar og fylkeskommunar | 41 808 000 |
| | 78 | Tilskot | 180 469 000 |
| | | | 222 277 000 |
| 228 | | Tilskot til private skular o.a. | |
| | 70 | Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i> | 3 515 056 000 |
| | 71 | Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> | 1 925 246 000 |
| | 72 | Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> | 143 980 000 |
| | 73 | Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> | 122 571 000 |
| | 74 | Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> | 17 638 000 |
| | 75 | Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> | 434 808 000 |
| | 76 | Andre private skular, <i>overslagsløyving</i> | 62 182 000 |
| | 77 | Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> | 32 353 000 |
| | 78 | Kompletterande undervisning | 24 869 000 |
| | 79 | Toppidrett | 77 715 000 |
| | 81 | Elevutveksling til utlandet | 2 199 000 |
| | 82 | Kapital- og husleigetilskot til private skular | 72 619 000 |

| Kap. | Post | | Kroner | Kroner |
|------|------|--|---------------|----------------|
| | 84 | Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular | 40 200 000 | 6 471 436 000 |
| 229 | | 22. juli-senteret | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 22 067 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | 30 600 000 | 52 667 000 |
| 230 | | Statleg spesialpedagogisk teneste | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 587 286 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 25 659 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 10 108 000 | 623 053 000 |
| | | Sum Grunnopplæringa | | 13 547 959 000 |
| | | Barnehagar | | |
| 231 | | Barnehagar | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 788 994 000 | |
| | 63 | Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage | 204 278 000 | |
| | 66 | Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn | 22 008 000 | |
| | 70 | Tilskot til symjing i barnehagane | 74 283 000 | 1 089 563 000 |
| | | Sum Barnehagar | | 1 089 563 000 |
| | | Høgare yrkesfagleg utdanning | | |
| 240 | | Fagskular | | |
| | 60 | Driftstilskot til fagskular | 1 197 585 000 | |
| | 61 | Utviklingsmidlar til fagskular, <i>kan overførast</i> | 52 038 000 | 1 249 623 000 |
| 241 | | Felles tiltak for fagskular | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 23 354 000 | 23 354 000 |
| 242 | | Noregs grøne fagskule – Vea | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 31 392 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> | 1 365 000 | 32 757 000 |
| | | Sum Høgare yrkesfagleg utdanning | | 1 305 734 000 |
| | | Kompetansepolitikk og livslang læring | | |
| 253 | | Folkehøgskular | | |
| | 70 | Tilskot til folkehøgskular | 1 059 818 000 | |
| | 71 | Tilskot til Folkehøgskolerådet | 5 692 000 | |
| | 72 | Tilskot til Nordiska folkhögskolan | 747 000 | 1 066 257 000 |
| 254 | | Studieforbund o.a. | | |
| | 70 | Tilskot til studieforbund | 72 719 000 | |
| | 73 | Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar | 3 517 000 | 76 236 000 |
| 256 | | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 433 017 000 | |

| Kap. | Post | Kroner | Kroner | |
|------|------|---|----------------|----------------|
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 8 926 000 | 441 943 000 |
| 257 | | Kompetanseprogrammet | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 7 442 000 | |
| | 70 | Tilskot, <i>kan overførast</i> | 201 253 000 | 208 695 000 |
| 258 | | Tiltak for livslang læring | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> | 129 317 000 | 129 317 000 |
| | | Sum Kompetansepolitikk og livslang læring | | 1 922 448 000 |
| | | Høgare utdanning og forskning | | |
| 260 | | Universitet og høgskular | | |
| | 50 | Statlege universitet og høgskular | 40 600 307 000 | |
| | 70 | Private høgskular | 2 201 455 000 | 42 801 762 000 |
| 270 | | Studentvelferd | | |
| | 74 | Tilskot til velferdsarbeid o.a. | 81 846 000 | |
| | 75 | Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> | 871 368 000 | |
| | 76 | Tilskot til energitiltak i studentbustadar | 141 500 000 | 1 094 714 000 |
| 271 | | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 115 236 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 4 106 000 | 119 342 000 |
| 272 | | Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning | | |
| | 51 | Tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i> | 96 547 000 | |
| | 52 | Tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> | 263 228 000 | |
| | 71 | Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i> | 125 868 000 | |
| | 72 | Tilskot til tiltak for høgare utdanning, <i>kan overførast, kan nyttast under post 52</i> | 120 132 000 | 605 775 000 |
| 273 | | Kunnskapssektorens tenesteleverandør – Sikt | | |
| | 50 | Verksemdskostnader | 182 910 000 | 182 910 000 |
| 274 | | Universitetssenteret på Svalbard | | |
| | 70 | Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard | 158 265 000 | 158 265 000 |
| 275 | | Tiltak for høgare utdanning og forskning | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> | 186 077 000 | |
| | 70 | Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i> | 77 524 000 | 263 601 000 |
| 284 | | Dei nasjonale forskningsetiske komiteane | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 20 119 000 | 20 119 000 |
| 285 | | Noregs forskingsråd | | |
| | 52 | Langsiktig, grunnleggande forskning | 1 757 574 000 | |
| | 53 | Sektoroverskridande og strategiske satsingar | 1 939 694 000 | |

| Kap. | Post | Kroner | Kroner | |
|------|------|--|----------------|-----------------|
| | 54 | Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse | 787 609 000 | |
| | 55 | Verksemdskostnader | 744 217 000 | 5 229 094 000 |
| 286 | | Regionale forskingsfond | | |
| | 60 | Regionale forskingsfond, tilskot til forskning | 122 087 000 | 122 087 000 |
| 287 | | Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt | | |
| | 57 | Grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt | 234 990 000 | 234 990 000 |
| 288 | | Internasjonale samarbeidstiltak | | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 48 317 000 | |
| | 72 | Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar | 312 386 000 | |
| | 73 | EUs rammeprogram for forskning og innovasjon | 3 657 681 000 | |
| | 74 | EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett | 972 334 000 | |
| | 75 | UNESCO-kontingent | 21 057 000 | |
| | 76 | UNESCO-formål | 4 481 000 | 5 016 256 000 |
| 289 | | Vitskaplege prisar | | |
| | 51 | Holbergprisen | 17 474 000 | |
| | 71 | Abelprisen | 16 968 000 | |
| | 72 | Kavliprisen | 11 605 000 | 46 047 000 |
| | | Sum Høgare utdanning og forskning | | 55 894 962 000 |
| | | Statsbankane | | |
| 2410 | | Statens lånekasse for utdanning | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 418 306 000 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | 15 610 000 | |
| | 50 | Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> | 8 509 308 000 | |
| | 70 | Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> | 3 773 257 000 | |
| | 71 | Andre stipend, <i>overslagsløyving</i> | 531 804 000 | |
| | 72 | Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> | 2 720 001 000 | |
| | 73 | Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i> | 918 015 000 | |
| | 74 | Tap på utlån | 415 500 000 | |
| | 90 | Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> | 37 413 186 000 | 54 714 987 000 |
| | | Sum Statsbankane | | 54 714 987 000 |
| | | Sum departementets utgifter | | 129 153 110 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Kroner | Kroner |
|---------------------------------------|---|------------|-------------|
| Grunnopplæringa | | | |
| 3220 | Utdanningsdirektoratet | | |
| | 01 Inntekter frå oppdrag | 2 478 000 | 2 478 000 |
| 3222 | Statlege skular og fjernundervisningstenester | | |
| | 02 Salsinntekter o.a. | 20 986 000 | 20 986 000 |
| 3223 | Diamanten skole | | |
| | 02 Salsinntekter o.a. | 685 000 | 685 000 |
| 3225 | Tiltak i grunnopplæringa | | |
| | 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter | 76 128 000 | 76 128 000 |
| 3230 | Statleg spesialpedagogisk teneste | | |
| | 01 Inntekter frå oppdrag | 25 750 000 | |
| | 02 Salsinntekter o.a. | 7 514 000 | 33 264 000 |
| | Sum Grunnopplæringa | | 133 541 000 |
| Høgare yrkesfagleg utdanning | | | |
| 3242 | Noregs grønne fagskule – Vea | | |
| | 02 Salsinntekter o.a. | 6 261 000 | |
| | 61 Refusjon frå fylkeskommunar | 379 000 | 6 640 000 |
| | Sum Høgare yrkesfagleg utdanning | | 6 640 000 |
| Kompetansepolitikk og livslang læring | | | |
| 3256 | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | | |
| | 01 Inntekter frå oppdrag | 1 649 000 | |
| | 02 Inntekter frå refusjonar o.a. | 28 108 000 | 29 757 000 |
| | Sum Kompetansepolitikk og livslang læring | | 29 757 000 |
| Høgare utdanning og forskning | | | |
| 3271 | Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga | | |
| | 01 Inntekter frå oppdrag | 4 120 000 | |
| | 02 Salsinntekter o.a. | 665 000 | 4 785 000 |
| 3275 | Tiltak for høgare utdanning og forskning | | |
| | 01 Inntekter frå oppdrag | 10 000 | 10 000 |
| 3288 | Internasjonale samarbeidstiltak | | |
| | 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter | 16 414 000 | 16 414 000 |
| | Sum Høgare utdanning og forskning | | 21 209 000 |

| Kap. | Post | | Kroner | Kroner |
|------|--|--------------|----------------|----------------|
| | | Statsbankane | | |
| 5310 | Statens lånekasse for utdanning | | | |
| | 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter | | 5 000 000 | |
| | 29 Termingebyr | | 1 938 000 | |
| | 89 Purregebyr | | 78 555 000 | |
| | 90 Redusert lån og rentegjeld | | 13 410 403 000 | |
| | 93 Omgjering av utdanningslån til stipend | | 7 925 645 000 | 21 421 541 000 |
| 5617 | Renter frå Statens lånekasse for utdanning | | | |
| | 80 Renter | | 9 714 332 000 | 9 714 332 000 |
| | Sum Statsbankane | | | 31 135 873 000 |
| | Sum departementets inntekter | | | 31 327 020 000 |

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2023 kan

1.

| overskride løyvinga på | mot tilsvarande meirinntekter under |
|------------------------|-------------------------------------|
| Kap. 200, post 01 | Kap. 3200, post 02 |
| Kap. 220, post 01 | Kap. 3220, post 02 |
| Kap. 222, post 01 | Kap. 3222, post 02 |
| Kap. 223, post 01 | Kap. 3223, post 02 |
| Kap. 230, post 01 | Kap. 3230, post 02 |
| Kap. 242, post 01 | Kap. 3242, post 02 og 61 |
| Kap. 256, post 01 | Kap. 3256, post 02 |
| Kap. 271, post 01 | Kap. 3271, post 02 |

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarande meirinntekter.

3. avhende fast eigedom, jf. Instruks om avhending av statleg eigedom o.a., og nytte inntekter frå sal av eigedommar ved dei sjølvforvaltande universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.

4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Noregs forskingsråd.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2023 kan

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

| Kap. | Post | Nemning | Samla ramme |
|------|------|---|--------------------|
| 220 | | Utdanningsdirektoratet | |
| | 70 | Tilskot til læremiddel o.a. | 67 mill. kroner |
| 226 | | Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter | 10 mill. kroner |
| | 22 | Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar | 280 mill. kroner |
| 270 | | Studentvelferd | |
| | 75 | Tilskot til bygging av studentbustadar | 1 693 mill. kroner |

2. gi tilsegn om å utbetale 20 pst. av tilskot til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa, post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga påfølgande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.
3. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2024 (andre halvdel av undervisningsåret 2023–24) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2023 (første halvdel av undervisningsåret 2023–24), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 70
- Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
4. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2024 (andre halvdel av undervisningsåret 2023–24) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2023 (første halvdel av undervisningsåret 2023–24), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Gebyr for privatisteksamen

Stortinget samtykker i at privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 251 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 503 kroner ved forbetningsprøvar. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale 1 066 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 2 138 kroner ved seinare forsøk.

V

Fullmakt for universitet og høgskular til å delta i selskap

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2023 kan gi universitet og høgskular fullmakt til å

1. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda
2. bruke overskot av oppdragsverksemd til kapitalinnskot ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda
3. bruke utbyte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot
4. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskot frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot

VI

Foreldrebetaling i barnehage

Stortinget samtykker i at

1. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 3 000 kroner per måned og 33 000 kroner per år frå 1. januar 2023, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1
2. inntektsgrensa for fritak i foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar blir sett til 615 590 kroner per år frå 1. august 2023, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 3

VII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2023 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konvertering av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassas mellomvære med statskassa. Mellomværet blir utlikna i påfølgande periode når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.

VIII

Fullmakt til Forskingsrådet

Stortinget samtykker i at Forskingsrådet i 2023 kan nytte løyvingar som er overførte til Forskingsrådet til forskingsformål i 2023 eller tidlegare budsjettår, til å dekke forplikningar til forskingsprosjekt med andre formål innanfor Forskingsrådets portefølje innanfor ei samla ramme på 3 500 mill. kroner.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak****DigForsk AS**

Selskapet har leigd inn dagleg leiar frå UiT, og godtgjersle i 2021 er kostnadsført med 1 064 607 kroner.

I4 Helse AS

Dagleg leiar fekk 932 829 kroner i lønn og 5 819 kroner i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 68 365 kroner (UiA).

Mecatronics Innovation Lab AS

Dagleg leiar fekk 1 160 145 kroner i lønn og 6 705 kroner i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 107 841 kroner.

NTNU Ocean Training AS

Dagleg leiar fekk 825 483 kroner i lønn og 4 392 kroner i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 47 400 kroner.

NSD – Norsk senter for forskingsdata AS

Dagleg leiar fekk 1 236 716 kroner i lønn og 5 155 kroner i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 24 930 kroner.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk 1 327 964 kroner i lønn i 2021. Pensjonsutgifter er kostnadsført med 156 354 kroner. Dagleg leiar har ein avtale om særskilt vederlag ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 813 372 kroner i lønn og 15 159 kroner i anna godtgjersle i 2021. Selskapet

har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Simula Research Laboratory AS

Dagleg leiar fekk 2 982 320 kroner i lønn og 307 292 i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 192 788 kroner.

Unifond AS

Dagleg leiar fekk 176 250 kroner i lønn i 2021. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uninett AS

Dagleg leiar fekk 1 577 516 kroner i lønn og 17 450 kroner i anna godtgjersle i 2021. Selskapet har innskotsplanar for pensjonar i tråd med regelverket. Innskotsplanane omfattar alle tilsette.

Unirand AS

Dagleg leiar fekk 126 644 kroner i lønn i 2021. Det er ikkje utgiftsført pensjonsutgifter eller anna godtgjersle til dagleg leiar.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Dagleg leiar fekk 1 314 685 kroner i lønn og 20 984 kroner i anna godtgjersle i 2021. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er ført med 159 775 kroner.

Andre

Følgande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar:

- DnF Productions AS
- Universitetet i Bergen Eiendom AS
- Nord innovasjon AS
- Vangslund AS

Vedlegg 2**Tildeling til universitet og høgskular**

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2023

| Institusjon | (i 1 000 kr) Beløp |
|--|-----------------------|
| <i>Statlege verksemdar</i> | |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | 240 534 |
| Høgskolen i Innlandet | 1 369 362 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | 338 227 |
| Høgskulen i Volda | 435 105 |
| Høgskolen i Østfold | 809 375 |
| Høgskulen på Vestlandet | 2 284 683 |
| Kunsthøgskolen i Oslo | 387 443 |
| Nord universitet | 1 711 134 |
| Noregs handelshøgskole | 619 184 |
| Noregs idrettshøgskole | 256 238 |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | 1 533 406 |
| Noregs musikkhøgskole | 314 165 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 7 546 911 |
| OsloMet – storbyuniversitetet | 2 877 567 |
| Samisk høgskole | 100 898 |
| Universitetet i Agder | 1 708 123 |
| Universitetet i Bergen | 4 088 138 |
| Universitetet i Oslo | 6 115 926 |
| Universitetet i Stavanger | 1 892 625 |
| Universitetet i Sørøst-Noreg | 2 164 774 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 3 806 489 |

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2023

| Institusjon | (i 1 000 kr) |
|--|--------------|
| | Beløp |
| <i>Private verksemder</i> | |
| Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi | 32 452 |
| Barratt Due musikk institutt | 31 562 |
| Bergen Arkitekthøgskole | 22 715 |
| Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning | 156 808 |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | 16 821 |
| Handelshøyskolen BI | 451 667 |
| Høgskulen for grøn utvikling | 3 160 |
| Høyskolen Kristiania | 373 354 |
| Høyskolen for dansekunst | 2 176 |
| Høyskolen for ledelse og teologi | 18 456 |
| Lovisenberg diakonale høgskole | 142 374 |
| MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn | 121 300 |
| NLA Høgskolen | 315 117 |
| Steinerhøyskolen | 17 600 |
| VID vitenskapelige høgskole | 495 893 |

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgskular**

Tabell 3.1 Ordinære prosjekt under bygging i 2023, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45

| Institusjon | Prosjekt | Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2023 | Bruttoareal (m ²) |
|---|--|---|-----------------------------------|
| Universitetet i Oslo og Oslo universitetssjukehus | Livsvitskapsbygget | 12 617 | 97 500 |
| Universitetet i Oslo | Midlar til utstyr og inventar for livsvitskapsbygget | 1 286 | |
| Universitetet i Oslo | Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering | 2 430 | Nybygg: 9 300 Ombygging: 3 800 |
| Universitetet i Oslo | Midlar til utstyr og inventar for vikingtidsmuseet | 310 | |
| Nord universitet | Blått bygg | 618 | 10 080 |
| Nord universitet ¹ | Midlar til utstyr og inventar for Blått bygg | 124 | |
| Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet (NFD prosjekteigar) | Ocean Space Center | 4 666 | 52 000 |
| Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet (NFD prosjekteigar) | Midlar til utstyr og inventar for Ocean Space Center | 4 679 | |

¹ Nord universitet er ansvarleg for utstyrsprosjektet, som blir finansiert over Kunnskapsdepartementets kap. 260.

Tabell 3.2 Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2023, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 2445, post 34¹

| Institusjon | Prosjekt | Kostnadsramme i mill. kroner | Bruttoareal (m ²) |
|--|---|-------------------------------------|-------------------------------|
| Noregs teknisk-natur- vitskaplege universitet | Nytt bygg for helse- og sosialvitskap, Elgesetergate | NTNU: 664 Sit ² : 301 | 13 000 |

¹ Tabellen viser byggeprosjekt innanfor statens husleigeordning, der investeringskostnaden for prosjektet blir betalt tilbake gjennom husleige til Statsbygg.

² Kostnadsramme per 1.7.2022. Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim (Sit) finansierer 301 mill. kroner av bygget.

Tabell 3.3 Ferdig prosjekterte byggeprosjekt¹

| Institusjon | Prosjekt | Estimert kostnadsramme i mill. kroner | Bruttoareal (m ²) |
|--|--------------------------|---------------------------------------|-------------------------------|
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | Nybygg for Tromsø museum | 2 392 ² | 20 783 |

¹ Tabellen viser ferdig prosjekterte byggeprosjekt med kostnadsramme over 300 mill. kroner. Ferdig prosjektert betyr at det er fastsett mål og overordna rammer og berekna kostnader for prosjektet. Ei eventuell startløyving avheng av dei årlege budsjettprosessane.

² Beløpet inkluderer tomtekostnad, men ikkje midlar til kunstnarisk utsmykking. Prosjektet har ikkje blitt kvalitetsikra eksternt (KS2).

Tabell 3.4 Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og distriktsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32¹

| Institusjon | Prosjekt | Styringsramme i mill. kroner | Bruttoareal (m ²) |
|---|---|------------------------------|-------------------------------|
| Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet | NTNU Campussamling | 6 082 ² | 91 000 |
| Universitetet i Bergen | Nybygg for Griegakademiet ³ | Ikkje fastsett | Ikkje fastsett |
| Høgskulen på Vestlandet | Tilbygg og ombygging ved Campus Haugesund | Ikkje fastsett | 7 522 |

¹ Tabellen viser både forslag frå regjeringa for 2023 og byggeprosjekt der Stortinget har vedteke ei løyving til vidare planlegging og prosjektering av bygget. Prosjekteringsmidlane er løyvde over kap. 530, post 30 for prosjekt utanfor statens husleigeordning, kap. 2445, post 30 for prosjekt innanfor statens husleigeordning og kap. 2445, post 32 for brukarfinansierte prosjekt på over 100 mill. kroner under programmering eller prosjektering.

² Styringsramme (P50) som prosjektet skal planleggast ut ifrå. Kroneverdi er juli 2023.

³ Universitetet i Bergen finansierer sjølv kostnaden ved forprosjektet.

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Utgifter | | | | |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 67 015 | 74 351 | 86 603 | 0 |
| Varer og tenester | 83 225 | 78 527 | 109 180 | 0 |
| <i>Sum driftsutgifter</i> | <i>150 240</i> | <i>152 878</i> | <i>195 783</i> | <i>0</i> |
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald | 4 124 | 7 435 | 5 080 | 0 |
| <i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i> | <i>4 124</i> | <i>7 435</i> | <i>5 080</i> | <i>0</i> |
| Overføringar frå verksemda | | | | |
| Utbetalningar til andre statlege rekneskapar | 2 512 | 0 | 0 | 0 |
| Andre utbetalningar | 1 458 791 | 1 732 610 | 1 950 222 | 0 |
| <i>Sum overføringar frå verksemda</i> | <i>1 461 303</i> | <i>1 732 610</i> | <i>1 950 222</i> | <i>0</i> |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Kjøp av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 1 860 | 0 | 11 641 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>1 860</i> | <i>0</i> | <i>11 641</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum utgifter</i> | <i>1 617 527</i> | <i>1 892 923</i> | <i>2 162 726</i> | <i>0</i> |

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Inntekter | | | | |
| Driftsinntekter | | | | |
| Inntekter frå sal av varer og tenester | 502 | 46 | 30 | 0 |
| Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjonar | 3 868 | 3 863 | 4 316 | 0 |
| Andre driftsinntekter | 34 307 | 43 643 | 35 205 | 0 |
| <i>Sum driftsinntekter</i> | <i>38 677</i> | <i>47 552</i> | <i>39 551</i> | <i>0</i> |
| Inntekter frå investeringar | | | | |
| Sal av varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum investeringsinntekter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Inntekter frå statlege løyvingar til drift | 145 441 | 145 076 | 163 154 | 0 |
| Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre | 1 244 308 | 1 526 491 | 1 330 718 | 0 |
| Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre | 34 314 | 45 556 | 12 376 | 0 |
| Andre innbetalningar | 296 446 | 254 200 | 301 705 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>1 720 508</i> | <i>1 971 323</i> | <i>1 807 952</i> | <i>0</i> |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Innbetaling ved sal av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente) | 0 | 12 952 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>0</i> | <i>12 952</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>1 759 186</i> | <i>2 031 827</i> | <i>1 847 503</i> | <i>0</i> |
| <i>Netto endring i kontantbeholdning</i> | <i>141 659</i> | <i>138 904</i> | <i>-315 223</i> | <i>0</i> |

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei formelt etablert 1. juli 2021 som eit resultat av samanslåinga av Diku, Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Nettobudsjettering av Diku og oppgjerskontoen i Noregs Bank blei derfor avvikla i 2022. HK-dir er bruttobudsjettert og får si driftsløyving over kap. 256, post 01.

Tabell 4.2 Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde

| (i 1 000 kr) | | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Inntektstype | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Løyvingar til finansiering av statsoppdraget | | | | |
| Løyvingar frå fagdepartementet | 137 385 | 119 421 | 142 131 | 0 |
| Løyvingar frå andre departement | 4 456 | 4 792 | 4 896 | 0 |
| Tildelingar frå andre statlege for valtningsorgan | 0 | 1 597 | -1 191 | 0 |
| Tildelingar frå Noregs forskingsråd | 1 432 | 1 433 | 1 248 | 0 |
| <i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i> | <i>143 273</i> | <i>127 242</i> | <i>147 084</i> | <i>0</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Overføringar frå fagdepartement til tilskot til andre | 1 244 308 | 1 526 491 | 1 330 718 | 0 |
| Overføringar frå andre departement til tilskot til andre | 34 314 | 45 556 | 12 376 | 0 |
| Overføringar frå andre verksemdar til tilskot til andre | 296 446 | 254 200 | 301 705 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>1 575 067</i> | <i>1 826 247</i> | <i>1 644 798</i> | <i>0</i> |
| Offentlege og private bidrag | | | | |
| Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bidrag frå private | -2 162 | 2 390 | -785 | 0 |
| Tildelingar frå internasjonale organisasjonar | 19 726 | 24 495 | 21 772 | 0 |
| <i>Sum bidrag</i> | <i>17 564</i> | <i>26 885</i> | <i>20 987</i> | <i>0</i> |
| Oppdragsinntekter o.a. | | | | |
| Oppdrag frå statlege verksemdar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå kommunale og fylke-kommunale verksemdar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå private | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre inntekter og tidsavgrensingar | 23 281 | 51 452 | 34 633 | 0 |
| <i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i> | <i>23 281</i> | <i>51 452</i> | <i>34 633</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>1 759 186</i> | <i>2 031 827</i> | <i>1 847 503</i> | <i>0</i> |

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei formelt etablert 1. juli 2021 som eit resultat av samanslåinga av Diku, Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Nettobudsjettering av Diku og oppgjærskontoen i Noregs Bank blei derfor avvikla i 2022. HK-dir er bruttobudsjettert og får si driftsløyving over kap. 256, post 01.

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2019–21

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | | |
| Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank | 337 986 | 505 624 | 83 071 | –422 553 |
| Behaldningar på andre bankkontoar | 213 285 | 184 551 | 291 881 | 107 330 |
| Andre kontantbeholdningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i> | <i>551 271</i> | <i>690 175</i> | <i>374 952</i> | <i>–315 223</i> |
| Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår | | | | |
| Feriepengar m.m. | 8 040 | 9 400 | 11 615 | 2 215 |
| Skattetrekk og offentlege avgifter | 8 445 | 9 229 | 2 274 | –6 955 |
| Gjeld til leverandørar | 16 833 | 9 513 | –82 | –9 595 |
| Gjeld til oppdragsgivarar | –2 489 | –11 923 | –3 625 | 8 298 |
| Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m. | 275 756 | 444 310 | 57 117 | –387 193 |
| Anna gjeld som forfell i neste budsjettår | 211 084 | 197 832 | 296 276 | 98 444 |
| <i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i> | <i>517 670</i> | <i>658 362</i> | <i>363 576</i> | <i>–294 786</i> |
| Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår | | | | |
| Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd | 162 | 102 | 136 | 34 |
| Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 10 450 | 8 007 | 7 779 | –229 |
| Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål | 1 280 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement | 159 | 117 | 82 | –35 |
| <i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i> | <i>12 052</i> | <i>8 226</i> | <i>7 996</i> | <i>–230</i> |

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2019–21

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Andre avsetningar | | | | |
| Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål | 21 549 | 23 587 | 3 379 | –20 208 |
| Fri verksemdskapital | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum andre avsetningar</i> | <i>21 549</i> | <i>23 587</i> | <i>3 379</i> | <i>–20 208</i> |
| Langsiktig gjeld (netto) | | | | |
| Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Anna langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum langsiktig gjeld</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i> | <i>551 271</i> | <i>690 175</i> | <i>374 952</i> | <i>–315 223</i> |

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei formelt etablert 1. juli 2021 som eit resultat av samanslåinga av Diku, Kompetanse Noreg, Universell og delar av Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Nettobudsjettering av Diku og oppgjerskontoen i Noregs Bank blei derfor avvikla i 2022. HK-dir er bruttobudsjettert og får si driftsløyving over kap. 256, post 01.

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 552 566 | 559 687 | 537 163 | 485 270 |
| Varer og tenester | 249 682 | 264 255 | 303 887 | 370 282 |
| <i>Sum driftsutgifter</i> | <i>802 248</i> | <i>823 942</i> | <i>841 050</i> | <i>855 552</i> |
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald | 40 538 | 50 786 | 53 194 | 0 |
| <i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i> | <i>40 538</i> | <i>50 786</i> | <i>53 194</i> | <i>0</i> |
| Overføringer frå verksemda | | | | |
| Utbetalningar til andre statlege rekneskapar | 4 581 463 | 5 000 742 | 4 547 459 | 6 273 065 |
| Andre utbetalningar | 5 258 386 | 5 812 897 | 6 651 708 | 8 388 969 |
| <i>Sum overføringer frå verksemda</i> | <i>9 839 849</i> | <i>10 813 639</i> | <i>11 199 167</i> | <i>14 662 034</i> |

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Finansielle aktiviteter | | | | |
| Kjøp av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktiviteter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum utgifter</i> | <i>10 682 635</i> | <i>11 688 367</i> | <i>12 093 411</i> | <i>15 517 586</i> |
| Inntekter | | | | |
| Inntekter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsinntekter | | | | |
| Inntekter frå løyvingar | 812 346 | 836 839 | 864 658 | 806 818 |
| Inntekter frå sal av varer og tenester | 1 674 | 1 843 | 1 363 | 0 |
| Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre driftsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum driftsinntekter</i> | <i>814 020</i> | <i>838 682</i> | <i>866 021</i> | <i>806 818</i> |
| Inntekter frå investeringar | | | | |
| Sal av varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum investeringsaktivitetar</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Inntekter frå statlege løyvingar | 10 116 789 | 11 135 729 | 9 910 558 | 10 603 724 |
| Andre innbetalingar | 286 179 | 302 907 | 314 237 | 14 117 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>10 402 968</i> | <i>11 438 636</i> | <i>10 224 795</i> | <i>10 617 841</i> |
| Finansielle aktiviteter | | | | |
| Innbetaling ved sal av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktiviteter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>11 216 988</i> | <i>12 277 318</i> | <i>11 090 816</i> | <i>11 424 659</i> |
| <i>Netto endring i kontantbeholdning</i> | <i>534 353</i> | <i>588 951</i> | <i>-1 002 595</i> | <i>-4 092 927</i> |

Tabell 4.5 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

| Inntektstype | (i 1 000 kr) | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Løyvingar til finansiering av statsoppdraget | | | | |
| Løyvingar til drift frå fagdepartementet | 827 729 | 831 785 | 826 964 | 788 328 |
| Løyvingar til drift frå andre departement | 19 976 | 23 186 | 20 831 | 18 490 |
| Løyvingar til tilskot til forskning o.a. frå fagdepartementet | 4 754 289 | 4 652 974 | 4 867 034 | 4 909 132 |
| Løyvingar til forskning o.a. frå andre departement | 5 362 500 | 6 482 755 | 5 043 524 | 5 694 592 |
| <i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i> | <i>10 964 493</i> | <i>11 990 700</i> | <i>10 758 352</i> | <i>11 410 542</i> |
| Offentlege og private tilskot og overføringar | | | | |
| Tilskot frå andre statlege verksemder | 11 310 | 7 527 | 7 449 | 7 517 |
| Tilskot frå internasjonale organisasjonar | 12 293 | 5 011 | 7 153 | 3 000 |
| Tilskot frå kommunar og fylkeskommunar | 204 | 0 | 408 | 0 |
| Tilskot frå organisasjonar og stiftingar | 236 | 762 | 1 620 | 1 450 |
| Tilskot frå næringsliv og private | 262 137 | 289 607 | 297 607 | 2 150 |
| <i>Sum offentlege og private tilskot</i> | <i>286 180</i> | <i>302 907</i> | <i>314 237</i> | <i>14 117</i> |
| Oppdragsinntekter o.a. | | | | |
| Oppdrag frå statlege verksemder | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå private | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| Andre inntekter | | | | |
| Andre inntekter og tidsavgrensingar | -33 685 | -16 289 | 18 227 | 0 |
| <i>Sum andre inntekter</i> | <i>-33 685</i> | <i>-16 289</i> | <i>18 227</i> | <i>0</i> |
| Sum inntekter | 11 216 988 | 12 277 318 | 11 090 816 | 11 424 659 |

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2019–21

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | | |
| Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank | 5 426 628 | 6 007 415 | 5 006 943 | -1 000 472 |
| Behaldningar på andre bankkontoar | 58 693 | 66 857 | 64 735 | -2 123 |
| Andre kontantbeholdningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i> | <i>5 485 321</i> | <i>6 074 272</i> | <i>5 071 677</i> | <i>-1 002 595</i> |
| Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår | | | | |
| Feriepengar m.m. | 41 744 | 42 421 | 42 842 | 421 |
| Skattetrekk og offentlege avgifter | 40 571 | 41 930 | 43 350 | 1 420 |
| Gjeld til leverandørar | 46 452 | 41 138 | 33 775 | -7 363 |
| Gjeld til oppdragsgivarar | -99 263 | -126 363 | -188 168 | -61 805 |
| Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår | 30 059 | 57 218 | 98 074 | 40 856 |
| <i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i> | <i>59 564</i> | <i>56 344</i> | <i>29 873</i> | <i>-26 471</i> |
| Andre avsetningar | | | | |
| Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål | 33 331 | 15 199 | 32 063 | 16 684 |
| Fri verksemdskapital | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum andre avsetningar</i> | <i>33 331</i> | <i>15 199</i> | <i>32 063</i> | <i>16 864</i> |
| Langsiktig gjeld (netto) | | | | |
| Langsiktig forplikting knytt til anleggs- midlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Anna langsiktig gjeld | 319 | 319 | 319 | 0 |
| <i>Sum langsiktig gjeld</i> | <i>319</i> | <i>319</i> | <i>319</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum nettogjeld og forpliktingar – drift</i> | <i>93 214</i> | <i>71 862</i> | <i>62 555</i> | <i>-9 607</i> |

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2019–21

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Forskningsforpliktingar | | | | |
| Forskningsforpliktingar under handsaming | 3 140 067 | 3 963 693 | 2 464 149 | -1 499 544 |
| Prosjektgjeld for starta/gjennomførte forskingsprosjekt | 2 252 039 | 2 038 717 | 2 545 273 | 506 556 |
| <i>Sum forskningsforpliktingar</i> | <i>5 392 107</i> | <i>6 002 410</i> | <i>5 009 422</i> | <i>-992 988</i> |
| <i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i> | <i>5 485 321</i> | <i>6 074 272</i> | <i>5 071 677</i> | <i>-1 002 595</i> |

Noregs forskingsråd skil seg frå andre nettobudsjetterte verksemder ved at ei hovudoppgåve er å fordele mottekne forskingsløyvingar vidare til andre. I tillegg til dei ordinære avsetningane for å dekke ulike rettslege forpliktingar vil Noregs forskingsråds gjeldsside vere prega av avsetningar til starta forskingsprogram som ikkje er fullførte på dagen for balansen, men der Forskningsrådet har forpliktet seg til utbetalingar etter framdrifta i prosjekta. Vidare omfattar avsetningane midlar som Forskningsrådet har motteke, men der handsaminga av søknadene ikkje er avslutta og midlane enno ikkje fordelte til dei forskingsutførande institusjonane. Malen for balanseoppstillinga er derfor noko tilpassa for bruk i Forskningsrådet.

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 51 242 | 54 874 | 62 801 | 65 000 |
| Varer og tenester | 41 769 | 49 278 | 35 690 | 40 500 |
| <i>Sum driftsutgifter</i> | <i>93 011</i> | <i>104 152</i> | <i>98 491</i> | <i>105 500</i> |
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald | 965 | 765 | 1 963 | 1 200 |
| <i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i> | <i>965</i> | <i>765</i> | <i>1 963</i> | <i>1 200</i> |
| Overføringar frå verksemda | | | | |
| Utbetalningar til andre statlege rekneskapar | 19 776 | 15 031 | 19 241 | 20 000 |
| Andre utbetalningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum overføringar frå verksemda</i> | <i>19 776</i> | <i>15 031</i> | <i>19 241</i> | <i>20 000</i> |

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Finansielle aktiviteter | | | | |
| Kjøp av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktiviteter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum utgifter</i> | <i>113 752</i> | <i>119 949</i> | <i>119 695</i> | <i>126 700</i> |
| <hr/> | | | | |
| Inntekter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsinntekter | | | | |
| Inntekter frå sal av varer og tenester | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar | 0 | 9 | 0 | 0 |
| Refusjonar | 1 764 | 1 583 | 1 788 | 1 700 |
| Andre driftsinntekter | 2 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum driftsinntekter</i> | <i>1 766</i> | <i>1 593</i> | <i>1 788</i> | <i>1 700</i> |
| | | | | |
| Inntekter frå investeringar | | | | |
| Sal av varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum investeringsinntekter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| | | | | |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Inntekter frå statlege løyvingar til drift | 134 215 | 123 658 | 127 941 | 125 494 |
| Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre innbetalningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>134 215</i> | <i>123 658</i> | <i>127 941</i> | <i>125 494</i> |
| | | | | |
| Finansielle aktiviteter | | | | |
| Innbetaling ved sal av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktiviteter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>135 981</i> | <i>125 250</i> | <i>129 729</i> | <i>127 194</i> |
| <i>Netto endring i kontantbeholdning</i> | <i>22 229</i> | <i>5 302</i> | <i>10 034</i> | <i>494</i> |

Tabell 4.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

| Inntektstype | (i 1 000 kr) | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Løyvingar til finansiering av statsoppdraget | | | | |
| Løyvingar frå fagdepartementet | 24 121 | 25 201 | 25 004 | 29 667 |
| Løyvingar frå andre departement | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan | 40 629 | 43 163 | 34 625 | 40 000 |
| Tildelingar frå Noregs forskingsråd | 26 401 | 42 276 | 46 711 | 39 000 |
| <i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i> | <i>91 151</i> | <i>110 640</i> | <i>106 339</i> | <i>108 667</i> |
| Offentlege og private bidrag | | | | |
| Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bidrag frå private | 1 497 | 2 411 | 111 | 441 |
| Tildelingar frå internasjonale organisasjonar | 16 411 | 632 | 2 583 | 6 000 |
| <i>Sum bidrag</i> | <i>17 908</i> | <i>3 044</i> | <i>2 694</i> | <i>6 441</i> |
| Oppdragsinntekter o.a. | | | | |
| Oppdrag frå statlege verksemder | 2 064 | 744 | 4 098 | 1 000 |
| Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå private | 960 | 1 869 | 1 391 | 100 |
| Andre inntekter og tidsavgrensingar | 23 898 | 8 954 | 15 207 | 10 986 |
| <i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i> | <i>26 921</i> | <i>11 567</i> | <i>20 696</i> | <i>12 086</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>135 981</i> | <i>125 250</i> | <i>129 729</i> | <i>127 194</i> |

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2019–21

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|--------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring 2020 til 2021 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | | |
| Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank | 74 941 | 80 243 | 90 277 | 10 035 |
| Behaldningar på andre bankkontoar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre kontantbeholdningar | 4 | 4 | 3 | 0 |
| <i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i> | <i>74 944</i> | <i>80 246</i> | <i>90 280</i> | <i>10 034</i> |
| Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår | | | | |
| Feriepengar m.m. | 4 585 | 4 895 | 5 860 | 966 |
| Skattetrekk og offentlege avgifter | 5 037 | 5 354 | 6 278 | 924 |
| Gjeld til leverandørar | 933 | 1 890 | 6 534 | 4 644 |
| Gjeld til oppdragsgivarar | -2 565 | -1 354 | -573 | 781 |
| Anna gjeld som forfell i neste budsjettår | 18 004 | 2 819 | 2 052 | -768 |
| <i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i> | <i>25 994</i> | <i>13 604</i> | <i>20 151</i> | <i>6 547</i> |
| Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår | | | | |
| Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd | 2 001 | 11 374 | 20 034 | 8 660 |
| Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 8 165 | 13 757 | 19 591 | 5 835 |
| Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i> | <i>10 166</i> | <i>25 130</i> | <i>39 625</i> | <i>14 495</i> |

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2019–21

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|--------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring 2020 til 2021 |
| Andre avsetningar | | | | |
| Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål | 33 257 | 35 904 | 24 592 | -11 311 |
| Fri verksemdskapital | 5 528 | 5 608 | 5 912 | 304 |
| <i>Sum andre avsetningar</i> | <i>38 785</i> | <i>41 512</i> | <i>30 504</i> | <i>-11 008</i> |
| Langsiktig gjeld (netto) | | | | |
| Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Anna langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum langsiktig gjeld</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i> | <i>74 944</i> | <i>80 246</i> | <i>90 280</i> | <i>10 034</i> |

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 179 311 | 192 879 | 203 470 | 380 000 |
| Varer og tenester | 479 810 | 601 945 | 557 554 | 680 000 |
| <i>Sum driftsutgifter</i> | <i>659 121</i> | <i>794 824</i> | <i>761 024</i> | <i>1 060 000</i> |
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald | 2 653 | 1 844 | 1 853 | 38 000 |
| <i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i> | <i>2 653</i> | <i>1 844</i> | <i>1 853</i> | <i>38 000</i> |
| Overføringar frå verksemda | | | | |
| Utbetalningar til andre statlege rekneskapar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre utbetalningar | 71 593 | 81 133 | 66 868 | 37 187 |
| <i>Sum overføringar frå verksemda</i> | <i>71 593</i> | <i>81 133</i> | <i>66 868</i> | <i>37 187</i> |

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Kjøp av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum utgifter</i> | <i>733 367</i> | <i>877 801</i> | <i>829 745</i> | <i>1 135 187</i> |
| Inntekter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsinntekter | | | | |
| Inntekter frå sal av varer og tenester | 213 384 | 259 226 | 257 243 | 545 000 |
| Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjonar | 3 913 | 5 346 | 3 945 | 0 |
| Andre driftsinntekter | 310 672 | 380 091 | 347 437 | 360 000 |
| <i>Sum driftsinntekter</i> | <i>527 969</i> | <i>644 663</i> | <i>608 625</i> | <i>905 000</i> |
| Inntekter frå investeringar | | | | |
| Sal av varige driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum investeringsinntekter</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Inntekter frå statlege løyvingar til drift | 145 318 | 174 767 | 191 816 | 154 448 |
| Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre | 73 601 | 82 370 | 74 108 | 37 187 |
| Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre innbetalningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>218 919</i> | <i>257 137</i> | <i>265 924</i> | <i>191 635</i> |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Innbetaling ved sal av aksjar og partar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente) | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>746 888</i> | <i>901 800</i> | <i>874 557</i> | <i>1 096 635</i> |
| <i>Netto endring i kontantbeholdning</i> | <i>13 521</i> | <i>23 999</i> | <i>44 812</i> | <i>-38 552</i> |

Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottek si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda.

Tabell 4.11 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------|
| Inntektstype | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Løyvingar til finansiering av statsoppdraget | | | | |
| Løyvingar frå fagdepartementet | 138 760 | 158 118 | 183 724 | 154 448 |
| Løyvingar frå andre departement | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan | 1 472 | 2 000 | 7 245 | 0 |
| Tildelingar frå Noregs forskingsråd | 5 417 | 5 430 | 1 119 | 0 |
| <i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i> | <i>145 649</i> | <i>165 548</i> | <i>192 088</i> | <i>154 448</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Overføringar frå fagdepartement til tilskot til andre | 73 601 | 82 370 | 74 108 | 37 187 |
| Overføringar frå andre departement til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar frå andre verksemdar til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>73 601</i> | <i>82 370</i> | <i>74 108</i> | <i>37 187</i> |
| Offentlege og private bidrag | | | | |
| Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bidrag frå private | 0 | 0 | -2 365 | 0 |
| Tildelingar frå internasjonale organisasjonar | -2 506 | 9 221 | 2 091 | 0 |
| <i>Sum bidrag</i> | <i>-2 506</i> | <i>9 221</i> | <i>-274</i> | <i>0</i> |
| Oppdragsinntekter o.a. | | | | |
| Oppdrag frå statlege verksemdar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oppdrag frå private | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre inntekter og tidsavgrensingar | 530 144 | 644 661 | 608 635 | 905 000 |
| <i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i> | <i>530 144</i> | <i>644 661</i> | <i>608 635</i> | <i>905 000</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>746 888</i> | <i>901 800</i> | <i>874 557</i> | <i>1 096 635</i> |

Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottok si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda.

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2019–21

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | | |
| Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank | 61 431 | 85 430 | 130 242 | 44 812 |
| Behaldningar på andre bankkontoar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre kontantbeholdningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i> | <i>61 431</i> | <i>85 430</i> | <i>130 242</i> | <i>44 812</i> |
| Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår | | | | |
| Feriepengar m.m. | 14 790 | 16 002 | 16 233 | 231 |
| Skattetrekk og offentlege avgifter | 12 815 | 8 662 | 8 968 | 306 |
| Gjeld til leverandørar | 41 519 | 49 578 | 19 096 | -30 482 |
| Gjeld til oppdragsgivarar | -3 111 | 11 027 | 5 619 | -5 408 |
| Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m. | 2 007 | 3 244 | 10 484 | 7 240 |
| Anna gjeld som forfell i neste budsjettår | 15 918 | 5 812 | 50 056 | 44 244 |
| <i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i> | <i>83 938</i> | <i>94 325</i> | <i>110 456</i> | <i>16 131</i> |
| Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår | | | | |
| Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> | <i>0</i> |

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2019–21

| (i 1 000 kr) | | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Andre avsetningar | | | | |
| Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål | -13 744 | -2 787 | 12 662 | 15 449 |
| Fri verksemdskapital | -5 769 | -3 113 | 10 119 | 13 232 |
| <i>Sum andre avsetningar</i> | <i>-19 513</i> | <i>-5 900</i> | <i>22 781</i> | <i>28 681</i> |
| Langsiktig gjeld (netto) | | | | |
| Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Anna langsiktig gjeld | -2 994 | -2 995 | -2 995 | 0 |
| <i>Sum langsiktig gjeld</i> | <i>-2 994</i> | <i>-2 995</i> | <i>-2 995</i> | <i>0</i> |
| <i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i> | <i>61 431</i> | <i>85 430</i> | <i>130 242</i> | <i>44 812</i> |

Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) blei etablert 1. januar 2022 som eit resultat av samanslåinga av tenesteleveransane i Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning, Uninett AS og NSD – Norsk senter for forskingsdata AS. Sikt er organisert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet og mottek si løyving på kap. 273, post 50. Units organisasjonsnummer og oppgjerskonti er vidareførte for den nye verksemda.

Tabell 4.13 Universitet og høgskular. Utgifter og inntekter etter art

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsutgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 30 670 834 | 31 406 457 | 32 052 615 | 33 828 923 |
| Varer og tenester | 14 839 664 | 14 253 495 | 14 090 593 | 15 571 042 |
| <i>Sum driftsutgifter</i> | <i>45 510 498</i> | <i>45 659 951</i> | <i>46 143 208</i> | <i>49 399 965</i> |
| Investeringsutgifter | | | | |
| Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald | 2 893 784 | 2 562 924 | 2 716 450 | 2 830 283 |
| <i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i> | <i>2 893 784</i> | <i>2 562 924</i> | <i>2 716 450</i> | <i>2 830 283</i> |
| Overføringar frå verksemda | | | | |
| Utbetalningar til andre statlege rekneskapar | 328 713 | 260 774 | 144 034 | 794 195 |
| Andre utbetalningar | 316 610 | 363 772 | 369 653 | 201 205 |
| <i>Sum overføringar frå verksemda</i> | <i>645 323</i> | <i>624 546</i> | <i>513 687</i> | <i>995 400</i> |

Tabell 4.13 Universitet og høgsular. Utgifter og inntekter etter art

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| Utgifter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Kjøp av aksjar og partar | 3 038 | 13 044 | 4 998 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 3 055 | 2 816 | 3 040 | 1 455 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>6 093</i> | <i>15 860</i> | <i>8 038</i> | <i>1 455</i> |
| <i>Sum utgifter</i> | <i>49 055 697</i> | <i>48 863 282</i> | <i>49 381 383</i> | <i>53 227 103</i> |
| Inntekter | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Driftsinntekter | | | | |
| Inntekter frå sal av varer og tenester | 3 270 180 | 2 878 714 | 3 174 792 | 2 532 021 |
| Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar | 15 865 | 17 093 | 16 916 | 16 916 |
| Refusjonar | 228 417 | 257 499 | 280 492 | 263 201 |
| Andre driftsinntekter | 1 948 996 | 2 076 821 | 1 736 299 | 1 783 252 |
| <i>Sum driftsinntekter</i> | <i>5 463 459</i> | <i>5 230 129</i> | <i>5 208 500</i> | <i>4 595 390</i> |
| Inntekter frå investeringar | | | | |
| Sal av varige driftsmidlar | 206 046 | 4 014 | 2 107 | 280 |
| <i>Sum investeringsinntekter</i> | <i>206 046</i> | <i>4 014</i> | <i>2 107</i> | <i>280</i> |
| Overføringar til verksemda | | | | |
| Inntekter frå statlege løyvingar til drift | 42 971 473 | 45 011 010 | 46 789 171 | 47 029 389 |
| Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre | 0 | 15 962 | 19 594 | 15 000 |
| Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre innbetalningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| <i>Sum overføringar til verksemda</i> | <i>42 971 473</i> | <i>45 026 972</i> | <i>46 808 765</i> | <i>47 044 389</i> |
| Finansielle aktivitetar | | | | |
| Innbetaling ved sal av aksjar og partar | 1 880 | -658 | 8 534 | 15 361 |
| Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente) | 4 823 | 5 328 | 1 233 | 620 |
| <i>Sum finansielle aktivitetar</i> | <i>6 704</i> | <i>4 670</i> | <i>9 767</i> | <i>15 981</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>48 647 682</i> | <i>50 265 784</i> | <i>52 029 138</i> | <i>51 656 040</i> |
| <i>Netto endring i kontantbeholdning</i> | <i>-408 015</i> | <i>1 402 502</i> | <i>2 647 756</i> | <i>-1 571 063</i> |

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 1,1 pst. frå 2020 til 2021 og utgjer om lag 93,4 pst. av dei samla utgiftene i 2021. Dei samla utgiftene har også auka med 1,1 pst. frå 2020 til 2021. Overføringane til verksemdene har auka med 4,0 pst. frå 2020 til 2021, medan dei auka med 4,8 pst. frå 2019 til 2020. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 90,0 pst. av dei samla inntektene.

Tabell 4.14 Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------|
| Inntektstype | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Budsjett 2022 |
| Løyvingar til finansiering av statsoppdraget | | | | |
| Løyvingar frå fagdepartementet | 35 798 722 | 37 542 868 | 39 390 632 | 39 371 838 |
| Løyvingar frå andre departement | 150 885 | 152 482 | 144 527 | 131 856 |
| Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan | 1 923 837 | 1 957 218 | 2 112 215 | 1 853 761 |
| Tildelingar frå Noregs forskingsråd | 3 296 325 | 3 439 029 | 3 689 616 | 4 112 996 |
| <i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i> | <i>41 169 768</i> | <i>43 091 597</i> | <i>45 336 990</i> | <i>45 470 450</i> |
| Offentlege og private bidrag | | | | |
| Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar | 203 756 | 210 874 | 215 068 | 170 882 |
| Bidrag frå private | 712 117 | 765 754 | 1 070 753 | 789 951 |
| Tildelingar frå internasjonale organisasjonar | 843 598 | 1 024 592 | 831 980 | 828 795 |
| <i>Sum bidrag</i> | <i>1 759 470</i> | <i>2 001 220</i> | <i>2 117 801</i> | <i>1 789 628</i> |
| Oppdragsinntekter o.a. | | | | |
| Oppdrag frå statlege verksemder | 638 667 | 803 174 | 871 940 | 514 141 |
| Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder | 143 632 | 116 300 | 124 360 | 62 524 |
| Oppdrag frå private | 456 619 | 436 114 | 608 625 | 328 026 |
| Andre inntekter og tidsavgrensingar | 4 479 526 | 3 817 378 | 2 969 422 | 3 491 273 |
| <i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i> | <i>5 718 443</i> | <i>5 172 966</i> | <i>4 574 347</i> | <i>4 395 964</i> |
| <i>Sum inntekter</i> | <i>48 647 682</i> | <i>50 265 784</i> | <i>52 029 138</i> | <i>51 656 041</i> |

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 3,5 pst. frå 2020 til 2021. Det er høgare enn frå 2019 til 2020, då auken var på 3,3 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer 87,1 pst. av inntektene i 2021. Det er noko høgare enn i 2020, då delen var 85,7 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 91,8 pst. av dei samla utgiftene i 2021, mot 88,2 pst. i 2020.

Tabell 4.15 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2019–21 (nettobalanse)

| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | | | |
| Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank | 12 445 593 | 13 836 706 | 16 422 625 | 2 585 918 |
| Behaldningar på andre bankkontoar | 772 558 | 784 264 | 846 178 | 61 914 |
| Andre kontantbeholdningar | 543 | 226 | 149 | -77 |
| <i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i> | <i>13 218 694</i> | <i>14 621 196</i> | <i>17 268 951</i> | <i>2 647 754</i> |
| Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår | | | | |
| Feriepengar m.m. | 2 532 083 | 2 613 095 | 2 767 293 | 154 199 |
| Skattetrekk og offentlege avgifter | 2 143 081 | 2 133 088 | 2 470 133 | 337 045 |
| Gjeld til leverandørar | 2 207 314 | 1 683 255 | 2 232 424 | 549 169 |
| Gjeld til oppdragsgivarar | -456 008 | -370 282 | -272 457 | 97 825 |
| Anna gjeld som forfell i neste budsjettår | 794 675 | 696 404 | 1 176 524 | 480 120 |
| <i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i> | <i>7 221 145</i> | <i>6 755 560</i> | <i>8 373 918</i> | <i>1 618 358</i> |
| Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår | | | | |
| Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd | 111 588 | 362 411 | 207 650 | -154 761 |
| Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 474 854 | 521 301 | 969 089 | 447 787 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet | 1 016 681 | 1 534 491 | 1 161 307 | -373 184 |
| Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål | 436 979 | 743 130 | 1 821 740 | 1 078 609 |
| Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement | 75 685 | 126 919 | 136 054 | 9 135 |
| <i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i> | <i>2 115 786</i> | <i>3 288 253</i> | <i>4 295 840</i> | <i>1 007 587</i> |

Tabell 4.15 Universitet og høgskular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2019–21 (nettobalanse)

| (i 1 000 kr) | | | | |
|---|-------------------------|-------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Balansedag 31. desember | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Endring frå 2020 til 2021 |
| Andre avsetningar | | | | |
| Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål | 3 267 093 | 3 891 928 | 3 430 193 | –461 735 |
| Fri verksemdskapital | 691 842 | 750 870 | 840 874 | 90 004 |
| <i>Sum andre avsetningar</i> | <i>3 958 934</i> | <i>4 642 798</i> | <i>4 271 067</i> | <i>–371 731</i> |
| Langsiktig gjeld (netto) | | | | |
| Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Anna langsiktig gjeld | –77 173 | –65 416 | 328 127 | 393 542 |
| <i>Sum langsiktig gjeld</i> | <i>–77 172</i> | <i>–65 415</i> | <i>328 127</i> | <i>393 542</i> |
| <i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i> | <i>13 218 694</i> | <i>14 621 196</i> | <i>17 268 951</i> | <i>2 647 754</i> |

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har auka med 18,1 pst. frå 2020 til 2021, mot ein auke på 10,6 pst. frå 2019 til 2020. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 24,0 pst., mot ein reduksjon på 6,4 pst. frå 2019 til 2020. Avsetningane til planlagde tiltak i komande budsjettår har auka med 30,6 pst. frå 2020 til 2021.

Tabell 4.16 Universitet og høgskular. Balanse per 31. desember 2021

| (i 1 000 kr) | | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|--|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | |
| Eigedelar | | | | |
| A. Anleggsmidlar | | | | |
| I Immaterielle eigedelar | 56 357 | 75 645 | 101 728 | |
| II Varige driftsmidlar | 37 161 492 | 36 890 555 | 43 208 929 | |
| III Finansielle anleggsmidlar | 384 768 | 374 530 | 306 649 | |
| <i>Sum anleggsmidlar</i> | <i>37 602 618</i> | <i>37 340 731</i> | <i>43 617 305</i> | |
| B. Omløpsmidlar | | | | |
| I Behaldningar av varer og driftsmateriell | 31 034 | 61 980 | 32 799 | |
| II Fordringar | 2 074 682 | 2 023 010 | 2 288 062 | |
| III Bankinnskott, kontantar og liknande | 13 218 694 | 14 621 196 | 17 268 951 | |
| <i>Sum omløpsmidlar</i> | <i>15 324 410</i> | <i>16 706 187</i> | <i>19 589 811</i> | |
| <i>Sum eigedelar</i> | <i>52 927 028</i> | <i>54 046 917</i> | <i>63 207 117</i> | |

Tabell 4.16 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2021

| | (i 1 000 kr) | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 |
| Statens kapital og gjeld | | | |
| C. Statens kapital | | | |
| I Verksemdskapital | 999 436 | 1 059 984 | 1 147 411 |
| II Avrekningar | 2 480 331 | 3 472 645 | 4 198 274 |
| III Utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte) | 37 511 935 | 37 330 004 | 43 621 676 |
| <i>Sum statens kapital</i> | <i>40 991 701</i> | <i>41 862 633</i> | <i>48 967 361</i> |
| D. Gjeld | | | |
| I Avsetning for langsiktige forpliktingar | 0 | 0 | 328 238 |
| II Anna langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 |
| III Kortsiktig gjeld | 11 935 327 | 12 184 284 | 13 911 517 |
| <i>Sum gjeld</i> | <i>11 935 327</i> | <i>12 184 284</i> | <i>14 239 756</i> |
| <i>Sum statens kapital og gjeld</i> | <i>52 927 028</i> | <i>54 046 918</i> | <i>63 207 117</i> |

Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har auka med 16,9 pst. frå 2020 til 2021. Verdien av anleggsmidlane har auka med 16,8 pst. i høve til 2020, medan omløpsmidlane har auka med 17,3 pst. frå 2020 til 2021. Den kortsiktige gjelda har auka med 14,2 pst. frå 2020 til 2021. Avrekningane har auka med 20,9 pst. frå 2020 til 2021.

Tabell 4.17 Universitet og høyskular. Avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og andre departement 2019–21


| | (i 1 000 kr) | | | |
|--|-------------------------|-------------------------|-------------------------|---------------------------------|
| | Rekneskap 31.12.2019 | Rekneskap 31.12.2020 | Rekneskap 31.12.2021 | Del av løyving i 2021 i pst. |
| Nord universitet | 165 300 | 184 742 | 203 264 | 13,1 |
| Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet | 165 399 | 220 428 | 180 146 | 12,3 |
| Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet | 234 766 | 707 900 | 874 938 | 11,8 |
| OsloMet – storbyuniversitetet | 156 240 | 297 979 | 351 862 | 12,7 |
| Universitetet i Agder | 160 342 | 137 129 | 128 866 | 7,9 |
| Universitetet i Bergen | 313 581 | 142 601 | 132 856 | 3,3 |
| Universitetet i Oslo | 108 432 | 433 198 | 598 770 | 9,8 |
| Universitetet i Stavanger | 138 998 | 185 698 | 271 582 | 14,9 |
| Universitetet i Sørøst-Noreg | 159 147 | 195 125 | 258 520 | 12,2 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 310 225 | 293 558 | 311 953 | 8,6 |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | 4 418 | 7 085 | 8 980 | 4,2 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | 46 210 | 68 906 | 99 793 | 33,7 |
| Kunsthøgskolen i Oslo | 18 187 | 34 240 | 27 990 | 7,3 |
| Noregs handelshøgskole | 125 141 | 136 997 | 158 573 | 27,7 |
| Noregs idrettshøgskole | 3 797 | 16 649 | 11 982 | 5,4 |
| Noregs musikkhøgskole | 39 961 | 42 290 | 52 270 | 16,6 |
| Høgskolen i Innlandet | 134 346 | 173 206 | 174 409 | 13,6 |
| Høgskolen i Østfold | 92 607 | 110 278 | 131 757 | 17,1 |
| Høgskulen i Volda | 83 087 | 91 187 | 101 899 | 24,0 |
| Høgskulen på Vestlandet | 295 704 | 336 409 | 404 336 | 18,3 |
| Samisk høgskole | 18 525 | 20 845 | 24 550 | 22,2 |
| <i>Sum</i> | <i>2 774 415</i> | <i>3 836 447</i> | <i>4 509 294</i> | <i>11,5</i> |

Kommentar til tabellen: I 2021 var dei samla avsetningane 11,5 pst. av løyvinga. Dei samla avsetningane i 2020 utgjorde 10,2 pst. av løyvinga.

Tabell 4.18 Universitet og høyskular. Løyvingar og avsetningar berre frå Kunnskapsdepartementet i 2021. I 1 000 kroner og pst. av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet.

| | Løyving frå KD | Totale avsetningar | | Avsetningar til investeringar | | Avsetningar til andre formål | |
|------------|----------------|--------------------|------|-------------------------------|------|------------------------------|------|
| | 1 000 kr | 1 000 kr | Pst. | 1 000 kr | Pst. | 1 000 kr | Pst. |
| NU | 1 554 293 | 203 264 | 13,1 | 125 599 | 8,1 | 77 665 | 5,0 |
| NMBU | 1 467 542 | 180 146 | 12,3 | 114 333 | 7,8 | 65 813 | 4,5 |
| NTNU | 7 344 704 | 860 671 | 11,7 | 509 010 | 6,9 | 351 661 | 4,8 |
| OsloMet | 2 746 197 | 334 426 | 12,2 | 273 175 | 9,9 | 61 251 | 2,2 |
| UiA | 1 625 829 | 128 866 | 7,9 | 91 751 | 5,6 | 37 115 | 2,3 |
| UiB | 3 990 770 | 132 856 | 3,3 | 54 843 | 1,4 | 78 013 | 2,0 |
| UiO | 6 121 820 | 593 470 | 9,7 | 343 814 | 5,6 | 249 656 | 4,1 |
| UiS | 1 821 434 | 205 032 | 11,3 | 167 255 | 9,2 | 37 777 | 2,1 |
| USN | 2 124 488 | 258 520 | 12,2 | 152 296 | 7,2 | 106 224 | 5,0 |
| UiT | 3 616 373 | 307 537 | 8,5 | 229 048 | 6,3 | 78 489 | 2,2 |
| AHO | 213 948 | 8 980 | 4,2 | 0 | 0,0 | 8 980 | 4,2 |
| HiM | 296 005 | 99 793 | 33,7 | 60 785 | 20,5 | 39 008 | 13,2 |
| KHiO | 381 538 | 27 990 | 7,3 | 12 813 | 3,4 | 15 177 | 4,0 |
| NHH | 573 345 | 113 132 | 19,7 | 84 347 | 14,7 | 28 785 | 5,0 |
| NIH | 222 349 | 11 982 | 5,4 | 7 633 | 3,4 | 4 349 | 2,0 |
| NMH | 314 988 | 52 270 | 16,6 | 36 570 | 11,6 | 15 700 | 5,0 |
| HINN | 1 280 387 | 173 904 | 13,6 | 118 998 | 9,3 | 54 907 | 4,3 |
| HiØ | 769 053 | 131 757 | 17,1 | 94 744 | 12,3 | 37 013 | 4,8 |
| HVO | 423 921 | 101 899 | 24,0 | 76 750 | 18,1 | 25 148 | 5,9 |
| HVL | 2 203 644 | 404 336 | 18,3 | 294 563 | 13,4 | 109 773 | 5,0 |
| SA | 104 909 | 22 955 | 21,9 | 17 710 | 16,9 | 5 245 | 5,0 |
| <i>Sum</i> | 39 197 537 | 4 353 785 | 11,1 | 2 866 036 | 7,3 | 1 487 749 | 3,8 |

Reglementet for oppbygging og bruk av ubrukte budsjettmidlar (avsetningar) i statlege universitet og høyskular seier at den ein-skilde verksemda ikkje kan ha avsetningar til andre formål enn investeringar som overstig 5 pst. av løyvingane gitt i tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet. Denne tabellen viser berre avsetningar av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Tabell 1.17 viser avsetningar frå både Kunnskapsdepartementet og andre departement.

Vedlegg 5**Underliggende verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2023

Einingar som er markerte med grå farge, er ikkje statlege forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Forklaringar og forkortingar:**Barnehage og grunnopplæring**

Foreldreutvala er førte opp samla i figuren, sidan dei har felles sekretariat og mottok eit felles tildeleingsbrev.

- FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- FUB: Foreldreutvalet for barnehagar
- Statped: Statleg spesialpedagogisk teneste
- Sørsamisk kunnskapspark
- Samiske vidaregåande skular:
 - Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino
 - Samisk vidaregåande skule i Karasjok

Kompetansepolitikk, høgare utdanning og forskning

- FEK: Dei nasjonale forskningsetiske komiteane
- NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- HK-dir: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse
- Sikt: Kunnskapssektorens tenesteleverandør
- Simula: Simula Research Laboratory
- UNIS: Universitetssenteret på Svalbard

Anna

- NUPI: Norsk utanrikspolitisk institutt
- Vea: Noregs grønne fagskule – Vea

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2022

